



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2016

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

Innhald

Del I	Oversikt over budsjettforslaget frå Kunnskapsdepartementet .	11	
1	Hovudinnleiing	13	<i>Programkategori 07.30 Barnehagar</i> 96
1.1	Kunnskap gir moglegheiter	13	Kap. 231 Barnehagar
1.2	Hovudprioriteringar	16	112
2	Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet	21	<i>Programkategori 07.50</i>
3	Oppfølging av oppmodingsvedtak	25	<i>Vaksenopplæring m.m.</i> 115
Del II	Nærmare om budsjettforslaget	27	Kap. 252 EUs utdannings- og ungdomsprogram
4	Nærmare om budsjettforslaget	29	Kap. 253 Folkehøgskolar
	<i>Programkategori 07.10 Administrasjon</i>	29	Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring
	Kap. 200 Kunnskapsdepartementet	29	Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra
	Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet	31	Kap. 256 Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk
	<i>Programkategori 07.20 Grunnopplæringa</i>	32	Kap. 3256 Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk
	Kap. 220 Utdanningsdirektoratet	48	Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet
	Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet	52	Kap. 258 Tiltak for livslang læring
	Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	54	<i>Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning</i>
	Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	55	Kap. 260 Universitet og høgskolar
	Kap. 223 Sametinget	55	Kap. 270 Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar
	Kap. 3224 Senter for IKT i utdanninga	57	Kap. 276 Fagskoleutdanning
	Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa	57	Kap. 280 Felles einingar
	Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa	66	Kap. 3280 Felles einingar
	Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	66	Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høgskolar
	Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar	81	Kap. 3281 Felles tiltak for universitet og høgskolar
	Kap. 228 Tilskott til frittstående skolar o.a. .	85	<i>Programkategori 07.70 Forsking</i>
	Kap. 229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	91	Kap. 283 Meteorologiformål
	Kap. 3229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	92	Kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komitéane
	Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem	92	Kap. 285 Noregs forskingsråd
	Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem	95	Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak .
			Kap. 3287 Forskingsinstitutt og andre tiltak .
			Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak
			Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak
			<i>Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte</i>
			Kap. 2410 Statens lånekassee for utdanning ...
			Kap. 5310 Statens lånekassee for utdanning ...
			Kap. 5617 Renter frå Statens lånekassee for utdanning

Del III	Omtale av særlege tema	229	12	Endringar i finansierings- systemet for universitet og høgskolar	278
5	Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgre utdanning	231	Forslag		295
5.1	Innleiing	231	Vedlegg 1		
5.2	Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgre utdanning	232	Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak		307
5.3	Noregs forskingsråd	234	Vedlegg 2		
5.4	FoU i statsbudsjettet og utviklinga i FoU-innsatsen	235	Løyving for universitet, høgskolar og fagskolar		309
6	Ressursar i grunn- opplæringa	239	Vedlegg 3		
7	Ressursar i barnehage- sektoren	246	Byggtabellar for universitet og høgskolar		312
8	Likestilling og arbeid mot diskriminering	256	Vedlegg 4		
9	Sektorovergripande klima- og miljøpolitikk	270	Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder under Kunnskapsdepartementet		315
10	Samfunnstryggleik og beredskap	273	Vedlegg 5		
11	Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft	275	Underliggjande verksemder o.a.		335

Tabelloversikt

Tabell 4.1	Tal på grunnskoleelevar som har samisk som første- og andrespråk	59	Tabell 4.8	Deltaking i EUs program for livslang læring (LLP), 2007–13	119
Tabell 4.2	Utviklinga i talet på grunnskoleelevar med finsk som andrespråk	62	Tabell 4.9	Erasmus+ 2014	124
Tabell 4.3	Søknader i perioden 2008–14 fordelte på lærlingar og lære kandidatlar	64	Tabell 4.10	Elevtal i folkehøgskolane	125
Tabell 4.4	Friskolar, tal på skolar og elevar	87	Tabell 4.11	Aktivitet og deltaking i studieforbunda, 2010–14	127
Tabell 4.5	Oversikt over talet på elevar som har fått kompletterande undervisning frå 2012 til 2014, fordelt på ulike skoletypar	89	Tabell 4.12	Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), 2006–15	136
Tabell 4.6	Talet på tenester innanfor kategoriane utgreiing, rådgiving/ retteleiing og søknader	93	Tabell 4.13	Utvikling i dei interne administrasjonsutgiftene til Forskingsrådet i perioden 2012–14	197
Tabell 4.7	Vaksnes deltaking i utdanning og opplæring, 2008–15	117	Tabell 4.14	Basisfinansieringa av dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta	201
			Tabell 4.15	Fordeling av midlane til regionale forskingsfond	204

Tabell 4.16	Fordeling av midlane på kap. 287 post 71	205	Tabell 7.3	Tal på barn i barnehage og tal på barnehagar etter barnehagestorleik, 2012–14	248
Tabell 4.17	Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	208	Tabell 7.4	Ulikskap i barnehagesektoren i 2014	249
Tabell 4.18	Hovudtal for tildeling til vidaregåande opplæring	218	Tabell 7.5	Personalet i barnehagen, 2012–14	250
Tabell 4.19	Hovudtal for tildeling til høgre utdanning m.m.	218	Tabell 7.6	Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskolar og universitet, 2011–14	251
Tabell 4.20	Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra ...	219	Tabell 7.7	Menn i barnehagane, 2011–14 ...	251
Tabell 4.21	Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra	219	Tabell 7.8	Minoritetsspråklege barn i barnehage, alder 0–6 år og del med tilbod om særskild språkstimulering 2011–14	252
Tabell 4.22	Verkeleg verdi	223	Tabell 7.9	Dekningsgrad for minoritetsspråklege i barnehagen 2011–14	252
Tabell 4.23	Nåverdien av 1 krone i nytt utlån	224	Tabell 7.10	Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre sysselsette i barnehagar. Alle arbeidsforhold, 2011–14	253
Tabell 4.24	Avskrivingselement	225	Tabell 7.11	Barn med nedsett funksjonsevne i barnehage 2011–14	253
Tabell 4.25	Tapselement	225	Tabell 7.12	Totale driftsutgifter 2012–14	254
Tabell 5.1	Foreslåtte løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane	235	Tabell 7.13	Driftsutgifter per barn og per opphaldstime i kommunale barnehagar 2012–14	254
Tabell 5.2	Overslag over løyvingane til FoU i statsbudsjettet	236	Tabell 7.14	Finansiering av kommunale barnehagar 2012–14	254
Tabell 6.1	Talet på elevar i grunnskolen i perioden 2009–10 til 2014–15. Ordinære grunnskolar	239	Tabell 7.15	Gjennomsnittlege månadssatsar i kroner (vekta) for foreldrebetaling etter bruttoinntekt, barn over tre år med fulltidsopphald i kommunale barnehagar, 2003–14	255
Tabell 6.2	Fordeling av elevar på utdanningsprogram og -nivå i vidaregåande skole	240	Tabell 8.1	Delen menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2014)	265
Tabell 6.3	Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskolen, utvikling i årsverk	240	Tabell 8.2	Gjennomsnittleg månadsforteneste for menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2014)	266
Tabell 6.4	Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring	240	Tabell 8.3	Del menn og kvinner og gjennomsnittleg lønn per årsverk etter stillingskode	267
Tabell 6.5	Gjennomsnittleg gruppestorleik i grunnskolen	241	Tabell 8.4	Del menn og kvinner i deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon og legemeldt sjukefråvær	268
Tabell 6.6	Årsverk til bruk for assistentar med oppgåver knytte til undervisninga i perioden frå 2010–11 til 2014–15	242			
Tabell 6.7	Korrigerte brutto driftsutgifter per elev, løpande prisar	244			
Tabell 6.8	Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar	245			
Tabell 7.1	Tal på barn i barnehage, auke i talet på barn i barnehage og barnehageplassar, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2011–14	246			
Tabell 7.2	Tal på barn i barnehage etter eigarforhold, offentleg og privat, 2011–14	247			

Vedlegg 2

Tabell 2.1	Løyving per universitet og høyskole i 2016	309
Tabell 2.2	Tilskott per fagskole i 2016	311

Vedlegg 3

Tabell 3.1	Ordinære bygg under oppføring i 2016	312
Tabell 3.2	Kurantprosjekt under oppføring i 2016	312
Tabell 3.3	Prosjekt som er førte fram til forprosjekt	313
Tabell 3.4	Prosjekt for sjølvforvaltande institusjonar under programmering eller i prosjekteringsbestilling hos Statsbygg	313
Tabell 3.5	Prosjekt innanfor husleigeordninga under programmering eller i prosjekteringsbestilling hos Statsbygg	313
Tabell 3.6	Kurantprosjekt som er under programmering eller prosjektering	314

Vedlegg 4

Tabell 4.1	Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art	315
Tabell 4.2	Meteorologisk institutt. Inntekter etter inntektskjelde	317
Tabell 4.3	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2012–14	318

Tabell 4.4	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art	320
Tabell 4.5	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde	322
Tabell 4.6	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2012–14	323
Tabell 4.7	Universitet og høyskolar. Utgifter og inntekter etter art	324
Tabell 4.8	Universitet og høyskolar. Inntekter etter inntektskjelde	326
Tabell 4.9	Universitet og høyskolar. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høyskolesektoren i perioden 2012–14	327
Tabell 4.10	Universitet og høyskolar. Balanse per 31. desember 2014	329
Tabell 4.11	Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art	330
Tabell 4.12	Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde	332
Tabell 4.13	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2012–14	333

Figuroversikt

Figur 1.1	Sysselsetjing etter utdanningsnivå, som del av total arbeidsstyrke	14	Figur 5.1	Samanlikning med OECD-landa på ulike indikatorar for FoU-intensitet	237
Figur 1.2	Målbilete for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2016	20	Figur 5.2	Utvikling i FoU-intensitet i Noreg og FoU-løyvingar i statsbudsjettet	238
Figur 4.1	Gjennomsnittlege elevprestasjonar i PISA	36	Figur 6.1	Gruppestorleik 2: kommunar over og under landsgjennomsnittet, grunnskole	241
Figur 4.2	Gjennomsnittlege grunnskolepoeng til elevane etter utdanningsnivået til foreldra	37	Figur 8.1	Prosentdelen kvinner blant forskarpersonale i Noreg etter sektor 1999–2013	261
Figur 4.3	Kompetanseoppnåing fem år etter at elevane begynte på vidaregåande opplæring	38	Figur 8.2	Prosentdelen kvinner i ulike faglege stillingskategoriar ved universitet og høgskolar 2004–14	262
Figur 4.4	Fullført på normert eller meir enn normert tid fem år etter påbegynt vidaregåande opplæring, på fylkesnivå	39	Figur 8.3	Kvinner i professorstilling per fagområde 2001–13	262
Figur 4.5	Overgangar i vidaregåande opplæring	39	Figur 12.1	Dagens finansieringssystem	280
Figur 4.6	Delen sysselsette fagarbeidarar per november i same opplæringsår som dei oppnådde fag-/sveinebrev	40	Figur 12.2	Oversikt over resultatindikatorar i finansieringssystemet	283
Figur 4.7	Beståtte fag- og sveineprøver i fag- og yrkesopplæringa	41	Figur 12.3	Inntekter til sektoren 2005–14 ..	284
Figur 4.8	Rapportering frå elevane om læringsmiljøet på skolen	42	Figur 12.4	Realvekst i basismidlar for universitet og høgskolar 2003–15	284
Figur 4.9	Utvikling i talet på studentar per fagområde 2005–14	147	Figur 12.5	Realvekst i resultatbaserte midlar basert på avlagde studiepoeng og utvekslingsstudentar for universitet og høgskolar 2003–15	285
Figur 4.10	Utviklingsavtalar i styringsdialogen	153	Figur 12.6	Prosentvis vekst i del utteljing i RBO, 2015 samanlikna med 2007	285
Figur 4.11	Utvikling i talet på studentar (eigenfinansierte) og studiepoeng 2005–14	156	Figur 12.7	Basismidlar	286
Figur 4.12	Gjennomføring på normert tid og fråfall for treårige bachelorgradsutdanningar på opptakskull hausten 2009	157	Figur 12.8	Tal 60-studiepoengseiningar (SPE) fordelte på finansieringskategoriar A-F	287
Figur 4.13	Fordeling av midlane Noregs forskingsråd blir tildelte frå Kunnskapsdepartementet, etter verkemiddel (2014)	192	Figur 12.9	Vekst i nye rekrutteringsstillingar 2005–15	288
Figur 4.14	Fordeling av midlane frå regionale fond til ulike søkjargrupper 2010–14 (i pst.)	203	Figur 12.10	Tal på finansierte 60-studiepoengseiningar i basis og produserte 60-studiepoengseiningar i 2014	289
			Vedlegg 5		
			Figur 5.1	Underliggjande verksemder o.a.	335



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2016

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 18. september 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Oversikt over budsjettforslaget
frå Kunnskapsdepartementet

1 Hovudinnleiing

1.1 Kunnskap gir moglegheiter

Regjeringa har høge ambisjonar for Noreg som kunnskapsnasjon. Kunnskap er fundamentet for moglegheitene for den einskilde og for utviklinga av samfunnet. Høg kvalitet i alle ledd frå barnehage og skole til høgre utdanning og forskning gir kompetente arbeidstakarar og gode føresetnader for nyskaping, verdiskaping og velferd. Kunnskap er avgjerande for å møte vår tids store samfunnsutfordringar. Sundvolden-erklæringa viser dei ambisjonane regjeringa har for auka kvalitet i alle ledda i læringskjeda.

Kunnskapsdepartementet arbeider etter tre overordna mål for kunnskapssektoren:

- utdanning og læring for utvikling og deltaking i samfunnet for kvar einskild
- kompetanse som trengst i dag og i framtida
- kunnskap for ny erkjenning, samfunnsutvikling og konkurransekraft

Dei tre måla utgjer mandatet og samfunnsoppgåva til Kunnskapsdepartementet. Måla rettar seg mot samfunnsseffektane av barnehage, opplæring og høgre utdanning og forskning. Samtidig er moglegheitene for kvar einskild til eit godt liv i kunnskapssamfunnet no og i framtida det viktigaste for regjeringa.

Utdanning og læring for utvikling og deltaking i samfunnet for kvar einskild

Regjeringa vil realisere eit inkluderande kunnskapssamfunn der mangfald og samhald er kjennemerke. Utdanningsinstitusjonane våre er gode fellesarenaer for utvikling av kvar einskild i tråd med den felles kulturarva vår, dei felles verdiane våre og demokratiske prinsipp. Deltaking i barnehage, skole, læreverksemdar og høgre utdanning legg grunnlaget for sjølvstende, sosial mobilitet, demokratisk forståing og medverknad. Sosial deltaking og samarbeid er, saman med fagleg læring, avgjerande for å lykkast i yrkeslivet og for å kunne delta aktivt i samfunnet gjennom heile livet. Den danninga og utdanninga vi gir skal bidra til at individa kan

forme si eiga framtid basert på evner, innsats og interesser.

Arbeidet med å skape det inkluderande kunnskapssamfunnet må starte tidleg, og regjeringa prioriterer derfor å løfte kvaliteten i barnehage-sektoren. Ein god barndom og eit barnehagetilbod av høg kvalitet legg grunnlaget for positiv utvikling for barna. Alle barnehagebarn skal ha trygge rammer for utvikling og læring i gode barnehagar med nok tilsette med høveleg fagkompetanse. Eit hovudfunn i barnehageforskninga er at kompetansen til personalet er den viktigaste enkeltfaktoren for at barn skal trivast og utvikle seg i barnehagen. Hovudutfordringa i barnehage-sektoren er den store variasjonen i kvaliteten på tilbodet, særleg når det gjeld kompetanse. I dei ti pst. av barnehagane som har høgst pedagogdekning, er det færre enn elleve barn per barnehagelærer mot meir enn 24 barn per barnehagelærer i dei ti pst. av barnehagane som har lågast pedagogdekning. Det manglar om lag 3 700 barnehagelærarar for å oppfylle lovkrava om godkjend utdanning for styrarar og pedagogiske leiarar. Regjeringa vil derfor heve kvaliteten gjennom å auke satsinga på etter- og vidareutdanning av dei tilsette.

Skolen skal vere ein trygg arena for læring og meistring. Regjeringa vil sikre alle elevane eit godt læringsmiljø gjennom kontinuerleg arbeid for å førebyggje og kjempe mot mobbing. 18. mars 2015 la Djupedalutvalet fram NOU 2015: 2 *Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø*. Utvalet fekk i oppdrag å vurdere kva som må til for å betre skolemiljøet og redusere mobbinga. Utvalet meiner det er behov for ei rekkje større endringar i regelverket og ei storskala kompetanseheving i sektoren for å møte dei største utfordringane. Regjeringa vil vurdere grundig desse og andre tiltak, og komme tilbake til Stortinget på eigna måte med forslag til oppfølging. Foreldre og barn skal oppleve at det nyttar å seie frå.


Noreg har ein godt utbygd universitets- og høgskolesektor med lærestader over heile landet, og tilbod om fagskoleutdanning i alle fylka. Saman med offentleg finansiert utdanning, gode ordningar for utdanningsstøtte og gode student-

velferdstilbud gir dette god tilgang til høgre utdanning og fagskoleutdanning. Høgre utdanning skal gi den einskilde høve til ny erkjenning og danning og gi betre føresetnader for å delta i samfunns- og arbeidsliv. I dei siste ti åra har norske universitet og høgskolar handtert ein kraftig vekst i talet på studentar og høge forventningar til forskning og utviklingsarbeid. Sektoren har handtert auken i studentar og stipendiatar godt og har hatt monaleg auke i publisering. Trass i positiv utvikling på fleire område tyder ulike evalueringar og indikatorar på at det er nødvendig å arbeide meir med kvaliteten i utdanningane og forskings- og utviklingsaktivitetane. Regjeringa meiner det er nødvendig med ein mindre fragmentert sektor med meir målretta bruk av ressursane til forskning og utdanning for å auke kvaliteten, og ho la derfor våren 2015 fram Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet*. I Innst. 348 S (2014–2015) slutta Stortinget seg til måla i meldinga og viser til brei semje om at meir robuste fagmiljø vil styrkje sektoren samla sett. Som oppfølging av stortingsmeldinga vil fleire universitet og høgskolar bli slåtte saman i 2016.

Kompetanse som trengst i dag og i framtida

I framtida vil vi vere avhengige av at arbeidstakarar og samfunnsborgarar høyrer til og forstår det samfunnet vi har og det samfunnet vi skal forme for framtida. Skolen som arena for danning og utdanning betyr mykje for moglegheitene til den einskilde og for utviklinga av samfunnet. Dei investeringane i kunnskap som vi gjer i dag, formar arbeids- og næringslivet i framtida. Satsing på kunnskap og kompetanse gjer arbeidsplassane tryggare, aukar velferda og medverkar til at vi får løyst samfunnsutfordringar. Regjeringa vil derfor investere i utdanning og kompetanseheving.

Hausten 2013 publiserte Statistisk sentralbyrå (SSB) nye framskrivingar av etterspurnaden etter arbeidskraft etter utdanningsbakgrunn. Rapporten viser at medan 58 pst. av dei sysselsette i 1972 hadde grunnskole som høgste fullførte utdanning, hadde denne delen falle til 22 pst. i 2010, jf. figuren nedanfor. Denne gruppa omfattar òg personar med uoppgitt utdanning, og storleiken på gruppa blir derfor påverka av innvandringa. Utviklinga med fallande etterspurnad i arbeidslivet etter dei som berre har grunnskoleutdanning, er venta å halde fram.



Figur 1.1 Sysselsetjing etter utdanningsnivå, som del av total arbeidsstyrke

Etter 2010 viser figuren framskrivingar av etterspurnaden etter arbeidskraft (fordelt etter utdanningsnivå)

Kjelde: SSB

Hausten 2014 kom nye framskrivingar frå SSB av tilbodet av arbeidskraft etter utdanningsbakgrunn fram mot 2030. Når ein ser framskrivin-

gane av etterspurnad og tilbod i samanheng, tyder dei på at etterspurnaden etter arbeidskraft med vidaregåande fagutdanning vil vekse ras-

kare enn tilbodet. Vidare tyder framskrivingane på at etterspurnaden etter lærar- og pleie- og omsorgsuttanna arbeidskraft vil bli større enn tilbodet. Tilbodet ser ut til å auke meir enn etterspurnaden særleg for høgre utdanning innanfor økonomi og administrasjon, men òg for høgre utdanning i humanistiske og estetiske fag og samfunnsvitskapelege fag.

Det norske samfunnet er prega av høg deltaking i arbeidslivet, låg arbeidsløyse og gode dugleikar i befolkninga. Samtidig er det ein monaleg del av befolkninga som står utanfor eller står i fare for å falle utanfor arbeidslivet. Dette er særleg personar med lite formell utdanning og med svake grunnleggjande dugleikar, og vegen inn att i arbeidslivet kan ofte vere krevjande. Ved å leggje til rette for at fleire vaksne kan halde ved like og tileigne seg ny kunnskap gjennom utdanning og opplæring, vil ein både handtere kompetansebehova i arbeidslivet og medverke til at fleire eldre arbeidstakarar kan stå lenger i arbeid.

Det er vesentleg at skolen er i stand til å gi barn og unge det kompetansegrunnlaget som framtidig samfunns- og arbeidsliv vil krevje, og eit godt utgangspunkt for å meistre eige liv. Ludvigsenutvalet leverte utgreiinga, NOU 2015: 8 *Fremtidens skole. Fornyselse av fag og kompetanser* 15. juni 2015. I tråd med mandatet har utvalet vurdert kva for kompetanse elevane vil ha bruk for i framtida. Utvalet foreslår å utvikle Kunnskapsløftet vidare ved ei fornying av innhaldet i faga, mellom anna slik at læreplanane legg betre til rette for djupnelæring og progresjon. Utgreiinga er sendt ut til brei høyring med frist 15. oktober 2015. Departementet vil deretter vurdere forslaga i rapporten grundig.

Det er vesentleg at det blir rekruttert nok elevar til dei utdanningane samfunnet treng, og at fråfallet frå desse utdanningane blir redusert. Fråfall frå eit utdanningsløp er såleis ikkje berre eit stort problem for den einskilde, men òg for samfunnet, jf. NOU 2015: 1 *Produktivitet – grunnlag for vekst og velferd*. Fråfallet er spesielt høgt innanfor yrkesfaga i vidaregåande opplæring. SSB peiker på den svake gjennomføringa i fag- og yrkesopplæringa som ei forklaring på den udekte etterspurnaden etter slik kompetanse. Regjeringa styrkjer fag- og yrkesopplæringa gjennom *Yrkesfagløftet*. Viktige tiltak er å arbeide for at fleire får læreplass, og for at skole og arbeidsliv blir knytte betre saman. Auka satsing på fagskoleutdanning er òg ein viktig del av *Yrkesfagløftet*, og regjeringa vil i 2016 leggje fram ei stortingsmelding om fagskolefeltet. Regjeringa vil leggje til rette for alternative opplæringsløp fram mot fag- eller sveine-

brev og gode overgangar til fagskoleutdanning og høgre utdanning.

Resultat frå internasjonale undersøkingar syner at mange norske elevar har for svak kompetanse på sentrale område. Ein nøkkel til å heve kunnskapsnivået til elevane er å satse på kompetansen til lærarane. Vi har allereie mange gode lærarar i Noreg, men gode lærarar kan bli enda betre, og dei treng fagleg påfyll undervegs i lærargjerninga. Regjeringa gjennomfører derfor eit lærarløft gjennom mellom anna å gi eit utvida tilbod om etter- og vidareutdanning. Faga matematikk, engelsk og norsk har fått særleg prioritet. Parallelt med det vil regjeringa òg styrkje lærarutdanninga slik at ho trekkjer til seg fleire høgt kvalifiserte og motiverte studentar som representerer mangfaldet i befolkninga. Regjeringa innfører hausten 2017 femårig grunnskolelærarutdanning på mastergradsnivå, og samstundes skal opptakskrava til lærarutdanninga bli strengare frå 2016.

Stadig fleire søker seg til høgre utdanning. Talet på uteksaminerte kandidatar var over 41 000 i 2014. Dette er ein auke på nær 38 pst. i dei siste ti åra. Arbeidslivet har behov for dyktige arbeidstakarar med rett kompetanse. Det er derfor viktig å sikre at studietilboda har god kvalitet og er relevante for arbeidslivet. Institusjonane må derfor ha god kvalitet innanfor forskning og utdanning og ha høge ambisjonar på vegner av studentane. Rapportar og evalueringar tyder på at universitets- og høgskolesektoren framleis har utfordringar med fråfall og gjennomføring, og at det er store forskjellar i karakterpraksis mellom institusjonar og mellom fag. Det er behov for meir innovative og studentaktiviserande læringsformer og tilstrekkeleg oppfølging og rettleiing av studentar. Resultata frå Studiebarometeret 2015 tyder på at mange studium har for låge faglege ambisjonar og at for mange studentar bruker for lite tid på studium. Regjeringa har starta arbeidet med ei stortingsmelding om kvalitet i høgre utdanning som vil bli lagd fram i 2017. Siktet målet med meldinga er mellom anna å styrkje kvaliteten på utdanningar og stimulere til at det blir utvikla fleire framifrå utdanningar.

Kunnskap for ny erkjenning, samfunnsutvikling og konkurransekraft

Kunnskap og evnen til å ta i bruk kunnskap er den viktigaste konkurransefaktoren vi har. Forsking og utdanning påverkar økonomien ved å heve kvaliteten på arbeidskrafta og gjere det mogleg å ta i bruk og utvikle kunnskap om nye løysingar, produkt og tenester. Ei kunnskapsbasert tilnærming

er avgjerande for å møte nokre av dei største utfordringane samfunnet står overfor, til dømes klimaendringane, betre behandlingsmetodar på sjukehusa og korleis vi skal produsere trygg og sunn mat.

Regjeringa vil vri ressursane inn mot satsingar der forskning og høgre utdanning kan medverke vesentleg til å møte dei utfordringane vi står overfor. Regjeringa la fram *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024* saman med statsbudsjettet for 2015, jf. Innst. 137 S (2014–2015) og Meld. St. 7 (2014–2015). Planen gir forpliktande mål for opptrapping av midlar til vitenskapleg utstyr og laboratorium (forskningsinfrastruktur), rekrutteringsstillingar og tiltak for å sikre god norsk deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon. Satsinga legg til rette for den nødvendige omstillinga som det norske samfunnet og næringslivet må gjennom. I 2015 følgjer regjeringa opp langtidsplanen med over 800 mill. kroner. Løyvingane går særleg til satsingar på verdslaiende fagmiljø og næringsretta forskning. Satsinga på vitenskapleg utstyr og laboratorium gjorde det mogleg for Forskningsrådet å tildele rekordhøge 1,3 mrd. kroner til viktige prosjekt av framifrå kvalitet våren 2015.

Regjeringa vil framleis prioritere å heve kvaliteten i høgre utdanning og forskning og å utvikle fleire verdslaiende fagmiljø. Deltaking i internasjonalt forskningssamarbeid gjer det mogleg å dele kostnader ved kostbar forskningsinfrastruktur og gir betre tilgang til slike. Ved å medverke internasjonalt vil Noreg trekkje til seg dei beste forskarane nasjonalt og internasjonalt, og internasjonal forskning kan nyttast på best mogleg vis i Noreg. I tillegg vil vi vere eit attraktivt land for framtidige investeringar i kunnskapsbasert næringsliv og bidra til å komme fram til nye måtar å skape eit berekraftig samfunn på. I juni 2014 la regjeringa fram ein strategi for Noregs samarbeid med EU om forskning og innovasjon. Regjeringa følgjer opp den varsla opptrappinga av stimuleringsmidlar for god norsk deltaking i Horisont 2020. I 2015 har opptrappinga særleg gått til å styrkje rammevilkåra for forskingsinstitutta si deltaking og til å styrkje rådgivingsapparatet for norske deltakarar.

1.2 Hovudprioriteringar

I statsbudsjettet for 2016 vil regjeringa prioritere tiltak for å fremme arbeid, aktivitet og omstilling. Det er ei særleg utfordring at mange nå mistar arbeidet i dei næringar og fylke som blir råka sterkt av den låge oljeprisen. Som ein del av budsjet-

tet legg regjeringa fram ei særskilt tiltakspakke for auka sysselsetting på i alt 4 mrd. kroner. Dei særskilte tiltaka i denne pakka vil vere mellombelse og er innretta slik at dei lett skal kunne bli reverserte. Også ut over denne særskilte pakka fremmer budsjettet for 2016 aktivitet og omstilling. Tiltaka skal fremme auka sysselsetting på kort sikt, samtidig som dei legg til rette for ei langsiktig omstilling av norsk økonomi. For Kunnskapsdepartementet gjeld dette mellom anna fleire rekrutteringsstillingar, studieplassar innanfor praktisk-pedagogisk utdanning, auka løyving til regionale forskingsfond på Vestlandet og i Agder, og løyvingar til auka byggjeaktivitet.

Barnehage

Regjeringa har i si politiske plattform lova å sikre likebehandling av alle barnehagar og foreslår i statsbudsjettet for 2016 å bruke 180 mill. kroner til å auke tilskottet til ikkje-kommunale barnehagar frå 98 pst. til 100 pst. av det dei kommunale barnehagane i gjennomsnitt får i offentleg finansiering. Med denne auken er ein milepæl nådd, og kommunale og ikkje-kommunale barnehagar vil få likeverdige rammevilkår. Auken legg mellom anna til rette for ei styrking av bemanninga i dei ikkje-kommunale barnehagane.

Kompetansen til personalet i barnehagen er avgjerande for kvaliteten på tilbodet, og regjeringa foreslår å styrkje arbeidet med kompetanse og kvalitet med om lag 160 mill. kroner i 2016. Satsinga skal støtte opp under strategien *Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014–2020*. Totalt vil om lag 440 mill. kroner bli nytta til tiltak for å fremme kvaliteten i barnehagane i 2016.

Satsingane på likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar og auka kvalitet i barnehagane blir i all hovudsak finansierte gjennom endringar i finansieringsordninga for ikkje-kommunale barnehagar. Regjeringa vil gjennomføre endringar, mellom anna i utrekning av tilskott for pensjons- og kapitalkostnader, som samla sett gir ei innsparing for kommunane på 338 mill. kroner. Endringane i finansieringsordninga vil gi betre samsvar mellom kostnadene i dei ikkje-kommunale barnehagane og tilskottet dei får frå kommunen.

Regjeringa har i si politiske plattform lova å arbeide for større fleksibilitet i barnehageopptaket. I statsbudsjettet for 2015 vart det løyvt 333 mill. kroner til kommunane som frie inntekter for å leggje til rette for meir fleksible opptaksløysingar. Regjeringa foreslår å auke løyvinga med

400 mill. kroner i 2016 for å dekkje heilårseffekten av satsinga. Løyvinga gir samla sett rom for etablering av om lag 3 400 fleire småbarnsplassar i perioden 2015–2016. Regjeringa foreslår også 10 mill. kroner til informasjons- og rekrutteringsarbeid for å auke deltakinga i barnehage blant barn frå ressurssvake familiar og barn med minoritetsspråkleg bakgrunn.

Regjeringa foreslår å føre vidare maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehagar på same reelle nivå som i 2015. For å sikre ein god sosial profil på foreldrebetalinga i barnehagen vil regjeringa føre vidare det nasjonale minstekravet til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt som vart innført 1. mai 2015. For å dekkje heilårseffekten av tiltaket foreslår regjeringa å auke løyvingane til kommunane med om lag 160 mill. kroner i 2016. Regjeringa foreslår også å føre vidare ordninga med gratis kjernetid for alle fire- og femåringer frå familiar med låg inntekt.

Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om innhald og kvalitet i barnehagen våren 2016. Meldinga vil danne grunnlag for revideringa av rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Grunnopplæring

Gjennom realfagsstrategien *Tett på realfag* for barnehagen og grunnopplæringa vil regjeringa snu den negative trenden og forbetre motivasjon, læring og resultat i realfaga. Regjeringa foreslår å styrkje satsinga på realfag med 20 mill. kroner til fleire realfagskommunar og andre målretta tiltak. Regjeringa foreslår òg å utvide timetalet i naturfag med ein time frå hausten 2016 på 5.-7. trinn. Budsjetteffekten utgjør 80 mill. kroner

Regjeringa foreslår å styrkje *Yrkesfagløftet* med 93 mill. kroner. Det omfattar 17 mill. kroner til etablering av eit godkjenningsorgan for personar med utanlandsk fagutdanning og ei styrking av tilskottet til læringar og lærekandidatar med særskilde behov på 6 mill. kroner. I tillegg foreslår regjeringa 50 mill. kroner til å auke lærlingtilskottet. Det inneber at tilskottet er auka med 12 500 kroner per lærekontrakt under Solberg-regjeringa. Regjeringa foreslår 20 mill. kroner til å styrkje kompetansen til yrkesfaglærarane og stimulere til auka rekruttering av fagarbeidarar til læraryrket. Departementet vil halde fram med å leggje til rette for at lærarar skal hospitere i bedrift, og for at instruktørar skal hospitere i skolen.

Regjeringa foreslår å styrkje satsinga på lesing og skrivning med 20 mill. kroner. Regjeringa vil leg-

gje fram ein strategi for kompetanseutvikling for lærarar i barnehagar og grunnopplæringa som ein del av regjeringa si satsing på lesing og skrivning. Strategien skal rettast mot tidleg innsats i barnehage og grunnskole, og tiltak i vidaregåande skole.

I løpet av to år har regjeringa nesten tredobla talet på plassar i vidareutdanning for lærarar, og i 2016 vil over 5 000 lærarar få tilbod om vidareutdanning med løyvingsforslaget til regjeringa. Regjeringa har skjerpt kompetansekrava for undervisning i grunnskolen for alle lærarar som underviser i faga engelsk, matematikk, norsk, norsk teiknspråk og samisk i grunnskolen. Desse faga skal prioriterast i opptak til vidareutdanningstilboda. Departementet vil i 2016 føre nivået vidare noko som inneber at det vil bli nytta om lag 1 mrd. kroner til vidareutdanning av lærarar i 2016. I tillegg blir rektorutdanninga og stipendordninga retta mot ikkje-kvalifisert undervisningspersonell førte vidare.

I statsbudsjettet for 2009 vart det innført ei åtteårig ordning med rentekompensasjon til investering og rehabilitering av skole- og symjeanlegg. Regjeringa foreslår å fase inn 1,5 mrd. kroner av investeringsramma i 2016. Budsjetteffekten av forslaget utgjør 7,5 mill. kroner. Med dette forslaget er heile investeringsramma på 15 mrd. kroner fasa inn i budsjettet.

Vaksenopplæring m.m.

Gode grunnleggjande dugleikar og etterspurd kompetanse er nøkkelfaktorar for ei langvarig tilknytning til arbeidslivet. Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om livslang læring og utanforskap våren 2016. Meldinga vil komme med forslag til tiltak som kan bidra til å auke kompetansen til vaksne som ikkje får varig tilknytning til arbeidslivet. Kunnskapsdepartementet foreslår om lag 35 mill. kroner til oppfølging av meldinga i 2016.

Regjeringa vil òg leggje fram ein nasjonal kompetansepolitisk strategi i 2016 i dialog med partane i arbeidslivet. Strategien skal møte utfordringar knytte til tilbod og etterspurnad etter kompetanse, informerte utdannings- og yrkesval, læring i arbeidslivet og utvikling og bruk av kompetansen til vaksne, inkludert vaksne med svake grunnleggjande dugleikar.

Grunnleggjande dugleikar i norsk språk er viktig for å kunne ta del i det norske samfunnet. Undersøkingar tyder på at det er behov for opplæring i grunnleggjande norsk. Kunnskapsdepartementet har nå lagt til rette for eit slikt tilbod gjennom Program for basiskompetanse i

arbeidslivet (BKA). Departementet har i samband med utlysinga av tilskottsmidlar for 2016 utvida BKA-ordninga med opplæring i grunnleggjande norsk. Kunnskapsdepartementet vil òg utvide Program for basiskompetanse i frivilligheita (BKF) med same tilbod.

Høgre utdanning og forskning

Regjeringa har høge ambisjonar for det norske kunnskapssamfunnet. Den offentlege finansieringa av forskning og utvikling skal aukast. I budsjettforslaget for 2016 er den offentlege finansieringa førebels rekna til å vere om lag 32,5 mrd. kroner. Grunna lågare vekst i bruttonasjonalproduktet (BNP) enn forventa og ei sterk satsing på forskning og utvikling, er løyvingane til FoU på 1,01 pst. av BNP i 2016. Langtidsplanen tek atterhald om kortsiktige svingningar i BNP. Regjeringa tek sikte på å auke løyvingane til forskning og utvikling også i åra framover. Sjå nærmare omtale i del III, kap. 5 Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgre utdanning.

Regjeringa ønskjer ein meir formålstenleg struktur med høgre utdannings- og forskingsinstitusjonar som er karakteriserte av solide fagmiljø og utdanningar av høg kvalitet. Regjeringa foreslår totalt 175 mill. kroner til strukturreforma i universitets- og høgskolesektoren, ein auke på 100 mill. kroner i høve til 2015. Samanslåing av universitet og høgskolar krev ressursar, både til gjennomføring av samanslåingar og til andre tiltak for å auke kvaliteten. Regjeringa foreslår 15 mill. kroner som del av strukturmidlane for å etablere ei felles nasjonal nettskyteneste og til tiltak for betre administrative tenester for sektoren.

I instituttsektoren er det òg behov for samanslåingar og tettare samarbeid som kan føre til meir konkurransedyktige og robuste einingar, både innanfor instituttsektoren og mellom universitet og høgskolar og forskingsinstitutt. Regjeringa foreslår som del av strukturmidlane 10 mill. kroner til ei ordning der forskingsinstitutta kan søkje om midlar til fusjonar og tettare samarbeid med andre institusjonar.

Regjeringa foreslår endringar i finansieringssystemet for universitet og høgskolar for å sikre betre måloppnåing. Endringane har budsjetteffekt frå 2017. Sjå nærmare omtale i del III, kap. 12 Endringar i finansieringssystemet for universitet og høgskolar.

Som oppfølging av langtidsplanen foreslår regjeringa å opprette 238 nye rekrutteringsstillingar i 2016. 178 av desse blir tildelte miljø innanfor i hovudsak realfag, teknologi og sjukepleie. 20 stillin-

gar blir fordelte til instituttsektoren og 40 stillingar innanfor ordningane for nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d. 113 av rekrutteringsstillingane er del av tiltakspakka for auka sysselsetting. Midlane til desse stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode.

For 2016 foreslår regjeringa ein auke på 25 mill. kroner til forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse. Satsinga på forskingsinfrastruktur er viktig for å nå målet til regjeringa om å utvikle verdslieiane fagmiljø. Samtidig medverkar infrastruktur av høg kvalitet til auka internasjonalisering og rekruttering. Godt utvikla forskingsinfrastruktur vil òg vere avgjerande for å fremme innovasjon og kunnskapsproduksjon.

Deltaking i Horisont 2020 er ein indikator på kvaliteten i norsk forskning og innovasjon, og regjeringa prioriterer tiltak for å auke den norske deltakinga i forskingssamarbeidet. I 2016 foreslår regjeringa å trappe opp løyvinga ytterlegare med 135 mill. kroner. Midlane skal gå til å styrkje etablerte verkemiddel og andre målretta tiltak, til dømes prosjektetableringsstøtte (PES).

Fri prosjektstøtte (FRIPRO) er eit av våre viktigaste verkemiddel for å betre kvaliteten på og gjennomslagskrafta i norsk forskning. Det nye verkemiddelet FRIPRO Toppforsk skal mellom anna hjelpe sterke forskingsmiljø på vegen mot å bli verdslieiane. For 2016 legg institusjonane inn 50 mill. kroner, og regjeringa foreslår å auke løyvinga til FRIPRO med eit tilsvarande beløp for å følgje opp sin del av Fellesløft III for 2016.

I *Lærerløftet* legg regjeringa vekt på solid fagleg og pedagogisk lærarkompetanse som ein føresetnad for eit kvalitetsløft i norsk skole. Regjeringa foreslår 62 mill. kroner for å styrkje lærarutdanninga i tråd med måla i *Lærerløftet*. Dette inneber mellom anna 50 nye rekrutteringsstillingar og andre tiltak i samband med innføringa av ei femårig grunnskolelærarutdanning. Midlane til halvparten av rekrutteringsstillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode.

Kunnskapsdepartementet foreslår 38,3 mill. kroner til 350 nye studieplassar i praktisk-pedagogisk utdanning frå våren 2016. Søkjarar med utdanning i matematikk, naturfag eller teknologi frå område med aukande arbeidsløyse, vil bli prioritert.

For å betre tilgangen på helsepersonale foreslår Kunnskapsdepartementet 6,3 mill. kroner til totalt 55 nye studieplassar i psykologi og medisin.

Oppdaterte bygg og utstyr er ein føresetnad for å nå ambisjonen om fleire framifrå forskings- og undervisningsmiljø. Regjeringa foreslår totalt 135 mill. kroner i 2016 til oppgradering av bygg

ved institusjonar som forvaltar eigen bygningsmasse. Av desse midlane er 60 mill. kroner ein del av tiltakspakka for auka sysselsetting og er derfor eittårige.

Regjeringa foreslår 40 mill. kroner for å setje i gang fase 2 av rehabiliteringa av Universitetsmuseet i Bergen, over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett. Gjennomføring av fase 2 er avgjerande for at universitetet igjen kan opne utstillingsdelen av museet.

Regjeringa foreslår 20 mill. kroner til styrking av MARKOM2020, eit samarbeidsprosjekt for maritim profesjonsutdanning, og 15 mill. kroner til utstyr i maritim profesjonsutdanning. Dette er ei oppfølging av den langsiktige prioriteringa *Hav* i langtidsplanen for forskning og høgre utdanning og den maritime strategien til regjeringa.

Regjeringa foreslår 25 mill. kroner for å etablere fleire nye senter for framifrå utdanning. Dette er eit sentralt område i langtidsplanen for forskning og høgre utdanning og særskilt viktig for å medverke til å utvikle verdslige fagmiljø i Noreg.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi, bioteknologi og nanoteknologi er eksempel på mogleggjerande teknologiar. Desse teknologiane er viktige for fornying og omstilling i næringslivet og offentleg sektor, og satsinga på desse teknologiområda er viktig for å følgje opp langtidsplanen. Regjeringa foreslår å auke løyvingane til mogleggjerande teknologiar med 30 mill. kroner over budsjettet til Kunnskapsdepartementet i 2016.

Dei sju regionale forskingsfonda skal styrkje regional forskning og forskingsbasert innovasjon. For å bidra til omstilling i nærings- og arbeidslivet foreslår regjeringa ein eittårig auke i løyvinga til dei regionale forskingsfonda i Agder og på Vestlandet på totalt 19 mill. kroner i 2016.

Regjeringa ønskjer å styrkje program for kommersialisering av forskingsresultat blant forskarar og foreslår å auke løyvinga til FORNY2020 med 15 mill. kroner.

Regjeringa foreslår 20 mill. kroner til ulike tiltak for rask arbeidslivsintegrering for personar med utanlandsk høgre utdanning. 13 mill. kroner vil gå over Kunnskapsdepartementets budsjett og 7 mill. kroner over budsjettet til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Kunnskapsdepartementet la hausten 2015 fram *Panorama* – strategi for høgre utdannings- og forskningssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika. Strategien skal leggje til rette for eit meir målretta og langsiktig samarbeid innanfor høgre utdanning og forskning og

vil gjelde for perioden 2016–20. Kunnskapsdepartementet foreslår 32,4 mill. kroner til oppfølging av strategien i 2016.

For at Meteorologisk institutt skal kunne bygge ferdig værradaren på Hafjell i 2016, foreslår departementet å løyve 15 mill. kroner.

Studentvelferd og utdanningsstøtte

Gode studentvelferdstilbod er viktig for å kunne ta høgre utdanning. Regjeringa vil halde fram med satsinga på studentbustader i 2016 og foreslår å føre vidare nivået frå 2015 på tilsegn om tilskott til 2 200 nye studenthybeleiningar.

Som i dei to føregåande budsjetta går regjeringa inn for å betre dei økonomiske vilkåra til studentane gjennom å auke basisstøtta ut over prisveksten. I undervisningsåret 2016–17 foreslår regjeringa å styrkje basisstøtta med 3,1 pst., noko som er 0,6 prosentpoeng meir enn venta prisvekst i 2016 per august 2015. Basisstøtta utgjer fundamentet i utdanningsstøtteordninga for høgre utdanning og andre utdanningar som er omfatta av same regelverk, og ho har særleg mykje å seie for dei som studerer på heiltid.

Betre støtteordningar for språkkurs vil kunne føre til at fleire studentar vel å ta utdanning i ikkje-engelskspråklege land. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor endringar i dei eksisterande ordningane, for å gjere det meir attraktivt å søkje seg til studium i ikkje-engelskspråklege land.

Regjeringa foreslår å justere tilleggsstipendordninga gjennom å endre dei kvalitetskriteria som skal liggje til grunn for å velje ut kva for lærestader som skal vere med i ordninga. Lista over desse institusjonane vil bli oppdatert årleg. Departementet tek sikte på å fastsetje ei ny tilleggsstipendliste for undervisningsåret 2016–17 innan utgangen av året.

Regjeringa er oppteken av å målrette støtteordningane best mogleg, og foreslår derfor å innføre ein behovsprøvningsregel i bustipendordninga i vidaregåande opplæring. Dette inneber at dei høgst lønte lærlingane, om lag ein tredel, vil få ein reduksjon i dette stipendet.

Andre saker


Departementet foreslår 15 mill. kroner til fornying og utbygging av lokala til Stiftelsen Arkivet i Kristiansand i 2016. Dette er ein del av ein pakke med tiltak for å auke sysselsettinga som regjeringa legg fram i budsjettet.

Regjeringa vil byggje politikken sin på ein effektiv bruk av ressursane til fellesskapet. Som i

næringslivet er det også i offentlig forvaltning eit potensial for å bli meir effektive. Regjeringa har derfor innført ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform, og føreset at alle statlege verksemdar set i verk tiltak for å bli meir effektive. Reforma vil gi insentiv til meir effektiv statleg drift og skaper handlingsrom for prioriteringar i statsbudsjettet. Verksemdene har også gode moglegheiter til å planleggje og setje i verk tiltak for å effektivisere drifta når reforma er eit årleg krav. Delar av vinsten frå mindre byråkrati og meir effektiv bruk av pengane blir tekne inn til fellesskapet i dei årlege bud-

sjetta. Den årlege overføringa er satt til 0,5 pst. av alle driftsutgifter som blir løyvde over statsbudsjettet. For Kunnskapsdepartementet inneber dette at løyvinga totalt blir redusert med om lag 200 mill. kroner på utgiftssida.

Regjeringa foreslår å opprette ei eining som skal inngå og forvalte sentrale rammeavtalar på vegner av statlege forvaltningsorgan. Dette skal gi meir effektive innkjøp i staten. Ordninga vil bli finansiert innanfor eksisterande rammer gjennom rammeoverføringar frå departementa. Kunnskapsdepartementets del av dette er 1,4 mill. kroner.



Figur 1.2 Målbiletet for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2016

2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
Administrasjon					
200	Kunnskapsdepartementet	282 039	268 328	268 626	0,1
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>282 039</i>	<i>268 328</i>	<i>268 626</i>	<i>0,1</i>
Grunnoppfølginga					
220	Utdanningsdirektoratet	491 053	457 575	465 932	1,8
221	Foreldreutvala for grunnopp- følginga og barnehagane	14 469	13 845	13 974	0,9
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	101 223	92 916	90 317	-2,8
223	Sametinget	39 043	40 331	41 501	2,9
224	Senter for IKT i utdanninga	102 004	84 646	84 983	0,4
225	Tiltak i grunnoppfølginga	1 638 672	1 678 299	1 594 799	-5,0
226	Kvalitetsutvikling i grunnopp- følginga	1 948 006	2 621 900	3 120 120	19,0
227	Tilskott til særskilde skolar	125 207	133 798	140 737	5,2
228	Tilskott til frittstående skolar o.a.	3 831 599	3 841 184	4 085 065	6,3
229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	27 555	24 296	24 427	0,5
230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem	714 141	705 554	709 278	0,5
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>9 032 972</i>	<i>9 694 344</i>	<i>10 371 133</i>	<i>7,0</i>
Barnehagar					
231	Barnehagar	369 013	453 226	623 176	37,5
	<i>Sum kategori 07.30</i>	<i>369 013</i>	<i>453 226</i>	<i>623 176</i>	<i>37,5</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
Vaksenopplæring m.m.					
252	EUs utdannings- og ungdomsprogram	324 848	439 921	513 780	16,8
253	Folkehøgskolar	744 043	771 297	797 064	3,3
254	Tilskott til vaksenopplæring	230 719	214 903	221 136	2,9
255	Tilskott til freds- og menneskerettssentra	125 791	106 526	99 595	-6,5
256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	70 703	63 615	64 769	1,8
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet	121 508	168 710	168 834	0,1
258	Tiltak for livslang læring	88 303	100 139	128 725	28,5
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>1 705 915</i>	<i>1 865 111</i>	<i>1 993 903</i>	<i>6,9</i>
Høgre utdanning og fagskoleutdanning					
260	Universitet og høgskolar	29 312 568	31 057 048	32 641 938	5,1
270	Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar	430 495	505 199	816 950	61,7
276	Fagskoleutdanning	65 376	66 747	68 683	2,9
280	Felles einingar	467 493	493 495	522 744	5,9
281	Felles tiltak for universitet og høgskolar	466 063	399 252	559 489	40,1
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>30 741 995</i>	<i>32 521 741</i>	<i>34 609 804</i>	<i>6,4</i>
Forsking					
283	Meteorologiformål	360 478	379 191	434 086	14,5
284	Dei nasjonale forskingsetiske komitéane	17 871	18 132	17 025	-6,1
285	Noregs forskingsråd	2 986 629	3 259 895	3 614 730	10,9
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	501 508	498 155	518 833	4,2
288	Internasjonale samarbeidstiltak	1 845 653	2 348 719	2 695 185	14,8
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>5 712 139</i>	<i>6 504 092</i>	<i>7 279 859</i>	<i>11,9</i>
Utdanningsstøtte					
2410	Statens lånekasse for utdanning	33 761 256	35 156 812	35 807 485	1,9
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>33 761 256</i>	<i>35 156 812</i>	<i>35 807 485</i>	<i>1,9</i>
<i>Sum utgifter</i>		<i>81 605 329</i>	<i>86 463 654</i>	<i>90 953 986</i>	<i>5,2</i>

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
01-29	Driftsutgifter	4 153 618	4 627 374	5 153 123	11,4
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	154 511	42 748	39 138	-8,4
50-59	Overføringer til andre statsrekneskaper	37 613 749	39 934 123	42 250 379	5,8
60-69	Overføring til kommunesektoren	2 211 460	2 471 865	2 654 575	7,4
70-89	Overføring til private	15 267 054	15 804 430	16 528 525	4,6
90-99	Utlån, avdrag o.a.	22 204 937	23 583 114	24 328 246	3,2
	Sum under departementet	81 605 329	86 463 654	90 953 986	5,2

Inntekter fordelt på kapitler

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
	Administrasjon				
3200	Kunnskapsdepartementet	7 447			
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>7 447</i>			
	Grunnopløringa				
3220	Utdanningsdirektoratet	11 818	5 107	5 228	2,4
3221	Foreldreutvala for grunnpopløringa og barnehagane	24			
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	12 668	5 030	5 150	2,4
3224	Senter for IKT i utdanninga	7 190	1 594	1 632	2,4
3225	Tiltak i grunnpopløringa	51 558	69 297	84 692	22,2
3229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	6 241	2 784	2 857	2,6
3230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem	59 504	74 712	76 194	2,0
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>149 003</i>	<i>158 524</i>	<i>175 753</i>	<i>10,9</i>
	Vaksenopløring m.m.				
3256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	15 347	11 323	11 593	2,4
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>15 347</i>	<i>11 323</i>	<i>11 593</i>	<i>2,4</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
Høgre utdanning og fagskole- utdanning					
3280	Felles einingar	1 420	1 297	1 328	2,4
3281	Felles tiltak for universitet og høg- skolar		10	10	0,0
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>1 420</i>	<i>1 307</i>	<i>1 338</i>	<i>2,4</i>
Forsking					
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	219 022	6 000 000		-100,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	4 717	4 599	5 578	21,3
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>223 739</i>	<i>6 004 599</i>	<i>5 578</i>	<i>-99,9</i>
Utdanningsstøtte					
5310	Statens lånekasse for utdanning	13 427 663	14 578 245	14 841 348	1,8
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	3 753 415	3 757 151	3 800 168	1,1
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>17 181 078</i>	<i>18 335 396</i>	<i>18 641 516</i>	<i>1,7</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>17 578 034</i>	<i>24 511 149</i>	<i>18 835 778</i>	<i>-23,2</i>

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
01-29	Sal av varer og tenester o.a.	234 142	239 280	241 561	1,0
50-89	Skatter, avgifter og andre overføringar	4 072 170	4 020 764	3 990 197	-0,8
90-99	Utlån, avdrag o. a.	13 271 722	20 251 105	14 604 020	-27,9
	<i>Sum under departementet</i>	<i>17 578 034</i>	<i>24 511 149</i>	<i>18 835 778</i>	<i>-23,2</i>

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

I denne proposisjonen omtaler Kunnskapsdepartementet følgjande oppmodingsvedtak:

Vedtak nr. 528, 10. juni 2013, jf. Innst. 372 S (2012–2013) og Meld. St. 18 (2012–2013). Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

«Stortinget ber regjeringen legge frem en stortingsmelding om studiekvalitet i høyere utdanning.»

Vedtak nr. 34, 25. november 2014, jf. Innst. 41 S (2014–2015) og Dokument 3:13 (2013–2014). Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.70 Forsking.

«Stortinget ber regjeringen vurdere tiltak for økt utnyttelse av forskningsinfrastrukturen på Svalbard, herunder tiltak for økt norsk forskningsaktivitet i Ny-Ålesund.»

Vedtak nr. 39, 1. desember 2014, jf. Innst. 2 S Tillegg 1 (2014–2015) og Prop. 1 S (2014–2015). Vedtaket blir omtalt under programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m., kap. 253 Folkehøgskolar post 70 Tilskott til folkehøgskolar.

«Stortinget ber regjeringen avklare rammer og finansiering for en ny folkehøgskole, SKAP, i et samarbeid mellom det offentlige og næringslivet i Lindesnesregionen, frem til revidert nasjonalbudsjett for 2015. Endelig godkjenning av ny folkehøgskole avklares i forbindelse med statsbudsjettet for 2016.»

Vedtak nr. 273 av 11. desember 2014, jf. Innst. 12 S (2014–2015), Prop. 1 S (2014–2015) og Prop. 1 S Tillegg 3 (2014–2015). Vedtaket blir omtalt under programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kapittel 225 Tiltak i grunnopplæringa post 66 Tilskott til leirskoleopplæring.

«Stortinget ber regjeringa om å gjennomgå praktiseringen av gratisprinsippet i leirskoleopplæringa, slik at dette tilbudet kan sikres på en god måte.»

Vedtak nr. 375, 3. februar 2015, jf. Innst. 137 S (2014–2015) og Meld. St. 7 (2014–2015). Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med rulleringen av langtidsplanen i 2018 utarbeide en investeringsplan, koordning for investeringer og større bygge- og vedlikeholdsprosjekter av bygg i universitets- og høyskolesektoren.»

Vedtak nr. 654, 11. juni 2015, jf. Innst. 344 L (2014–2015) og Prop. 84 L (2014–2015). Vedtaket blir omtalt under programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kapittel 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, post 22 Vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar.

«Stortinget ber regjeringa ikkje utelukke at lærarar som fylte krava for å verte tilsette i undervisningsstilling før 1. januar 2014, får moglegheit til å gå opp til eksamen i kompetansegivande vektstallsstudier, utan å måtte delta i undervisninga.»

Vedtak nr. 655, 11. juni 2015, jf. Innst. 344 L (2014–2015), jf. Prop. 84 L (2014–2015). Vedtaket blir omtalt under programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kapittel 228 Tilskott til frittstående skolar o.a.

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til hvordan en kan sikre rekrutteringen til de små og verneverdige håndverksfagene og finansiering av disse utdanningene.»

Vedtak nr. 656, 11. juni 2015, jf. Innst. 344 L (2014–2015) og Prop. 84 L (2014–2015). Vedtaket blir omtalt under programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kapittel 228 Tilskott til frittstående skolar o.a.

«Stortinget ber regjeringen utrede krav om at hoveddelen av det pedagogiske personalet må være ansatt i skolen, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Vedtak nr. 657, 11. juni 2015, jf. Innst. 344 L (2014–2015) og Prop. 84 L (2014–2015). Vedtaket blir omtalt under programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kapittel 228 Tilskott til frittståanda skolar o.a.

«Stortinget ber regjeringen utrede et lovfestet krav om en ikke-kommersiell formålsbestemmelse i friskolenes vedtekter og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Vedtak nr. 658, 11. juni 2015, jf. Innst. 339 S (2014–2015) og Dokument 8:98 S (2014–2015). Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at utdanningsinstitusjoner som ønsker det, får muligheten til å gjennomføre opptaksintervjuer for kandidater til lærerutdanningen.»

Del II
Nærmere om budsjettforslaget

4 Nærmere om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 07.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
200	Kunnskapsdepartementet	282 039	268 328	268 626	0,1
	Sum kategori 07.10	282 039	268 328	268 626	0,1

Inntekter under programkategori 07.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
3200	Kunnskapsdepartementet	7 447			
	Sum kategori 07.10	7 447			

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	264 146	254 697	254 662
21	Særskilde driftsutgifter		11 381	11 219
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>		6 512	2 745
	Sum kap. 0200	282 039	268 328	268 626

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på post 01 skal dekkje lønn og driftsutgifter i departementet. Løyvinga på post 21 dek-

kjer mellom anna utgifter til den norske UNESCO-kommisjonen og utgreiings- og utviklingsoppgåver i Kunnskapsdepartementet. Løyvinga på post 45 gjeld kjøp av datautstyr, programvare og tenester som blir nytta i utviklinga av IKT-systemet i departementet.

Mål for 2016

Måla her gjeld drift av Kunnskapsdepartementet. Dei faglege måla for departementet er omtalte i dei aktuelle fagkapitla.

Måla for 2016:

- Departementet skal ha eit godt grunnlag for utforminga av kunnskapspolitikken.
- Departementet skal sikre at kunnskapspolitikken blir sett i verk.
- Departementet skal ha god dialog med alle relevante aktørar i samfunnet.
- Departementet skal vere førebudd på å handtere alle typar kriser i sin eigen sektor.

Rapport for 2014

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å utvikle og setje i verk den overordna politikken for barnehage, grunnopplæring, høgre utdanning, livslang læring og forskning. I 2014–15 har departementet i tillegg til dei faste budsjettproposisjonane utarbeidd desse proposisjonane og meldingane til Stortinget:

- Prop. 82 L (2014–2015) *Endringar i opplæringslova og privatskolelova (krav om relevant kompetanse i undervisningsfag m.m.)*
- Prop. 84 L (2014–2015) *Endringer i privatskolelova mv. (nytt navn på loven, nye godkjeningsgrunnlag m.m.)*
- Prop. 60 L (2014–2015) *Endringer i lov om utdanningsstøtte (behovsprøving, innhenting av opplysninger)*
- Prop. 19 L (2014–2015) *Endringar i opplæringslova og privatskolelova (skolebyte i mobbesaker)*
- Prop. 9 L (2014–2015) *Endringer i studentsamskipnadsloven*
- Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet*
- Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024*

Tilrettelegginga av kunnskapsgrunnlaget for politikken gjer stor nytte av innspel frå kompetansemiljø utanfor departementet. Ressurspersonar blir trekte inn gjennom ekspertutval med utgreiingsoppdrag for departementet. Eit utval med oppdrag om å vurdere kva kompetansekrav arbeids- og

samfunnslivet stiller til skolen i framtida, har vore i arbeid i 2014 og 2015. Utvalet la fram NOU 2014: 7 *Elevenes læring i fremtidens skole – et kunnskapsgrunnlag* hausten 2014 og NOU 2015: 8 *Fremtidens skole – Fornyelse av fag og kompetanser* våren 2015. Eit anna utval la fram ei utgreiing med framlegg til tiltak som skal betre læringsmiljøet og motverke mobbing, NOU 2015: 2 *Å høre til – Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø*. Sjå kategori 07.20 Grunnopplæring for meir informasjon. Departementet sette i 2014 ned ei ekspertgruppe for å gjennomgå finansieringa av universitet og høyskolar. Ekspertgruppa la vinteren 2015 fram rapporten *Finansiering for kvalitet, mangfold og samspill. Nytt finansieringssystem for universiteter og høyskoler*. Sjå kategori 07.60 for meir informasjon.

Internasjonalt samarbeid gir viktige impulsar til både utforminga av politikken og iverksetjinga. Departementet legg vinn på å lære av korleis andre land i Europa arbeider med forskning og utdanning, og på å medverke i det europeiske samarbeidet og nytte dei opningane samarbeidet skaper.

Departementet arbeider vedvarande med å effektivisere og forbetre arbeidsprosessane, og ser det i den samanhengen som viktig å utnytte dei føresetnadene teknologi og open arbeidsplassløyving gir til effektivt, fleksibelt, mobilt og digitalt arbeid. IKT-hjelpemidla medarbeidarane disponerer, er fornya og oppgraderte, og departementet har sett i verk opplæringstiltak som skal syte for at teknologien fullt ut blir teken i bruk. Eit anna tiltak i same retninga er at departementet ser på korleis internadministrasjonen kan effektiviserast.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 0,6 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 510 post 01 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet, for å dekkje årlege meirutgifter til ei beredskapsordning for IKT i departementsfelleskapet. Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3200, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
02	Salsinntekter o.a.	266		
16	Refusjon av foreldrepengar	3 636		
17	Refusjon for lærlingar	67		
18	Refusjon av sjukepengar	3 478		
	Sum kap. 3200	7 447		

Programkategori 07.20 Grunnopplæringa

Utgifter under programkategori 07.20 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
220	Utdanningsdirektoratet	491 053	457 575	465 932	1,8
221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane	14 469	13 845	13 974	0,9
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	101 223	92 916	90 317	-2,8
223	Sametinget	39 043	40 331	41 501	2,9
224	Senter for IKT i utdanninga	102 004	84 646	84 983	0,4
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 638 672	1 678 299	1 594 799	-5,0
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	1 948 006	2 621 900	3 120 120	19,0
227	Tilskott til særskilde skolar	125 207	133 798	140 737	5,2
228	Tilskott til frittstående skolar o.a.	3 831 599	3 841 184	4 085 065	6,3
229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	27 555	24 296	24 427	0,5
230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem	714 141	705 554	709 278	0,5
Sum kategori 07.20		9 032 972	9 694 344	10 371 133	7,0

Inntekter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
3220	Utdanningsdirektoratet	11 818	5 107	5 228	2,4
3221	Foreldreutvala for grunnsopplæringa og barnehagane	24			
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	12 668	5 030	5 150	2,4
3224	Senter for IKT i utdanninga	7 190	1 594	1 632	2,4
3225	Tiltak i grunnsopplæringa	51 558	69 297	84 692	22,2
3229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	6 241	2 784	2 857	2,6
3230	Statleg spesialpedagogisk støtte-system	59 504	74 712	76 194	2,0
	Sum kategori 07.20	149 003	158 524	175 753	10,9

Innleiing

Gjennom formålsparagrafen for grunnsopplæringa har samfunnet gitt grunnsopplæringa eit omfattande og viktig mandat, jf. opplæringslova § 1-1. Opplæringa skal gi alle elevar dugleikar, holdningar og verdiar som gjer dei i stand til å meistre sitt eige liv, delta i arbeids- og samfunnslivet og ta vare på seg sjølve og andre i samfunnet. Alle skal ha moglegheit til å realisere læringspotensialet sitt i ein inkluderande skole.

Kommunane, fylkeskommunane og dei frittstående skolane som er godkjende etter friskolelova, har fått i oppdrag å realisere samfunnsmandatet for grunnsopplæringa. Grunnsopplæringa blir i all hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane, det vil seie rammetilskottet og skatteinntekter. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å budsjettere midlar til grunnsopplæringa etter lokale behov, jf. opplæringslova § 13-10. Dette gjeld til både drift, investering og kvalitetsutvikling av grunnsopplæringa ved skolane og i lærebedriftene. For ei samla framstilling av ressursbruken i grunnsopplæringa viser departementet til del III kap. 6 Ressursar i grunnsopplæringa.

På grunnlag av tilstandsvurderinga av grunnsopplæringa vil departementet prioritere tiltak for kvalitetsutvikling retta mot tre mål, jf. figur 1.2:

- Elevane skal meistre grunnleggjande dugleikar og ha god fagleg kompetanse.
- Fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring.
- Elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Under programkategori 07.20 blir drifta av underliggjande verksemdar innanfor opplæringssektoren finansiert, jf. kap. 220 Utdanningsdirektoratet, kap. 221 Foreldreutvala for grunnsopplæringa og barnehagane, kap. 224 Senter for IKT i utdanninga og kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem. Sametinget får også tilskott til utdanningsformål over programkategorien, jf. kap. 223 Sametinget. Dei nasjonale satsingane for å styrkje kvaliteten i grunnsopplæringa blir finansierte over kap. 226. Kap. 225 Tiltak i grunnsopplæringa omfattar ei rekkje tilskottsordningar, særleg øyremerkte tilskott til kommunesektoren. Statlege skolar blir finansierte over kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat og kap. 229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar. Enkelte særskilde skolar og frittstående skolar som er godkjende etter friskolelova, blir også finansierte over programkategorien, jf. høvesvis kap. 227 Tilskott til særskilde skolar og kap. 228 Tilskott til frittstående skolar o.a.

Hovudprioriteringar for 2016

Grunnopløringa blir hovudsakleg finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Regjeringa foreslår ein vekst i dei frie inntektene til kommunesektoren på 4,7 mrd. kroner i 2016. Dette er ein realvekst på 1,4 pst. i høve til 2015. I tillegg foreslår regjeringa eit eingongstilkott på 500 mill. kroner til vedlikehald og rehabilitering av skolar og omsorgsbygg i kommunane, som ein del av tiltakspakka for auka sysselsetting. For nærmare omtale viser departementet til Prop. 1 S (2015–2016) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I statsbudsjettet for 2016 foreslår regjeringa fleire nye tiltak og styrkingar innanfor grunnoppløringa på budsjettet til Kunnskapsdepartementet:

Regjeringa foreslår å styrkje satsinga på realfag med 20 mill. kroner. Departementet vil utvide ordninga med realfagskommunar, innføre ei satsing på elevar som presterer på høgt nivå og gjennomføre tiltak for betre læring for lågt presterande elevar i grunnskolen. Regjeringa foreslår òg å utvide timetalet i naturfag med ein veketime på 5.-7. trinn frå hausten 2016. Budsjetteffekten utgjer 80 mill. kroner. Timetalsauken er ein del av realfagstrategien til regjeringa.

Regjeringa foreslår å styrkje satsinga på lesing og skriving med 20 mill. kroner gjennom kompetanseutvikling for lærarar i barnehagar og grunnoppløringa. Det skal takast særskilt omsyn til spesifikke målgrupper, mellom anna gutar, minoritetsspråklege barn, barn og elevar som har språkvanskar og/eller lese- og skrivevanskar og høgt presterande elevar.

Regjeringa foreslår å styrkje *Yrkesfagløftet* med 93 mill. kroner. Departementet vil etablere eit godkjeningsordning for personar med utanlandsk fagutdanning, og det er foreslått 17 mill. kroner til dette. Vidare er det foreslått å styrkje tilskottsordninga til lærlingar og lære kandidatlar med særskilde behov med 6 mill. kroner. I tillegg foreslår regjeringa å auke lærlingstilskottet med ytterligere 2 500 kroner per kontrakt. Budsjetteffekten utgjer 50 mill. kroner og midlane vil bli løyvde over rammetilskottet til fylkeskommunane.

Regjeringa foreslår 20 mill. kroner til å styrkje yrkesfaglærarane si kompetanse og stimulere til auka rekruttering av fagarbeidarar til læraryrket.

Regjeringa foreslår 5 mill. kroner til ei prøveordning med valfag på ungdomstrinnet i programmering i utvalde kommunar. Ordninga skal leggje til rette for erfaring- og kunnskapsdeling mellom skolar.

I statsbudsjettet for 2009 vart det innført ei åtteårig ordning med rentekompensasjon til investering og rehabilitering av skole- og symjeanlegg. Regjeringa foreslår å fase inn 1,5 mrd. kroner av investeringsramma i 2015. Budsjetteffekten av forslaget utgjer 7,5 mill. kroner. Med dette forslaget er heile investeringsramma på 15 mrd. kroner fasa inn i budsjettet.

I statsbudsjettet for 2015 løyvde Stortinget 200 mill. kroner til tidleg innsats gjennom auka lærartettleik på 1.-4. trinn. I statsbudsjettet for 2016 foreslår regjeringa å auke løyvinga med 234,4 mill. kroner, som kompensasjon for heilårsverknaden.

Departementet foreslår 15 mill. kroner til prosjektet Et lag rundt eleven for å prøve ut ulike modellar kor andre yrkesgrupper enn lærarar inngår i personalet til skolen for å styrkje læringsmiljøet.

Departementet foreslår å auke løyvinga til landslinjer med 0,7 mill. kroner for å auke kapasiteten i skiskyting ved Meråker videregående skole.

Fleire sentrale satsingar innanfor grunnoppløringa vil i 2016 bli ført vidare. Regjeringa vil vidareføre den historiske satsinga på vidareutdanning av lærarar innanfor strategien Kompetanse for kvalitet i 2016. Hausten 2015 er det 5 050 studie-plassar til vidareutdanning for lærarar. Departementet foreslår i 2016 å føre nivået vidare, noko som inneber at det vil bli nytta om lag 1 mrd. kroner til vidareutdanning av lærarar i 2016. I tillegg blir rektorutdanninga ført vidare i budsjettforslaget for 2016. Det blir òg stipendordninga retta mot ikkje-kvalifisert undervisningspersonell, som vart oppretta i statsbudsjettet for 2015.

Departementet vil halde fram med satsinga på ungdomstrinnet gjennom *Ungdomstrinn i utvikling 2012–2017*. Departementet vil setje av om lag 160 mill. kroner til satsinga i 2016. Satsinga består av skolebasert kompetanseutvikling i klasseleiing, lesing, skriving og rekning.

Departementet vil føre vidare satsinga *Kompetanse for mangfold 2013–2017* med 23 mill. kroner. Satsinga omfattar kompetanseutvikling for tilsette som arbeider med oppløring av minoritetsspråklege elevar.

Departementet vil setje av om lag 30 mill. kroner til arbeid for betre læringsmiljø. Midlene inkluderer også oppfølging av NOU 2015: 2 *Å høve til Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø* frå Djupedalutvalet.

Regjeringa vil bidra til at fleire fullfører vidaregåande oppløring gjennom *Program for bedre gjennomføring i videregående oppløring*. Program-

met er eit samarbeid med fylkeskommunane. Departementet vil setje av om lag 40 mill. kroner til arbeidet i 2016.

Tilstandsvurdering

Det er sterke samanhengar mellom dei tre måla for grunnopplæringa. Grunnleggjande dugleikar er eit nødvendig fundament for både kompetanse i undervisningsfaga og læringsutbytte i vid forstand. Grunnleggjande dugleikar og kompetanse i undervisningsfaga heng dessutan tett saman med læringsmiljøet i skolen. Eit godt læringsmiljø er både eit mål i seg sjølv og eit middel for betre læringsutbytte. Gjennomføring av vidaregåande opplæring heng vidare svært tett saman med det faglege og det sosiale grunnlaget elevane har frå grunnskolen.

Måla for grunnopplæringa om læringsutbytte, læringsmiljø og gjennomføring av vidaregåande opplæring gjeld for alle elevar og lærlingar, uavhengig av bakgrunnen deira. Det er likevel vesentlege forskjellar i læringsutbytte, læringsmiljø og gjennomføring mellom ulike elevgrupper. Forskjellane er mellom anna bestemte av sosioøkonomisk bakgrunn, kjønn og språkleg bakgrunn. Effekten av bakgrunnsfaktorar kan endre seg, og han varierer til dels mykje mellom kommunar og skolar.

Mål: Elevane skal meistre grunnleggjande dugleikar og ha god fagleg kompetanse


Tilstandsvurderinga for dette målet er i stor grad lik tilstandsvurderinga i fjor fordi resultatane frå siste runde av dei internasjonale undersøkingane først blir publiserte mot slutten av 2016.

Grunnleggjande dugleikar er definerte som digitale dugleikar, munnlege dugleikar, å kunne lese, å kunne rekne og å kunne skrive. Grunnleg-

gjande dugleikar er føresetnader for å utvikle kompetanse i undervisningsfag, og er derfor integrerte i kompetansemåla for alle fag i grunnopplæringa. Fagleg kompetanse kan forståast som den kompetansen elevane skal oppnå gjennom arbeid med undervisningsfaga i grunnopplæringa.

Resultat frå internasjonale undersøkingar har vist tydeleg framgang frå midten av 2000-talet. I dei internasjonale undersøkingane er 500 poeng skalamidtpunktet, og noko forenkla svarer om lag 30–40 poeng til den gjennomsnittlege framgangen i prestasjonar til elevane i løpet av eit skoleår. TIMSS 2011 viste tydeleg forbetring av prestasjonane til norske elevar i matematikk og naturfag på 4. og 8. trinn etter 2003, med unntak av naturfag for elevar på 8. trinn, der nivået er stabilt frå 2003 til 2011. Prestasjonane til elevane i matematikk på 4. trinn betra seg med 44 poeng frå 2003 til 2011, og utgjer den største positive endringa i matematikk på 4. trinn blant dei landa som er med i undersøkinga. Som følgje av forskjellar i alder ved skolestart er norske elevar på 5. trinn nærmare i alder elevar på 4. trinn i mange andre land. Norske elevar på 5. trinn er klart betre enn svenske og danske og på nivå med finske jamaldringar i TIMSS 2011. PIRLS 2011 syner tilsvarande ei klar forbetring i leseprestasjonane for 4. og 5. trinn, med ein auke på høvesvis ni og elleve poeng frå 2006 til 2011. Norske elevar ligg over det internasjonale gjennomsnittet for både 4. og 5. trinn.

PISA 2012 viste derimot at den positive utviklinga i førre PISA-undersøking ikkje er ført vidare. PISA testar 15-åringar i naturfag, lesing og matematikk. Leseprestasjonane er stabile frå 2009 til 2012, mens prestasjonane i naturfag og matematikk har vorte reduserte i same periode. Når ein ser heile perioden 2000 til 2012 under eitt, er nivået på læringsutbyttet målt gjennom PISA relativt stabilt, jf. figur 4.1.



Figur 4.1 Gjennomsnittlege elevprestasjonar i PISA


Kjelde: Kjærnsli mfl. (2013)

Dei internasjonale undersøkingane synte at avstanden mellom fagleg sterke og fagleg svake elevar vart tydeleg redusert frå midten av 2000-talet. Auken i gjennomsnittlege prestasjonar og reduksjonen i spreinga mellom elevar i same tidsperiode kunne i stor grad forklarast med betra prestasjonar blant dei fagleg svakaste elevane. PISA 2012 viser derimot at avstanden mellom fagleg sterke og fagleg svake elevar har auka frå 2009. Samanlikna med andre land er det framleis få norske elevar på dei høgste prestasjonsnivåa i dei internasjonale undersøkingane.

I 2013 vart ICILS-undersøkinga, ei internasjonal undersøking om dei digitale dugleikane til elevane, gjennomført blant 18 land og to provinsar i Canada. Norske elevar presterer godt over det internasjonale gjennomsnittet på den digitale prøva, og Noreg ligg blant dei høgst presterande landa i undersøkinga. Undersøkinga deler elevane inn i fem nivå, og omtrent 30 pst. av dei norske elevane ligg på dei to øvste nivåa. Om lag 24 pst. er på nivå 1 eller dårlegare. Desse elevane har så svake dugleikar at dei vil ha problem med å meistre enkle digitale oppgåver som er vanlege i arbeidslivet.

I 2009 vart ICCS, ei internasjonal undersøking om medborgarskap og demokrati, gjennomført. Resultata viste at norske elevar på 8. og 9. trinn har svært gode kunnskapar om, og dugleikar i, demokrati og medborgarskap samanlikna med elevar i dei andre landa. Resultata er om lag på same nivå som i ei tilsvarende undersøking i 1999.

Variasjonen i læringsutbytte mellom norske elevar kan i mindre grad forklarast av sosial bakgrunn samanlikna med andre OECD-land. Avstanden i prestasjonar mellom elevar med høg og elevar med låg sosial bakgrunn ligg likevel om lag på same nivå som gjennomsnittet for OECD-landa. Dette kjem dels av at vi er eit land med små sosiale forskjellar, men også av at mange elevar presterer betre enn den sosioøkonomiske bakgrunnen deira skulle tilseie. Følgjene av sosial bakgrunn for læringsutbyttet har vore stabil på 2000-talet. Grunnskolepoenga til elevane heng til dømes tett saman med utdanningsnivået til foreldra, og det er berre minimale endringar i denne samanhengen over tid, jf. figur 4.2.



Figur 4.2 Gjennomsnittlege grunnskolepoeng til elevane etter utdanningsnivået til foreldra

Kjelde: SSB 2015. Grunnskolepoeng er eit samlemål for alle karakterane ved avslutta grunnskole


Mål: Fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring

Fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Det er samstundes avgjerande at kompetansen dei oppnår, blir verdsett i høgre utdanning eller på arbeidsmarknaden. Elevar med generell studiekompetanse er i hovudsak utdanningsorienterte etter vidaregåande opplæring. For desse elevane vil fullført høgre utdanning utgjere den viktigaste kvalifikasjonen deira på arbeidsmarknaden. For elevar med yrkesfagleg kompetanse vil vidaregåande opplæring utgjere den viktigaste kvalifikasjonen deira på arbeidsmarknaden. Eit viktig kjenneteikn er samstundes at elevar på yrkesfag orienterer seg mot løp som gir generell studiekompetanse, særleg tilbodet påbygging til generell studiekompetanse. Utdanningsprogramma service og samferdsel, helse- og oppvekstfag og design og handverk har særleg mange elevar som vel påbygging.

Gjennomføring av vidaregåande opplæring

Om lag 70 pst. av elevane som begynner i vidaregåande opplæring, fullfører utdanninga i løpet av fem år. Slik har det vore lenge. For elevane som starta på vidaregåande opplæring i 2009, hadde 70,8 pst. fullført og bestått på normert eller meir enn normert tid i 2014. Det er ein auke på 1,5 prosentpoeng samanlikna med 2007-elevkullet. Det er på yrkesfaglege utdanningsprogram at gjennomføringa har auka.

Det er store forskjellar mellom studieførebuande (83,1 pst.) og yrkesfaglege (57,9 pst.) utdanningsprogram i gjennomføring. Av 2009-kullet, slutta 16 pst. undervegs i opplæringa, 5,7 pst. var i vidaregåande opplæring framleis og 7,6 pst. hadde gjennomført utan å bestå i 2014.




Figur 4.3 Kompetanseoppnåing fem år etter at elevane begynte på vidaregåande opplæring

Kjelde: SSB

Ein del av elevane som ikkje fullfører og består i løpet av fem år, kjem tilbake til vidaregåande opplæring på eit seinare tidspunkt. Dersom måletidspunktet blir sett til ti år etter påbegynt opplæring, aukar delen elevar som fullfører og består vidaregåande opplæring, til rundt 80 pst.

Det er store variasjonar mellom fylkeskommunane i graden av gjennomføring av vidaregåande opplæring. Akershus har klart høgst gjennomfø-

ring av vidaregåande opplæring (77 pst.) for 2009-kullet. Oslo ligg stabilt høgt, medan Sogn og Fjordane har gått klart tilbake samanlikna med 2008-kullet. Fylkeskommunane i Nord-Noreg har svakast gjennomføring, men har samstundes hatt ein positiv utvikling i løpet av dei seinaste åra og nærmar seg dei andre fylkeskommunane i gjennomføringsgrad.




Figur 4.4 Fullført på normalt eller meir enn normalt tid fem år etter påbegynt vidaregåande opplæring, på fylkesnivå

Kjelde: SSB

Gjennomføring av vidaregåande opplæring blir målt også etter overgangar frå kvart trinn i vidaregåande opplæring, jf. figur 4.5. Elevar kan etter kvart trinn ha ordinær progresjon, vere ute av vidaregåande opplæring eller repetere lågare eller same trinn i vidaregåande opplæring. For elevane som starta på Vg1 i skoleåret 2013–14, hadde

84,7 pst. ordinær progresjon frå Vg1 i 2013. Sidan 2007 har det vore ein svak auke i delen elevar med ordinær progresjon frå Vg1. Delen elevar med ordinær progresjon frå Vg2 ligg stabilt rundt 80 pst. i perioden 2007 til 2014. For skoleåret 2013–14, hadde 81,2 pst. ordinær progresjon frå Vg2 i 2014.



Figur 4.5 Overgangar i vidaregåande opplæring

Kjelde: Utdanningsdirektoratet / Skoleporten 2015

Verdsetjing i høgre utdanning og på arbeidsmarknaden


I 2014 var arbeidsløysa blant ungdom (15–24 år) i gjennomsnitt om lag 7,8 pst. og har sidan midten av 2000-talet variert mellom sju og ni pst. Sjølv om kvaliteten og relevansen på grunnopplæringa i liten grad kan forklare kortsiktige endringar, kan nivået på arbeidsløysa likevel tyde på godt samsvar mellom den arbeidskrafta som ungdom tilbyr, og etterspurnaden frå arbeidsmarknaden, inklusiv kompetansen deira frå grunnopplæringa.

Samtidig fungerer ikkje overgangen frå alle delar av vidaregåande opplæring like godt. Det kjem til uttrykk ved at elevane vel bort yrkesfagleg kompetanse undervegs i opplæringsløpet, og at arbeidsmarknaden verdset kompetansen frå enkelte utdanningsprogram og lærefag lågt. Det kjem også til uttrykk ved at ein del elevar som gjennomfører og består vidaregåande opplæring med generell studiekompetanse, ikkje blir godt nok førebudde på å studere. Karakterar frå vidaregåande opplæring påverkar i stor grad fråfall første studieår, studiepoengproduksjon og fullføringstid ved universitet og høgskolar.

Fordelinga av elevar i oppstarten til vidaregåande opplæring mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram har lenge vore relativt stabil. I 2014 var om lag 49 pst. av elevane på Vg1 i studieførebuande og 51 pst. i yrkesfaglege utdanningsprogram. Samstundes har delen

elevar som oppnår yrkeskompetanse, lege på eit vesentleg lågare nivå enn delen elevar som oppnår studiekompetanse over lang tid. Av dei som starta på vidaregåande opplæring i 2009, fullførte berre 15 pst. med yrkeskompetanse innan 2014, anten som fagbrev eller vitnemål. I dei tradisjonelle yrkesfaga innanfor teknikk og industriell produksjon, elektrofag og bygg- og anleggsteknikk er den delen som oppnår yrkeskompetanse, høgre.

Av dei som oppnådde fag- og sveinebrev i skoleåret 2012–13, var om lag 84 pst. i arbeid, 9,3 pst. i utdanning og 6,7 pst. utanfor arbeid og utdanning i november 2013, jf. figur 4.6. Det er variasjonar mellom utdanningsprogramma i delen fagarbeidarar som er i arbeid, frå 75,6 pst. (medium og kommunikasjon) til 88,1 (bygg- og anleggsteknikk). Totalt for yrkesfaga har delen fagarbeidarar som er i arbeid per november i same opplæringsår som dei oppnådde fag-/sveinebrev, auka med om lag to prosentpoeng frå skoleåret 2008–09 til 2012–13, men det er store variasjonar mellom utdanningsprogramma. For service og samferdsel har delen sysselsette fagarbeidarar vorte redusert i 2013 etter fleire år med vekst. For service og samferdsel, teknikk og industriell produksjon, naturbruk og i noko mindre grad helse- og oppvekstfag er det dessutan mange fagarbeidarar som søker seg til høgre eller anna utdanning. Det tyder på at mange fagarbeidarar opplever at kompetansen frå enkelte lærefag ikkje er tilstrekkeleg som kompetanse i arbeidsmarknaden.




Figur 4.6 Delen sysselsette fagarbeidarar per november i same opplæringsår som dei oppnådde fag-/sveinebrev

Kjelde: Utdanningsdirektoratet / Skoleporten 2015

Samsvaret mellom talet på nye fagarbeidarar og sysselsetjinga i relevante næringer gir informasjon om etterspurnaden i arbeidsmarknaden. I bygg- og anleggsteknikk blir det utdanna om lag 4 500 fagarbeidarar kvart år, jf. figur 4.7. Samstundes rapporterer næringa om underskott på kvalifisert arbeidskraft gjennom bedriftsundersøkinga til Nav frå 2014. Teknikk og industriell produksjon og elektrofag har også hatt eit relativt stabilt nivå på talet nyutdanna fagarbeidarar i dei siste åra. Helse- og oppvekstfag og service og samferdsel har derimot hatt stor vekst i talet på nyutdanna fagarbeidarar. Helse- og oppvekstfag utdanna flest

fagarbeidarar i 2013–14 med i overkant 5 400 beståtte fag- og sveineprøver. I same periode har delen sysselsette fagarbeidarar frå helse- og oppvekstfag gradvis vorte redusert, jf. figur 4.6. Bedriftsundersøkinga til Nav frå 2014 viser likevel stort underskott på kvalifisert arbeidskraft på områda helse, pleie og omsorg. Undersøkinga viser også ein viss mangel på kvalifisert arbeidskraft i butikk- og salsarbeid, kontorarbeid og ulike serviceyrke. Samanlikna med talet på sysselsette i relevante næringer for service og samferdsel restaurant- og matfag er talet på fagarbeidarar særleg lågt.



Figur 4.7 Beståtte fag- og sveineprøver i fag- og yrkesopplæringa


Kjelde: Utdanningsdirektoratet / Skoleporten 2014

Mål: Elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø

Læringsmiljø viser til dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske tilhøva på skolen som har innverknad på læring, helse og trivsel.

Elevundersøkinga er ei spørjeundersøking til elevane i grunnopplæringa om korleis dei oppfatar

sitt eige læringsmiljø. Undersøkinga er obligatorisk å gjennomføre for skoleeigarane på 7. og 10. trinn i grunnskolen og for elevar i vidaregåande opplæring. Undersøkinga vart revidert i 2013, og dermed kan ein ikkje samanlikne ho direkte med tidlegare undersøkingar. Ein må derfor tolke endringar i 2013 og seinare med varsemd.



Figur 4.8 Rapportering frå elevane om læringsmiljøet på skolen

Kjelde: Elevundersøkinga 2008–14

Trivselen til elevane er i gjennomsnitt høg gjennom heile opplæringsløpet. I 2014 var det rundt 90 pst. av elevane som rapporterte at dei trivst godt eller svært godt på skolen. Delen elevar som trivst godt eller svært godt på 10. trinn, er noko lågare enn både på 7. trinn og på Vg1. Sidan 2008 har det vore ein gradvis auke i delen elevar som trivst godt eller svært godt på alle desse trinna i grunnopplæringa. Den relativt sett større auken i 2013 kan skyldast revideringa av spørjeskjemaet for Elevundersøkinga i 2013.

Sjølv om delen elevar som trivst godt eller svært godt i grunnopplæringa, i gjennomsnitt er stor gjennom heile opplæringsløpet, er det likevel i underkant av fem pst. av elevane på 7. og 10. trinn i 2014 som seier at dei blir mobba to til tre gonger i månaden eller oftare. På Vg1 er det rundt 2,4 pst. som seier at dei blir mobba to til tre gonger i månaden eller oftare. Den relativt store nedgangen i delen elevar som rapporterer om hyppig mobbing i 2013, heng truleg saman med fleire faktorar, og det er vanskeleg å vurdere om nedgangen er reell. Nedgangen i 2013 kan skyldast revideringa av spørjeskjemaet for Elevundersøkinga. Det har vore ein svak nedgang frå 2013 til 2014 og som ikkje kan knyttast til revideringa av undersøkinga.

Sidan 2008 har det vore ein klar framgang i delen elevar som liker skolearbeid godt eller svært godt. På 7. trinn har delen elevar som rapporterer at dei liker skolearbeid godt eller svært godt, auka frå rundt 56 pst. i 2008 til 68 pst. i 2014. For 10. trinn og Vg1 har det også vore ei positiv utvikling frå 2008. Auken i 2013 kan mellom anna skyldast revideringa av spørjeskjemaet for Elevundersøkinga. Det har vore ein auke også frå 2013 til 2014 for 7. trinn, medan delen som liker skolearbeid godt eller svært godt, er stabil for 10. trinn og Vg1.

Delen elevar som liker skolearbeid godt eller svært godt, ligg systematisk lågare på 10. trinn enn på 7. trinn og Vg1.

Samla vurdering av tilstanden

PISA 2012 viste at den positive utviklinga i førre PISA-undersøking i 2009 ikkje har vorte ført vidare. Leseprestasjonane i PISA er stabile frå 2009 til 2012, mens prestasjonane i naturfag og matematikk har gått ned i same periode. Når ein ser heile perioden 2000 til 2012 under eitt, er dermed nivået på læringsutbyttet målt gjennom PISA relativt stabilt. PISA 2012 viser at avstanden mellom fagleg sterke og fagleg svake elevar igjen har vorte større. Regjeringa er ikkje nøgd med

resultata frå PISA i naturfag og matematikk. Regjeringa meiner det er behov både for å heve prestasjonane til elevane på dei lågaste nivåa i PISA, og for at fleire elevar presterer på dei høgste nivå i PISA.

Gjennomføringa av vidaregåande opplæring på nasjonalt nivå er i hovudsak stabil, til tross for ein svak auke på 1,5 prosentpoeng for den delen av 2009-elevkullet som fullførte og bestod på normert eller meir enn normert tid innan fem år, samanlikna med 2007-elevkullet. Delen elevar med ordinær progresjon frå Vg1 har auka svakt i perioden 2007 til 2014. Regjeringa meiner gjennomføringa i vidaregåande opplæring er for låg. Regjeringa har samstundes merka seg at fleire fylkeskommunar har hatt ei tydeleg og jamn positiv utvikling i dei siste åra. I Akershus gjennomfører no 77 pst. av elevane vidaregåande opplæring.

Overgangen til arbeidsmarknaden er ikkje god nok for delar av fag- og yrkesopplæringa. Særleg gjeld det for utdanningsprogramma service og samferdsel, restaurant- og matfag, design og handverk og helse- og oppvekstfag. Helse- og oppvekstfag og service og samferdsel har hatt stor vekst i talet på nyutdanna fagarbeidarar, samstundes som delen sysselsette fagarbeidarar har vorte redusert, særleg i helse- og oppvekstfag.

Trivselen til elevane er i gjennomsnitt god gjennom heile grunnopplæringa, og sidan 2008 har det vore ein auke i delen elevar som trivst godt eller svært godt. Delen elevar som liker skolearbeid godt eller svært godt, har også auka gradvis sidan 2008. I 2014 er det likevel i underkant av fem pst. som seier at dei blir mobba to til tre gonger i månaden eller oftare på 7. og 10. trinn.

Strategiar og tiltak

Tilstandsvurderinga viser at grunnopplæringa har mange sterke sider, men at måloppnåinga ikkje er god nok. Regjeringa har høge ambisjonar for den norske skolen, og gjennomfører derfor fleire nasjonale satsingar som skal styrkje lærarane si kompetanseevne til å undervise og læringsutbyttet til elevane.

Lærerløftet

Regjeringa arbeider for at alle barn og unge møter eit utdanningssystem med dyktige lærarar, gode skolar og medvitne skoleeigarar.

Vidareutdanning av lærarar og skjerpa kompetansekrav

Det statlege vidareutdanningstilbodet skal leggje til rette for at skoleeigarane skal vere i stand til å innfri krava til relevant kompetanse i undervisningsfag. I løpet av to år har regjeringa nesten tredobla talet på deltakarar, og med løyvingforslaget for 2016 vil over 5 000 lærarar få tilbod om vidareutdanning. Regjeringa har skjerpa kompetansekrava for undervisning i grunnskolen for alle lærarar som underviser i faga engelsk, matematikk, norsk, norsk teiknspråk og samisk. Desse faga skal prioriterast i opptak til vidareutdanningstilboda. Gjeldande strategi for vidareutdanning, Kompetanse for kvalitet, held fram til hausten 2016. Departementet har samarbeidd med Utdanningsforbundet, Norsk lektorlag, Skolelederforbundet, Nasjonalt råd for lærerutdanningene, KS og Skolenes Landsforbund om ein ny strategi for vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar.

Rektorutdanning

Kompetansen til skoleleiarane er avgjerande for å utvikle skolen som lærande organisasjon. Den nasjonale rektorutdanninga med statleg finansierte studieplassar er ført vidare for ein ny femårsperiode frå hausten 2015.

Undervisningspersonell utan godkjend utdanning

Frå og med hausten 2015 er det etablert ei stipendordning for tilsette i undervisningsstillingar som manglar lærarutdanning, og som er kvalifisert for praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), praktisk pedagogisk utdanning for yrkesfaglærarar (PPU-y) og yrkesfaglærarutdanning (YFL). Både personar som er tilsette i grunnskolen og vidaregåande skole kan søke. Departementet foreslår å føre ordninga vidare i 2016.

Nye karriereveggar for lærarar

Regjeringa vil utvikle nye karriereveggar for lærarar som ønskjer profesjonell utvikling utan å gå over i administrativ stilling. Frå hausten 2015 blir det gjennomført toårige pilotar med funksjon som lærarspesialist. I alt er 37 skoleeigarar valde ut til å delta. Lærarspesialistane skal ha norsk eller realfag som spesialiseringsområde i piloten. Oppgaver for lærarspesialistane vil til dømes vere fagleg vurdering, prosjektleiing, rettleiing av kollegaer og samarbeid med universitets- og høgskolesektoren. Lærarspesialistane vil få ein kompensasjon.

sjon på inntil 48 000 kroner i året, gjennom lønn eller kombinert lønn og redusert undervisnings-tid. Staten dekkjer halvparten av kostnaden for pilotane medan skoleeigarane dekkjer resten. Ordninga vil bli evaluert. Det vil i tillegg bli utvikla eit vidareutdanningstilbod for lærarar som ønskjer å kvalifisere seg som lærarspesialist. Ram-mene for tilbodet vil bli utvikla i samarbeid med representantar frå universitets- og høgskolesektoren og arbeidstakar- og arbeidsgivarpartane. Vidareutdanningstilbodet skal etter planen setjast i verk frå hausten 2016.

Femårig lærarutdanning

Regjeringa vil at lærarar skal ha større fagleg fordjupning og betre innsikt i forskings- og utviklingsarbeid og vitskapsmetode. Ny rammeplan for femårig mastergradsutdanning for lærarar skal fastsetjast våren 2016. Det blir arbeidd med sikte på å innføre dei nye mastergradsutdanningane frå 2017. Prioriterte fag skal vere lærarutdanningsfaga norsk, samisk, norsk teiknspråk, matematikk og engelsk. Sjå nærmare omtale under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Rettleiarkorpset

Regjeringa vil setje inn støttetiltak overfor dei skoleeigarane som treng det mest, og vil derfor endre bruken av rettleiarkorpset. Rettleiarkorpset skal vere ein ressurs som primært er mynta på skoleeigarar som har vist svake resultat over tid, og skal i samarbeid med fylkesmennene stimulere utvalde skoleeigarar til å arbeide målretta for å oppnå betre resultat. Sidan hausten 2014 har Utdanningsdirektoratet og fylkesmennene samarbeidd om å komme fram til indikatorområde og eit sett av kriterium som kan nyttast til å identifisere kommunar og fylkeskommunar som er i målgruppa for rettleiing, jf. *Lærerløftet*.

Rettleiarkorpset skal hjelpe dei utvalde skoleeigarane med å utvikle seg og oppnå betre resultat baserte på identifiserte behov og definerte utviklingsmål. Måla skal inngå i ein heilskapleg plan. Rettleiinga har som mål å utvikle skoleeigaren og skoleleiinga sin kompetanse i kvalitetsutvikling i eigen organisasjon. Dette kan mellom anna omfatte hjelp til bevisste val av ressursar for å utvikle seg, som å delta i ulike statlege/kommunale satsingar, bruke nasjonale senter og andre eksterne fagmiljø, bruke verktoy i Skoleporten, og anna. Det vil bli lagt vekt på å følgje utviklinga tett i opptil to og eit halvt år, og på å vurdere oppnådde resultat.

Andre kompetanseutviklingstiltak for tilsette i opplæringa

Etter- og vidareutdanning for dei tilsette i den pedagogisk-psykologiske tenesta

Departementet vil føre vidare *Strategi for etter- og vidareutdanning for tilsette i den pedagogisk-psykologiske tenesta (2013–2018)* i 2016. Strategien skal føre til at PP-tenesta jobbar meir systemretta gjennom auka kompetanse i organisasjonsutvikling og endringsarbeid, læringsmiljø og gruppeleiing, rettleiing og rådgiving. Satsinga skal føre til at skolane blir oppmoda om, og rusta til å gjere meir innanfor ramma av den ordinære tilpassa opplæringa.

Satsing på ungdomstrinnet

Departementet vil halde fram med satsinga på ungdomstrinnet gjennom *Ungdomstrinn i utvikling 2012–2017*. Satsinga er eit viktig nasjonalt tiltak for å styrkje skolen som lærande organisasjon og auke motivasjonen og læringsutbyttet til elevane.

Skolebasert kompetanseutvikling er eit grunnleggjande element i satsinga. Det inneber at skolen, med leiinga og alle tilsette, tek del i utviklingsprosessar på sin eigen arbeidsplass. Lærarar og leiarar ser i fellesskap på utfordringane i skolen, evaluerer sin eigen praksis og gjer endringar og utviklar opplæringa når det er nødvendig. På den måten blir det bygt eit lag på skolen til beste for elevane. Satsinga handlar om skolebasert kompetanseutvikling i klasseleiing, lesing, skriving og rekning. Departementet legg opp til at om lag 300 nye skolar skal starte opp hausten 2016. Kompetanseutviklinga i klasseleiing blir sett i samanheng med satsinga på betre læringsmiljø i skolen.

Opplæring av minoritetsspråklege

Kompetanse for mangfold 2013–2017 er ei femårig satsing på kompetanse for opplæring av minoritetsspråklege. Regjeringa vil føre vidare arbeidet med å utvikle denne kompetansen i universitets- og høgskolesektoren, hos skoleeigarar og barnehagestyresmakter, hos tilsette i barnehage og skole, og hos andre sentrale yrkesgrupper som er knytte til skolar og barnehagar. Målet for satsinga er at dei tilsette skal vere i stand til å støtte barn, elevar og vaksne med minoritetsbakgrunn på ein måte som fører til at desse i størst mogleg grad fullfører og består utdanningsløpet.

Yrkesfagløftet

For å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring og medverke til å dekkje behovet i arbeidslivet for fagfolk i framtida, gjennomfører regjeringa eit yrkesfagløft, i samarbeid med skoleeigarane og partane i arbeidslivet. For å nå måla skal departementet setje i gang og føre vidare tiltak som aukar fleksibilitet, relevans og kvalitet i fag- og yrkesopplæringa. Eit viktig tiltak er å fortsetje samarbeidet med partane om å utvikle ein tilbudsstruktur for yrkesfaga som er betre tilpassa kompetansebehova i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet vil på grunnlag av dette arbeidet leggje fram forslag til ny struktur i løpet av 2016. Tett samarbeid med arbeidslivet er naudsynt for at ein skal lykkast med tiltak som vekslingsmodellar og praksisbrev. Departementet har løyvt midlar til WorldSkills slik at dei kan samarbeide med fylkeskommunar og arbeidslivet for å prøve ut yrkeskonkurransar som metode i yrkesfaga.

Gode yrkesfaglærarar med oppdatert fagkunnskap bidrar til relevant og praktisk opplæring for elevane, noko som vil kunne føre til at fleire fullfører og består fagopplæringa. Departementet foreslår å setje i gang ei kompetansesatsing for yrkesfaglærarar. Satsinga skal bidra til å rekruttere fleire lærarar, syte for at fleire får ei godkjend lærarutdanning, og at yrkesfaglærarar har gode moglegheiter til å delta i etter- og vidareutdanning. Departementet vil halde fram med å leggje til rette for at lærarar skal hospitere i bedrift, og for at instruktørar skal hospitere i skolen.

Kvart år står mange ungdommar utan læreplass. Departementet vil saman med partane i arbeidslivet føre vidare arbeidet for at fleire skal få læreplass, i både offentleg og privat sektor. Dette omfattar mellom anna skjerping av krava om bruk av lærlingklausular i utlysingar av offentlege anbod, ei merkeordning for verksemdar med lærlingar og betre vilkår for læreverksemdar. Mellom anna er lærlingtilskottet auka med 10 000 kroner per lærekontrakt under Solberg-regjeringa, og regjeringa foreslår å auke lærlingtilskottet med ytterlegare 2 500 kroner per kontrakt i 2016. Det er behov for å leggje til rette for at personar med utanlandsk fagutdanning kan få kompetansen sin godkjent. Departementet ønskjer å opprette ei ordning for godkjenning av utanlandsk fagutdanning.

I statsbudsjettet for 2015 vart det løyvt 20 mill. kroner til ei ordning for å stimulere nye bedrifter til å ta inn lærlingar. Midlane vart løyvt

over rammetilskottet til fylkeskommunane. Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå, men at fylkeskommunane får høve til å nytte midlane friare for å motverke auka arbeidsløyse blant unge. Dei kan nyttast til auka lærlingtilskott for særleg utsatte fagområde, eller tiltak for å sikre at yrkesfagelevar som ikkje får læreplass og må ta Vg3 i skole får eit kvalitativt godt tilbod.

Satsing på realfag

Kompetansen i realfag til barn og unge etter avslutta grunnopplæring har ikkje vorte forbetra i dei siste 20 åra. Internasjonale undersøkingar, karakterstatistikk, gjennomføringstal i vidaregåande opplæring og undersøkingar av forkunnskapar til høgre utdanning viser på kvar sin måte midtels resultat. Samtidig er det større etterspurnad etter realfagleg kompetanse i arbeidslivet. Gjennom realfagsstrategien Tett på realfag for barnehagen og grunnopplæringa vil regjeringa snu den negative trenden og forbetre motivasjon, læring og resultat i realfaga. Strategien skal mobilisere og forplikte barnehagar, skolar og kommunar til endring lokalt. Regjeringa foreslår å styrkje strategien i 2016 ved å løyve ytterlegare 20 mill. kroner.

Regjeringa lanserte i statsbudsjettet for 2015 ei ordning med realfagskommunar som eit sentralt verkemiddel i den nye strategien. Realfagskommunane skal utvikle ein lokal strategi for å arbeide systematisk med å forbetre kompetansen og resultatata i realfag frå barnehage til fullført grunnskole, og departementet foreslår at ordninga blir utvida. Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver og læreplaner for fag skal fornyast. Vidare vil det bli starta tiltak for betre læring for elevar som slit i matematikk, og tiltak for at fleire elevar skal prestere på høgt og avansert nivå i realfag.

Noreg har eit lågt timetal i naturfag på barnetrinnet. Det låge timetalet gir lite tid til variert opplæring etter kompetansemåla i læreplanen. Regjeringa foreslår derfor å auke timetalet på 5.–7. trinn med ein veketime.

Ny nasjonal strategi for lesing og skrivning

Regjeringa vil i løpet av hausten 2015 leggje fram ein strategi for at dei som arbeider i barnehagar og i grunnopplæringa, skal bli enda betre til å gi språk-, lese- og skriveopplæring til barn og elevar. Det skal takast særskilt omsyn til spesifikke målgrupper, mellom anna gutar, minoritetsspråklege barn, barn og elevar som har språkvanskar og/eller lese- og skrivevanskar, og høgt presterande

elevlar. Strategien skal bidra til at personalet i barnehagar og skolar får oppdatert kunnskap om behova desse gruppene har, og korleis dei kan sikre best mogleg utvikling for den enkelte eleven og det enkelte barnet.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Program for bedre gjennomføring i vidaregåande opplæring vart etablert i forlenginga av *Ny GIV (2011–14)*. Programmet rettar seg mot elevlar med høg risiko for fråfall og ungdom som står utanfor opplæring og arbeid. Siktemålet er å få fleire ungdommar til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Departementet finansierer og leier eit nasjonalt nettverk der alle fylkeskommuner er representerte. Departementet har i samarbeid med det fylkeskommunale nettverket identifisert kritiske fasar i vidaregåande opplæring der det er særleg viktig å setje inn tiltak. Fylkeskommunane har meldt inn konkrete tiltak dei meiner har effekt, og departementet har systematisert desse til ei erfaringsbasert kunnskapsoversikt. Vidare har Kunnskapssenteret for utdanning utvikla ei internasjonal forskingsbasert kunnskapsoversikt over tiltak som kan vise til dokumentert effekt på gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Desse to kunnskapsoversiktene vil danne grunnlaget for det vidare arbeidet i *Program for bedre gjennomføring i vidaregåande opplæring*. Arbeidet i programmet rettar seg dels mot å betre det kontinuerlege utviklingsarbeidet i fylkeskommunane og dels mot å prøve ut ulike tiltak i fylka og å forske på desse for å finne ut kva for tiltak som har best effekt. Tilskottsordninga på kap. 226 post 60, som skal stimulere til at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring, blir derfor lagd om for å støtte opp under denne forskinga.

For å styrkje det arbeidet kommunane og fylkeskommunane gjer med utsette barn og unge under 24 år, har Kunnskapsdepartementet innleidd eit arbeid med Arbeids- og sosialdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. *0–24-samarbeidet* skal avdekkje felles utfordringar og fremme felles tiltak og strategiar for betre oppfølging av utsette barn og unge. Det overordna målet for samarbeidet er at færre fell utanfor ved at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring og kjem i arbeid. Departementa har for andre året gitt eit felles koordinert oppdragsbrev til direktorata sine. Direktoratata har fått i oppdrag å samordne sitt eige regelverk og sine egne verkemiddel for å styrkje tverrfaglege innsatsar som kan bidra til at fleire lykkast i skolen og fullfører vidaregåande opplæ-

ring. Innsatsen skal gjere det enklare for kommunane å samarbeide på tvers av fag- og regelverkgrenser. Dei involverte departementa har gitt alle fylkesmennene likelydande oppdrag om å bidra til *0–24-samarbeidet* på lokalt nivå.

Vidareutvikling av Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet (2006) har til hensikt å gjere elevlar og lærlingar betre i stand til å møte utfordringane i kunnskapssamfunnet, og å skape ein betre kultur for læring. Reforma har ført til eit skifte i merksemd i retning av at ein legg vekt på det utbyttete elevane og lærlingane har av opplæringa. Dei fulle effektane av reforma vil det ta enda fleire år å vurdere.

Det er sett ned eit offentleg utval som skal sjå på tiltak retta mot høgt presterande elevlar. Utvalet skal levere innstillinga si i løpet av hausten 2016.

Grunnopplæringa skal ha eit innhald som skal gi barn og unge den kompetansen som er nødvendig i eit framtidig samfunns- og arbeidsliv. Utvalet for skolen i framtida leverte i juni 2015 hovudrapporten sin, NOU 2015: 8 *Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser*. Rapporten har vore ute til brei høyring.

Departementet arbeider med å utvikle ein forny generell del av læreplanverket. Rammene for fornyinga er formålsparagrafen og dei verdiane som er nedfelte der, og som alle partia på Stortinget samla seg om i 2008. Ein forny generell del skal sørge for at verdiane i formålsparagrafen blir løfte tydeleg fram i opplæringa og skaper samanheng mellom formålet og læreplanar for fag.

Evalueringa av Kunnskapsløftet trekkjer fram at satsinga på elev- og lærlingvurdering har gitt større innsikt i vurderingspraksisen i skolen. Ein god vurderingspraksis og god kompetanse for lærarane er nødvendig for at elevane skal kunne få ei god og tilpassa opplæring og rettferdig sluttvurdering. Eit godt grunnlag for vurdering og rettferd i sluttvurderinga er framleis viktige utfordringar. Departementet har ført vidare den nasjonale satsinga på elevvurdering, jf. Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei*. Siste pulje av satsinga blir gjennomført frå 2015 til 2017.

Læringsmiljø og arbeidet mot mobbing

Regjeringa er oppteken av eit trygt og inkluderande barnehage- og skolemiljø. Mobbesaker er komplekse og kan ha store konsekvensar for enkeltpersonar, både i skolen og i barnehagen. Det er nødvendig med ei systematisk tilnærming til mobbeproblematikken, og regjeringa vil leggje

vekt på å gjere meir av det som verkar. Innsatsen skal vere målretta og kunnskapsbasert.

Regjeringas arbeid er bygget opp rundt følgjande mål og visjonar:

- Det skal ikkje skje
- Det skal nytte å seie ifrå
- Regelverket skal vere til nytte
- Kompetansen skal nå heilt ut
- Barnehage- og skoleeigaren er avgjerande
- Barn og unge skal stå i sentrum

Djupedalutvalet la i mars i år fram NOU 2015: 2 *Å høre til – Virkemidler for et trygt psyko-sosialt skolemiljø*. Utvalet hadde som mandat å vurdere dei samla verkemidla for å skape eit godt psykososialt skolemiljø og motverke og handtere mobbing og andre uønskte hendingar i skolen. Utvalet foreslår ei rekkje større regelverksendringar, mellom anna endringar i kapittel 9a i opplæringslova om å sikre det psykososiale miljøet til elevane, etablering av ny klagesaksgang med Barneombodet som første instans og ei ny skolemiljøklagenemnd som andre instans. Utvalet foreslår også ei stor-skala kompetanseheving i sektoren (skolebasert kompetanseheving).

Utvalet foreslår òg ei rekkje mindre endringar og presiseringar i opplæringslova som truleg krev mindre omfattande vurderingar. Regjeringa ser det ikkje som formålstenleg å høyre desse separat, men tek sikte på å sende eventuelle endringsforslag i ei samla høyring våren 2016.

Regjeringa vil vurdere grundig dei ulike tiltaka, og komme tilbake til Stortinget med forslag til oppfølging.

Alle delar av antimobbearbeidet må på lengre sikt styrkjast, frå å hindre at mobbing oppstår til avdekking og handtering av mobbing. Regjeringa arbeider derfor med å etablere ei meir systematisk tilnærming til arbeidet mot mobbing og for trygge og inkluderande barnehage- og skolemiljø. For å betre førebygginga vil regjeringa blant anna vurdere tiltak for kompetanseheving, og vurdere å endre lova slik at den blir enklare å forstå og enklare å etterleve. Vidare vil regjeringa vurdere tiltak for å oppdage og handtere mobbing. Foreldre, barn og unge skal oppleve at det nyttar å seie frå. Skolar, barnehagar og dei tilsette der skal ha kompetanse og verkemiddel som gjer at det nyttar å handle. Godt førebyggjande arbeid startar tidleg og derfor har regjeringa beslutta å inkludere barnehagane i arbeidet med et godt lærings- og barnehagemiljø.

Spesielt vanskelege saker må handterast betre. Regjeringa vil ha ein enklare og raskare klageprosess enn i dag, og har starta arbeidet med å

gå gjennom i dagens klageordning. Regjeringa tek sikte på å etablere ein meir forpliktande partnerskap og vidareutvikle samarbeidet med partane i dagens *Manifest mot mobbing*.

Grove mobbesaker dei seinare åra har vist at det er nødvendig med rask reaksjon og for regjeringa har det vore viktig å allereie nå sørje for at informasjon blir enkelt tilgjengeleg for barn og vaksne. Betre tilgjenge og dermed også raskare respons vart også understøtta i utgreininga frå Djupedalutvalet. I statsbudsjettet for 2016 foreslår derfor regjeringa etablering av ein ny portal på Internett som skal gjere det enklare for barn, unge og foreldre å finne informasjon om tiltak mot mobbing.

Kunst og kultur i opplæringa

Som eit ledd i oppfølginga av rapporten *Det muligens kunst* (2014) vil regjeringa frå 2016 organisere det statlege arbeidet med Den kulturelle skolesekken (DKS) som ei verksemd under Kulturdepartementet ved at Rikskonsertene får eit nytt og utvida mandat, nye oppgåver og ny styringsstruktur for å ta i vare det nasjonale ansvaret for DKS for alle kunst- og kulturuttrykk. Som ei følgje av omlegginga vil verksemda endre namn. Verksemda vil ha eit fagråd med representantar valde av begge departement og med relevante interessantar for DKS-ordninga. Kulturdepartementet vil ha eit konstituasjonelt ansvar for verksemda, men ho skal styrast i samhandling med Kunnskapsdepartementet. Verksemda skal ha kunstfagleg kompetanse i dei kunst- og kulturuttrykka som er omfatta av DKS-ordninga, og pedagogisk og skolefagleg kompetanse. Målet er å sikre eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod i skolen for barn og unge i heile landet, slik at det betre støttar det pedagogiske arbeidet og er med på å realisere skolens læreplanar. Samstundes skal byråkrati reduserast for både lærarar og utøvarar.

I *Det muligens kunst* vart det mellom anna etterlyst styrkt fagkompetanse i praktiske og estetiske fag. Frå 2016 blir kulturskolelærarar omfatta av vidareutdanningsstrategien Kompetanse for kvalitet.

Fråværsgrense i vidaregåande skole

Frå og med skoleåret 2016–17 vil det gjelde ei fråværsgrense i vidaregåande skole. Endringa inneber at eleven ikkje vil få halvårsvurdering med karakter eller standpunkt karakter i eit fag ved fråvær i meir enn ti pst. av timane i faget. Det vil like-

vel bli gjort unntak for fråvær som skyldast mellom anna sjukdom, politisk arbeid eller sjølvstendig studiearbeid etter avtale med læraren. Den nye fråværgrensa gjer det klart at elevane i vidaregåande skole må delta i opplæringa og vil kunne medverke til redusert fråvær. Elevar som deltek i opplæringa, vil lære meir. Fråværgrensa vil derfor kunne ha positiv verknad på gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Friare skoleval på tvers av fylkesgrensene

Regjeringa er oppteken av at elevane i vidaregåande opplæring skal ha større fridom ved val av skole. Departementet har sendt på høyring eit forslag om lovendring for å leggje til rette for at alle elevar fritt skal kunne søkje inntak til skolar i andre fylke. Forslaget inneber at elevane skal ha rett til å få skoleplass i andre fylke dersom det er ledig kapasitet. Forslaget vil gi elevane større valfridom samtidig som fylkeskommunane beheld ansvaret for å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for

elevar som er busett i fylket. Endringa vil gi erfaringar og danne grunnlag for framtidige vurderingar av behovet for eventuelle ytterlegare regelendringar som styrkjer eleven sin rett til å velje.

Byråkrati og rapportering i opplæringssektoren

Arbeidet med å redusere byråkrati og unødig rapportering i opplæringssektoren er omtalt i kap. 11 Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft. I opplæringssektoren er fleire statlege dokumentasjons- og rapporteringskrav i ferd med å bli fjerna eller reduserte i omfang. Mellom anna er vurderingsregelverket forenkla, rapporteringa til Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) er forenkla og dei obligatoriske kartleggingsprøvene i Vg1 er erstatta med frivillige læringsstøttande prøver som lærarane kan nytte fritt. Arbeidet med å forenkla det nasjonale tilsynet blir følgt opp hausten 2015. Det er vidare sett i gang eit arbeid for å betre språket og forenkla strukturen i opplæringslova.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	281 348	254 753	273 486
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	154 495	147 344	135 359
70	Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	55 210	55 478	57 087
	Sum kap. 0220	491 053	457 575	465 932

Løyvingane under kap. 220 finansierer faste driftsoppgåver i Utdanningsdirektoratet. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvaret for, men som blir finansierte over andre kapittel, til dømes mellombelse oppgåver knytte til kvalitetsutvikling og -vurdering i barnehagen og grunnopplæringa, jf. kap. 226 (grunnopplæring) og kap. 231 (barnehage). Omtale av verksemda til direktoratet er derfor dels plassert under andre kapittel i denne proposisjonen.

Direktoratet er delegert mynde i forvaltningsaker som gjeld

- etatsstyring av fylkesmannen på barnehageområdet og grunnopplæringsområdet
- tilsynsarbeid som følgjer av barnehagelova, opplæringslova, friskolelova, vaksenopplæringslova kap. 4 Diverse skolar og folkehøgskolelova

- tolking av barnehagelova, opplæringslova, friskolelova, vaksenopplæringslova kap. 4 Diverse skolar, og folkehøgskolelova med forskrifter på nasjonalt nivå, og å gi god rettleiing om regelverket for barnehagar og grunnopplæringa
- etatsstyring av statlege skolar som gir grunnopplæring, jf. kap. 222
- tilskott til minoritetsspråklege barn i førskolealderen, eksamensavvikling, friskolar, folkehøgskolar og andre formål, jf. kap. 225, 227, 228, 229, 231 og 253
- etatsstyring av det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped), jf. kap. 230
- styring av den faglege verksemda ved dei nasjonale sentera

Post 01 Driftsutgifter

Mål for 2016

Mål som er omtalte i innleiinga til programkategoriane 07.20 Grunnopplæringa og 07.30 Barnehagar, er førande for arbeidet til Utdanningsdirektoratet.

Mål for verksemda til direktoratet i 2016 er

- betre kompetanse i barnehagen og grunnopplæringa til å løyse dei prioriterte utfordringane i sektorane
- betre kvalitet i fag- og yrkesopplæringa
- eit godt kunnskapsgrunnlag og system for å vurdere og styrkje kvaliteten i barnehagen og i grunnopplæringa
- at regelverket blir forstått og følgt
- at barn, unge og vaksne med særskilde behov får eit tilrettelagt tilbod til rett tid

Måla ligg òg til grunn for Utdanningsdirektoratets styring av dei underliggjande og tilknytte verksemdene til direktoratet.

Kunnskapsdepartementet har i dialog med direktoratet utvikla styringsparametrar til alle måla for verksemda til direktoratet for betre å kunne vurdere om måla er nådde i 2016.

Kunnskapsdepartementet har gitt Difi i oppdrag å evaluere Utdanningsdirektoratet. Evalueringa blir ferdig hausten 2015 og skal gi ein gjennomgang og ei vurdering av måloppnåinga og ressursbruken til verksemda.

Rapport for 2014

Kunnskapsgrunnlag og system for å vurdere, følgje med på og styrkje kvaliteten

Direktoratet medverkar i stor grad til ny kunnskap om barnehagar og skolar. Gjennom forskning, statistikk og analysar er eit godt kunnskapsgrunnlag tilgjengeleg for barnehagar, skolar, barnehage- og skoleeigarar og styresmaktene. Det er likevel slik at det framleis ligg føre monaleg meir kunnskap om skolesektoren enn om barnehage-sektoren.

For at barnehagar og skolar skal få nytte av forskning og statistikk, har direktoratet lagt vekt på formidlingstiltak. I 2014 har direktoratet hatt spesielt gode røynsler med barnehagemagasinet *Vetuva*, som formidlar praksisrelevant forskning til barnehagar. Det er mellom anna utvikla verktøy som skal hjelpe skoleeigarar og skolar med å drive kunnskapsbasert kvalitetsutvikling lokalt. I 2014 vart resultatane frå nasjonale prøver presen-

terte på ein ny måte som gjer det enklare å følgje opp resultatane.

Forståing og etterleving av regelverk

Etter nokre års forsterka innsats på regelverksområdet ser direktoratet fleire indikasjonar på at forståinga av og etterlevinga av regelverka ute i sektorane har vorte betre. Det er framleis variasjonar i regelverksetterleving i sektorane.

Direktoratet har årlege seminar med embeta som omhandlar regelverksforståing. For skolesektoren er prosjektet *Regelverk i praksis* eit døme på tiltak som skal auke kompetansen om regelverket og hindre brot på regelverket.

I 2014 har direktoratet utvikla *RefLex*. Dette er eit verktøy som hjelper offentlege skolar og skoleeigarar med å vurdere om deira eigen praksis er i samsvar med opplæringslova. Verktøyet vart lansert i januar 2015. Det nettbaserte verktøyet gjer det mogleg for skolane å gjennomføre eigenvurderingar på utvalde tema og stille saman resultatane på skolenivå eller skoleeigarnivå. Foreløpig er tema frå felles nasjonalt tilsyn tilgjengelege i *RefLex*. Skolane og skoleeigarane har vore positive til verktøyet, og det er allereie teke i bruk i fleire kommunar og skolar.

Talet på klagesaker knytte til opplæringslova § 9a om å sikre det psykososiale miljøet til elevane har auka i dei siste åra. Direktoratet meiner at dette ikkje nødvendigvis er eit resultat av dårlegare regelverksetterleving, men at nasjonale tilsyn har auka merksemda om regelverket.

Frå 2014 har det vore ein felles metode for tilsyn frå fylkesmannen etter barnehagelova og opplæringslova. Metodearbeidet er stadig i utvikling. I 2014 vart det gjennomført i alt 109 tilsyn med 99 kommunar på barnehageområdet. Det er ført flest tilsyn med vekt på det ansvaret kommunen som lokal barnehagemyndigheit har for å sjå til at regelverket blir etterlevt i høve til barnehagelova § 8 *Kommunens ansvar* i kombinasjon med kommunen sitt tilsynsansvar etter § 16 *Tilsyn*. Funna frå tilsyn fylkesmennene har hatt med kommunen som barnehagemyndigheit i 2014, viser at kommunane framleis har ein veg å gå i arbeidet med å gi rettleiing og sjå til at barnehagedrifta er i samsvar med lover og reglar. Den rettslege forståinga kommunane har av rammene for og rolla som barnehagemyndigheit og godkjenningssmyndigheit, kan bli betre. For nærmare omtale, sjå programkategori 07.30 Barnehagar.

På opplæringsområdet er det ført 240 tilsyn med kommunar og fylkeskommunar. I det nye felles nasjonale tilsynet er det ført til saman 121 tilsyn, mens fylkesmennene har ført 119 eigeninitierte tilsyn. Tema for dei felles nasjonale tilsyna har vore arbeidet til skolen med læringsutbyttet til elevane, og skolebasert vurdering og forvaltningskompetanse. I det nasjonale tilsynet som vart gjennomført i 2014, vart det mellom anna avdekt at det i samband med spesialundervisning ikkje alltid er godt nok samsvar mellom enkeltvedtaket om spesialundervisning og den individuelle opplæringsplanen (IOP) som skolen skal utarbeide på grunnlag av enkeltvedtaket. Det vart òg avdekt brot på andre saksbehandlingsreglar i samband med spesialundervisning, noko som viser at forvaltningskompetanse er ei utfordring ei rekkje stader. Dessutan vart det ofte avdekt svikt i rutinane til skolane for å vurdere om opplæringa er eigna til å oppfylle måla i læreplanverket (skolebasert vurdering). Ved det eigeninitierte tilsynet til fylkesmennene er det ført flest tilsyn med det psykososiale miljøet til elevane. Andre tema på dei eigeninitierte tilsyna har mellom anna vore spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp, symjeundervisning, gratisprinsippet og fag- og yrkesopplæring.

Eit felles nasjonalt tilsyn på grunnopplæringsområdet blir gjennomført i perioden 2014–17. Som ein del av dette tilsynet er det innført rettleiingsaktivitetar i forkant av tilsynet, for å gjere skoleeigarar og skoleleiarar kjende med temaa for tilsynet, og for å gi dei høve til å gjere endringar i sin eigen praksis før tilsynsorgana kjem på besøk. I 2014 vart det på landsbasis gjennomført 88 rettleiingssamlingar. På dei fleste samlingane har det vore representantar frå både skoleleiinga og skoleleigarnivået. Til saman har om lag to tredelar av kommunane og fylkeskommunane delteke på samlingar. Utdanningsdirektoratet meiner at funna frå felles nasjonalt tilsyn viser at rettleiing i forkant av tilsyn har hatt ein positiv effekt. Tilbakemeldingane frå kommunane og skoleleiarane har òg vore positive.

Mange brot på regelverket blir retta opp undervegs i tilsynsprosessen. Rettingane skjer i all hovudsak mellom førebels og endeleg tilsynsrapport. I felles nasjonalt tilsyn blir om lag 60 pst. av pålegga som er varsla i førebelse tilsynsrapportar, retta opp før fylkesmannen utarbeider endeleg rapport. Dette viser at tilsyna set i gang ein positiv aktivitet hos skoleeigarar og skolar. Det viser òg at rettleiinga har gjort skoleeigarar og skolar meir medvitne om kva tiltak som kan eller må setjast i verk. I dei eigeninitierte tilsyna og i tilsyn på bar-

nehageområdet er det til samanlikning berre 30 pst. av pålegga som blir retta mellom førebels og endeleg rapport. Dette viser at det er tenleg å ha ei heilskapleg tilnærming til tema for tilsyn og tema for rettleiingsaktivitetar. Da det stadig blir avdekt mange brot på regelverket, er det framleis behov for å halde fram med eit visst tal på tilsyn. Dette er særleg viktig av omsyn til rettsvernet til barn og elevar.

Direktoratet fører òg tilsyn med frittstående skolar. I 2014 vart det gjennomført 80 tilsyn der ulike lovkrav vart kontrollerte. Tilsynet avdekte fleire brot på regelverket. Det vart ført tilsyn med tema som ansvaret til styret, bruk av statstilskott og skolepengar, psykososialt miljø, forvaltningskompetanse, nasjonale prøver, gjennomføring av Elevundersøkinga og skolelokale. Det vart mellom anna avdekt at skolane ikkje alltid arbeider tilstrekkeleg systematisk med arbeidsmiljøet til elevane, og at det òg er ei utfordring å få til god nok oppfylling av saksbehandlingsreglane i forvaltningslova, noko som kan gå ut over rettstryggleiken til elevane. Dessutan ser ein at styret ved dei frittstående skolane ofte ikkje meistarar oppgåva som øvste ansvarlege for skoledrifta, noko som òg fører til mangelfulle ordningar for å følgje opp regelverket. Det vart òg ført tilsyn med fem frittstående skolar der det vart avdekt manglar ved arbeidet til styret med å sørge for at skolen har ei forsvarleg økonomi- og rekneskapsforvaltning. Ein fann dessutan at to av skolane brukte statstilskottet og skolepengane på ein slik måte at det ikkje kom elevane til gode. Den vanlegaste reaksjonsforma i 2014 var pålegg om retting. Av dei 80 tilsyna vart det varsla pålegg om retting i 72 tilsyn. Talet på pålegg varierte ut frå tilsynstema og funn, men dei fleste skolane fekk fleire enn eitt pålegg. Når det gjeld dei ordinære tilsyna, varsla direktoratet òg to vedtak om tilbakebetaling av statstilskott på totalt om lag 640 000 kroner. Retting av regelbrot i samband med tilsyn viser at dei frittstående skolane endrar praksis dersom tilsynet avdekkjer lovbro.

Kompetanseutvikling

Direktoratet har i dei siste åra arbeidd mykje med utvikling og forvaltning av tiltak som aukar kompetansen for tilsette i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar og i grunnopplæringa. Dette har skjedd i samarbeid med universitet og høgskolar. Stadig fleire får tilbod om kompetanseutvikling. Både talet på tilbod og talet på deltakarar frå barnehagar og skolar har auka i løpet av 2014. For omtale av tiltak for kompetanseutvikling i

grunnopplæringa, sjå omtale under kap. 226 postane 21 og 22. For omtale av tiltak for kompetanseutvikling på barnehageområdet, sjå omtale under kap. 231 Barnehagar post 21.

Tilrettelagde tilbod til barn, unge og vaksne med særskilde behov

For at barn, unge og vaksne med særskilde behov skal få den hjelpa dei treng, må det finnast eit solid tilbod lokalt. Derfor arbeider direktoratet systematisk med å styrkje Statped, PP-tenesta og dei nasjonale sentera. Eit mål er auka samarbeid mellom det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped) og den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) i kommunane. Direktoratet har utarbeidd rettleiarar og støttmateriell til PP-tenesta. Alle leiarar og tilsette i PP-tenesta får tilbod om etter- og vidareutdanning. Samarbeidet mellom Statped og PP-tenesta er utvikla vidare i løpet av 2014. Regionale nettverk for leiarar av PP-tenesta er førte vidare, og nye nettverk er etablerte. I styringa av Statped har det vore lagt vekt på det vidare arbeidet med omorganiseringsprosessen. I mars 2014 fekk Statped på plass eit nytt fag- og tenestetilbod. Dette vil tydeleggjere kva for tenester Statped gir, og kva for rolle Statped har på barnehageområdet og i grunnopplæringa. For nærmare omtale av Statped, sjå kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei løyving på 273,5 mill. kroner i 2016. Departementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner til å følgje opp arbeidet med satsing på realfag og 1 mill. kroner til å følgje opp kompetansesatsinga for yrkesfaglærarar, sjå meir omtale av realfagsatsinga under kap. 226 post 21 og yrkesfaglærarsatsinga under kap. 226 post 22. I tillegg foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 15 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 220 post 21. Endringa gjer det mogleg for direktoratet å løyse oppgåver på IT-området med egne tilsette i staden for innleidde konsulentar.

Departementet foreslår at løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3220 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70, og post 70 Tilskott til læremiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21

Mål for 2016

Måla for Utdanningsdirektoratet er omtalte over. Løyvinga på post 21 er knytt til kostnader direktoratet har til større utviklingsprosjekt og oppdragsverksemd. Målet for dei tiltaka som blir finansierte over posten, er mellom anna god prøveutvikling og -gjennomføring, eit godt kunnskapsgrunnlag når det gjeldt tilstanden i sektoren, og å leggje til rette for god bruk av læreplanane.

Løyvinga på post 70 skal medverke til at det blir utvikla og produsert læremiddel der det ikkje er grunnlag for kommersiell produksjon. Dette gjeld læremiddel for smale fagområde, inkludert nynorske parallellutgåver, særskilt tilrettelagde læremiddel og læremiddel for språklege minoritetar. Utviklinga av læremiddel skal skje i samsvar med prinsippa om tilpassa opplæring og universell utforming, og ta vare på det fleirkulturelle perspektivet. Løyvingane på postane 21 og 70 må sjåast i samanheng.

Rapport for 2014

Frå midlane på post 21 er eit nytt statistikkssystem for Utdanningsdirektoratet vidareutvikla i 2014 og blir lansert for ekstern bruk i 2015. For Skoleporten er det gjennomført utvikling av brukargrensesnittet i samband med innføring av trend, og ny skala for nasjonale prøver samt nye indikatorar for fag- og yrkesopplæringa. Arbeid med nasjonale prøver, kartleggingsprøver, læringsstøttande prøver og karakterstøttande prøver har følgd planen for desse.

Utvikling og produksjon av eksamensoppgåvene og materiell for rettleiing til sentralt gitt eksamen i grunnskolen, i vidaregåande opplæring og i den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøver innanfor yrkesfaga blir finansierte under denne posten. Dette arbeidet har følgd planen i 2014. Utvikling av nytt eksamens- og prøvesystem for sentralt gitt og lokalt gitt eksamen, nasjonale prøver, kartleggingsprøver og diverse frivillige prøver er finansiert over posten. Systemet krev utvikling av nye IT-løysingar. Det nåverande systemet PAS (prøve- og administrasjonssystem) skal erstattast og PGS (prøvegjennomføringssystemet) må tilpassast.

Frå midlane på post 70 har Utdanningsdirektoratet i 2014 gitt tilskott til 16 ulike læremiddelprosjekt for elevar/lærlingar på smale fagområde.

Åtte prosjekt var parallellutgåver på nynorsk, to var nye læremiddelprosjekt, og seks prosjekt gjaldt utvikling av digitalt innhald til eksisterande prosjekt. 18 læremiddelprosjekt på området som har fått tilskott tidlegare år, vart ferdigstilte.

Det vart gitt tilskott til 15 nye læremiddelprosjekt for barnehagebarn, elevar og lærlingar med behov for særskild tilrettelegging. I 2014 vart det prioritert tilskott til læremiddel retta mot elevar med behov for alternativ, supplerande kommunikasjon – ASK. Tilskottet har gitt meir merksemd om ASK blant læremiddelutviklarar, og fleire av dei store forlaga er i gang med ASK-tilretteleggingar. Eit anna prioritert område var spelbasert læring i samband med læreplanane. 19 læremiddelprosjekt som har fått tilskott i tidlegare år, vart ferdigstilte.

Det er vidare gitt tilskott til læremiddel for innføringstilbod på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Det er læremiddel i morsmål og i tospråkleg fagopplæring for minoritetsspråklege elevar i heile grunnopplæringa. 17 læremiddelprosjekt på området som har fått tilskott tidlegare år, vart ferdigstilte. Det nordiske ordbokprosjektet

LEXIN og det nordiske samarbeidet om den fleirspråklege interaktive bildeordboka Bildetema er førte vidare.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei løyving på 135,4 mill. kroner i 2016 på post 21. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 15 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 220 post 01, jf. omtale under kap. 220 post 01. Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 21 med ytterlegare 500 000 kroner.

Departementet foreslår å føre løyvinga på post 70 vidare på same nivå som i 2015. Det nye prøve- og administrasjonssystemet (PAS2) grip funksjonelt og teknisk inn i prøvegjennomføringssystema (PGS) og fører til behov for endringar i desse systema. Framdrift og funksjonalitet i vidare utvikling av PAS- og PGS-systema vil bli tilpassa og må sjåast i samband med andre utviklingsprosjekt som blir finansierte over posten. Det er behov for ei tilsegnsmakt på 30 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Inntekter frå oppdrag	3 823	3 948	4 042
02	Salsinntekter o.a.	7 995	1 159	1 186
	Sum kap. 3220	11 818	5 107	5 228

Inntektene gjeld oppdragsverksemd, salsinntekter og refusjonar. Departementet foreslår å føre løyvingane vidare på same nivå som i 2015.

Kap. 221 Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	14 469	13 845	13 974
	Sum kap. 0221	14 469	13 845	13 974

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld drift av Foreldreutvalet for barnehagar, FUB, og Foreldreutvalet for grunnopplæringa, FUG. FUB og FUG har felles sekretariat, og får eitt tildelingsbrev.

FUB er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker som gjeld samarbeidet mellom barnehage og heim. Funksjonstida til det nåverande utvalet er ut 2018.

FUG er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker som gjeld samarbeid mellom skole og heim. Funksjonstida til det nåverande utvalet er ut 2015. Departementet vil oppnemne eit nytt utval frå 2016.

Mål for 2016

Hovudmålet for FUB i 2016 er å arbeide for eit godt samarbeid mellom barnehage og heim og ta i vare interessene til foreldra i barnehagesammenheng. For å nå dette målet skal FUB

- vere ein høyringsinstans og eit rådgivande organ overfor Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeidet mellom barnehage og heim
- gi informasjon og rettleiing til foreldre, dei tilsette i barnehagane og barnehageeigarar om verdien av samarbeid mellom barnehage og heim
- samarbeide med aktuelle aktørar i saker der det er viktig at foreldreperspektivet er til stades

Hovudmålet for FUG i 2016 er å arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og skole og ta i vare interessene til foreldra i skolesammenheng. For å nå dette målet skal FUG

- vere ein høyringsinstans og eit rådgivande organ overfor Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeidet mellom heim og skole
- gi informasjon, skoloring og rettleiing til foreldre og dei tilsette i skolen om verdien av samarbeid mellom heim og skole
- medverke til å få foreldre engasjerte i opplæringa
- samarbeide med aktuelle aktørar i saker der det er viktig at foreldreperspektivet er til stades

Rapport for 2014

FUB har halde eit høgt aktivitetsnivå i arbeidet for eit godt samarbeid mellom heim og barne-

hage. I tillegg til ordinære utvalsmøte har utvalet hatt dialog med relevante organisasjonar og institusjonar, delteke i 18 arbeids- og referansegrupper på nasjonalt nivå og har halde fleire foredrag i ulike forum. FUB har oppfylt oppgåva si som rådgivande organ og høyringsinstans for departementet og Utdanningsdirektoratet gjennom ulike møtepunkt og levering av høyringssvar. FUB har brukt ulike kanalar for å nå ut med informasjon til foreldre og barnehagar, og arrangerte mellom anna hausten 2014 ein nasjonal foreldrekonferanse for 200 foreldre med temaet «Foreldre i barnehage og skole – gode nok?». Konferansen vart arrangert saman med Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG). Utvalet hadde i 2014 ein auke i førespurnader frå foreldre, og har gitt rådgiving og rettleiing tilbake. Dei fleste førespurnadene er knytte til uro for bemanninga i barnehagane, samarbeidsproblem mellom heim og barnehage, retten foreldra har til å medverke og førespurnader om rådsorgana til barnehagen.

FUG har halde eit høgt aktivitetsnivå i arbeidet for eit godt samarbeid mellom heim og skole. I tillegg til ordinære utvalsmøte har utvalet halde ei rekkje foredrag, hatt kontakt med relevante organisasjonar og institusjonar og delteke i 21 arbeids- og referansegrupper på nasjonalt nivå. FUG har delteke i Nordisk Komité bestående av leiarane for dei nordiske foreldreråda, og i European Parents' Association (EPA). FUG har oppfylt oppgåva si som rådgivande organ og høyringsinstans for departementet gjennom ulike møtepunkt og levering av høyringssvar. FUG får mange førespurnader frå foreldre, og gir rådgiving og rettleiing tilbake. I 2014 fekk FUG 605 førespurnader frå føresette og representantar for føresette. Dei fleste førespurnadene gjeld organiseringa i skolen og rådsorgana, men læringsmiljø, mobbing og problematisk kommunikasjon med rektor kjem òg ofte opp. FUG har brukt ulike kanalar for å nå ut med informasjon til foreldre og skolar som skal bevisstgjere foreldre om kor viktige dei er for læringa til barna.

Budsjettforslag 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	99 817	91 464	88 826
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 406	1 452	1 491
	Sum kap. 0222	101 223	92 916	90 317

Løyvingane under kapitlet gjeld

- drift av Sameskolen for Midt-Noreg, Hattfjell-dal
- drift av Samisk vidaregåande skole i Karasjok og Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino
- lønn etter rettsvilkårsavtalen for personale ved nedlagde statlege skolar og ventelønn for personale frå avvikla statsinternat i Finnmark

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Mål for 2016

Målet for løyvingane til dei samiske skolane er mellom anna å halde oppe og utvikle vidare samisk identitet, språk og kultur. Opplæringa ved skolane følgjer Kunnskapsløftet – Samisk.

Det er fatta vedtak om ombygging/nybygg ved skolen i Karasjok, og byggjeprojektet starta opp våren 2015. Dette er eit kurantprosjekt under oppføring av Statsbygg, dekt over Kommunal- og moderniseringsdepartementets kap. 2445 post 34. Ferdigstillinga av nytt tilbygg for byggfag og ombygginga av spesialrom er planlagde i januar 2016. Planar for nybygg ved skolen i Kautokeino er under vurdering.

Rapport for 2014

Sameskolen for Midt-Noreg

I skoleåret 2014–15 fekk 45 elevar fjernundervisning ved skolen, mot 60 elevar i 2013–14 og 57 elevar i 2012–13. Elevane som får fjernundervisning på sør-samisk har òg tilbod om språksamlingar på skolen. I språksamlingane får elevane sjå, høyre og bruke det samiske språket, mellom anna gjennom samiske kulturaktivitetar. Skolen fekk i 2014 ei tildeling på 8 mill. kroner over post 01.

Samiske vidaregåande skolar

Hausten 2014 hadde Samisk vidaregåande skole i Karasjok 127 fulltidselevar og 14 deltidselevar. I 2013 var det 130 fulltidselevar. Skolen gir også eksternt finansierte kurs. Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino hadde hausten 2014 78 fulltidselevar og 14 deltidselevar. I 2013 var det 76 fulltidselevar. I tillegg til den ordinære undervisninga gir skolane fjernundervisning i samisk. Skolane gir òg deltidsopplæring til elevar som startar i løpet av skoleåret.

Begge skolane er opne for samiske elevar frå heile landet, og dei held fram med ordninga med vertsfamiliar primært for dei yngste tilreisande elevane.

Ventelønn

I samband med tidlegare nedlegging av statlege skolar og statsinternat i Finnmark er det utbetalt 2,1 mill. kroner i 2014 i ventelønn til tidlegare tilsette ved desse skolane og statsinternata.

Budsjettforslag for 2016

Sameskolen for Midt-Noreg har ikkje hatt faste elevar sidan skoleåret 2010–11. I dei siste åra har skolen fylt ein funksjon ved å gi samisk fjernundervisning og språksamlingar til elevar som går på andre skolar. Elevane kjem frå både Noreg og Sverige. Departementet foreslår å avvikle Sameskolen for Midt-Noreg frå hausten 2016. Elevane sin rett til samiskopplæring følgjer av opplæringslova kap. 6, og blir følgeleg ikkje endra ved avvikling av skolen. Fylkesmannen i Nordland og Fylkesmannen i Finnmark har eit nasjonalt ansvar for koordinering av samisk fjernundervisning, og vil i samarbeid med dei partane det angår, sjå på aktuelle løysingar for den vidare samiskundervisninga til dei norske elevane som har motteke samisk fjernundervisning ved skolen. Som ei følge av

avviklinga foreslår departementet at løyvinga på post 01 blir redusert med 3,3 mill. kroner.

Departementet foreslår at løyvinga til dei to samiske vidaregåande skolane blir ført vidare på same nivå som i 2015, slik at samla løyving på postane 01 og 45 blir 90,3 mill. kroner.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3222 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2014	budsjett 2015	2016
02	Salsinntekter o.a.	12 668	5 030	5 150
	Sum kap. 3222	12 668	5 030	5 150

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskolane for fjernundervisning.

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Kap. 223 Sametinget

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2014	budsjett 2015	2016
50	Tilskott til Sametinget	39 043	40 331	41 501
	Sum kap. 0223	39 043	40 331	41 501

Post 50 Tilskott til Sametinget

Mål for 2016

Målet for tilskottet er å medverke til finansiering av utdanningsformål i Sametinget, inkludert utvikling og produksjon av læremiddel for samiske elevar, medrekna spesialpedagogiske læremiddel, læreplanarbeid og -utvikling og tilskott til råd og rettleiing om samisk opplæring. Det er eit høgt prioritert mål for tilskottet at dei samiske elevane skal få raskare og betre tilgang til læremiddel på sitt eige språk.

Rapport for 2014

Det er stadig mangel på samiske lærarar og samiske læremiddel. Sametinget gir informasjon

om samiske læremiddel gjennom læremiddelportalen Ovttas.no og gjennom læremiddelsentralen i Sametinget.

Hovudsatsinga i 2014 for ordinære læremiddel i grunnopplæringa var heildekkjande læremiddel i samisk som andrespråk. Innanfor særskilt tilrettelagde læremiddel har Sametinget prioritert læringsressursar ut frå innrapporterte behov for alternativ og supplerande kommunikasjon.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Kap. 224 Senter for IKT i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	63 266	60 733	61 000
21	Særskilde driftsutgifter	38 738	23 913	23 983
	Sum kap. 0224	102 004	84 646	84 983

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Måla for grunnopplæring og barnehage, jf. innleiinga til programkategoriane 07.20 Grunnopplæringa og 07.30 Barnehagar, er førande for arbeidet til Senter for IKT i utdanninga.

Mål for 2016

Mål for verksemda til senteret i 2016 er

- auka digital kompetanse hos tilsette i barnehagen og i grunnopplæringa
- auka kvalitet i det pedagogiske arbeidet med digitale dugleikar hos barn og unge
- auka kvalitet i infrastrukturen og dei administrative prosessane i sektorane

Senteret følgjer opp arbeidet med ei nasjonal identitetsforvaltning for utdanningssektoren basert på Feide – Felles elektronisk identitet. Senteret skal arbeide for at Feide skal nyttast på alle personifiserte tenester i opplæringa som krev pålogging. Senteret skal medverke til at Feide blir teke i bruk i alle kommunar. Feide og utvikling av tenester til Feide vil vere ein av grunnkomponentane i å etablere ei plattform for betre samhandling og distribusjon av digitale læringsressursar.

Kunnskapsdepartementet er i dialog med senteret om å utarbeide styringsparametrar for måla for verksemda. Dei er planlagde tekne inn i tildeingsbrevet til senteret for 2016.

Rapport for 2014

For å oppnå betre bruk av IKT for auka kvalitet, styrkt læringsutbytte og betre læringsstrategiar i opplæringa tilbyr senteret mellom anna ei lang rekkje IKT-baserte ressursar og tenester. Eit viktig døme er tenesta IKTplan.no, som både er eit komplett undervisningsopplegg i samband med digitale dugleikar og eit planverktøy for skoleleiarar og skoleeigarar. Eit anna døme er dei gode

praksis eksemplane som blir spreidde gjennom tenesta IKT i praksis (iktipraksis.iktsenteret.no). Webtenestene til senteret har òg høge brukartal, og samla bruk var i 2014 om lag 4 millionar brukarsesjonar. I tillegg har senteret aktivitet retta direkte mot barnehagar, skolar og lærarutdanningar, til dømes med ulikt materiell, kurs, foredrag, konferansar og nettverksaktivitetar.

I 2014 har det vore ein betydeleg auke i talet på barnehagar, skolar, barnehagelærarar, lærarar, skoleleiarar og barnehage-/skoleeigarar som har teke del i tilboda til senteret. Mellom anna har fleire enn 15 000 lærarar og skoleleiarar delteke i ulike konferansar, seminar og samlingar i regi av senteret, mot om lag 5 000 deltakarar i 2013. Dette er ein indikasjon på at tiltaka og verkemidla er viktige og relevante. Tala tyder også på at målgruppene til senteret har ei aukande interesse for å styrkje kompetansen i systematisk arbeid med digitale dugleikar.

Senteret har i 2014 styrkt og utvikla vidare kunnskapsgrunnlaget for korleis IKT bør integrerast og brukast i lærarutdanningane.

Senteret sette i 2014 informasjonstryggleik og personvern på dagsordenen i samarbeid med andre sentrale aktørar på nasjonalt nivå. Innføring og bruk av Feide i kommunane har i mange tilfelle ført til ei profesjonalisering av interne administrative prosessar i samband med tryggleik og personvern. Måлтаlet for 2014 om at 90 pst. av brukarane i grunnopplæringa nyttar Feide, er nådd. Det har vore ein markant auke, på 44 pst., frå 2013 til 2014 i talet på Feide-innloggingar. Det vart gjennomført 57 millionar innloggingar med bruk av Feide i 2014. Feide utviklar stadig nye funksjonar som gjer det lettare å tilpasse digitale tenester til ulike behov og gjere desse tilgjengelege for den einskilde eleven.

Senteret har drifta og utvikla vidare *Den virtuelle matematikkskolen* (DVM) og starta arbeidet med å etablere ei digital plattform for etter- og vidareutdanning av lærarar, *MatematikkMOOC*, i 2014. Sjå nærmare omtale under kap. 226 post 21.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår samla løyvingar til sentret på 85 mill. kroner i 2016. Løyvingsforslaget på post 21 er redusert med 500 000 kroner.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3224 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3224 Senter for IKT i utdanninga

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Inntekter frå oppdrag o.a.	7 190	1 594	1 632
	Sum kap. 3224	7 190	1 594	1 632

Post 01 gjeld inntekter frå oppdragsverksemd, i hovudsak frå EU-prosjekt og frå Universitetet i

Oslo. Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	24 259	21 865	22 261
21	Særskilde driftsutgifter	93 380	101 166	100 443
60	Tilskott til landslinjer	191 091	202 772	211 531
62	Tilskott til dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv	22 290	23 003	23 670
63	Tilskott til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	50 461	58 551	58 975
64	Tilskott til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg	108 808	160 410	174 622
65	Rentekompensasjon for skole- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>	510 808	465 500	334 218
66	Tilskott til leirskoleopplæring	43 811	46 887	48 247
67	Tilskott til opplæring i finsk	7 368	8 306	8 059
68	Tilskott til opplæring i kriminalomsorga	246 866	256 167	272 918
69	Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma	227 538	222 194	216 826
70	Tilskott til opplæring av lærlingar og lære kandidatlar med særskilde behov	53 796	50 408	57 870
71	Tilskott til kunst- og kulturarbeid i opplæringa	17 876	25 594	26 336
72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram og organisasjonar	5 630	6 290	6 290
73	Tilskott til studieopphald i utlandet	10 726	13 754	14 153
74	Tilskott til organisasjonar	23 964	15 432	18 380
	Sum kap. 0225	1 638 672	1 678 299	1 594 799

Post 01 Driftsutgifter

Mål for 2016

Målet med løyvinga er å finansiere dei administrative kostnadene som fylkesmannen har ved å administrere sentralt gitt eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring.

Rapport for 2014

Sjå omtale under kap. 225 post 21.

Budsjettforslag for 2016

Løyvingsforslaget er ført vidare på same nivå som i 2015.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten vart oppretta i budsjettet for 2014. Løyvinga dekkjer utgifter til sensur og klagehandsaming, som er kostnader til lærarar som har teke på seg oppdrag med å vere sensorar ved sentralt gitt eksamen. Midlane blir utbetalte via fylkesmannen. Ordninga er heimla i forskrift til opplæringslova § 3-26 og i Kunnskapsløftet om gjennomføring av eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring.

Mål for 2016

Målet for løyvinga er å finansiere gjennomføringa av sentralt gitt eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring, og den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøva innanfor yrkesfaga.

Rapport for 2014

Våren 2014 vart det gjennomført om lag 77 000 eksamenar i grunnskolen og om lag 180 000 i vidaregåande opplæring. Det vart handsama om lag 9 000 klager i vidaregåande opplæring og 1 500 i grunnskolen. Totalt var det om lag 3 300 sensorar som deltok i sensorarbeidet. Totalt vart om lag 65 pst. av eksamenssvara leverte elektronisk i Prøvegjennomføringssystemet (PGS), men i mange fag er prosentdelen over 90.

Våren 2014 gjennomførte direktoratet forsøk med eksamen med tilgang til Internett i nokre utvalde fag for tredje år på rad. Evalueringa viser at elevar og lærarar som deltok i forsøket, er positive til eksamen med tilgang til Internett, og at Internett langt på veg fungerer som eit hjelpemiddel på linje med andre hjelpemiddel til eksamen. Elevane seier at dei har hatt nytte av tilgang til

Internett, uavhengig av fagleg nivå. Lærarar og sensorar er meir delte i synet på om Internett er eit godt hjelpemiddel til eksamen, men lærarane er langt meir positive til ordninga nå enn dei var i 2012. Forsøket vart ført vidare til og med våren 2015.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å løyve 100,4 mill. kroner på posten i 2016. Løyvingsforslaget er redusert med 3 mill. kroner som følgje av venta nedgang i talet på eksamenskandidatar.

Post 60 Tilskott til landslinjer

Mål for 2016

Målet for tilskottsordninga er å medverke med finansiering til fylkeskommunar med landslinjer slik at elevar frå heile landet kan få eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande opplæring. Tilskottet skal gå til drift av landslinjene og innkjøp av utstyr. Kunnskapsdepartementet har i 2015 gjennomgått tilskottsordninga, slik det vart varsla i Prop. 1 S (2014–2015). Departementet ser ikkje behov for endringar i ordninga i denne omgangen, men vil vurdere dette nærmare etter at ein har gjort erfaringar med eit friare skolevalg på tvers av fylkesgrensene.

Rapport for 2014

Kapasiteten i skoleåret 2014–15 var på 1 460 heilårsplassar. Kapasitetsutnyttinga samla for alle landslinjene var på om lag 86 pst. hausten 2014 og om lag 81,6 pst. våren 2015.

Budsjettforslag for 2016

Det er oppretta ei ny landslinje for natur- og miljøfag ved Rjukan videregående skole frå hausten 2015. Landslinja er oppretta med ein kapasitet på 30 elevar per trinn, totalt 90 elevplassar. Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,2 mill. kroner i 2016, knytt til vøreffekt av Vg1-tilbodet og til oppstart av Vg2-tilbod frå hausten 2016.

Departementet foreslår vidare å auke løyvinga med 650 000 kroner for å auke kapasiteten til landslinja i skiidrett ved Meråker videregående skole med 20 elevplassar frå hausten 2016. Etter dette vil landslinja ha ein kapasitet på 90 elevar, mot dagens 70.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 2,9 mill. kroner.

Post 62 Tilskott til dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv

Sameskolane i Snåsa og Målselv er kommunale. Det blir gitt tilskott til drift av skolane og tilhøyrande internat. Skolane har heile landet som opp-taksområde.

Mål for 2016

Målet for tilskottsordninga er å medverke til å halde oppe og utvikle samisk identitet, språk og kultur. Opplæringa ved skolane følgjer Kunnskapsløftet –Samisk.

Rapport for 2014

Skolen i Snåsa hadde tolv elevar hausten 2014, mot elleve elevar året før. I tillegg fekk sju elevar fjernundervisning, mot seks elevar året før. Skolen i Målselv hadde elleve elevar hausten 2014, mot 15 elevar året før. I tillegg fekk elleve elevar fjernundervisning, mot 13 elevar året før. Tre elevar i ein annan kommune fekk undervisning av ein lærar frå skolen.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 63 Tilskott til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Under denne posten er det tre tilskottsordningar: ei ordning for samiskopplæring i grunnskolen, ei ordning for samiskopplæring i den vidaregåande opplæringa og ei ordning med studieheimlar i samisk for lærarar i grunnopplæringa. Frå hausten 2015 er målgruppa for ordninga med studie-

heimlar for lærarar utvida frå å omfatte lærarar i grunnskolen i dei fire nordlegaste fylka, til å omfatte lærarar i heile grunnopplæringa og i heile landet.

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å bidra med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og frittstående skolar som tilbyr samiskopplæring i samsvar med § 6-2 og § 6-3 i opplæringslova. Elevane får opplæring i samisk som førstespråk (samisk 1) eller samisk som andrespråk (samisk 2/samisk 3/samisk 4). Samisk 4 er eit tilbod for nybegynnarar i samisk i vidaregåande opplæring. Det er berre elevar som ikkje har hatt samisk i grunnskolen, som kan velje dette alternativet. Eit anna mål med tilskottet er å styrkje kompetansen i samisk til lærarar i grunnopplæringa.

Rapport for 2014

Tabellen under viser at talet på grunnskoleelevar som vel samisk som førstespråk, er om lag uendra frå skoleåret 2013–14 til skoleåret 2014–15. For samisk som andrespråk har det derimot vore ein liten reduksjon, med ni elevar eller om lag 0,7 pst. Samla for samisk som språkval utgjer reduksjonen frå 2013–14 til 2014–15 i alt ti elevar og om lag 0,5 pst.

Tidlegare års statistikk viser at i dei to skoleåra frå 2009–10 til 2011–12 vart elevtalet som valde samisk som språkform, samla sett redusert med om lag 7,8 pst., eller 183 elevar. I høve til dette synest såleis elevtalsreduksjonen for val av samisk språk å ha flata noko ut i dei siste to skoleåra, med ein samla reduksjon på 0,5 pst. eller ti elevar frå 2012–13 til 2014–15, jf. tabellen nedanfor.

Tabell 4.1 Tal på grunnskoleelevar som har samisk som første- og andrespråk

Skoleår	2011–12	2012–13	2013–14	2014–15
Samisk som førstespråk	940	930	916	915
Samisk som andrespråk	1 213	1 196	1 210	1 201
Totalt	2 153	2 126	2 126	2 116
Endring frå året før		-1,3 pst.	0,0 pst.	-0,5 pst.

Kjelde: Grunnskolens Informasjonssystem (GSI)

Ved teljedato 2. mai 2015 var det i alt 255 elevar/lærlingar som fekk opplæring i samisk i vidaregåande opplæring ved fylkeskommunale og frittståande vidaregåande skolar. Dette er ein reduksjon på 19 elevar samanlikna med året før, da 274 elevar/lærlingar fekk opplæring i samisk.

Bruk av studieheimlar var vesentleg høgre i 2014 enn i dei to føregåande åra. Samla tilskottsutbetaling var på ca. 1,7 mill. kroner i 2014, ein auke på om lag 66 pst. i høve til 2013. Dette skyldast særleg at Troms hadde søkjarar til ordninga i 2014, etter at det i dette fylket ikkje vart tildelt studieheimlar i 2013 eller 2012. Etter at ordninga er utvida frå og med 2015 til å gjelde heile landet og også å omfatte vidaregåande opplæring, er det venta at det for seinare år kan bli større søkning om studieheimlar i samisk språk.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei løyving på 59 mill. kroner.

Post 64 Tilskott til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg

Ordninga skal finansiere opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg. Dette omfattar asylsøklarar og personar som søker om familiegjensameining. Ordninga inkluderer tilskott til tre grupper:

- barn og unge til og med 15 år som har rett og plikt til grunnskoleopplæring
- ungdom mellom 15 og 18 år som søker opphald, og som har rett til grunnskoleopplæring
- ungdom mellom 15 og 18 år som søker opphald, og som har rett til vidaregåande opplæring

Tilskuddsordninga er begrensa til dei som bur på mottak/omsorgssenter eller oppheld seg lovleg i landet.

Mål for 2016

Målet for tilskottet er å bidra med finansiering til kommunar og fylkeskommunar slik at barn og unge som søker opphald i Noreg, får grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 2-1 andre ledd og § 3-1 tolvte ledd.

Rapport for 2014

Våren 2015 fekk 960 barn i grunnskolealderen og 146 i aldersgruppa 16–18 år som er busette i mot-

tak, opplæring. 102 einslege mindreårige asylsøklarar i omsorgssenter fekk opplæring.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei samla løyving på 174,6 mill. kroner. Løyvingsforslaget er auka med 9 mill. kroner som følgje av ein venta auke i talet på barn og unge som søker opphald i Noreg.

Post 65 Rentekompensasjon for skole- og symjeanlegg, kan overførast

Mål for 2016

Målet med ordninga er å stimulere kommunar og fylkeskommunar til å byggje nye skoleanlegg, samt rehabilitere og ruste opp gjeldande anlegg. Ordninga omfattar også offentlege symjeanlegg som skolen bruker i undervisninga si.

Tildelingskriterium

Tilsegn om rentekompensasjon gitt før 2015 er fastsett sjablongmessig med utgangspunkt i eit serielån med 20 års løpetid i Husbanken. Kommunane står fritt til å velje om finansiering skal skje med eller utan opptak av lån, og dei vel fritt kva låneinstitusjon som skal nyttast. Husbanken gir ikkje lån til tiltaka. Rentekostnadene for heile 20-årsperioden blir dekte med utgangspunkt i eit tilsvarende lån med flytande rente i Husbanken.

Tilsegn om rentekompensasjon gitt frå og med 2015 blir fastsett med utgangspunkt i eit påslag på 0,5 prosentpoeng på gjennomsnittet av observert marknadsrente over to månader på statspapir (statskassevekslar) med gjenstående løpetid frå null til tre månader.

Tilskott til rentekompensasjon blir i hovudsak utbetalt ein gong per år, i desember. Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til kommunale og fylkeskommunale skole- og symjeanlegg. Ved innføring av ordninga med rentekompensasjon vart det teke sikte på ei investeringsramme på totalt 15 mrd. kroner over åtte år. Den samla investeringsramma vart fordelt på den ein-skilde kommunen og fylkeskommunen. Innanfor si ramme kan kommunar og fylkeskommunar også søkje om rentekompensasjon på vegner av frittståande grunnskolar og frittståande vidaregåande skolar med rett til statstilskott.

Rapport for 2014

Kommunar og fylkeskommunar har vist stor interesse for ordninga etter at ho vart innført i 2002.

Opphaveleg hadde ordninga ei investeringsramme på 15 mrd. kroner. Heile ramma vart fasa inn i budsjetta i løpet av dei seks første åra med ordninga. I statsbudsjettet for 2009 vart ordninga utvida, med sikte på ei investeringsramme på nye 15 mrd. kroner fordelte over åtte år. Frå 2009 til og med 2015 er 14 mrd. kroner av ramma fasa inn i budsjettet.

Totalt omfattar ordninga for perioden 2009 til 2014 2 196 prosjekt ved 1 350 skolar.

Budsjettforslag for 2016

I saldert budsjett for 2015 vart 3 mrd. kroner av investeringsramma fasa inn, slik at det stod att 1 mrd. kroner for å innfri den totale investeringsramma på 15 mrd. kroner. Prognoser frå Husbanken viser at om lag 700 mill. kroner av den auka investeringsramma, ikkje vil bli nytta i 2015. Husbanken sett i verk tiltak for å redusere mindreforbruket. Likevel meiner departementet at investeringsramma må reduserast i 2015 av omsyn til realistisk budsjettering. Departementet tek derfor sikte på å foreslå å redusere ramma med 0,5 mrd. kroner i nysalderinga av 2015-budsjettet. For at heile den totale investeringsramma for ordninga skal bli fasa inn, foreslår regjeringa derfor å fase inn 1,5 mrd. kroner i 2016, jf. forslag til vedtak III nr. 3. Budsjetteffekten av forslaget utgjer 7,5 mill. kroner i 2016.

Til saman foreslår departementet å løyve 334,2 mill. kroner på posten. Kompensasjonen er knytt til renteutgifter for investeringar innanfor rammene på til saman 30 mrd. kroner, som det er gitt tilsegn om i perioden 2002–15 (29 mrd. kroner), og som det blir foreslått å gi tilsegn om i 2016 (1,5 mrd. kroner). Endra renteføresetnader for gitte tilsegn før 2016 gir isolert eit redusert løyvingbehov på 138,8 mill. kroner.

Post 66 Tilskott til leirskoleopplæring

Etter opplæringslova § 2-3 første ledd kan ein del av undervisningstida brukast til leirskoleopplæring. Dette blir i retningslinjene for tilskott til leirskoleopplæring definert som leirskoleopplæring ved bemanna leirskole eller annan aktivitet med ei varigheit på minst tre overnattingar i samanheng.

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å bidra til å dekkje utgifter kommunane har til leirskoleopplæring ved leirskoleopphald. Kommunane har ansvaret for å finansiere sjølve leirskoleopphaldet. Kommu-

nane kan søkje om tilskott til å dekkje leirskoleopplæringa. Tilskottet skal fullt ut nyttast til opplæring i samband med leirskoleopphald, eller til annan aktivitet/opplæring som fyller kravet om at opphaldet skal ha ei varigheit på minst tre overnattingar.

Rapport for 2014

Tal frå Grunnskolen Informasjonssystem (GSI) viser at 9,4 pst. av alle elevane i grunnskolen planla å reise på leirskole i skoleåret 2014–15. Dette talet har lege på om lag ti pst. sidan 2001. Ettersom grunnskolen til saman utgjer ti år, og om lag ti pst. planlegg å reise på leirskole kvart år, tyder dette på at dei fleste elevane får eit tilbod om leirskoleopphald i løpet av grunnskolen. I GSI-registreringa per 1. oktober blir det rapportert om gjennomførte og planlagde leirskoleopphald for gjeldande skoleår.

Tilskottet til leirskoleopplæring blir tildelt etter søknad, på grunnlag av faktisk gjennomførte opphald. Registrering og oppsummering av desse opplysningane vart for første gong rapportert elektronisk i tertialrapportar frå fylkesmennene i 2013. Rapporteringa for kalenderåret 2014 viser noko lågare elevtal enn GSI-tala. Sjølv om denne rapporteringsmåten er ny og det enno kan vere noko uvisse kring resultatane, kan det tyde på at det var noko færre elevar som fekk opplæring ved leirskolar samanlikna med dei førebelse plantala til kommunane.

Budsjettforslag for 2016

Kunnskapsdepartementet viser til oppmodingsvedtak nr. 273 av 11. desember 2014 i samband med handsaminga av Prop. 1 S (2014–2015) og Prop. 1 S Tillegg 3 (2014–2015), jf. Innst. 12 S (2014–2015):

«Stortinget ber regjeringa om å gjennomgå praktiseringen av gratisprinsippet i leirskoleopplæringa, slik at dette tilbudet kan sikres på en god måte.»

Det følgjer av opplæringslova at offentleg grunnskole skal vere gratis for elevane og foreldra. Gratisprinsippet skal sikre alle barn like moglegheiter til å delta i alle aktivitetar i grunnskolen, uavhengig av økonomien til foreldra.

Regelverket er klart på at kommunen ikkje kan krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til leirskoleopphald. Opplærings-

lova er ikkje til hinder for at skolane kan ta imot ulike former for gåver, til dømes pengegåver, dugnadsinnsats og liknande. For at slike bidrag ikkje skal komme i konflikt med gratisprinsippet, må dei vere reelt frivillige. Det kan ikkje stillast krav om gjengjeld, og midlane må nyttast slik at dei kjem alle elevane til gode. Alle i gruppa skal få delta uavhengig av om foreldra deira har gitt slike bidrag. Fylkesmannen rettleier om regelverket og fører tilsyn.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2015.

Post 67 Tilskott til opplæring i finsk

Under denne posten er det tre tilskottsordningar: ei for opplæring i finsk som andrespråk i grunnskolen, ei for opplæring i finsk som andrespråk i vidaregåande opplæring og ei ordning for studieheimlar i finsk for lærarar i grunnskolen.

Mål for 2016

Målet for tilskottet til grunnskolen er å bidra med finansiering til kommunar og frittstående skolar i Troms og Finnmark som gir elevar med kvensk-finsk bakgrunn opplæring i finsk som andrespråk i samsvar med dei rettane som går fram av § 2-7 i opplæringslova. Det er òg eit mål å styrkje kompetansen i finsk for lærarar i grunnskolen. Det er vidare eit mål å gi finskopplæring til elevar og lærlingar med kvensk-finsk bakgrunn i vidaregåande opplæring, og det blir gitt tilskott til fylkeskommunar og private skolar som gir slik opplæring.

Rapport for 2014

Tabellen under viser ein nedgang i talet på grunnskoleelevar med finsk som andrespråk i dei siste åra.

Tabell 4.2 Utviklinga i talet på grunnskoleelevar med finsk som andrespråk

Skoleår	2011–12	2012–13	2013–14	2014–15
Tal på elevar	657	600	594	582
Endring frå året før (i pst.)		-8,7	-1,0	-2,0

Kjelde: Grunnskolens Informasjonssystem (GSI)

Ved teljedato 2. mai 2015 var det i alt 21 elevar som fekk opplæring i finsk i vidaregåande opplæring. Dette er ein nedgang på ein elev samanlikna med året før, da 22 elevar fekk opplæring i finsk.

Bruk av studieheimlar har vore om lag uendra i dei siste to åra.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei løyving på 8,1 mill. kroner.

Post 68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga

Mål for 2016

Målet for tilskottsordninga er å medverke med finansiering til fylkeskommunane slik at det blir gitt opplæring til innsette og lauslatne som har begynt på opplæring under soning, og som har rett til grunnskole- eller vidaregåande opplæring, eventuelt plikt til grunnskoleopplæring. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, også dei

som har kort soningstid eller sit i varetekt, er det eit mål at det òg blir gitt kortare kurs. Kurset skal i størst mogleg grad ta utgangspunkt i kompetansemål frå Læreplanverket for Kunnskapsløftet og opplæring i grunnleggjande dugleikar. Det er vidare eit mål å leggje til rette for god opplæring i dei einingane for soning for barn og unge som er etablerte som forsøk.

Det er ei målsetjing for dei kommande åra at samarbeidet mellom skolen og arbeidsdrifta blir utvikla i samsvar med kriminalomsorga sin strategi for arbeidsdrifta. Dette vil mellom anna styrkje talet på innsette med dokumentert yrkesretta kompetanse. Det overordna målet er å gi fleire innsette høve til å tilby etterspurd kompetanse til arbeidsmarknaden når dei slepp ut av fengsel.

Rapport for 2014

Det er etablert opplæring i alle fengsla som det skal vere opplæring i. I tillegg er det oppfølgingsklassar ti stader i landet. I 2014 var talet på

opplæringsplassar 2 339 (542 på heiltid og 1 797 på deltid). Dette er ein auke samanlikna med 2013, da talet var 2 153 (682 på heiltid og 1 471 på deltid). Det er stadig fleire innsette som tek opplæring på deltid.

Nær 9 500 personar (7 257 på deltid og 2 203 på heiltid) tok del i ei eller anna form for opplæring i 2014. Av desse fekk 447 personar tilbod gjennom dei oppfølgingsklassane som er etablerte ti stader i landet for å lette overgangen etter lauslating (122 på heiltid og 355 på deltid). Det var tilsett 136 lærarar i heil stilling, og om lag 140 årsverk var delstillingar fordelt på fleire lærarar.

Gjennom heile året har skolane hatt 190 elevar/deltakarar i grunnskoleopplæring, 3 149 elevar/deltakarar i vidaregåande opplæring, 3 052 elevar/deltakarar på arbeidskvalifiserande kurs og 3 806 elevar/deltakarar på andre typar opplæringskurs. I tillegg var det 200 som studerte ved fagskolar, høgskolar og universitet.

Talet på eksamenar har auka noko, til 1 054 i 2014 mot 942 i 2013. Det samla talet på inngåtte lærekontraktar, praksiskandidatar, fagprøver og lære kandidatatar har gått noko ned frå 242 i 2013 til 196 i 2014.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å løyve 272,9 mill. kroner på posten.

Løyvingsforslaget er auka med 4,8 mill. kroner for å kompensere for heilårsverknaden av at soningskapasiteten er styrkt ved eksisterande fengslar i 2015. I 2016 foreslår regjeringa å løyve midlar til bygging av modulbygg ved Eidsberg og Ullersmo fengsel, jf. omtale i Prop. 1 S (2015–2016) for Justis- og beredskapsdepartementet. Som følgje av dette foreslår departementet å auke løyvinga til opplæring i desse fengsla med til saman 2,5 mill. kroner. I tillegg vil regjeringa gjere straffereaksjon med Narkotikaprogram med domstolskontroll permanent og landsdekkande, jf. omtale i Prop. 1 S (2015–2016) for Justis- og beredskapsdepartementet. Som følgje av dette blir det foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner i 2016.

Dei nemnde forslaga gir ei samla auke i løyvinga på 9,3 mill. kroner.

Post 69 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma

Målet for tilskottsordninga er å kompensere kommunane for meirutgifter til nødvendige investeringar i skolebygg i samband med skolestart for sek-såringar. Tilskottet dekkjer også meirkostnadene til inventar og utstyr. Den delen av lånet som gjeld inventar og utstyr, hadde ei nedbetalingstid på ti år. Nedbetalinga vart ferdig i 2007. Den samla investeringsramma var fastsett til 5 182,9 mill. kroner. Ordninga med kompensasjon for investeringar i skolebygg vil halde fram til og med våren 2017.

Per 31. desember 2015 er samla restgjeld på 336,1 mill. kroner, og per 31. desember 2016 vil restgjelda vere på om lag 123,9 mill. kroner. Investeringsskompensasjonen er basert på den effektive renta på ni månaders statskassevekslar per 1. juli kvart år, med eit tillegg på 0,5 prosentpoeng. I 2015 var rentesatsen for ordninga 1,8 pst., og for 2016 er han fastsett til 1,34 pst.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei løyving på 216,8 mill. kroner i 2016. Dette er ein reduksjon på 5,4 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2015 som følgje av endra renteføresetnader.

Post 70 Tilskott til opplæring av lærlingar og lære kandidatatar med særskilde behov

Mål for 2016

Målet for tilskottsordninga er å stimulere lærebedrifter til å gi lærlingar og lære kandidatatar med særskilde behov høve til å oppnå ei fagutdanning eller delar av ei fagutdanning. Tilskottsordninga skal bidra til å gi ungdommar under 25 år betre høve til å jobbe i det ordinære arbeidslivet. I målgruppa er lærlingar og lære kandidatatar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, lærlingar og lære kandidatatar med svake norskdugleikar og som har budd kort tid i Noreg, og kandidatatar som er omfatta av forsøksordninga med praksisbrev.

Rapport for 2014

Tabell 4.3 viser at talet på søknader har auka monaleg i dei siste åra.

Tabell 4.3 Søknader i perioden 2008–14 fordelt på lærlingar og lære-kandidatar

År	Tal på søknader	Lærlingar	Lære-kandidatar
2008	186	129	57
2009	278	159	119
2010	357	176	181
2011	326	122	204
2012	528	194	334
2013	551	214	337
2014	626	226	400

Søknader om tilskott for lære-kandidatar utgjorde i 2014 om lag 64 pst. av søknadene. Storleiken på tilskottet vil bli avkorta dersom samla timetal for alle søkjarane overstig budsjettet for ordninga. I 2014 vart tilskottet utbetalt uavkorta til alle tilskottsmottakarane.

Budsjettforslag for 2016

I samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2015 vart løyvinga auka med 6 mill. kroner, jf. Innst. 360 S (2014–2015) og Prop. 119 S (2014–2015). For å imøtekomme den auka søknadsmengda på ordninga foreslår departementet at løyvinga også blir auka med 6 mill. kroner i 2016 i høve til Saldert budsjett 2015

Post 71 Tilskott til kunst- og kulturarbeid i opplæringa

Mål for 2016

Tilskottsmottakarar er Norsk kulturskoleråd, Fellesrådet for kunstfag i skolen og Samarbeidsforum for estetiske fag med medlemsorganisasjonane deira. Målet for tilskottsordninga er å bidra til auka kvalitet i kulturskolen og i arbeidet med kunst og kultur i grunnopplæringa. Tiltak som Norsk kulturskoleråd, Fellesrådet for kunstfagene i skolen og Samarbeidsforum for estetiske fag er med på å finansiere, skal samla sett bidra til kvalitet for elevane og kompetanseheving for dei tilsette i kulturskolen og i grunnopplæringa. Vidare skal arbeidet til tilskottsmottakarane støtte opp om nasjonale satsingar og samarbeid mellom opplæringssektoren og kultursektoren, som Den kulturelle skolesekken er eit døme på. Midlane skal medverke til å

finansiere drifta for tilskottsmottakarane og felles utviklingsarbeid på området.

Rapport for 2014

I 2014 var Norsk kulturskoleråd einaste tilskottsmottakar på posten. Midlane vart mellom anna nytta til produksjonar tilpassa grunnlovsjubileet, som «Ja vi elsker» på Den Norske Opera 17. mai og festivalen «UNG 2014» i Trondheim i juni 2014. Pågåande prosjekt, som «KOM! Øst» for Oslo, Akershus og Østfold fylke, «De unges arena» for Buskerud, Telemark, Vestfold, Hedmark og Oppland og «Fargespill», som er eit treårig integreringstiltak på det fleirkulturelle området, har fått prosjektstøtte. I tillegg har midlane mellom anna vorte nytta til Ungdommens musikkmeister-skap, Musikkteknologi, Nasjonalt fagforum for dans, teater og visuelle kunstfag, leiarprogram, utlysing av utviklingsmidlar til kommunane og internasjonale samarbeidsprosjekt. For barnehagebarn gjennomførte Norsk kulturskoleråd i samarbeid med Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæring og Rikskonsertene konferansen «KYKELIKY» i Tromsø.

Norsk kulturskoleråd har i 2014 arbeidd vidare med ny rammeplan for kulturskolen. Det er halde dialogmøte med regionar og kommunar, og det er gjennomført ein omfattande høyringsprosess. I tillegg vart det starta arbeid knytt til implementering og oppfølging av rammeplanen inn mot eigarane i 419 kommunar i Noreg. Dette arbeidet omfattar både kompetanseheving og organisasjonsmessige endringar.

Den årlege konferansen for kulturskoleleiarar og nettverkskonferansen for kulturskolerelatert forskning vart gjennomført i samarbeid med Noregs musikkhøgskole.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram

Mål for 2016

Gjennom EØS-avtalen deltek Noreg i alle EU-programma på området utdanning og opplæring. Midlane på denne posten skal dekkje bidraget frå Noreg til EUs utviklings- og informasjonssenter for yrkesopplæring (Cedefop), utgifter til nasjonal ekspert ved Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) og nasjonal drift av Det euro-

peiske ungdomsparlamentet (EUP). Tilskottet medverkar til at Noreg tek del i forpliktande samarbeid på tvers av landegrensene for å oppnå internasjonalisering av norsk utdanning. Hovudformålet for samarbeidsaktivitetane er å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og den europeiske dimensjonen i utdanningssystema i deltakarlanda. Posten omfattar også kontingent frå Noreg til Det europeiske språkrådet i Graz.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei løyving på 6,3 mill. kroner på posten.

Post 73 Tilskott til studieopphald i utlandet

Mål for 2016

Målet for tilskottsordninga er å leggje til rette for at ungdom frå Noreg kan få skolegang og studieopphald i utlandet. Dette skal gi dei betre kunnskap om kultur og språk i andre land og auka identitetsforståing. I tillegg skal ordninga gi fransklærarar frå Noreg høve til fagleg og kulturell oppdatering gjennom studieopphald i Frankrike. Vidare skal ordninga leggje til rette for internasjonale mobilitetsordningar i framandspråka fransk, tysk og spansk. Frå 2015 er forvaltninga av tilskottsordninga overført til Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU).

Rapport for 2014

Franske lycé

I 2014 gjekk til saman 62 norske elevar på dei skoletilboda som er omfatta av ordninga. Det kom inn 75 nye søknader for hausten 2014, og 20 elevar fekk plass. Noreg har kvart år høve til å sende totalt 22 elevar per årskull til skoletilboda i Frankrike.

Tyske stipend

I 2014 vart det gitt tyske stipend til 17 elevar fordelte på fem heilstipend og tolv delstipend. Det var ein norsk følgjelærar med delstipendiatane.

United World Colleges (UWC)

Hausten 2014 gjekk 80 elevar på United World Colleges (UWC) fordelte på to årskull. Det kom inn 132 nye søknader for hausten 2014, og 40 elevar fekk plass. Noreg har kvart år høve til å sende 40 elevar per årskull til skolane – 30 elevar til utlandet og ti til skolen i Noreg.

Trollstipend

I 2014 vart 25 søknader om gruppereise til Frankrike godkjende. Desse stipenda førte til at 480 elevar frå grunnskolen og den vidaregåande skolen fekk reise saman med 60 lærarar på studieopphald og skoleutveksling i Frankrike med støtte frå Trollstipend. Individuelle Trollstipend vart gitte til 23 lærarar.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2015.

Post 74 Tilskott til organisasjonar

Mål for 2016

Formålet med tilskottsordninga for private og frivillige organisasjonar er å stimulere organisasjonane til å setje i verk tiltak, anten innanfor ordinær drift eller som prosjekttretta tiltak, som på ulike måtar kan bidra til å nå sektormåla for grunnopplæringa, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Tilskottsmottakarar er frivillige og private organisasjonar, irekna ideelle aksjeselskap. Verksemda til organisasjonen må ha ein nasjonal verdi, og aktivitetar/tiltak må nå flest mogleg elevar og skolar.

Tilskottsposten omfattar frå og med 2015 også prosjektstøtte til interesseorganisasjonar for funksjonshemma. Formålet med tilskottsordninga er å utvikle, løfte fram og formidle ny kunnskap på det spesialpedagogiske området i barnehage og grunnopplæring. Ordninga skal medverke til betre tilpassa opplæring og utdanning for barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov.

Rapport for 2014

Følgjande organisasjonar har fått tildelt midlar over denne posten i 2014: Landslaget for nærmiljøskolen, Noregs Mållag, Kristent Pedagogisk Forum, Dissimilis kultur- og kompetansesenter, Norsk håndverksinstitutt, Elevorganisasjonen, Landslaget for Norskundervisning, Landslaget Fysisk Fostring i Skolen, Norsk senter for folke musikk og folkedans, Friluftsrådene Landsforbund, Magasinett, Pirion, Foreningen Norden, Fellesrådet for kunstfagene i skolen (med medlemsorganisasjonar), Samarbeidsforum for estetiske fag (med medlemsorganisasjonar), Redd Barna, First Scandinavia – Newtonrommene og First LEGO League, WorldSkills Norway, Ungt Entreprenørskap Norge, Skeiv Ungdom, Sex og Politikk, MOT, LLH – Rosa kompetanse skole, Flis

– Forum for ledere i institusjonsskoler, Norsk Pedagogisk Dataforening, Religionslærerforeningen i Norge, Foreningen !les, Antirasistisk Senter og Norges Røde Kors – Leksehjelp.

Budsjettforslag for 2016

I samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2015 vart løyvinga på posten auka

med 2,5 mill. kroner til First Scandinavia, jf. Innst. 360 S (2014–2015). Departementet foreslår å føre denne auken vidare i 2016. Vidare vil departementet sikre at Elevorganisasjonen og Operasjon Dagsverk får eit grunntilskott i 2016. Utover dette foreslår departementet å prioritere tilskott til organisasjonar som kan bidra til å styrkje dei grunnleggjande dugleikane til elevane, og til organisasjonar som arbeider mot mobbing.

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	51 558	69 297	84 692
	Sum kap. 3225	51 558	69 297	84 692

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan i høve til statistikkdirektiva til OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Ein del av løyvinga på kap. 225 post 64 blir rapportert som utviklings-

hjelp. Kunnskapsdepartementet foreslår ei tilsvarende løyving på kap. 3225 post 04. Refusjon av ODA-godkjende utgifter er berekna til 84,7 mill. kroner i 2016.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	803 250	766 307	824 930
22	Videreutdanning for lærarar og skoleleiarar	586 520	1 083 944	1 274 132
50	Nasjonale senter i grunnopplæringa	93 558	91 069	92 121
60	Tilskott til kommunar og fylkeskommunar	38 432	39 662	40 812
62	Tilskott for auka lærartettleik	372 168	384 077	395 215
63	Tidleg innsats i skolen gjennom auka lærarinnsats på 1.–4. trinn		200 000	434 420
70	Tilskott til NAROM	7 668	7 921	8 151
71	Tilskott til vitensenter	44 090	48 920	50 339
72	Tilskott til utviklingsprosjekt i grunnopplæringa	2 320		
	Sum kap. 0226	1 948 006	2 621 900	3 120 120

Skoleeigarane har hovudansvaret for kvalitetsutvikling av opplæringa i sine egne skolar og i lærebedrifter. For å bidra til høg kvalitet på grunnopplæringa i heile landet legg regjeringa stor vekt på å støtte og rettleie skolar og skoleeigarar gjennom

kompetanse- og utviklingstiltak. Kap. 226 omfattar statlege løyvingar til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa.

Løyvinga på post 21 finansierer kompetanseutvikling i grunnopplæringa, tiltak for betre lærings-

miljø, tiltak for auka gjennomføring i vidaregåande opplæring og utvikling av læreplanverket for grunnopplæringa. Løyvinga på posten dekkjer òg element i kvalitetsvurderingssystemet for grunnopplæringa, mellom anna internasjonale undersøkingar, brukarundersøkingar, utdanningsstatistikk og forskning og evaluering. Offentlege utval og ekspertutval som departementet har sett ned, får også dekt sine utgifter på denne posten.

Løyvinga på post 22 finansierer vidareutdanninga for lærarar og rektorutdanninga innanfor strategien Kompetanse for kvalitet, stipendordninga for tilsette i undervisningsstillingar som manglar lærarutdanning og rekrutteringstiltak for yrkesfaglærarar.

Delar av løyvingane på post 21 og 22 dekkjer utgifter til lønn og administrasjon i Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet og hos andre statlege aktørar som er knytte til drift av dei ulike prosjekta og tiltaka.

Løyvingane på postane 50, 60, 62, 63, 70 og 71 finansierer tilskott til underliggjande statlege einingar, kommunesektoren eller andre mottakarar. Ansvar for forvaltninga av midlane på kapitlet og gjennomføringa av tiltaka er i stor grad delegert til Utdanningsdirektoratet.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Omtalen av rapport, mål og budsjettforslag under kap. 226 post 21 må ein sjå i samanheng med omtalen av rapport, mål og budsjettforslag under kap. 220 postane 01 og 21. Drift av Utdanningsdirektoratet og faste oppgåver som direktoratet har fått delegert, sikrar og støttar tiltak for å utvikle kvaliteten i grunnopplæringa.

Mål for 2016

Midlane på posten skal medverke til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa slik at sektormåla blir nådde, jf. omtale av desse i kategoriinnleiinga. Tilstandsvurderinga viser at grunnopplæringa har mange sterke sider. For å oppnå ytterlegare betring er det behov for å føre vidare tiltak som er sette i gang, og ta nye grep for å styrkje kvaliteten i grunnopplæringa. For å nå sektormåla vil departementet i 2016 særleg prioritere kompetanseutvikling for tilsette i sektoren og statleg støtte til lokal kvalitetsutvikling.

Rapport for 2014

Kompetanseutvikling i grunnopplæringa

Skoleeigarane har ansvaret for å sikre nødvendig kompetanseutvikling for sine tilsette i grunnopplæringa, jf. § 10-8 i opplæringslova. Den statlege støtta til kompetanseutvikling i sektoren kjem i tillegg, til dømes når det blir gjort endringar i kompetansekrav, ved implementering av reformer og for å møte nasjonale utfordringar. I samband med omlegginga av allmennlærerutdanninga og krav til sterkare fagleg fordjuping i grunnskolelærerutdanninga vart det vedteke nye krav i opplæringslova og i forskrift til lova om kompetanse for å undervise, jf. Innst. 352 L (2014–2015) og Prop. 82 L (2014–2015) *Endringar i opplæringslova og privatskolelova (krav om relevant kompetanse i undervisningskompetanse m.m.)*. Staten følgjer opp dette med støtte til kompetanseutvikling for tilsette i sektoren.

For omtale av strategien *Kompetanse for kvalitet*, sjå post 22.

Plan for lesesatsing 2010–2014 er gjennomført. Formålet med planen var å halde trykket oppe på dei mange tiltaka som har vorte sette i gang frå 2003 og fram til 2010 for å styrkje elevanes ferdigheiter i lesing. Tiltaka har omfatta etterutdanning i lesing, tverrfagleg lesing, lesing i yrkesfaglege utdanningsprogram, lesing i SFO og diverse tilbod om leksehjelp. Når det gjeld lesestimulering, har Lesesenteret hatt ansvaret for gjennomføringa av desse tiltaka i samarbeid med Foreningen lles.

Realfagsstrategien *Realfag for framtida* gjaldt for perioden 2010–14. Formålet med strategien har vore å styrkje realfaga frå barnehage og grunnopplæring til høgre utdanning, forskning og arbeidslivet. Fleire av måla i strategien om auka interesse og styrkt rekruttering er nådd. For eksempel har talet på elevar som valde fysikk på høgste nivå i vidaregåande opplæring, auka frå 3 553 til 4 650 i perioden frå 2011 til 2014. For kjemi på høgste nivå er dei tilsvarande tala 4 311 elevar i 2011 og 5 338 elevar i 2014. Vitensentera har hatt ein stor auke i talet på gjestar, noko som tyder på at interessa for realfag har auka. Men elevane har ikkje styrkt kompetansen sin i realfag, og dette målet er derfor ikkje nådd.

Strategi for etter- og vidareutdanning av tilsette i PP-tenesta (2013–2018) har til formål å styrkje kompetansen til tilsette og leiarar i den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) og bidra til systemretta arbeid. Prioriterte område er organisasjonsutvikling og endringsarbeid, læringsmiljø og gruppeleiing, rettleiing og rådgiving, og leiarutdanning. I studieåret 2014–15 vart det gitt vidare-

utdanningstilbod på dei prioriterte områda ved åtte universitet og høgskolar og leiarutdanningar ved tre institusjonar. Til saman 135 tilsette og leiarar fekk tilbod om studieplass i 2014. På oppdrag frå Utdanningsdirektoratet har Statped gjennomført nettverksaktivitetar i alle fylka og nasjonal nettverkskonferanse for leiarar i PPT.

Det vart nytta totalt 18,5 mill. kroner til strategien i 2014. Det meste av dette har gått til vikarmidlar og kostnader ved universitet og høgskolar for vidareutdanning og leiarutdanningstilbod. Om lag 2 mill. kroner av løyvinga har gått til etterutdanning.

Dei lokale PPT-kontora har gjennomført etterutdanning, ut frå både statlege prioriteringar og lokale behov. Rapporteringar frå fylkesmannen viser at ca. 900 tilsette i PPT har delteke på etterutdanning som er heilt eller delvis finansiert av desse midlane i perioden 2013–14.

Det er inngått avtalar med Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) og Nordlandsforskning om å følgjeevaluere strategien. Første delrapport er planlagt hausten 2016, og sluttrapporten kjem våren 2018.

Kompetanse for mangfold (2013–2017) er ei kompetansesatsing på det fleirkulturelle området. I 2014 vart det nytta om lag 28 mill. kroner til prosjektet. Satsinga er bygd på barnehage- og skolebasert kompetanseutvikling i tema som andrespråksdidaktikk, vaksenpedagogikk, fleirspråklegheit og fleirkulturell pedagogikk. Målgruppa er tilsette i barnehage, grunnskole, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring i tillegg til barnehageeigarar, barnehagemyndigheiter og skoleeigarar. Dessutan er universitets- og høgskolesektoren ei viktig målgruppe. I perioden frå 2013 til 2014 deltok til saman 160 barnehagar og skolar frå sju fylke. Tre universitets- og høgskolemiljø har fått eit særleg ansvar for kompetanseutviklinga i lærarutdanningane.

Den virtuelle matematikkskolen (DVM) vart følgt opp og vidareutvikla av Senter for IKT i utdanninga i 2014 ved bruk av midlar på posten. Vidare har senteret dokumentert erfaringane og spreidd kunnskap om DVM i sektoren. Det er mellom anna opparbeidd verdifull kunnskap om tilpassa opplæring gjennom arbeidet med DVM.

Senter for IKT i utdanninga etablerte i 2014 eit nært samarbeid med Universitetet i Tromsø og Høgskolen i Sør-Trøndelag for å etablere ei digital plattform for etter- og vidareutdanning av lærarar, *MatematikkMOOC*. Den tekniske plattformen og den pedagogiske oppbygginga testar ut ein modell som aukar kapasitet, fleksibilitet og tilgjengelegheit i etter- og vidareutdanninga.

Ungdomstrinn i utvikling (2013–2017) er ei nasjonal satsing for ungdomstrinnet for å medverke til lagbygging og for å styrkje dei grunnleggjande dugleikane til elevane. Det er eit mål at elevane skal oppleve meistring, motivasjon og auka læring. Skolebasert kompetanseutvikling er ein viktig del av satsinga og skal medverke til deling av kunnskap og samarbeid. Måloppnåinga med omsyn til deltaking er svært tilfredsstillande. Den første av totalt fire puljar av skolar med ungdomstrinn avslutta sine tre semester i slutten av 2014. Rapportar frå fylkesmennene viser at skolane har hatt stor nytte av satsinga, og har planar om å arbeide vidare med satsingsområda og skolebasert kompetanseutvikling på eiga hand. I den første puljen deltok 252 skolar. 22 universitet og høgskolar har samarbeidd med skoleeigarar/skolar om skolebasert kompetanseutvikling i klasseleiing, rekning, lesing og skriving. Den siste delrapporten frå NIFU, som evaluerer satsinga, viser at skoleleiarar og skoleeigarar generelt er positive til satsinga, og viser til måloppnåing, spesielt knytt til auka lærarsamarbeid og meir refleksjon rundt praksis. Rapportering viser òg at universiteta og høgskolane i stor grad støttar skolane i den skolebaserte kompetanseutviklinga.

Tilbakemeldingar frå samlingar viser at deltakarane stort sett opplever det faglege innhaldet og erfaringsdelinga som nyttige og relevante. Fleire nasjonale senter har medverka til å utvikle pedagogiske nettressursar. Rapporteringar tyder på at ressursane er relevante og har gitt auka medvit om klasseleiing, og om rekning, lesing og skriving som grunnleggjande dugleikar i alle fag. NIFU, som evaluerer ordninga, vil levere ein delrapport i januar 2016. I 2014 vart det nytta om lag 160 mill. kroner til *Ungdomstrinn i utvikling*.

Ny GIV vart avslutta ved utgangen av 2013, men fylkeskommunane vart inviterte til å vidareutvikle og forsterke arbeidet med å auke gjennomføringa også i perioden 2014–16. Alle fylkeskommunane takka ja til å delta i det vidare samarbeidet. I 2014 har tiltaka vore knytte til skoling av lærarar, auka yrkesretting og relevans av fellesfaga for yrkesfaglege studieprogram (*FYR-prosjektet*) og finansiering og leiing av eit nasjonalt nettverk der alle fylkeskommunane deltek. Det vart samla nytta om lag 100 mill. kroner til dei ulike tiltaka i *Ny GIV* i 2014. Hausten 2014 vart *Program for bedre gjennomføring i videregående opplæring* lansert som regjeringas tiltak for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring, og dei ulike elementa i *Ny GIV* vart inkluderte i programmet frå og med 2015.

I 2014 var det gjennomført skolering for 470 lærarar i dei vidaregåande skolane for å setje lærarane betre i stand til å undervise svakt presterande elevar i grunnleggjande dugleikar. Det vart òg gjennomført skolering for lærarar på 5.–7. trinn i dei tre nordlegaste fylka. Skoleringa for lærarane på mellomtrinnet vart ikkje ført vidare i 2015, og skoleringa på vidaregåande vart skalert ned i tråd med noe lågare etterspurnad. *FYR-prosjektet* (Fellesfag, yrkesfag, relevans) har som mål å betre yrkesrettinga av og relevansen i undervisninga i fellesfaga på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Prosjektet starta i 2011 og skal vare ut 2016, og det rettar seg mot alle elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram. For at auka yrkesretting skal vere mogleg, har aktiviteten vore knytt til følgjande fire element: kompetanseutvikling for fellesfaglærarar og programfaglærarar, utvikling av læringsressursar, organisasjonsutvikling og erfarings- og kunnskapsdeling. Tiltaket får gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Statleg støtte til lokal kvalitetsutvikling

Løyvinga finansierer statleg støtte til lokal kvalitetsutvikling i skolen. Dette gjeld ulike statlege kvalitetsutviklingsprogram og stimuleringsstøtte.

Det overordna målet for den nasjonale satsinga *Vurdering for læring (2010–2014)* har vore å vidareutvikle ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har læring som mål. I løpet av den første fireårsperioden (2010–14) har 187 kommunar og alle fylkeskommunane og 47 private skoleeigarar delteke puljevis. I 2014 vart det nytta om lag 18 mill. kroner til prosjektet. Satsinga har oppnådd gode resultat. Forskningsrapportar, resultat frå Utdanningsdirektoratets spørjeundersøkingar til skolar og skoleeigarar og Elevundersøkinga, samt tilbakemeldingar frå deltakarar i satsinga, viser mellom anna at arbeidet med elev- og lærlingvurdering fører til betre forståing av læreplanar, og at fleire skoleeigarar og skolar har utvikla ein felles vurderingskultur.

Samfunnskontrakten for fleire læreplassar vart underteikna av utdanningsmyndigheitene og partane i arbeidslivet i april 2012. Partane hadde tre hovudresultatmål for perioden 2012–15: Talet på godkjende lærekontraktar skulle auke med 20 pst. i 2015 samanlikna med nivået ved utgangen av 2011. Vidare skulle talet på vaksne som tek fag- eller sveinebrev, auke, og den delen av lærlingane som fullfører og består med eit fag- eller sveinebrev, auke. Utviklinga til og med 2014 viser at det har vore ein vekst på fem pst. sidan 2011 i talet på

lærekontraktar. Det er store forskjellar fylka og utdanningsprogramma imellom, og mellom offentlig (16 pst.) og privat sektor (fire pst.). I statleg sektor har talet auka med 16 pst., mens det i kommunal sektor har auka med 14 pst. Talet på vaksne som tek eit fag- eller sveinebrev, har auka med 17 pst. Om lag 80 pst. av lærlingane tek fagbrev innan fem år. Den delen av lærlingane som gjennomfører med fagbrev, har auka med eit par prosentpoeng frå 2008-kullet til 2009- og 2010-kulla.

Utprøvinga av vekslingsordningar der elevar i større grad kan veksle mellom opplæring i skole og opplæring i bedrift, vart utvida til å gjelde fleire fag og fylke i 2014. 13 fylke deltek i utprøvinga med totalt 21 prosjekt. Alle fylkeskommunane har delteke i vidareføring og utprøving av hospitering for fellesfaglærarar og programfaglærarar på yrkesfaglege utdanningsprogram og for faglege leiarar og instruktørar i lærebedrifter. Nokre fylkeskommunar har i tillegg valt å la rådgivarar og karriererettleiarar hospitere. Det var totalt 1 032 deltakarar i 2014.

Elevar som ikkje får lære plass, har rett til alternativt Vg3 i skole, men erfaringa så langt syner at tilbodet ikkje fungerer godt nok. På bakgrunn av dette vart det i 2013 sett i gang ei utprøving av eit forsterka alternativt Vg3 med minst eit halvt år ekstra tid, i samarbeid mellom skole og arbeidsliv. Fem fylkeskommunar deltek i utprøvinga, som vart avslutta våren 2015. Fafo har fått i oppdrag å evaluere utprøvinga, og ein sluttrapport vil kunne bli publisert hausten 2015. Målet med utprøvinga er å finna betre måtar å gjennomføre det alternative Vg3-tilbodet på, med sikte på å auke gjennomføringa i fag- og yrkesopplæringa.

I 2014 vart det lyst ut midlar til samarbeid mellom skole og bedrift der måla var å skape varige samarbeidsarenaer/-prosessar mellom skole, skoleeigar og lokalt arbeidsliv, meir velfungerande dimensjoneringsprosessar og fleire læreplassar og å bidra til at bedriftene i større grad blir brukte som læringsarena. 33 prosjekt fekk til saman om lag 15 mill. kroner, der alle fylka er representerte med minimum eitt prosjekt. Prosjekta har merksemd på blant anna at skolar og lokale bedrifter skal samarbeide tettare om faget prosjekt til fordjuping, og om faget kan vere med på å styrkje elevanes moglegheit for ein lære plass seinare i utdanningsløpet, skolens formidlingsprosess og utvikling av nye IT-verktøy og prognosar.

Rettleiarkorpset er eit tilbod til skoleeigarar og skolar som treng rettleiing for å betre læreprosessane i skolen. Målet med ordninga er å gjere skoleeigarar og skolane betre rusta til sjølve å drive

utviklingsarbeid ut frå kjende behov. Med bakgrunn i evalueringa av ordninga frå Rambøll i 2013 og oppdragsbrevet frå Kunnskapsdepartementet om ei ny meir kompensatorisk innretning, er rettleiingsperioden utvida med inntil to og eit halvt år. I 2014 vart det nytta om lag 34 mill. kroner til prosjektet.

I 2014 vart om lag 10 mill. kroner nytta til å styrkje rettleiarutdanninga, medan 5 mill. kroner vart nytta til lærarutdanningsinstitusjonane til tiltak knytte til rettleiing av nyttilsette, nyutdanna lærarar. Ei kartlegging som vart utført av Rambøll i 2014, viser at ni av ti skolar med nyutdanna lærarar har innført ei rettleiingsordning. Midlane til arbeid med rettleiing av nyutdanna vart nytta i samanheng med midlar frå kap. 231 post 21 til rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar. Hausten 2014 starta evalueringa som undersøker i kva grad rettleiingsordninga medverkar til å sikre ein god overgang mellom utdanning og yrke, og til å rekruttere, utvikle og halde på dyktige barnehagelærarar og lærarar.

Betre læringsmiljø vart i perioden 2009–14 etablert som den nasjonale strategien på læringsmiljøfeltet. I påvente av utgreiinga frå Djupedalutvalet valde regjeringa å føre vidare strategien også i 2015. Satsinga har utvikla og formidla forskingsbasert kunnskap og nettressursar som skolar og skoleeigarar kan bruke i det praktiske arbeidet med læringsmiljøet til elevane. Oppsummeringa så langt syner at satsinga er godt kjend i landet, og at svært mange skolar og skoleeigarar har nytta materiell og hjelpemiddel som er utvikla. Dei lokale prosjekta har bidratt til ein betre skolekvardag for mange elevar og gitt nyttig informasjon til styresmaktene om korleis ein best skal utforme nettressursar. Evalueringa til Uni Research frå 2014 syner at skoleeigarar og skolar nå er knytte tettare saman, og at dei lettare kan sjå samanhengen i dei nasjonale satsingane. Satsinga har vist at det framleis står att mykje arbeid på læringsmiljøfeltet. Ein må byggje ut kunnskapsgrunnlaget enda meir, ein må arbeide meir med verdiar og normer i skolen, skoleleiinga må bli enda betre, og samarbeidet med heimen må betrast. Dei aller fleste skoleeigarar, skoleleiarar og lærarar innser den verknaden skoleleiing, klasseleiing og rolla til lærarane har på kvaliteten på læringsmiljøet til elevane, og fleire er interesserte i kompetanseutvikling på desse områda. *Betre læringsmiljø* og nasjonalt tilsyn med det psykososiale miljøet til elevane har medverka til å setje læringsmiljøet til elevane på den lokale dagsordenen. Satsinga kan òg ha gjort at mange skoleeigarar nå inkluderer læringsmiljøet i sine strategiar og handlings-

planar, men det varierer korleis planane blir følgde opp i praksis.

Manifest mot mobbing består av sentrale nasjonale partar og gjaldt for perioden 2010–14. I påvente av utgreiinga frå Djupedalutvalet valde regjeringa å føre vidare manifestet også i 2015. Totalt 386 kommunar er med i samarbeidet, og 64 nye kommunar signerte lokale manifest i 2014. Gjennom kampanjen *Voksne skaper vennskap – på nett* vart det halde lokale arrangement over heile landet. Kampanjen har bidratt til at arbeid mot digital mobbing, og for eit godt og inkluderande læringsmiljø på nettet, har stått høgt på den lokale dagsordenen i 2014.

Det vart i 2014 løyvt 10 mill. kroner ekstra til læringsmiljøarbeid og innsats mot mobbing. Midlane vart fordelte mellom tre prosjekt: prøveordning med mobbeombud, beredskapsteam mot mobbing og lokale tiltak for å betre læringsmiljøet til elevane. I alt 30 søknader om lokale tiltak vart innvilga. Fire fylke fekk godkjent søknaden om mobbeombud, og om lag 20 nye kommunar fekk prosjekt med beredskapsteam i regi av KS/FUG.

Læringsmiljøprosjektet rettar seg særskilt mot kommunar og skolar som har høge mobbetal. I pulje ein av dette prosjektet, som starta opp i 2013, og som vart avslutta ved utgangen av 2014, har 23 skolar frå ti kommunar over heile landet vore med. Skolane vart valde ut etter ein analyse av resultatata frå Elevundersøkinga og ei vurdering frå fylkesmannen om kva for skolar som ikkje hadde kapasitet til å handtere utfordringane på eiga hand. Nasjonalt senter for læringsmiljø og åtferdsforskning har fått i oppgåve å leie rettleiinga av kommunane. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og Læringsmiljøsentret har sjølve evaluert piloten og leverte ein rapport våren 2015. Dei konkluderer med at tiltaket bør halde fram, og at det gir ein del gode resultat, men dei peiker òg på ein del svake sider, som alt er retta opp for pulje 2 i prosjektet. Deltakarane i den nye pulja, 40 skolar frå 18 kommunar, vart valde ut gjennom siste del av 2014 og starta arbeidet ved inngangen til 2015.

I 2014 vart forsøket med gratis deltids plass på aktivitetsskolen ved Mortensrud skole i Oslo ført vidare. Forsøket skal leggje til rette for at fleire elevar får betre føresetnader for å lykkast på skolen og for å delta i nærmiljøet og oppleve nærmiljøet som attraktivt å bu i. Forsøket blir gjennomført innanfor ramma av områdesatsinga i Oslo Sør-satsinga, og målet er om lag lik deltaking av elevar på aktivitetsskolen som gjennomsnittet for Oslo kommune. Statusrapporten for 2014 syner god måloppnåing. Før prosjektet starta hadde

aktivitetsskolen på Mortensrud skole ein dekningsgrad på 30 pst. I skoleåret 2014–15 var dekningsgraden på 99 pst.

Som ein del av *Groruddalssatsinga (2012–2016)* gjennomfører Oslo kommune eit skoleutviklingsprosjekt i Groruddalen. Også i bydel Søndre Nordstrand blir det gjennomført tilsvarende prosjekt. Målet med prosjekta er å skape ei stabil utvikling som gir betring av elevresultata. Prosjektskolane har sett i verk rettleiings- og kompetansetiltak på bakgrunn av ståtadsanalyser, og dei har utarbeidd standardar for god undervisning. I 2014 har skolane arbeidd vidare med desse tiltaka og målsetjingane. Oxford Research gjennomfører ei evaluering av prosjektet, og sluttrapporten kjem i 2017.

GNIST er eit samarbeidsforum mellom utdanningsmyndigheitene og organisasjonane i sektoren med mål om høgre status for og auka rekruttering til læraryrket, samt betre kvalitet i lærarutdanningane, lærarprofesjonen og skoleleiinga. I dei åra satsinga har pågått (2008–14), har talet på kvalifiserte førstevalssøkjjarar til lærarutdanningane gått opp med 65 pst. Det prosjektorganiserte sekretariatet i departementet vart lagt ned frå 1. august 2014, og arbeidet blir no koordinert internt i Kunnskapsdepartementet. Samarbeidet med *GNIST* er ført vidare på sentralt nivå, og det er framleis aktivitet i dei lokale partnerskapa.

Struktur, læreplanar og vurdering

I 2014 har det vore arbeidd med tiltaka i Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei*. Ein revidert læreplan i faget utdanningsval er fastsett. Den nye planen skal tydeleggjere eigenarten i faget og gi elevane betre innsikt i arbeidslivet, i moglegheiter for og krav til utdanning.

Forsøk med arbeidslivsfag som eit alternativ til framandspråk/språkleg fordjuping på ungdomstrinnet omfatta 82 kommunar og 133 skolar i 2014. Tilbodet om arbeidslivsfag har ført til at fleire elevar vel dette faget framfor fordjuping i norsk/samisk og engelsk på dei skolane som tilbyr arbeidslivsfag. Evalueringa av forsøket syner at faget er ønskt av både skoleleiarar, lærarar, elevar og foreldre, og at arbeidslivsfaget langt på veg er utvikla i tråd med intensjonen.

Departementet har i 2014–15 revidert kompetansemåla for symjing i kroppsøvningsfaget. Revideringa har vore ute til brei høyring, og det var stor oppslutning om dei nye kompetansemåla som tydeleg beskriv kva det vil seie å vere symjedyktig.

Forslag til eit nytt tredje ledd i forskrifta til opplæringslova § 1-3 som opnar for fleksibel fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring, er utarbeidd. Det har vore høyring om og fastsetjing av fag- og timefordeling for, innhald i og namn på det nye studieførebuande utdanningsprogrammet for kunst, design og arkitektur (tidlegare formgivingsfag). Det har òg vore høyring knytt til omgjering av utdanningsprogrammet for medium og kommunikasjon frå eit yrkesfagleg til eit studieførebuande utdanningsprogram. Arbeidet med nye læreplanar for det studieførebuande tilbodet har starta, medan tilbodet for elevar i dei tre faga fotograf, mediografikar og mediedesignar som fører til yrkesfag, skal vurderast i samband med gjennomgangen av tilbodsstrukturen.

Utdanningsdirektoratet har utvikla nye og revidert eksisterande læreplanar i fag- og yrkesopplæringa i tråd med råda frå partane i arbeidslivet.

Kvalitetsvurderingssystemet for grunnopplæringa

Det nasjonale prøve- og vurderingssystemet omfattar nasjonale prøver, kartleggingsprøver, læringsstøttande prøver og karakterstøttande prøver. Dei nasjonale prøvene gir styringsinformasjon til nasjonale utdanningsmyndigheiter, skolar og skoleeigarar, og blir nytta som eit pedagogisk verktøy av lærarane. Kartleggingsprøvene, læringsstøttande prøver og karakterstøttande prøver skal avdekkje behov for oppfølging og tilrettelegging på elev- og skolenivå og vere til støtte for lærarane i vurderingsarbeidet.

I dei siste åra har Utdanningsdirektoratet arbeidd med å leggje grunnlaget for trendmålingar i dei nasjonale prøvene. Hausten 2014 starta desse målingane i rekning og engelsk. Dei første resultata av berekning av endring over tid blir rapporterte hausten 2015, men det er viktig å vere merksam på at det trengst tal for fleire år for å kunne fastslå ein trend. Trendmålingar i dei nasjonale prøvene i lesing kan starte når leseprøvene har vorte elektroniske. Dette arbeidet er under utvikling.

Det finst lite forskning på kvalitet, innhald og relevans i dei studieførebuande utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring, og på forholdet mellom vidaregåande opplæring og høgre utdanning. For å utvikle eit betre kunnskapsgrunnlag har departementet etablert eit forskingsprosjekt om studieførebuande utdanningsprogram og om forholdet mellom vidaregåande opplæring og høgre utdanning. NIFU har fått oppdraget og skal levere sluttrapport i 2016.

Utviklinga av kvalitetsvurderingssystemet i fag- og yrkesopplæringa er ført vidare. Informasjon om gjennomføring, læringsmiljø, kvaliteten på opplæringa i lærebedriftene og overgangen til arbeidsmarknaden for nyutdanna fagarbeidarar skal inngå. Program for forskning på fag- og yrkesopplæringa er ført vidare. Forskinga, som blir gjennomført i samarbeid mellom NIFU, Fafo, Universitetet i Bergen og Høgskolen i Oslo og Akershus, konsentrerer seg om seks tema: læringsmiljø, innhald og vurdering, kvalitetsarbeid, gjennomføring og fråfall, fagopplæringa som inngangsport til arbeidslivet og eit heilskapleg kvalitetsvurderingssystem for fag- og yrkesopplæringa. Sluttrapport vil vere klar hausten 2015.

Budsjettforslag for 2016

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på 824,9 mill. kroner på kap 226 post 21 i 2016 til ulike tiltak for kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa. Løyvingsforslaget er auka med 58,6 mill. kroner i høve til Saldert budsjett 2015.

Løyvingsforslaget er redusert med 1,6 mill. kroner som følgje av flytting av midlar til andre postar. Dette gjeld følgjande:

- Flytting av 0,7 mill. kroner til kap. 260 post 50 til drift av nettstadene Skolebibliotek og Informasjonskompetanse. Flyttinga inneber at midlane blir lagde inn i rammeløyvinga til Universitetet i Agder.
- Flytting av 0,5 mill. kroner til kap. 280 post 01 som går til finansiering av nasjonalt kontaktpunkt for det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF).
- Flytting av 0,4 mill. kroner til kap. 500 post 21 under Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett, som skal gå til finansiering av opplæringskontoret i staten.

Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 20 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Nedanfor følgjer omtale av dei viktigaste prioriteringane innanfor løyvingsforslaget.

Kompetanseutvikling

Regjeringa vil som ein del av *Yrkesfagløftet* gjennomføre ei satsing på yrkesfaglærarar. Målet med satsinga er å auke kvaliteten på opplæringa gjennom rekruttering og kvalifisering av fagarbeidarar, fagleg oppdatering gjennom etter- og vidareutdanning og auka kunnskap om kompetanseutviklingsbehov i målgruppa. *Samfunnskontrakten*

for fleire lære plassar blir avslutta i 2015, og departementet vil føre vidare samarbeidet med partane om å auke talet på lære plassar. Departementet arbeider med fleire tiltak som skal gi fleire lære plassar: Lærlingklausulen skal skjerpast, det blir innført ei merkeordning for lærebedrifter, og det er lagt fram ein strategi for fleire lærlingar i staten.

Departementet vil halde fram med arbeidet for å sikre kvalitet og relevans i fag- og yrkesopplæringa, mellom anna gjennom forsøk med vekslingsmodellar, praksisbrev og forsterka Vg3 i skole.

Regjeringa lanserte i august 2015 strategien *Tett på realfag*, som er ein ny nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnsopplæringa, som skal gjelde for perioden 2015–19. Målet med strategien er å styrkje kompetansen til elevane i matematikk og naturfag. Det er også eit mål å redusere delen elevar som slit med matematikk, og å auke delen elevar som presterer på høgt nivå i realfaga. Strategidokumentet gir overordna status og hovudgrepa til departementet for heile strategiperioden. Løyvingsforslaget inneber ein auke av satsinga på 19 mill. kroner på posten til totalt 46 mill. kroner.

Strategien vil bli følgd opp av årlege tiltaksplanar og eit årleg realfagsbarometer. Tiltaksplanane skal fremme nye og gjeldande nasjonale tiltak og gi forslag til lokale tiltak i barnehagar og skolar. Realfagsbarometeret vil innehalde indikatorrapport og omtalar av status for å gi nasjonale og lokale styresmakter grunnlag for å setje mål, vurdere om måla er nådde, velje og vidareutvikle tiltak og justere kursen.

Eit sentralt tiltak i strategien er innføringa av realfagskommunar, eit tiltak som starta i 2015. Realfagskommunane skal utvikle ein lokal realfagsstrategi med avgrensa mål og ei forplikting til å arbeide systematisk og heilskapleg for å forbedre kompetansen til barn og unge i realfag, frå barnehage til fullført grunnskole. Kommunane får samtidig tilført ekspertkompetanse til å nå dei måla dei har sett seg. Regjeringa vil styrkje satsinga og utvide ho for at fleire kommunar skal få hjelp til å arbeide systematisk med å betre kompetansen til elevane i realfag.

Departementet vil føre vidare Lektor2-ordninga der fagpersonar frå arbeidslivet med realfagskompetanse underviser i enkelttimar på ungdomstrinnet i grunnskolen og i vidaregåande opplæring.

Den nye nasjonale strategien for lesing og skrivning 2016–2019 i barnehage og grunnsopplæring har som mål å styrkje språk-, lese- og skrivekompetansen til alle barn og elevar og på den måten også

deira faglege kompetanse. Strategien skal også bidra til å styrkje kompetansen til personalet til å identifisere og leggje til rette for barn og elevar med språk-, lese- og skrivevanskar. Regjeringa vil auke satsinga med 20 mill. kroner på posten.

Strategien legg stor vekt på at kompetanseutvikling i barnehage og skole skal bidra til å gi solid kunnskap om kva som er god språkutvikling og lese- og skriveopplæring. Strategien skal gjelde både barnehage og skole, og det skal leggjast spesielt til rette for ulike målgrupper som minoritetsspråklege barn og elevar, barn og elevar med språkvanskar, elevar med lese- og skrivevanskar, gutar og høgt presterande elevar.

Departementet vil etablere ei ordning for godkjenning av utanlandsk fagopplæring, og foreslår 17 mill. kroner til dette i 2016. Det er eit stort behov for ei nasjonal ordning for godkjenning av utanlandsk fagopplæring. Etablering av ei slik ordning er òg forankra i strategien til regjeringa mot arbeidslivskriminalitet. Ei ordning for godkjenning vil bidra til auka deltaking i arbeidslivet og betre utnytting av kompetansen som finst blant arbeidstakarane. Det vil, slik departementet ser det, vere ein fordel om alle utdanningar, uavhengig av nivå, blir godkjende av same organ. Departementet vil derfor førebels leggje ordninga til NOKUT. Den endelege plasseringa av ordninga vil bli vurdert i samband med vurderinga av framtidig plassering av NOKUTs kompetansesenter for utanlandsk utdanning, som er omtalt i Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet*. Tiltaket vil bli nærmare omtalt i meldinga til Stortinget om livslang læring og utanforskap, som kjem våren 2016. Departementet vil òg i løpet av hausten 2015 sende på høyring eit forslag til endring av opplæringslova for å skape heimel i lova for slik godkjenning.

Departementet vil halde fram med satsinga *Kompetanse for mangfold 2013–2017* på det fleirkulturelle området. Satsinga omhandlar kompetanse for opplæring av minoritetsspråklege. Frå 2016 blir fem nye fylke involverte i satsinga. Det er sett i gang ei følgjevaluering av satsinga (NIFU). Sluttrapporten frå evalueringa kjem i 2018. Departementet vil setje av om lag 23 mill. kroner til satsinga i 2016.

Departementet vil halde fram med satsinga på ungdomstrinnet gjennom *Ungdomstrinn i utvikling 2012–2017*. Satsinga gjeld skolebasert kompetanseutvikling i klasseleing, lesing, skriving og rekning. Målet er at alle skolar med ungdomstrinn skal delta i løpet av strategiperioden. Departementet legg opp til at 300 skolar skal starte opp hausten 2016, og vil setje av om lag 160 mill. kroner til satsinga.

Strategi for etter- og vidareutdanning for tilsette i PP-tenesta (2013–2018) skal gi til resultat at PP-tenesta jobbar meir systemretta og tettare innpå barnehagar og skolar gjennom tidleg innsats og førebyggjande arbeid. Det er sett i gang ei følgjevaluering av satsinga. Departementet vil nytte om lag 30 mill. kroner til tiltaket i 2016.

Statleg støtte til lokal kvalitetsutvikling

Departementet sette i verk pilotering av funksjon som lærarspesialist hausten 2015. Fagområda i pilotane er norsk, med hovudvekt på lese- og skriveopplæring, og realfag. Pilotane omfattar både grunn- og vidaregåande skolar. Om lag 200 lærarspesialistar vil vere med i pilotane. Pilotane skal vare i to år og skal evaluerast.

Det vil i tillegg bli utvikla eit vidareutdanningstilbod for lærarar som ønskjer å kvalifisere seg som lærarspesialist. Rammene for tilbodet vil bli utvikla i samarbeid med blant andre arbeidstakar- og arbeidsgivarpartane. Vidareutdanningstilbodet skal etter planen setjast i verk frå hausten 2016

Departementet vil føre vidare det tette samarbeidet med fylkeskommunane for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring gjennom satsinga *Program for bedre gjennomføring i videregående opplæring*. Programmet rettar seg mot elevar med høg risiko for fråfall og ungdom som står utanfor opplæring og arbeid. Målet for programmet er å få betre kunnskap om kva som er dei gode tiltaka for å auke gjennomføringa i vidaregåande skole. Fylkeskommunane deltek i eit fylkeskommunalt nettverk som blir leidd av departementet. Målet med nettverket er at erfaringsdeling og kunnskapsoverføringa mellom fylka skal bli betre, slik at tiltaka i eige fylke kan bli utvikla vidare og bli meir treffsikre.

Den omfattande satsinga på yrkesretting og relevans i undervisninga som starta i 2014, er ein del av *Program for bedre gjennomføring i videregående opplæring*. Om lag 70 mill. kroner vil bli sette av til engasjement av 38 nettverksleiarar i fylkeskommunane, skolering av lærarar i yrkesretting og delvis frikjøp av ressurslærarar i arbeidet med yrkesretting og relevans. Departementet foreslår òg å løyve 40 mill. kroner over kap. 226 post 60 til utprøving og effektevaluering av tiltak i 2016, jf. omtale under denne posten.

Regjeringa har som mål å gi alle elevar ein trygg skolekvardag og eit godt læringsmiljø fritt for mobbing. Vi skal intensivere det førebyggjande arbeidet, det skal nytte for barn og unge å seie frå, regelverket skal verke og vi skal tydeleggjere kommunane si rolle.

Det er ei stor utfordring at elevar og foreldre til barn og unge som opplever mobbing ikkje erfarer at dei får tilstrekkeleg hjelp og informasjon om korleis dei skal nå fram i systemet. Det er viktig at nåverande ressursar, rettleiing og informasjon om klagerettane blir betre kjende og blir tekne i bruk medan regjeringa vurderer og etablerer nye tiltak. For at barn, unge og foreldre skal få rask hjelp og støtte vil regjeringa etablere ein ny portal som samordnar målretta informasjon til elevar og foreldre. Regjeringa vil arbeide for at lenka til den nye portalen blir tydeleg plassert på førstesida på alle relevante nettstader nasjonalt og lokalt.

Lokale vernebuingsteam mot mobbing og kommune- og skoleretta prosjekt frå Senter for læringsmiljø og åtferdsforskning (Læringsmiljø-senteret) skal halde fram.

Den statlege støtta til mobbeprogram blir ført vidare. Departementet vil gi Utdanningsdirektoratet i oppdrag å utvikle nye kriterier for programstøtta, slik at desse kan gjelde for ei ny utlysing av midlar i 2016.

I 2013 starta arbeidet med å systematisere eksisterande kunnskap og utvikle modellar for systematisk bruk av fleire yrkesgrupper i skolen. I prosjektet *Eit lag rundt eleven* er det nå innhenta eit kunnskapsgrunnlag og det er skissert ulike modellar for bruk av andre yrkesgrupper i skolen. Regjeringa vil nå vurdere korleis ein skal gå vidare. Dette tiltaket må også settast i samanheng med arbeidet for eit godt læringsmiljø og oppfølginga av NOU 2015: 2 *Å høre til - Virkemidler for et trygt psykososialt miljø*.

Om lag 30 mill. kroner vil bli sette av til arbeidet med *Betre læringsmiljø*.

Departementet vil føre vidare midlar til samiske tiltak. Det er utvikla eit rammeverk for samisk fjernundervisning som skal medverke til betre kvalitet på og likeverd i fjernundervisningstilboda, styrkt informasjon til skolar, føresette og elevar om fjernundervisningstilboda og auka kompetanse blant fjernundervisningstilbydarar. Midlane vil òg bli nytta til vidare drift av den samiske læremiddeltenesta Ovtta/Aktan/Aktesne.

Departementet foreslår å føre vidare tiltak som kan gi konkret betring av levekår og skolemiljø i Groruddalen og Oslo Sør. Midlane blir tildelede frå Utdanningsdirektoratet til Oslo kommune. Sjå òg omtale i Prop. 1 S (2015–2016) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet, under kap. 590 post 65.

Struktur, læreplanar og vurdering

Frå skoleåret 2015–16 vil arbeidslivsfaget bli eit permanent fag på ungdomstrinnet. Det vil vere frivillig for skolane å tilby arbeidslivsfag som eit alternativ til framandspråk eller språkleg fordjuping.

Ein midlertidig læreplan i fordjuping i matematikk er utvikla. Skolane kan velje om dei vil tilby elevane dette faget i tillegg til språklege fordjupingsalternativ. Det vil i løpet av skoleåret 2015–16 bli gjort undersøkingar blant skolar som har teke i bruk læreplanen, for å sjå om det er behov for justeringar.

Det er fastsett nye kompetansemål for symjing i læreplanen for kroppsoving. Dei nye kompetansemåla er tydelege på kva ein elev skal kunne for å vere symjedyktig. Departementet foreslår at midlar for symjeopplæring for nykomne minoritetspråklege elevar blir ført vidare. Målet med midlane er å stimulere kommunane til å gi ei sårbar gruppe elevar meir og betre symjeopplæring, slik at risikoen for ulykker blir redusert. Departementet vil setje av 9 mill. kroner til ordninga. Departementet har også gitt i oppdrag til Utdanningsdirektoratet å utarbeide ein handlingsplan for symjing frå 2016.

Eit godt grunnlag for vurdering og rettferd i sluttvurderinga er viktige utfordringar i skolen. I juni 2015 gjorde departementet endringar i forskrifta til opplæringslova. Dei viktigaste endringane er knytte til grunnlaget for fastsetjing av standpunktkarakter og innføring av ei ny maksimumsgrense for fråvær. For å gi skolane god nok tid til å førebu seg vil ikkje fråværgrensa gjelde før i skoleåret 2016–17, mens dei andre endringane gjelder frå og med skoleåret 2015–16. Formålet med regelverksendringane er å redusere fråværet hos elevane og bidra til at dei yter jamn innsats i skoleåret.

Departementet vil innføre ei prøveordning med valfag i programmering i nokre kommunar. Ordninga skal mellom anna leggje til rette for erfaring- og kunnskapsdeling mellom skolar. Det skal utarbeidast ein midlertidig læreplan for dette valfaget. Den endelege læreplanen vil vere basert på erfaringane frå prøveordninga. Arbeidslivet blir stadig meir automatisert og vil i framtida ha eit stort behov for arbeidstakarar med kompetanse i programmering. Departementet foreslår 5 mill. kroner til prøveordninga med valfag i programmering.

Utdanningsdirektoratet har saman med partane i arbeidslivet starta arbeidet med ein gjennomgang av tilbodsstrukturen i fag- og yrkesopplæringa. Målet er å forbetre kvaliteten på opplæ-

ringstilboda, tilpasse tilbodet til kompetansebehova til arbeidslivet og auke verdien av fag- og sveinebrev. Departementet vil føre vidare midlar til dette arbeidet.

Kvalitetsvurderingssystemet for grunnopplæringa

Kvalitetsvurderingssystemet blir forvalta og utvikla vidare i 2016. Løyvinga blir nytta til utvikling av Skoleporten, brukarundersøkingar, statistikk og indikatorar og til deltaking i internasjonale undersøkingar. Vidare blir løyvinga nytta til forskning og evaluering i grunnopplæringa. Dette gjeld også ei rekkje mindre kartleggingar, evalueringar og forskingsbaserte analysar av statlege tiltak som er under utprøving eller implementering. Innanfor løyvinga blir det nytta midlar til utvikling av eit kvalitetsvurderingssystem for fag- og yrkesopplæringa. Midlar til drift av systemet blir òg løyvde over kap. 220 postane 01 og 21.

Utdanningsdirektoratet arbeider med å utvikle eit nytt system for administrasjon av eksamen og prøver (PAS). Direktoratet vil arbeide med endringar i prøvegjennomføringssystema (PGS) som følgje av at det blir innført eit nytt prøve- og administrasjonssystem. Arbeidet er også finansiert over kap. 220 post 21.

Andre tiltak

Løyvinga på posten blir òg nytta til drift av sekretariat for utval, tidsavgrensa prosjekt i den sentrale utdanningsadministrasjonen og tilskott til offentlege aktørar som blir involverte i kvalitetsutvikling i grunnopplæringa. Etter kunngjering blir ein mindre del av posten tildelt private aktørar.

Departementet vil følgje opp arbeidet mot rasisme og antisemittisme. Dembra (Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme) er eit opplegg for etterutdanning av lærarar og skoleleiarar kring temaa antisemittisme, rasisme og handtering av konflikter i skolen. Prosjektperioden for Dembra-piloten var 2012–15. Frå 2016 startar ein prosess med nasjonal spreining av læringsressursane som vart utvikla i pilotperioden. Sjå òg del III kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering.

Post 22 Vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar

Posten vart oppretta i statsbudsjettet for 2014 for å samle løyvingane til satsinga på vidareutdanning av lærarar og skoleleiarar.

For å stimulere lærarar og skoleleiarar til å satse på vidareutdanning er det etablert ei vikar- og stipendordning for vidareutdanning av lærarar. I vikarordninga gir staten eit tilskott på 75 pst. av gjennomsnittleg årsverkkostnad for vidareutdanning på 60 studiepoeng i matematikk og naturfag og 60 pst. av årsverkkostnaden i andre fag. Gjennom stipendordninga får lærarar 100 000 kroner i stipend for vidareutdanning på 30 studiepoeng. Stipendet blir prisjustert. I begge ordningane finansierer staten studieplassar til vidareutdanning ved universitet og høgskolar, mens skoleleiaren dekkjer kostnader i samband med reise, opphald, læremiddel og liknande.

Rektorutdanninga er eit deltidstudium på 30 studiepoeng. Studieplassane er finansierte av staten. Målsetjinga er at den enkelte rektor skal bli betre i stand til å utføre leiaroppgåver i den praktiske kvardagen og få ei klarare forståing av rolla som leiar. God skoleleiing er ein føresetnad for at skolen skal klare å utnytte kompetansen til lærarane. Rektorutdanninga er ført vidare for ein ny periode frå 2015 til 2020 med i hovudsak det innhaldet og i den forma ho har hatt tidlegare.

Frå og med hausten 2015 er det etablert ei stipendordning for tilsette i undervisningsstillingar som manglar lærarutdanning, og som er kvalifisert til PPU, PPU-y og yrkesfaglærarutdanning (YFL). Både lærarar som er tilsette i grunnskolen og vidaregåande skole er omfatta av ordninga.

Mål for 2016

Målet med løyvinga er å gjennomføre regjeringa si satsing på vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar.

Kompetansekrava for undervisning vart skjerpte frå august 2015 for alle lærarar som underviser i faga engelsk, matematikk, norsk, norsk teiknspråk og samisk i grunnskolen, jf. Innst. 352 L (2014–2015) og Prop. 82 L (2014–2015) *Endringar i opplæringslova og privatskolelova (krav om relevant kompetanse i undervisningsfag m.m.)*.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 654 i samband med handsaminga av Innst. 344 L (2014–2015), jf. Prop. 84 L (2014–2015):

«Stortinget ber regjeringa ikkje utelukke at lærarar som fylte krava for å verte tilsette i undervisningsstilling før 1. januar 2014, får moglegheit til å gå opp til eksamen i kompetansegivande vektallsstudier, utan å måtte delta i undervisninga.»

Dei nærmare forskriftskrava om relevant kompetanse i undervisningsfag inneber at lærarar må ha eit visst tal på studiepoeng som er relevante for faget. Det er ikkje eit krav om at ein må ha deltatt i undervisning innanfor høgre utdanning, kravet er berre knytt til studiepoeng eller tilsvarende omfang av høgre utdanning. Institusjonane for høgre utdanning avgjer sjølve om det skal stillast krav til deltaking eller liknande, jf. universitets- og høgskolelova §§ 3-3 og 3-10. Dette er viktig for at institusjonane sjølve skal kunne ta ansvaret for å sikre høg kvalitet i utdanninga. Om læraren må delta i undervisning, vil derfor avhenge av kva studium ho eller han har meldt seg til.

Den statlege satsinga på vidareutdanning vil bli ført vidare for å leggje til rette for at skoleeigarane kan nå kompetansekrava i løpet av ein periode på ti år.

Eit nytt samarbeid med partane om vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar vil tre i kraft frå hausten 2016.

Rapport for 2014

Strategien *Kompetanse for kvalitet. Strategi for etter- og videreutdanning 2012–2015* dekkjer fag og område der det er særleg behov for vidareutdanning nasjonalt. Om lag 1 800 lærarar tok vidareutdanning i studieåret 2013–14, medan om lag 3 400 lærarar deltek i studieåret 2014–15. Av desse er det over 800 som får stipend, medan resten har vikarordning. Samla måltal var 3 550 deltakarar. For studieåret 2014–15 vart godkjende søkjarar i matematikk, naturfag og rekning som grunnleggjande dugleikar prioriterte, men også søkjarar som søkte om vidareutdanning i andre fag, fekk tilbod.

Om lag 500 skoleleiarar deltok på rektorutdanninga i studieåret 2013–14, og om lag 500 byrja på studiet hausten 2014. Evalueringa av rektorutdanninga, som kom i januar 2014, syner at kvaliteten på utdanninga er høg, og at utdanninga har betra leiarkompetansen hos deltakarane, gitt dei større tryggleik i rolla som leiar og gjort dei betre i stand til å utføre leiaroppgåvene. Evalueringa vart gjennomført av NIFU (Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning) og NTNU Samfunnsforskning.

I 2014 vart det nytta 586,5 mill. kroner til vidareutdanning gjennom strategien *Kompetanse for kvalitet*.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å løyve 1,274 mrd. kroner på posten i 2016.

I 2016 foreslår departementet å føre vidare talet på plassar i vidareutdanninga for lærarar innanfor *Kompetanse for kvalitet* med totalt 5 050 plassar, fordelt på 1 750 plassar i stipendordninga og 3 300 plassar i vikarordninga.

I 2016 foreslår departementet å auke løyvinga med 147,8 mill. kroner som følgje av heilårsverknaden av auken i talet på plassar i vikarordninga og stipendordninga frå 2015.

Departementet vurderer dimensjoneringa av vidareutdanningsordninga som tilstrekkeleg for at skoleeigarane skal kunne oppfylle dei nye kompetansekrava i løpet av ein tiårsperiode.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 11 mill. kroner til ei stipendordning som skal stimulere til at fleire fagarbeidarar tek yrkesfaglærarutdanning. Bakgrunnen for forslaget er at talet på søkjarar til yrkesfaglærarutdanning ikkje er høgt nok. Fortsetter utviklinga som nå vil det kunne oppstå mangel på kvalifiserte lærarar i fleire utdanningsprogram.

Nivået på skoleleiarutdanninga blir ført vidare på same nivå som i 2015, det vil seie totalt 500 plassar.

I statsbudsjettet for 2015 vart det løyvt 50 mill. kroner til kompetanseutvikling av ikkje-kvalifisert undervisningspersonell. Midlane vart nytta til å etablere ei stipendordning for tilsette som manglar formell kompetanse, slik at desse kan søkje om stipend til å gjennomføre lærarutdanning eller praktisk-pedagogisk utdanning. Stipendet til ikkje-kvalifisert undervisningspersonell blir utbetalt til skoleeigarane i takt med progresjonen til studenten, som normalt er 60 studiepoeng over to år. Siste halvdel av stipendet til dei som startar i 2015, vil først bli betalt ut i 2017. Departementet foreslår å føre ordninga vidare i 2016.

For å sikre best mogleg bruk av midlane til vidareutdanning er det behov for ein viss fleksibilitet i fordelinga av løyvinga mellom vikarordninga og stipendordningane på posten.

Kvart år er det nokre lærarar som melder frå at dei ikkje tek imot den studieplassen dei har fått tilbod om. Dette fråfallet har vore på om lag fem pst. i dei siste åra. For å unngå underforbruk av midlar til vidareutdanning legg departementet opp til å tilby studieplassar til fem pst. fleire enn talet på studieplassar.

Som følgje av stipendordningane som blir finansierte av løyvinga på posten, der delar av stipendet først blir utbetalt når vidareutdanninga er

fullført, er det behov for ei tilsegnfullmakt på 180,8 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Post 50 Nasjonale senter i grunnopplæringa

Løyvinga finansierer tilskott til dei nasjonale sentera i grunnopplæringa. Styring og oppfølging av den faglege verksemda ved sentera er delegert til Utdanningsdirektoratet. Vertsinstitusjonane (universitet og høgskeolar) har ikkje ansvar for den faglege verksemda, men for dei administrative tenestene dei yter, jf. universitets- og høyskoleloven § 1-4 fjerde ledd.

Mål for 2016

Dei nasjonale sentera skal medverke til at den nasjonale utdanningspolitikken blir sett i verk og gjennomført slik at barn, unge og vaksne kan få ei likeverdig og tilpassa opplæring av høg kvalitet i eit inkluderande fellesskap. Det er oppretta ti senter på sentrale fagområde:

- Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (Høgskolen i Oslo og Akershus)
- Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa (Universitetet i Oslo)
- Nasjonalt senter for matematikk i opplæringa (Noregs teknisk- naturvitskaplege universitet)
- Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Universitetet i Stavanger)
- Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Høgskulen i Volda)
- Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa (Høgskolen i Østfold)
- Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa (Universitetet i Nordland)
- Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning (Høgskolen i Sør-Trøndelag)
- Nasjonalt senter for læringsmiljø og åtferdsforskning (Universitetet i Stavanger)
- Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet (Høgskolen i Bergen)

Verksemda i sentera er knytt til dei overordna måla for barnehagesektoren og grunnopplæringa. Sentera er nasjonale ressurscenter som skal bidra til å betre kvaliteten på opplæringa innanfor sine fagområde og for sine målgrupper. Sentera for fleirkulturell opplæring, matematikk i opplæringa, leseopplæring og leseforskning samt læringsmiljø og åtferdsforskning har fått utvida målgruppa til òg å gjelde den pedagogisk-psykologiske tenesta. Sentera skal hjelpe universitets- og høgskelese-

toren og lærarutdanningsinstitusjonane i arbeidet med satsingar på kompetanseutvikling.

Departementet har hatt ein gjennomgang av de nasjonale sentera. Ordninga med nasjonale senter vil bli ført vidare. Senterstrukturen, mandat og oppgåver vil bli vurdert.

Gjennomgangen syner mellom anna at sentera over fleire år har bygt opp restmidlar, samt at det er eit forbettingspotensial i styring av sentera, mellom anna knytt til vurdering av måloppnåing. For nærmare omtale, sjå rapport for 2014. Departementet viser òg til Riksrevisjonens Dokument 1 (2014–2015) og Innst. 130 S (2014–2015) frå kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Årsakene til at nokre av sentera har hatt økonomiske restmidlar gjennom fleire år, er i hovudsak knytt til ei stor mengd tilleggsoppdrag for fleire av sentera. Saman med dei faste oppdraga til sentera, som blir finansierte av grunnløyvinga til sentera, har det ført til ei stor total mengd oppdrag for sentera som dei ikkje har hatt kapasitet til å gjennomføre fullt ut innanfor det einskilde budsjettåret. Restmidlane har vorte reduserte betydeleg i løpet av dei tre siste åra, og det blir arbeid målretta for ytterlegare reduksjon. I 2015 og 2016 følgjer det ikkje med nye midlar for mange av tilleggsoppdraga. Det vil seie at sentera må finansiere desse oppdraga med restmidlar. Det er eit mål at dei fleste restmidlane skal vere borte innan utgangen av 2016. Departementet vil følgje utviklinga gjennom 2015 og 2016. Departementet og Utdanningsdirektoratet arbeider vidare med å forbetre styringa av sentera. Det er sett søkjelys på god styring av oppdrag og finansiering av desse, samt på å styrkje rapporteringa frå sentera. Direktoratet skal mellom anna fastsetje styringsparametrar til bruk i mål- og resultatstyringa av sentera. Departementet vil følgje med på utviklinga i styring og finansiering av sentera, og vil vurdere behovet for ytterlegare tiltak.

Departementet har saman med Utdanningsdirektoratet sett i gang ein prosess med Universitetet i Nordland for å sjå på den vidare verksemda ved Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa. Eventuelle økonomiske og administrative konsekvensar vil departementet komme tilbake til i budsjettsamanheng.

Rapport for 2014

Fleire av dei nasjonale sentera har medverka i arbeidet med nasjonale satsingar, som Ungdomstrinn i utvikling, satsing mot fråfall i vidaregåande opplæring, ulike satsingar innanfor realfag, grunn-

leggjande dugleikar, tiltaksplan for nynorsk og for programfag innanfor framandspråk.

Utdanningsdirektoratet sette i gang ei ekstern evaluering (NIFU) av dei nasjonale sentera i 2013. Rapporten «Evaluering av de nasjonale sentrene i opplæringen – Evaluering av åtte nasjonale sentre i et styrings- og brukerperspektiv» vart levert i desember 2014. Formålet med evalueringa var å sjå på om endringar i mandat, oppdrag og ansvarsområde (mandatrevisjon i 2010) har påverka fagleg arbeid, organisering og drift. I 2014 gav departementet Utdanningsdirektoratet i oppdrag å gi ei tilråding til departementet om formål, økonomi og styringsstruktur ved dei nasjonale sentera. Rapporten var klar i utgangen av januar 2015. NIFU-evalueringa og andre mindre utgreiingar låg til grunn for tilrådingane frå direktoratet. Sentera er viktige verktøy for utdanningsstyresmaktene i arbeidet med å realisere statleg utdanningspolitikk. Gjennomgangen av sentera syner at det er høg aktivitet i sentera, og at barnehagesektoren og grunnopplæringa i hovudsak er godt nøgde med dei støtte- og rettleiingstenestene dei får. Det varierer likevel mellom sentera i kor stor grad dei bli nytta i sektoren. Det same gjer grad av samarbeid med universitets- og høgskolesektoren og lærarutdanningane.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår at løyvinga blir auka med 3,9 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på Helse- og omsorgsdepartementets budsjett, kap. 719 post 21, slik at løyvinga til Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet blir samla på ein post.

Løyvingsforslaget er i tillegg redusert med 5 mill. kroner.

Samla medfører desse to endringane at løyvingforslaget blir redusert med 1,1 mill. kroner.

Post 60 Tilskott til kommunar og fylkeskommunar

Mål for 2016

Målet for løyvinga er å få meir forskingsbasert kunnskap om kva for tiltak som har god effekt på gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Tilskottet inngår som eit element i satsinga for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring, sjå omtale av *Program for bedre gjennomføring i vidaregåande opplæring* under kap. 226 post 21. Midlane vil bli tildelte til utvalde fylkeskommunar og forskingsmiljø etter konkurranse.

Rapport for 2014

I tråd med St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja* har departementet sidan 2009 gitt ei eiga løyving for tettare oppfølging av elevar i vidaregåande opplæring som har svake grunnleggjande dugleikar på kartleggingsprøver i Vg1, og elevar med svake grunnleggjande dugleikar og høgt frávær allereie på ungdomstrinnet.

Ein suksessfaktor ser ut til å vere tette relasjonar mellom lærar og elev og tett oppfølging av den einskilde. Midlane blir gitte for å styrkje kapasiteten i sektoren til å leggje til rette for overgangen mellom ungdomstrinnet og vidaregåande skole, og i vidaregåande opplæring. Rapportar frå fylkeskommunane viser stort mangfald i dei lokale tiltaka. Det er vanskeleg å vurdere effekten av løyvinga nasjonalt.

Budsjettforslag for 2016

I Prop. 1 S (2014–2015) for Kunnskapsdepartementet vart det varsla at innretninga av midlane på posten frå 2016 skal sjåast i samheng med *Program for bedre gjennomføring i vidaregåande opplæring*. Kunnskapsdepartementet foreslår at midlar på posten skal nyttast til å prøve ut tiltak for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring ved hjelp av effektevaluering, fortrinnsvis gjennom kontrollerte eksperiment frå og med hausten 2016. For våren 2016 vil fylkeskommunane få midlar til å avslutte gjeldande ordning. Formålet med utprøvinga er å utvikle og formidle meir kunnskapsbaserte tiltak for å førebyggje fråfall i skolen og tilbakeføre ungdom utanfor opplæring og arbeid.

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 62 Tilskott for auka lærartettleik

Løyvinga på posten finansierer ei fireårig forsøksordning med auka lærartettleik på det ungdomstrinnet som starta hausten 2013. Tilskottet går til kommunar med skolar som i skoleåret 2011–12 hadde ein gjennomsnittleg gruppestørrelse i ordinær undervisning på over 20 elevar per lærar på ungdomstrinnet, og som hadde grunnskolepoeng under snittet for landet. Kommunane kan søkje om tilskott, og dei blir tildelte midlar til eitt eller fleire årsverk per skole ut frå storleiken på dei skolane som er omfatta av ordninga. Midlane skal gå til å auke lærartettleiken i ordinær undervisning ved desse skolane ut over ressursnivået slik dette var før tildeling av midlar.

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å styrkje lærartettleiken ved skolar som i skoleåret 2011–12 hadde ein gjennomsnittleg gruppestørleik på over 20 elevar per lærar på ungdomstrinnet og med grunnskolepoeng under snittet for landet.

Rapport for 2014

Tilskottet vart utbetalt til alle kommunane som søkte. Ordninga omfattar 573 nye lærarårsverk i 98 kommunar. Tal frå GSI og rapportar frå enkelte av kommunane om bruk av midlar viser at dei er nytta i tråd med formålet.

Departementet følgjer med på ordninga mellom anna gjennom GSI og særskild rapportering frå kommunane.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 63 Tidleg innsats i skolen gjennom auka lærarinnsats på 1.–4. trinn

Ordninga vart oppretta i statsbudsjettet for 2015. Løyvinga på posten skal sette kommunar i stand til å auke lærartettleiken på 1.–4. trinn i grunnskolen. Midlane er øyremerkte lærarstillingar og blir fordelte til kommunar som ligg over landsnittet for berekna gruppestørrelse 2 (ordinær undervisning) på 1.–4. trinn i GSI, med utgangspunkt i gjennomsnittet for skoleåra 2012–13, 2013–14 og 2014–15. Midlane blir fordelte etter det gjennomsnittlege elevtalet på 1.–4. trinn i dei aktuelle kommunane. 100 kommunar deltek i ordninga.

Inntil 25 pst. av løyvinga på posten skal nyttast til forskning på effektar av fleire lærarstillingar på 1.–4. trinn. Forskingsoppdraget er gitt til Noregs forskingsråd og skal gå over fire år. Målet med forskingsprosjektet er å utvikle kunnskap om effektane av ulike former for auka lærartettleik i småskolen. Satsinga skal gi ny kunnskap om kva for effektar ulike måtar å ta i bruk auka lærarressursar på i skolen, har for læringa og læringsmiljøet til elevane. Satsinga skal òg gi informasjon om korleis fleire lærarressursar eventuelt bidrar til å betre læringsutbyttet og læringsmiljøet til elevane.

Mål for 2016

Tilskottsordninga skal setje kommunar i stand til å auke lærartettleiken på 1.–4. trinn i grunnskolen.

Budsjettforslag for 2016

I statsbudsjettet for 2015 vart det løyvt totalt 200 mill. kroner til lærarstillingar og forskingsoppdrag på posten. Heilårsverknaden er 480 mill. kroner i 2015-prisar. Intervensjonane i forskingsprosjektet startar først opp hausten 2016, og løyvinga vart derfor redusert med den delen som skulle gå til forskingsprosjektet i samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2015, jf. Innst. 360 S (2015–2015). Vår effekten av dette inneber ein reduksjon av løyvinga på 59,5 mill. kroner i 2016.

Departementet foreslår dermed ei løyving på 434,4 mill. kroner på posten i 2016. Den samla ramma for forskingsprosjektet ligg fast.

Post 70 Tilskott til NAROM

NAROM AS er eit nasjonalt senter og skolelaboratorium for alle utdanningsnivåa innanfor romrelatert opplæring. NAROM nyttiggjer seg den etablerte infrastrukturen ved Andøya Space Center (ASC) og forskingsstasjonen ALOMAR, som er eit atmosfæreobservatorium på Andøya. ALOMAR blir leidd av eit styre som er nemnt opp av Norsk Romsenter, og drifta er lagd under Andøya Space Center.

Mål for 2016

NAROM skal bidra til rekruttering til norsk romverksemd samt skape større interesse for real- og teknologifaga. Senteret skal òg arbeide med å få ein posisjon for Noreg innanfor internasjonalt samarbeid om romopplæring.

Målgrupper for tilskottsordninga er elevar og lærarar i grunn- og vidaregåande skole, studentar på relevante fagområde på høgre nivå, lærarstudentar, lærarar og lærarutdanningar. Det er også eit mål å bidra i internasjonalt samarbeid og prosjekt innanfor romrelatert opplæring.

Rapport for 2014

I 2014 er det gjennomført i alt 81 ulike opplæringstiltak, derav 48 tiltak for grunnopplæringa. I alt har 3 490 delteke på ulike aktivitetar. Av desse er 2 972 frå grunnopplæringa.

NAROM har medverka til og hatt ansvaret for fleire nettbaserte læringsressursar. NAROM sin nettressurs sarepta.org hadde 5 900 registrerte brukarar i 2014. Sarepta (Using Space in Education) er ein gratis læringsressurs for elevar og lærarar i grunn- og vidaregåande skole for bruk i geografi og natur- og miljøfag.

NAROM har lagt til rette for ekskursjonar til ASC og bruker aktivt «Romskipet Aurora», der film og oppdrag bidrar til spanande visualisering som skal stimulere barn og ungdom til auka interesse for real- og teknologifag.

NAROM har òg delteke på ulike internasjonale aktivitetar og samarbeidstiltak.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 71 Tilskott til vitensenter

Eit vitensenter er eit populærvitenskapleg lærings- og opplevingssenter for teknologi, naturvitenskap og matematikk der besøkjande lærer ved å eksperimentere. Vitensentera blir nytta i opplæringa av realfag i barnehagar, skolar og lærarutdanninga og i fritida. Saman utgjer dei regionale vitensentera eit heilskapleg nasjonalt tilbod. Vitensentera er eit viktig verkemiddel for auka kunnskap i realfag og bidrar til å skape interesse for og rekruttering til eit kompetanseområde Noreg treng både nå og i framtida. Sentera fungerer som ei støtte og gir verktøy til skolane og lærarane i opplæringa og bidrar til oppfølging av nasjonale strategiar, slik som realfagsstrategien, jf. omtale under post 21. Tilbodet er knytt til læreplanar i realfag. Ni vitensenter er omfatta av Vitensenterprogrammet:

- Jærmuseet – Rogaland

- Nordnorsk vitensenter – Tromsø
- Vitensenteret i Oslo v/Norsk Teknisk Museum
- Vilvite – Bergen
- Vitensenter, Vitenlaben – Grenland
- Vitensenteret i Trondheim
- Vitensenteret innlandet – Gjøvik
- Inspiria Science Center – Østfold
- Sørlandet vitensenter

Mål for 2016

Målet med tilskottet er å medverke til å utvikle og sørge for kvalitativ god drift av dei regionale vitensentera som eit tilbod til elevar, studentar, lærarar og foreldre samt allmenta.

Rapport for 2014

I 2014 fekk ni regionale vitensenter statleg støtte på 44,1 mill. kroner. I 2014 nådde talet på besøkjande 800 258. Dette er det høgste talet på besøkjande som er registrert. Forklaringa ligg i at 2014 er første året da alle ni vitensentera er i full aktivitet.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 72 Tilskott til utviklingsprosjekt i grunnopplæringa

Rapport for 2014

Følgjande organisasjonar har fått tildelt midlar over denne posten i 2014:

The European Wergeland Centre, Leser søker bok, UNICEF Norge, Kirkelig dialogsenter Stavanger, Dans i Skolen, Foreningen Iles, Barnevakten og MOT.

Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
60	Tilskott til Murmanskskolen	2 111	2 179	2 242
61	Tilskott til vaksenopplæring i Andebu kommune	4 797	4 951	5 095
62	Tilskott til Fjellheimen leirskole	5 716	5 899	6 070
70	Tilskott til Den franske skolen i Oslo	7 121	7 356	10 158
71	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole	24 615	25 427	26 164
72	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	31 045	32 069	32 999
73	Tilskott til opplæring i Kenya	763	676	
74	Tilskott til Signo grunn- og vidaregåande skole og Briskeby vidaregåande skole	40 049	41 324	42 522
75	Tilskott til opplæring i rusinstitusjonar	8 990	10 330	10 630
76	Tilskott til Foreningen Norden og Norsk håndverksinstitutt		3 587	4 857
	Sum kap. 0227	125 207	133 798	140 737

Kap. 227 omfattar i hovudsak tilskott til skolar som ikkje har lovheimla rett til tilskott, men som departementet likevel ønskjer å støtte fordi verksemda ved skolane dekkjer viktige behov.

Post 60 Tilskott til Murmanskskolen

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å gi elevar frå Noreg med kompetanse i russisk høve til å ta siste året i vidaregåande opplæring (Vg3) ved norsk-russisk vidaregåande skole i Murmansk (Murmanskskolen). Troms fylkeskommune er ansvarleg for den vidaregåande opplæringa ved Murmanskskolen. Tilskottet går til Troms fylkeskommune og skal nyttast til drift av Murmanskskolen.

Rapport for 2014

I skoleåret 2014–15 var det ni elevar frå Noreg som tok Vg3 ved Murmanskskolen.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 61 Tilskott til vaksenopplæring i Andebu kommune

Stiftelsen Signo har ein institusjon og ein skole for døvblinde og døve med tilleggfunksjonshemmingar i Andebu kommune. Andebu kommune er ifølgje opplæringslova ansvarleg for å finansiere opplæring for vaksne som har meldt flytting til kommunen. Tilskottet skal dekkje ekstrakostnader kommunen har knytte til dette ansvaret, inkludert kostnadene til sakkunnige vurderingar.

Mål for 2016

Målet med denne ordninga er å medverke til at vaksne som bur ved Stiftelsen Signo i Andebu kommune, får vaksenopplæring dersom dei har behov for det.

Rapport for 2014

Av tilskottet på 4,8 mill. kroner som kommunen fekk overført i 2014, vart om lag 4,1 mill. kroner nytta til kjøp av vaksenopplæringstenester frå Signo og om lag 390 000 kroner til kjøp frå PP-tenesta. Resten gjekk til å finansiere utgifter

knytte til administrative meirutgifter for Andebu kommune.

Talet på elevar som fekk opplæring, var 19 i vårhalvåret og 16 i hausthalvåret.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 62 Tilskott til Fjellheimen leirskole

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller med lærevanskar kan få eit opphald ved Fjellheimen leirskole. Slik kan dei utviklingshemma få eit meningsfylt tilbod om rekreasjon med tilpassa friluftsliv og sosial omgang i trygge omgivelser.

Rapport for 2014

Talet på deltakarar ved leirskolen i 2014 var totalt 887 personar. Tilskottet vart avkorta i 2015, da leirskolen ikkje oppnådde aktivitetskravet på 900 personar i 2014.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 70 Tilskott til Den franske skolen i Oslo

Noreg har inngått ein avtale med Frankrike som forpliktar Noreg til å gi eit årleg tilskott til Den franske skolen i Oslo, mot at Frankrike i eige land legg til rette for opplæring av lærlingar frå Noreg. På skolen går det elevar frå både Frankrike og Noreg, samt elevar frå mange andre land.

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å styrkje samarbeidet med Frankrike og stillinga til det franske språket i Noreg.

Rapport for 2014

I skoleåret 2014–15 hadde Den franske skolen i Oslo 275 elevar på barnetrinnet, 153 elevar på

ungdomstrinnet og 67 elevar i vidaregåande opplæring, totalt 498 elevar.

Dette er ein auke på elleve elevar frå skoleåret 2013–14. I skoleåret 2014–15 var det 15 lærlingar frå Noreg som fekk opplæring innanfor restaurant- og matfaget i Frankrike. På det nye programmet baccalauréat Bac Pro Cuisine var det seks elevar som starta hausten 2014, seks elevar gjekk andre året, medan tre elevar gjekk tredje året.

Budsjettforslag for 2016

Med ny friskolelov er det ikkje lenger grunnlag for å gi tilskott til kompletterande undervisning til elevar som går på skole i Noreg, jf. Innst. 344 L (2014–2015) og Prop. 84 L (2014–2015). Dette inneber at internasjonale og utanlandske grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12, ikkje lenger kan få slikt tilskott. For at det samla tilskottet til Den franske skolen ikkje skal reduserast, foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 2,6 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 228 post 78. Utover denne endringa blir løyvinga ført vidare på same nivå som i 2015.

Post 71 Tilskott til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering av drifta av internatet ved Krokeide vidaregåande skole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skolen. Skolen er eigd av Landsforeninga for hjerte- og lungesyke, og tilbyr yrkesretta vidaregåande opplæring for personar med fysiske eller psykiske utfordringar. Skolen er eit landsdekkjande tilbod, som er godkjent for 200 elevar og til og med skoleåret 2014–15 hadde plass til om lag 90 elevar på internatet. Frå hausten 2015 er internatet utvida og har nå plass til om lag 106 elevar.

Rapport for 2014

I 2014 var det 92 elevar på internatet om våren, og 92 elevar om hausten.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 72 Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College

United World Colleges (UWC) er ein internasjonal organisasjon som arbeider for å fremme fred og forståing gjennom utdanning. Stiftinga av den første skolen i Wales i 1962 var inspirert av utfordringar knytte til den kalde krigen. Det eksisterer i alt tolv UWC-skolar, og Røde Kors Nordisk United World College i Fjaler i Sogn og Fjordane (RKNUWC) er ein av desse. Skolen fører elevane fram til ein International Baccalaureate (IB)-eksamen.

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering av RKNUWC, slik at dei nordiske landa kan halde fram med å ha ein UWC-skole plassert i Noreg. I ei stadig meir globalisert verd er det viktig å leggje til rette for auka forståing mellom folk frå ulike land.

Rapport for 2014

Skoleåret 2014–15 hadde RKNUWC 197 elevar frå 94 land. 58 av elevane kom frå nordiske land, sju elevar frå Nord-Amerika, 20 elevar frå Vest-Europa utanom Norden, 31 elevar frå Afrika, 30 elevar frå Asia, 20 elevar frå Aust- og Sentral-Europa, ti elevar frå Midtausten og 21 elevar frå Latin-Amerika. Elevtalet og fordelinga mellom kva regionar elevane kjem frå, har vore relativt stabile i dei siste åra.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 73 Tilskott til opplæring i Kenya

Misjonærskolen i Kenya driv desentralisert undervisning for barneskoleelevar og har ei samarbeidsordning med internasjonale skolar for ungdomsskoleelevar. Ordninga er avvikla frå og med skoleåret 2015–16.

Rapport for 2014

I skoleåret 2014–15 fekk to elevar på barnetrinnet og tre elevar på ungdomstrinnet undervisning lokalt i Kenya. Dette er ein elev færre enn i skoleåret 2013–14.

Budsjettforslag for 2016

Frå skoleåret 2015–16 blir tilskottsordninga avvikla. Departementet foreslår på denne bakgrunnen at det ikkje blir løyvt midlar på posten i 2016.

Post 74 Tilskott til Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole

Ordninga vart oppretta i 2012 i samband med at Signo grunn- og videregående skole (Signo) og Briskeby videregående skole (Briskeby) vart godkjende som private skolar for funksjonshemma elevar. Skolane får i tillegg til tilskottet over denne posten eit tilskott etter privatskolelova over kap. 228 post 75 i samsvar med elevtalet.

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Signo og Briskeby skal kunne gi eit tilbod av høg kvalitet til målgruppene sine. Målgruppene til Signo er døvblinde og døve med tilleggsfunksjonshemmingar, mens målgruppa til Briskeby er høyrselshemma elevar.

Rapport for 2014

Våren 2014 var det sju elevar på grunnskolenivå og ni heiltids- og to deltidselevar på vidaregåande nivå ved Signo, og det var 30 heiltids- og 21 deltidselevar på vidaregåande nivå ved Briskeby. Hausten 2014 var det åtte elevar på grunnskolenivå og 13 heiltidselevar på vidaregåande nivå ved Signo, medan Briskeby hadde 30 heiltids- og 23 deltidselevar på vidaregåande nivå.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår at løyvinga for 2016 blir ført vidare på same nivå som i 2015.

Post 75 Tilskott til opplæring i rusinstitusjonar

Tilskottsordninga skal medverke til å føre vidare det heilskaplege opplæringstilbodet ved dei to rusinstitusjonane Tyrilistiftelsen og Stiftelsen Fossumkollektivt i Østfold og Hedmark. Posten vart oppretta i 2014. Tilskottet skal dekkje kostnader til opplæring som ligg utanfor ramma av opplæringslova, og som derfor ikkje ligg under ansvaret til fylkeskommunane.

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at bebuarar på dei to rusbehandlingsinstitusjonane får eit heilskapleg og individuelt til rettelagt skole- og opplæringsførebuande opplæringsløp. Formålet er å gjere dei best mogleg i stand til å gå inn i og fullføre eit ordinært opplæringsløp i skole eller arbeidsliv.

Rapport for 2014

66 elevar frå 17 ulike fylke i 2014 har vore knytte til skoleavdelinga til Fossumkollektivet i Østfold. Ved dei to avdelingane i Hedmark har til saman 25 elevar teke del i ulike opplæringstilbod.

Ved dei to verksemdene Tyrilistiftelsen har i Hedmark, har 55 bebuarar hatt eit opplæringstilbod i regi av Frankmotunet, og 73 bebuarar har delteke på ulike skoletilbod ved Mesnali/Lillehammer i 2014.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår at løyvinga for 2016 blir ført vidare på same nivå som i 2015.

Post 76 Tilskott til Foreningen Norden og Norsk håndverksinstitutt

Foreningen Norden arbeider med å leggje til rette for at nordisk samfunn, kultur og språk får ein tydeleg plass i undervisninga gjennom heile

grunnopplæringa. Foreningen Norden har som hovudmålsetjing å gi alle elevar ei nordisk oppleving i løpet av skolegangen, anten det er gjennom undervisning i nordiske tema eller gjennom møte med unge og vaksne frå dei andre nordiske landa.

Norsk håndverksinstitutt arbeider for å ta vare på og halde ved like gammal handverkskunnskap og er ein organisasjon som har eit mandat som strekkjer seg ut over innramminga for grunnopplæringa. Senter for immateriell kulturarv er ein del av Lillehammer museum og rommar Norsk håndverksinstitutt, som er den viktigaste delen av verksemda. I samheng med at Noreg har ratifisert UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv, blir det særskilt lagt vekt på levande handverkstradisjonar. Arbeidet til Norsk håndverksinstitutt er eit viktig bidrag for å oppfylle intensjonen med konvensjonen.

Mål for 2016

Tilskottsordninga skal medverke til drift av Foreningen Norden og Norsk håndverksinstitutt.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre tilskottet til Foreningen Norden vidare på same nivå som i 2015. Tilskottet til Norsk håndverksinstitutt er foreslått auka med 1,2 mill. kroner for å styrkje stipendiatordninga frå to til fire stipendiatar til utvikling av gamle handverkstradisjonar.

Kap. 228 Tilskott til frittstående skolar o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
70	Frittstående grunnskolar, <i>overslagsløyving</i>	1 741 937	1 701 414	1 866 052
71	Frittstående vidaregåande skolar, <i>overslagsløyving</i>	1 423 457	1 468 254	1 518 316
72	Frittstående skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, <i>overslagsløyving</i>	147 910	139 306	146 078
73	Frittstående grunnskolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	110 227	109 555	119 492
74	Frittstående vidaregåande skolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	22 263	27 166	23 026
75	Frittstående skolar for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	238 290	240 682	259 368
76	Andre frittstående skolar, <i>overslagsløyving</i>	45 148	46 533	47 312
77	Den tyske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	14 101	13 780	17 180
78	Kompletterande undervisning	36 831	31 361	23 277
79	Toppidrett	38 964	40 250	41 417
80	Friskoleorganisasjonar	691	714	735
81	Elevutveksling til utlandet	1 780	1 839	1 892
82	Kapitaltilskott til friskolar, kapital- og husleigetilskott	10 000	20 330	20 920
	Sum kap. 0228	3 831 599	3 841 184	4 085 065

Lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova) skal medverke til at det kan bli oppretta og drive frittstående skolar i Noreg, slik at foreldre og elevar kan velje andre skolar enn dei offentlege, jf. menneskerettsloven § 2 nr. 2. Lova gjeld godkjenning med rett til statstilskott for frittstående grunnskolar og frittstående vidaregåande skolar, og vilkåra for å få slikt tilskott. Lova stiller mellom anna krav til kvaliteten på opplæringa.

Endringar i privatskolelova («ny friskolelov») tredde i kraft 1. august 2015, jf. Innst. 344 L (2014–2015), jf. Prop. 84 L (2014–2015). Ny friskolelov fører vidare ordninga med krav til særskilt grunnlag for godkjenning, og innfører to nye godkjeningsgrunnlag – profilskolar og skolar som tilbyr vidaregåande opplæring i yrkesfaglege utdanningsprogram. Fråsegna om at alle offentlege tilskott og skolepengar skal komme elevane til gode, og at det er forbode å ta utbytte, er ført vidare og tydeleggjord i ny friskolelov.

Løyvingane under kap. 228 går til tilskottsordningar til frittstående skolar som er godkjende etter friskolelova eller vaksenopplæringslova. I tillegg blir det over dette kapitlet gitt tilskott til kompletterande undervisning, jf. friskolelova § 6-4, Den tyske skolen i Oslo, toppidrett, friskoleorganisasjonar og til elevutveksling i utlandet. Satsane for tilskott til dei fleste frittstående skolane byggjer på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skolen, jf. friskolelova kap. 6. Satsane for 2016 er rekna ut på grunnlag av dei ressursane kommunane brukte til skole i 2014, rapporterte gjennom KOSTRA. Tilskottsgrunnlaget er korrigert for utgifter som er rapporterte i KOSTRA, men som ikkje skal vere med i grunnlaget for utrekninga av tilskottet fordi desse utgiftene gjeld kommunesektoren og ikkje dei frittstående skolane. Satsane er justerte for ein venta pris- og lønnsauke fram til og med 2016. Nærmare informasjon om utrekningmåten ligg på www.utdanningsdirektoratet.no.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 655 i samband med handsaminga av Innst. 344 L (2014–2015), jf. Prop. 84 L (2014–2015):

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til hvordan en kan sikre rekrutteringen til de små og verneverdige håndverksfagene og finansiering av disse utdanningene.»

Regjeringa vil vurdere forslag til korleis ein kan sikre rekruttering til og finansiering av små og verneverdige handverksfag, og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

I denne samanhengen viser departementet òg til at Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å gå gjennom vilkåra og strukturen for dei små og verneverdige faga i vidaregåande opplæring. Både fagleg råd for design og handverk og eit eige arbeidsutval vil våren 2016 levere forslag til organisering for å sikre betre relevans og kvalitet for desse faga.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 656 i samband med handsaminga av Innst. 344 L (2014–2015), jf. Prop. 84 L (2014–2015):

«Stortinget ber regjeringen utrede krav om at hovuddelen av det pedagogiske personalet må være ansatt i skolen, og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.»

Krav om at hovuddelen av det pedagogiske personalet i godkjende friskolar må vere tilsette i skolen, vil bli greidd ut, og eit eventuelt forslag om lovendring vil bli sendt ut til høyring hausten 2016. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 657 i samband med handsaminga av Innst. 344 L (2014–2015), jf. Prop. 84 L (2014–2015):

«Stortinget ber regjeringen utrede et lovfestet krav om en ikke-kommersiell formålsbestemmelse i friskolenes vedtekter og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.»

Eit lovfesta krav om ei ikkje-kommersiell formålsfråsegn i vedtektene til friskolane vil bli greidd ut, og eit eventuelt forslag om lovendring vil bli sendt ut til høyring hausten 2016. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Mål for 2016

Målet med tilskottsordningane er å oppfylle dei finansielle pliktene staten har overfor frittstående skolar som er godkjende etter friskolelova. Frittstående skolar som er godkjende etter § 2-1 i friskolelova og § 17 i kap. 4 i vaksenopplæringslova, har rett til tilskott og til å drive verksemd etter føresegnene i lova.

Rapport for 2014

Tabellen under viser korleis talet på elevar og frittstående skolar som får tilskott, har endra seg frå skoleåret 2012–13 til skoleåret 2014–15. For grunnskolen gjeld tala frå elevteljinga 1. oktober. For vidaregåande skole gjeld gjennomsnittet av talet på elevar frå elevteljingane 1. oktober og 1. april.

Tabell 4.4 Friskolar, tal på skolar og elevar

Skoletype	Skolar			Elevar		
	2012–13	2013–14	2014–15	2012–13	2013–14	2014–15
Skolar for funksjonshemma elevar	12	14	14	639	666	699
Vidaregåande skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova	31	31	31	1 381	1 374	1 324
Andre frittstående skolar	2	2	2	180	179	179
Vidaregåande skolar	74	75	77	12 682	12 901	13 276
Grunnskolar	171	180	192	15 996	16 845	18 078
Grunnskolar i utlandet	13	11	11	847	839	903
Vidaregåande skolar i utlandet	5	5	5	213	214	190
Sum	308	318	203	31 938	33 018	34 649

Hausten 2014 gjekk 2,9 pst. av grunnskoleelevane i frittstående skolar i Noreg. Hausten 2013 var talet til samanlikning 2,7 pst. Hausten 2014 gjekk 6,8 pst. av elevane på vidaregåande nivå i private skolar. Hausten 2013 var talet til samanlikning 6,5 pst. For omtale av Utdanningsdirektoratets tilsyn med private skolar, sjå omtale under kap. 220.

Post 70 Frittstående grunnskolar, overslagsløyving

Frittstående grunnskolar som er godkjende etter friskolelova, får tilskott tilsvarende 85 pst. av tilskottssatsen.

Budsjettforslag for 2016

På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar samt kompensasjon for innføring av ein ny naturfagstime foreslår departementet å auke løyvinga på posten med om lag 164,6 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2015.

Post 71 Frittstående vidaregåande skolar, overslagsløyving

Frittstående vidaregåande skolar som er godkjende etter friskolelova, får tilskott tilsvarende 85 pst. av tilskottssatsen.

Budsjettforslag for 2016

På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar, samt at ekstra tilskott til Oslo By Steinerskole er

ført vidare, jf. Innst. 360 S (2014–2015), foreslår departementet å auke løyvinga på posten med om lag 50,1 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2015.

Posten omfattar eit årleg tilskott til Kongshaug Musikkgymnas som kjem i tillegg til det beløpet skolen får etter privatskolelova, jf. St.prp. nr. 1 (2003–2004) for Utdannings- og forskingsdepartementet og Prop. 1 S (2013–2014) for Kunnskapsdepartementet. For 2016 foreslår departementet at skolen får om lag 3,6 mill. kroner i særskilt tilskott.

Posten omfattar også eit årleg tilskott til Oslo By Steinerskole, jf. Innst. 360 S (2014–2015). For 2016 foreslår departementet at skolen får om lag 2,1 mill. kroner i særskilt tilskott.

Post 72 Frittstående skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, overslagsløyving

Vaksenopplæringslova slår fast at satsane for tilskott til desse skolane skal reknast ut frå eit tilskottsgrunnlag som svarer til kostnader per elev i offentleg skole. Satsane til desse skolane er knytte til tre av satsane for frittstående vidaregåande skolar, med unntak av satsane til Norsk Yrkesdykker-skole. Dei tre satsane er knytte til utdanningsprogram for studiespesialisering, idrettsfag, og musikk, dans og drama. Vidaregåande skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova får 75 pst. av tilskottssatsane.

Budsjettforslag for 2016

På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar foreslår departementet å auke løyvinga på posten med om lag 6,8 mill. kroner.

Post 73 Frittstående grunnskolar i utlandet, overslagsløyving

Skolane får tilskott etter same grunnlag som frittstående grunnskolar i Noreg, men satsen blir høgare da desse skolane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg avrekning mellom Noreg og Sverige for svenske elevar i norske skolar i utlandet og for norske elevar ved svenske frittstående grunnskolar i utlandet. I tillegg omfattar posten utgifter til spesialundervisning.

Budsjettforslag for 2016

På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar samt kompensasjon for innføring av ein ny naturfagstime foreslår departementet å auke løyvinga på posten med om lag 9,9 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2015.

Post 74 Frittstående vidaregåande skolar i utlandet, overslagsløyving

Skolane får tilskott etter same grunnlag som frittstående vidaregåande skolar i Noreg, men satsen blir høgare sidan desse skolane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg utgifter til spesialundervisning.

Budsjettforslag for 2016

På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 4,1 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2015.

Post 75 Frittstående skolar for funksjonshemma elevar, overslagsløyving

Grunn- og vidaregåande skolar for funksjonshemma elevar får dekt 100 pst. av driftsutgiftene sine med statstilskott etter ein normalsats per elev, jf. friskolelova § 6-1 fjerde ledd. Nokre av skolane får i tillegg statstilskott til husleigeutgifter på same nivå som i 2003, jf. Innst. O. nr. 80 (2002–2003).

Budsjettforslag for 2016

På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 18,7 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2015.

Post 76 Andre frittstående skolar, overslagsløyving

Posten omfattar tilskott til Sørlandet Seilende Skoleskips Institution (MS Sjøkurs) og Unge Sjømenns Kristelige Forening (MS Gann). Skolane får tilskott per elev etter satsen for utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon. Skolane får 85 pst. av tilskottssatsen. I tillegg får desse skolane eit fast tilskott som blir prisjustert kvart år.

Budsjettforslag for 2016

På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 0,8 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2015.

Post 77 Den tyske skolen i Oslo, overslagsløyving

Gjeldande avtale mellom Noreg og Tyskland om Den tyske skolen i Oslo vart godkjend av Stortinget 19. november 2009, jf. Innst. 43 S (2009–2010) og St.prp. nr. 92 (2008–2009) Om samtykke til inngåelse av en avtale mellom Norge og Tyskland om omgjøring av Den tyske skolen i Oslo – Max Tau til en tysk-norsk bikulturell skole. Tilskottet blir rekna ut på same måte som tilskottet til frittstående skolar som er godkjende etter privatskolelova, men med 54,4 pst. av tilskottssatsen.

Rapport for 2014

Hausten 2014 var det 277 elevar ved Den tyske skolen i Oslo – 171 elevar på barnetrinnet, 71 elevar på ungdomstrinnet og 35 elevar på studie-spesialiserande utdanningsprogram på vidaregåande nivå. Dette utgjør ein auke på 37 elevar samanlikna med hausten 2013, da fordelinga var 115 elevar på barnetrinnet, 107 elevar på ungdomstrinnet og 18 elevar på studiespesialiserande utdanningsprogram på vidaregåande nivå.

Budsjettforslag for 2016

Med ny friskolelov er det ikkje lenger grunnlag for å gi tilskott til kompletterande undervisning til elevar som går på skole i Noreg, jf. Innst. 344 L (2014–2015) og Prop. 84 L (2014–2015). Dette inneber at internasjonale og utanlandske grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12, ikkje lenger kan få slikt tilskott. For at det samla tilskottet til Den tyske skolen ikkje skal bli redusert, foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 1,4 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på post 78. I tillegg foreslår departementet å auke løyvinga med 2 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2015 som følgje av oppdaterte satsar og elevtal.

Post 78 Kompletterande undervisning

Tilskottsordninga medverkar til finansiering av kompletterande undervisning i norsk, samfunns-

Tabell 4.5 Oversikt over talet på elevar som har fått kompletterande undervisning frå 2012 til 2014, fordelt på ulike skoletypar

	Elevtal		
	2012	2013	2014
Nettskolar	1 952	1 853	1 876
Utanlandske og internasjonale grunnskolar i Noreg	1 399	1 355	1 447
Svenske grunnskolar i utlandet	75	70	75
Undervisning gitt av foreldre eller i organiserte grupper	–	–	–
Sum	3 426	3 278	3 398

Budsjettforslag for 2016

I den nye friskolelova er det gjort endringar i § 6-4 slik at føresegna ikkje lenger gir grunnlag for å gi tilskott til kompletterande undervisning til elevar som går på skole i Noreg, jf. Innst. 344 L (2014–2015) og Prop. 84 L (2014–2015). Endringa fører til at internasjonale og utanlandske skolar i Noreg, av desse Den tyske skolen i Noreg og Den franske skolen i Noreg, ikkje lenger kan få tilskott til kompletterande undervisning. Noreg har inngått bilaterale avtalar med høvesvis Tyskland og Frankrike om blant anna finansieringa av desse skolane. For å føre vidare tilskottet på same nivå i samsvar med forpliktingane i avtalane, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med om lag 4 mill. kroner mot ein tilsvarende samla auke av dei ordinære tilskottspostane til Den franske skolen i Noreg og Den tyske

fag og kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) for elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar. Tilskottsmottakarar i ordninga er to sertifiserte nettskolar – Globalskolen og Norskskolen. Til og med 2015 var norske og svenske skolar i utlandet tilskottsmottakarar i ordninga. Til og med 2015 var også internasjonale grunnskolar og utanlandske skolar i Noreg med godkjenning etter opplæringslova § 2-12 tilskottsmottakarar i ordninga.

Rapport for 2014

Tabellen nedanfor viser at elevtala har vore relativt stabile i dei tre siste åra. Av elevar i utlandet er det flest elevar som får undervisning ved ein av dei to nettskolane, medan nokre få elevar får kompletterande undervisning ved svenske grunnskolar i utlandet.

skolen i Noreg, høvesvis kap. 227 post 70 (2,6 mill. kroner) og kap. 228 post 77 (1,4 mill. kroner).

Departementet foreslår samtidig å avvikle ordninga med kompletterande undervisning for elevar ved norske og svenske skolar i utlandet. Ordninga blir dermed avgrensa til å gjelde nettskolar. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 5 mill. kroner.

Departementet foreslår å redusere løyvinga samla sett med om lag 9 mill. kroner.

Departementet vil gjennomgå ordninga med kompletterande undervisning for å vurdere om ho er innretta på ein tenleg måte.

Post 79 Toppidrett

Ordninga gjeld skolar som i tillegg til godkjenninga etter friskolelova er godkjende som top-

pidrettsgymnas av Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Ordninga omfattar følgjande skolar: NTG i Bærum, Geilo, Kongsvinger, Lillehammer og Tromsø, Wang i Oslo, Fredrikstad, Stavanger og Tønsberg, Telemark toppidrettsgymnas og Hauge-sund toppidrettsgymnas. Det blir gitt eit fast tilskott til kvar av desse skolane. Det er ein føresetnad at skolane har elevar på tilbodet om særskild tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett. Dersom det blir fleire godkjende skolar med tilbod om slik opplæring, og som samtidig blir godkjende av NIF, vil dei ikkje automatisk bli omfatta av ordninga med særskilt toppidrettstilskott. Tilskottsposten blir prisjustert kvart år. Nærmare informasjon om tilskott per skole ligg på www.utdanningsdirektoratet.no.

Mål for 2016

Målet med tilskottet er å medverke til at dei skolane som er omfatta av ordninga, kan leggje til rette for at toppidrettsutøvarar kan kombinere trening med vidaregåande opplæring.

Rapport for 2014

Hausten 2014 var det 2 455 elevar ved desse skolane. Til samanlikning var det 2 385 elevar ved desse skolane hausten 2013.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 80 Friskoleorganisasjonar

Tilskott blir gitt til organisasjonar som har frittstående skolar med rett til statstilskott som medlemmer.

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at friskoleorganisasjonane kan drive med samordningsoppgåver for medlemsskolane sine.

Rapport for 2014

I 2014 fekk fem friskoleorganisasjonar tilskott ut frå at dei til saman hadde 249 godkjende medlemsskolar.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Statstilskott etter friskolelova kan ikkje nyttast til elevutveksling til utlandet. Denne tilskottsordninga gjeld for utveksling til utlandet for elevar i frittstående vidaregåande skolar med rett til statstilskott. Skolane kan søkje om støtte til administrasjon, oppfølging av og til rettelegging for elevutveksling. Tilskottet kan bli gitt til godkjende samarbeidsprosjekt mellom norske frittstående vidaregåande skolar med rett til statstilskott og utanlandske skolar. Følgjande frittstående vidaregåande skolar er godkjende for å kunne bli tildelte slikt tilskott: Danielsen videregående skole i Bergen, Heltberg Private Gymnas i Oslo og Drottningborg videregående skole i Grimstad.

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at skolane som er omfatta av ordninga, kan tilby elevutveksling i utlandet.

Rapport for 2014

I 2014 fekk kvar av skolane eit basistilskott på 100 000 kroner. Resten av tilskottsmidlane vart fordelt etter talet på elevar innanfor ordninga. Skolane har mottatt tilskott for totalt 76 elevar for skoleåret 2014–15. Dette er same elevtal som i skoleåret 2013–14.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 82 Kapitaltilskott til friskolar, kapital- og husleigetilskott

Tilskottet vart oppretta i 2014. Frittstående grunn- og vidaregåande skolar i Noreg som får driftstilskott under kap. 228 postane 70 og 71, er omfatta av ordninga. I 2016 blir tilskottet fordelt til desse skolane etter talet på elevar per 1. oktober 2015.

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å dekkje husleige- og kapitalutgifter for frittstående grunn- og vidaregåande skolar i Noreg som får driftstilskott under kap. 228 postane 70 og 71.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Kap. 229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	26 847	23 168	23 269
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	708	1 128	1 158
	Sum kap. 0229	27 555	24 296	24 427

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten går til drift av Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar. Fagskolen har elevar og studentar fordelte på tre hovudretningar: blomsterdekoratør-, gartnar- og anleggsgartnarfaglege utdanningsprogram. Veia er NOKUT-godkjend tilbyder innanfor fagområdet grøne design og miljøfag og har i dag ni ulike fagskoletilbod innanfor fagområdet.

Skolen skal framleis gi tilbod på vidaregåande nivå for elevar frå ulike fylke når fylkeskommunen betaler for det, jf. kap. 3229 post 61. I tillegg gir skolen tilbod om vaksenopplæring på vidaregåande nivå.

Mål for 2016

Den fremste målsetjinga til Veia er å utdanne kompetente yrkesutøvarar som bransjen og næringa treng på grøne fagområde.

I 2016 skal Veia halde fram med arbeidet med å utvikle ei fagskoleutdanning med god kvalitet, auke talet på studentar gjennom fleksible og tilpassa studieopplegg, heve kompetansen hos tilsette og utvikle fagleg samarbeid med nasjonale og internasjonale miljø.

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om fagskolane hausten 2016. Regje-

ringa vil sjå Veia i samanheng med andre fagskolar, og det statlege eigarskapet til Veia vil bli vurdert i samband med arbeidet med stortingsmeldinga.

Rapport for 2014

Opptaket hausten 2014 viser eit stabilt tilfang av elevar og studentar. Tal for opptaket, med teljedata 1. oktober, viser at Veia samla har 126 elevar og studentar som tek utdanning på heiltid og deltid. Det er like mange elevar og studentar som året før.

I skoleåret 2014–15 var det ingen heiltidsstudentar på fagskolenivå, medan det var 65 deltidsstudentar på dette nivået.

I skoleåret 2014–15 var det 52 deltidsstudentar og åtte heiltidsstudentar som tok vaksenopplæring på vidaregåande nivå. I tillegg tok ein av elevane i vidaregåande opplæring alternativ Vg3 blomsterdekoratør gjennom fylkeskjøpte plassar.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei samla løyving til Veia på 24,4 mill. kroner i 2016. Løyvingsforslaget er ført vidare på same nivå som i 2015.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3229 postane 02 og 61, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2016
		2014	Saldert budsjett 2015	
02	Salsinntekter o.a.	5 410	1 681	1 722
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	83		
18	Refusjon av sjukepengar	411		
61	Refusjon frå fylkeskommunar	337	1 103	1 135
	Sum kap. 3229	6 241	2 784	2 857

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskolane for fjernundervisning. Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for

kjøp av opplæringsplassar ved skolen. Departementet foreslår å føre løyvingane vidare på same nivå som i 2015.

Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2016
		2014	Saldert budsjett 2015	
01	Driftsutgifter	658 454	636 932	638 992
21	Særskilde driftsutgifter	41 899	59 978	61 409
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	13 788	8 644	8 877
	Sum kap. 0230	714 141	705 554	709 278

Statped (Statleg spesialpedagogisk støttesystem) er ei verksemd underlagd Utdanningsdirektoratet og er statens verkemiddel for å støtte kommunar og fylkeskommunar i deira arbeid med å nå sektormåla og realisere samfunnsmandatet for grunnopplæringa for barn, unge og vaksne med særskilde behov. Statped gir spesialpedagogiske tenester på individ- og systemnivå til kommunar og fylkeskommunar og spreier spesialpedagogisk kompetanse og forskingsbasert kunnskap om likeverdig, tilpassa og inkluderande opplæring. I perioden 2012–16 er Statped under omstilling. Omstillinga er ei oppfølging av Stortingets hand-saming av Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fel-lesskap*, jf. Innst. 405 S (2010–2011).

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga gjeld drift av Statped, inkludert ventelønn og lønn etter rettsvilkårsavtalen for overtalige. I tillegg blir det over post 01 gitt midlar til internasjonalt samarbeid m.m., drift av Utdanningsdirektoratets råd for likeverdig utdanning og utgifter til nasjonal koordinator i Utdanningsdirektoratet for the European Agency for Special Needs and Inclusive Education.

Mål for 2016

Statped skal arbeide etter følgjande mål i 2016:

- Vere ein tydeleg og tilgjengeleg ytar av spesialpedagogiske tenester til kommunar og fylkeskommunar. Alle kommunar og fylkeskommunar skal få likeverdig tilgang til tenester frå Statped.
- Vidareutvikle spisskompetanse innanfor spesialpedagogiske fagområde og vere ein bidragsytar til kunnskaps- og kompetansespreiing om likeverdig, tilpassa og inkluderande opplæring på desse områda.
- Statped skal arbeide ut frå ein heilskapleg FoU-strategi for prioritering av område for forskings- og utviklingsarbeid på det spesialpedagogiske området, forankra i eit samarbeid med universitet og høyskolar.

I 2016 skal arbeidet med omorganiseringa av Statped fullførast. Statped skal vere ein meir einskapleg organisasjon som bruker kompetansen i organisasjonen på ein meir heilskapleg måte, både i tenesteytinga og i kunnskapsutviklinga. Eit viktig arbeid blir å vidareutvikle samarbeidet med kommunar og fylkeskommunar og gjere fordelinga av ansvar og oppgåver tydelegare samt avklare kompetansebehov i kommunesektoren. Statped skal halde fram med å arbeide systemretta mot PP-tenestene i dei respektive regionane og skape eit godt samarbeid med kommunar og fylkeskommu-

nar for å utnytte og utvikle kompetansen i kvar region. Skådalen døvblindeskole i Oslo og A.C. Møller i Trondheim er dei einaste attverande statlege skolane i Statped etter avviklingar og omleggingar i tråd med Meld. St. 18 (2010–2011). Når det gjeld A.C. Møller, er departementet i dialog med brukarorganisasjonane og Trondheim kommune om eit styrkt teiknspråkmiljø i lokal regi.

Rapport for 2014

Tenesteyting

Statped har i 2014 i hovudsak arbeidd vidare med å få den nye organiseringa til å fungere, samstundes med at verksemda har halde oppe tenestene på om lag same nivå som tidlegare. Det har vore eit godt samarbeid med brukarorganisasjonane.

Felles retningslinjer for handtering av oppdrag i Statped tek omsyn til prinsippet om lik tilgang til tenestene frå Statped, og har sikra at sakshandsaminga av søknader skjer på ein meir effektiv og einskapleg måte. Fleire søknader enn tidlegare får fleirfagleg vurdering, og den fleirfaglege organiseringa til regionane bidrar til at brukarane får tenester frå fleire fagområde når det er behov. Dei nye rutinane for registrering fører til at kvaliteten på statistikken på nokre område er usikker, noko som påverkar samanstilling av tal på tenester frå 2013 og 2014 med tidlegare år.

Tabell 4.6 Talet på tenester innanfor kategoriene utgreiing, rådgiving/rettleiing og søknader

	2012	2013	2014
Utgreiing	3 607	4 586	4 337
Rådgiving/rettleiing	5 370	5 381	6 075
Søknad om individbaserte tenester	2 122	1 968	1 748
Søknad om systembaserte tenester	143	303	392

Tabellen over viser at tenesteproduksjonen i Statped er halden på tilsvarende nivå som i dei to føregåande åra, samstundes som verksemda har brukt store ressursar på omstilling og tilpassing til ny organisasjon. Tabellen viser at talet på utgreiingar er større enn talet på søknader. Årsakene til differansen er mellom anna at PP-tenestene i kommunane har vorte betre til å greie ut sakene før dei blir sende til Statped, og at utgreiingar kan gå over lengre tid, slik at ein søknad og påfølgjande teneste ikkje alltid kjem i same år. Søknader om systembaserte tenester har auka i

dei to siste åra, noko som kan skyldast ei tydelegare deling av oppgåver mellom Statped og kommunar/ fylkeskommunar.

Statped sine skolar for høyrselshemma i Bergen, Oslo og Holmestrand er avvikla etter skoleåret 2013–14, i tråd med Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*. Ni elevar og sju tilsette i Bergen vart overførte til Bergen kommune. Elevane i Oslo ved Skådalen skole fekk tilbod om skoleplass ved Vetland skole i Oslo. Dei siste to elevane frå Nedre Gausen hadde sine siste år på Ekeberg skole i Holmestrand i skoleåret 2013–14. Alle dei

fast tilsette fekk tilbod om andre stillingar i Statped Region Sør-Øst. A.C. Møller skole i Trondheim og Skådalen skole for døvblinde i Oslo er førte vidare. Ved skolestart hausten 2014 var det åtte elevar i grunnskolen og to elevar i den vidaregåande skolen ved Skådalen skole for døvblinde i Oslo, og 13 elevar på A.C. Møller i Trondheim. Ved A.C. Møller barnehage var det 23 barn med full plass, og eitt barn med deltidsplass.

På oppdrag frå Utdanningsdirektoratet har Statped frå hausten 2014 arbeidd etter ein ny modell for deltidsoplæring for døde og høyrsehemma elevar som får opplæringstilbod i bustadkommunen/heimefylket. Dette skal auke læringsutbyttet for elevane og leggje til rette for fleire sosiale møteplassar i eit stimulerande teiknspråklege miljø. I 2014 var det 144 elevar som fekk deltidsoplæring i Statped.

Kompetanseutvikling og -spreiing

I 2014 vart arbeidet med ein FoU-strategi gjort ferdig. Han gir grunnlag for å prioritere kva for område Statped skal satse på innanfor forskning og utvikling. Tilsette ved Statped har undervist ved ulike utdanningar ved sju universitet og 19 høgskolar i Noreg i tillegg til universiteta i Groningen og Stockholm. Statped bidrar aktivt med fagartiklar og utvikling av spesialpedagogisk faglitteratur som blir publisert både nasjonalt og internasjonalt. Statped har etablert faglege nettverk og strukturar som sikrar kompetanseutvikling i organisasjonen.

Statped har formidla kunnskap til kommunar og fylkeskommunar, inkludert PP-tenesta, barnehagar, skolar, vaksenopplæring samt einskilde lærarar og førskolelærarar. Arbeidsforma har vore rettleiing, skolering, kurs, rettleiingsmaterieil og læremiddelarbeid med vidare. Etterspurnaden etter desse tenestene har vore aukande i løpet av 2014. Når Statped yter tenester til kommunar og fylkeskommunar i enkeltsaker, blir det arbeidd med lokal kompetanseutvikling på den aktuelle skolen, både konkret knytt til den individuelle brukaren og på eit meir generelt nivå.

Nettstaden til Statped er ein viktig kommunikasjonskanal. I 2014 starta oppgraderinga av nettstaden for å styrkje den faglege formidlinga, tilgangen til læringsressursar og oversikten over

tenestene til Statped. For å auke kunnskapen om bruk av læringsressursar og teknologi hos tilsette i barnehagar og skolar har Statped utarbeidd ei rekkje artiklar, nyheitssaker og filmar.

Statped har i 2014 arbeidd med utvikling, tilrettelegging og produksjon av læremidlar med særleg vekt på bøker i punktskrift for barn og elevar med synshemmingar, teiknspråkleg materieil for barn og elevar med høyrselshemmingar, og materieil for dei som har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon.

Statped har halde fram med arbeidet med å følgje opp Strategi for etter- og vidareutdanning for PP-tenesta. Arbeidet tek utgangspunkt i dei behova PP-tenestene har for kompetanseheving innanfor definerte fagområde. Tilbodet blir gitt i form av etterutdanning, regionale nettverk og nasjonal nettverkskonferanse.

Statped har i 2014 arbeidd vidare med satsinga Vi sprenger grenser, som skal bidra til å auke forventningane til, medvitet om og kompetansen i læring og utvikling hos barn og elevar med store samansette lærevanskar og utviklingshemmingar. Statped har òg bidratt til å spreie kompetanse gjennom aktiv brukarmedverknad, til dømes gjennom Nasjonal brukarkonferanse.

Statped har i 2014 teke del i ei rekkje forskings- og utviklingsprosjekt. Mellom anna har Statped koordinert den norske delen av eit europeisk forskings- og utviklingsprosjekt, INVEST (Inclusive Vocational Education and Specialised Tailor-made Training). Gjennom prosjektet blir det utvikla kunnskap om korleis ein kan leggje til rette for at elevar med særskilde opplæringsbehov kjem ut i det ordinære arbeidslivet.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei samla løyving på om lag 709 mill. kroner under kap. 230 postane 01, 21 og 45. Departementet foreslår at løyvinga på post 01 blir redusert med 300 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3230 post 02, jf. omtale under kap. 3230. I tillegg foreslår departementet at løyvinga på post 01 blir redusert med ytterlegare 2 mill. kroner. Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3230 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Inntekter frå oppdrag	41 935	59 978	61 409
02	Salsinntekter o.a.	17 569	14 734	14 785
	Sum kap. 3230	59 504	74 712	76 194

Post 01 gjeld oppdragsverksemd som Statped utfører for kommunar, fylkeskommunar, høgskolar, universitet m.m. Post 02 gjeld sal av læremiddel, sal av elevprodukt, sal frå kantine, utleige av lokale, inntekter frå hjelpemiddeltilpassing og inntekter frå kurs.

Løyvingsforslaget på post 02 er redusert med 300 000 kroner for å redusere gebyr på lydbøker. I

Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap* vart det lagt opp til endringar av praksis for inntekter knytte til til rettelagde læremiddel, til dømes lydbøker. I dag låner Statped ut denne typen bøker til kommunar og fylkeskommunar mot eit gebyr per bok. Det er ønskeleg å redusere desse gebyra slik at dei på lengre sikt berre dekkjer formidlingskostnadene.

Programkategori 07.30 Barnehagar

Utgifter under programkategori 07.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
231	Barnehagar	369 013	453 226	623 176	37,5
	Sum kategori 07.30	369 013	453 226	623 176	37,5

Innleiing

Regjeringa ønskjer at alle barn skal få ein god start i livet og har klare forventningar til barnehagetilbodet og utbyttet for barna. Barnehagen skal gi god omsorg og støtte trivsel, utvikling og læring hos barna. Når barna startar på skolen, skal dei kunne norsk, kunne samarbeide med andre og ha lyst til å lære meir. For å få til dette for alle barn må dei tilsette i barnehagen ha god kompetanse.

Regjeringa vil heve kvaliteten på barnehagetilbodet. Barnehagen er ein viktig barndomsarena for svært mange barn og bidrar til å leggje eit godt grunnlag for vidare utvikling og læring i skolealderen. Gode barnehagar støttar barn ut ifrå dei individuelle føresetnadene hos barna og medverkar til utvikling som er tilpassa alderen og funksjonsevna til barna. Barnehagen kan dermed fange opp barn med særlege utfordringar på eit tidleg tidspunkt. Tidleg innsats kan vere avgjerande for korleis desse barna klarer seg seinare i livet. Barnehagen skal fremme trivsel, leik og læring og vere tilgjengeleg for alle barn. Regjeringa vil arbeide for eit rikt mangfald av barnehagar og sikre openheit om innhald og kvalitet, slik at foreldra og andre kan vurdere kvaliteten på tilbodet. Føreseielege rammevilkår skal medverke til mangfald og likeverd i barnehagesektoren.

Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) har i 2014–15 gått gjennom norsk barnehagepolitikk og leverte i juni 2015 rapporten *Early Childhood Education and Care Policy Review – Norway*. Rapporten inneheld ein analyse av og tilrådingar på områda styring, finansiering, tilgjengelegheit og kvalitet. Den over-

ordna vurderinga er at svært mykje er positivt i norsk barnehagesektor, men at det er nokre utfordringar Noreg bør gjere noko med, særleg når det gjeld kompetansen til personalet.

Barnehagane er først og fremst finansierte gjennom dei frie midlane til kommunane og foreldrebetalinga. Enkelte tilskott og tildelingar blir finansierte over programkategori 07.30. Dette gjeld tilskott til samiske barnehageformål, jf. kap. 231 post 50, tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen, jf. kap. 231 post 63, tilskott for symjing i barnehagane, jf. kap. 231 post 70, og midlar til forskning, undersøkingar, utgreiingar, informasjonsarbeid og kvalitets- og kompetanseutvikling, jf. kap. 231 postane 21 og 51. Nærmare informasjon om statistikk og ressursbruken i barnehagesektoren finst i budsjettkapittel 231 og i del III, kap. 7 Ressursar i barnehagesektoren.

Hovudprioriteringar for 2016

Regjeringa har i si politiske plattform lova å sikre likebehandling av alle barnehagar og foreslår i statsbudsjettet for 2016 å bruke 180 mill. kroner til å auke tilskottet til ikkje-kommunale barnehagar frå 98 pst. til 100 pst. av det dei kommunale barnehagane i gjennomsnitt får i offentleg finansiering. Med denne auken er ein milepæl nådd, og kommunale og ikkje-kommunale barnehagar vil få likeverdige rammevilkår. Auken legg mellom anna til rette for ei styrking av bemanninga i dei ikkje-kommunale barnehagane.

Regjeringa har i si politiske plattform lova å løfte kvaliteten i barnehagane. Kompetansen til personalet i barnehagen er avgjerande for kvalite-

ten på tilbudet, og regjeringa foreslår å styrkje arbeidet med kompetanse og kvalitet med om lag 160 mill. kroner i 2016. Satsinga skal støtte opp under strategien *Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014–2020* som inneheld tiltak for å auke kompetansen til dei tilsette i barnehagen. Totalt vil om lag 440 mill. kroner bli nytta til tiltak for å fremme kvaliteten i barnehagane i 2016.

I strategien mot barnefattigdom for perioden 2015–2017 lover regjeringa å vurdere nye tiltak for å nå dei familiane som ikkje har barn i barnehage. Regjeringa foreslår derfor å løyve 10 mill. kroner til kommunane gjennom rammetilskottet til informasjons- og rekrutteringsarbeid på barnehagefeltet. Formålet med løyvinga er å auke barnehagedeltakinga blant barn frå familiar med låg inntekt og barn med minoritetsspråkleg bakgrunn. Løyvinga legg til rette for at kommunane kan styrke sitt arbeid med å informere foreldre om innhaldet i barnehagetilbudet, bistå med søknader og orientere om dei ulike ordningane for redusert pris og gratis kjernetid. Det legg òg til rette for at kommunane kan drive oppsøkjande verksemd for å auke rekrutteringa til barnehage.

Satsingane på 100 pst. likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehager, auka kvalitet i barnehagane og informasjons- og rekrutteringsarbeid blir i all hovudsak finansierte gjennom endringar i finansieringsordninga for ikkje-kommunale barnehager. Regjeringa vil gjennomføre endringar, mellom anna i utrekning av tilskott for pensjons- og kapitalkostnader, som samla sett gir ei innsparing for kommunane på 338 mill. kroner. Endringane i finansieringsordninga vil gi betre samsvar mellom kostnadene i dei ikkje-kommunale barnehagane og tilskottet dei får frå kommunen.

Regjeringa har i si politiske plattform lova å arbeide for større fleksibilitet i barnehageopptaket. I statsbudsjettet for 2015 vart det løyvt 333 mill. kroner til kommunane gjennom veksten i dei frie inntektene for å leggje til rette for meir fleksible opptaksløysingar. Regjeringa foreslår å auke løyvingane med 400 mill. kroner i 2016 for å dekkje heilårseffekten av satsinga. Dermed blir den totale summen til kommunane i 2016 for meir fleksibelt barnehageopptak på om lag 740 mill. kroner, justert for auka kroneverdi. Løyvingane for 2015 og 2016 gir rom for etablering av om lag 3 400 fleire småbarnsplassar. Regjeringa legg til grunn at kommunane nyttar løyvinga til å gi fleire barn plass i barnehage.

Regjeringa foreslår å føre vidare maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehagar på same

reelle nivå som i 2015. For å sikre ein god sosial profil på foreldrebetalinga i barnehagen vil regjeringa føre vidare det nasjonale minstekravet til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt som vart innført 1. mai 2015. Denne moderasjonsordninga sikrar at foreldrebetalinga per år for ein heiltidsplass i barnehage maksimalt skal utgjere seks pst. av den samla person- og kapitalinntekta til hushaldet, med maksimalprisen som ei øvre grense. For å dekkje heilårseffekten av tiltaket foreslår regjeringa å auke løyvingane til kommunane med om lag 160 mill. kroner i 2016. I tillegg vart det frå 1. august 2015 innført ei nasjonal ordning med gratis kjernetid i barnehage for alle fire- og femåringar frå familiar med låg inntekt som regjeringa vil føre vidare på same reelle nivå i 2016. I 2016 foreslår regjeringa å kompensere kommunane for heilårseffekten av ordninga på 105 mill. kroner.

Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om innhald og kvalitet i barnehagen våren 2016. Meldinga vil danne grunnlaget for revideringa av rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Revidert rammeplan skal etter planen tre i kraft i 2017.

Tilstandsvurdering

Mål: Barnehagar med høg kvalitet som fremmer trivsel, leik og læring

Kunnskap om barnehagen

Omfanget av den norske barnehageforskninga har auka mykje i dei seinare åra. Også nordisk forskning har stor overføringsverdi for norske forhold. OECD påpeiker i rapporten sin at det har vore ei positiv utvikling i omfanget av og kvaliteten på forsking på og for barnehage, men at Noreg bør føre vidare og styrkje forskning som ser på korleis barnehagen påverkar trivselen og utviklinga hos barna. Departementet har merka seg desse råda.

Utdanningsdirektoratet publiserer statistikk og informasjon om forskning på barnehageområdet og gir i tillegg årleg ut publikasjonen Utdanningsspeilet, som inneheld statistikk og anna informasjon om barnehage og grunnopplæring. I 2014 publiserte direktoratet det første nummeret av magasinet *Vetuva*, der resultatane frå skandinavisk barnehageforskning blir formidla til sektoren. Departementet er nøgd med at direktoratet er vorte meir aktivt i å spreie forskingsresultat på barnehageområdet til sektoren.

Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) har i 2015 på opp-

drag frå Noregs forskingsråd utgitt rapporten *Utdanningsforskning i Norge 2013*. Rapporten peiker mellom anna på at barnehageområdet er eit ganske nytt forskings- og utdanningsfelt i Noreg, at første høgre grads eksamen på området vart avlagd i 1980, og at det i perioden 2000–13 er uteksaminert om lag 1 300 kandidatar på hovudfags- eller mastergradsnivå innanfor barnehagepedagogikk. Totalt var 44 fagmiljø og 482 forskarar involverte i barnehageforskning i 2013, og denne forskinga utgjorde elleve pst. av den totale utdanningsforskinga. Det største forskingstemaet på barnehagefeltet var kategorien undervisning, læring og utvikling med 67 pst. av forskings- og utviklingsmidlane, deretter kjem temaet økonomi, organisasjon og leing med ni pst., følgt av temaet tilhøvet mellom utdanningssystem, heim og arbeidsliv med åtte pst.

Forskningsprogrammet FINNUT (2014–2023) er finansiert av Kunnskapsdepartementet gjennom Noregs forskingsråd og skal støtte forskning og innovasjon for å fornye og styrkje norsk utdanning. FINNUT finansierer ei rekkje forskingsprosjekt på barnehageområdet, og departementet forventar meir kunnskap om barnehagar etter kvart som prosjekta blir ferdigstilte.

Høgskolen i Oslo og Akershus leier eit prosjekt innanfor FINNUT – Gode barnehager for barn i Norge (GoBaN). Dette er Noregs største forskingsprosjekt på barnehagefeltet. GoBaN følgjer 1 600 barn i ein periode på fire år og omhandlar korleis kvaliteten i barnehagen innverkar på barna, kva som kjenneteiknar ein god barnehage, og kva for faktorar som påverkar trivselen og utviklinga til barna. Arbeidet skjer i samarbeid med norske og internasjonale fagmiljø og skal vere ferdig i 2018. Prosjektet skal også utvikle eit forskingsbasert verktøy som barnehagane kan bruke for å arbeide systematisk med vurdering og utvikling av sin eigen prosesskvalitet. Ein delrapport skal ligge føre i oktober 2015.

Agder-projektet er eit FINNUT-prosjekt der universiteta i Agder og Stavanger samarbeider om eit førskoleopplegg basert på leikbasert læring. Opplegget blir testa ut i 50 barnehagar. Gjennom førskoleaktivitetar i minst to timar fire dagar i veka skal femåringane få auka stimulering når det gjeld sosiale ferdigheiter, sjølvregulering, språk og matematikk. Målsetjinga er at barna i større grad har same læringsgrunnlag når dei startar på skolen, og dermed likare moglegheiter for å lykkast i utdanningsløpet. Prosjektet varer til 2019.

I 2014 publiserte Den europeiske unionen (EU) sluttrapporten frå ein omfattande studie med deltaking frå mange land, inkludert Noreg, av kor-

leis barnehage kan førebyggje fråfall seinare i utdanninga, jf. *Study on the effective use of early childhood education and care in preventing early school leaving*. Studien viser til at det er brei semje i forskinga om at dei erfaringane barn gjer i alderen null til seks år, er svært viktige for den seinare utviklinga, og at eit kvalitativt godt barnehage tilbud legg eit godt grunnlag for seinare læring. Dette gjeld særleg for kognitive ferdigheiter, som lesing/skriving og talforståing.

Folkehelseinstituttet samlar inn store mengder data gjennom Den norske mor og barn-undersøkelsen (MoBa) og publiserte i februar 2015 studien *Sårbare barn i barnehagen – betydningen av kvalitet*. Studien viser at god kvalitet i barnehagen ser ut til å førebyggje utvikling av språk- og åtferdsvanskar over tid, særleg hos sårbare barn.

Ein rapport frå Rambøll i 2015 omhandlar kva realfag i barnehagen er, kva forskning seier om realfag i barnehagen og korleis det blir arbeidd med realfag i barnehagen. Rapporten peiker på fagområda tal, rom og form og natur, miljø og teknikk som mest relevante i realfagleg samanheng, og at læring av realfag i barnehagen bør innrettast som utforskande læring. Aktiv involvering av personalet, rett bruk av fagomgrep og god fagkompetanse blir framheva som viktige faktorar for å jobbe systematisk og tverrfagleg med realfag i barnehagen.

Fafo gjennomfører på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet undersøkinga *Tidsbruk i barnehager – Rapportering, organisering, ledelse*. Endeleg rapport skal etter planen ligge føre hausten 2015.

Universitetet i Stavanger har sidan 2007 i samarbeid med Stavanger kommune gjennomført ein longitudinell studie om barn si utvikling og læring. Prosjektet er tverrfagleg og blir avslutta i 2018. Prosjektet skal bidra til meir kunnskap om barn si utvikling frå to og eit halvt til tiårsalder når det gjeld områda språk, matematikk, motorikk og sosial kompetanse i førskolealder og lesing, skrivning og rekning i skolealder. Ein rapport frå prosjektet viser at jenter allereie frå toårsalder er meir sosiale og sjølvstendige og meistrer kvar-dagsaktivitetane i barnehagen betre enn gutar. Ein annan rapport viser at det er samanheng mellom motoriske dugleiker og matematiske dugleiker blant barnehagebarn.

Personaltettleiken i barnehagen

Barnehagelova stiller ikkje konkrete krav til personaltettleiken i barnehagen, men seier: «Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.»

Det er barnehageeigar som er ansvarleg for å sikre ei pedagogisk forsvarleg bemanning, og kommunen som barnehagemyndigheit som er ansvarleg for å føre tilsyn med om lovkravet er oppfylt. Norske barnehagar har høgre personal-tettleik enn mange andre land, mellom anna Danmark, Sverige og Finland. Det er fleire årsaker til dette, mellom anna at vi har svært høg barnehagedeltaking for barn under tre år, og at den norske barnehagetradisjonen legg stor vekt på utelek og turar, noko som krev fleire vaksne.

Personaltettleiken i barnehagen har auka i dei siste åra. I 2014 var det på nasjonalt nivå i gjennomsnitt 6,07 barn per årsverk i barnehagen mot 6,19 barn per årsverk i 2009 (korrigert for alder og opphaldstid). Samtidig som personal-tettleiken har auka, er forskjellane mellom dei enkelte barnehagane framleis store. Dei ti prosent barnehagane med lågast personal-tettleik har fleire enn 6,8 barn per årsverk, mens dei ti prosent barnehagane med høgst personal-tettleik har færre enn 5,1 barn per årsverk. Årsverka omfattar pedagogiske leiarar og både faglærte og ufaglærte assistentar. Det er høgre personal-tettleik i kommunale barnehagar (5,93 barn per årsverk) enn i ikkje-kommunale barnehagar (6,22 barn per årsverk).

Kompetansen til personalet i barnehagen

Omtalen nedanfor av personalet i barnehagen omfattar alle tilsettegruppene i barnehagen med unntak av merkantilt/administrativt personale, reingjeringspersonale og vaktmeistrar. Departementet skil mellom såkalla barnehagefagleg kompetanse (utdanning som barnehagelærer eller tilsvarende pedagogisk utdanning med tilleggskompetanse om barnehage) og barnefagleg kompetanse (utdanning som gir kunnskap om utviklinga og behova til barn, som anna pedagogisk utdanning eller fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar). Grunnbemanninga i barnehagen omfattar pedagogiske leiarar og assistentar. Assistentane er ei samansett gruppe som omfattar både personar med pedagogisk utdanning, fagarbeidarar og ufaglærte.

Eit hovudfunn i internasjonal forskning på barnehagekvalitet viser at kompetansen til personalet i barnehagen er den viktigaste enkeltfaktoren for trivselen og utviklinga til barna. I 2014 hadde 60 pst. av personalet barnehagefagleg eller barnefagleg kompetanse. Dette er ein auke frå 57 pst. i 2013. I 2014 utgjorde tilsette med barnehagelærerutdanning 39 pst. av personalet mot 38 pst. i 2013. Dette omfattar både styrarar, pedagogiske leiarar og anna personale som er utdanna barne-

hagelærarar, men som har stilling som for eksempel barnehagelærer 2.

Barnehage-lova set krav om at styraren i barnehagen skal ha utdanning som barnehagelærer eller anna høgskoleutdanning som gir barnefagleg og pedagogisk kompetanse. Kommunen kan gi dispensasjon frå utdanningskravet til styrarar dersom det ikkje er mogleg å skaffe kvalifiserte søkjarar. Delen styrarar utan godkjend utdanning var i 2014 på to pst. mot tre pst. i 2013, så utviklinga går i riktig retning.

I tillegg til krav til styraren set barnehage-lova krav til stillinga som pedagogisk leiar. Pedagognorma i barnehage-lova seier at det skal vere minimum éin pedagogisk leiar per 14–18 barn når barna er over tre år, og éin pedagogisk leiar per 7–9 barn når barna er under tre år og den daglege opphaldstida for barna er over seks timar. Kommunen kan gi dispensasjon frå utdanningskravet til pedagogiske leiarar dersom det ikkje er mogleg å skaffe kvalifiserte søkjarar. Delen pedagogiske leiarar utan godkjend utdanning var på 9,7 pst. i 2014 mot 13,0 pst. i 2013. Dette er framleis eit høgt tal, men utviklinga går i riktig retning.

I 2014 oppfylte 55 pst. av dei ordinære barnehagane pedagognorma utan å bruke dispensasjon frå utdanningskravet, mot 49 pst. i 2013. Dette er ei svært positiv utvikling sjølv om delen bør bli større på lengre sikt.

Kommunale barnehagar har litt høgre pedagogtettleik enn ikkje-kommunale barnehagar, og store barnehagar oppfyller oftare pedagognorma utan å bruke dispensasjon frå utdanningskravet enn små barnehagar. I 2014 gjekk 57 pst. av barnehagebarna i ein barnehage som oppfylte pedagognorma utan å bruke dispensasjon frå utdanningskravet, noko som er meir enn ei dobling frå 24 pst. i 2009. Dette er ei svært gledelig utvikling.

Variasjonane i sektoren når det gjeld oppfyltinga av pedagognorma, er store. I 2014 hadde alle dei pedagogiske leiarane godkjend utdanning i 69 pst. av dei ordinære barnehagane (familiebarnehagar og opne barnehagar er ikkje inkluderte). I dei ti pst. barnehagane med lågast pedagogdekning hadde maksimalt 60 pst. av dei pedagogiske leiarane godkjend utdanning. Utrekningar frå Utdanningsdirektoratet viser at barnehagane i 2014 mangla om lag 3 600 barnehagelærarar for å oppfylle pedagognorma utan bruk av dispensasjonar. I tillegg mangla 100 barnehagelærarar for å oppfylle kravet om at styraren skal ha slik utdanning, så totalt mangla det 3 700 barnehagelærarar i 2014. Dette er likevel ei betring frå 2013, da det mangla 150 styrarar og 4 250 pedagogiske leiarar med god-

kjend utdanning, og regjeringa er svært nøgd med den positive utviklinga.

Assistentane utgjer 53 pst. av personalet. Barnehagelova har ingen krav til kompetansen hos assistentane, og kompetansen varierer frå å vere barnehagelærer utan leiaransvar til ingen formell kompetanse. Stadig fleire barnehagar tilset fagarbeidarar som har fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget. I 2014 hadde sju pst. av assistentane barnehagelærerutdanning eller anna pedagogisk utdanning mot fire pst. i 2013, og 27 pst. av assistentane hadde fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget mot 25 pst. i 2013. Dei øvrige assistentane, som utgjer høvesvis 66 pst. av assistentgruppa og 35 pst. av dei tilsette, har inga formell utdanning for å arbeide med barn. Dette er ei samansett gruppe som varierar mykje både i alder, yrkeserfaring og realkompetanse.

Kompetanseutvikling

I 2014 vart det nytta 179 mill. kroner til kvalitets- og kompetanseutviklingstiltak på barnehageområdet. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for oppfølginga av *Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014–2020*. Strategien omfattar eit system for kompetanseutvikling med ei rekkje tiltak retta mot alle grupper tilsette som arbeider med barna. For meir omtale, sjå kap. 231 Barnehagar post 21 Særskilde driftsutgifter nedanfor.

I tillegg til den ordinære barnehagelærerutdanninga er det to viktige kompetanseutviklingstilbod som kan medverke til å gi fleire barnehagelærarar i barnehagen: Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU) og tilleggstudium i barnehagepedagogikk (TIB) for personar med anna pedagogisk utdanning frå før. ABLU er eit tiltak der både faglærte og ufaglærte assistentar får tilbod om å ta utdanninga på deltid mens dei arbeider i barnehagen. Studiet medverkar til å rekruttere studentar som ikkje har høve til å ta utdanninga på heiltid. TIB er eit deltidsstudium på 60 studiepoeng retta mot personale med anna treårig pedagogisk høgskoleutdanning, som allmennlærer/grunnskolelærer, faglærer, spesialpedagog og barnevernspedagog. Fullført studium gir kompetanse som kvalifiserer til stilling som pedagogisk leiar i barnehagen.

Barnehagane har ikkje tidlegare fått statleg støtte til å leggje til rette for at tilsette kan delta i vidare- og etterutdanningstilbod. Manglande tilrettelegging, både økonomisk og praktisk, har vore blant årsakene til låg deltaking og fråfall frå aktuelle studietilbod. Regjeringa har derfor frå

hausten 2015 sett i gang ei prøveordning med stipend for tilsette i barnehagen som enten tek arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU) eller tilleggstudium i barnehagepedagogikk (TIB). Det er lyst ut totalt 800 stipend for studieåret 2015–16. For å sikre at barnehageeigaren har moglegheit til å leggje systematiske planar for kompetanseutvikling, skal eigaren vere den som søkjer om stipend. Departementet føreset at eigaren tek ansvar for å leggje til rette for og følgje opp at studiet blir gjennomført på ein forsvarleg måte ved sida av jobb, og eigaren må rapportere om gjennomføring og eventuelt fråfall. Om eigaren vil gi støtte ut over det statlege stipendet til eventuelt ytterlegare frikjøp av stillingsprosent, må partane avtale lokalt. Det same gjeld dekning av kostnader til reise og opphald samt studiemateriell.

God leiing av barnehagen er viktig for kvaliteten på tilbodet til barna. For å auke leiarkompetansen har departementet i perioden 2011–13 finansiert eit prøveprosjekt med leiarutdanning for barnehagestyrarar. Studietilbodet vart ført vidare for perioden 2014–17. Tiltaket er eit studium på mastergradsnivå som går over tre semester ved seks universitet og høgskolar. Tal for 2014 viser at det har vore fleire søkjarar enn plassar på tilbodet. Opptak av nye deltakarar frå hausten 2015 viser ein nedgang i søkjertalet. Ei evaluering gjennomført av Oxford Research i samarbeid med Aarhus Universitet vart publisert hausten 2014. Evalueringa viste at eit klart fleirtal av deltakarane meinte utdanninga bidro til betre forståing og utøving av eiga leiarrolle, nye faglege innfallsvinklar og auka refleksjon over eigen praksis. I tillegg peiker rapporten på forbettringspotensial i den vidare utviklinga av studiet, særleg når det gjeld å sette klårare læringsmål, heve nivået på oppgaver og eksamensbesvaringar og betre studentane sin evne til refleksjon. Utdanningsdirektoratet følgjer opp evalueringa.

For å styrkje omfanget av og kvaliteten på rettleiingsordninga for nyutdanna barnehagelærarar har Utdanningsdirektoratet tildelt midlar til drift og vidareutvikling av igangsette tiltak for rettleiing. Tiltaka blir drivne av lærarutdanningane ved universitet og høgskolar og omfattar mellom anna informasjons- og motivasjonsarbeid retta mot leiarar og eigarar. Utdanningsdirektoratet har hausten 2014 sett i gang ei omfattande evaluering av rettleiingsordninga, og endeleg rapport skal ligge føre i desember 2016.

Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen (såkalla PUB-studium) er ei vidareutdanning på deltid for barnehagelærarar som arbeider i barne-

hage. PUB-studium er på 30 studiepoeng og skal medverke både til at barnehagelærarane får fagleg påfyll og til å rekruttere og halde på erfarne barnehagelærarar i barnehagen. Tilbodet omfattar mellombelse studieplassar med innretning knytt til prioriterte satsingsområde i kompetansestrategien.

Personalet i grunnbemanninga, unnateke dei pedagogiske leiarane, har i hovudsak enten fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget (27 pst.), og har da ofte stillingsnemninga fagarbeidar, eller ingen formell barnefagleg eller barnehagefagleg kompetanse (66 pst.). Sju pst. av assistentane har barnehagelærarutdanning eller anna pedagogisk utdanning. For å auke delen fagarbeidarar gir departementet midlar til såkalla barnehagebasert fagbrev, der erfarne assistentar får moglegheit til å gå opp til fagprøva i barne- og ungdomsarbeidarfaget for å formalisere realkompetansen sin. Departementet gir òg midlar til tilbod som skal sikre at fleire ufaglærte assistentar får eit minimum av barnehagefagleg grunnkompetanse og betre forståing av innhaldet i og ansvaret i samband med arbeidet. Denne kompetansen blir gitt på ulike vis, dels som korte kurs og dels som studium, gjerne på deltid, ved ein høgskole.

Kompetansehevingsstudiet for assistentar er eit deltidsstudium på 15 studiepoeng. Studiet skal bidra til både å rekruttere nye og halde på erfarne assistentar som allereie arbeider i barnehagen. I tillegg kan studiet motivere assistentar til å ta fagprøva i barne- og ungdomsarbeidarfaget eller starte på arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU).

Fylkesmannsembeta har i 2015 fått tildelt ei ramme på 28 mill. kroner til tiltaka Fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget, Kompetansehevingsstudium for assistentar og Barnehagefagleg grunnkompetanse for assistentar og vikarar. Midlane er tildelte gjennom ei fullmakt som skal sikre fleksibilitet og moglegheit for lokale tilpassingar og justeringar. Fylkesmannen disponerer midlane i samsvar med lokale behov og i samarbeid med utdanningsinstitusjonane og eventuelt andre aktørar.

I kompetansestrategien er eit av tiltaka utvikling av fagskoleutdanning i oppvekstfag. Dette er eit tilbod om vidareutdanning for barne- og ungdomsarbeidarar som arbeider i barnehage. Utdanningsdirektoratet legg til rette for igangsetjing av slike fagskoletilbod, og har gitt midlar til utvikling av to nye nasjonale fagplanar. Departementet har tidlegare gitt midlar til utvikling av ein nasjonal fagplan. NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga) må godkjenne utdanninga før utdan-

ningsinstitusjonane kan gi tilbod om fagskoleutdanning.

Arbeidet med minoritetsspråklege barn og fleirkulturalitet er eit område der barnehagepersonalet ofte etterspør meir kompetanse, og departementet finansierer satsinga *Kompetanse for mangfold* for perioden 2013–17, jf. omtale under kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa post 21 Særskilde driftsutgifter. Satsinga er ei oppfølging av Meld. St. 6 (2012–2013) *En helhetlig integreringspolitikk. Mangfold og fellesskap* og skal medverke til at tilsette i barnehagane og grunnopplæringa får auka sin kompetanse på det fleirkulturelle området. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for gjennomføringa. Målgruppa omfattar også barnehage- og skoleeigarar og kommunen som barnehagemyndigheit. Lærarutdanningane tilbyr kompetanseheving til målgruppa samtidig som dei utviklar sin eigen kompetanse på det fleirkulturelle området. I 2014 og 2015 har det vore gjennomført erfaringssamlingar med presentasjon av forskning og utviklingsarbeid. Barnehagelærarutdanningane har delteke i fleire av desse prosjekta. Ein stor del av *Kompetanse for mangfold* blir gjennomført som barnehagebasert og skolebasert etterutdanning. I 2015 har om lag 60 barnehagar i Nord-Trøndelag, Nordland, Oppland, Buskerud og Finnmark delteke i satsinga. Det er òg utvikla to tilbod om vidareutdanning retta mot pedagogar i barnehagen. NIFU gjennomfører ei følgjeevaluering av satsinga, og slutt-rapport kjem i februar 2018.

Den nye barnehagelærarutdanninga som vart innført i studieåret 2013–14, blir følgt av ei følgjegruppe oppnemnd av departementet. Gruppa har mandat fram til sommaren 2017 og skal både vurdere utviklinga og gi rettleiing til utdanningsinstitusjonane i omleggingsprosessen. Første delrapport kom hausten 2014 og inneheldt omtale av både utfordringar og tilrådingar for det vidare arbeidet på høgskolar og universitet. Delrapporten viser mellom anna at praksislærarane, som skal rettleie studentar som har praksisperiode i barnehage, har behov for kompetanse i rettleiing for å oppfylle dei formelle krava. Ein ny delrapport kjem i oktober 2015. Kunnskapsdepartementet vil følgje utviklinga i kvaliteten på barnehagelærarutdanninga tett framover.

Utdanningsdirektoratet har sidan 2014 publisert eit nettmagasin om kompetanseutvikling for tilsette i barnehagen. Magasinet inneheld informasjon om kompetansetiltak, men òg fagleg påfyll, som artiklar om viktige fagområde og utfordringar dei tilsette kan møte i arbeidskvarden.

Rekruttering av kompetent personale

Barnehagelærerstudiet er ei treårig utdanning på bachelornivå. Hausten 2014 gjekk om lag 7 830 studentar på barnehagelærerstudiet, mot om lag 7 760 studentar i 2013. Talet på kandidatar som vart uteksaminerte frå barnehagelærerutdanninga, viser ein nedgang frå 2 080 kandidatar i 2013 til 1 862 kandidatar i 2014.

Talet på kvalifiserte søkjarar som har barnehagelærerstudiet som sitt førsteval, var om lag 2 450 personar i 2015, ein liten auke frå 2014. I tillegg kjem søkjarar som har barnehagelærerstudiet lenger ned på si prioriteringsliste. For studieåret 2015–16 er det gitt tilbod om studieplass til 3 435 studentar, ein auke på om lag 190 frå studieåret 2014–15. Det gjenstår å se kor mange av desse som faktisk startar på studiet. Utdanningsinstitusjonane gir tilbod til fleire personar enn det er plass til, dette fordi det av erfaring alltid er ein del som takkar nei til studieplass.

Tal frå Samordna opptak for planlagde studie-plassar ved barnehagelærerutdanningane viser at det har vore ein auke frå om lag 2 590 plassar i 2014 til om lag 2 640 plassar i 2015. Desse tala gjeld heiltidsstudiet, plassar innanfor deltidsstudium og nokre ABLU-plassar (arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning). I tillegg kjem desentraliserte studium og ein del andre ABLU-plassar som ikkje er omfatta av Samordna opptak.

Ikkje alle nyutdanna barnehagelærarar arbeider i barnehage etter studiet, men det har vore ei positiv utvikling i overgangen frå utdanninga til arbeid i barnehage. Ein rapport frå NOVA (Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring) våren 2015 omtaler barnehagelærarane som yrkesgruppa som «slutta å slutte», og viser at barnehagelærarane i løpet av dei siste tiåra har gått frå å ha relativt høg turnover til å bli den mest stabile arbeidskrafta i barnehagen. Før 2000 var det assistentane som var den mest stabile arbeidskrafta, men i dei siste femten åra har stabiliteten blant barnehagelærarane stige. Av alle barnehagelærarar som jobba i barnehage i 2007, var det 79 pst. som framleis jobba i barnehage i 2012.

Barn med særlege behov

Barn med særlege behov er ei samansett gruppe. Mange av desse barna har nedsett funksjonsevne, som kan omfatte fysiske funksjonshemmingar, utviklingshemmingar, språk- og talevanskar, åtferdsvanskar og psykiske lidningar. Samtidig treng det ikkje liggje til grunn ein diagnose, for særlege behov kan innebære at barnet har eit

behov som er meir omfattande enn vanleg for alderen. Den vide definisjonen gjer det vanskeleg å vurdere kvaliteten på det tilbodet barnehagen gir til barn som kan seiast å ha særlege behov.

Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet i barnehageopptaket etter § 13 i barnehagelova. Statistikk frå kommunane for 2014 viser at 4 458 barn fekk barnehageplass i samsvar med prioritering mot 4 808 barn i 2013.

Barn under opplæringspliktig alder som har eit særleg behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp etter § 5-7 i opplæringslova. Retten gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage eller ikkje. Det er kommunen som skal oppfylle retten, og den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) er den sakkunnige instansen som skal vurdere behovet. Foreldra må gi samtykke til både vurdering av og tilbod om spesialpedagogisk hjelp. Det er ikkje noko krav om individuell opplæringsplan (IOP) for barn i barnehagealderen sidan det ikkje ligg føre noka opplæringsplikt for desse barna. Det er heller ikkje noko krav at den spesialpedagogiske hjelpa skal bli gitt i barnehagen. Det avgjerande er kva for behov barnet har og korleis dette behovet kan bli møtt på best mogleg vis. Det er viktig at kommunen i sitt enkeltvedtak tek stilling til kven som skal gi hjelpa og korleis hjelpa skal organiserast. Utdanningsdirektoratet har rettleingsmateriale om spesialpedagogisk hjelp på sine nettsider.

Delen barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 i opplæringslova, har hatt ein liten auke i dei siste åra, frå 2,1 pst. i 2007 til 2,7 pst. i 2014, noko som i 2014 omfattar i underkant av 7 800 barn. Delen elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning er høgare i grunnskolen, totalt 8 pst. i skoleåret 2014–15. Delen stig med alderen på barna, frå 3,6 pst. av elevane på 1. trinn til 11,1 pst. for elevar på 10. trinn. Den spesialpedagogiske hjelpa i barnehagen er ofte knytt til utfordringar med språkutvikling og åtferdsvanskar.

Fylkesmannen er klageinstans for klager som gjeld retten til spesialpedagogisk hjelp for barn under skolepliktig alder heimla i opplæringslova § 5-7 og rett til teiknspråkopplæring etter § 2-6 tredje ledd. Fylkesmannen behandla i 2014 totalt 69 klager som gjaldt desse områda, 67 klager etter § 5-7 og to klager etter § 2-6. Dette er ein liten auke frå totalt 58 klager i 2013, men ein reduksjon frå totalt 104 klager i 2011.

Regjeringa er oppteken av å få meir kunnskap for å kunne vurdere om barnehagen gir eit kvalitativt godt tilbod til barn med særlege behov, og Utdanningsdirektoratet har frå og med 2014 gjort forbetringar i statistikkinnhentinga på dette områ-

det. I tillegg har direktoratet på oppdrag frå departementet sett i gang ei større undersøking om barn med særlege behov. Oppdraget er gitt til NTNU Samfunnsforskning i samarbeid med Trøndelag Forskning og Utvikling og NIFU, og slutt-rapport kjem hausten 2015.

Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid er viktig for å hjelpe utsette barn. For å styrkje det arbeidet kommunane og fylkeskommunane gjer for utsette barn og unge i alderen 0–24 år, har Kunnskapsdepartementet starta eit samarbeid med Arbeids- og sosialdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. *0–24-samarbeidet* skal avdekkje felles utfordringar og fremme felles tiltak og strategiar for betre oppfølging av utsette barn og unge. Direktoratet har fått i oppdrag å samordne sine egne regelverk og verkemiddel for å styrkje tverrfaglege innsatsar. Innsatsen skal gjere det enklare for kommunane å samarbeide på tvers av fag- og regelverk. For meir omtale, sjå programkategorien 07.20 Grunnopplæringa.

Støtte til det faglege arbeidet i barnehagane

Utdanningsdirektoratet har utvikla støtteressursar for det faglege arbeidet i barnehagane. Desse byggjer opp under tema både i kompetansestrategien for tilsette i barnehagen og i rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Direktoratet lanserte i august 2015 ei filmpakke med korte filmar frå barnehagekvardagen som gir gode eksempel frå praksis. I tillegg kjem skriftleg materiell, som artiklar og forslag til spørsmål til refleksjon over arbeidet i barnehagen. Direktoratet har vidare gitt dei nasjonale sentera i oppdrag å lage støtteressursar for barnehagane på kvart sitt einskilde fagområde.

Ståstadsanalysen for barnehagar er eit refleksjons- og prosessverktøy som Utdanningsdirektoratet har utvikla for at den enkelte barnehagen skal kunne vurdere sin eigen kvalitet. Ståstadsanalysen skal medverke til felles refleksjon blant alle dei tilsette og hjelpe barnehagen til å peike ut område som personalet ønskjer å prioritere i det vidare utviklingsarbeidet. Etter ei pilotering i seks barnehagar våren 2015 ligg ein revidert versjon tilgjengeleg for alle barnehagar på nettsidene til direktoratet.

Barnehagen er ein viktig språkarena for alle barn, særleg for barn som av ulike årsaker er forseinka i språkutviklinga, og for barn med eit anna morsmål enn norsk. Gode språklege dugleiker legg grunnlaget for framtidig læring og deltaking i både grunnopplæringa og samfunnslivet.

Utdanningsdirektoratet forvaltar eit øymerkt tilskott til kommunane til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen, jf. kap. 231 post 63. Rapporteringar frå barnehagane viser at i 2014 fekk 36 pst. av dei minoritetsspråklege barna i barnehage tilbud om særskild språkstimulering mot 35 pst. i 2013. Dette er tilbud som går ut over det ordinære arbeidet med språkutvikling i barnehagen, slik som tospråkleg assistanse. Delen barn som får tilbud om særskild språkutvikling, har halde seg på om lag same nivå i fleire år.

System for å følgje med på og utvikle kvaliteten i barnehagen

Alle barn har krav på gode barnehagar uansett kvar i landet dei bur, og foreldra skal vere trygge på at barna har det godt i barnehagen. Regjeringa vil gjere det enklare for foreldre og andre å følgje med på kvaliteten i tilbodet. Utdanningsdirektoratet er i gang med å utarbeide eit system for å følgje med på og utvikle kvaliteten i barnehagen. Systemet skal leggje til rette for at barnehagar, eigarar og lokale og nasjonale myndigheiter har tilgang både på informasjon om tilstanden i sektoren og på verktøy for kvalitetsutvikling. Nettportalen Barnehagefakta.no opna i august 2015. Nettsida gir informasjon om utvalde nøkkeltal for alle barnehagar i Noreg, mellom anna om bemanninga i barnehagen og utdanningsnivået til dei tilsette, og vil særleg vere relevant for foreldre når dei skal søkje om barnehageplass. Det er barnehagane sjølve som rapporterer inn data i ein eigenrapportering per 15. desember kvart år.

Ulykker i barnehagen

Undersøkinga *Kartlegging av hendelser og ulykker som medfører skade på barn i barnehage* frå 2013 viste at det er få alvorlege ulykker i barnehagesektoren totalt sett, og at svært få av desse er så alvorlege at dei krev langvarig medisinsk behandling. Undersøkinga viste at to pst. av skadane krev omfattande medisinsk oppfølging av lege eller tannlege. For å få ei betre oversikt over omfanget og alvorlighetsgraden av meir alvorlege skadar på barn i barnehage over tid, har Helsedirektoratet tilpassa Norsk pasientregister (NPR) slik at det er lettare å identifisere alvorlege skadar i barnehagane. Endringane er implementerte i 2015, og første rapportering kjem i 2016. Alle dei somatiske sjukehusa i landet og legevaktene i Oslo, Bergen og Trondheim har plikt til å rapportere skadar. Rapporteringa frå desse institusjonane vil leggje

grunnlaget for å estimere talet på alvorlege ulykker på landsbasis.

Samarbeid med barnevernet

Dei tilsette i barnehagen har opplysningsplikt til barnevernet når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, eller det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar. Statistisk sentralbyrå (SSB) fører statistikk over alle undersøkingar som barnevernet har starta og/eller avslutta i løpet av året, og kven som har meldt saka. Tal for 2014 viste at av 11 507 påbegynte undersøkingar for barn i alderen 1–5 år hadde barnehagen meldt 1 970 eller 17 pst. av sakene. Tilsvarende tal for 2013 var 1 788 saker av 11 369, altså 16 pst. Fordelinga på små og store barn viste at barnehagen i 2014 melde 7,3 pst. (291 av 3 991 saker) av påbegynte undersøkingar for barn i alderen 1–2 år og 22 pst. (1 679 av 7 516 saker) av påbegynte undersøkingar for barn i alderen 3–5 år.

Det er viktig at både barnehageeigar, styrar og dei øvrige tilsette i barnehagen er medvitne om det ansvaret dei har for å hjelpe utsette barn. I desember 2014 sende barneministeren, helseministeren, justisministeren og kunnskapsministeren eit felles brev til alle kommunane for å minne om opplysningsplikta til barnevernet.

Mål: Eit tilgjengeleg barnehagetilbod for alle barn

Deltaking i barnehage

Stortinget innførte ein individuell rett til barnehageplass i 2009. Barn som har fylt eitt år innan utgangen av august, har rett til barnehageplass same året dersom foreldra har søkt om plass innan fristen for hovudopptaket. Retten skal oppfyllest innan utgangen av august i det året det blir søkt om plass.

Ved utgangen av 2014 gjekk om lag 286 400 barn i ordinær barnehage eller familiebarnehage. Dette svarer til ein dekningsgrad på 90,2 pst. for eitt- til femåringar. Dekningsgraden for femåringane aleine er på 97,5 pst. i 2014.

Delen minoritetsspråklege barn i barnehage har auka mykje i dei seinare åra. I 2014 gjekk om lag 41 300 minoritetsspråklege barn i barnehage, noko som utgjer 14 pst. av alle barnehagebarn. Dekningsgraden for minoritetsspråklege eitt- til femåringar var 79 pst. i 2014 mot 77 pst. i 2013. Til samanlikning var dekningsgraden for barn i alderen eitt til fem år som ikkje er definerte som minoritetsspråklege, 92 pst. i 2014, det same som i 2013.

For fire- og femåringane er barnehagedeltakinga om lag lik for dei to gruppene, men for eitt-, to- og treåringane er forskjellane større. For nærmare statistikk, sjå del III, kap. 7 Ressursar i barnehage-sektoren.

Rapportering frå fylkesmannen viser at for hausten 2015 har så godt som alle barn med rett til plass fått tilbod om barnehageplass innan utgangen av august. Fylkesmannen følgjer opp dei få kommunane som er forseinka.

Så framt barnet ikkje har rett til plass av særlege årsaker, har barn som fyller eitt år frå og med 1. september, ikkje rett til plass før neste haust. I 2015 vart rammetilskottet til kommunane auka med 333 mill. kroner for å leggje til rette for meir fleksible opptaksløysingar, slik at foreldre med barn som fyller eitt år 1. september eller seinare, får kortare ventetid på ein barnehageplass, jf. Innst. 2 S Tillegg 1 (2014–2015). Midlane var berekna til å kunne finansiere opp til 3 400 nye barnehageplassar.

11 300 barn som fylte eitt år etter 31. august, gjekk i barnehage ved utgangen av 2014. Dette er om lag på same nivå som i 2013. Av dei som gjekk i barnehage, men ikkje hadde rett til plass, var det 9 200 barn som hadde fylt eitt år i perioden 1. september–31. desember, og 2 100 barn som ennå ikkje hadde fylt eitt år ved årsskiftet.

Ventelistene i kommunane omfattar per 15. desember 2014 om lag 8 300 søknader om barnehageplass. Det er ulike årsaker til at barn står på venteliste. Om lag halvparten har ikkje rett til plass på grunn av alderen til barnet. I ein del tilfelle har ikkje foreldra søkt om plass innan fristen for det kommunale hovudopptaket. Talet inkluderer også barn der foreldra søker om plass i fleire kommunar samtidig, slik at barnet står på venteliste fleire stader, og barn som allereie har barnehageplass, men der foreldra søker om plass i ein annan barnehage. Det er flest barn på venteliste i Sandnes, Stavanger, Oslo og Bergen.

Gratis kjernetid i barnehage

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet starta i 2006 eit forsøk med gratis kjernetid i barnehage i nokre utvalde område med høg del barn med innvandrarakgrunn for å auke barnehagedeltakinga i desse områda, jf. nærmare omtale i Prop. 1 S (2015–2016) for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Fafo og SSB har evaluert forsøket og leverte sluttrapport i november 2014. Evalueringa viser mellom anna at av barn med minoritetsspråkleg bakgrunn i dei fem Oslo-bydelane som tilbyr gratis kjerne-

tid, er det 15 pst. fleire som går i barnehage enn i andre bydelar. Barn med innvandrarbakgrunn som har gått i barnehage som fire- og femåringer, gjer det betre på kartleggingsprøver i 1. klasse, særleg i norsk, samanlikna med barn med innvandrarbakgrunn som ikkje har gått i barnehage.

I oppfølginga av statsbudsjettet for 2015 vart det frå 1. august 2015 innført ei ny nasjonal ordning med gratis kjernetid i barnehage for alle fire- og femåringer frå familiar med låg inntekt, uansett språkleg bakgrunn, jf. Innst. 2 S Tillegg 1 (2014–2015). Inntektsgrensa er sett til 405 000 kroner i 2015, og barna får rett til 20 timar gratis barnehage per veke. Ordninga skal sjåast i samheng med det nasjonale minstekravet til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt som vart innført 1. mai 2015.

Foreldrebetaling

SSB har ei årleg undersøking av foreldrebetalinga i barnehagen. Rapporten frå januar 2015 viser at den gjennomsnittlege månadsatsen for eitt barn med fulltidsopphald i kommunal barnehage var 2 416 kroner for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner og 2 199 kroner for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner. Skilnaden i foreldrebetalinga for hushald med desse inntektene er berre 217 kroner i månaden. I desse beløpa er kostpengar og tilleggsutgifter fjerna i størst mogleg grad. Den gjennomsnittlege årsbetalinga på landsbasis var om lag 25 200 kroner, noko som tilsvare ei månadsbetaling på om lag 2 290 kroner i elleve månader. Dette er ein nominell auke på 3,2 pst. frå 2014.

Ifølgje forskrifta om foreldrebetaling i barnehagar kan betaling av kostpengar komme i tillegg til månadsbetalinga. Når det blir berekna årsbetaling for eit barn i barnehage, er betalinga avhengig av kostpengar og andre utgifter samt talet på betalingsmånader. I SSB-rapporten frå januar 2015 opplyser rundt 97 pst. av dei kommunale barnehagane at dei krev inn kostpengar separat. I januar 2015 betalte hushald med eitt barn i kommunal barnehage gjennomsnittleg 260 kroner i kostpengar per måned, noko som er ein auke på fire pst. frå januar 2014.

Maksimalprisen for foreldrebetalinga vart frå 1. mai 2015 auka reelt med 100 kroner per måned og utgjer 2 580 kroner per måned og 28 380 kroner for året.

Frå 1. mai 2015 vart det innført eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt. Kravet er at foreldrebetalinga

for ein heiltidsplass maksimalt skal utgjere seks pst. av kapital- og personinntekten til hushaldet, med maksimalprisen som ei øvre grense. Reduksjonen i foreldrebetaling for familiar med låg inntekt gir ein betre sosial profil på foreldrebetalinga og legg til rette for at fleire barn kan få delta i barnehage. I revidert nasjonalbudsjett for 2015 vart det løyvt 41,7 mill. kroner som kompensasjon til kommunane for administrative utgifter knytte til innføring av ordninga, jf. Innst. 360 S (2014–2015).

Opne barnehagar

Opne barnehagar er regulerte gjennom barnehagelova, men kommunane er ikkje lovpålagde å gi dette tilbodet. Opne barnehagar har eksistert sidan 1988 og er eit lågterskeltilbod som kommunane kan tilby familiar som ikkje bruker det ordinære barnehagetilbodet. Ein forelder eller annan omsorgsperson er med barnet, og det pedagogiske opplegget er leidd av ein barnehagelærer. I dei seinare åra har det vore ein reduksjon i talet på opne barnehagar, frå 278 opne barnehagar i 2005 med kapasitet til 7 900 barn, til 180 opne barnehagar i 2014 med kapasitet til 4 700 barn.

Undersøkingar viser at opne barnehagar kan vere ein god rekrutteringsarena til ordinær barnehage, særleg for barn med innvandrarbakgrunn. Personalet etterlysar kompetanseheving i det å støtte og rettleie foreldre samt i det å arbeide med kulturelt og språkleg mangfald.

Mål: Føreseielege rammevilkår som medverkar til mangfald og likeverd i barnehagesektoren

Tilsyn med barnehagesektoren

Ei av fylkesmannens hovudoppgåver på barnehageområdet er å føre tilsyn med og gi rettleiing til kommunen som barnehagemyndigheit. Dette er eit viktig verkemiddel for å bidra til å sikre at barnehagelova blir følgt, og at kvaliteten på barnehagetilbodet er høg. Tilsyn, informasjon, rettleiing og klagesaksbehandling skal medverke til å sikre rettstryggleiken til innbyggjarane.

Utdanningsdirektoratet har ansvaret for styringa av fylkesmannen på barnehageområdet, jf. kap. 220 Utdanningsdirektoratet. Direktoratet har i dei siste åra gjort ein innsats for å vidareutvikle tilsynet og sikre eit forsvarleg, einsarta og treffsikkert tilsyn med høg legitimitet. Felles tilsynsmetode skal sikre lik behandling på landsbasis og leggje til rette for at tilsyna inneber ressurseffektive undersøkingar av tilstanden i kommunane, effektiv korrigering av eventuell lovstridig praksis samt at tilsyna skjer i samsvar med forvaltnings-

messige krav. Det er òg ei viktig målsetjing at tilsyna skal ha læringseffekt for kommunane.

Oppsummeringa av årsrapportane for 2014 frå dei atten fylkesmannsembeta viser at det vart gjennomført i alt 109 tilsyn med 99 kommunar på barnehageområdet. Dei fleste tilsyna har omfatta kontroll med kommunens verkemiddelbruk (rettleiing og tilsyn) som tilsynsmyndigheit. Til samanlikning vart det i 2013 gjennomført 138 tilsyn med 133 kommunar.

Funna frå fylkesmannens tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit i 2014 viser at kommunane framleis har ein veg å gå i arbeidet med å gi rettleiing og se til at barnehagedrifta er i samsvar med lover og reglar. Den rettslege forståinga kommunane har av rammene for og rolla som barnehagemyndigheit og godkjenningssmyndigheit, kan bli betre.

Fylkesmannens tilsyn med kommunen som godkjenningssmyndigheit har vist at kommunane i for liten grad vurderer konkret om bygningar og uteområde i barnehagen fremmer barnas moglegheiter for leik, livsutfalding og meningsfylte aktivitetar. I tillegg har fylkesmannen avdekt at fleire kommunar ikkje har treft vedtak om godkjenning dersom bygningar blir endra eller utvida. Desse funna inneber at mange barn dagleg oppheld seg i barnehagar der det ikkje er vurdert om lokala er eigna etter barnehageleva.

Tilsyna i 2014 viser også at kommunane ikkje kontrollerer godt nok (gjennom godkjenning/tilsyn) at barnehagane er tilstrekkeleg bemanna til å gi barna eit tilfredsstillande pedagogisk tilbod. Kommunane har altså ikkje i stor nok grad sikra at barnehagebarna har ei tilfredsstillande pedagogisk ramme rundt kvardagen sin.

Det er i tillegg avdekt eit behov for å auke kompetansen i kommunane på områda forvaltningsrett og saksbehandling. Krava til saksbehandling i forvaltningslova aukar rettstryggleiken for den einskilde barnehagen som det er ført tilsyn med. Til dømes vil manglande opplysningar om klagerett kunne få betydning for om ein barnehage klagar eller ikkje.

Det er gjennomført til saman åtte tilsyn som gjeld likeverdig behandling ved tildeling av offentleg tilskott til ikkje-kommunale barnehagar. Fleire kommunar må bli betre til å utforme vedtaka slik at mottakaren er i stand til å forstå innhaldet og vurdere om kommunen har oppfylt alle dei rettslege krava som gjeld for vedtak om tilskott. Manglar ved dette inneber at dei private barnehagane ikkje får godt nok innsyn i grunnlaget for det tilskottet dei har fått, noko som kan medføre at dei ikkje veit om dei har fått det tilskottet dei skal ha.

Vidare kjem det fram at fleire kommunar må bli betre til å opplyse om klagefristar, framgangsmåtar ved klage og den retten partane har til å sjå dokumenta i saken.

Fylkesmannen behandla i 2014 totalt 178 klager etter barnehageleva med forskrifter, noko som er ein reduksjon på 66 klager eller 27 pst. frå 244 klager i 2013. Den viktigaste enkeltårsaka til nedgangen er 69 færre klager etter forskrifta om likeverdig behandling av offentleg tilskott til ikkje-kommunale barnehagar. I 2014 utgjorde denne delen 88 pst. av klagen mot 92 pst. i 2013. Utdanningsdirektoratet meiner at reduksjonen kan komme av både at kommunane har større regelverksetterleving i berekninga av tilskott enn før, og at auken av tilskottet til private barnehagar gjer at dei finn mindre grunn til å klage på vedtaket i kommunen.

Det er som tidlegare stor regional variasjon i talet på klager. Østfold og Oslo og Akershus har flest, Aust-Agder, Oppland og Troms har færrest. Utdanningsdirektoratet har ingen indikasjonar på kvifor klageantalet varierer mellom fylka. Saksbehandlingstida for klagesaker på barnehageområdet har vorte redusert frå 2013 til 2014, og dei fleste sakene har vorte behandla innan fristen på tre månader.

Hausten 2014 hadde regjeringa eit lovforslag ute til høyring om at fylkesmannen skal få heimel til å føre tilsyn med barnehagar direkte, og ikkje berre med kommunen som barnehagemyndigheit. Departementet følgjer opp saka, jf. omtale under Strategiar og tiltak nedanfor.

Økonomiske rammevilkår for barnehagane

I 2014 utgjorde dei ikkje-kommunale barnehagane 53 pst. av alle barnehagar. Det er stor variasjon innanfor denne gruppa, som små einingar med ein enkelt eigar, foreldreieigde barnehagar, sjukehusbarnehagar, studentbarnehagar og store, profesjonelle kjeder med mange einingar. Frå 1. august 2014 har dei ikkje-kommunale barnehagane fått 98 pst. av det dei kommunale barnehagane i gjennomsnitt får i offentleg finansiering.

Departementet har i åra etter overgangen til rammefinansiering i 2011 arbeidd med å gjere finansieringssystemet betre. Også OECD påpeiker i rapporten sin at finansieringssystemet er for komplisert, og at det er store forskjellar i kor mykje kommunane bruker på barnehage. På oppdrag frå departementet leverte Utdanningsdirektoratet i mars 2015 eit forslag til alternative modeller for finansiering av ikkje-kommunale barnehagar, og eit forslag vart sendt ut til offentleg høyring.

ring i mai 2015. Departementet tek sikte på å fastsetje ei ny forskrift i løpet av hausten som skal tre i kraft frå 1. januar 2016.

Endringar i barnehagelova

Departementet arbeider med endringar i barnehagelova. Endringane skal bidra til ei enklare og klarare lov og vil vere ein viktig del av arbeidet med å løfte kvaliteten i barnehagane. Hausten 2014 var det fleire lovendringsforslag ute til høyring. Desse gjaldt forslag om at fylkesmannen skal få heimel til å føre tilsyn med barnehagar, forslag om presisering av heimelen for arbeidet i barnehagen med dokumentasjon og vurdering, forslag om at yrkestittelen førskolelærer blir erstatta av barnehagelærer og forslag om presisering av heimelen for departementet til å gi forskrift om rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Samla vurdering av sektormåla

For å nå målet om at barnehagane skal ha høg kvalitet som fremmer trivsel, leik og læring, er det viktig med eit godt kunnskapsgrunnlag for utviklinga av kvalitet. Veksten i barnehageforskninga i dei seinare åra medverkar til dette, og forskinga viser mellom anna at barnehagen gir mange barn ei positiv utvikling, men at variasjonen i tilbodet er stor. OECD tilrår i sitt country policy review av norsk barnehagepolitikk at Noreg fører vidare og styrkjer forskning som ser på korleis barnehagen påverkar trivselen og utviklinga til barna. Departementet meiner at dette er i gang, og viser til at det i åra som kjem, vil komme fleire rapportar frå til dels store forskingsprosjekt. OECD tilrår vidare at Utdanningsdirektoratet, eventuelt også Forskningsrådet, bør ta eit større ansvar for å koordinere barnehageforskninga og for å spreie resultatane, slik at kunnskapen om beste moglege praksis blir større i barnehagane. Til det sistnemnde meiner departementet at mykje er gjort allereie ved at direktoratet har oppretta ein eigen portal med statistikk over og informasjon om forskning på barnehageområdet, og ved at direktoratet gir ut publikasjonen Utdanningspeilet og magasinet Vetuva, der resultatane frå skandinavisk barnehageforskning blir formidla til sektoren.

Kompetansen til dei tilsette er svært viktig for kvaliteten på det pedagogiske tilbodet. Statistikken viser at både delen barnehagelærarar og delen assistentar med barnefagleg kompetanse har auka, noko som har betra den samla kompetansen hos dei tilsette. Det er likevel ei utfordring at ein så stor del av personalet som 40 pst. man-

glar formell kompetanse for å arbeide med barn, og at det manglar 3 700 barnehagelærarar for å oppfylle lovkrava om godkjend utdanning for styrarar og pedagogiske leiarar.

Barnehagen er ein viktig språkarena for alle barn, særleg for barn med eit anna morsmål enn norsk, og språkarbeidet har både høg prioritet og stort omfang. Personalet etterspør kompetansetil-tak særleg på dette området.

Kompetansestrategien for perioden 2014–20 gir mange moglegheiter for kompetanseheving på ulike nivå. Det er barnehageeigarane som har ansvaret for at personalet får tilbod om å delta. Manglande tilrettelegging, både økonomisk og praktisk, har vore blant årsakene til låg deltaking og fråfall frå aktuelle studietilbod. Den nye statlege stipendordninga som direktoratet innfører frå hausten 2015, er derfor venta å gjere det enklare å delta.

Talet på søkjarar til barnehagelærarstudiet og talet på studentar og uteksaminerte kandidatar ligg på om lag same nivå som tidlegare, og departementet vurderer at situasjonen er tilfredsstillande. Barnehageeigarane har ansvaret for å oppfylle pedagognorma og rekruttere nok pedagogar til barnehagane.

For å nå målet om eit tilgjengeleg barnehagetilbod for alle barn er det viktig å gjere noko med dei hindringane familiane støter på, enten det er mangel på plassar eller økonomiske årsaker. Barn som fyller eitt år frå og med 1. september, har etter lova ikkje rett til plass i barnehage før neste haust, men mange barn får plass gjennom året sidan det i langt dei fleste kommunane er kapasitet til å gi barnehageplass til nokre barn utan rett. Talet på barn som fylte eitt år frå og med 1. september og som gjekk i barnehage 15. desember, vart redusert frå 9 400 i 2013 til 9 200 i 2014. Forslaget frå regjeringa om ei løyving på om lag 740 mill. kroner i 2016 gir rom for å etablere om lag 3 400 barnehageplassar, og legg dermed til rette for auka fleksibilitet i opptaket og kortare ventetid for ein barnehageplass.

Dei aller fleste barn går i barnehage før dei startar på skolen, men barn frå familiar med låg inntekt og barn frå familiar med innvandrarbakgrunn har noko lågare deltaking. Dette kan tyde på at familieøkonomien er til hinder for at barnet får gå i barnehage.

Målet om føreseielege rammevilkår som medverkar til mangfald og likeverd i barnehagesektoren omfattar økonomisk likebehandling av alle barnehagar. Omfanget av klager til fylkesmannen har gått ned, men viser at det framleis er nokre utfordringar knytte til praktiseringa av forskrifta

om likeverdig behandling av ikkje-kommunale barnehagar.

Barnehagesektoren er prega av stort mangfald ved at om lag halvparten av alle barnehagar er private, og ved at det er stor forskjell på barnehagar når det gjeld storleik, organisering og pedagogisk retning. Regjeringa meiner at dette mangfaldet er bra fordi det gir foreldra stor valfridom, og fordi ulike barnehagar kan medverke til å inspirere kvarandre. Samstundes skal tilbodet vere likeverdig på eit overordna plan og i samsvar med formålet i barnehagelova og rammeplanen, sjølv om det varierer i utforming mellom dei enkelte barnehagane. Samla sett er det få klager på barnehageområdet, og brukarundersøkingar viser at foreldra i det store og heile er nøgde med tilbodet. Statistikken viser likevel at det er stor forskjell mellom barnehagar når det gjeld ein del sentrale tilhøve, som pedagogdekninga og talet på barn per vaksen. Det er bekymringsfullt dersom barn i ein del barnehagar over tid ikkje får det tilbodet dei etter rett skulle hatt.

Strategiar og tiltak

Kunnskap om barnehagen

Departementet vil føre vidare styrkinga av barnehageforskinga, mellom anna gjennom utdanningsforskningsstrategien *Kvalitet og relevans 2014–19*. Fleire store forskingsprosjekt er i gang og vil gi nye resultat i åra som kjem, om meir langsiktige effektar av det å gå i barnehage. Utdanningsdirektoratets publikasjonar Utdanningsspeilet og Vetuva medverkar til å spreie forskingsresultat på barnehageområdet til sektoren.

For omtale av løyvingar til barnehageforsking, sjå kap. 231 postane 21 og 51.

Styrking av kompetanse og kvalitet i barnehagen

Kompetansen til personalet i barnehagen er avgjerande for kvaliteten på tilbodet, og departementet foreslår å styrkje arbeidet med kompetanse og kvalitet med om lag 160 mill. kroner. Satsinga skal støtte opp under strategien *Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014–2020* som inneheld tiltak for å auke kompetansen til alle dei tilsette i barnehagen. Midlane vil leggje til rette for både å etablere 150 nye ABLU-plassar (arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning) med oppstart hausten 2016 og å styrkje kompetansen til dei tilsette i opne barnehagar. Delar av auken på 160 mill. kroner vil gå til lokale tiltak i barnehagane for å styrkje det pedagogiske arbeidet på ulike fagområde, mellom

anna språk og realfag. Dette vil støtte opp under lese- og skrivestrategien og realfagsstrategien som er starta opp.

Regjeringa vil føre vidare øvrige vidare- og etterutdanningstilbod for tilsette i barnehagar. Kompetansestrategien *Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014–2020* gir føringar for innhald, prioriteringar og ansvarsdeling innanfor kompetanseutviklinga. Strategien omfattar både styrarar, pedagogar, barne- og ungdomsarbeidarar og ufaglærte assistentar, og inneheld eit system for kompetanseutvikling som synleggjer ulike kompetansehevingstiltak for dei ulike gruppene tilsette. Det er viktig at alle aktørar tar ansvar for å følgje opp kompetansestrategien, mellom anna ved at barnehageeigarane legg til rette for deltaking i kompetansetiltaka.

Den femårige satsinga *Kompetanse for mangfold* for perioden 2013–17 er i 2016 inne i sitt nest siste år, jf. omtale under kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa post 21 Særskilde driftsutgifter. Satsinga er ei oppfølging av Meld. St. 6 (2012–2013) *En helhetlig integreringspolitikk. Mangfold og fellesskap*, og skal gi tilsette i barnehagar og skolar betre kompetanse på det fleirkulturelle området. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for gjennomføringa. Alle fylke skal med i satsinga i løpet av femårsperioden. I 2016 er det Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane som blir med.

Dei opne barnehagane kan vere eit godt supplement til vanlege barnehagar, særleg for ein-skilde grupper som har problem med å bruke det ordinære tilbodet. Samtidig kan opne barnehagar vere ein rekrutteringsarena til vanleg barnehage, kanskje særleg for barn med minoritetspråkleg bakgrunn. Tidlegare evalueringar har vist at personalet etterlyser meir kompetanse i foreldrerettleiing og det å arbeide med kulturelt og språkleg mangfald, og regjeringa foreslår at den styrkte løyvinga i 2016 skal omfatte kompetanseheving for personalet i opne barnehagar.

Barnehagen skal vere ein trygg stad å vere, og personalet skal ha kompetanse til å oppdage barn i vanskelege livssituasjonar. Regjeringa la i 2014 fram tiltaksplanen *En god barndom varer livet ut* for å bekjempe vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom. Tiltaksplanen gjeld for perioden 2014–2017, og eitt av tiltaka er å sørge for at kunnskap om vald og seksuelle overgrep inngår i og blir lagt vekt på i barnehagelærerutdanninga. Forslag om endring i forskrifta om rammeplan for barnehagelærerutdanninga er sendt på høyring hausten 2015.

Rekruttering av kompetent personale

Rekruttering av barnehagelærarar er eit lokalt ansvar som ligg hos barnehageeigarane. For å støtte det lokale arbeidet med rekruttering vil fylkesmannen halde fram med koordineringa av dei regionale rekrutteringsnettverka i kvart fylke. Eit viktig rekrutteringstiltak for å få fleire barnehagelærarar er å stimulere til at erfarne assistentar tek arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU).

Rekruttering av fleire assistentar med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget vil bidra til å auke delen tilsette som har barnefagleg kompetanse. *Yrkesfagløftet* i vidaregåande opplæring kan medverke til at fleire elevar som avsluttar ungdomsskolen, startar på og gjennomfører denne yrkesutdanninga. For nærmare omtale av *Yrkesfagløftet* og vidaregåande opplæring, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa. I tillegg vil kompetansetiltaket barnehagebasert fagbrev bidra til at erfarne assistentar får moglegheit til å gå opp til fagprøva i barne- og ungdomsarbeidarfaget for å formalisere realkompetansen sin.

Barn med særlege behov

Regjeringa er oppteken av å få meir kunnskap for å kunne vurdere om barnehagen gir eit kvalitativt godt tilbod til barn med særlege behov. På oppdrag frå departement og direktorat skal NTNU Samfunnsforskning i samarbeid med Trøndelag Forskning og Utvikling og NIFU hausten 2015 levere ein rapport som vil gi meir kunnskap om barnehagetilbodet til barn med særlege behov.

Støtte til det faglege arbeidet i barnehagane

Regjeringa har i si politiske plattform lova å styrkje bruken av norsk og språkutviklinga i barnehagen for å førebu barna på skole og utdanning og gi nødvendig hjelp til barn som har svake språkferdigheiter.

Regjeringa lanserer hausten 2015 ein nasjonal lese- og skrivestrategi for perioden 2016–19. Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning ved Universitetet i Stavanger har fått ansvaret for å leie arbeidet med strategien, og har i 2015 starta arbeidet med å utvikle kompetansepakker for barnehagar og skolar. Dette arbeidet er delvis finansiert over kap. 231 Barnehager post 21 Særskilde driftsutgifter. Hausten 2015 vil nokre barnehagar og skolar kunne søkje om å delta i utprøvinga av nokre av desse kompetansepakkene.

Strategien har som mål å styrkje tekst- og språkkompetansen til alle barn og elevar, og på den måten også deira faglege kompetanse. Strategien skal òg bidra til å styrkje kompetansen til personalet når det gjeld å identifisere og leggje til rette for barn og elevar med språk-, lese- og skrivevanskar. Strategien legg stor vekt på at kompetanseutvikling i barnehage og skole skal bidra til å gi solid kunnskap om kva som er god språkutvikling og lese- og skriveopplæring. Kartlegging og tidleg innsats på alle nivå skal førebyggje lese- og skrivevanskar, og tiltak skal setjast i verk når ein oppdagar at eit barn eller ein elev ikkje har forventta utvikling. Det skal leggjast spesielt til rette for ulike målgrupper, som minoritetsspråklege barn og elevar, barn og elevar med språkvanskar, elevar med lese- og skrivevanskar, gutar og høgt presterande elevar.

Regjeringa lanserte i august 2015 realfagsstrategien *Tett på realfag – Nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnopplæringa (2015–2019)*, jf. grundigare omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa og kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa. Strategien skal mobilisere og forplikte barnehagar, skolar, barnehageeigarar og skoleeigarar til endring lokalt. Dei 34 kommunane som i mars 2015 fekk status som realfagskommunar, skal vere viktige forbilde når det gjeld å utvikle ein lokal strategi for å arbeide systematisk med å forbetre kompetansen og resultatene i realfag frå barnehage til fullført grunnskole. Hovudgrepa i strategien er mellom anna å gå gjennom og fornye rammeplanen for innhald og oppgåver i barnehagen for å styrkje det realfaglege innhaldet, å auke kompetansen til personalet og å styrkje arbeidsmåtene i barnehagen. I samband med strategien blir ordninga med realfagskommunar ført vidare, og departementet vil setje i verk tiltak for å betre kvaliteten på læremiddel i realfag.

Delar av auken i løyvinga på 160 mill. kroner til kvalitet og kompetanse skal i 2016 gå til lokalt forankra tiltak i barnehagen for å styrkje det pedagogiske arbeidet på fagområde som gjeld språk og realfag. Dette kan dermed understøtte realfagsstrategien og lese- og skrivestrategien. Midlane kan mellom anna gå til utvikling, innkjøp og/eller omsetjing av pedagogisk materiale.

Barnehagen skal gi trygg og god omsorg, og personalet skal medverke til eit godt miljø utan mobbing og krenkingar. Djupedal-utvalget leverte NOU 2015: 2 *Å høre til – Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø* våren 2015, men hadde ikkje barnehageområdet inkludert i mandatet sitt.

Regjeringa vil likevel vurdere tiltak på barnehageområdet i oppfølginga av rapporten.

System for å følgje med på og utvikle kvaliteten i barnehagen

Nettportalen Barnehagefakta.no opna i august 2015, men Utdanningsdirektoratet skal arbeide vidare med å ferdigstille systemet for å følgje med på utviklinga av kvaliteten i barnehagesektoren og medverke til betre kvalitet. Oppdraget har endeleg frist i 2017.

Meir fleksibelt barnehageopptak

Ein del kommunar har i dag fleire barnehageopptak i året eller løpande opptak. Regjeringa legg til grunn at kommunane følgjer med på endringar i fødselstal, til- og fråflytting og andre faktorar som påverkar dimensjoneringa av barnehage tilbudet. Fylkesmannen skal følgje opp korleis kommunane oppfyller retten til plass i barnehage.

I statsbudsjettet for 2015 vart det løyvt 333 mill. kroner til kommunane gjennom veksten i dei frie inntektene for å leggje til rette for meir fleksible opptaksløysingar. Departementet foreslår å auke løyvingane med om lag 400 mill. kroner i 2016 for å dekkje heilårseffekten av satsinga. Dermed blir den totale summen til kommunane i 2016 for meir fleksibelt barnehageopptak på om lag 740 mill. kroner, justert for auka kroneverdi. Løyvingane for 2015 og 2016 gir rom for etablering av om lag 3 400 fleire småbarnsplassar. Regjeringa har i si politiske plattform lova å arbeide for større fleksibilitet i barnehageopptaket, og legg til grunn at kommunane nyttar løyvinga til å gi fleire barn plass i barnehage.

Rekrutteringstiltak for å auke bruken av barnehage

I strategien mot barnefattigdom for perioden 2015–2017 lover regjeringa å vurdere nye tiltak for å nå dei familiare som ikkje har barn i barnehage. Regjeringa foreslår derfor å løyve 10 mill. kroner til kommunane gjennom rammetilskottet til informasjons- og rekrutteringsarbeid på barnehagefeltet. Formålet med løyvinga er å auke barnehagedeltakinga blant barn frå familiar med låg inntekt og barn med minoritetsspråkleg bakgrunn. Løyvinga legg til rette for at kommunane kan styrke sitt arbeid med å informere foreldre om innhaldet i barnehage tilbudet, bistå med søknader og orientere om ordningane for redusert pris og gratis

kjernetid. Det legg òg til rette for at kommunane kan drive oppsøkjande verksemd for å auke rekrutteringa til barnehage.

Midlane til informasjons- og rekrutteringsarbeid vil støtte opp under og forsterke målsetjinga med utviding av det tilbudet om gratis kjernetid som vart vedteke gjennom budsjettforliket for 2015. Satsinga vil også støtte opp under innføringa av den nasjonale ordninga med reduksjon i foreldrebetalninga som vart innført 1. mai 2015.

Gratis kjernetid i barnehage

Den nye nasjonale ordninga frå 1. august 2015 med gratis kjernetid i barnehage for alle fire- og femåringar frå familiar med låg inntekt, uansett språkleg bakgrunn, blir ført vidare i 2016. Regjeringa foreslår at inntektsgrensa frå 1. august 2016 blir sett til 417 000 kroner, og at barna har rett til 20 timar gratis barnehage per veke, jf. forslag til romartalsvedtak IV Diverse fullmakter. I 2016 foreslår regjeringa å kompensere kommunane for heilårseffekten av ordninga på 105 mill. kroner.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet fører forsøka sine med gratis kjernetid i barnehage vidare som del av områdesatsinga i Groruddalen (ut 2016) og Oslo Sør (ut 2017). I tillegg skal Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet fordele midlar til utviklingsprosjekt som medverkar til aktivitet for foreldre og rekruttering til barnehage av yngre aldersgrupper, jf. Prop. 1 S (2015–2016) for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Foreldrebetalning

Regjeringa foreslår at maksimalprisen for eit ordinært heiltidstilbud i 2016 blir ført vidare på same reelle nivå som i 2015. Det inneber at maksimalprisen blir fastsett til 2 655 kroner per måned og 29 205 kroner per år, jf. forslag til romartalsvedtak IV Diverse fullmakter.

For å sikre ein god sosial profil på foreldrebetalinga i barnehagen vil regjeringa føre vidare det nasjonale minstekravet til redusert foreldrebetalning for familiar med låg inntekt som vart innført 1. mai 2015. Denne moderasjonsordninga sikrar at foreldrebetalninga per år for ein heiltidsplass i barnehage maksimalt skal utgjere seks pst. av den samla person- og kapitalinntekta til hushaldet, med maksimalprisen som øvre grense. For å dekkje heilårseffekten av tiltaket foreslår departementet å løyve 160 mill. kroner i 2016.

Tilsyn med barnehagesektoren

Tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet vil framleis vere ei viktig oppgåve for fylkesmannen i 2016. Det er Utdanningsdirektoratet som har ansvaret for styringa av fylkesmannen på utdanningsområdet, noko som omfattar tilsynet med både barnehagesektoren og grunnopplæringssektoren, jf. kap. 220 Utdanningsdirektoratet. Nærmare omtale av tilsynet kjem i tildelingsbrevet til fylkesmannen, jf. Prop. 1 S (2015–2016) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Regjeringa har i si politiske plattform lova å innføre eit uavhengig tilsyn med barnehagane og hadde derfor hausten 2014 eit lovforslag ute til høyring om at fylkesmannen skal få heimel til å føre tilsyn med barnehagar direkte, og ikkje berre med kommunen som barnehagemyndighet. Forslaget inneber at kommunen som i dag skal føre tilsyn med enkeltbarnehagar, men at også fylkesmannen skal kunne føre tilsyn med enkeltbarnehagar i særlege tilfelle. Den foreslåtte endringa vil redusere dei moglege negative følgjene av at kommunen har ei dobbeltrolle som både barnehageeigar og barnehagemyndighet. Dette vil gi eit betre tilsyn til beste for barna i barnehagane og større rettstryggleik for både barn og foreldre. Høyringa hadde frist i januar 2015, og eit stort fleirtal av høyringssvara gir støtte til forslaget.

Økonomiske rammevilkår for barnehagane

Regjeringa har i si politiske plattform lova å sikre likebehandling av alle barnehagar og forenkle finansieringsordninga, og foreslår i statsbudsjettet for 2016 å løyve 180 mill. kroner til å auke tilskottet til ikkje-kommunale barnehagar frå 98 pst. til 100 pst. av det dei kommunale barnehagane i gjennomsnitt får i offentleg finansiering. Forslaget må sjåast i samanheng med omlegginga av finansieringsordninga for ikkje-kommunale barnehagar. Med denne auken er ein milepæl nådd, og kommunale og ikkje-kommunale barnehagar vil få likeverdige rammevilkår.

For å sikre betre samsvar mellom utgiftene i dei ikkje-kommunale barnehagane og tilskottet dei får frå kommunen, vil regjeringa frå 2016 gjere endringar i forskrifta om finansiering av ikkje-kommunale barnehagar. Regjeringa vil fastsetje eit sjablongtillegg for pensjonsutgifter på 13 pst. av lønnsutgiftene i dei kommunale barnehagane.

Samstundes vil regjeringa innføre ei søknadsbasert ordning slik at ikkje-kommunale barnehagar med særleg høge pensjonsutgifter får dekt desse utgiftene. Kapitaltilskottet vil bli differensiert slik at nye barnehagar med høge kapitalkostnader vil få høgare kapitaltilskott enn eldre barnehagar. Regjeringa foreslår også å redusere påslaget for sosiale utgifter i utrekninga av nasjonal tilskottssats for private familiebarnehagar. Totalt vil endringane gi ei innsparing for kommunane på 338 mill. kroner i 2016. Regjeringa foreslår at midlane blir nytta til å finansiere 100 pst. likeverdig behandling, tiltak for auka kvalitet i barnehagane og informasjons- og rekrutteringsarbeid på barnehagefeltet.

ESA, som er overvåkingsorganet til EFTA, uttalte i 2012 at finansieringsordninga for ikkje-kommunale barnehagar ikkje inneber offentleg støtte etter EØS-avtalen, jf. Prop. 98 L (2011–2012) *Endringer i barnehageloven (tilskudd og foreldrebetaling i ikke-kommunale barnehager)*. Departementet meiner at endringane som blir innført frå 2016, ikkje gir grunnlag for ei anna vurdering av finansieringsordninga enn den ESA gjorde i 2012.

Regjeringa har merka seg at det er store variasjonar mellom barnehagar i personaltettleiken, og at tettleiken er lågare i ikkje-kommunale barnehagar. Økonomisk likebehandling av ikkje-kommunale barnehagar er derfor eit tiltak som legg til rette for høgare personaltettleik i dei ikkje-kommunale barnehagane.

Endringar i barnehagelova

Departementet arbeider med endringar i barnehagelova. Endringane skal bidra til ei enklare og klarare lov og vil vere ein viktig del av arbeidet med å løfte kvaliteten i barnehagane.

Stortingsmelding om barnehage

Regjeringa har beslutta å levere ei stortingsmelding om innhald og kvalitet i barnehagen våren 2016. Meldinga skal ikkje ta for seg alle sider ved barnehagane i Noreg, men omhandle hovudtema som støttar opp under regjeringa si satsing på kvalitet i barnehagetilbodet. Vidare skal meldinga leggje eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med revidert rammeplan for innhald og oppgåver i barnehagen. Regjeringa tek sikte på at revidert rammeplan trer i kraft frå barnehageåret 2017–18.

Kap. 231 Barnehagar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>	215 394	284 718	449 825
50	Tilskott til samiske barnehagetilbod	15 160	15 660	16 114
51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	8 286	8 509	8 712
63	Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder	130 173	134 339	138 235
70	Tilskott for symjing i barnehagane, prøveprosjekt frivillige organisasjonar		10 000	10 290
	Sum kap. 0231	369 013	453 226	623 176

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 51

Midlane på posten blir nytta til forsking, utviklingsarbeid, kartleggingar, utgreiingar, kompetansetiltak, rekrutteringstiltak, informasjons- og erfaringspreiing i barnehagesektoren og utviklingsbehov som oppstår gjennom året. Ein mindre del av løyvinga kan bli nytta til tilskott til etablering av fagskoletilbod som er relevante for arbeid i barnehage.

Mål for 2016

Målet med løyvinga i 2016 er å medverke til å auke kvaliteten i barnehagane og styrkje kunnskapsgrunnlaget. Det fleirårige arbeidet med å vidareutvikle og styrkje barnehagen som pedagogisk institusjon og som ein lærande organisasjon, skal førast vidare.

Rapport for 2014

I 2014 vart det over kap. 231 post 21 totalt nytta om lag 215 mill. kroner til kvalitetstiltak for barnehagesektoren. Midlane omfatta 36 mill. kroner til å styrkje kunnskapsgrunnlaget gjennom forsking, undersøkingar og kunnskapsoversikter og 179 mill. kroner til kvalitet og kompetanseutvikling.

Kompetansesatsinga i 2014 hadde til formål både å heve kompetansen blant dei tilsette i barnehagane og å rekruttere kvalifisert personale. Satsinga omfatta kompetansetiltak for alle grupper tilsette i barnehagen uansett erfaring og kom-

petansenivå. Fylkesmannsembeta har vore viktige pådrivarar i arbeidet med kompetansesatsinga og har sikra at kommunale og ikkje-kommunale barnehagar har fått midlar til kompetanseheving. Embeta forvalta i 2014 om lag 90 mill. kroner til kompetanseutvikling i barnehagesektoren. Av desse midlane vart 42 mill. kroner fordelte fylkesvis og nytta til arbeid med oppfølging av kompetansestrategien *Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014–2020*.

Det vart i 2014 nytta om lag 31,6 mill. kroner til vidareføringa av leiarutdanninga for styrarar. Våren 2014 tok 284 av dei opprinnelege 300 deltakarane eksamen. Frå hausten 2014 vart talet på studieplassar auka med 150 plassar, slik at i alt 450 deltakarar starta opp. Desse skal ta eksamen hausten 2015.

Det vart i 2014 nytta om lag 3,1 mill. kroner til stimuleringstiltak i regi av lærarutdanningane for å auke tilbodet om rettleiing for nytilsette, nyutdanna barnehagelærarar. Desse midlane vart nytta i samanheng med midlar frå kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, post 21 Særskilde driftsutgifter, til rettleiing av nyutdanna lærarar.

Det vart i 2014 nytta om lag 6 mill. kroner til tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk (TIB) for pedagogisk personale som ikkje har barnehagelærarkompetanse, og tilbodet hadde 168 deltakarar.

Det vart i 2014 nytta om lag 3,5 mill. kroner til vidareutdanning i pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen (såkalla PUB-studium). Tilbodet hadde 123 deltakarar i studieåret 2014–15.

Det vart i 2014 nytta 27,5 mill. kroner til arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU). 214 fagarbeidarar og assistentar deltok i deltidsutdanninga for å bli kvalifiserte barnehagelærarar. Ein del av midlane vart nytta til arbeid med ABLU-plassar som starta opp i 2015.

Det vart i 2014 nytta om lag 21 mill. kroner til kompetanseheving for assistentar, og dei ulike tilboda hadde totalt 3 504 deltakarar. Tilbodet til erfarne assistentar om å ta fagprøva i barne- og ungdomsarbeidarfaget for å formalisere realkompetansen sin hadde 904 deltakarar. Tilbodet om kompetansehevingsstudium for assistentar hadde 362 deltakarar. Tilbodet om kurs i barnehagefagleg grunnkompetanse hadde 2 238 deltakarar.

Det vart i 2014 nytta om lag 4,5 mill. kroner til barnehagetiltak i handlingsplanen *Likestilling 2014*. Tiltaka har omfatta drift av likestillingsteam i alle fylke, ei nettside og ei statusundersøking om likestillingsarbeidet i barnehagen, jf. del III Omtale av særlege tema, kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering.

Det vart i 2014 nytta om lag 6 mill. kroner på rekrutteringskampanjen *Verdas finaste stilling ledig*, før den vart avslutta sommaren 2014. I tillegg vart det tildelt 3,8 mill. kroner til fylkesmenene for å føre vidare regionale GLØD-nettverk knytte til lokalt rekrutteringsarbeid for å få fleire studentar til barnehagelærerutdanninga.

Fylkesmannsembeta mottok 8,5 mill. kroner i 2014 til å dekkje utgifter til administrative oppgåver knytte til kompetanseheving på barnehageområdet.

Dei nasjonale sentera fekk i 2014 tildelt 8,5 mill. kroner til oppdrag på barnehageområdet.

Budsjettforslag for 2016

Regjeringa vil styrkje arbeidet med kompetanseheving i barnehagesektoren. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med om lag 160 mill. kroner i 2016. Midlane skal gå til oppfølginga av kompetansestrategien, fleire studie-plassar til arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning, kompetanseutvikling for barnehagetilsette i opne barnehagar og til lokale tiltak for å støtte opp under lese- og skrivestrategien og realfagsstrategien. Totalt vil det bli nytta om lag 440 mill. kroner over kap. 231 til tiltak for å fremme kvaliteten i barnehagane i 2016.

Forslaget om å løyve midlar til fleire studie-plassar til vidareutdanning for tilsette i barnehagane fører til auka utgifter til utdanningsstøtte, jf. omtale under kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning postane 50–90, kap. 5310 og kap. 5617.

Post 50 Tilskott til samiske barnehagetilbod

Sametinget forvaltar tilskott til samiske barnehagar, barnehagar med samiske avdelingar og barnehagar med tilbod om samisk språkopplæring. I tillegg kan tilskottet nyttast til utviklingsarbeid og prosjekt i barnehagane. Sametinget og Kunnskapsdepartementet har både faste samarbeidsmøte på administrativt nivå og konsultasjonar etter behov og nærmare avtale.

Mål for 2016

Målet for tilskottsordninga er å medverke til å leggje til rette for at samiske barn skal få utvikle samisk språk og kultur i barnehagen.

Rapport for 2014

I 2014 mottok Sametinget om lag 15,2 mill. kroner i tilskott til samiske barnehagetilbod. Statistikk frå Sametinget viser at det i 2014 var totalt 815 barn som gjekk i barnehagar med eit samisk tilbod mot 822 i 2013. Av desse gjekk 601 barn i samiske barnehagar, 87 barn i barnehagar med samisk avdeling og 127 barn i barnehagar med samisk språkopplæringstilbod. Av dei 815 barna hadde 762 barn nordsamisk bakgrunn mot 780 i 2013, 28 barn hadde lulesamisk bakgrunn mot 18 i 2013, og 25 barn hadde sørsamisk bakgrunn mot 24 i 2013.

I 2014 var det registrert 24 samiske barnehagar mot 23 i 2013, sju barnehagar med samisk avdeling, same tal som i 2013, og 27 barnehagar med samisk språkopplæringstilbod mot 22 i 2013. Dei sistnemnde barnehagane ligg i åtte fylke: Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Oslo og Akershus.

Tilbakemeldingar viser at dei tilskottsordningane som Sametinget forvaltar, er til god hjelp for å synleggjere det samiske perspektivet. Midlane blir mellom anna nytta til å lønne kulturbærarar som kan formidle samisk kultur vidare til barna, men også til å synleggjere den samiske kulturen ved gjenstandar og anna materiale i barnehagane, jf. årsmelding frå Sametinget.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2015.

Post 51 Forsking, kan nyttast under post 21

Midlane blir nytta til forskning på og for barnehagar. Løyvinga på posten må sjåast i samanheng med løyvinga til kompetanseutvikling på post 21. Løyvinga blir forvalta av Noregs forskingsråd gjennom ulike forskingsprogram.

Mål for 2016

Målet er å få eit betre kunnskapsgrunnlag for praksis, forvaltning og barnehagepolitikk. Tilskottet skal medverke til å styrkje forskinga på og for barnehagar.

Rapport for 2014

Dei tidlegare forskingsprogramma PRAKUT og UTDANNING2020 vart i 2014 erstatta av det store og langsiktige programmet FINNUT (2014–2023). FINNUT omfattar forskning og innovasjon i utdanningssektoren, frå barnehage og skole til høgere utdanning og vaksnes læring. Heile løyvinga på posten gjekk uavkorta til Noregs forskingsråd, som fordeler midlane til ulike forskingsprosjekt på barnehageområdet.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2015.

Post 63 Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder

Tilskottet skal medverke til at kommunane kan utforme tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen både i og utanfor barnehagen, og skal samstundes motivere kommunane til å rekruttere fleire minoritetsspråklege barn til barnehagen. Tilskottet blir delt ut til kommunane ut frå talet på minoritetsspråklege barn som går i barnehage.

Mål for 2016

Målet for tilskottsordninga er å medverke til å leggje til rette for at minoritetsspråklege barn i førskolealderen skal få betre språkforståing.

Rapport for 2014

Totalt vart om lag 130,2 mill. kroner nytta over posten i 2014. Heile summen vart tildelt kommunane ut frå talet på minoritetsspråklege barn som går i barnehage i den enkelte kommune. Ein evalueringsrapport frå 2014 viste høg måloppnåing når det gjeld det overordna målet om at tilskottet skal medverke til at kommunen kan utforme tiltak for minoritetsspråklege barn.

For statistikk om minoritetsspråklege barn i barnehage, sjå del III, kap. 7 Ressursar i barnehagesektoren.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2015.

Post 70 Tilskott for symjing i barnehagane, prøveprosjekt frivillige organisasjonar

I statsbudsjettet for 2015 vedtok Stortinget å løyve 10 mill. kroner til symjeopplæring i barnehagane, jf. Innst. 14 S (2014–2015). Opplæringa skal skje i regi av kommunar eller frivillige organisasjonar. Stortinget viste til at det i dei siste åra har vore mange tragiske drukningsulykker blant barn og unge, særleg i innvandrarbefolkninga, og at symjeferdighetene blant barn og unge må styrkjast slik at barn blir trygge i vatnet så tidleg som mogleg.

Utdanningsdirektoratet har på oppdrag frå departementet utarbeidd retningslinjer for tilskottsordninga i samsvar med føringane frå Stortinget. Symjeopplæringa skal skje i regi av kommunar eller frivillige organisasjonar. Målgruppa for tilskottet er barn i barnehage i alderen 4–6 år busette i Oslo, Akershus, Buskerud, Rogaland og Hordaland. Tilskottsordninga blir forvalta av fylkesmennene i desse fem fylka.

Mål for 2016

Det overordna målet for ordninga er at barn i barnehage i alderen 4–6 år skal bli trygge i vatnet slik at grunnlaget for å lære å symje blir betre. Dette skal skje gjennom at utvalde barnehagar får tilbod om eit samarbeid om symjeopplæring.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2015.

Programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.

Utgifter under programkategori 07.50 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
252	EUs utdannings- og ungdomsprogram	324 848	439 921	513 780	16,8
253	Folkehøgskolar	744 043	771 297	797 064	3,3
254	Tilskott til vaksenopplæring	230 719	214 903	221 136	2,9
255	Tilskott til freds- og menneskerettssentra	125 791	106 526	99 595	-6,5
256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	70 703	63 615	64 769	1,8
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet	121 508	168 710	168 834	0,1
258	Tiltak for livslang læring	88 303	100 139	128 725	28,5
	Sum kategori 07.50	1 705 915	1 865 111	1 993 903	6,9

Inntekter under programkategori 07.50 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
3256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	15 347	11 323	11 593	2,4
	Sum kategori 07.50	15 347	11 323	11 593	2,4

Innleiing

Eit høgt kunnskaps- og kompetansenivå i heile folket er grunnlaget for sosial utjamning og for at norske verksemdar skal ha den kompetansen dei treng. Ei kompetent vaksenbefolkning legg grunnlaget for nyskaping, omstilling og vekst i norsk nærings- og arbeidsliv. Utdanning og livslang læring gjer det mogleg for den einskilde å delta i arbeid og samfunnsliv, og stimulerer til produktivitet, omstillingsevne og meistring. Det er derfor vik-

tig å leggje til rette for at fleire vaksne både i og utanfor arbeidslivet skal kunne halde ved like og tileigne seg ny kunnskap, og oppgradere kompetansen sin gjennom utdanning og opplæring.

Hovudmålet for løyvingane under denne programkategorien er *kompetanse som trengst i dag og i framtida*, jf. figur 1.2 Målbilete for Kunnskapsdepartementet. Dette målet gjeld spesielt for kompetansepolitikken.

Kompetansepolitikken omfattar verkemiddel for å utvikle og bruke kompetansen i det norske

folket gjennom betre samsvar mellom arbeidslivets etterspurnad etter arbeidskraft og den ein-skildes bruk av sin eigen kompetanse. Dette inneber å leggje til rette for at den ein-skilde kan ta gode utdanningsval, å leggje grunnlaget for læringsprosessar utover opprinneleg utdanning, og å sikre eit system for å anerkjenne kvalifikasjonar og læring. Kunnskapsdepartementet har samordningsansvar, men verkemidla i kompetansepolitikken går på tvers av departement, sektorar og forvaltningsnivå.

I tillegg til ein del tiltak innanfor kompetansepolitikken blir utdanningsforskning, tilskott til folkehøgskolane, tilskott til freds- og menneskerettssentera og utvekslingsprogrammet Erasmus+ finansierte over programkategori 07.50.

Utdanningsforskninga skal, forutan å gi ny kunnskap og erkjenning generelt, medverke til høgre kvalitet i barnehagane, i skolane, i høgre utdanning og i vaksenopplæringa, og gi eit solid grunnlag for politikktutvikling. Gode miljø for utdanningsforskning skal bringe fram eit godt kunnskapsgrunnlag som gir rom for ein meir opplyst debatt om innhald, læring, ressursbruk og resultat.

Internasjonalt samarbeid medverkar til betre kvalitet på og større relevans i norsk utdanning og forskning. Gjennom deltaking i internasjonale utvekslingsprogram legg departementet til rette for at elevar, studentar og tilsette ved lærestadene får høve til å skaffe seg internasjonal kompetanse og fagleg utbytte.

Freds- og menneskerettssentera arbeider med å styrkje fredsarbeid og mellommenneskelig forståing, og gir opplæring i demokratiske verdiar og haldningar, særleg til barn og unge.

Folkehøgskolane i Noreg er eit alternativ og supplement til det formelle utdanningssystemet som skal fremme allmenndanning og folkeopplysning.

Hovudprioriteringar for 2016

Gode grunnleggjande dugleikar og etterspurd kompetanse er nøkkelfaktorar for ei langvarig tilknytning til arbeidslivet. Ei styrkt satsing på dette vil vere samfunnsøkonomisk lønnsamt fordi færre personar da vil stå utanfor arbeidslivet og vere avhengig av offentlege ytingar. Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om livslang læring og utanforskap våren 2016. Arbeidet med meldinga har vist at det er tre hovudgrupper med

vaksne som slit med å få varig tilknytning til arbeidslivet. Den første gruppa er unge vaksne som verken er i jobb, utdanning eller opplæring. Mange i denne gruppa starta på vidaregåande opplæring eller utdanning, men på grunn av faglege eller sosiale problem fell dei frå. Den andre store gruppa er vaksne som har for svak utdanning og for svake grunnleggjande dugleikar til å få innpass i eller oppfylle krava i arbeidslivet. Den siste store hovudgruppa er innvandrarakar med dårlege dugleikar i norsk, som manglar utdanning, eller som ikkje får godkjent den kompetansen dei hadde med seg til Noreg. Meldinga til Stortinget vil omtale og komme med forslag til tiltak som kan bidra til å auke kompetansen hos desse gruppene. Kunnskapsdepartementet foreslår om lag 35 mill. kroner under programkategori 07.50 til oppfølging av meldinga i 2016.

Grunnleggjande dugleikar i norsk språk er viktig for å kunne ta del i det norske samfunnet. Undersøkingar tyder på at det er behov for opplæring i grunnleggjande norsk. Kunnskapsdepartementet har nå lagt til rette for eit slikt tilbod gjennom Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA). Departementet har i samband med utlysinga av tilskottsmidlar for 2016 utvida BKA-ordninga med opplæring i grunnleggjande norsk. Kunnskapsdepartementet vil òg utvide Program for basiskompetanse i frivilligheita (BKF) med same tilbod. Sjå kap. 257 post 70 for meir informasjon.

For å styrkje konkurransekrafta til norsk næringsliv, sikre økonomisk vekst og medverke til sosial inkludering er det viktig å ta i bruk kompetansen til heile befolkninga. Regjeringa vil utvikle ein nasjonal kompetansepolitisk strategi i dialog med partane i arbeidslivet. Tanken er å leggje til rette for ein framtidsretta kompetansepolitikk som bidrar til styrkt omstillingsevne, auka deltaking i arbeids- og næringsliv og betre tilgang på etterspurd kompetanse. Regjeringa vil leggje fram strategien i 2016.

Ei utfordring i arbeidet med å etablere ein overordna kompetansepolitisk strategi, er å få til samarbeid på tvers av sektorar. I 2016 vil Noreg i samarbeid med OECD invitere til ein internasjonal ministerkonferanse som nett tek opp korleis ein kan få til eit godt sektorovergripande arbeid i kompetansepolitikken. Målet er å leggje til rette for diskusjon og erfaringsutvekslingar som kan gi grobunn for nye og betre løysingar i Noreg og andre land.

Tilstandsvurdering

Mål: *Kompetanse som trengst i dag og i framtida*

Kompetansepolitikken

Norsk arbeidsliv er prega av høge kompetansekrav, høg produktivitet og høge lønnskostnader. Eit overordna mål for kompetansepolitikken er å medverke til at verksemdene har tilgang til og kan vidareutvikle den kompetansen dei har behov for, og medverke til inkludering i samfunns- og arbeidsliv ved at vaksne som treng det, får opplæring.

Kunnskapsgrunnlaget for kompetansepolitikken har vorte betre i dei seinaste åra, ikkje minst takk vere nasjonale og internasjonale undersøkingar. *Vox-spegelen* er ein årleg rapport som viser statistikk over vaksne si deltaking i utdanning og opplæring. Saman med data frå Statistisk sentralbyrå (SSB) og internasjonale undersøkingar som *OECD Skills Strategy* og *PIAAC (Programme for the International Assessment of Adult Competencies)* gir han eit godt bilete av status og utfordringar i kompetansepolitikken.

I rapporten *Skills Strategy Diagnostic Report Norway* frå 2014 peiker OECD på at Noreg, trass i gode føresetnader, ikkje godt nok maktar å få ut potensialet i sitt eige folk når det gjeld kompetanse. OECD trekkjer fram fleire, dels kjende, utfordringar for Noreg.

Ei slik utfordring er godt samsvar mellom utdanningsvalet til den einskilde og det behovet nærings- og arbeidslivet har for arbeidskraft. Det er viktig både for individet og for samfunnet. Framskrivningane til SSB av tilbod om og etterspurnad etter arbeidskraft fram mot 2030 er ei viktig kjelde til kunnskap om framtidige kompetansebehov. Det går tydeleg fram av statistikken at jobbmoglegheitene aukar viss ein fullfører vidaregåande opplæring. Har ein så valt eit studieførebuande løp, aukar moglegheitene for jobb

om ein held fram med høgre utdanning. Berekningane til SSB syner elles høg vekst i etterspurnaden etter arbeidskraft med yrkesfagleg opplæring fram mot 2030. Denne gruppa inkluderer fagskoleutdanna arbeidskraft. Det er berekna eit overskott av dei med berre grunnskoleutdanning og eit underskott av dei med vidaregåande yrkesfagleg opplæring som høgste fullførte utdanning. Noreg treng betre koordinering mellom ansvar og tiltak, slik OECD tilrår, for å redusere slike mistilpassingar. Det er òg ein klar etterspurnad etter betre tenester innanfor livslang karriere-rettileiing.

Gode utdanningsval må følgjast opp av livslang læring. Formell etter- og vidareutdanning ved universitet og høgskolar er eit viktig bidrag i kompetansepolitikken, sjå omtale av livslang læring og fleksibel utdanning under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Gjennom studieforbunda og andre delar av frivillig sektor får mange vaksne òg tilbod om opplæring utanfor det formelle utdanningssystemet.

Lærevilkårsmonitoren, ei årleg kartlegging av læring og kompetanseutvikling blant vaksne som SSB gjennomfører, syner at det er langt fleire av dei sysselsette som deltek i kurs og anna opplæring, enn det er blant dei som står utanfor arbeidslivet, jf. tabell 4.7. Blant dei sysselsette deltek dei som jobbar i akademiske yrke mest på kurs, konferansar, seminar og i anna uformell opplæring (64 pst.), medan dei i sals- og serviceyrke deltek minst (37 pst.). Gjennomgåande er det dei med høg utdanning som tek mest del i slik opplæring. Ei undersøking frå 2013, gjord av Oxford Research, kjem fram til at gjennomsnittsdeltakaren på kurs i regi av studieforbunda òg har høgre utdanning enn gjennomsnittet i befolkninga. Undersøkinga tydar på at studieforbundsordninga ikkje godt nok treff dei med låg kompetanse og svake grunnleggjande dugleikar.

Tabell 4.7 Vaksnes deltaking i utdanning og opplæring, 2008–15. Alle tal i pst.

Type opplæring	Gruppe	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Formell utdanning	Sysselsette	11,0	11,0	9,4	8,6	9,7	10,3	9,5	8,9
	Ikkje-sysselsette	15,1	13,5	11,7	10,6	12,4	13,2	13,6	14,4
Kurs og anna opplæring	Sysselsette	55,1	51,8	47,6	49,1	51,3	51,7	49	51,5
	Ikkje-sysselsette	14,9	13,2	13	10,1	12,4	12,4	13,7	15,2

Endringar i tala frå dei som har vorte presentert tidlegare år skyldast at vaksne er rekna frå 25 år og oppover, medan vaksne tidlegare har vore rekna frå 22 år.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (SSB)

I Noreg er det om lag 540 000 vaksne som har grunnskole som si høgste utdanning. Denne gruppa er og vil vere sårbar i eit arbeidsliv som i aukande grad krev høg kompetanse. Den store internasjonale PIAAC-undersøkinga frå oktober 2013 synte at medan Noreg gjer det betre enn det internasjonale gjennomsnittet i lese- og talforståing og problemløysing med IKT blant vaksne, var det òg ei relativt stor gruppe med svake grunnleggjande dugleikar. Om lag 400 000 vaksne mellom 16 og 65 år manglar grunnleggjande dugleikar i lesing, 480 000 manglar grunnleggjande dugleikar i talforståing, og om lag 800 000 vaksne manglar grunnleggjande IKT-dugleikar.

Tala frå PIAAC-undersøkinga er urovekkjande for Noreg, og tyder på at ei relativt stor gruppe vaksne har falle eller står i fare for å falle utanfor utdanning og arbeidsliv. Deira bakgrunn er særskild ulik, og speglar eit arbeidsliv i endring. Det kan vere unge vaksne som ikkje er i jobb eller i utdanning. Det kan vere personar som har for svak utdanningsbakgrunn, som manglar grunnleggjande dugleikar og/eller språklege dugleikar til å klare å følgje opp dei auka krava i arbeidslivet. Det kan òg vere innvandrarakar som har mangelfull utdanning, eller som ikkje får godkjend kompetansen sin.

Gitt dei mange som PIAAC-undersøkinga synte har svake grunnleggjande dugleikar, er det få vaksne i grunnskole og vidaregåande opplæring. Vaksne som treng det, har rett til grunnskoleopplæring, jf. opplæringslova § 4A-1, og vaksne som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har rett til dette, jf. § 4A-3. Ifølgje tal frå Vox-spegelen var det i skoleåret 2013–14 til saman nær 10 000 vaksne frå 324 kommunar som deltok i ordinær grunnskoleopplæring eller fekk spesialundervisning innanfor grunnskolen sitt område. 91 pst. av dei som var i ordinær grunnskoleopplæring, var minoritetsspråklege. Hausten 2013 var det om lag 16 000 vaksne som deltok i vidaregåande opplæring, og 11 000 vaksne lærlingar. Av dei om lag 10 400 vaksne som avla fag- og sveineprøve i 2013–14, besto om lag 94 pst. prøva. Nær fire av fem som går opp til fag- og sveineprøve er praksiskandidatar. Praksiskandidatordninga inneber at vaksne med minst 25 pst. lengre allsidig praksis i faget enn læretida kan framstille seg til fag- eller sveineprøve.

Det begrensa talet på vaksne i grunnskole- og vidaregåande opplæring er ein indikasjon på at dagens opplæringstilbod til vaksne ikkje framstår som attraktivt nok, særleg sett i samanheng med talet på dei med grunnskole som høgste utdanning og talet på dei med svake grunnleggjande

dugleikar. Det er naudsynt med opplegg som tek omsyn til at vaksne er i ein annan livssituasjon enn barn og unge, og som er meir tilpassa behova til den einskilde.

Frå tidlegare arbeid med utdanningsstatistikk er det kjent at det er om lag 134 000 vaksne vi ikkje har utdanningsopplysningar om. Gruppa med ukjend utdanning består i all hovudsak av innvandrarakar. Nokre kjem frå land utan eit fungerande utdanningssystem og har ikkje fått grunnleggjande opplæring, men mange har fullført utdanning i utlandet som dei ikkje har registrert i Noreg. For ein del av dei med ukjend eller låg utdanning vil ei kartlegging av deira dugleikar vere naudsynt for å identifisere deira opplæringsbehov. Andre treng rask godkjenning av si utlandske utdanning for å dra nytte av kompetansen sin og gjere sitt i samfunnet.

Rekommandasjonen om det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (EQF) vart tatt inn i EØS-avtalen 17. mars 2009, og er ein del av det europeiske samarbeidet om kompetansespolitikken. Samarbeidet handlar mellom anna om å nytte ein felles mal for å omtale kvalifikasjonar. Målet er å kople dei nasjonale kvalifikasjonsrammeverka i Europa til EQF for å gjere utdanningssystema meir forstålege og lettare å samanlikne på tvers av land. Dette skal vere med å auke mobiliteten i utdannings- og arbeidsmarknaden i Europa.

Utdanningsforskning

I dei siste åra har kunnskap om barnehagen, grunnopplæringa, fagskolen, høgere utdanning og læring blant vaksne auka i omfang. Ein ser òg ei positiv utvikling i kvaliteten på og relevansen i utdanningsforskninga. Forskningsfeltet har vorte rikare og meir variert når det gjeld både metodar og teori. Fleire gode og produktive fagmiljø har vakse fram. Samarbeid, samspel og kunnskapsdeling mellom dei ulike aktørane viser ei utvikling i ønskt retning. Det er viktig at denne utviklinga held fram. Dei utfordringane som sektorane møter, blir stadig meir komplekse, og ein treng derfor ny kunnskap, nye metodar og nye former for samarbeid for å finne betre løysingar på dei utfordringane ein ser i skolane, i forvaltninga og i organiseringa og styringa av utdanningssektoren. For betre å forstå kva som har effekt i læringssituasjonar og undervisning, er det særleg behov for meir forskning som måler effekten av ulike tiltak og intervensjonar på praksisfeltet.

Utdanningsforskninga skal samstundes medverke til vidare utvikling på område der norsk

utdanning allereie er god. Det er viktig å halde oppe volumet på utdanningsforskninga slik at ein får bygt fleire gode fagmiljø.

Ifølgje NIFU-rapporten *Utdanningsforskningen i Norge i 2013: Ressurser og resultater* stod universitetet for 48 pst. av utdanningsforskninga i Noreg i 2013, medan 27 pst. av forskninga vart utført ved dei statlege høgskolane, 15 pst. ved dei vitskaplege høgskolane og ti pst. i instituttsektoren. Litt over halvparten av FoU-utgiftene til utdanningsforskning i 2013 vart brukt ved miljø innanfor pedagogiske fag, medan 23 pst. vart nytta ved samfunnsvitskaplege miljø og tolv pst. ved humanioramiljø. Grunnskolen var det største forskingsområdet innanfor utdanningsforskninga (31 pst.), følgd av forskning på høgre utdanning (19 pst.), vidaregåande opplæring (15 pst.), barnehage (elleve pst.) og vaksenopplæring (fem pst.).

Forskningsprogrammet Kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken (FORFI) i Noregs forskingsråd vart evaluert i 2013, og konklusjonen var at det er behov for ei forskingssatsing for å styrkje kunnskapen om forskning og om innovasjonsprosessar. Forskningsrådet har oppretta satsinga Forskning for forsknings- og innovasjonspolitikken (FORINNPOL), som skal vare til 2022. Sjå omtale under programkategori 07.70 Forsking.

Internasjonalt utdannings samarbeid

Deltaking i EUs utdanningsprogram er eit viktig verkemiddel for å nå utdanningspolitiske mål. Sidan tidleg i 1990-åra har norsk deltaking i EUs utdanningsprogram bidratt til at fleire tusen elevar, lærlingar, studentar, lærarar og andre tilsette ved norske utdanningsinstitusjonar har kunna reise på utvekslingsopphald i Europa. Den auka prioriteringa av internasjonalisering i norsk utdanning er godt illustrert i investeringane i deltaking i EUs utdanningsprogram. I det førre programmet, program for livslang læring (LLP) (2007–13), syner deltakinga frå norske aktører ein kraftig vekst, jf. tabell 4.8.

Tabell 4.8 Deltaking i EUs program for livslang læring (LLP), 2007–13

Gruppe	Deltakarar 2007–13	Endring i perioden
Studentar i mobilitetsprosjekt i høgre utdanning	8 846	48 pst.
Lærarar og tilsette i mobilitetsprosjekt i høgre utdanning	3 530	61 pst.
Deltakarar i partnerskap i grunnskolen	12 108	42 pst.
Deltakarar i partnerskap i vaksenopplæring	1 580	53 pst.
Deltakarar i mobilitetsprosjekt i fag- og yrkesopplæring	5 589	76 pst.

Kjelde: Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU)

Samstundes har mange utanlandske studentar, elevar, lærarar og tilsette vore på utvekslingsopphald i Noreg. Deltakinga har òg gitt norske skolar, universitet og høgskolar tilgang til eit omfattande nettverk med europeiske samarbeidspartnarar. Sidan 1992 har alle norske høgre utdanningsinstitusjonar bygt opp europeiske samarbeidsavtalar. Desse avtalane inkluderer til dømes utveksling, strategiske partnerskapar, utvikling av felles undervisningsopplegg og doble gradar eller fellesgradar.

Stortinget vedtok i april 2014 at Noreg skal delta i EUs program for utdanning, ungdom og idrett, Erasmus+ (2014–20). Budsjettet for programmet er basert på Europakommisjonens langtidsbudsjett, og har ei total ramme på 16,4 mrd. euro. Noregs del er om lag 500 mill. euro gjennom perioden. Sjå omtale av Erasmus+ under kap. 252.

Erfaringa viser at den norske medverknaden i dei europeiske utdanningsprogramma i dei siste åra har to klare hovudutfordringar. Den første er å få fleire studentar i høgre utdanning til å ta delar av eller heile utdanninga si i utlandet. Nivået i dag ligg under eit europeisk gjennomsnitt, og slik har det vore over ei tid. Den andre hovudutfordringa er å auke talet på norske aktørar som deltek i prosjekt som får midlar som er sentralt kunngjorde i EU, og som er opne for konkurranse for aktørar frå alle programland. Her er det potensial for å delta meir.

Det har vore ein kraftig auke i talet på studenter som tek heile graden i utlandet, jf. omtale under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Blant studentar i høgre utdanning som vel å ta delar av ein grad i utlandet, gjer nokre det gjennom eigne institusjonsavtalar, medan dei fleste europeiske avtalane skjer gjennom Erasmus+. Talet på alle studentar som har valt å ta ein delgrad i utlandet, hadde ein nedgang i studieåret 2013–14, og ligg under målet om at minst 20 pst. av studentane skal ha eit utenlandsopphald i løpet av utdanninga. Nedgangen blir reflektert også i Erasmus+. Etter nokre år med auke var det ein nedgang på to pst. i 2014. I dei siste åra har tala på innreisande studentar til norske institusjonar vore over to og ein halv gonger så stort som talet på studentar frå Noreg som reiser utanlands. Innreisande studentar, saman med innreisande lærarar og tilsette, er samstundes viktige for internasjonalisering av utdanninga i Noreg.

Folkehøgskolar og freds- og menneskerettssenter

Folkehøgskolane er eit supplement til den opplæringa som finn stad gjennom det ordinære utdanningssystemet og i arbeidslivet. Folkehøgskolar har lange tradisjonar i Noreg, og den første skolen vart oppretta i 1864. Det er 78 folkehøgskolar i Noreg. I dei seinare åra har det totale elevtalet på folkehøgskolane lege på om lag 7 000 årselevar, det vil seie rundt ti pst. av eit årskull 19-åringar. Eit år på folkehøgskole kan for mange unge gi moglegheit til å utvikle seg i ein modningsfase i overgangen til vaksenlivet.

Kunnskapsdepartementet gir tilskott til sju freds- og menneskerettssenter rundt om i landet. Gjennom utstillingar og pedagogiske undervisningsopplegg gir dei kvart år opplæring til om lag 30 000 elevar, studentar og lærarar. Sentera har ulik profil og ulike pedagogiske opplegg. Felles for alle er at dei på bakgrunn av erfaringar frå tidlegare konflikter og krigar ønskjer å fremme respekt for menneskerettar og fred gjennom dialog og samhandling. I ei tid prega av eit aukande internasjonalt konfliktnivå og store flyktningstraumar er det ei viktig oppgåve.

Strategiar og tiltak

Kompetanepolitikken

Regjeringa vil leggje fram ei melding til Stortinget om livslang læring og utanforskap våren 2016. Meldinga er eit samarbeid med Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Arbeids-

og sosialdepartementet, og arbeidet blir leidd av Kunnskapsdepartementet. I meldinga vil regjeringa leggje vekt på tiltak for vaksne med svake grunnleggjande dugleikar og låg kompetanse, som har auka risiko for å falle ut av utdanning og arbeidsliv, eller for ikkje å komme i arbeid.

Meldinga vil leggje til grunn at tilboda til vaksne med svake grunnleggjande dugleikar må vere fleksible. Behova for opplæring er særskilte ulike frå individ til individ i målgruppa. Dei offentlege instansane må i større grad enn før tilpasse tiltaka sine til dei behova den einskilde har for kompetanse. Tilboda må òg vere i tråd med livssituasjonen til dei vaksne. Vaksne må ofte kombinere arbeid og utdanning og har forseinkingar eller avbrot på grunn av flytting, barn og anna ansvar. Vidare vil meldinga leggje til grunn at det er naudsynt med betre grunnlag for samarbeid på tvers av ulike sektorar og forvaltningsnivå. For å skape nødvendig samarbeid lokalt er det viktig at det nasjonale nivået klargjer rollar og oppgåver, og uttrykkjer tydelege forventningar til samarbeid.

Det er behov for å fjerne flaskehalsar og å få til betre samordning mellom offentlege instansar med opplæring og utdanning som del av deira aktivitet. Slik kan fleire utsette vaksne tileigne seg den kompetansen dei treng for å få ei varig tilknytning til arbeidslivet. Det er vidare behov for å setje tydelege mål og stake ut ei tydeleg retning for alle aktørane som arbeider for å hjelpe vaksne med svake grunnleggjande dugleikar og låg kompetanse.

I Sundvolden-erklæringa slår regjeringa fast at alle som står utanfor arbeidsmarknaden, og som er i kontakt med hjelpeapparatet, automatisk skal få eit tilbod om kartlegging av deira grunnleggjande dugleikar. Ei slik kartlegging kan avdekkje svake grunnleggjande dugleikar, slik at personane det gjeld, kan få eit tilbod om naudsynt opplæring. I dag finst det ikkje noko kartleggingsverktøy som er felles for aktørane på feltet. Dei verktøya som finst, er også av ulik kvalitet. Det er ein klar fordel om alle som jobbar med vaksne sin kompetanse, får tilgang til felles verktøyløysingar. Ein nasjonal standard vil gjere kartlegginga eins for alle brukarane, noko som i sin tur vil gi betre kommunikasjon på tvers av ulike instansar og geografi. På bakgrunn av dette har regjeringa sett i gang eit arbeid med utvikling av verktøy for kartlegging av grunnleggjande dugleikar.

Regjeringa vil utvikle ein nasjonal kompetansepolitisk strategi i dialog med partane i arbeidslivet. Arbeidet i statsforvaltninga blir leidd av Kunnskapsdepartementet og utført i samarbeid med relevante departement.

Ein nasjonal kompetansepolitisk strategi skal møte utfordringar knytte til tilbod og etterspørsel etter kompetanse, informerte utdannings- og yrkesval, læring i arbeidslivet, og utvikling og bruk av vaksnes kompetanse, inkludert vaksne med svake grunnleggjande dugleikar.

Ei av tilrådingane frå OECD i Skills Strategy-rapporten er å utvikle eit heilskapleg system for livslang karriererettleiing for å sikre betre tilgang til og kvalitet på karriererettleiinga i Noreg. Regjeringa har sett ned eit offentleg utval som skal greie ut korleis den livslange karriererettleiinga for elevar, studentar og vaksne i og utanfor arbeidslivet kan styrkjast. Utvalet skal levere hovudinnstillinga si innan utgangen av april 2016. Kunnskapsdepartementet foreslår om lag 15 mill. kroner til oppfølging av OECD Skills-rapportane og arbeidet med ein ny nasjonal strategi i 2016.

Kunnskapsdepartementet sette i 2013 i gang eit treårig prosjekt som skal etablere eit system for analyse, dialog og formidling av kunnskap om kompetansebehovet i framtida. Målet er å skape møteplassar for diskusjon, og formidle informasjon med sikte på enda betre samsvar mellom det behovet arbeidsmarknaden har for utdanna arbeidskraft, og utdanningsvala til elevar, studentar og vaksne. Prosjektet koordinerer mellom anna eit oppdrag der Statistisk sentralbyrå (SSB) bereknar framtidig tilbod av og etterspurnad etter arbeidskraft, inndelt etter utdanning. Prosjektet supplerer berekningane frå SSB med andre analyser og scenario som kan gi informasjon om kompetansebehova framover. Prosjektperioden varer ut 2016.

Kunnskapsdepartementet fastsette i 2011 eit nasjonalt heilskapleg kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Rammeverket klargjer læringsutbyttet på alle utdanningsnivåa, frå grunnskole til doktorgrad. Eit utval har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet greidd ut korleis opplæring utanfor det formelle utdanningssystemet kan inkluderast i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. Utvalet leverte rapporten sin våren 2015, og er delt i vurderinga si av behovet for å innpasse kvalifikasjonar frå ikkje-formell opplæring i NKR, og korleis dette kan gjerast. Kunnskapsdepartementet vil i 2016 vurdere korleis arbeidet til utvalet best kan følgjast opp, i samband med den kompetansepolitiske strategien.

Utdanningsforskning

Kunnskapsdepartementet la i 2013 fram Kunnskapsdepartementets strategi for utdanningsforskning. Kvalitet og relevans (2014–2019), jf. Prop. 1

S (2013–2014) for Kunnskapsdepartementet. Den femårige strategien er eit viktig styringsverktøy for departementet når det gjeld forskning på og for eigen sektor. Han peiker ut retning og prioriteringar, og gir viktige signal til andre aktørar med ansvar, oppgåver og interesser knytte til forskning på barnehagen, grunnopplæringa, fagskolen, høgre utdanning og vaksne si læring.

Kunnskapsdepartementet har ei langsiktig satsing på forskning på utdanning gjennom Program for forskning og innovasjon i utdanningssektoren (FINNUT) i Noregs forskingsråd. FINNUT bygger på og fører vidare dei to føregåande utdanningsforskningsprogramma PRAKUT og UTDANNING2020, og programperioden er frå 2014 til 2023. Programmet dekkjer forskning frå barnehage og skole til høgre utdanning og læring blant vaksne. FINNUT skal utvikle kunnskap av høg kvalitet og relevans for politikktutforming, forvaltning og praksisfelt, medverke til fornying av forskingsfeltet og til innovasjon i utdanningssektoren. Programmet skal òg medverke til å vidareutvikle utdanningsforskinga som eit fleirfagleg og tverrfagleg forskingsområde og få fram meir kvantitativ og empirisk forskning. Departementet legg opp til at FINNUT får ei rammeløyving på 71,4 mill. kroner i 2016. Programmet vil i 2016 bli finansiert over kap. 226 post 21, kap. 231 postane 21 og 51, kap. 258 post 21, kap. 281 post 50 og kap. 285 post 53.

I 2015 har Kunnskapsdepartementet gitt midlar til å etablere eit fagmiljø for læringsanalyse, jf. Prop. 1 S (2014–2015). Miljøet er etter ein konkurranse lagt til Universitetet i Bergen. Læringsanalyse er eit tverrfagleg forskingsfelt som prøver å forstå korleis læring skjer og korleis ein kan forbetre læring og undervisning ved hjelp av måling, innsamling, analyse og rapportering av data om lærande og læringssamanhanger. Dei store datamengdene frå MOOC og andre læringsplattformer er viktige kjelder innanfor læringsanalyse.

Ved handsaminga av statsbudsjettet for 2015 vart det oppretta ei tilskottsordning til fleire lærarar for dei yngste elevane i grunnskolen, sjå kap. 226 post 63. 25 pst. av løyvinga skal i ein periode på fire år fordelast slik at det kan forskast på effektane av auka lærartettleik. Målet er å utvikle ny kunnskap om effektive former for større lærartettleik på 1.–4. trinn. Forskringsrådet har fått i oppdrag å administrere satsinga, som har ei samla økonomisk ramme på 490,5 mill. kroner for perioden 2016–20. Midlane skal finansiere forskning på intervensjonar som systematisk prøver ut ulike modellar for større lærartettleik i småskolen, og inkluderer midlar til nye lærarstillingar.

I samband med *Program for bedre gjennomføring i videregående opplæring* skal det gjerast systematiske forsøk med tiltak for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring, jf. kap. 226 post 60. Departementet tek sikte på ei samla ramme for satsinga på om lag 120 mill. kroner over tre år. Kunnskapsdepartementet er oppdragsgivar. Midlane skal både dekkje utgifter til sjølve utprøvinga og til evalueringa av ho. Forskingsmiljø og fylkeskommunar skal levere koordinerte søknader om støtte til utprøvinga.

Internasjonalt utdanningssamarbeid

For å sikre ei god norsk deltaking i alle delar av EUs utdanningsprogram vil Kunnskapdepartementet gi SIU ansvaret for å utvikle ein handlingsplan for norsk deltaking i Erasmus+.

Regjeringa foreslår endringar i finansierings-systemet for universitet og høgskolar frå 2017, jf. omtale under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning, og i kap. 12 i Del III. Regjeringa ønskjer å styrkje insentivet for internasjonal utveksling, og vil kome tilbake til insentivstyrkjen i statsbudsjettet for 2017. Regje-

ringa tek sikte på at insentivet for utvekslingsstudentar blir styrkt og at utveksling gjennom Erasmus+ får særleg høg vekt.

Kunnskapsdepartementet la hausten 2015 fram ein strategi for høgre utdannings- og forskningssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–20), jf. omtale under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning og 07.70 Forsking. Departementet foreslår 32,4 mill. kroner til oppfølginga av strategien i 2016, jf. kap. 281 post 01 og kap. 288 post 21. Erasmus+ er òg eit viktig verkemiddel for auka utdanningssamarbeid med dei prioriterte landa utanfor EU og Nord-Amerika fram mot 2020.

Innanfor nordisk utdannings- og forskningssamarbeid skal ein ny strategi, utvikla i 2015, leggje grunnlaget for eit framtidig fleksibelt og målretta samarbeid med grunnlag i dei felles nordiske grunnverdiane velferd, demokrati og berekraft.

Som ein del av oppfølginga av regjeringas Tyskland-strategi har Kunnskapsdepartementet auka kontakten med tyske utdannings- og forskingsmyndigheiter. Departementet vurderer også andre konkrete tiltak.

Kap. 252 EUs utdannings- og ungdomsprogram

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
70	Tilskott	324 848	439 921	513 780
	Sum kap. 0252	324 848	439 921	513 780

Post 70 Tilskott

Noreg deltek i EUs program for utdanning, ungdom og idrett, Erasmus+ (2014–2020), jf. Innst. 153 S (2013–2014) og Prop. 43 S (2013–2014). Løyvinga på posten dekkjer utgifter for norsk deltaking i programmet. Løyvinga dekkjer også kostnader knytte til prosjekt som ennå ikkje er avslutta i EUs program for livslang læring (LLP), som varte frå 2007 til 2013, samt attståande utbetalingar til Erasmus Mundus og Aktiv ungdom.

Erasmus+ gir moglegheiter til å delta i samarbeidsprosjekt og utveksling i alle land. Programmet omfattar både mobilitet, institusjonssamarbeid, samarbeid med arbeids- og næringsliv og politikktutvikling. Målgruppa er i hovudsak nor-

ske elevar, lærlingar, studentar, lærarar og tilsette i utdanningssystemet, barn og unge, til-litsvalde og tilsette i barne- og ungdomsorganisasjonar. Norsk deltaking vil gi norske skolar, universitet, høgskolar og andre aktørar tilgang til eit omfattande nettverk av samarbeidspartnarar av høg kvalitet.

Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) er nasjonale kontor for Erasmus+. Dei administrerer dei midlane som Noreg får tildelt gjennom ein europeisk fordelingsnøkkel. Det er berre om lag ti pst. av midlane i Erasmus+ som blir fordelte sentralt etter konkurranse på europeisk nivå. Sjå omtale av SIU under kap. 280 post 50.

Mål for 2016

Målet med den norske deltakinga i Erasmus+ er å styrkje kvaliteten, relevansen og attraktiviteten til det norske utdanningssystemet. Det er òg eit mål at elevar, studentar og tilsette ved lærestadene skal få høve til å skaffe seg internasjonal kompetanse og fagleg utbytte. På den måten kan dei vere betre kvalifiserte for eit stadig meir internasjonalt samfunns- og næringsliv. Deltaking i programmet er også ein del av norsk utanrikspolitik. Det er eit mål å sørje for høg kvalitet på norske søkjarar, og godt tilslag på dei om lag ti pst. av midlane som blir delte ut etter konkurranse sentralt i EU. Statistikkgrunnlaget for deltakinga må vidareutviklast og bli meir tilgjengeleg.

Rapport for 2014

Erasmus+ er det største utdanningssamarbeidet i verda, og norske institusjonar deltek fullt ut. Den første utlysingsrunden i Erasmus+ vart gjennomført våren 2014, og dei første prosjekta som fekk stønad, starta opp same haust.

Det har vore særstør interesse for Erasmus+ innanfor høgre utdanning, og spesielt for dei nye moglegheitene i programmet, som samarbeid med aktørar utanfor EU/EØS og strategiske partnerskapar. Innanfor grunnopplæringa har det også vore omfattande interesse for Erasmus+, men overgangen frå EUs program for livslang læring (LLP) til det nye programmet har vore utfordrande, særleg for mindre institusjonar. Erasmus+ stiller større krav til både kvalitet og presisjon i søknadene samanlikna med LLP. Det blir også stilt strengare krav til institusjonell forankring og eigarskap.

Innanfor tiltaket mobilitet (Key Action 1) mottok SIU 139 søknader i 2014, fordelte på sektorane skole (59), fag- og yrkesopplæring (73) og vaksne (7). Det at berre 25 pst. av søkjarane innanfor skole og 50 pst. innanfor fag- og yrkesopplæring vart valde ut, viser at det var hardare konkurranse om midlane enn tilfellet var i LLP-programmet, der stort sett 60–70 pst. av søkjarane vart valde ut.

Med overgangen frå LLP til Erasmus+ vart det gjort endringar i mobilitetsordningane for grunnopplæringa, noko som førte til ein kraftig nedgang i talet på elevar og lærlingar som deltok via institusjonspartnerskapar. Ei av hovudårsakene til den store nedgangen er at tiltaket retta mot grunnskolen under LLP (Comenius) fall bort, der den typiske mobiliteten var grupper av elevar som drog på skolegjesting med rundt ei veker lengd i samanheng med internasjonale prosjekt. I 2014 del-

tok 786 elevar og lærlingar i partnerskapsmobilitet for grunnopplæringa, mot 1 719 i 2013.

For elevar og lærlingar i individuell mobilitet er Erasmus+ i hovudsak identisk med LLP. Likevel er det ein liten nedgang i talet på deltakarar, men dette skyldast at dei oppgitte mobilitetstala frå 2008 til 2013 omfattar elevar, lærlingar og følgjepersonar, mens det frå og med 2014 berre omfattar elevar og lærlingar. 820 elevar og lærlingar deltok i individuell mobilitet i 2014, mot 922 i 2013 – ein nedgang på omtrent elleve pst. Dersom ein tek høgd for at talet på følgjepersonar under LLP utgjorde anslagsvis 15 pst. av talet på mobilitetar, er det ein auke frå om lag 784 deltakarar til 820.

I studieåret 2013–14 reiste totalt 1 670 studentar på Erasmus+-opphald, og av desse reiste 111 på praksisopphald. Dette er ein nedgang på om lag to pst. frå studieåret før. Sjølv om talet på studentar som hadde praksisopphald ved ei verksemd, ein organisasjon eller institusjon i utlandet, er på same nivå som tidlegare, er det færre institusjonar som nyttar seg av ordninga. Talet på studentar frå Noreg som reiser utanlands, må aukast til over 2 000 studentar årleg for å nå opp på eit europeisk gjennomsnitt over utreisande studentar i høve til folketalet.

Også når det gjeld mobilitet blant lærarar og tilsette i høgre utdanning, er det ein nedgang i høve til tidlegare år. I studieåret 2013–14 reiste totalt 714 tilsette og lærarar på opphald i utlandet. Samanlikna med studieåret før var dette ein nedgang på om lag åtte pst. Det er først og fremst høgskolane som har nytta seg av denne mobiliteten, men i dei siste åra har også universiteta vorte meir aktive. Noko av bakgrunnen for nedgangen er at institusjonane nyttar ordninga meir strategisk og har teke grep for å redusere talet på gjengangarar som nyttar ordninga. Departementet er nøgd med at institusjonane gjer slike vurderingar, men meiner det er potensial for aukt mobilitet også blant lærarar og tilsette.

Det var stor interesse for strategiske partnerskapar innanfor høgre utdanning (Key Action 2), og det kom inn 17 søknader fordelte på 13 institusjonar. Kvaliteten på søknadene var generelt god, men få av prosjekta har samarbeidspartnarar frå arbeids- og næringsliv. Til strategiske partnerskapar innanfor grunnopplæring mottok SIU 53 søknader, fordelte på skole (35), fag- og yrkesopplæring (13) og vaksne (5). Innanfor fag- og yrkesopplæring mottok SIU mange gode partnerskapsøknader, mens søknadene frå skolane vart vurderte som litt svakare. Dei fem partnerskapsøknadene som SIU mottok frå vaksensektoren, var færre enn forventna samanlikna med tala under LLP.

Dei sentraliserte midlane blir forvalta av EU. Det var låg norsk medverknad i søknadsrunden i 2014. Ingen norske institusjonar søkte som koordinator innanfor tiltaka kunnskapsalliansar, sektoralliansar, idrett, samarbeidsprosjekt eller fellesgradar i denne første søknadsrunden. Det var dessutan svært få norske aktørar med som partnarar i prosjekta. Innanfor aktivitetane Jean Monnet (forskning på EU) og idrett var det ingen norsk deltaking i det heile. SIU sette derfor av eigne midlar til prosjektetablering hausten 2014, og fekk inn 14

søknader. Av desse fekk seks stønad. På europeisk nivå er det stor konkurranse om dei sentraliserte tiltaka, og nasjonalkontora har i liten grad fått innsyn i prosessane knytte til forvaltninga av dei sentraliserte tiltaka.

SIU mottok i 2014 ei ekstra løyving frå Kunnskapsdepartementet over kap. 258 post 21 for å stimulere til internasjonal aktivitet innanfor vaksenopplæring. Midlane vart blant anna nytta til å arrangere eit kontaktseminar i Brussel for norske og europeiske vaksenopplæringsinstitusjonar.

Tabell 4.9 Erasmus+ 2014

Tiltak	Talet på mottekne søknader	Innvilga søknader	Tildelingsrate
Key Action 1			
Vaksenopplæring – tilsettmobilitet ut	7	6	85 %
Høgre utdanning – student- og tilsettmobilitet ut	47	47	100 %
Høgre utdanning – tilsettmobilitet ut	48	48	100 %
Skole – tilsettmobilitet ut	59	47	80 %
Fag- og yrkesopplæring – lærar- og tilsettmobilitet ut	72	53	74 %
Key Action 2			
Vaksenopplæring – strategiske partnarskapar	5	2	40 %
Høgre utdanning – strategiske partnarskapar	17	5	29 %
Skole – strategiske partnarskapar	6	3	50 %
Skole – skolepartnarskapar	29	6	20,5 %
Fag- og yrkesopplæring – strategiske partnarskapar	13	6	46 %

Kjelde: Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU)

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å auke løyvinga med 73,9 mill. kroner i 2016 for å følgje opp Noregs kontingentforpliktingar knytte til Erasmus+.

Det er satt av 11 mill. kroner for å dekkje kostnadene for fem norske ekspertar på utdanningsområdet til Erasmus+.

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve til saman 513,8 mill. kroner på posten.

Kap. 253 Folkehøgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
70	Tilskott til folkehøgskolar	738 219	766 016	791 630
71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	4 533	4 683	4 819
72	Tilskott til nordiske folkehøgskolar	1 291	598	615
	Sum kap. 0253	744 043	771 297	797 064

Tilskottet til folkehøgskolane er tredelt gjennom eit basistilskott, eit elevtilskott og husleigetilskott. Basistilskottet er likt for kvar folkehøgskole. Elevtilskottet blir fastsett på grunnlag av gjennomsnittleg elevtal for dei tre åra før det føregåande året. Tilskott til husleige blir fordelt etter innstilling frå Folkehøgskolerådet. I tillegg får fire folkehøgskolar som har ein stor del elevar med redusert funksjonsevne, eit særskilt tilskott for desse elevane. Tilskottsordninga til folkehøgskolane er ramme-styrt. Folkehøgskolane gir tilbod om langkurs på 16,5 veker eller meir og kortkurs på minst tolv timar. Langkurs er kjerneverksemda til folkehøgskolane, og etter lova skal minst 50 pst. av den samla verksemda til kvar skole vere langkurs. Føresegner om kursordningar, elevrapportering, tilskottsmodell m.m. er gitt i forskrifta til folkehøgskolelova.

Post 70 Tilskott til folkehøgskolar

Mål for 2016

Målet med tilskottet er å fremme allmenndanning og folkeopplysning gjennom å medverke til at det kan opprettast og drivast folkehøgskolar.

Rapport for 2014

Det er totalt 78 folkehøgskolar spreidde over heile landet. Talet inkluderer Nordnorsk Pensjonistskole og Norsk senter for seniorutvikling, som begge er godkjende som folkehøgskoleliknande tiltak og får tilskott etter folkehøgskolelova. Desse to skolane har dispensasjon til berre å halde kortkurs. Folkehøgskolane har ikkje eksamen, og elevane bur i internat på skolen. Skolane fastset sitt eige verdigrunnlag, og dei har pedagogisk fridom. Folkehøgskolane har ulike typar kurs på ei rekkje område. Størsteparten av kursa er langkurs som varer i 95 dagar eller meir, fordelte over minst 16 og ei halv veke. I tillegg har skolane kortkurs, som varer i minst to dagar og maksimum 94 dagar.

Tabell 4.10 Elevtal i folkehøgskolane

	2011	2012	2013	2014
Elevar med langkurs (vår og haust) (16,5–33 veker)	14 747	14 496	13 948	13 285
Elevar med kortkurs (3 dagar–16 veker)	17 039	18 121	18 489	17 710
<i>Sum elevar</i>	31 786	32 617	32 437	30 995
Årselevar langkurs	7 077	6 957	6 777	6 774
Årselevar kortkurs	676	712	706	694
Sum årselevar	7 753	7 669	7 483	7 468
Sum godkjende årselevar / fastsett elevtal	7 695	7 595	7 429	7 383
Tilskottselevar	7 063	7 304	7 570	7 654

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Budsjettforslag for 2016

Departementet viser til oppmodningsvedtak nr. 39, 1. desember 2014, jf. Innst. 2 S Tillegg 1 (2014–2015) og Prop. 1 S (2014–2015).

«Stortinget ber regjeringen avklare rammer og finansiering for en ny folkehøgskole, SKAP, i et samarbeid mellom det offentlige og næringslivet i Lindesnesregionen, frem til revidert nasjonalbudsjett for 2015. Endelig godkjenning av ny folkehøgskole avklares i forbindelse med statsbudsjettet for 2016.»

SKAP – kreativ folkehøgskole i Mandal, har søkt om godkjenning som ny folkehøgskole fra hausten 2016. I søknaden tek dei sikte på ei gradvis opptrapping over tre år. Ved full drift vil elevgrunnlaget vere på 100 elevar. Skolen vil ha samarbeid med lokalt næringsliv. Departementet legg til grunn at dette gjeld fagleg samarbeid knytt til aktivitetane ved skolen. Folkehøgskolelova og gjeldande modell for tilskott legg ikkje til rette for å finansiere folkehøgskolar i samarbeid med lokale aktørar.

Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løyvinga slik at SKAP – kreativ folkehøgskole i Mandal, kan godkjennast for oppstart hausten 2016. SKAP står for Samfunn, Kommunikasjon, Arkitektur og design og Prosess. Budsjetteffekten av dette utgjer 3,4 mill. kroner i 2016.

Departementet foreslår ei løyving på totalt 791,6 mill. kroner.

Post 71 Tilskott til Folkehøgskolerådet

Folkehøgskolerådet er ein interesseorganisasjon for folkehøgskolane. Rådet har eit fast sekretariat.

Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
70	Tilskott til studieforbund	196 671	202 501	208 374
71	Tilskott til nettskolar	15 700		
72	Tilskott til studiesenter	6 342		
73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	12 006	12 402	12 762
	Sum kap. 0254	230 719	214 903	221 136

Mål 2016

Formålet med tilskottet er å medverke til at Folkehøgskolerådet kan ta hand om fellesoppgåver for folkehøgskolane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet. Vidare er det eit mål å medverke til at Folkehøgskolerådet kan fremme kunnskap om og utvikling av folkehøgskolane.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 72 Tilskott til nordiske folkehøgskolar

Nordiska folkhögskolan i Kungälv vart etablert i 1947 for å styrkje nordisk samkvem. Skolen skal mellom anna medverke til å utvikle dei skapande evnene til elevane og auke solidarisk medverking i samfunnsutviklinga i Norden og elles i verda. Tilskott frå denne posten gjekk tidlegare til å dekkje norsk deltaking på kursa ved Den Nordiske Folkehögskolen i Genève. Frå 2015 er løyvinga til Genève skolen avvikla.

Mål 2016

Formålet med tilskottet er å finansiere utgifter til norske lærarressursar ved Nordiska folkhögskolan i Kungälv.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 70 Tilskott til studieforbund

Livslang læring finn stad på mange arenaer, og opplæring i og gjennom frivillig sektor er ein god læringsarena for mange vaksne. Gjennom tilskott til studieforbund og frivillige organisasjonar ønskjer regjeringa å leggje til rette for at vaksne skal få tilgang til fleksibel og brukartilpassa opplæring også utanfor det formelle utdanningssystemet. Tilskottet medverkar til å finansiere opplæring i regi av frivillig sektor, og skal føre til reduserte opplæringskostnader for deltakarane. Opplæringa skjer i regi av 15 landsdekkjande studieforbund og dei nær 500 medlemsorganisasjonane deira. Desse organisasjonane består av frivillige og ideelle organisasjonar og har til saman tusenvis av lokallag spreidde over heile landet. Blant desse organisasjonane er ideelle opplæringstilbydarar, fagforeiningar, barne- og ungdomsorganisasjonar, samiske organisasjonar, idrettslag, korps, kor, religiøse organisasjonar, og medlemsorganisasjonar for personar med nedsett funksjonsevne. Tilskottsordninga blir forvalta av Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk.

Ein mindre del av tilskottet kan nyttast til å refundere kostnader til opplæring i samisk språk som blir gjennomført av godkjende studieforbund eller nettskolar, jf. forskrift til samelova om rett til opplæring i samisk.

Mål for 2016

Formålet med tilskottet til studieforbund er å fremme livslang læring gjennom å leggje til rette

Tabell 4.11 Aktivitet og deltaking i studieforbunda, 2010–14

	2010	2011	2012	2013	2014
Deltakarar	504 000	471 000	493 200	493 200	509 700
Kurs	40 200	42 600	42 400	43 000	44 000
Kurstimar	1 310 000	1 400 000	1 350 000	1 352 500	1 385 000

Statistikken inneheld ikkje unike deltakardata. Same deltakar kan vere registrert på fleire kurs.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (SSB)

43 pst. av kursdeltakarane var 50 år eller eldre, medan 14–29-åringar utgjorde 30 pst. av deltakarane. Auken i deltakartalet er i dei eldste og yngste aldersgruppene. Som i tidlegare år er det flest kvinner som deltek i kursa til studieforbunda, og kurs i emnegruppa estetiske fag og handverksfag er framleis mest populære. Rapporteringa til SSB viser ein relativt stor auke i talet på deltakarar på kurs med offentleg eksamen i 2014.

for organiserte læringsaktivitetar på sida av det formelle utdanningssystemet. Tilskottet skal medverke til at studieforbunda og medlemsorganisasjonane deira kan tilby fleksibel og brukartilpassa opplæring for vaksne. I samsvar med vaksenopplæringslova skal studieforbunda drive opplæringsaktivitet på grunnlag av fleire overordna mål, mellom anna å styrke kulturelt mangfold og auke deltakinga i kulturlivet, medverke til inkludering, og til å redusere utanforskap.

Rapport for 2014

16 studieforbund fekk tilskott i 2014. Studieforbunda står fritt i val av innhald og nivå på opplæringa. Den største delen av opplæringa er av ikkje-formell art. Nær 50 pst. av samla tilskott i 2014 gjekk til dei tre største studieforbunda (Studieforbundet Folkeuniversitetet, Studieforbundet Funkis og Musikkens Studieforbund).

Aktiviteten i studieforbunda har samla vore stabil sidan 2011, men det er betydelege årlege variasjonar for einsskilte forbund. 15 av dei 16 studieforbunda som fekk tilskott i 2014, har rapportert aktivitet til Statistisk sentralbyrå (SSB) for dette året. Talet på kurstimar har halde seg relativt stabilt i perioden 2010 til 2014. I 2014 var talet på kurstimar nær 1 385 000, som er om lag det same nivået som i 2011. Talet på timar med tilretteleggingstilskott er auka litt frå 2013 til om lag 19 pst., og størstedelen går til studieforbundet Funkis.

Studieforbunda skal i årsmeldinga si rapportere på dei seks overordna måla som er fastsette i vaksenopplæringslova § 4. Som tidlegare år syner rapporteringa for 2014 at det er vanskeleg for studieforbunda å rapportere konkret i høve til dei generelle målformuleringane i vaksenopplæringslova § 4.

Budsjettforslag for 2016

Kunnskapsdepartementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Departementet har saman med Vox, og i dialog med Voksenopplæringsforbundet (VOFO), arbeidd med å vurdere korleis tilskottsordninga kan utviklast for å betre måloppnåinga og gi ei meir effektiv forvaltning. Fleire av måla i vaksenopplæringslova er knytt til arbeid for inkludering av svake grupper i samfunnet og i arbeidslivet. Dette er oppgåver som er tett knytta til den folkeopplysingstradisjonen som studieforbunda er ein del av, og som frivillig sektor er godt rusta til å løyse. Departementet ønskjer å styrkje studieforbunda sitt arbeid for inkludering og mot utanforskap, og foreslår å øymerke om lag 10 pst. av midlane i tilskottsordninga til tilskott for å stimulere organisasjonane til ein større innsats retta mot inkludering og å hindre utanforskap. Som ei følge av måten tilskottsordninga er utforma på vil endringa først få verknad for fordelinga mellom tilskottsmottakarane i eit seinare budsjettår.

Post 71 Tilskott til nettskolar

Tilskottet til nettskolar vart avvikla frå og med 2015.

Rapport for 2014

Det var 20 godkjende nettskolar per 1. januar 2014. Alle dei 18 skolane som søkte om støtte til utviklingsprosjekt i 2014, fekk midlar. Til saman vart det søkt om 27,8 mill. kroner til 41 prosjekt, medan det vart løyvt 15,7 mill. kroner til 30 prosjekt i 2014. Prosjekta omfattar utvikling av undervisningsløysingar, læringsressursar, studentstøtte og studentadministrative tiltak. Dei fleste prosjekta er gjennomførte etter planen.

Post 72 Tilskott til studiesenter

Tilskottet har vore øymerkt Studiesenteret Finnsnes AS og Studiesenteret.no.

Tilskottet til dei to studiesentera over kap. 254 post 72 vart avvikla frå og med 2015. Tilskottet til Studiesenteret Finnsnes vart i statsbudsjettet for 2015 lagt inn i rammeløyvinga til UiT – Noregs arktiske universitet.

Rapport for 2014

Studiesenteret Finnsnes tilbyr desentralisert og fleksibel utdanning i ytre Midt-Troms. Senteret for-

midla i 2014 14 desentraliserte studium i samarbeid med tre høgre utdanningsinstitusjonar og ein vida-regåande skole. Studiesenteret rapporterte om til saman 180 studentar i 2014. Studiesenteret Finnsnes skal vere relevant for næringsliv og industri i ytre Midt-Troms og gjennomførte to kurs i samarbeid med verksemder i regionen. Saman med Regionrådet for Midt-Troms starta dei eit prosjekt for å utvikle nye modellar for høgre utdanning tilrettelagde for distrikta. Eit studiebibliotek i samarbeid med biblioteket i kommunen og UiT – Noregs arktiske universitet vart etablert i 2014.

Studiesenteret.no hadde 46 lokale studiesenter knytte til nettverket i 2014. Senteret rapporterer om at dei hadde 1 611 personar registrerte som studentar i 2014, fordelte på 43 studium, ein auke frå 2013.

Post 73 Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar

Voksenopplæringsforbundet (VOFO) og Fleksibel utdanning Norge (FuN) er fellesorgana for studieforbunda og nettskolane. VOFO og FuN utfører fellesoppgåver for medlemsorganisasjonane knytte til rapportering, forvaltning av tilskott til studieforbund, samt til auka kunnskap om og utvikling av fagområda. Tilskottet skal medverke til drifta av fellesorgana for studieforbund og nettskolar. Administrasjonen av tilskottet er delegert frå Kunnskapsdepartementet til Vox.

Mål for 2016

Tilskottet skal medverke til at studieforbunda og nettskolane kan tilby vaksne god, fleksibel og brukartilpassa opplæring også utanfor det formelle utdanningssystemet.

Rapport for 2014

Alle studieforbunda rapporterer sin studieaktivitet til SSB gjennom eit felles kursadministrasjonsprogram for studieforbunda (KursAdmin), og VOFO kvalitetssikrar denne rapporteringa. I 2014 har VOFO samarbeidd med Vox om åtte kurs for vaksenlærarar og gjennomført ni kurs under konseptet «VOFO læring og kompetanse». VOFO har også vore aktive i fleire nordiske og internasjonale organisasjonar, prosjekt og nettverk på området sitt.

Fleksibel utdanning Norge (FuN) er eit fellesorgan for offentleg godkjende nettskolar og medlemsorganisasjon for andre institusjonar og organisasjonar på feltet fleksibel utdanning og digitale læringsformer. Organisasjonen har til saman 42

medlemmer, medrekna 18 av dei godkjende nett-skolane. I tillegg er 15 høgskolar og universitet og tre fylkeskommunale nettskolar medlemmer.

I 2014 har FuN mellom anna arbeidd med fagleg vurdering av bruk og fordeling av utviklingsmidlar frå Vox til nettskolane og med grunnlaget for aktivitetsrapporteringa til SSB frå nettskolane.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
70	Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	30 170	31 166	32 070
71	Falstadsenteret	17 064	18 111	18 636
72	Stiftelsen Arkivet	6 831	8 768	24 022
73	Nansen Fredssenter	5 682	5 870	6 040
74	Narviksenteret, <i>kan overførast</i>	55 666	29 890	5 737
75	Det europeiske Wergelandsenteret	7 623	7 875	8 103
76	Raftostiftelsen	2 755	4 846	4 987
	Sum kap. 0255	125 791	106 526	99 595

Freds- og menneskerettssentera er stiftelsar som arbeider med dokumentasjon av, forskning på og formidling innanfor områda demokrati, fred og menneskerettar, fangehistorie og folkemord.

Tilskottsforvaltninga under kapitlet er delegert til Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, med unntak av post 75 Det europeiske Wergelandsenteret, som får tilskott direkte frå departementet.

Post 70 Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret) kan drive forskning, dokumentasjon, undervisning og formidling på områda holocaust, folkemord, minoritetsspørsmål og menneskerettar. Tilskottet skal særleg medverke til at senteret kan tilby eit godt opplæringsstilbod om fred og menneskerettar til barn og unge.

Rapport for 2014

Senteret tok imot 7 908 elevar og studentar i 2014. Samla registrerte besøkstal ved HL-senteret var på 15 046 personar, ein auke på 30 pst. frå 2013, noko som dels skyldast grunnlovsjubileet.

I 2014 vart «Donau-klokka» overlevert til HL-senteret. Skipet Donau vart blant anna nytta under deportasjonen av 532 norske jødar i november 1942. I samband med grunnlovsjubileet arrangerte senteret ei utstilling om paragraf 2 i grunnlova, «Veien til paragrafen». Utstillinga la fram ny dokumentasjon om bakgrunnen for paragrafen med formuleringa frå 1814: «Jøder ere fremdeles udelukket fra Adgang til Riget.» Arkivet etter Ruth Maier 1933–42 vart innlemma i UNESCO sitt Memory of the World-register, som er eitt av fleire UNESCO-program for synleggjering og bevaring av verdas kulturarv. Ruth Maier kom som flyktning til Noreg i 1939 og døydd i Auschwitz 1. desember 1942.

HL-senteret fekk i samband med revidert nasjonalbudsjett 2013 ei løyving på 20 mill. kroner til vedlikehald, ei mindre utbygging, modernisering og betre utnytting av bygningsmassen. Delar

av løyvinga har gått med til å setje i stand bunkeren til Quisling, som vart opna for besøkjande i 2014. Den ferdig renoverte bunkeren vart opna med utstillinga «Det femte rommet», som omhandla misbruken av norrøne symbol i Vidkun Quislings tid på Villa Grande.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 71 Falstadsenteret

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Falstadsenteret kan drive eit opplærings- og dokumentasjonssenter om fangehistorie frå den andre verdskrigen, og fremme kunnskap om demokrati, humanitær folkerett og menneskerettane. Tilskottet skal særleg medverke til at senteret kan tilby eit godt opplæringstilbod om fred og menneskerettar til barn og unge.

Rapport for 2014

I 2014 hadde Falstadsenteret 12 284 besøkjande. Av dette var 5 604 elevar, konfirmantar, lærarar og studentar. I høve til tala for 2013 er dette ein liten auke – da var tala høvesvis om lag 11 000 og 5 535. Nettstaden og andre formidlingskanalar har i 2014 hatt om lag 250 000 treff. Dette er ein vesentleg auke i høve til 2013, da nettstaden hadde om lag 50 000 treff. Undervisningstilbodet ved Falstadsenteret omfattar mellom anna eit fire timars dagsopplegg for elevar om Falstad og fangehistorie, menneskerettar og demokrati.

Forsknings- og dokumentasjonsverksemda i 2014 vart hovudsakleg knytt til norske og utanlandske fangar i Noreg under den andre verdskrigen, og til utanlandske krigsgraver. Arbeidet inkluderer mellom anna dokumentasjonsinn-samling, oppdatering og kvalitetssikring av fange-register og systematisering, transkribering og omsetjing av tidsvitnemateriale. Falstadsenteret har fått eit nasjonalt ansvar for forskning og dokumentasjon knytt til krigsgraver i Noreg frå den andre verdskrigen. Dette inneber mellom anna drift og vedlikehald av databasen www.krigsgraver.no. Til dette arbeidet har senteret motteke tilskott frå Utanriksdepartementet og Krigsgravtjenesten.

Forskning og utvikling knytt til undervisning om menneskerettar har vore eit viktig satsingsområde. Samarbeidet med Program for lærarutdan-

ning og Det europeiske Wergelandsenteret vart vidareutvikla i 2014.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 72 Stiftelsen Arkivet

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Stiftelsen Arkivet i Kristiansand er eit informasjons- og dokumentasjonssenter om krigshistoria, folkeretten og menneskerettane, og eit senter for demokrati og fredsskapande arbeid. Tilskottet skal særleg medverke til at stiftelsen kan tilby eit godt opplæringstilbod om fred og menneskerettar til barn og unge.

Rapport for 2014

Om lag 5 500 elevar, studentar og lærarar har i 2014 vore med på ulike undervisningsopplegg ved Stiftelsen Arkivet, med tema som rasisme, menneskerettar, barn i krig og mobbing. 3 950 elevar med lærarar har vore på omvising i Gestapokjellaren. Alt i alt hadde senteret meir enn 10 500 besøk på eigne utstillingar og eigne arrangement i 2014. Stiftelsen Arkivet har tidlegare òg inkludert besøkjande på eksterne arrangement i sine besøkstal. Sett i høve til talet på besøkjande på senteret sine eigne utstillingar og arrangement i 2013 auka besøkstalet med sju pst. i 2014.

Senteret samarbeider med Universitetet i Agder om to doktorgradsprosjekt, eitt om kinoen som konfliktarena under den andre verdskrigen, og eitt om krigsseglarane. Stiftelsen Arkivet var i 2014 arena for fleire kulturtiltak, arrangement og markeringar, mellom anna av Holocaust-dagen, russarfangane sin dag og krigsseglarane sin dag.

Stiftelsen Arkivet har i 2014 arbeidd vidare med å utvikle ny permanent utstilling.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre driftsløyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Stiftelsen Arkivet i Kristiansand har planlagt fornying og utbygging av dei lokale stiftelsen held til i. Prosjektet har ei kostnadsramme på 30 mill. kroner, og stiftelsen har i 2015 fått tilsegn om til saman 15 mill. kroner til formålet frå Aust-Agder fylkeskommune, Vest-Agder fylkeskommune og Kristiansand kommune. Departementet foreslår å

løyve 15 mill. kroner til fornying og utbygging av lokala til Stiftelsen Arkivet i Kristiansand i 2016, slik at prosjektet blir fullfinansiert. Det er ein føresetnad for løyvinga at dei tre regionale aktørane stiller med tilsvarende sum, slik at samla løyving til prosjektet blir 30 mill. kroner.

Post 73 Nansen Fredssenter

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Nansen Fredssenter kan tilby kurs og opplæring og drive dokumentasjon og formidling for å fremme arbeidet for dialog, fred, menneskerettar og forsoning som eit alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar.

Rapport for 2014

Nansen Fredssenter har i 2014 arbeidd med dialogprosessar i fleire konfliktområde mange stader i verda, og nyttar erfaringar frå desse i arbeid med flyktningar og innvandrarar i norske kommunar, særskilt i høve til den somaliske og den afghanske diasporaen i Noreg. I 2014 heldt senteret fram med leiaropplæring for somaliske kvinner. Målet er å hjelpe kvinnene til å skape nettverk og ressursar som dei treng for å ta del i ulike samfunnsoppgåver.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 74 Narviksenteret, kan overførast

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Narviksenteret – nordnorsk stiftelse for historiefremming, menneskerettigheter og fredsbygging kan fremme kunnskap om og forståing for fred og menneskerettar gjennom dokumentasjon og formidling av mellom anna nordnorsk krigs- og okkupasjonshistorie. Tilskottet skal særleg medverke til at senteret kan tilby eit godt opplæringstilbod om fred og menneskerettar til barn og unge.

Rapport for 2014

Narviksenteret har i 2014 drive formidlingsaktivitet i form av seminar, foredrag, artiklar og turar til kamparenaer frå den andre verdskrigen i Narvik og Nord-Noreg. Mykje av arbeidet skjer i samarbeid med Nordland Røde Kors Krigsmuseum. Senteret og museet har avtale om samarbeid, og

senteret har overteke ansvaret for museumsdrifta. Til saman har om lag 22 000 personar besøkt Narviksenteret og krigsmuseet i 2014. 2 540 av desse var elevar i grunnopplæringa.

Senteret har samarbeidd med mellom andre universiteta i Tromsø og Nordland, NTNU, Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet, FN-sambandet, EUs ungdomsprogram Aktiv Ungdom og institusjonar i ei rekkje land. Arbeidet med kartlegging av sovjetiske og jugoslaviske krigsfangar i Noreg under den andre verdskrigen har halde fram. Verksemda har vore konsentrert om dokumentasjon med særleg søkjelys på det materialet som senteret har fått tilgang til frå tidlegare jugoslaviske arkiv.

Narviksenteret fekk i 2013 og 2014 tilsegn om totalt 92,8 mill. kroner til nye lokale for senteret i eit næringsbygg på Narvik Torv. I 2014 løyvde Stortinget 67,5 mill. kroner til å dekkje byggjekostnader.

Budsjettforslag for 2016

Narviksenteret fekk i 2015 løyvt gjenstående tilsegn på 25,3 mill. kroner til byggjeprojektet. Dei nye lokala til Narviksenteret er planlagde ferdige våren 2016. Kunnskapsdepartementet legg opp til at veggfast inventar og utstillingsinnreiing kan bli dekt innanfor den samla løyvinga til prosjektet.

Departementet foreslår å auke driftstilskottet med 3 mill. kroner for å setje senteret i stand til å flytte inn i nye lokale. Midlane skal medverke til god drift i nye lokale, og gi senteret rom for auka formidlingsaktivitet.

Departementet foreslår å løyve 5,7 mill. kroner på posten i 2016.

I tillegg gjer departementet framlegg om vidareføring i 2016 av 0,7 mill. kroner til oppfølging av byggjeprojektet som blir løyvt under kap. 258 post 21, jf. omtale under denne posten.

Post 75 Det europeiske Wergelandsenteret

Det europeiske Wergelandsenteret, eit senter under Europarådet etablert i Noreg, tilbyr opplæring i interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap, jf. Innst. S nr. 9 (2008–2009) og St. prp nr. 86 (2007–2008)

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Wergelandsenteret kan vere eit ressurscenter for opplæring på dei nemnde områda og tilby opplæring til ulike målgrupper på utdanningsfeltet, til

dømes lærarutdannarar, lærarar, rektorar, forskarar og politikkkutformarar.

Rapport for 2014

Om lag 4 700 lærarar, rektorar og andre personar deltok direkte i program, prosjekt og aktivitetar som vart gjennomførte av Wergelandsenteret i 2014. I tillegg deltok nær 25 000 personar i lokale prosjekt som ei oppfølging av programmet til senteret. Til saman har Wergelandsenteret dermed nådd ut til om lag 30 000 personar i 2014. Det er ein auke på om lag 5 000 personar sidan 2013.

I 2014 arrangerte Wergelandsenteret for femte gong Regional Summer Academies i Polen og for tredje gong i Montenegro. Opplæringsseminara blir arrangerte i samarbeid med Europarådet og polske og montenegrinske myndigheiter, med deltakarar frå fleire europeiske land. Wergelandsenteret har i 2014 hatt auka aktivitet retta mot diskriminering, antisemitisme og hatprat. Senteret har mellom anna fått ei rolle i oppfølginga av regjeringa sin handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme.

Nettsidene til Wergelandsenteret har vorte ein virtuell møtestad for ulike aktørar som er opptekne av opplæring i demokratisk medborgarskap. I 2014 har nettaktivitetane og nettenestene til senteret nådd ut til fleire personar og vorte viktigare som verkemiddel.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 76 Raftostiftelsen

Mål for 2016

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Raftostiftelsen kan tilby eit godt opplæringstilbod om menneskerettane for elevar, studentar, lærarar og andre grupper.

Rapport for 2014

Raftostiftelsen har i 2014 gitt opplæring i menneskerettar og demokrati til 3 420 elevar og lærarar i grunnskolen. Dette er ein auke på om lag 1,6 pst. frå 2013. I løpet av året har stiftelsen vidareutvikla sine fem undervisningspakker med ulike tema og har starta arbeidet med internasjonisering av undervisninga. Senteret har òg halde to lærarkurs.

Raftoprisen for 2014 vart gitt til den russiske menneskerettsorganisasjonen Agora, ved leiar Pavel Tsjikov, for deira kamp for å forsvare rettstryggleik og andre menneskerettar i Russland. Også i 2014 var Raftostiftelsen medarrangør av Bergen internasjonale filmfestival og bidrog med eit skoleprogram om vald. Totalt såg ca. 1 500 personar programmet.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Kap. 256 Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2016
		2014	Saldert budsjett 2015	
01	Driftsutgifter	54 024	48 735	53 429
21	Særskilde driftsutgifter	16 679	14 880	11 340
	Sum kap. 0256	70 703	63 615	64 769

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Vox er det nasjonale kompetansepolitiske fagorganet, og det er underlagt Kunnskapsdepartementet. og nokre av dei prosjektmidlane som blir løyvde

Vox har ansvaret for å forvalte tilskott til vaksenopplæring, jf. kap. 254, tilskott til freds- og menneskerettssentra, jf. kap. 255, Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), jf. kap. 257, tilskott til karriererettleiing, jf. kap. 258 post 60, over kap. 258 post 21.

Nasjonal eining for karriererettleiing er plassert i Vox og har ansvar for å utvikle og koordinere rettleiingsfeltet i Noreg.

På oppdrag frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har Vox ansvaret for dei faglege og pedagogiske tilhøva i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar.

Mål for 2016

Vox skal vere ein pådrivar for ein heilskapleg og effektiv kompetansepolitikk. I det ligg det at Vox skal gi kunnskapsbaserte innspel til kompetansepolitikken, vere synleg på feltet og ha eit godt samarbeid med relevante aktørar.

Vox skal òg medverke til at befolkninga utviklar og tek i bruk den kompetansen samfunnet treng. Det vil seie at fleire vaksne tek del i utdanning og opplæring, at kompetansen til befolkninga blir brukt betre, og at det er kvalitet i opplærings- og utdanningstilbodet til vaksne.

Gjennom Nasjonal eining for karriererettleiing har Vox som mål å auke tilgangen til tenestene, styrkje kvaliteten på karriererettleiinga og medverke til likeverdige tilbod for alle gjennom heile livet og i alle livssituasjonar.

Det er òg eit mål for Vox å forvalte og utvikle tilskottsordningar på ein god måte.

Rapport for 2014

I 2014 har arbeidet til Vox vore prega av dei to store kompetansepolitiske prosessane som regjeringa har sett i verk: Skills Strategy og arbeidet med stortingsmelding om livslang læring og utanforskap.

Vox har arbeidd med oppfølging av resultatane frå PIAAC-undersøkinga i samband med arbeidet knytt til Skills Strategy og i deltakinga i departementet sitt arbeid med meldinga om livslang læring og utanforskap. Vox har òg delteke i arbeidet med ein nordisk PIAAC-rapport.

Godt samarbeid mellom dei ulike aktørane på kompetansefeltet er viktig for å få til god kompetansepolitikk, og Vox har i 2014 samarbeidd breitt med ei rekkje aktørar.

På bakgrunn av målsetjinga i Sundvollen-erklæringa om å kunne tilby alle vaksne kartlegging av deira grunnleggjande dugleikar fekk Vox i 2014 i oppdrag å vurdere om det finst formålstenlege verktøy til dette. Oppdraget vart avslutta i april 2015. Arbeidet med kartleggingsverktøy for grunnleggjande dugleikar blir ført vidare som ein

del av arbeidet med stortingsmeldinga om livslang læring og utanforskap.

Vox er sekretariat for Nasjonalt fagskoleråd. I 2014 har rådet arbeidd særskilt med å gjere fagskolane synlege.

Det er stor etterspurnad etter og interesse for kurs og materiell for opplæring av vaksne. Vox har medverka til at kommunar kan utvikle og etablere gode og varige opplæringstilbod i grunnleggjande dugleikar, mellom anna gjennom ulike prosjekt og erfaringssamlingar.

Det er òg overført midlar til fylkesmannsembeta, fylkeskommunane og VOFO for å organisere etterutdanningstilbodet for vaksenlærarakar i grunnskolen, dei vidaregåande skolane og i studieforbunda. Vox har òg halde kurs for lærarakar innanfor Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) og andre lærarakar som underviser vaksne.

I 2014 vart det fastsett nye retningslinjer for tilskottet til dei fylkesvise partnerskapane for karriererettleiing. Dette har mellom anna ført til etablering av karrieresenter i fire fylke som ikkje hadde dette tidlegare.

For å auke kunnskapsgrunnlaget for karriererettleiing i Noreg har Vox ført vidare arbeidet med nasjonale brukarundersøkingar ved dei fylkesvise karrieresentera.

Vox er ein av redaktørane for Veilederforum.no, ein nettressurs for karriererettleiarar og utdannings- og yrkesrådgivarar. Forumet har aukande besøkstal og har fått gode tilbakemeldingar frå brukarane. Nettenesta er eit viktig ledd i å heve kvaliteten på karriererettleiinga og medverke til eit meir likeverdig tilbod. Vox har òg medverka til utviklinga av ein eigen fordjupingsmodul om karriereorientert rettleiing i Arbeids- og velferdsdirektoratet si rettleiingsplattform.

Vox sin hovudkanal for formidling er vox.no, og besøkstala der er dobla på eit år, særleg grunna besøk på sider om den nye prøva i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar. Vox legg òg vekt på sosiale medium og utsending av nyhendebrev. Vox gir ut ei rekkje publikasjonar, mellom anna Vox-spegelen, ein årleg publikasjon som inneheld statistikk over kor mykje vaksne deltek i opplæring innanfor elleve ulike område. Statistikkbanken til Vox held fram med å ha aukande besøkstal. I 2014 lanserte Vox kompetanseindikatorar for kommunar og fylke via vox.no, eit sett nøkkeltal som gir eit samla bilete av kommunane og fylka si investering i kompetansen til innbyggjarane.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei samla løyving på postane på 64,8 mill. kroner.

Kunnskapsdepartementet vil disponere om lag 1,3 mill. kroner av løyvinga på kap. 256 post 01.

Departementet foreslår å flytte 3,9 mill. kroner frå post 21 til post 01.

Departementet foreslår å flytte 0,5 mill. kroner knytt til forvaltninga av BKA frå kap. 258 post 21 til kap. 256 post 01 i 2016.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3256 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3256 Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Inntekter frå oppdrag	11 394	10 985	11 247
02	Salsinntekter o.a.	1 233	338	346
16	Refusjon av foreldrepengar	1 015		
17	Refusjon lærlingar	60		
18	Refusjon av sjukepengar	1 645		
	Sum kap. 3256	15 347	11 323	11 593

Inntektene på post 01 kjem frå oppdragsverksemd ved Vox. Inntektene på post 02 kjem frå salsinntekter og refusjonar.

Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	5 465	5 192	5 316
70	Tilskott, <i>kan overførast</i>	116 043	163 518	163 518
	Sum kap. 0257	121 508	168 710	168 834

Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) vart oppretta i 2006 for å styrkje vaksne sine grunnleggjande dugleikar og tryggje tilknytninga deira til arbeidslivet. Bedrifter og offentlege verksemdar kan søkje om tilskott både til motivasjonsarbeid og til opplæring i grunnleggjande dugleikar.

Regjeringa har lagt til rette for at dei frivillige organisasjonane kan stå for både rekruttering av deltakarar og sjølve opplæringa gjennom ein ny komponent, basiskompetanse i frivilligheita (BKF), frå 2015.

Tilskottsordningane blir forvalta av Vox. Vox skal gjennomføre naudsynt tilsyn med tilskuddsmottakarar og rapportere om resultatata til departementet.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Mål for 2016

Løyvinga skal nyttast til å utvikle BKA og BKF, slik at fleire vaksne med svake grunnleggjande

dugleikar blir motiverte til og kan få opplæring, og sikre at opplæringa held høg kvalitet. Løyvinga skal òg nyttast til å gjere administreringa av programmet best mogleg og auke kvaliteten på dei tilboda som blir gitte. Løyvinga skal òg kunne nyttast til forsøk som kan gjere BKA betre i stand til å svare på kompetansebehova i arbeidslivet.

Ein mindre del av løyvinga skal gå til å utvikle modellar for samarbeid mellom Nav, fylkeskommunar og verksemdar, slik at fleire arbeidssøkkjarar kan få opplæring i grunnleggjande dugleikar.

Rapport for 2014

BKA-ordninga omfattar frå og med 2015 òg kurs i grunnleggjande munnleg norsk. Vox har i 2014 sett i gang eit prosjekt for å utvikle og spreie modellar og metodar for opplæring som kan vere nyttige for dei lærarane som skal gi slik undervisning. Modellar og verktøy blir nå prøvde ut i BKA-kurs og gjorde tilgjengelege på vox.no. Vox har òg sett i gang eit prosjekt som skal kartleggje effektane av satsinga på munnleg norsk i BKA. Prosjektet skal kunne dokumentere endring i munnlege dugleikar som følgje av BKA-kurset. Prosjektet tek òg for seg ulike bransjar for å undersøkje om eventuelle effektar av opplæring i munnleg norsk kan variere frå bransje til bransje.

Med dagens omfang er det til kvar ei tid over 1 000 aktive prosjekt i programmet. Vox arbeider kontinuerleg med å effektivisere forvaltninga av ordninga. I tillegg til rutinemessig gjennomgang er to hovudgrep gjennomførte i 2014: (1) Det elektroniske søknadsskjemaet er endra for å inkludere munnlege dugleikar og gjere samansetjinga av kurs enklare og meir fleksible for søkkjarane. (2) Det er laga ein modul slik at sakshandsamarane kan behandle søknader direkte i BKA-basen. Ein brukartest av det elektroniske søknadsskjemaet vart gjennomført i 2014, og vidareutviklinga vil ta omsyn til funna i denne.

Som ein del av planen for auka kvalitet i opplæringa i BKA har Vox arrangert kurs særskilt retta mot BKA-lærarar. Vox har òg gjennomført ei spørjeundersøking retta mot lærarar og leiarar hos tilbydarar av BKA-kurs. Undersøkinga synte at vaksenlærarane jamt over er kvalifiserte og har lang erfaring, men at enkelte lærargrupper har behov for vidareutdanning. Undersøkinga gir eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet med kvalitet i BKA.

Vox har i 2014 oppsummert evalueringane og dokumentert effektane av BKA. Vox har òg gitt tilrådingar til departementet om korleis ein best kan innhente dokumentasjon som kan medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for verknadene av BKA.

Budsjettforslag for 2016

Departmentet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Post 70 Tilskott, kan overførast

Mål for 2016

Tilskottsordninga skal medverke til å styrkje dei grunnleggjande dugleikane i lesing, skrivning, rekning og IKT blant vaksne arbeidstakarar og arbeidssøkkjarar. Ordninga skal òg medverke til å styrkje opplæringa i grunnleggjande norsk. Det er eit prioritert mål at opplæringa skal nå vaksne med svake grunnleggjande dugleikar. Opplæringa skal halde høg kvalitet og vere tilpassa behova til dei vaksne, slik at ho gir ein positiv effekt for den einskilde.

Det er eit mål at ulike bransjar er representerte i programmet, særleg dei som sysselset arbeidskraft med låg utdanning og er konjunkturutsette. Programmet skal nå små og mellomstore verksemdar.

Rapport for 2014

Sidan BKA-ordninga starta, har den årlege løyvinga til programmet over kap. 257 post 70 auka frå 24,5 mill. kroner i 2006 til 134,1 mill. kroner i 2014.

Det kom inn 388 søknader om midlar ved den ordinære utlysingen for 2014, og 23 søknader om utviklingsmidlar. Omsøkt beløp var høvesvis 139,2 mill. kroner og 4,6 mill. kroner. Totalt fekk 331 søknader støtte med til saman 105,8 mill. kroner. 84 pst. av søkkjarane i den ordinære utlysingsrunden søkte om standardiserte kurs, mot 75 pst. i 2013. 54 pst. av søkkjarane var tilbydarar, mot 38 pst. i 2013.

For 2014 løyvde Stortinget 25 mill. kroner til å utvide BKA til òg å omfatte grunnleggjande dugleikar i munnleg norsk. Det kom inn 189 søknader om til saman 42,4 mill. kroner. Etter omdisponering av ubrukte tilskottsmidlar tildelte Vox til saman 36,1 mill. kroner til dette formålet.

Tabell 4.12 Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), 2006–15

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Omsøkt beløp, i mill. kroner	85,5	78,2	122,5	142,4	169,4	197,6	190,6	182,7	186,2	200,7
Tildelt beløp, i mill. kroner	14,5	20,0	31,6	68,6	80,8	93,4	107,7	104,3	141,9	161,9
Talet på søknader	167	208	282	339	345	410	503	461	600	651
Talet på innvilga søknader	65	70	99	214	209	250	370	348	503	560
Talet på deltakarar	1 205	817	2 095	5 091	6 999	7 527	8 688	7 729	7467 ¹	1

Tabellen omfattar søknader og tildelingar knytte til ordinær utlysning og særskilde satsingar. Deltakartala har tidlegare vore basert på alle innmelde deltakarar, mens dei i år er basert på innmelde deltakarar på faktisk avholdne kurs.

¹ Talet på deltakarar i 2014 er førebels. Deltakartal for 2015 er ikkje klare.

Kjelde: Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansopolitikk. Statistikkbanken, juli 2015

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nominelle nivå som i 2015. Som ein del av løyvinga er det satt av 10 mill. kroner til program for basiskompetanse i frivilligheita (BKF).

Departementet har lagt til rette for at fleire som treng det skal få opplæring i grunnleggjande norsk i arbeidslivet. I samband med utlysninga av BKA-tilskottsmidlane for 2016 har departementet utvida

ordningen til også å gjelde opplæring i grunnleggjande norsk. Departementet legg til grunn at utvidinga ikkje vil gå utover løyvinga til anna BKA-opplæring. Kunnskapsdepartementet vil òg utvide Program for basiskompetanse i frivilligheita (BKF) med opplæring i grunnleggjande norsk.

Vox skal i 2016 etablere ei prøveordning for godkjenning av tilbydarar i BKA og i tilknytning til denne ei ordning med rammetilsegner til godkjende tilbydarar.

Kap. 258 Tiltak for livslang læring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2014	budsjett 2015	
01	Driftsutgifter	4 959	4 812	4 905
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>	53 344	64 367	91 962
60	Tilskott til karriererettleiing	30 000	30 960	31 858
	Sum kap. 0258	88 303	100 139	128 725

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 01

Mål for 2016

Departementet vil nytte løyvingane over kap. 258 postane 01 og 21 til tiltak for livslang læring, og til statistikk, dokumentasjon, analysar og forskning som kan medverke til politikktutvikling på heile ansvarsområdet til departementet, med særskild

prioritering av læring blant vaksne. Målet er mellom anna å utvikle vidare tiltak og satsingar for vaksne med svake grunnleggjande dugleikar og auka innsats for betre utnytting av kompetansen hos alle vaksne til nytte for norsk arbeids- og næringsliv. I tillegg er det eit mål å få ei betre oversikt over kompetansebehova i Noreg framover.

Rapport for 2014

Kompetansepolitikken

For å følge opp tilrådingane frå OECD og skape større heilskap i arbeidet med den norske kompetansepolitikken starta Kunnskapsdepartementet i 2014 eit arbeid med ein nasjonal strategi for kompetansepolitikken. Strategien blir utforma i samarbeid med Arbeids- og sosialdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Finansdepartementet, og i dialog med partane i arbeidslivet.

OECD peikte i sin rapport *OECD Skills Strategy Action Report* på at Noreg treng å få meir systematisk kunnskap om behova for kompetanse framover for å unngå kompetanseubalanse både nasjonalt og regionalt. Kunnskapsdepartementet starta hausten 2013 opp eit prosjekt som i ein treårsperiode skal arbeide med å utvikle eit overordna system for analyse og formidling av kompetansebehov i arbeidslivet.

Kunnskapsdepartementet gav hausten 2014 Vox i oppdrag å greie ut og komme med forslag til korleis ein kan utvikle og etablere eit verktøy for kartlegging av dei grunnleggjande dugleikane til vaksne. Arbeidet blir ført vidare av Vox i 2015.

Det er eit stort behov for kompetanseutvikling for vaksenlærarar og betring av vaksenpedagogikken. Fylkesmannsembeta, fylkeskommunane og Voksenopplæringsforbundet fekk i 2014 tildelt midlar frå Vox for å organisere etterutdanningstilbodet for vaksenlærarar innanfor temaa vaksenpedagogikk og grunnleggjande dugleikar. I tillegg har Vox arrangert kurs for BKA-lærarar og kurs retta mot vaksenlærarar generelt. I alt har 900 lærarar delteke på kurs.

Det er stor etterspurnad blant vaksenlærarar etter materiell om metodar for læringa til vaksne, både på nettet og på papir. Vox har i 2014 vidareutvikla digitale læringsressursar og sett i gang prosjekt for å sikre god opplæring i munnlege ferdigheiter.

Tilskott til skolering av tillitsvalde i kompetanseutvikling har sidan våren 2013 vore gitt til 19 prosjekt med i alt 200 deltakarar frå tolv fylke, pluss Svalbard. Av desse fekk sju prosjekt med om lag 85 deltakarar støtte i 2014.

Norsk arbeidsliv treng fleire faglærte arbeidrar. Vox har leidd eit arbeid med utprøvingar av vidaregåande opplæring på arbeidsplassen for ufaglærte retta mot helsefagarbeid og barne- og ungdomsarbeid. Forsøka vart i hovudsak avslutta i 2014. På bakgrunn av erfaringane har Vox i samarbeid med Utdanningsdirektoratet utarbeidd ei

skisse til ein mogleg tredje veg til fagbrev for vaksne ufaglærte. Ved utgangen av 2014 hadde 159 av totalt 261 deltakarar bestått fagprøva. Nokre av prosjekta fekk forlenget prosjektperiode og tok inn nye deltakarar som vil fullføre innan utgangen av 2015. Prosjekta er evaluerte av Proba, som vil levere rapporten sin til Kunnskapsdepartementet i løpet av 2015. Resultata av forsøka vil bli omtalte og vurderte i samband med arbeidet med meldinga om livslang læring og utanforskap.

Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR) vart fastsett i 2011, og nivåa i NKR vart i 2014 kopla til nivåa i det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (EQF). Ein mindre del av løyvinga på post 21 har vore nytta til dette arbeidet i NOKUT, som er det nasjonale kontaktpunktet for EQF.

Delar av løyvinga på postane har i 2014 vorte nytta til drift av eit ekspertutval som har greidd ut korleis kvalifikasjonar frå ikkje-formell opplæring, kan plasserast inn i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. Departementet har hatt ansvaret for sekretariatet til utvalet. Utvalet leverte rapporten sin 30. april 2015.

Kunnskapsdepartementet ved Vox har ei fagleg, tverrsektoriell rolle når det gjeld realkompetansevurdering. I 2014 har Vox mellom anna gitt innspel til oppdateringa av Cedefops (EU-kommisjonen) oversikt over dei ulike nasjonale systema for vurdering og dokumentasjon av uformell og ikkje-formell læring, European Inventory on Validation.

Mastergradsutdanninga i karrierettleiing ved Høgskolen i Lillehammer og Høgskolen i Buskerud og Vestfold starta opp hausten 2014. Vox har følgd opp prosessen med etableringa av mastergradsutdanninga. Det har vore god søkning til studiet, og dei 20 studieplassane vart fordelte på 40 deltidstudentar. Vox har på bakgrunn av søknad frå høgskolane gitt eit tilskott på 1 mill. kroner til forskning og styrking av fagmiljøa.

Kunnskapsdepartementet har i 2014 arbeidd for å utvikle kunnskapsgrunnlaget på kompetansefeltet. Det vart løyvt midlar til den øyremerkte satsinga på forskning om vaksnes læring gjennom utdanningsprogrammet FINNUT i Noregs forskingsråd. På oppdrag frå Vox har NIFU i 2014 undersøkt etter- og vidareutdanningstilbodet i Noreg. NIFU har òg granska i kva grad dei som tilbyr utdanning, satsar særskilt på etter- og vidareutdanning, og har identifisert faktorar som påverkar utviklinga av tilbodet. Vox har også utarbeidd fleire rapportar som styrkjer kunnskapen om vaksnes læring. I 2014 lanserte Vox kompetanseindikatorar for kommunar og fylke via

vox.no, eit sett nøkkeltal som gir eit samla bilete av kommunane og fylka sine investeringar i kompetansen til innbyggjarane.

Utdanningsforskning og andre formål

Kunnskapscenter for utdanning skal ha oversikt over og formidle nasjonal og internasjonal forskning som kan gi innsikt i kva som medverkar til kvalitet i utdanninga og opplæringa. Senteret opna offisielt i 2013. I 2014 utarbeidde senteret ei systematisk oversikt over lærarvurdering, ei oppsummering av forskning om forhold ved skolen med betydning for mobbing og ei kartlegging av partnarskapar i lærarutdanningane.

Ein del av utdanningsforskningsprogrammet FINNUT, inkludert forskning på vaksnes læring, har vorte finansiert over denne posten, jf. omtale under Strategiar og tiltak i kategoriinnleiinga.

Delar av løyvinga har vorte nytta til arbeid med utdanningsforskning og -statistikk i OECD.

Ein del av løyvingane på posten har gått til å følgje opp og kvalitetssikre byggjeprosessen ved Narviksenteret, jf. omtale under kap. 255 post 74.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei løyving på 96,9 mill. kroner i 2016 på postane 01 og 21.

Regjeringa vil våren 2016 leggje fram ei melding til Stortinget om livslang læring og utanforskap, jf. omtale under Hovudprioriteringar og Strategiar og tiltak i kategoriinnleiinga. Meldinga vil leggje vekt på tiltak for vaksne med svake grunnleggjande dugleikar og låg kompetanse, som har auka risiko for å falle ut av utdanning og arbeidsliv, eller for ikkje å komme i arbeid. Ein større del av løyvinga på post 21 vil i 2016 bli nytta til utvikling, forsøk, etablering og dokumentasjon av tiltak i samband med meldinga til Stortinget om livslang læring og utanforskap.

Eit av desse tiltaka er knytt til fag- og yrkesopplæringa. Ho foregår normalt i den vidaregående skolen og er basert på eit fireårig opplæringsløp med ein toårig praksisperiode. Ikkje alle finn seg til rette innanfor ein slik modell. Departementet foreslår å løyve 7,5 mill. kroner for å utvikle modulbasert opplæring for vaksne i fag- og yrkesopplæringa. Modulbasert opplæring inneber avgrensa kurs med ei avsluttande vurdering som gjer at deltakaren kan kombinere modular og sette saman eit tilpassa utdanningsløp. Dette må også sjåast i samband med ei mogleg modulisering av opplæringa på nivået under vidaregåande

opplæring. Målet er å utvikle eit tilbod som er meir tilpassa behova til den einskilde.

Mange vaksne treng ei kartlegging av deira grunnleggjande dugleikar for å komme vidare i opplæring og få ei varig tilknytning til arbeidslivet. Kunnskapsdepartementet vil derfor gi Vox i oppdrag å greie ut korleis eit slikt verktøy kan bli utforma og brukt. Oppdraget skal byggje på den kartlegginga Vox allereie har gjort om kva for verktøy som finst i dag og gjennomførde vurderingar av behov. Vox skal i samarbeid med andre etatar som arbeider med målgruppene, utføre utgreiinga med sikte på eit konkret forslag om eitt eller fleire verktøy som kan brukast av vaksne i ulike livssituasjonar. Utgreiinga skal omfatte økonomiske og administrative kostnader.

Departementet foreslår totalt om lag 35 mill. kroner til ulike tiltak knytt til stortingsmeldinga om livslang læring og utanforskap. Tiltaka vil bli nærmare omtalte i meldinga.

For å auke kvaliteten i vaksenopplæringa har Vox fått i oppdrag å utvikle og setje i gang lokale tilbod om etterutdanning for lærarar og andre som underviser i vaksenopplæringa. For perioden 2013–16 legg departementet opp til å nytte til saman 20 mill. kroner til tiltaket.

Ansvar og oppgåver fordelt på svært mange aktørar er ei av hovudutfordringane for vaksenopplæringa. Livssituasjon og bustad, heller enn individuelle behov, vil i mange tilfelle avgjere kva for tilbod kvar einskild mottek. Spreiing av gode erfaringar vil kunne medverke til at fleire får nytte av gode løysingar. Vox vil i 2016 bruke midlar til vidare spreieing av vellykka forsøk og pilotar til aktørar som har eit ansvar for opplæring av vaksne, mellom anna kommunar, fylkeskommunar, Nav, kriminalomsorga, fylkesmennene, behandlingstiltaksinstusjonar, frivillige organisasjonar og andre som arbeider med vaksne.

Kunnskapsdepartementet vil i 2016 leie arbeidet med ein nasjonal strategi for kompetansepolitikken for å følgje opp tilrådingane frå OECD. Målet for strategien skal vere å medverke til god kompetanse i arbeidslivet gjennom tilgang på kvalifisert arbeidskraft og målretta læring i arbeidslivet.

Det vil bli arrangert ein internasjonal OECD-ministerkonferanse om Skills Strategy i Noreg sommaren 2016.

For å utvikle eit overordna system for analyse, dialog og formidling av kunnskap om kompetansebehov i arbeidslivet vil prosjektet om framtidige kompetansebehov i 2016 halde fram med arbeidet med å arrangere møteplassar for

kunnskapsdeling og dialog og avgi sluttleveransen sin.

Programmet FINNUT i Noregs forskingsråd dekkjer utdanningsforskning innanfor barnehage, grunnskole og høgre utdanning. Som ein del av FINNUT er det òg ei øyremerkt satsing på vaksne si læring. Departementet foreslår å føre vidare rammeløyvinga og den øyremerkete satsinga på forskning om vaksnes læring gjennom utdanningsprogrammet FINNUT.

Delar av løyvinga vil nyttast til arbeidet med det offentlege utvalet for livslang karriererettleiing. Utvalet vil greie ut og foreslå tiltak som skal betre karriererettleiinga for elevar, lærlingar, studantar og vaksne i og utanfor arbeid, jf. også merknadene frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Innst.12 S (2013–2014) om behov for å betre karriererettleiinga. Departementet vil også følgje opp vurderingar og forslag frå utvalet når rapporten blir levert våren 2016.

Direktiv 2005/36/EF om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar (yrkeskvalifikasjonsdirektivet) omfattar EØS-borgarar som vil praktisere eit regulert yrke i eit anna EØS-land. I Noreg er om lag 170 lovregulerte yrke omfatta av direktivet. Direktiv 2005/36/EF vart modernisert ved direktiv 2013/55/EU i 2015. Endringane skal gjennomførast i nasjonal rett i 2016 og gir nye avgjerder når det gjeld profesjonskort for utvalde yrke, varslingsmekanismar, elektroniske søknader og delvis tilgjenge til yrke. Ein del av løyvinga vil gå til dette arbeidet.

Delar av løyvinga vil gå til oppfølging og vidareutvikling av arbeidet med realkompetansevurdering og kvalifikasjonar frå ikkje-formell læring.

Vox brukte i 2015 midlar til å styrkje forskinga og fagmiljøa innanfor karriererettleiing. Departementet foreslår å føre vidare løyvinga til same formål i 2016 og se dette i samband med forslag frå utvalet for karriererettleiing.

Kunnskapsdepartementet vil nytte ein del av løyvinga til å styrkje kunnskapsgrunnlaget om vaksnes læring og kompetansepolitikken gjennom oppdragsforskning.

Delar av løyvinga vil i 2016 gå til Kunnskaps-senter for utdanning, jf. omtale under Strategiar og tiltak.

Departementet foreslår å flytte 0,5 mill. kroner knytt til forvaltninga av BKA frå kap. 258 post 21 til kap. 256 post 01 i 2016.

I 2015 vart eit fagmiljø for læringsanalyse etablert ved Universitetet i Bergen, jf. omtale under Strategiar og tiltak. Kunnskapsdepartementet foreslår å føre vidare løyvinga til fagmiljøet i 2016.

For at Narviksenteret skal kunne følgje opp byggeprosjektet, foreslår departementet å føre vidare løyvinga på 0,7 mill. kroner i 2016 innanfor ramma av kap. 258 post 21.

Kunnskapsdepartementet vil i 2016 nytte ei mindre del av løyvinga til utviklingsoppgåver innanfor kompetansepolitikken og utdanningsforskninga.

Departementet vil la delar av løyvinga bli forvalta av Vox.

Det blir foreslått å samle dei løyvingane NOKUT får som nasjonalt kontaktpunkt for det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF), på kap. 280 post 01. 467 000 kroner blir foreslått flytte frå kap. 258 post 21 til kap. 280 post 01 i 2016.

Post 60 Tilskott til karriererettleiing

For å medverke til at alle unge og vaksne skal ha eit tilbod om karriererettleiing, har Kunnskapsdepartementet gjennom tilskottsmidlar stimulert til etablering av fylkesvise partnerskapar for karriererettleiing. Partnerskapane skal medverke til utvikling av tenestetilbodet og til samarbeid mellom ulike rettleiingsaktørar lokalt. Oppretting av karrieresenter i fylka er ei viktig målsetjing for partnerskapane. I tillegg til å tilby karriererettleiing til alle vaksne er karrieresentera faglege ressurs-senter for rettleiarar i Nav og i grunnopplæringa. Dei fleste karrieresentera er samlokaliserte med andre institusjonar, som Nav, vidaregåande skolar eller vaksenopplærings-senter. I tillegg til det tilskottet som går frå denne posten til fylkeskommunane via Vox, får karrieresentera finansiering av fylkeskommunane, Nav og kommunane.

Mål for 2016

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til utvikling og oppretting av fylkesvise karrieresentera med tilbod til alle vaksne over 19 år. Tilskottet til dei fylkesvise partnerskapane for karriererettleiing skal medverke til å styrkje samarbeidet mellom rettleiingsaktørane lokalt, heve kvaliteten og medverke til at unge og vaksne over heile landet får tilgang til karriererettleiing.

Rapport for 2014

Rapporteringar har vist til dels store skilnader i aktiviteten mellom fylka. For å fremme eit meir likeverdig tilbod i heile landet, medverke til vidare tenesteutvikling og stimulere til oppretting av fleire karrieresenter vart krava som følgjer tilde-linga, skjerperte frå 2014. Tilskottet, som før har vore fordelt likt og uavhengig av aktivitetsnivå

mellom dei fylkesvise partnerskapane, vart omgjort til eit grunntilskott og eit stimuleringsstilskott. Endringa var meint å sikre at kun fylke som har eller skal opprette eit karrieresenter, får tilskott. Etter den nye ordninga er det kun fylke med signert partnerskapsavtale med Nav, med minst eitt karrieresenter med tilbod til alle vaksne over 19 år, og som har ein samordnings- og kompetansestøttefunksjon for rettleiarar i Nav og grunnopplæringa, som får grunntilskott.

Karrieresenter er per september 2014 oppretta i 15 fylke, og til saman er det oppretta 38 karrieresenter i desse fylka.

I 2014 utgjorde tilskottet om lag 30 mill. kroner. Av dette var 22,9 mill. kroner grunntilskott og 7,1 mill. kroner stimuleringsstilskott. I 2014 fekk 13 fylke grunntilskott på nær 1,7 mill. kroner, og 13 fylke fekk stimuleringsstilskott. Midlane til tilskottsordninga vart fram til 2013 løyvt over kap. 226 post 21, og vart flytte til kap. 258 post 60 i 2014.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet har Proba samfunnsanalyse i 2014 sluttført kartlegginga *Evaluering av de fylkesvise karrieresentrene – med søkelys på samhandlingen med NAV*. Rapporten

konkluderer med at det er store skilnader mellom karrieresentera i fylka når det gjeld finansiering, storleik, organisering, målgrupper, innhald og oppgåver. Ikkje minst er det stor variasjon når det gjeld samhandling mellom karrieresentera og Nav. Til saman er det om lag 112 årsverk knytte til karrieresentera. Nav medverkar i finansieringa av halvparten av karrieresentera. Mange karrieresenter samarbeider godt med Nav, og mange Nav-rettleiarar finn at karrieresentera er eit viktig supplement til Nav. Ulik prioritering og holdning i Nav betyr stor variasjon i samhandlinga og oppgåvefordelinga mellom karrieresentera og Nav. Dette medverkar til at tilbodet om karriererettleiing varierer mykje mellom fylka. Kartlegginga finn at samhandling og roller er meir avklarte i fylke der Nav er ein aktiv eigar og deltek i finansieringa og styringa. Kunnskapsgrunnlaget inngår i det arbeidet til ekspertutvalet om karriererettleiing som er omtalt under kap. 258 post 21 ovanfor.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2015.

Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
260	Universitet og høgskolar	29 312 568	31 057 048	32 641 938	5,1
270	Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar	430 495	505 199	816 950	61,7
276	Fagskoleutdanning	65 376	66 747	68 683	2,9
280	Felles einingar	467 493	493 495	522 744	5,9
281	Felles tiltak for universitet og høgskolar	466 063	399 252	559 489	40,1
Sum kategori 07.60		30 741 995	32 521 741	34 609 804	6,4

Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
3280	Felles einingar	1 420	1 297	1 328	2,4
3281	Felles tiltak for universitet og høgskolar		10	10	0,0
Sum kategori 07.60		1 420	1 307	1 338	2,4

Innleiing

Regjeringa har høge ambisjonar for høgre utdanning og forskning som skal leggje grunnlaget for vår framtidige vekst, verdiskaping og velferd. Noreg skal vere eit av dei mest innovative landa i Europa. Regjeringa satsar derfor på høg kvalitet i utdanning og forskning og vil leggje grunnlaget for utdannings- og forskingsmiljø som kan hevde seg i verdstoppen. Dei langsiktige planane og ambisjonane er lagde fram i Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024*. Dei ligg òg til grunn for dei fire måla for forskning, høgre utdanning og fagskoleutdanning, jf. figur 1.2 i hovudinnleiinga:

- høg kvalitet i utdanning og forskning
- forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling
- god tilgang til utdanning
- effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Tilstandsvurderinga for universitets- og høgskolesektoren er i kategoriomtalen strukturert etter desse måla. Omtala under kap. 276 gir ei tilstandsvurdering av fagskolesektoren. For meir utfyllande informasjon sjå tilstandsrapportane som er utarbeidde av Kunnskapsdepartementet i 2015 for høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Hovudprioriteringar for 2016

Regjeringa ønskjer ein meir formålstenleg struktur med høgre utdannings- og forskingsinstitusjonar som er karakteriserte av solide fagmiljø og utdanningar av høg kvalitet. Regjeringa foreslår å prioritere totalt 175 mill. kroner til gjennomføring av strukturreforma i 2016. Av desse midlane er 100 mill. kroner nye i 2016. Midlane blir foreslåtte fordelte over kap. 260 post 50 og kap. 281 post 50 og post 70.

Finansiering er eit sterkt styringsverkemiddel som skal medverke til at universitet og høgskolar skal nå fastsette mål. Regjeringa foreslår endringar i finansieringssystemet for universitet og høgskolar for å sikre effektiv ressursbruk og betre måloppnåing.

Som oppfølging av Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024* foreslår regjeringa om lag 85 mill. kroner til 238 nye rekrutteringsstillingar. Rekrutteringsstillingane blir tildelte miljø innanfor i hovudsak realfag og teknologi, inkludert maritime fag, og sjukepleie ved universitet og høgskolar. I tillegg blir rekrutteringsstillingane tildelt instituttsektoren og ordningane for nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d. 113 av rekrutteringsstillingane er knytt til ei særskilt tiltakspakke for auka sysselsetting som regjeringa legg fram. Midlane til desse stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Midlane blir foreslåtte fordelte over kap. 260 post 50 og post 70, kap. 281 post 50 og kap. 285 post 53 over programkategori 07.70 Forsking.

I *Lærerloftet* legg regjeringa vekt på solid fagleg og pedagogisk lærarkompetanse som ein føresetnad for eit kvalitetsløft i norsk skole. Regjeringa foreslår om lag 62 mill. kroner for å styrkje lærarutdanninga i tråd med måla i *Lærerloftet*. Kunnskapsdepartementet foreslår 50 nye rekrutteringsstillingar og andre tiltak i samband med innføringa av ei femårig grunnskolelærarutdanning. Midlane til halvparten av rekrutteringsstillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Midlane til *Lærerloftet* under programkategori 07.60 blir foreslåtte fordelte over kap. 260 post 50 og kap. 281 post 01. Midlane til rekrutteringsstillingane må òg sjåast i samanheng med langtidsplanen for forskning og høgre utdanning og oppfølging av den langsiktige prioriteringa *betre og meir effektive velferdstenester i offentleg sektor*.

Kunnskapsdepartementet foreslår 38,3 mill. kroner til 350 nye studieplassar i praktisk-pedagogisk utdanning frå våren 2016. Søkjarar med utdanning i matematikk, naturfag eller teknologi

frå område med aukande arbeidsløyse, vil bli prioritert. Midlane er del av ei særskilt tiltakspakke for auka sysselsetting.

For å betre tilgangen på helsepersonale foreslår Kunnskapsdepartementet 6,3 mill. kroner til totalt 55 nye studieplassar i psykologi og medisin.

Kunnskapsdepartementet foreslår 63,7 mill. kroner til vidareføring og opptrapping av studieplassar som oppfølging av revidert nasjonalbudsjett for 2015, jf. Innst. 360 S (2014–2015), der det vart vedteke om lag 500 nye studieplassar.

Oppdaterte bygg og utstyr er ein føresetnad for ambisjonen om fleire framifrå forskings- og undervisningsmiljø. Ifølgje Riksrevisjonens undersøking om forvaltning av statleg eigedomsmasse, Dokument 3:4 (2012–2013), er 40 pst. av bygningsmassen ved dei sjølvforvaltande universiteta i dårleg stand. Regjeringa foreslår totalt 135 mill. kroner i 2016 til oppgradering av bygg ved institusjonar som forvaltar eigen bygningsmasse. Av desse midlane er 60 mill. kroner ei eingongsløyving i 2016 og del av ei særskilt tiltakspakke for auka sysselsetting.

Regjeringa foreslår 40 mill. kroner for å setje i gang fase 2 av rehabiliteringa av Universitetsmuseet i Bergen, over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett. Midlane er del av ei særskilt tiltakspakke for auka sysselsetting. Gjennomføring av fase 2 er avgjerande for at universitetet igjen kan opne utstillingsdelen av museet. Fase 2 har ei samla kostnadsramme på 386,2 mill. kroner (prisnivå per 1. juli 2016).

Gode studentvelferdstilbod er viktig for å kunne ta høgre utdanning. Regjeringa vil halde fram med satsinga på studentbustader i 2016 og foreslår å føre vidare nivået frå 2015 på tilsegn om tilskott til 2 200 nye studenthybeleiningar.

Kunnskapsdepartementet foreslår 20 mill. kroner til styrking av MARKOM2020 og 15 mill. kroner til utstyr i maritim profesjonsutdanning. Dette er ei oppfølging av den langsiktige prioriteringa av *Hav* i langtidsplanen for forskning og høgre utdanning og den maritime strategien til regjeringa.

Kunnskapsdepartementet foreslår 25 mill. kroner for å etablere fleire nye senter for framifrå utdanning. Dette er eit sentralt område i langtidsplanen for forskning og høgre utdanning og særskilt viktig for å medverke til å utvikle framifrå fagmiljø i Noreg.

Kunnskapsdepartementet ønskjer å styrkje program for kommersialisering av forskingsresultat blant forskarar og foreslår å auke løyvinga til FORNY2020 med 15 mill. kroner.

Departementet foreslår 13 mill. kroner til ulike tiltak for rask arbeidslivsintegrering for personar med utanlandsk høgre utdanning. Midlane er del av ei særskilt tiltakspakke for auka sysselsetting.

Tilstandsvurdering

Mål: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Regjeringa vil at utdannings- og forskingsmiljøa i Noreg skal ha høg kvalitet, og at fleire norske forskings- og utdanningsmiljø skal hevde seg internasjonalt.

Utdannings- og forskingsmiljø

I dei siste ti åra har norske universitet og høgskeolar handtert ein kraftig vekst i talet på studentar og høge forventningar til forskning og utviklingsarbeid. Sektoren har handtert auken i studentar og stipendiatar godt og har hatt ei god auke i publisering. Trass i positiv utvikling på fleire område tyder ulike evalueringar og indikatorar på at det er nødvendig å arbeide meir med kvaliteten i utdanningane og FoU-aktiviteten. Regjeringa meiner det er nødvendig med ein mindre fragmentert sektor med meir målretta bruk av ressursane til forskning og utdanning for å auke kvaliteten og la derfor våren 2015 fram Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet*. I Innst. 348 S (2014–2015) slutta Stortinget seg til måla i meldinga og viser til brei semje om at meir robuste fagmiljø vil styrkje sektoren samla sett.

Mange utdanningsinstitusjonar tilbyr dei same utdanningane, til dømes lærarutdanning, ingeniørutdanning og bachelorutdanning i økonomi og leing. Mange av institusjonane slit med rekruttering av fagpersonar og studentar til desse utdanningane. Dei har små studentgrupper og eit lågt tal uteksaminerte kandidatar. Sektoren og den enkelte studenten vil vere tente med sterkare konsentrasjon og klarare arbeidsdeling, slik at institusjonane kan utvikle sterkare fagmiljø.

Rapportar og evalueringar tyder på at universitets- og høgskolesektoren framleis har utfordringar med fråfall og gjennomføring, og at det er store forskjellar mellom institusjonar og fag i korleis karakterar blir sette. Vidare er det behov for meir innovative og studentaktiverande læringsformer og tilstrekkeleg oppfølging og rettleiing av studentar. Resultata frå *Studiebarometeret 2015* tyder på at mange studium blir oppfatta som å ha for låge faglege ambisjonar. Kunnskapsdepartementet meiner det er rom for at institusjonane kan ha høgre faglege forventningar til studentane.

Riksrevisjonen viser i rapporten om høgre utdanning frå 2015 til at gjennomføringa framleis er svak etter innføringa av kvalitetsreforma, og at innsatsen for å styrkje gjennomføringa har gitt få resultat. Tal frå Statistisk sentralbyrå frå 2015 viser at unge studentar fullfører oftare enn før. Likevel meiner Kunnskapsdepartementet at for få studentar gjennomfører studia på normert tid. I dei siste åra har om lag 40 pst. av bachelorgradsstudentane og 37 pst. av studentane på toårige mastergradsutdanningar gjennomført på normert tid. I dei siste åra er det avlagt i gjennomsnitt 45,5 studiepoeng per fulltidsstudent per år. Kunnskapsdepartementet meiner Noreg bør ha større ambisjonar for gjennomføring i høgre utdanning.

Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket omtaler læringsutbytte på dei ulike nivåa i utdanningssystemet. Førebels har vi for liten kunnskap om studentane får det læringsutbyttet som er definert for studieprogramma. Kunnskapsdepartementet har gitt NOKUT i oppdrag å kartleggje korleis institusjonane faktisk har utarbeidd læringsutbytteskildringar for studieprogramma, og korleis samanhengen til det nasjonale rammeverket er teke i vare. Kunnskapsdepartementet ser det som viktig at institusjonane held fram med arbeidet med å utforme gode læringsutbytteskildringar for studieprogramma og legg opp undervisninga slik at studentane kan nå dei fastsette læringsutbytta.

Evalueringa av norsk doktorgradsutdanning som Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) gjennomførte i 2012, viser at norsk doktorgradsutdanning held eit høgt nivå, men at stipendiatane framleis bruker for lang tid. Det nasjonale målet for gjennomføringa av eit doktorgradsprogram innan seks år er mellom 75 pst. og 85 pst., avhengig av fagområde. 65 pst. av kandidatane som var tekne opp på doktorgradsprogram i 2008, hadde disputert innan seks år. Trass i betring over tid er gjennomføringa i doktorgradsutdanninga framleis ikkje tilfredsstillande.

Det har vore ein sterk vekst i den vitskaplege publiseringa i universitets- og høgskolesektoren i dei siste åra. Målt i publiseringspoeng har auken vore på 72 pst. frå 2005 til 2014. Auken heng saman med fleire faglege tilsette og meir kompetanse i denne gruppa. Auken må òg sjåast i samheng med publiseringssystemet i finansieringsystemet for universiteta og høgskolane. Talet på publiseringspoeng per faglege tilsett har auka med 40 pst. i tiårsperioden, men i dei siste fire åra har talet vore nokså stabilt. Noreg har passert Finland i dei siste ti åra målt i talet på artiklar per 1 000 innbyggjarar, men ligg framleis bak Danmark og

Sverige, jf. *Forskningsbarometeret 2015*. Forskinga frå norske universitet blir gjennomgåande mindre sitert enn forskinga frå dei beste svenske og danske universiteta. Mange forskingsmiljø og forskarar har nå eit volum på publiseringa som tilseier at dei bør prioritere å betre kvaliteten i kvar publikasjon framfor å produsere fleire publikasjonar. Andre miljø bør framleis prioritere å auke publiseringsvolumet. Det er eit leiaransvar å ta del i denne vurderinga.

Internasjonalt samspel

Noreg er i stadig større grad ein del av det internasjonale utdannings- og forskingssamarbeidet, særleg i EU. Noreg er eit attraktivt land for utlandske studentar, og det framandspråklege studietilbodet ved norske universitet og høgskolar er aukande. Det har gjort det enklare for studentar frå andre land å studere i Noreg. I internasjonal samanheng har Noreg mange studentar som tek ein heil grad i utlandet, men relativt færre som tek delstudium. Talet på norske delstudentar har stagnert, og delen er fallande. Trass i nedgangen i talet på delstudentar gjer den høge gradsmobiliteten at Noreg i dei siste åra har vore rett over Bologna-målet om at minst 20 pst. av alle studentar som tek ein grad, skal ha eit studieopphald i utlandet. Men siste studieår har vi vore under Bologna-målet, og Noreg vil ikkje nå dette målet dersom talet på studentar på delstudium held fram med å falle.

Norske forskarar er meir internasjonalt orienterte enn tidlegare, og internasjonalt forskingssamarbeid har auka mykje gjennom fleire år. Norske forskarar publiserer mest saman med forskarar frå USA og Storbritannia, deretter med forskarar frå nordiske land og andre europeiske land. Den prosentvise auken er størst med land som Australia, Kina og Sør-Afrika. Artiklar med internasjonale medforfattarar blir siterte over verdsgjennomsnittet, medan artiklar med berre norske forfattarar blir siterte under verdsgjennomsnittet. Dette viser at internasjonalt samarbeid har ein tett samanheng med gjennomslagskrafta til forskinga.

Deltaking i EU-samarbeidet kan tene ulike formål: å byggje opp vitskapleg kvalitet gjennom samarbeid og konkurranse, styrkje innovasjon og konkurranseevne innanfor den europeiske og den globale marknaden, og utvikle løysingar på samfunnsbehov som gode helse- og velferdstenester og berekraftig energiforsyning. Deltaking gir oss òg høve til å dele kostnader og gi betre tilgang til kostbar forskingsinfrastruktur. Det er òg viktig å utvikle forskarnettverk og mogleggjere karriere-

utvikling for den enkelte forskar. Aktørar som deltek, er i tillegg meir synlege og meir attraktive som samarbeidspartnarar internasjonalt.

I dag bruker ikkje dei norske miljøa det europeiske forskings- og innovasjonssamarbeidet og Erasmus+ godt nok. Deltakinga i universitets- og høgskolesektoren i EUs rammeprogram for forsking, Horisont 2020, er førebels på om lag same nivå som i det sjuande rammeprogrammet. Dei norske universiteta mottok færre stipend frå Det europeiske forskingsrådet enn dei fremste universiteta i Danmark, Finland og Sverige. Delar av det europeiske utdanningssamarbeidet gjennom Erasmus+ er dårleg utnytta av norske institusjonar. Institusjonane har potensial for å auke deltakinga.

Bygg og infrastruktur

Kvaliteten i utdanning og forsking er avhengig av god infrastruktur, som inneber gode, funksjonelle arbeidsplassar for studentar og tilsette. Oppgraderte, funksjonelle bygg og moderne vitskapleg utstyr er nødvendig for å auke kvaliteten og for å kunne lykkast i den internasjonale konkurransen om dei beste studentane og forskarane og om konkurranseutsette forskingsmidlar.

Veksten i talet på studentar, endringar i undervisnings- og læringsformer og auka forskingsaktivitet har ført til at behovet for oppgradering, vedlikehald og nybygg i universitets- og høgskolesektoren er stort. Sektoren disponerer eit samla areal på 3,4 mill. kvm. Over halvparten av dette er areal som er eigde og forvalta av dei sjølvforvaltande institusjonane, som er universiteta i Oslo, Bergen og Tromsø, Noregs miljø- og biovitskaplege universitet, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Noregs handelshøgskole og Noregs idretts-høgskole. Resterande areal er leigde av Statsbygg eller private.

Samla areal for sektoren har stige med om lag ti pst. i dei siste ti åra. Dette har ført til at institusjonane bruker meir ressursar på investeringar, drift, vedlikehald og husleige. Areal per brukar har likevel vorte noko redusert i perioden 2005–15, jf. Kunnskapsdepartementets tilstandsrapport 2015 for høgre utdanning. Det kjem av at talet på studentar og tilsette har stige med høvesvis 20,7 pst. og 21,6 pst. i same periode. Kostnadene til investeringar, husleige og drift svarer til om lag ein tredel av totale inntekter til institusjonane og er dei største kostnadene etter lønn.

Riksrevisjonen peiker i Dokument 3:4 (2012–2013) på at to tredelar av bygningane ved dei sjølvforvaltande institusjonane har god teknisk standard, medan den siste tredelen er for dårleg.

Ei vurdering av budsjett- og rekneskapstal tyder på at institusjonane har dobla innsatsen til vedlikehald og oppgradering sidan omlegginga til nettobudsjettering i 2003. Trass i det har fleire institusjonar framleis store utfordringar med delar av bygningsmassen, både teknisk og funksjonelt. Den største utfordringa for institusjonane er storleiken på investeringsbehova til fornying og rehabilitering av bygningsmassen frå 1950- og 60-åra og tidlegare, inkludert universitetsmusea. Bygningar med god teknisk standard må òg etter nokre tiår byggjast om for å tilfredsstille nye krav til indre og ytre miljø, universell utforming og endra krav til funksjonalitet.

Institusjonane har i liten grad fått særskilde løyvingar til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av eigedommane. Institusjonane med ansvar for eigne bygningar får om lag 16 mrd. kroner i året i direkte løyvingar. Institusjonane dekkjer utgifter til FDV innanfor denne ramma, og FDV må prioriterast og sjåast i samanheng med andre oppgåver. I Riksrevisjonens rapport frå 2013 er behovet for oppgradering av eksisterande bygningsmasse grovt estimert til å ha ein kostnad på mellom 10 mrd. kroner og 15 mrd. kroner. Sjølv om institusjonane i nokon større grad kan prioritere FDV, vil dette måtte gå ut over anna aktivitet knytt til forskning og undervisning.

Situasjonen for sikring og bevaring av samlingane har betra seg ved musea i dei seinare åra, grunna både tiltak i eksisterande lokale og leige av eksterne magasinlokale. Fleire av utfordringane med sikring og bevaring av samlingane ved universitetsmusea kan ikkje løysast innanfor den bygningsmassen som musea har i dag, jf. St.meld. nr. 15 (2007–2008) *Tingenes tale*. Det er derfor i samarbeid med Statsbygg laga planar for utbeiring av eksisterande bygg og nye bygg ved alle dei fem institusjonane som har universitetsmuseum. Dei bygningane universitetsmusea rår over i dag, er mindre eigna for fysisk utstillingsverksemd. Både permanente og mellombelse utstillingar treng stor plass for moderne formidling av kultur- og naturarven.

Mål: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Regjeringa har ambisjonar om at Noreg skal bli eit av dei mest innovative landa i Europa. Da treng vi utdanning, forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid som samspelet med omverda. Langtidsplanen for forskning og høgre utdanning, Meld. St. 7 (2014–2015), peiker på seks prioriterte område: hav, klima, miljø og miljøvennleg energi,

fornyng i offentleg sektor, mogleggjerande teknologiar, innovasjon og omstilling i næringslivet og utvikling av verdsleiande fagmiljø. Dette er område som òg universitet og høgskolar må prioritere.

Profesjonsutdanning

Det første kullet frå dei fireårige grunnskolelærerutdanningane vart uteksaminert vårsemesteret 2014. Følgjegruppa for denne utdanninga viser til at det har vore ei sterk og jamn utvikling av forskingsbasering i den nye utdanninga, men at det er nødvendig å auke talet på lærarutdannarar med førstekompetanse. Samarbeidet mellom lærestader og praksisfeltet er styrkt. Følgjegruppa framhevar at det må arbeidast med å betre rekrutteringa og redusere fråfallet. Fleire element som gruppa har gått særskilt inn på, mellom anna differensiering, IKT, internasjonalisering, samisk og fleirkulturelt perspektiv, må bli betre. Studiebarometeret til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) viser at grunnskolelærarstudentane er blant dei minst nøgde med studietilbodet. Kunnskapsdepartementet ser det som viktig å styrkje arbeidet med ei forskingsbasert utdanning ytterlegare for å utvikle ei vesentleg meir krevjande profesjonsutdanning som førebur kandidatane for eit givande, men òg krevjande yrke. Dette set høgre krav til studentane og særleg til arbeidet til institusjonane.

Studiebarometeret til NOKUT for 2014 viser at 44 pst. av ingeniørstudentane er misnøgde med oppfølginga på studia. I underkant av 50 pst. av heiltdsstudentane på treårig ingeniørutdanning som vart tekne opp i 2009, fullførte på normert tid. Etter ytterlegare to år hadde om lag 63 pst. fullført. Universitets- og høgskolerådet ved Nasjonalt råd for teknologisk utdanning og Det nasjonale fakultetsmøte for realfag har i 2014 utarbeidd ein rapport om arbeidet institusjonane har med teknologiske og realfaglege utdanningar. God dugleik i matematikk blir framheva som sentralt for å redusere fråfall og auke gjennomstrøyminga i MNT-faga. Det blir lagt vekt på å dele erfaringane som institusjonane har med å styrkje matematikkfaget. Dette gjeld mellom anna innovativ utdanning i matematikk, samarbeid med vidaregåande skolar om overgangsproblemattikk og bruk av digitale hjelpemiddel i undervisninga. Kunnskapsdepartementet ser det som viktig at institusjonane held fram med samarbeidet om tiltak som kan medverke til auka kvalitet i teknologiske og realfaglege utdanningar.

I Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024* har

regjeringa sagt at betre og meir effektive velferds-, helse- og omsorgstenester skal vere ei langsiktig prioritering. Utfordringane i den kommunale helse- og omsorgstenesta er mange, mellom anna tilstrekkeleg tilgang på personell med riktig kompetanse for behova i dag og framover. For å nå måla i samhandlingsreforma og Meld. St. 26 (2014–2015) *Fremtidens primærhelsetjeneste* ser Kunnskapsdepartementet det som viktig å gjere praksisopplæringa i kommunesektoren betre og styrkje samspelet mellom utdanningsinstitusjonane og tenestene. Vidare skal det leggjast betre til rette for arbeid meir på tvers av utdanningsgrupper og tenester, jf. Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd*.

Innovasjon, verdiskaping og samspel med omverda

Samarbeidet mellom universitets- og høgskolesektoren og omverda er omfattande, med mange grenseflater. I dei siste åra har Kunnskapsdepartementet lagt meir vekt på tiltak som kan styrkje relevansen i utdanningane og forskinga og skape betre kunnskapsdeling mellom utdannings- og forskingssektoren og samfunnet.

Institusjonane har sjølve ansvaret for å lage ein strategi for samspelet med relevante aktørar i Råd for samarbeid med arbeidslivet. Departementet ser at det framleis er rom for å utvikle vidare råda så dei kan bli ein god arena for strategisk arbeid og dialog.

Fagleg tilsette i universitets- og høgskolesektoren formidlar resultata av forskinga i stort omfang og gjennom eit breitt spekter av kanalar. Mediebidrag er den formidlingsaktiviteten som er registrert hyppigast, deretter kjem tidsskriftpublikasjonar. Universitetsmusea er òg ein viktig formidlingsarena.

Bidrags- og oppdragsinntekter (BOA) i sektoren gir ein indikasjon på relevansen for samfunns- og arbeidslivet og koplinga mellom forskning, høgre utdanning og innovasjon. BOA-inntektene har hatt ein lågare vekst enn den direkte statlege løyvinga og totale driftsinntekter i sektoren i perioden 2005–14. Universitet og høgskolar bør kunne auke BOA-inntektene ut over forskingsfinansiering frå Noregs forskingsråd og EU.

Samarbeidet som universitet og høgskolar har med omverda, har svært ulike former. Det er vanskeleg å måle omfang, kvalitet og resultat for dette arbeidet. NIFU-rapporten, *Noder i kunnskapnettverket*, frå 2014 viser at dei fleste akademikarar medverkar til ulike former for spreiding av kunnskap. Rapporten viser òg at det framleis er eit lågt nivå på samarbeid med næringsliv og på kom-

mmercialisering, trass i auka satsing på dette i dei seinare åra. Rapporten viser at det er små forskjellar mellom lærestadene, men at dei vitskapelege høgskolane og dei nyaste universiteta er best på samarbeid med næringslivet.

Arbeidet til universitets- og høgskolesektoren med kommersialisering av forskning kjem mellom anna til uttrykk gjennom patentsøknader, lisensieringskontraktar og forretningsidear. Denne aktiviteten er størst ved universiteta. FORNY2020 er eit program i Noregs forskingsråd som mellom anna skal stimulere institusjonane til kommersialisering av forskingsresultat. Programmet finansierer i vesentleg grad òg teknologioverføringskontora, Technology Transfer Office (TTO), som er knytte til universiteta. Sjå kap. 281 post 50. Evalueringa til NIFU av ordningane for kommersialisering i universitets- og høgskolesektoren, *Virke-middelapparatet for kommersialisering av forskning – status og utfordringer*, frå 2015, viser at det er utvikla eit relativt godt fungerande system for kommersialisering rundt fleire av universiteta. Det er utvikla eit profesjonelt apparat og meir effektive mekanismar for seleksjon i TTO-ane, slik at ressursane i større grad blir brukte på dei mest lovande prosjekta. Evalueringa viser likevel at det er potensial for å auke kommersialiseringa, gjennom mellom anna betre organisering og utvida kapasitet.

Mål: God tilgang til utdanning

Regjeringa vil at alle skal ha tilgang og høve til å ta høgre utdanning, uavhengig av kjønn, etnisk, sosial, geografisk og økonomisk bakgrunn. Utdanningstilbodet skal leggje til rette for god tilgang på arbeidskraft og kompetanse over heile landet. Livslang læring er viktig for å medverke til nødvendig omstilling og fornying for den ein-skilde og for samfunns- og arbeidslivet.

Behov for kompetanse i samfunnet


Behovet i samfunnet for utdanning og arbeidskraft blir påverka av endringar i teknologi, økonomisk utvikling, arbeidsmarknad og næringsstruktur. Sjå kap. 1 Hovudinnleiing og programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m. for omtale av framskivingane til Statistisk sentralbyrå av etterspurnad etter og tilbod av arbeidskraft etter utdanningsbakgrunn. Det er viktig at institusjonane har god kontakt med arbeidslivet for å kunne dimensjonere studietilboda mest mogleg i tråd med framtidig behov.

For å møte det framtidige arbeidskraftbehovet har Kunnskapsdepartementet i dei siste åra auka utdanningskapasiteten, særleg innanfor lærar-, ingeniør-, teknologi- og helsefagutdanningane. I tillegg har institusjonane teke opp fleire studentar på utdanningsprogram som har god søkning. Det er løyvt midlar til rekrutteringsstillingar med særleg vekt på matematiske, naturvitskaplege og teknologiske (MNT) fag. Departementet vil òg framover følgje utviklinga nøye med omsyn til framtidige kompetansebehov nasjonalt og regionalt.

Doktorgradsutdanning er viktig for å tilføre alle delar av arbeidslivet høg kompetanse og på den måten utvikle kunnskapssamfunnet. Avlagde doktorgradar har vakse med nesten 70 pst. for alle fagområda sidan 2005. I tillegg har interessa for ordningane med nærings-ph.d. og offentlig sektor-ph.d. auka mykje i dei siste åra. Noreg har nå

ein doktorgradsproduksjon på linje med dei andre nordiske landa, og som ligg høgt i høve til folketalet. Veksten har vore størst i medisin og samfunnsvitskap, men lågare i MNT-fag trass i satsing på desse fagområda i dei siste ti åra. Noreg skil seg frå dei andre nordiske landa med ein låg del doktorgradar i teknologiske fag. Sidan teknologifaga er særleg viktige for å etablere og utvikle nytt kunnskapsintensivt næringsliv, bør det bli fleire teknologar i Noreg med utdanning på doktorgradsnivå.

NIFU viste i rapporten *Satsing på MNT-fag – Hvordan følges de politiske føringene opp ved universiteter og høyskoler?* frå 2014 at institusjonane satsar på MNT-fag. Veksten vart forklart med høgere studenttal, meir ekstern finansiering og øyremerkte midlar til studieplassar og rekrutteringsstillingar.



Figur 4.9 Utvikling i talet på studentar per fagområde 2005–14

Livslang læring og fleksibel utdanning

Livslang læring er avgjerande for omstillingsevna til den enkelte og for å sikre at private og offentlege verksemder har tilsette med nødvendig kompetanse. Sjå programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.

Fleksibel utdanning omfattar desentralisert og nettbasert undervisning. Dette er studietilbod som ofte er tilrettelagde slik at dei kan kombinerast med arbeid, eller slik at studentane ikkje treng å vere på campus. Sidan 2006 har talet på fleksible utdanningsprogram auka med om lag 28 pst. Det siste året har nettbaserte tilbod auka, og er for første gong større enn desentraliserte til-

bod. På grunn av utviklinga i teknologien vil truleg dei nettbaserte tilboda auke i åra framover. Meir målretta bruk av digitale verktøy kan betre tilgangen til høgere utdanning og medverke til auka kvalitet. Noregsuniversitetets kartlegging av bruk av IKT i høgere utdanning, sist i *Digital tilstand 2014*, viser at det framleis er mest tradisjonell campusundervisning, med plenumsforelesingar og tradisjonelle eksamensformer. Det er lite av felles institusjonsbasert opplæring i fagleg bruk av digitale verktøy.

Ifølgje NOU 2014: 5 *MOOC til Norge. Nye digitale læringsformer i høgere utdanning* bør institusjonane utvikle og prøve ut Massive Open Online Courses (MOOC) i større grad enn det som føre-

bels er gjort. Rapporteringa frå institusjonane viser at stadig fleire brukar MOOC.

Studenten

Det har vore ein jamn og klar vekst i talet på søkjarar til høgre utdanning i dei siste åra. I 2015 var det om lag 128 000 søkjarar. Dette er ein auke på om lag 38 pst. frå 2008. I 2014 var det registrert om lag 250 000 studentar ved norske universitet og høgskolar, noko som er ein auke på 21 pst. sidan 2008, jf. tal frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH). Departementet ser det som viktig at norske institusjonar held fram med arbeidet med å rekruttere studentar til høgre utdanning. Tala frå Samordna opptak viser samla sett at det er god tilgang på utdanningstilbod for dei som ønskjer å studere.

I dei ti siste åra har talet på studietilbod på mastergradsnivå (1–2-årig) og bachelorgradsnivå auka med høvesvis ni pst. og 19 pst. Auken i studenttalet har i same tidsrom vore høvesvis 48 pst. og 22 pst.

I 2014 var om lag halvparten av studentane registrerte på eit bachelorprogram og 27 pst. på eit mastergradsprogram. 21 pst. av studentane var registrerte på ulike kortare studieprogram eller årskurs. Ei rekkje studieprogram har låg søkning, få studentar og eit lågt tal uteksaminerte kandidatar. Ved fleire institusjonar er det derfor nødvendig å vurdere studietilbodet for å få meir solide og stabile fagmiljø, jf. Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet*. Utdanningsinstitusjonane må arbeide for å finne ein god balanse mellom bachelor- og mastergradstilbod i samsvar med framtidig behov på arbeidsmarknaden.

Menn er i mindretal blant studentane på alle nivå. Det er viktig å utnytte talenta fullt ut, uavhengig av kjønn. Betre kjønnsbalanse i høgre utdanning og forskning er ei utfordring framover. Det er relativt få menn i helse- og sosialfagutdanningar, lærarutdanningar og pedagogikk, medan matematiske, naturvitskaplege og teknologiske fag har ei overvekt av menn. Det har ikkje vore store endringar i kjønnsbalansen på dei ulike fagfeltene i dei siste åra.

Studentvelferd

Fleirtalet av studentane nyttar støtteordningar gjennom Lånekassen. Gode støtteordningar er eit sentralt verkemiddel for sosial utjamning i rekrutteringa til høgre utdanning. Sjå programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Studentsamskipnadene har som samfunnsoppdrag å yte god studentvelferd. Av dei mange tenestene som studentsamskipnadene tilbyr, er særleg studentbustader viktig. Studentsamskipnadene kan tilby bustader til om lag 16 pst. av studentane i Noreg. Det er eit stort behov for fleire studentbustader. Regjeringa vil halde fram satsinga på studentbustadbygging.

Frå juli 2015 er det 20 studentsamskipnader i Noreg. Nokre yter studentvelferd til ein institusjon, men dei fleste studentsamskipnadene i dei store byane gir velferdstenester til studentar ved fleire utdanningsinstitusjonar. Talet på studentsamskipnader blir vurdert i samheng med endringar i strukturen i universitets- og høgskolesektoren. Kunnskapsdepartementet meiner at studentsamskipnadene er den beste leverandøren av studentvelferd.

Mål: Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskningssystem

Ein effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskningssystem skal medverke til best mogleg måloppnåing på dei tre første måla for universitets- og høgskolesektoren. Universitet og høgskolar forvaltar ein betydeleg del av midlane til fellesskapet og skal bruke ressursane effektivt og til beste for samfunnet. Institusjonane skal utvikle profilen sin i tråd med styrkje og eigenart og medverke til ein differensiert sektor med høg kvalitet. Vidare skal dei møte behova i samfunnet på ulike område og medverke til at Noreg kan hevde seg internasjonalt som ein framifrå kunnskapsnasjon.

Struktur i universitets- og høgskolesektoren

I Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet*. viser regjeringa til at strukturen i norsk universitets- og høgskolesektor ikkje er tilpassa dei krava som kjem i framtida når det gjeld utdanning og forskning. Hovudutfordringane i sektoren er små, sårbare fagmiljø og mange spreidde, små utdanningstilbod med låg rekruttering. Nokre institusjonar har problem med å rekruttere fagfolk og studentar, har få studentar på campus og uteksaminerer få kandidatar. Ved nokre institusjonar og fagmiljø er det lite forskning og publisering, både totalt og av kvar forskar. Nokre institusjonar har avgrensa evne til å hente ekstern finansiering og låg samla deltaking i internasjonalt samarbeid om forskning og høgre utdanning. Desse elementa har gitt behov for strukturelle endringar i sektoren. Måla for struktureforma er utdanning og for-

sking av høg kvalitet, robuste fagmiljø, god tilgang til utdanning og kompetanse over heile landet, regional utvikling, verdsleiande fagmiljø og effektiv ressursbruk.

Sidan 2009 har det vore fleire samanslåingar av statlege universitet og høgskolar. Desse prosessane har fått midlar frå Kunnskapsdepartementet til samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK). SAK-politikken har i hovudsak ført til samarbeid, og i mindre grad til arbeidsdeling og konsentrasjon. Ein god del av utfordringane som låg til grunn for SAK-politikken, er der framleis, særleg knytt til små institusjonar og fagmiljø. Manglande arbeidsdeling og konsentrasjon er framleis ei betydeleg utfordring, og arbeidet med å betre dette må halde fram i sektoren.

Rekruttering, kompetanse og karriere

Arbeidsmarknaden for akademisk personale er stadig meir internasjonal. Noreg deltek i det europeiske forskingsområdet (ERA), som har som mål at det ikkje skal vere nasjonale barrierar for vitenskapleg personale i Europa. Dette gjer at konkurransen om arbeidskrafta blir større, og at institusjonane må lyse ut stillingar internasjonalt og arbeide meir systematisk med å skape attraktive karriereveggar for det faglege personalet.

Delen fagleg personale med ikkje-norsk statsborgarskap i universitets- og høgskolesektoren og instituttsektor er 20 pst. og ser ut til å auke. Dette viser at det er internasjonal konkurranse om stillingar i sektorane, noko som også medverkar til kvalitet.

På grunn av mellom anna auken i studentar og stipendiatar har årsverk i universitets- og høgskolesektoren vakse med nær 22 pst. i det siste tiåret. Dei fleste nye stillingane er faglege. Blant fagpersonalet er det eit stadig aukande formelt kompetansenivå. Frå 2005 til 2014 auka talet på årsverk i førstestillingar som del av faglege årsverk frå om lag 58 pst. til nesten 69 pst.

Det var ein nedgang i talet på mellombels tilsette i sektoren fram til og med 2013, medan talet er uendra frå 2013 til 2014. Universitets- og høgskolesektoren har høgare del mellombels tilsette enn andre sektorar. Det heng saman med mange tilsette på tidsavgrensa ekstern finansiering, og at det er mogleg å tilsette mellombels på kvalifikasjonsvilkår. Kunnskapsdepartementet vurderer at delen mellombels tilsette framleis er for høg i sektoren, og det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå nærmare på dette.

Institusjonane må styrkje arbeidet med kompetanse- og karriereutvikling for dei tilsette.

Regjeringa har sett i verk ei ordning med tilsetjing på innstegsvilkår. Ordninga skal gjere det lettare for institusjonane å rekruttere fagleg personale med stort potensial for fagleg utvikling. Innstegsstillingane skal gjere det lettare å leggje til rette for ein føreseieleg karriereveg. Det er opna for at institusjonane med doktorgradsrett kan gjere om nokre av stipendiatstillingane til postdoktorstillingar når sterke faglege omsyn tilseier det, jf. Prop. 1 S (2009–2010). Departementet har lagt til grunn at dette òg gjeld dei tre første åra av tilsetjingar som postdoktor på innstegsvilkår.

Kjønnsbalansen varierer mykje mellom dei ulike stillingsgruppene og fagområda. Kvinnedelen i faglege stillingar minkar med stigande stillingsnivå. Delen kvinner på professornivå har i gjennomsnitt auka med eit prosentpoeng per år sidan 2005 og var i 2014 på 26 pst. Delen kvinner blant nyttilsette professorar har auka betydeleg sidan 2008 og har variert mellom 30 pst. og 36 pst. Kvinnedelen blant professorane vil truleg halde fram med å auke, mellom anna fordi kvinnedelen i stillingsgruppa under, førsteamanuensane, no er over 43 pst. og framleis aukar. Sjå del III kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering.

Styring, leiing og administrasjon

Det er stor merksemd på styring og leiing av institusjonane i sektoren, og det blir lagt vekt på godt styrearbeid og profesjonell leiing. Styra er i aukande grad opptekne av strategiutvikling og måloppnåing, jf. NIFU-rapporten *Styring og strategi* frå 2013.

Dei fleste statlege institusjonane arbeider med å utvikle eit fungerande og dokumentert internkontrollsystem, og særleg dei store institusjonane har etablert tilfredsstillande og gode løysingar. Fleire mindre institusjonar med liten administrasjon og kompetanse har utfordringar med å følgje opp kompliserte og til dels omfattande regelverk, jf. Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet*. Det er framleis rom for å styrkje det administrative samarbeidet på områda innkjøp, lønn og eksternt finansiert verksemd. Tre av institusjonane har etablert internrevisjon for å følgje opp og sikre kvaliteten i den interne administrative forvaltninga og drifta. Etablering av internrevisjonsløysingar for dei andre institusjonane vil bli vurdert i samanheng med oppfølging av Finansdepartementets rundskriv R-117, der alle statlege verksemdar med inntekter over 300 mill. kroner må vurdere om dei skal etablere internrevisjon. Departementet har oppfordra institusjonane til administrativt samarbeid og

arbeidsdeling for å få ei meir effektiv ressursutnytting og betre kvalitet i forvaltninga.

Driftsinntekter, overføringer, produktivitet

Dei statlege institusjonane har hatt ein realvekst i driftsinntektene på om lag 36 pst. i den siste tiårsperioden og om lag fire pst. i det siste året. I hovudsak er dette ei følgje av større tildelingar frå Kunnskapsdepartementet, særleg til fleire studie-plassar for å auke kapasiteten i høgre utdanning. Delen lønnskostnader har auka, men berre delar av han kjem av auke i talet på tilsette. I den siste tiårsperioden har talet på tilsette auka med 24,3 pst., medan resten av auken i lønnskostnadene kjem av reallønnsvekst og endring i samansetjing av stillingar. Frå 2013 til 2014 auka lønnskostnadene med 6,5 pst., medan talet på tilsette auka med 2,8 pst.

Universitet og statlege høgskolar har fullmakt til å overføre midlar mellom budsjettåra. Avsetningane gjer at institusjonane kan planleggje strategiske tiltak og investeringar i eit fleirårig perspektiv. Berekninga av avsetninga er lagt om frå og med 2014 og omfattar no alle avsetningar uansett inntektskjelde, medan berekninga tidlegare berre omfatta avsetningar i løyvinga frå Kunnskapsdepartementet. Ved utgangen av 2014 var dei akkumulerte avsetningane, inkluderte den frie verksemdskapitalen, på 5,5 mrd. kroner. Ei viktig årsak til avsetningar er at institusjonar får løyvingar til pågåande eller kommande investeringar i bygg, utstyr og inventar, som først blir tekne i bruk i seinare budsjettår.

Rapporteringa frå institusjonane tyder på at dei fleste av dei statlege institusjonane har stor merksemd på langsiktig planlegging og økonomistyring. Om lag halvparten av dei statlege institusjonane har innført langtidsbudsjett. Avsetningane ligg på eit nivå som kan forsvarast i høve til det finansielle behovet knytt til driftsrisiko og strategiske satsingar ved institusjonane.

Dei fleste institusjonane har hatt ein sterk vekst i produksjonen i høve til ressursbruken. Produksjonen er målt gjennom talet på studiepoeng, publiseringspoeng og doktorgradar. Ressursinnsatsen er faglege årsverk og andre årsverk (bortsett frå reinhald). Produktivitetsveksten i universitets- og høgskolesektoren har i dei ti siste åra vore 20–25 pst., jf. *Produktivitetsanalyse av universitets- og høgskolesektoren 2004–2013*, som vart utført av Frischsenteret i 2014.

Tilskott til private

Statstilskott er den viktigaste inntekta for fleirtalet av dei private høgskolane, og utgjorde meir enn 60 pst. av driftsinntektene for 16 av dei 21 private høgskolane som fekk statstilskott i 2014. Riksrevisjonen gjennomførte i 2013 ein revisjon av Kunnskapsdepartementets tilskottsforvaltning av private høgskolar og fagskolar. I Dokument 1 (2014–2015) viser Riksrevisjonen at departementet si oppfølging av tilskottsforvaltninga kan betrast. Riksrevisjonen tilrår departementet å vurdere tiltak som i enda større grad kan sikre at regelverket for tilskottsforvaltninga blir følgt opp, slik at departementet mellom anna blir betre i stand til å vurdere måloppnåing.

Ei ekspertgruppe som er nemnd opp av departementet, foreslår i rapporten *Private høyskoler og fagskoler i samfunnets tjeneste* frå 2014 tydelegare og strengare økonomisk regulering av og meir tilsyn med private fagskolar og private høgskolar. Sjø kap. 276.

Digitalisering

Samla sett har sektoren komme langt i å bruke felles databasar og system for administrative funksjonar, som til dømes Felles studieadministrativt tenestesenter (FSAT), Samordna opptak, Database for statistikk om høgre utdanning (DBH), Current Research Information System in Norway (CRISin), BIBSYS og UNINETT AS. Institusjonane er opptekne av effektiv ressursforvaltning og har gitt uttrykk for at dei ønskjer meir bruk av felles einingar.

Det er eit potensial i universitets- og høgskolesektoren for å nytte IKT i utdanning og forskning for å få betre kvalitet og betre tilgang til kunnskap, samt auka verdiskaping. Saman med strukturendringar er digitalisering og standardisering av den administrative forvaltninga eit viktig verkemiddel for å få ned dei administrative kostnadene samstundes som kvaliteten i støttefunksjonane og forvaltninga ikkje blir dårlegare. Regjeringa meiner Noreg bør vere i front internasjonalt med å utvikle ei digital forvaltning, jf. Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet*.

Digitalisering av samlingane ved universitetsmusea gjer dei lettare tilgjengelege for forskning og formidling. Stadig større delar av samlingane blir digitaliserte, men musea har framleis store samlingar som ikkje er digitaliserte.

Strategiar og tiltak

Tilstandsvurderinga av universitets- og høgskolesektoren viser at det er mange positive utviklingstrekk, men at det òg er behov for betring på fleire viktige område. Regjeringa har utarbeidd sju punkt som er førande for arbeidet med å nå måla for universitets- og høgskolesektoren, jf. Prop. 1 S (2014–2015) frå Kunnskapsdepartementet. Dei sju punkta gjeld arbeidet med struktur, finansiering av universitet og høgskolar, lærarutdanning, rekruttering og karrierevegar, satsinga på Horisont 2020, verdsleiane utdannings- og forskingsmiljø og langtidsplanen for forskning og høgre utdanning. I det følgjande blir det gjort greie for korleis regjeringa vil arbeide framover for å nå måla for universitets- og høgskolesektoren.

Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgre utdanning

Investeringsplan for bygge- og vedlikehaldsprosjekt

Kunnskapsdepartementet viser til oppmodingsvedtak nr. 375 i samband med handsaminga av Meld. St. 7 (2014–2015), jf. Innst. 137 S (2014–2015).

«Stortinget ber regjeringa i forbindelse med rulleringen av langtidsplanen i 2018 utarbeide en investeringsplan, koordning for investeringer og større bygge- og vedlikehaldsprosjekt av bygg i universitets- og høyskolesektoren.»

Gjennom styringsdialogen melder institusjonane om behov for og ønske om større tiltak knytte til nybygg og til vedlikehald og rehabilitering. Departementet har derfor god informasjon om kva institusjonane meiner er behova deira. Samla er det meldt inn behov for 50–55 mrd. kroner. Departementet foreslår å auke løyvinga til oppgradering av bygg for dei institusjonane som forvaltar bygningane sjølv.

Statsbygg er i ferd med å gå gjennom behova til leigetakarar gjennom utvikling av campusplanar. Dei sjølvforvaltande institusjonane har òg laga planar for vedlikehald, oppgraderingar og nybygg. Departementet må vurdere dei ulike ønska opp mot kva den einskilde institusjonen alt rår over, og i kva grad det er mogleg å nytte betre det ein alt har.

Departementet ser det som formålstenleg å få fram planar som ser ombygging og opprusting av bygningar i samband med planar for nybygg, slik

at utvikling av forskning og undervisning og bygging av fysisk infrastruktur blir sett i samanheng. Konseptvalutgreinga for NTNU er eit døme på ein slik overordna plan. Campusplanane til Statsbygg og masterplanen til Universitetet i Oslo er andre døme. Planane må bli vurderte opp mot framtidig struktur og utvikling av institusjonslandskapet, jf. Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet*. Regjeringa vil i samband med neste langtidsplan vurdere ein investeringsplan og ei koordning for universitets- og høgskolebygg.

Livsvitskapsbygget

Eit nytt bygg for livsvitskap, farmasi og kjemi ved Universitetet i Oslo er under prosjektering. Livsvitskapsbygget er eitt av to særleg prioriterte byggeprosjekt i langtidsplanen for forskning og høgre utdanning.

Opptrapping av rekrutteringsstillingar

Det er framleis behov for fleire kandidatar med avlagd doktorgrad. Ein stor del av kandidatane må rettast inn mot næringslivet for å dekkje behova i dei verksemdene og sektorane som særleg treng høg kompetanse. Som oppfølging av Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024* foreslår regjeringa å opprette 238 nye rekrutteringsstillingar i 2016. 178 av desse rekrutteringsstillingane blir tildelte miljø innanfor i hovudsak realfag og teknologi, inkludert maritime fag, og sjukepleie. 40 rekrutteringsstillingar blir tildelte ordningane for nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d. 20 rekrutteringsstillingar blir fordelte til instituttsektoren for å styrkje institutta si rolle i doktorgradsutdanninga. Midlane til 113 av rekrutteringsstillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. I tillegg foreslår regjeringa totalt 50 nye rekrutteringsstillingar knytte til *Lærerløftet*, jf. omtale nedanfor.

Styrking av maritim utdanning

Regjeringa la våren 2015 fram strategien *Maritime muligheter – blå vekst for grønn framtid*. Tilgangen på kompetanse av høg kvalitet er avgjerande for å halde oppe og utvikle konkurranse- og verdiskapingsevna i maritim næring. Kunnskapsdepartementet vil derfor satse vidare på maritim utdanning ved å styrkje samarbeidsprosjektet MAR-KOM2020 og løyve midlar til utstyr og rekrutteringsstillingar i maritim profesjonsutdanning.

Horisont 2020 og Erasmus+

Utviklinga i det europeiske forskings- og innovasjonssamarbeidet og EU-programmet for utdanning, ungdom og idrett, Erasmus+, skjer raskt. Det er viktig at norske forskingsmiljø og bedrifter, og Noreg som samfunn, ikkje går glipp av dei moglegheitene som ligg i samarbeidet. Regjeringa har nyleg lagt fram ein overordna strategi som fastset ambisjonsnivået for norsk deltaking i det europeiske forskingsområdet (ERA) og Horisont 2020 og beskriv tiltak for å nå ambisjonane. Der er det mellom anna sett mål og formulert tiltak for at universitet og høgskolar skal bli betre i stand til å nytte potensialet i Horisont 2020.

Innanfor høgre utdanning omfattar Erasmus+ programmet òg samarbeid med land utanfor EU- og EØS-området. Budsjettet til Erasmus+ er auka med rundt 40 pst. samanlikna med tidlegare utdannings- og ungdomsprogram. Mobilitet er ein av hovudaktivitetane. Departementet forventar at institusjonane styrkjer aktivitetane i Erasmus+, særleg når det gjeld student- og lærarutveksling, men òg i samband med institusjonssamarbeid, som fellesgradar og innovative prosjekt. Sjå programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.

Rekruttering, kompetanse og karriere

ERA set større krav til nasjonal politikk og til universiteta og høgskolane når det gjeld rekruttering, kompetanseutvikling og karriere for fagleg personale. Eit norsk ERA-vegkart som mellom anna skal formulere tiltak for open rekruttering av forskarar, er under utarbeiding og skal fastsetjast innan utgangen av 2015.

Hovudansvaret for kompetanseutvikling, rekruttering og karriere ligg hos institusjonane, men departementet ønskjer å gi institusjonane fleire verkemiddel for å utvikle gode fagmiljø og gode karrierevegar for personalet. Kunnskapsdepartementet har endra forskrifta om tilsetjing og opprykk i undervisnings- og forskarstillingar. Universitet og høgskolar får mellom anna større påverknad på kva for kompetansekrav som skal stillast til stillingar, og meir kontroll over prosessen for bedømming ved opprykk til høgre stilling. Institusjonane får betre høve til å utøve fagleg leiarskap når kompetansen blir meir tilpassa egne mål og visjonar.

Departementet vil gjennomføre ei nærmare kartlegging av tre stillingsgrupper med høg del mellombels tilsette for å kunne vurdere meir målretta verkemiddel for desse gruppene. Departe-

mentet vil arbeide vidare med sikte på å innføre ein forskriftsheimel for å kunne fastsetje reglar om berekning av tenestetid for stipendiatar for å lette overgangen til arbeidslivet for dei som nyleg har avlagt doktorgrad.

Lærerløftet

Lærerløftet til regjeringa inneheld fleire tiltak for å styrkje lærarutdanninga. Regjeringa innfører hausten 2017 femårig grunnskolelærarutdanning på mastergradsnivå. Det vil bli utarbeidd forskrift som saman med kriterium for akkreditering frå Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) vil stille ei rekkje kvalitetskrav til dei institusjonane som skal tilby den nye utdanninga. Ei forskingsbasert lærarutdanning på mastergradsnivå føreset at fleire lærarutdannarar enn i dag har førstestillingskompetanse. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor 50 nye rekrutteringsstillinger, som vil bli fordelt på grunnlag av mellom anna NOKUTs kriterium for akkreditering og utkast til forskrift for femårig grunnskolelærarutdanning. Kompetansen til fagpersonalet er viktig for å heve kvaliteten, og for å utvikle og skjerpe læringstrykket og krava i utdanninga. Midlane til halvparten av rekrutteringsstillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode.

For opptak til lærarutdanninga vil det frå studieåret 2016–17 vere krav om karakteren fire i matematikk frå vidaregåande skole. Dette kan på kort sikt svekkje rekrutteringsgrunnlaget. Departementet vil derfor medverke til at institusjonane kan tilby forkurs for studentar som manglar tilstrekkeleg kompetanse.

Departementet vil ta i bruk nasjonal deleksamen i utvalde fag i den nye grunnskolelærarutdanninga. Nasjonal deleksamen gjer det mogleg å sjå eventuelle samanhengar mellom opptakskrav til utdanninga, arbeidet i studiet og det faglege nivået til studentane.

Departementet vil setje ned ei følgjegruppe som skal vurdere innføringa av den nye grunnskolelærarutdanninga og den faglege og pedagogiske utviklinga av utdanninga.

Sjå omtale av *Lærerløftet* under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 658 i samband med handsaminga av Dokument 8:98 S (2014–2015), jf. Innst. 339 S (2014–2015).

«Stortinget ber regjeringa legge til rette for at utdanningsinstitusjoner som ønsker det, får muligheten til å gjennomføre opptaksintervjuer for kandidater til lærerutdanningen.»

Kunnskapsdepartementet vil endre opptaksskrifta til høgre utdanning for å leggje til rette for at institusjonar som ønskjer det, kan gjennomføre intervju for opptak til lærarutdanninga.

Finansieringssystem for universitet og høgskolar

Regjeringa ønskjer finansiering som stimulerer til god måloppnåing i høgre utdanning og forskning, og foreslår derfor endringar i finansieringssystemet for universitet og høgskolar med budsjetteffekt frå 2017. For nærmare omtale av forslaga til endringar i finansieringssystemet sjå kap. 260 og del III kap. 12 Endringar i finansieringssystemet for universitet og høgskolar.

Utviklingsavtalar

Ekspertgruppa som i 2014 vurderte finansieringssystemet, foreslo fleirårige utviklingsavtalar mellom departementet og det einsskild universitet eller den einsskilde høgskole, jf. rapporten *Finansiering for kvalitet, mangfold og samspill*. Vidare foreslo ekspertgruppa at avtalane blir kopla til finansieringssystemet gjennom ein omfordelingsmekanisme.

Kunnskapsdepartementet er positiv til ei ordning med utviklingsavtalar og meiner at slike avtalar kan medverke til tydelegare profil på institusjonane og betre arbeidsdeling i sektoren. Regjeringa legg stor vekt på at institusjonane skal ha betydeleg autonomi. Samstundes er det viktig at prioriteringane ved institusjonane òg gir optimale prioriteringar for sektoren samla sett. Utviklingsavtalar kan vere eit verkemiddel for betre koordinering av utviklinga i sektoren.


Å kople avtalane til den resultatbaserte delen av finansieringssystemet vil krevje oppbygging av eit system for å administrere ordninga, mellom anna i samband med rapportering og resultatevaluering. Det må vere ein føresetnad at avtalane blir retta inn på ein slik måte at dei ikkje fører til auka byråkrati.

Kunnskapsdepartementet ønskjer at utviklingsavtalane skal kunne styrkje styringsdialogen mellom departementet og institusjonane. Avtalane bør vere resultat av ein prosess mellom departementet og den einsskilde institusjonen. Avtalane bør innehalde mål partane er einige om på prioriterte utviklingsområde, etter initiativ frå institusjonane.

Nytta på ein god måte bør avtalane kunne medverke til at forventningane til sektoren blir konkretiserte for den einsskilde institusjon. Avtalane kan bli knytte til langsiktige strategiar, slik som til dømes langtidspanen for forskning og høgre utdanning, jf. Meld. St. 7 (2014–2015). Ein

utviklingsavtale mellom departement og institusjon kan gi auka styrings- og gjennomføringskraft internt ved den einsskilde institusjonen. Figur 4.10 viser korleis utviklingsavtalar kan passe inn som del av dagens styringsdialog.

Departementet vil gå i dialog med universitets- og høgskolesektoren om korleis slike avtalar best kan bli utvikla. Det kan vere aktuelt å starte med nokre av institusjonane. Slik kan ein hauste erfaringar før ordninga blir utvida til å omfatte alle. Omsynet til strukturendringane i sektoren er òg eit argument for at ordninga bør bli utvikla gradvis.



Figur 4.10 Utviklingsavtalar i styringsdialogen

Struktur i universitets- og høgskolesektoren

Som ei oppfølging av Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet* er det beslutta fleire samanslåingar frå januar 2016:

- Høgskolen i Narvik og Høgskolen i Harstad blir slåtte saman med Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet.
- Høgskolen i Nesna blir slått saman med Universitetet i Nordland (UiN).
- Høgskolen i Gjøvik, Høgskolen i Sør-Trøndelag og Høgskolen i Ålesund blir slåtte saman med Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet.
- Høgskolen i Buskerud og Vestfold og Høgskolen i Telemark blir slåtte saman til Høgskolen i Sørøst-Noreg.

Diakonhjemmet høgskole, Misjonshøgskolen, Haraldsplass diakonale høgskole og Høgskolen Betanien har beslutta å slå seg saman til VID

vitenskapelige høgskole. Det er dialog mellom UiN og Høgskolen i Nord-Trøndelag om mogleg samanslåing.

Det er framleis behov for konsentrasjon av ressursane og strukturelle endringar for å få betre kvalitet. Departementet vil ha dialog om dette med fleire institusjonar, og det er aktuelt med fleire samanslåingar.

I tillegg vil departementet halde fram arbeidet med samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon. I arbeidet med auka kvalitet og mangfald i sektoren med tydeleg profilerte institusjonar er ikkje fusjonar tilstrekkeleg. Både innanfor og mellom institusjonane er det nødvendig å byggje sterkare fagmiljø og sikre ei betre arbeidsdeling. Departementet vil følgje opp dette ovanfor institusjonane i universitets- og høgskolesektoren.

Regjeringa meiner at ekstern styreleiar og tilsett rektor bør vere hovudmodellen for styring og leiing, men legg opp til at institusjonane sjølve kan velje om vald rektor skal vere styreleiar. Styret og leiinga for institusjonar som er i ein prosess for å slå seg saman, må utnytte dei moglegheitene dette gir, gjennom strategiske val og prioriteringar.

I samarbeid med sektoren har Kunnskapsdepartementet sett ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide ein nasjonal strategi for organisering og bruk av IKT. Målet er å få betre kvalitet og effektivitet i universitets- og høgskolesektoren. Arbeidsgruppa skal sjå på tiltak for å sikre at sektoren bruker moglegheitene ny teknologi gir for undervisning og forskning, standardisere og digitalisere dei administrative prosessane og utgreie om det er mogleg å samle fleire oppgåver i felles tenestesenter. Arbeidsgruppa skal levere forslag til departementet innan 1. juli 2016.

Kvalitet i høgere utdanning

Nasjonalt og internasjonalt er det for lite kunnskap om korleis ein kan måle kva som er god utdanningskvalitet. Det er derfor vanskeleg å samanlikne kvalitet i studietilbod mellom institusjonar og internt ved institusjonar. Resultata frå *Studiebarometeret 2015* tyder på at mange studium har for låge faglege ambisjonar og at for mange studentar bruker for lite tid på studia.

Kunnskapsdepartementet viser til oppmødingsvedtak nr. 528 i samband med handsaminga av Meld. St. 18 (2012–2013), jf. Innst. 372 S (2012–2013).

«Stortinget ber regjeringa legge frem en stortingsmelding om studiekvalitet i høyere utdanning.»

Regjeringa har starta arbeidet med ei stortingsmelding om kvalitet i høgere utdanning. Siktemålet er mellom anna å styrkje kvaliteten i høgere utdanningar på alle nivåa og samstundes stimulere til at det blir utvikla fleire framifrå utdanningar. Meldinga vil bli lagd fram i 2017.

Det er førebels etablert fire senter for framifrå utdanning (SFU). Erfaringane så langt tyder på at ordninga støtter opp om innovative og studentaktive undervisnings- og læringsformer forankra i forskning. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å etablere fleire nye SFU-ar i 2016.

Studentvelferd

God studentvelferd er viktig for å leggje til rette for å ta høgere utdanning. Særleg er tilbodet om rimelege studentbustader avgjerande. Regjeringa vil halde fram med satsinga på studentbustader i 2016 og foreslår å føre vidare nivået frå 2015 på tilsegn om tilskott til 2 200 nye studenthybeleiningar. For å få oppdatert informasjon om levekåra til studentane tek departementet sikte på å få gjennomført ei ny levekårsundersøking.

Kommersialisering av forskning

Kunnskapsdepartementet vil vurdere tilrådingane frå evalueringa av verkemiddelapparatet for kommersialisering av offentleg finansiert forskning. Viktige element i ei oppfølging vil vere styrking av prosjektmidlane til teknologioverføringskontora, Technology Transfer Office (TTO) ved institusjonane slik at dei kan følgje opp fleire lokale prosjekt, og styrking av verifiseringsmidlane for å kunne ta ut potensialet for kommersialisering. Departementet foreslår å auke løyvinga til FOR-NY2020-programmet i Noregs forskingsråd for å styrkje verksemda til TTO-ane.

Universitetsmuseum

Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med Statsbygg laga planar for utbetring av eksisterande bygg og nye bygg ved alle dei fem institusjonane som har universitetsmuseum. Dette skal medverke til betre sikring og bevaring av museumssamlingane og gi meir eigna utstillingslokale. Byggjeprojekta er i ulike fasar, og regjeringa foreslår startløyving for fase 2 av rehabiliteringa av Universitetsmuseet i Bergen. Det er òg lyst ut ein internasjonal plan- og designkonkurranse for eit nytt vikingtidsmuseum på Bygdøy, for Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo. Museet skal sikre vikingtidsamlingane for

framtida og skal inkludere dagens vikingskips-hus.

Framtidig lokalisering av campus NTNU

Som del av ein langsiktig strategisk plan for bygningsmassen ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) legg regjeringa til grunn ei samla framtidig campusløyving for universitetet i området rundt Gløshaugen. Ein samla campus for NTNU er tilrådd i konseptvalutgreiinga og kvalitetssikringa av denne. Ny infrastruktur skal leggje til rette for at samla infrastruktur kan nyttast best mogleg for undervisning og forskning for det nye fusjonerte universitetet i Trondheim. Ny

infrastruktur ved NTNU vil leggje til rette for nye studieprogram og forskning på tvers av fagdisiplinar. Dette vil vere viktige bidrag til samfunnsutviklinga og ei berekraftig utvikling.

Strategi for samarbeid med prioriterte land utanfor EU og Nord-Amerika

Kunnskapsdepartementet la hausten 2015 fram ein strategi for høgere utdannings- og forskings-samarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika. Hovudtiltak under strategien vil knytte seg til samarbeidsprogramma UTFORSK og INTPART. Sjå kap. 281 post 01 og programkategori 07.70 Forsking.

Kap. 260 Universitet og høgskolar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
50	Statlege universitet og høgskolar	28 161 968	29 829 046	31 365 176
70	Private høgskolar	1 150 600	1 228 002	1 276 762
	Sum kap. 0260	29 312 568	31 057 048	32 641 938

Post 50 Statlege universitet og høgskolar og post 70 Private høgskolar

Mål for 2016

Følgjande mål gjeld frå 2015 for universitet og høgskolar som får løyving frå Kunnskapsdepartementet:

- høg kvalitet i utdanning og forskning
- forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling
- god tilgang til utdanning
- effektiv, mangfaldig og solid høgere utdanningssektor og forskningssystem

Departementet legg til grunn at måla skal vere langsiktige og gi ei ramme som institusjonane kan utvikle sine eigne strategiar og planar innanfor. Måla er nærmare omtalte i kategoriomtalen.

Statlege universitet og høgskolar skal innanfor måla sette sine eigne mål for verksemda. I tillegg fastset Kunnskapsdepartementet styringsparametrar innanfor kvart mål på område der institusjonane ut frå nasjonale omsyn skal ha særleg merksemd på resultatutviklinga. I tillegg til desse nasjonale styringsparametrane skal institusjonane sjølve fastsetje sine eigne styringsparametrar. Etter dialog med universitets- og høgskolesektor

ren har departementet revidert dei nasjonale styringsparametrane for 2016.


Rapport for 2014

Stortinget løyvde til saman 29,3 mrd. kroner til universitet og høgskolar i 2014 over kap. 260 post 50 og post 70. Nedanfor følgjer oversikt over resultatane av den totale løyvinga til sektoren, innanfor dei fem sektormåla som var gjeldande for 2014.

Mål: Universitet og høgskolar skal gi utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behov i samfunnet

Kapasitet

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2014 midlar til om lag 400 nye studieplassar, noko som gir om lag 1 400 plassar i 2019 når dei er fullt utbygde. Det vart òg løyvt midlar til vidare utbygging av studie-plassar tildelte i 2009, 2011 og 2012. Tal frå Database for statistikk om høgere utdanning (DBH) viser at talet på avlagde 60-studiepoengseiningar i perioden 2008–14 er høgere enn talet på tildelte studie-plassar skulle tilseie. Dette viser at sektoren samla har auka aktiviteten og effektiviteten i tråd med føresetnadene.




Figur 4.11 Utvikling i talet på studenter (eigenfinansierte) og studiepoeng 2005–14

Det var om lag 122 000 søkjarar til høgre utdanning gjennom Samordna opptak (SO) i 2014. Det er ein auke på 1,7 pst. frå 2013. Ifølgje tal frå DBH var det hausten 2014 registrert 250 500 studenter totalt, eigenfinansierte og eksterntfinansierte, ved statlege og private høgre utdanningsinstitusjonar. Det er ein auke på 5 500 studenter frå 2013.

Talet på uteksaminerte kandidatar har òg auka. I 2014 vart 44 663 kandidatar uteksaminerte, noko som er om lag 2 400 fleire kandidatar enn året før. Dei tre fagområda med flest kandidatar var framleis økonomi og administrasjon, samfunnsvitenskap og sjukepleie.

Tal frå DBH viser at det er stor variasjon mellom institusjonar og utdanningar når det gjeld gjen-

nomføring. På bachelorstudium fullfører godt over halvparten av fulltidsstudentane på sjukepleiar- og førskolelærerutdanninga på normert tid. Studentane på historisk-filosofiske fag er dei som i minst grad fullfører bachelorstudium på normert tid, men her har det vore ei positiv utvikling i dei siste åra. Når det gjeld dei femårige mastergradsutdanningane, viser tal for 2009-kullet at 75 pst. av psykologistudentane fullførte på normert tid, mot 24,7 pst. av lærarutdanningsstudentane. Gjennomstrøminga i doktorgradsutdanninga viser ei betring. 74 pst. av 2002–03-kullet fullførte innan åtte år, mot 64 pst. av 1992–93-kullet.



Figur 4.12 Gjennomføring på normert tid og fråfall for treårige bachelorgradsutdanningar på opptakskull hausten 2009

Utdanningskvalitet

I 2014 avla studentane i gjennomsnitt 45,5 studiepoeng, ifølgje DBH. Det er om lag det same som i 2013. Det var flest avlagde studiepoeng per student ved kunsthøgskolane, medan det var færrest avlagde studiepoeng per student ved dei private vitskaplege høgskolane. Blant statlege institusjonar varierte avlagde studiepoeng per student frå 39,6 til 59,4. I 2014 avla studentane i gjennomsnitt 85 pst. av planlagde studiepoeng i samsvar med avtalt utdanningsplan. Dette er ein svak nedgang frå 2013.

Arbeidet til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) medverkar til å utvikle kvalitets-sikringssystema og utdanningane ved institusjonane og styrkje kunnskapsgrunnlaget for sektoren. Vidare følgde NOKUT opp ordninga med senter for framifrå utdanning (SFU) og starta utvikling av nasjonal deleksamen, internasjonal samanlikning av mastergradsprogram og kombinerte fagevalueringar av utdanning og forskning. Sjå kap. 280 post 01 for omtale av NOKUT.

NOKUTs studiebarometer for 2014 viser at studentane i snitt er nøgde med sitt eige studieprogram, men det er store variasjonar mellom ulike utdanningar og institusjonar. Arbeidslivsrelevans og læringsutbytte får best vurdering av studentane. Studentane er minst nøgde med individu-

ell oppfølging og rettleiing. Universitet og høgskolar har ansvar for å vurdere korleis tilbakemeldingane frå studentane bør følgjast opp ved den enkelte institusjonen.

MNT- og profesjonsfag

Tal frå DBH viser at det i 2014 vart teke opp fleire studentar til grunnskolelærerutdanning 5.–10. trinn, treårig yrkesfaglærerutdanning og femårig program for lærarutdanning enn i 2013. Det var ein nedgang for barnehagelærerutdanning, grunnskolelærerutdanning 1.–7. trinn, faglærerutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning. Opp-taket til ingeniørutdanning og matematiske, naturvitskaplege og teknologiske (MNT) fag held i 2014 fram med å auke. Det vart derimot teke opp færre studentar til sjukepleiarutdanning i 2014 enn i 2013. Det er likevel god søkning til sjukepleiarutdanninga.

Våren 2014 vart dei første kandidatane uteksaminerte frå dei nye grunnskolelærerutdanningane, jf. omtale under kategoriinnleiinga. For fleire av dei andre lærarutdanningane fastsette departementet nye forskrifter i 2013, og frå hausten 2014 følgjer institusjonane desse.

Fleire reformer i helse- og sosialsektoren fører med seg behov for ny kompetanse. Kunnskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet,

utdanningsinstitusjonane og sektoren samarbeider for å styrkje kvalitet og relevans i helse- og sosialfaga i samsvar med Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd*. Fleire oppfølgingstiltak er tverrdepartementale og blir gjennomførte i samarbeid med Universitets- og høgskolerådet (UHR). I 2014 fekk UHR mellom anna i oppdrag å gjennomføre eit nasjonalt utviklingsprosjekt for å styrkje kvaliteten og relevansen i praksisstudium. Prosjektet blir avslutta ved årsskiftet 2015/16.

Internasjonalisering

I 2014 kom det langt fleire utvekslingsstudentar til Noreg enn det reiste ut. Dette kjem av vekst i talet på innreisande studentar til Noreg og ein nedgang i talet på utreisande studentar frå Noreg. Det var 23 000 utanlandske studentar i Noreg i 2014, og det er om lag ni pst. av studentmassen. Svenskar er framleis den største gruppa av studentar med utanlandsk statsborgarskap ved norske lærestader, følgde av tyskarar, russarar og kinesarar. USA, Australia og Storbritannia er framleis dei mest populære studiestadene for norske utvekslingsstudentar.

Profilerte institusjonar og solide fagmiljø

I statsbudsjettet for 2014 løyvde Stortinget til saman 50 mill. kroner i midlar til samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon. Kunnskapsdepartementet fordelte hovuddelen av midlane til fusjonsprosessar som no er gjennomførte, som fusjonsprosessane til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Høgskolen i Buskerud og Vestfold.

Mål: Universitet og høgskolar skal i tråd med eigenarten sin utføre forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet

Forskingskvalitet

Om lag 68 pst. av utgiftene til forskning og utvikling ved universitet og høgskolar blir finansierte over grunnbudsjetta, medan Noregs forskingsråd står for 15 pst. Dei resterande 17 pst. blir finansierte av andre kjelder. Universitet og høgskolar i Noreg har ein høg del grunnløyving samanlikna med i andre land. Løyvinga legg eit godt grunnlag for forskings- og utviklingsarbeid ved institusjonane. Utvikling av forskingsmiljø av høg kvalitet føreset òg finansiering frå eksterne kjelder.

Institusjonane bruker grunnbudsjettet strategisk, mellom anna til å fremme søknader om for-

skingsmidlar frå Noregs forskingsråd og EU. Samla tildeling frå Noregs forskingsråd til universitet og høgskolar var i 2014 i overkant av 2,4 mrd. kroner. Frå EUs rammeprogram for forskning, Horisont 2020, fekk institusjonane 314 mill. kroner. EU-tildelingane er den største utanlandske kjelda til finansiering for norske universitet og høgskolar. Noregs forskingsråd og EUs rammeprogram er konkurransearenaer som sett høge krav til kvalitet. Departementet bruker derfor rapport på tildelte midlar som indikatorar på forskingskvalitet ved den einskilde institusjonen.

Tildelinga frå Det europeiske forskingsrådet (ERC) til norske universitet og høgskolar har vakse, og i 2014 fekk universiteta ni ERC-stipend. Dei norske universiteta får færre stipend enn dei fremste universiteta i Danmark, Finland og Sverige. Sjå programkategori 07.70 Forsking.

Talet på publiseringspoeng i universitets- og høgskolesektoren auka i 2014 med 2,2 pst. etter ein liten nedgang året før. Ein sentral indikator på internasjonalt forskningssamarbeid er delen internasjonalt samforfatta vitenskaplege publikasjonar. Delen internasjonalt samforfatta artiklar auka frå om lag 45 pst. i 2013 til 47 pst. i 2014. USA er framleis det viktigaste landet for norske forskarar når det gjeld samforfattarskap.

MNT-fag skårar godt i konkurransar baserte på kvalitetskriterium. Til dømes er nesten halvparten av alle sentera for framifrå forskning innanfor MNT-fag. Det same gjeld stipend frå ERC. Samanlikna med andre OECD-land er ein forholdsvis liten del av FoU-utgiftene i den norske universitets- og høgskolesektoren knytt til MNT-fag.

Doktorgradsutdanning

Totalt 1 448 personar avla doktorgraden i 2014, ein nedgang på fem pst. frå 2013. Nedgangen heng mellom anna saman med at Noregs forskingsråd har auka satsen for stipendiatstillingar for å følgje opp auken i den kostnadsnorma som er fastsett av departementet. Dette fører til at dei kan finansiere færre stipendiatar innanfor same budsjetttramme. Totalt 22 universitet og høgskolar tildelte doktorgradar i 2014. Som for åra før var det flest som avla doktorgrad i medisin, følgd av matematiske og naturvitenskaplege fag. Noreg skil seg ut frå dei andre nordiske landa med ein låg del doktorgradar i teknologiske fag. I Noreg utgjorde teknologidoktorgradane 13 pst. av alle doktorgradane i 2013, mot 20–24 pst. i resten av Norden.

I 2014 vart 38 pst. av dei avlagde doktorgradane finansierte over grunnbudsjetta til institusjonane, 20 pst. av Noregs forskingsråd og 42 pst. av

andre eksterne finansieringskjelder, mellom anna helseføretaka. Sjå kap. 281 post 50 for omtale av ordningane med nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d.

I 2014 var det for første gong sidan 2007 ein svak tilbakegang i delen utanlandske statsborgarar som disputerer i Noreg, til 35 pst. Nær halvparten av desse hadde europeisk bakgrunn. Delen utanlandske doktorgradskandidatar er størst innanfor teknologiske fag med nesten 65 pst.

Kvinnedelen blant dei som disputerte i 2014, passerte for første gong 50 pst. Dette heng saman med at det har vore kvinnefleirtal blant stipendiatane sidan 2008. Det er store variasjonar mellom fagområda, frå 27 pst. i teknologiske fag til 60 pst. i medisin og i samfunnsvitskaplege fag.

Mål: Universitet og høgszkolar skal vere tydelege samfunnsaktørar og medverke til internasjonal, nasjonal og regional utvikling, formidling, innovasjon og verdiskaping

Universitet og høgszkolar som samfunnsaktørar

Universitet og høgszkolar samarbeider med eit breitt spekter av aktørar innanfor arbeids- og samfunnsliv. Rapport frå NIFU, *Noder i kunnskapsnettverket*, frå 2014 viser at formidlings- og opplæringsaktivitet er dei vanlegaste formene for kunnskapsoverføring.

Omfanget av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utanom midlar frå EU, Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond gir ein indikasjon på i kva grad institusjonane er etterspurde FoU-aktørar og attraktive leverandørar av etter- og vidareutdanning. For dei statlege institusjonane var BOA-inntektene 7,5 pst. av dei totale inntektene i 2014. Sjå tabell 4.8 i vedlegg 4, som viser inntekter etter inntektskjelde for universitet og høgszkolar.

Departementet har fått ulike tilbakemeldingar på kva Råd for samarbeid med arbeidslivet har medverka til. Departementet har bedt institusjonane om å bruke råda aktivt, slik at utdanningstilbod og FoU-innretning blir utvikla i samråd med aktørane i arbeidslivet.

Flexibel utdanning

Talet på studentar i fleksible utdanningar har auka frå om lag 12 000 i 2006 til om lag 16 000 i 2014, noko som er ein liten nedgang frå 2013. Dei nettbaserte tilboda aukar mest, medan desentralisert utdanning har gått noko ned samanlikna med i tilleggare år. Medan færre enn fem pst. av studentane

tek fleksibel utdanning ved dei store institusjonane, er 20–35 pst. av studentane på fleksible tilbod ved enkelte institusjonar.

Innovasjon og verdiskaping

Langtidplanen for forskning og høgre utdanning, jf. Meld. St. 7 (2014–2015), slår fast at kunnskap og kompetanse er viktig for den internasjonale konkurransen og for utvikling av samfunnet. Det vart i 2014 ført vidare mange verkemiddel for å nå måla for forskning, utdanning og innovasjon. Dei omfattar mellom anna verkemiddel for regional FoU og innovasjon, FORNY-programmet, Strategisk høgszkoleprosjekt, som har styrkt kompetansen og den faglege kvaliteten til forskinga ved mange høgszkolar. I tillegg omfatter det regionale forskingsfond, som har fått gode evalueringar, Den norske forskarskolen i innovasjon og 17 nye senter for forskingsdriven innovasjon (SFI-III) med til saman om lag 260 stipendiatar og 100 postdoktorar i 2014 (totalt for alle SFI-ane). Programmet FORNY har saman med norsk universitets- og høgszkolesektor mellom anna medverka til den kommersielle suksessen Kahoot. Det norske læringsspelet har om lag 50 mill. brukarar i over 180 land og er nå ein av dei største leverandørane av nettbaserte læringsverktøy globalt. Sjå kap. 281.

Frå 2013 til 2014 har talet på patentsøknader og inngåtte lisensieringskontraktar i sektoren auka, medan det har vore ein relativt stor nedgang i talet på mottekne forretningsidear, sistnemnde på grunn av overrapportering i 2013.

I 2014 sette departementet i gang ei evaluering av verkemiddelapparatet for kommersialisering av offentleg finansiert forskning. Ho viser at det er utvikla betre system for kommersialisering ved fleire institusjonar, men at det er potensial for forbetring sektoren sett under eitt. Sjå kategoriomtalen for nærmare omtale av resultatane av evalueringa.

Formidling og ope tilgjengeleg forskning

I 2014 var det registrert om lag 20 400 formidlingsbidrag i sektoren i dokumentasjonssystemet CRISTin, noko som er ein nedgang på tre pst. frå 2013. Mediebidrag er den formidlingsaktiviteten som framleis er mest registrert blant fagleg tilsette, etterfølgt av tidsskriftpublikasjonar.

Open tilgang til vitskaplege artiklar inneber at lesaren får kostnadsfri tilgang til artiklane via Internett. Talet på ope tilgjengelege artiklar var om lag 1 600 i 2014, tilsvarande om lag elleve pst. av det totale talet på publiserte artiklar. Dette er ein auke på over 25 pst. frå 2013. Tala er noko usi-

kre på grunn av underrapportering av artiklar i ope tilgjengelege tidsskrift og noko dobbelt-rapportering frå sampublisering.

Mål: Universitet og høgskolar skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si

Økonomistyring

Universitet og høgskolar finansierer verksemda gjennom direkte løyvingar frå Stortinget, forskingsfinansiering frå Noregs forskingsråd og EU, annan bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet og andre inntekter, til dømes sals- og leigeinntekter, eller studieavgifter for dei private høgskolane. Løyvinga over kap. 260 utgjer hovuddelen av finansieringa for universiteta og høgskolane, med 29,3 mrd. kroner i 2014. Den resultatbaserte delen av løyvinga på kap. 260 utgjer om lag 30 pst.

Statlege universitet og høgskolar hadde 38,5 mrd. kroner i samla inntekter i 2014. Det er ein auke på om lag 2,6 mrd. kroner frå 2013. Om lag 84 pst. av inntektene er tildeling frå Kunnskapsdepartementet, andre departement og statlege etatar. Sjå tabell 4.8 i vedlegg 4, som viser inntekter etter inntektskjelde.

Ved utgangen av 2014 var dei samla avsetningane inkluderte fri verksemdskapital på 5,5 mrd. kroner, noko som svarer til åtte pst. av tildelinga frå Kunnskapsdepartementet i 2014. Av dette var dei økonomiske avsetningane til planlagde tiltak i framtidige budsjettår på 2,5 mrd. kroner. Det er ein nedgang på 0,2 mrd. kroner frå 2013. Andre avsetningar og fri verksemdskapital var på 3 mrd. kroner, ein vekst på 0,2 mrd. kroner frå 2013 til 2014. Sjå tabell 4.9 i vedlegg 4, som viser tilhøvet mellom kontantbeholdning, kommande kostnader og avsetningar.

Private høgskolar som får tilskott over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, hadde 2,8 mrd. kroner i bokførte inntekter i 2014. Tilskott frå staten utgjorde 1,1 mrd. kroner i 2014, ein auke på om lag 63 mill. kroner frå året før. Økonomien til private høgskolar er samla sett om lag det same i 2014 som i 2013. Nokre høgskolar har framleis utfordringar med å sikre berekraftig drift og er avhengige av tilskott frå eigarane for å halde fram med drifta.

Forvaltning og intern kontroll

Ein institusjon fekk vesentlege merknader i *Dokument 1 (2014–2015)*, Riksrevisjonens rapport om revisjon og kontroll for budsjettåret 2013. Merknadene er knytte til etterleving av regelver-

ket for offentlege anskaffingar. Kunnskapsdepartementet har i 2014 følgt institusjonen tett opp.

Institusjonane rapporterer eigarskap i selskap til Selskapsdatabasen i DBH. I 2014 forvalta universitet og statlege høgskolar eigarinteresser i om lag 100 selskap. I om lag 30 av selskapa har staten dominerande påverknad, normalt ved å eige 50 pst. eller meir av aksjane. I tillegg forvaltar Kunnskapsdepartementet sjølv eigarskapet i dei fem statsaksjeselskapa Universitetssenteret på Svalbard AS, UNINETT AS, Norsk samfunnsvitskapleg datateneste AS, Simula Research Laboratory AS og Cessda AS.

Mellombels tilsette og likestilling

Mange institusjonar har framleis ein høg del mellombels tilsette i 2014, med 16 pst. i dei tre kategoriene undervisnings- og forskarstillingar, saksbehandlar- og utgreiingsstillingar og støttestillingar. Delen mellombels tilsette er uendra frå året før. Størst er delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar, med om lag 18 pst.

Kjønnsbalansen i universitets- og høgskolesektoren har vorte betre over tid, men det er framleis store skilnader i dei ulike stillingsgruppene, mellom fagområda og mellom institusjonane. Skilnad i fagprofil forklarar mykje av desse variasjonane. Delen kvinner i professorstilling har auka frå 25 pst. i 2013 til 26 pst. i 2014. Kvinnene utgjer om lag ein tredel i nyttilsettingar. Sjå kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering i del III Omtale av særlege tema.

Bygg og infrastruktur

I 2014 var sju ordinære byggjeprojekt og fleire kurantprosjekt under oppføring i universitets- og høgskolesektoren.

Fire større byggjeprojekt vart òg stilte ferdige og tekne i bruk i 2014: nytt samlokaliseringsbygg for Høgskolen i Bergen, nytt teknologibygge for Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, rehabilitering av sentrumsbygningane ved Universitetet i Oslo og nytt laboratoriebygg for Universitetet i Stavanger.

Institusjonar som sjøelve eig areala sine, har lågare husleigekostnader enn andre institusjonar, men bruker meir på drift, vedlikehald og investeringar. Sjølv om dei sjølvforvaltande institusjonane har ein liten nedgang i desse utgiftene frå 2013 til 2014, har dei brukt om lag 35 pst. meir på forvaltning av eigne areal i 2014 samanlikna med 2007. Husleiga utgjer frå elleve pst. til 36 pst. av total løyving for andre institusjonar i 2014, med eit gjen-

nomsnitt på 16 pst. Dei betaler reelt seks pst. meir i husleige i 2014 samanlikna med i 2013.

Departementet har gjennom eit eksternt oppdrag fått vurdert internhusleigeordningane ved universiteta og vil saman med institusjonane sjå på endringar i desse. Målet er å få til ei internhusleigeordning, som saman med eit forbetra system for vurdering av tilstanden til bygningane fører til rasjonell bruk av areal og sikrar ressursar til verdivarande vedlikehald. Samla må systema òg identifisere behov for oppgradering og i kor stor grad dette kan takast innanfor ramma til institusjonane.

Alle institusjonane har utarbeidd planar for avhending av fossil grunnlast innan 2018. Dei fleste institusjonane har allereie fasa ut bruk av fossil grunnlast. Dei resterande to institusjonane vil vere ferdige innan 2016.

Mål: Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Stavanger og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet skal byggje opp, drive og halde ved like museum med vitenskaplege samlingar og utstillingar for publikum

Universitetsmusea har ei sentral rolle i dokumentasjon av og forskning på natur- og kulturarven. Denne kunnskapen er avgjerande for miljø- og kulturforvaltninga i Noreg, særleg i handteringa til styresmaktene av naturmangfaldslova og kulturminnelova.

Universitetsmusea er mottakarar av store mengder innsamla biologisk og geologisk materiale frå andre forskingsmiljø, forvaltninga og frivillige organisasjonar. Samlingane ved dei seks universitetsmusea inneheld no 18,6 mill. objekt, og mange av desse har stor nasjonal og internasjonal verdi. Det er forskinga og dei vitenskaplege prioriteringane som skal setje rammene for samlingsplanane til universitetsmusea, når det gjeld både avhending og tilvekst.

Forskinga ved musea tek utgangspunkt i dei vitenskaplege samlingane med tilhøyrande dokumentasjon. Publisering per vitenskaplege årsverk ligg noko under gjennomsnittet for universiteta, men det er stor forskjell mellom musea.

Universitetsmusea er òg viktige arenaer for å profilere universiteta mot eit breiare publikum. Om lag 1,6 mill. personar besøkte universitetsmusea i 2014, ein auke på fire pst. frå 2013. Formidlinga skjer i form av fysiske utstillingar, foredrag, faglege artiklar og stadig meir nettbasert formidling. Faste og mellombelse utstillingar treng stor plass og er kostbare å produsere. Det er utstillingslokala og økonomien som set grenser for

omfanget av denne formidlinga. Musea har ambisjonar om å auke den digitale formidlinga i tråd med at samlingane blir digitaliserte. Digital formidling skal ikkje erstatte dei fysiske utstillingane, men vil vere eit viktig supplement.

Sjå kap. 281 post 50 for omtale av strategisk FoU-program for universitetsmusea i 2014. Departementet har ført vidare finansieringa av dei to forskarskolane i arkeologi og biosystematikk som vart etablerte gjennom FoU-programmet.

Budsjettforslag for 2016 for post 50 og post 70

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 32,6 mrd. kroner over kap. 260 i 2016, fordelte med 31,4 mrd. kroner til universitet og statlege høgskolar over post 50, og 1,3 mrd. kroner til private høgskolar over post 70.

Den resultatbaserte utteljinga for forskning utgjer 1,8 mrd. kroner av den samla løyvinga til universiteta og høgskolane i 2016. For utdanningsinsentiva inneber den resultatbaserte utteljinga ein auke på 247,7 mill. kroner frå 2015 til 2016.

Strukturreform

Regjeringa vil gjennomføre samanslåingar av universitet og høgskolar for å styrkje kvaliteten i høgere utdanning og forskings- og utviklingsarbeid. Samanslåing av institusjonar krev ressursar, både til gjennomføringa av samanslåingar og til andre tiltak for å auke kvaliteten. Regjeringa foreslår 150 mill. kroner på kap. 260 til gjennomføring av strukturreforma. 75 mill. kroner av desse midlane er nye i 2016. Sjå kap. 281 postane 50 og 70.

Finansieringssystem for universitet og høgskolar

Finansiering er eit viktig verkemiddel i utviklinga av høgere utdanning og forskning. I Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet* foreslo regjeringa at hovudtrekka i finansieringssystemet blir førte vidare, og varsla at regjeringa ville komme tilbake til endringar i resultatindikatorane i forslaget til budsjett for 2016.

Regjeringa foreslår følgjande endringar i finansieringssystemet frå 2017:

- Ny indikator for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) blir innført. Indikatoren får lukka budsjettamme.
- Ny indikator for tal på uteksaminerte kandidatar blir innført. Indikatoren får open budsjettamme.
- Indikatoren for tal på doktorgradskandidatar blir ført vidare og får open budsjettamme.

- EU-indikatoren blir utvida til å gjelde alle EU-inntektene, i hovudsak utdanningssamarbeid og interregionalt samarbeid. Indikatoren får framleis lukka budsjетtramme.
- Beregning av publiseringspoeng blir justert. Indikatoren får framleis lukka budsjетtramme.

Regjeringa presenterer alle endringane samla i budsjетtforslaget for 2016. Å varsle endringane i god tid gir grunnlag for god heilskap og samanheng i systemet og gjer det mogleg for institusjonane å planleggje. I budsjettet for 2016 er den resultatbaserte utteljinga rekna ut frå dagens finansieringssystem.

Sjå del III kap. 12 Endringar i finansieringssytemet for universitet og høgskolar for nærmare omtale av dei foreslåtte endringane i finansieringssytemet og måla regjeringa har for endringane.

Rekrutteringsstillingar

Som oppfølging av Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024* foreslår regjeringa midlar til nye rekrutteringsstillingar ved universitet og høgskolar. Kunnskapsdepartementet foreslår om lag 69 mill. kroner over kap. 260 til 178 rekrutteringsstillingar innanfor i hovudsak realfag og teknologi, inkludert maritime fag, og sjukepleie. Midlane til 93 av rekrutteringsstillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Sjå kap. 281 post 50 og programkategori 07.70 Forsking.

Som del av *Lærerløftet* vil regjeringa etablere ei femårig mastergradsutdanning for grunnskolelærarar. Utdanninga skal vere av høg kvalitet. Dette føreset at fleire fagpersonar som utdannar lærarar, har førstestillingskompetanse enn tilfellet er i dag. Kunnskapsdepartementet foreslår om lag 20 mill. kroner til 50 nye rekrutteringsstillingar knytte til lærarutdanning. Midlane til halvparten av rekrutteringsstillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Sjå kap. 281 post 01 og programkategori 07.20 Grunnopplæringa for omtale av *Lærerløftet*. Midlane til rekrutteringsstillingane må òg sjåast i samanheng med langtidsplanen for forskning og høgre utdanning og oppfølging av den langsiktige prioriteringa *betre og meir effektive velferdstenester i offentleg sektor*.

Departementet foreslår heilårseffekt i 2016 av midlar som vart løyvde i 2015 til nye rekrutteringsstillingar til universitet og høgskolar.

Studieplassar

Universitet og høgskolar har i 2015 hatt ein betydeleg vekst i søkninga til praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Kunnskapsdepartementet foreslår 28,4 mill. kroner over kap. 260 til 350 nye studieplassar innanfor PPU frå våren 2016. Søkjarar med utdanning i matematikk, naturfag eller teknologi frå område med aukande arbeidsløyse, vil bli prioritert. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80 Utdanningsstøtte. Satsinga har ei varig totalramme på 57,6 mill. kroner inkludert ein venta auke i resultatbasert utteljing.

Regjeringa meiner det er behov for nye studieplassar i helsefaglege utdanningar for å betre helsetenestene og tilgang på helsepersonale. Kunnskapsdepartementet foreslår 5,5 mill. kroner over kap. 260 til 25 studieplassar i psykologi og 30 studieplassar i medisin. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80 Utdanningsstøtte. Når alle studieplassane er ferdig utbygde i 2024, utgjer dette ein varig auke på 118,8 mill. kroner, inkludert ein venta auke i resultatbasert utteljing.

I samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2015, jf. Innst. 360 S (2014–2015), vart det vedteke å opprette om lag 500 nye studieplassar ved universitet og statlege og private høgskolar. For å følgje opp dette foreslår Kunnskapsdepartementet 63,7 mill. kroner over kap. 260. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Departementet foreslår òg midlar for at institusjonane kan føre vidare og ta opp nye kull for studieplassar som er oppretta i statsbudsjett før revidert nasjonalbudsjett for 2015. Samla gir dette om lag 590 fleire studieplassar i 2016 samanlikna med i 2015.

Bygg

Oppdaterte bygg er ein føresetnad for å skape leilande forskings- og utdanningsmiljø. Riksrevisjonens undersøking om forvaltninga av statleg eigdomsmasse peiker på at 40 pst. av bygningsmassen ved dei sjølvforvaltande universiteta er i dårleg stand. Regjeringa foreslår derfor totalt 135 mill. kroner i 2016 til oppgradering av bygg ved institusjonar som forvaltar eigen bygningsmasse. Av desse midlane er 60 mill. kroner ei eingongsløyving i 2016.

Oppgraderinga inneber rehabilitering og tilpassing av eksisterande bygg og lokale, slik at dei

kan møte byggtekniske krav og forventningar til forskning og utdanning av høg kvalitet. Kunnskapsdepartementet forventar at tildelingar frå departementet skal utløyse eit tilsvarende beløp til same formål frå dei institusjonane som mottar midlane.

Regjeringa foreslår å løyve 227,8 mill. kroner over kap. 260 post 50 i 2016 til utstyr og inventar til fire igangsette byggeprosjekt. Det omfattar nytt teknologibygg ved NTNU, samlokaliseringsbygget for Kunst- og designhøgskolen i Bergen, rehabiliteringa ved Noregs idrettshøgskole og nybygg for medisin og helsefag ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet. Regjeringa foreslår òg 65 mill. kroner til utstyr til nybygget for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet på Ås og 7 mill. kroner til prosjektering av utstyr for nybygg for livsvitenskap, farmasi og kjemi ved Universitetet i Oslo. Sjå kap. 530 i Prop. 1 S (2015–2016) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Sjå òg vedlegg 3 Byggtabellar for universitet og høgskolar for oversikt over byggeprosjekta i sektoren som Statsbygg har til prosjektering eller gjennomføring i 2016

Universitetsmuseum

Stortinget vedtok i 2013 å auke ramma over kap. 260 post 50 med 10 mill. kroner til sikring og bevaring av samlingane til universitetsmusea. I dei tre første åra har midlane vore øyremerkte tiltak for å sikre og bevare vikingskipa og tilhøyrande samlingar ved Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo. Universitetet i Oslo har fått desse midlane i tre år. Kunnskapsdepartementet foreslår å nytte midlane frå 2016 til ei styrking av universitetsmusea for å følgje opp St.meld. nr. 15 (2007–2008) *Tingenes tale*.

Andre saker

Regjeringa foreslår 13,9 mill. kroner i 2016 til vidare planlegging av framtidig campus for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. For å føre vidare prosjektering av nytt helse- og sosialfagsbygg ved NTNU er det forslag om ei løyving på 15 mill. kroner på kap. 2445 post 30 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dette er oppfølging av vedtak i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2015, jf. Innst. 360 S (2014–2015).

Kunnskapsdepartementet foreslår 5,1 mill. kroner til Center for High North Logistics og at midlane blir lagde til rammeløyvinga til Universitetet i Nordland. Dette er oppfølging av vedtak i

samband med revidert nasjonalbudsjett for 2015, jf. Innst. 360 S (2014–2015).

Departementet foreslår 2 mill. kroner til Høgskolen i Hedmark for samarbeidet i den blå-grøne bioteknologiske næringsklynga på Hamar for å etablere innovasjonssenteret Biosmia. Dette er oppfølging av vedtak i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2015, jf. Innst. 360 S (2014–2015).

Departementet foreslår å flytte 4,2 mill. kroner til Høgskolesenteret i Kristiansund til kap. 281 post 70 mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 260 post 50, jf. omtale under kap. 281 post 70. Dette er oppfølging av vedtak i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2015, jf. Innst. 360 S (2014–2015).

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2015, jf. Innst. 360 S (2014–2015), vart det vedteke å overføre midlar til ei professorstilling ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet til Samisk høgskole og Internasjonalt reindriftssenter, sistnemnde organisert under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å overføre 1,2 mill. kroner frå kap. 260 post 50 til kap. 563 post 01 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA), Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) og Statens institutt for forbruksforskning (SIFO) ønskjer at institutta blir ein del av HiOA. HiOA, NIBR og SIFO viser til at forskings- og utdanningsmiljøa bør samlast i færre og større einingar, jf. Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet*. SIFO blir ein del av høgskolen 1. januar 2016. Regjeringa foreslår å flytte 19,7 mill. kroner til SIFO til kap. 260 post 50 mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 866 post 50 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Klima- og miljødepartementet og Kunnskapsdepartementet tek sikte på at NIBR blir innlemma i HiOA 1. januar 2016, gitt nødvendige avklaringar av økonomiske og administrative konsekvensar. Løyvinga til NIBR vil så leggjast inn i budsjetttramma til HiOA i 2017.

EU har vedteke eit nytt regelverk for klinisk utprøving av legemiddel til menneske. Alle slike studium i Noreg må godkjennast av Statens legemiddelverk (SLV) og regional etisk komité (REK). Det nye regelverket vill krevje kortare fristar og betydeleg nasjonal koordinering mellom SLV og REK. Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet foreslår 2,2 mill. kroner til REK på kap. 260 post 50.

Regjeringa foreslår å opprette ei eining som skal inngå og forvalte sentrale rammeavtalar på vegner av statlege forvaltningsorgan. Dette skal gi

meir effektive innkjøp i staten. Ordninga vil bli finansiert innanfor eksisterande rammer gjennom rammeoverføringar frå departementa. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 260 post 50 med 1,3 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 540 post 01 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet er samde om overføring av driftsmidlane til Rettsgenetisk senter frå Folkehelseinstituttet til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT). Departementa foreslår derfor å flytte 6,2 mill. kroner til budsjetttramma til UiT på kap. 260 post 50 mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 719 post 79 under Helse- og omsorgsdepartementet.

Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet foreslår å overføre biblioteket frå Helse Stavanger HF til Universitetet i Stavanger. Departementet foreslår derfor å flytte 4,6 mill. kroner til kap. 260 post 50 mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 732 post 73 under Helse- og omsorgsdepartementet.

Kulturdepartementet gir tilskott til praktikantplassar ved Noregs musikkhøgskole. Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet foreslår å flytte 1,2 mill. kroner til praktikantplassar til Noregs musikkhøgskole på kap. 260 post 50 mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 323 post 78 under Kulturdepartementet.

I statsbudsjettet for 2015 vart Universitetet i Oslo (UiO) tildelt 10 mill. kroner til samarbeid med Simula Research Laboratory (Simula) og University of California, San Diego som ein del av satsinga på verdsleiarande miljø. UiO og Simula er

samde om å overføre midlane til Simula via Noregs forskingsråd. Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte 10,3 mill. kroner til kap. 285 post 52 under programkategori 07.70 Forsking mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 260 post 50.

Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) har ikkje lenger ansvaret for forvaltninga av sekretariatet for den nasjonale nemnda for politiattestar. Departementet foreslår derfor å flytte 113 000 kroner frå budsjetttramma til HiOA på kap. 260 post 50 til kap. 281 post 01.

Utdanningsdirektoratet tildeler i dag Universitetet i Agder (UiA) midlar til drift av nettstadene Skolebibliotek og Informasjonskompetanse. Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte 702 000 kroner i driftsmidlar for desse nettstadene til budsjetttramma til UiA på kap. 260 post 50 mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 226 post 21 under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Statstilskottet til Høgskolen for Ledelse og Teologi for 2016 og framover vil bli særskilt vurdert. Departementet har dialog med høgskolen om dette.

Statstilskottet til Den norske Eurytmihøgskole er avvikla frå og med andre halvår 2015. Det er derfor foreslått ein reduksjon av løyvinga på kap. 260 post 70 tilsvarande statstilskottet til Den norske Eurytmihøgskolen. Det særleg låge talet på studentar som er lagt til grunn for hausten 2015, inneber at høgskolen ikkje vil ha aktivitet i samsvar med formålet med tilskottsordninga for private høgskolar over kap. 260 post 70. Høgskolen har hatt ein særleg låg produktivitet i utdanninga og forskinga, og det er vesentlege manglar i rapporteringa til høgskolen om disponering av tidlegare utbetalt statstilskott.

Kap. 270 Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
71	Tilrettelegging for internasjonal mobilitet	16 174	16 708	17 193
74	Tilskott til velferdsarbeid	77 436	79 991	82 311
75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	336 885	408 500	717 446
	Sum kap. 0270	430 495	505 199	816 950

Post 71 Tilrettelegging for internasjonal mobilitet

Posten omfattar midlar til Fulbright-programmet og Association of Norwegian Students Abroad (ANSA).

Mål for 2016

Tilskottet skal medverke til internasjonal mobilitet for studentar og forskarar.

Rapport for 2014

I 2014 tildelte Kunnskapsdepartementet 7,7 mill. kroner til Fulbright-programmet. Midlane omfattar driftstilskott og midlar til stipendprogrammet. Fulbright-programmet er eit stipendprogram som støttar særleg kvalifiserte søkjarar til studium på mastergrads- og doktorgradsnivå i USA, og tilsvarande studentar frå USA som vil studere i Noreg. I tillegg blir det gitt stipend til forskarar frå Noreg og USA. 44 nordmenn fekk i 2013–14 stipend over dette programmet for å studere eller forske i USA.

Departementet tildelte 8,5 mill. kroner til ANSA i 2014. ANSA er studentsamskipnaden for norske studentar i utlandet. I tillegg til velferdstenester og tiltak har midlane gått til informasjonstiltak retta mot norske studentar i utlandet og utgifter til tilrettelegging for studium i utlandet.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å løyve 17,2 mill. kroner over kap. 270 post 71. Beløpet omfattar 8,1 mill. kroner til Fulbright Foundation og 9,1 mill. kroner til ANSA.

Post 74 Tilskott til velferdsarbeid

Posten omfattar tilskott til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene og tilskott til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar.

Mål for 2016

Tilskottsordninga skal medverke til studentvelferd ved utdanningsinstitusjonane og til å fremme interessene til studentane.

Rapport for 2014

Studentsamskipnadene gir rimelege og tilgjengelege velferdstilbod til studentane på campus. Tilskottet for 2014 har gått til velferdsarbeid. Velferdsarbeidet til studentsamskipnadene supplementer det generelle velferdstilbodet elles i samfunnet og er ein integrert del av det heilskaplege læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane. Studentsamskipnadene har velferdstilbod som kantine, bokhandel, idrettstilbod, helse- og rådgivingstenester, studentbustader, barnehage m.m.

I 2014 fusjonerte studentsamskipnadene i Buskerud og Vestfold. Studentvelferda er frå 1. januar 2015 organisert gjennom dei 21 studentsamskipnadene ved lærestadene i Noreg.

I fordelinga av midlar til studentsamskipnadene vart det teke særskilt omsyn til studentbarnehagane, i tråd med tidlegare fordelingsnøkkel. Det vart utbetalt 71,8 mill. kroner i tilskott til 22 studentsamskipnader med til saman 225 000 medlemmer.

Departementet utbetalte i 2014 5,7 mill. kroner til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar. Desse var International Students' Union of Norway, Norsk studentorganisasjon, BI studentsamfunn, Organisasjon for norske fagskolestudenter og Stipendiatorganisasjonene i Norge. Tilskottet har gått til å fremme interesser for studentane.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å løyve 82,3 mill. kroner over kap. 270 post 74. Departementet vil føre vidare ordninga som tek omsyn til studentbarnehagar i tråd med tidlegare fordelingsnøkkel. Tilskott til landsomfattande interesseorganisasjonar vil bli gitt etter søknad. Som tidlegare vil tilskottsordninga ikkje omfatte mindre organisasjonar der medlemmane òg er representerte gjennom dei landsomfattande interesseorganisasjonane.

Post 75 Tilskott til bygging av studentbustader, kan overførast

Posten omfattar midlar til studentsamskipnadene, og i særskilde tilfelle studentbustadstiftingar for bygging av studentbustader. Husbanken forvaltar tilskottsordninga for Kunnskapsdepartementet. Studentbustadene er eit supplement til den private bustadmarknaden.

Mål for 2016

Tilskottsordninga skal sikre bygging av studentbustader og medverke til å sikre ein rimeleg bustadsituasjon for studentar.

Rapport for 2014

Etter justering av løyvinga for 2014, jf. Innst. 109 S (2014–2015) og Prop. 25 S (2014–2015), vart løyvinga på posten om lag 300 mill. kroner. Det vart gitt tilsegn om tilskott til bygging og rehabilitering av 1 259 hybeleiningar i 2014. I 2014 vart 2 019 hybeleiningar stilte ferdig. Ved utgangen av 2014 disponerte studentsamskipnadene 37 069 hybeleiningar.

Budsjettforslag for 2016

Regjeringa foreslår å føre vidare nivået frå 2015 når det gjeld talet på tilsegner om tilskott til studentbustader for 2016. Dette er oppfølging av ved-

tak i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2015, jf. Innst. 360 S (2014–2015). For å kunne gi tilsegn om tilskott til 2 200 nye studenthybeleiningar i 2016 og for å dekkje opp for tidlegare tilsegner foreslår regjeringa at det blir løyvt 717,4 mill. kroner til studentbustader i 2016 over kap. 270 post 75.

Departementet foreslår å føre vidare den øvre kostnadsramma i pressområda Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø, Stavanger, Drammen, Kristiansand og Bodø på 800 000 kroner per hybeleining, der 300 000 kroner er fast statstilskott. Den øvre kostnadsramma i landet elles er på 700 000 kroner per hybeleining, der 240 000 kroner er fast statstilskott.

Departementet føreset at husleiga for bustader for studentar med nedsett funksjonsevne ikkje skal vere høgre enn det andre studentar betaler for ei hybeleining tilpassa éin person.

Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 617,2 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 276 Fagskoleutdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2014	budsjett 2015	2016
72	Annan fagskoleutdanning	65 376	66 747	68 683
	Sum kap. 0276	65 376	66 747	68 683

Fagskolelova stadfestar at fagskoleutdanning skal vere av høg kvalitet og sikre gode vilkår for studentane. Fagskoleutdanningane må vere kvalitets-sikra, fleksible og arbeidsmarknadsretta. I tillegg skal dei vere korte og yrkesretta og tilpassa ny teknologi og nye trendar i arbeidslivet. Fagskoleutdanningane må vere godkjende av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT).

Tilstandsvurdering

Det er i dag tre kjelder til finansiering av fagskoleutdanning: gjennom inntektssystemet for fylkeskommunane, som øyremerkte tilskott frå Helsedirektoratet til helse- og oppvekstfagleg fagskoleutdanning, og over kap. 276 post 72 til fagskoleutdanning i fag som kunst og film, dans, design, kristent livssyn, byggfag og jordbruk.

Kunnskapsdepartementets tilstandsrapport 2014 for fagskoleutdanning viser at det i 2014 var til saman 103 offentlege og private fagskolar. For-

delinga mellom dei private og dei offentlege fagskolane held seg stabil, med rundt 60 pst. private fagskolar og 40 pst. offentlege fagskolar. Mange av fagskolane er svært små, og om lag 40 pst. av dei har under 50 studentar. Over halvparten av fagskolane er lokaliserte på det sentrale austlandsområdet.

Det var 16 222 fagskolestudentar i 2014, og av desse var 61 pst. menn. 47 pst. av studentane gjekk på offentlege fagskolar, noko som er ein auke på tre prosentpoeng frå 2013. Talet på utdanningstilbod har auka med 22 pst. i perioden 2012–14, noko som er mykje meir enn auken i studenttal skulle tilseie.

Dei offentlege fagskolane har hatt ein vekst i studenttalet på tolv pst. i perioden 2012–14, medan talet på studentar ved dei private fagskolane i same periode gjekk ned med 2,6 pst., mellom anna på grunn av ein reduksjon i talet på private fagskolar. Delen fagskolestudentar med bakgrunn frå høgre utdanning har auka i dei siste åra, til

elleve pst. i 2014. Om lag 5 500 personar fullførte fagskoleutdanning i 2014.

Kunnskapsdepartementet nemnde i 2013 opp eit offentleg utval for å vurdere rolla og plassen til fagskoleutdanninga både i utdanningslandskapet og i høve til arbeidslivet. Eit av grunnlaga for fagskoleutvalet var ei utgreiing frå 2014 frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning, *Fylkeskommunene og fagskolen: til rettleiing for fagskoletilbud og kostnader ved fagskoleledrift*. Utvalet leverte rapporten NOU 2014:14 *Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg* ved utgangen av 2014. I rapporten til utvalet vart det fremma til saman 49 forslag til tiltak for myndigheita, fagskolane og arbeidslivet. Forslaga til utvalet gjeld mellom anna finansieringa av fagskolane, sikring av studentrettar, strukturtiltak og dimensjonering av fagskolesektoren. Innan høyringsfristen 25. mars 2015 har departementet motteke innspel frå 121 høyringsinstansar.

Departementet nemnde i 2013 opp ei ekspertgruppe for å greie ut regelverket for bruk av offentlege tilskott og eigenbetaling, i tillegg til tilsyn med private høgskolar og fagskolar. Ekspertgruppa overleverte rapporten *Private høyskoler og fagskoler i samfunnets tjeneste* i desember 2014. Ekspertgruppa foreslår tydelegare og strengare økonomisk regulering av og meir tilsyn med private høgskolar og fagskolar. Innan høyringsfristen 1. juni 2015 har departementet fått innspel frå 25 høyringsinstansar. Departementet vil vurdere oppfølging av rapporten og høyringsinnspela.

Strategiar og tiltak

Regjeringa vil etter planen leggje fram ei stortingsmelding om fagskoleutdanning hausten 2016 for å følgje opp råda frå fagskoleutvalet og høyringsinnspela til rapporten.

Departementet har i august 2015 sendt ut til høyring forslag til endringar i fagskolelova, mellom anna med siktemål å styrkje rettane til studentane. Høyringsfristen er 10. november 2015. Departementet foreslår meir detaljerte lovreglar om gjennomføring av eksamen, sensur, utesting og bortvising av studentar. Departementet foreslår òg krav til politiattest og vurderingar av dugleik. Vidare blir det foreslått å opprette heimel til å etablere nasjonal klagenemnd for fagskolestu-

dentar og krav til klagenemnda for fagskolane. Departementet foreslår òg at NOKUT får ansvaret for godkjenning av utanlandsk fagskoleutdanning. Målet for forslaga er mellom anna å skape like rettar for studentar ved fagskolar og universitet og høgskolar.

Departementet arbeider òg med å vurdere og følgje opp innspela og råda i rapporten *Private høyskoler og fagskoler i samfunnets tjeneste* og høyringsinnspela til denne.

Post 72 Anna fagskoleutdanning

Posten omfattar tilskott til fagskolar med utdanningstilbod i fag som kunst, film, design, kristent livssyn, byggfag og jordbruk.

Mål for 2016

Målet med tilskottet er å medverke til gode utdanningstilbod ved dei fagskolane som får tilskott over posten.

Rapport for 2014

I 2014 fekk 16 fagskolar tilskott på totalt 73,7 mill. kroner over kap. 276 post 72, og dei hadde til saman 652 studentar. To av fagskolane som tidlegare har fått tilskott over posten, vart avvikla i 2014. Den eine fagskolen vart avvikla på grunn av manglande rekruttering av studentar, medan NOKUT fjerna godkjenninga frå den andre fagskolen.

Dei resterande 14 fagskolane er geografisk spreidde, med ein fagskole i høvesvis Hordaland, Nordland, Møre og Romsdal og Rogaland, to fagskolar i Vest-Agder, tre i Oslo og fem i Akershus. Nær 90 pst. av studentane ved desse fagskolane tek utdanningar innanfor kunst og kristent livssyn, medan dei resterande studentane tek utdanningar innanfor film, dans, design, byggfag og jordbruk.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å løyve 68,7 mill. kroner til 14 fagskolar over denne posten. Sjå vedlegg 2 for tabell med fordeling mellom dei 14 fagskolane.

Kap. 280 Felles einingar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	82 220	79 392	80 614
21	Særskilde driftsutgifter	444	10	10
50	Senter for internasjonalisering av utdanning	67 016	70 082	81 254
51	Drift av nasjonale fellesoppgåver	146 896	171 018	174 914
71	Tilskott til UNIS	117 935	121 827	125 360
72	Tilskott til UNINETT	25 626	26 472	27 240
73	Tilskott til NORDUnet, <i>kan overføres</i>	27 356	24 694	33 352
	Sum kap. 0280	467 493	493 495	522 744

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar løyving til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT).

Mål for 2016

NOKUT skal medverke til at alle utdanningar ved norske universitet, høyskolar og fagskolar har tilfredsstillande kvalitet, at flest mogleg utdanningar er framifrå, og at samfunnet er godt informert om tilstanden i sektoren. NOKUT skal òg medverke til at personar med utanlandsk utdanning effektivt kan nytte kompetansen sin i Noreg, og at arbeidsliv og utdanningsinstitusjonar har god informasjon om kva utanlandsk kompetanse svarer til i Noreg. NOKUT skal ha ei effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsoppdraget og internasjonale standardar på området.

Rapport for 2014

NOKUT hadde ei driftsløyving på til saman 82,2 mill. kroner i 2014 over kap. 280 post 01. Kunnskapsdepartementet auka driftsløyvinga til NOKUT med 5 mill. kroner frå og med 2014 for å setje NOKUT betre i stand til å møte veksten i talet på søknader om godkjenning av utanlandsk utdanning i dei siste åra. I tillegg tildelte departementet 32,3 mill. kroner til NOKUT for 2014 over kap. 281 post 01. Av desse var 15,9 mill. kroner til ordninga med senter for framifrå utdanning (SFU), 5 mill. kroner til godkjenningsordninga for personar utan

verifiserbar dokumentasjon, 1,5 mill. kroner til arbeidet med Studiebarometeret, 9 mill. kroner til utvikling av nytt IKT-system og 900 000 kroner til å følgje opp kartlegging av læringsutbytteskildringar. Departementet tildelte òg 4,5 mill. kroner over kap. 281 post 45 til NOKUTs utvikling av IKT-systemet. Vidare tildelte departementet 660 000 kroner over kap. 258 post 21 til arbeidet til NOKUT med nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring og det europeiske kvalifikasjonsrammeverket. Desse tilleggsløyvingane heng tett saman med den ordinære driftsløyvinga og blir derfor rapporterte om nedanfor.

Organisasjonen har utvikla seg mykje i 2014, med mange nye oppgåver, nyttilsetjingar og flytting til nye lokale. NOKUT gjennomførte akkreditering av nye utdanningar, evalueringar av kvalitetssikringssystema ved institusjonar og etablerte i 2014 ei ny ordning for tilsyn med eksisterande verksemd og evalueringar utan sanksjonar. NOKUT har lagt vekt på eit meir målretta og effektivt tilsyn, større vekt på å stimulere til kvalitetsutvikling og betre brukarservice. NOKUT har òg publisert analysar og rapportar og har halde seminar om ulike tema. Dette har auka merksemda på kunnskapsgrunnlaget for kvaliteten i universitets- og høyskolesektoren.

I 2014 har NOKUT styrkt arbeidet som nasjonalt kontaktpunkt for det europeiske kvalifikasjonsrammeverket. På vegner av departementet forvaltar NOKUT ordninga med SFU. NOKUT rapporterer at dei fire SFU-ane kan vise til gode erfaringar i arbeidet med kvalitet og spreiding av resultatane. NOKUT mottok til saman 6 572 søkna-

der om godkjenning av utanlandsk utdanning i 2014. Samstundes har NOKUT arbeidd godt med å redusere restansane og har i 2014 redusert gjenomsnittleg sakshandsamingstid frå 3,1 månader til 1,3 månader.

NOKUT har arbeidd med kartlegging av arbeidsprosessar og utvikling av ulike løysingselement til det nye IKT-systemet. Prosjektet har vorte forseinka samanlikna med opprinneleg tidsplan, og NOKUT arbeider for å sikre gode løysingar for prosjektet. Framover arbeider NOKUT med å få på plass dei sentrale søknadsprosessane innanfor godkjenning av utanlandsk utdanning, norsk høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Studentundersøkinga *Studiebarometeret* vart gjennomført for andre gong hausten 2014. 58 000 studentar deltok i undersøkinga, og svarprosenten auka frå 32 pst. i 2013 til 42 pst. i 2014. Sjå omtale under kategoriinnleiinga.

Departementet vurderer at NOKUT samla sett hadde god måloppnåing i 2014.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei samla driftsløyving på 80,6 mill. kroner til NOKUT over kap. 280 post 01.

Nasjonalt kontaktpunkt for Det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF) vart etablert ved NOKUT våren 2010. Oppgåva knytt til EQF skal vere ein del av det faste oppdraget til NOKUT. Departementet foreslår derfor å flytte totalt 934 000 kroner til kap. 280 post 01 mot ein reduksjon på 467 000 kroner på høvesvis kap. 226 post 21 under programkategori 07.20 Grunnopplæringa og på kap. 258 post 21 under programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3280 post 01 og post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten omfattar mellom anna kostnader til det nasjonale arbeidet med kvalifikasjonsrammeverket, som NOKUT er eit kontaktpunkt for.

Rapport for 2014

Det var i 2014 ei meirutgift på 434 266 kroner på posten som skal sjåast i samanheng med meirinntekta på kap. 3280 post 01, jf. Meirinntektsfullmakta.

Sjå òg kap. 3280 post 01.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei løyving på 10 000 kroner, som kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3280 post 01 og post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1 og nr. 2.

Post 50 Senter for internasjonalisering av utdanning

Posten omfattar driftsmidlar til Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) og midlar til program og tilskott som SIU forvaltar.

Mål for 2016

SIU skal medverke til at internasjonalisering styrker kvalitetsutviklinga i norsk utdanning. SIU skal medverke til betre samordning og utvikling av arbeidet med internasjonalisering i samarbeid med relevante nasjonale og internasjonale aktørar. SIU skal ha ei effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsoppdraget sitt.

Rapport for 2014

Kunnskapsdepartementet tildelte 67 mill. kroner til SIU over kap. 280 post 50 i 2014. I tillegg tildelte departementet 8,3 mill. kroner til SIU over kap. 281 post 01, og av dette 1 mill. kroner til forvaltning i 2014 av strategien for høgre utdanningsamarbeid med Nord-Amerika og til saman 7,3 mill. kroner knytte til UTFORSK og andre internasjonaliseringstiltak. Desse løyvingane heng tett saman med driftsløyvinga til SIU og blir derfor rapporterte om nedanfor. Frå Kunnskapsdepartementet fekk SIU i tillegg tildelt midlar over programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m. og programkategori 07.70 Forsking.

Hovudverkeområdet til SIU er forvaltning av internasjonale samarbeidsprogram. SIU forvaltar program for mellom andre Kunnskapsdepartementet, Utanriksdepartementet, Norad, Nordisk ministerråd og EU-kommisjonen. Det er god aktivitet innanfor dei fleste programma.

SIU gjorde i 2014 ei omfattande vurdering av verkemiddelapparatet for internasjonalisering av høgre utdanning og internasjonalt høgre utdanningssamarbeid. Rapporten gir ein systematisk oversikt og viser at det eksisterer mange verkemiddel som støttar opp om studentmobilitet og den internasjonale orienteringa til institusjonane, frå studiefinansieringsordningane gjennom Statens lånekasse for utdanning, til partnerskapspro-

gram og omfattande multilaterale program. Rapporten gir eit godt grunnlag for vidareutvikling av verkemiddelapparatet.

SIU har ei viktig rolle som kompetansesenter for internasjonalisering. SIU har òg ei viktig rolle i å profilere Noreg i utlandet som eit attraktivt samarbeids- og studieland. SIU gjer ein god jobb på dette området.

SIU er frå 2014 nasjonalt kontor for EU-programmet Erasmus+, og Stortinget har i samband med dette vedteke å styrkje grunnløyvinga til SIU med 10 mill. kroner frå og med 2014. SIU har sidan lanseringa av programmet sett i gang ei rekke tiltak for å spreie informasjon om mogleghetene i programmet og lette overgangen frå EUs handlingsprogram for livslang læring (LLP), som frå 2014 vart avløyst av Erasmus+. Den praktiske implementeringa av det nye programmet har vore krevjande. I tillegg er det særlege utfordringar med for lågt tal på utgåande studentar frå Noreg i Erasmus+ (og tidlegare i LLP), og at den norske delen av midlar frå dei sentrale utlysingane under Erasmus+ (og LLP) gjennomgåande har vore for låg. Det er viktig at det er stor merksemd på desse hovudutfordringane i arbeidet framover.

UTFORSK er eit pilotprogram i samarbeid mellom SIU og Noregs forskingsråd og skal medverke til å styrkje koplinga mellom høgre utdannings- og forskingssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika. Programmet hadde første utlysing i 2013. Det vart gjennomført ei ny utlysing i 2014, og åtte av 28 søknader fekk innvilga støtte. I tillegg er det gjennomført fleire andre aktivitetar knytte til UTFORSK og dei tildelte midlane i 2014. Sjå programkategori 07.70 Forsking.

Det har òg vore god søkning til utlysing av prosjektmidlar under strategien for auka høgre utdanningssamarbeid med Nord-Amerika.

Departementet vurderer at SIU samla sett hadde god måloppnåing i 2014.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei samla løyving på 81,3 mill. kroner til SIU over kap. 280 post 50. Løyvinga er redusert med 500 000 kroner.

Strategien for auka høgre utdanningssamarbeid med Nord-Amerika blir avvikla i 2015, men departementet vil føre vidare løyvinga til høgre utdanningssamarbeid med USA og Canada. SIU vil få ansvaret for vidare oppfølging. Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte 10 mill. kroner til arbeidet inn i budsjetttramma til SIU mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 281 post 01.

Kunnskapsdepartementet foreslår at midlane i grunnløyvinga til SIU til administrasjon av kvoteordninga gradvis blir omdisponerte til forvaltning av eit nytt program for samarbeid med institusjonar i utviklingsland og strategien for høgre utdannings- og forskingssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika. Sjå kap. 281 post 01 og programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Avtalen til SIU under Trollavtalen med Université Toulouse 1 Capitole i Frankrike om Action Norvège gjeld ut 2015. Dersom avtalen ikkje blir fornya, vil SIU disponere frigiorte administrative midlar på om lag 300 000 kroner per år til andre tiltak for å stimulere til at norske studentar tek høgre utdanning i Frankrike.

Post 51 Drift av nasjonale fellesoppgåver

Posten omfattar løyvingar til Artsdatabanken, BIBSYS, CRISTin (Current Research Information System in Norway), Felles studieadministrativt tenestesenter (FSAT), Nasjonalt senter for realfagsrekruttering, Noregsuniversitetet (NUV) og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU). Dette er einingar for drift av nasjonale fellesoppgåver som er organiserte etter § 1-4 fjerde ledd i lov om universitet og høgskolar.

I 2014 vart det oppretta eit nytt Felles studieadministrativt tenestesenter (FSAT) gjennom å samorganisere sekretariatet for Felles studentsystem (FS), Samordna opptak (SO) og Seksjon for utvikling av nasjonale informasjonssystemer ved Universitetet i Oslo. Rapporteringa for 2014 er under omtalen av SO, medan mål og budsjettforslag for 2016 blir gitte for det nye FSAT.

Mål for 2016

Artsdatabanken skal gi offentleg forvaltning, organisasjonar og andre brukarar oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon om biologisk mangfald. Artsdatabanken skal òg vere ein pådrivar i utviklinga av infrastruktur for innsamling og formidling av data om det biologiske mangfaldet i Noreg.

BIBSYS skal gi universitet og høgskolar gode og kostnadseffektive bibliotektenester gjennom samarbeid om bibliotekfaglege fellessystem.

CRISTin skal gi forskinga auka verdi for samfunnet ved at forskning i fleire sektorar blir sett i samanheng. CRISTin skal òg dokumentere, presentere og gjere ope tilgjengeleg kvalitetssikra data om vitenskapleg publisering i ein felles nasjonal database. Publiseringsdata blir nytta mellom anna i finansier-

ingssystema for universitets- og høgskolesektoren, instituttsektoren og dei regionale helseføretaka.

FSAT skal forvalte, utvikle og halde ved like studieadministrative system og tenester for universitet og høgskolar. Tenestesenteret skal leggje til rette for og gjennomføre eit effektivt og korrekt studentopptak til grunnutdanningane ved universitet og høgskolar.

Nasjonalt senter for realfagsrekruttering skal i samarbeid med arbeidslivet og utdanningsinstitusjonane medverke til å styrkje dei matematiske, naturvitskaplege og teknologiske (MNT) faga. Senteret skal arbeide for å betre rekrutteringa til MNT-fag og for å auke kvinnedelen i MNT-retta fag og yrke.

NUV skal stimulere til utvikling og bruk av teknologi for læring og fleksible studietilbod i høgre utdanning. Vidare skal NUV fremme utdanningssamarbeid mellom høgre utdanning og arbeidsliv gjennom bruk av læringsteknologi.

PKU skal gjennom stipendiatprogrammet og prosjektprogrammet verke for at universitet og høgskolar utfører kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt, internasjonalt nivå. Programmet skal medverke til å fremme refleksjon og innsikt basert på kunstnarleg praksis, og stimulere til tverrkunstnarleg kommunikasjon og møtestader for dei relevante fagmiljøa.

Rapport for 2014

Artsdatabanken

Kunnskapsdepartementet tildelte 25,8 mill. kroner til Artsdatabanken i 2014. Artsdatabanken har ført vidare arbeidet med Artskart, og ved siste årsskifte var det registrert 19 mill. artsfunn fordelte på over 30 000 artar frå totalt 126 databasar og 34 dataeigarar. Artsdatabanken samarbeider med norske forskingsinstitusjonar om DNA-sekvensering og kuratering av data for norske artar (NorBOL). Dette arbeidet fekk eit løft i 2014, etter at Noregs forskingsråd innvilga støtte til etablering av ein nasjonal infrastruktur for DNA-strekkoding i 2013.

BIBSYS

Kunnskapsdepartementet tildelte 3,5 mill. kroner til BIBSYS i 2014. BIBSYS har i 2014 arbeidd vidare med det nye biblioteksystemet, som etter planen skal vere innført ved årsskiftet 2015–16. BIBSYS har samstundes drifta det nåverande biblioteksystemet og den felles søketenesta Oria for medlemsinstitusjonane i biblioteksystemkonsortiet.

CRISStin

Kunnskapsdepartementet tildelte 24,5 mill. kroner i driftsløyving til CRISStin over kap. 280 post 51 i 2014. I tillegg tildelte departementet 1,6 mill. kroner over kap. 281 post 01 til utvikling av den nye tekniske plattformen og søketenesta.

Systemet for rapportering av vitskaplege publikasjonar verkar tilfredsstillande. Arbeidet med å fremme open tilgang til vitskaplege publikasjonar heldt fram i 2014. I 2014 har CRISStin arbeidd med å utvikle ein ny versjon av systemet for å betre brukargrensesnittet og søketenesta. Første delen av det nye systemet var på plass i 2014, og fleire av dei nye funksjonane er tekne i bruk i løpet av 2015.

Nasjonalt senter for realfagsrekruttering

Nasjonalt senter for realfagsrekruttering vart i 2014 finansiert gjennom løyvinga til Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet over kap. 260 post 50. I tillegg tildelte departementet 6 mill. kroner over kap. 281 post 01 og 2,6 mill. kroner over kap. 226 post 21 til det arbeidet senteret har med ENT3R-prosjektet. Rapporteringa for tildelingane til senteret over høvesvis kap. 260, kap. 281 og kap. 226 er gitt samla nedanfor.

Rapportering frå Nasjonalt senter for realfagsrekruttering viser at i perioden 2010–14 har hovudopptaket til realfag og teknologiske fag auka med 40 pst. Det har òg vore ein auke i talet på kvinnelege søkjarar til desse studia i dei siste åra. Samstundes er det høgt fråfall i enkelte matematisk-naturvitskaplege fag.

Målet med ENT3R er å sikre kvalifiserte søkjarar til MNT-fag og ingeniøruddanning. Elevundersøkinga 2014 viser at ENT3R medverkar til auka meistring, sjølvtilitt og interesse for realfag. Det er ønskeleg med fleire jenter i realfaglege og teknologiske utdanningar, og ENT3R er eit tiltak som appellerer til jenter. Det er positive tilbakemeldingar frå samtlige studiestader som tilbyr ENT3R.

Noregsuniversitetet

Kunnskapsdepartementet tildelte 25,5 mill. kroner i drifts- og prosjektmidlar til NUV i 2014, og i tillegg 3 mill. kroner over kap. 281 post 01 for koordinering av tiltak for å fremme entreprenørskap i utdanning. Sistnemnde har medverka til å auke kvaliteten på undervisning i emne knytte til entreprenørskap i høgre utdanning.

Frå 2013 til 2014 har talet på søknader om støtte til utviklingsprosjekt for fleksibel og IKT-

støtta utdanning auka med om lag 50 pst., og 50 av totalt 141 søknader fekk tildelt støtte. I 2014 har NUV på ny kartlagt bruken av IKT i høgre utdanning, *Digital tilstand 2014*. Kartlegginga viser at det framleis er eit stort unytta potensial i sektoren når det gjeld å ta i bruk digitale verktøy i undervisning og læring. NUV har i samarbeid med Senter for IKT i utdanninga ført vidare arbeidet med den juridiske rettleiingstenesta, DelRett.

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid

I 2014 tildelte Kunnskapsdepartementet 33,8 mill. kroner til PKU, inkludert midlar til programdrift. 13 stipendiatar fullførte i 2014. Prosjektprogrammet fekk tolv søknader, og fem av prosjekta fekk støtte.

Samordna opptak

Kunnskapsdepartementet tildelte 33,9 mill. kroner til SO i 2014 over kap. 280 post 51. I tillegg tildelte departementet 1,7 mill. kroner over kap. 281 post 01 for arbeidet med å utvikle sakshandsaminga av søkjarar med opptaksgrunnlag frå utlandet. SO hadde ansvaret for studentopptak gjennom den nasjonale opptaksmodellen og handterte i 2014 om lag 122 000 søknader til høgre utdanning. SO hadde òg administrativt ansvar for drift av Nasjonal vitnemålsdatabase, felles klagenemnd for studentsaker og nasjonal klagenemnd for opptakssaker. SO handsama i tillegg saker frå særskilde grupper søkjarar, mellom anna søkjarar med utanlandsk utdanning.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei samla løyving på 174,9 mill. kroner over kap. 280 post 51.

Departementet foreslår ei løyving på 27,1 mill. kroner til Artsdatabanken, 3,7 mill. kroner til BIBSYS, og 25,8 mill. kroner til CRISin.

Departementet foreslår ei samla løyving på 38,3 mill. kroner til FSAT. Det omfattar ei flytting av 1,5 mill. kroner til budsjetttramma til FSAT på kap. 280 post 51 mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 281 post 01. Midlane blir tildelte i samband med samorganiseringa av FSAT. På bakgrunn av ny finansieringsordning for eID på nivå 4 blir 216 000 kroner flytte frå kap. 541 post 22 over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet til budsjetttramma til FSAT.

Vidare foreslår departementet ei løyving på 15,7 mill. kroner til Nasjonalt senter for realfags-

rekruttering. Løyvinga er redusert med 500 000 kroner.

Departementet foreslår 25,4 mill. kroner til NUV. Løyvinga er redusert med 1,4 mill. kroner. Departementet vil i 2016 vurdere mellom anna om NUV kan organiserast saman med andre aktørar i sektoren, jf. Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet*.

Departementet foreslår 39 mill. kroner til PKU. Dette inkluderer 22,9 mill. kroner til stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid og 5,6 mill. kroner til drift av stipendprogrammet, i tillegg til 10,5 mill. kroner til prosjektprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid.

Post 71 Tilskott til UNIS

Posten omfattar tilskott til Universitetscenteret på Svalbard AS (UNIS).

Mål for 2016

UNIS skal tilby høgre utdanning og drive forskning av høg internasjonal kvalitet med utgangspunkt i at Svalbard ligg i eit høgarktisk område.

Rapport for 2014

Departementet tildelte 117,9 mill. kroner til UNIS i 2014. UNIS er ei aktiv og utoverretta verksemd som leverer utdanning og forskning av høg internasjonal kvalitet, og som har nedslagsfelt nasjonalt og internasjonalt. UNIS har ein vesentleg plass på kunnskapsplattforma Svalbard. I 2014 vart det gjennomført om lag 190 studentårsverk ved UNIS, mot 175 i 2013. 45 pst. av studentane var norske i 2014. Studentar og tilsette ved UNIS utgjer ein viktig del av lokalsamfunnet på Svalbard. UNIS fekk òg finansiering frå Noregs forskingsråd og næringslivet.

Budsjettforslag for 2016

Kunnskapsdepartementet foreslår eit tilskott til UNIS på 125,4 mill. kroner.

Post 72 Tilskott til UNINETT

Posten omfattar driftstilskott til UNINETT AS.

Mål for 2016

UNINETT AS skal utvikle eit landsomfattande datanett og tilby avanserte tenester for forskning, formidling, forvaltning og utdanning, i samspel

med internasjonale forskingsnett i Europa og verda elles.

Rapport for 2014

Departementet tildelte 25,6 mill. kroner i driftsmidler til UNINETT AS over kap. 280 post 72. I tillegg tildelte departementet 15 mill. kroner over kap. 281 post 70 til vidare utvikling av eCampus. Arbeidet med eCampus heng tett saman med arbeidet elles i UNINETT og blir rapportert om nedanfor saman med det ordinære driftstilskottet.

I 2014 har UNINETT halde fram med utbygginga av forskingsnettet, mellom anna med oppgraderingar av kapasiteten. Ved utgangen av året hadde over 82 pst. av statlege universitet og høgskolar ei tilknytning på minst ti gigabit per sekund. Kapasitetskrava aukar stadig, og UNINETT viser til at det er nødvendig å halde fram med utbygging av reservevegar og -utstyr. Innanfor e-Campus-programmet har etablering av nasjonale tenester gått som planlagt, og med auka bruk av tenestene. Det er særleg brei deltaking og innsats i prosjektet om digital eksamen.

Budsjettforslag for 2016

Kunnskapsdepartementet foreslår eit tilskott på 27,2 mill. kroner til UNINETT AS over kap. 280 post 72. Departementet foreslår i tillegg midlar til UNINETT over kap. 281 post 70 til eCampus.

Post 73 Tilskott til NORDUnet AS, kan overførast

Posten omfattar tilskott til NORDUnet AS.

Mål for 2016

NORDUnet AS skal medverke til å sikre felles nettverksinfrastruktur for dei nordiske universitets- og høgskolesektorane og knyte dei til internasjonale nett og nett-tenester. Målet med tilskottet er å sikre norsk tilgang til det nordiske samarbeidet om ein IKT-infrastruktur i verdensklasse.

Rapport for 2014

Kunnskapsdepartementet tildelte 27,4 mill. kroner til NORDUnet AS i 2014. NORDUnet AS har i dei siste åra gjennomført ei stor nettverksoppgradering, og nettverket er nå på internasjonalt toppnivå. Samarbeidet om NORDUnet AS gjer det mogleg for dei nordiske landa å påverke utforming av og teknologiske løysingar i det internasjonale akademiske nettet og å oppnå meir kostnadseffektive løysingar enn om kvart land skulle operert aleine.

Budsjettforslag for 2016

Kunnskapsdepartementet foreslår eit tilskott på 33,4 mill. kroner til NORDUnet AS.

Kap. 3280 Felles einingar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2014	budsjett 2015	2016
01	Eksterne inntekter NOKUT	444	10	10
02	Salsinntekter o.a.	976	1 287	1 318
	Sum kap. 3280	1 420	1 297	1 328

Post 01

Løyvinga på post 01 gjeld eksterne inntekter NOKUT får i løpet av året, knytte til ulike prosjekt dei tek del i.

Post 02

Løyvinga på post 02 gjeld inntekter til NOKUT frå kurs og konferansar.

Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høyskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	156 544	121 853	209 703
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	61 500	11 857	24 867
50	Tilskott til Noregs forskingsråd	101 849	135 731	167 846
70	Andre overføringar, <i>kan nyttast under post 01</i>	52 728	46 388	66 475
73	Tilskott til internasjonale program	77 687	67 148	73 351
78	Tilskott til Universitets- og høyskolerådet	15 755	16 275	17 247
	Sum kap. 0281	466 063	399 252	559 489

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Posten omfattar midlar til ulike tiltak og prosjekt for å medverke til kvalitetsutvikling, samordning og andre fellestiltak på prioriterte område for å nå måla for universitets- og høyskolesektoren. Posten femner om dei fire måla for politikkområdet for høgre utdanning og forskning. Løyvinga kan nyttast under kap. 281 post 01 når midlane er til statlege aktørar, og under kap. 281 post 70 for tilskott til ikkje-statlege aktørar.

Mål for 2016

Midlane skal støtte opp under måla for universitets- og høyskolesektoren og prioriterte politikkområde.

Rapport for 2014

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2014 til saman 210 mill. kroner over kap. 281 post 01 og post 70. Av desse vart om lag 157 mill. kroner utbetalte over post 01 og om lag 53 mill. kroner over post 70. Rapporteringa er gitt i høve til hovudsatsingsområda på posten for 2014: kvalitet i utdanning, internasjonalt samarbeid, maritim strategi, likestilling og andre tiltak.

Kvalitet i utdanning

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2014 til saman 88 mill. kroner over kap. 281 post 01 til ulike tiltak for å fremme kvalitet i utdanning.

Ei hovudsatsing i 2014 var arbeidet med vidare utvikling av lærarutdanningar, og departementet tildelte 57,2 mill. kroner til ulike tiltak og prosessar i tilknytning til dette. Hovuddelen av midlane gjekk til arbeidet ved universitet og statlege høyskolar for å betre kompetanse og kapasitet for etter- og vidareutdanning for lærarar. Midlane er frå 2015 lagde inn i rammeløyvinga til institusjonane. Følgjegruppene for grunnskolelærarutdanningane og barnehagelærarutdanning vart òg førte vidare. Sjå kategoriomtalen.

I tillegg tildelte departementet 15,9 mill. kroner til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) for å koordinere og følgje opp ordninga med senter for framifrå utdanning. Sjå rapportering for NOKUT under kap. 280 post 01.

Departementet tildelte til saman 9,6 mill. kroner til realfags- og entreprenørtiltak mellom anna til Nasjonalt senter for realfagsrekruttering og Noregsuniversitetet. Sjå rapportering under kap. 280 post 51.

I tillegg tildelte departementet midlar til arbeidet med Studiebarometeret og læringsutbytte-skildringar, utdanningskvalitetsprisen, talentutviklingsprogrammet ved Noregs musikkhøgskole, nasjonal rekrutteringsstrategi for samisk høgre utdanning og andre mindre tiltak.

Internasjonalt samarbeid

Departementet tildelte 8,3 mill. kroner til internasjonalt samarbeid, i hovudsak til tiltak forvalta gjennom Senter for internasjonalisering av utdanning. Sjå rapportering under kap. 280 post 50.

Maritim strategi

Departementet tildelte 18,5 mill. kroner til MAR-KOM2020-prosjektet i 2014. Midlane har lagt grunnlaget for å betre kvaliteten gjennom mellom anna eit styrkt samarbeid om læremidlar, undervisning og rekruttering. I 2014 starta arbeidet med å byggje ein nasjonal fellesgrad for forskarutdanning innanfor maritime operasjonar. Erfaringar med delprosjektet MARFAG2020 er at samarbeid har medverka til større samspill og effektivitet i fagskolane.

Likestilling

Departementet tildelte til saman 6,8 mill. kroner til utteljing i insentivordninga for tilsetjing av kvinner i høgre vitskaplege stillingar i MNT-fag og til likestillingsprisen, som vart tildelt Simula Research Laboratory.

Andre tiltak

Departementet tildelte i overkant av 36 mill. kroner over kap. 281 post 01 til andre tiltak for å medverke til å nå måla for sektoren.

Det omfatta til saman 14 mill. kroner til NOKUT til arbeidet med oppgradering av IKT-systemet og godkjenning av utanlandsk utdanning. Sjå rapportering under kap. 280 post 01.

Departementet gav i 2014 tilleggsløyvingar til CRISTin og Samordna opptak. Sjå rapportering under kap. 280 post 51.

Ein del av løyvinga i 2014 er tildelt oppdrag i samband med analysar og konsekvensutgreiingar, NOU-arbeid og ulike ekspertgrupper som er sette ned av regjeringa. Ekspertgruppa som har vurdert finansiering av universitet og høgskolar, la fram rapporten *Finansiering for kvalitet, mangfold og samspill* i januar 2015. Ekspertgruppa som har vurdert regelverket for tilsyn og kontroll med private høgskolar og fagskolar, la fram rapporten *Private høyskolar og fagskolar i samfunnets teneste* i desember 2014. Fagskoleutvalet leverte innstillinga *Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg* i desember 2014, og MOOC-utvalet leverte innstillinga *MOOC til Norge. – Nye digitale læringsformer i høyere utdanning* i juni 2014.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei samla løyving på 276,2 mill. kroner på kap. 281 post 01 og post 70 i 2016. Av desse foreslår departementet å løyve 209,7 mill. kroner over post 01 og 66,5 mill. kroner over

post 70. Departementet foreslår ein auke samanlikna med 2015 mellom anna for å følgje opp ny femårig mastergrad i grunnskolelærerutdanninga, nye senter for framifrå utdanning og nasjonal nettskyteneste i sektoren. Departementet foreslår å flytte nokre midlar frå kap. 281 post 01 til andre kapittel og postar. Det gjeld midlar til høgre utdanningssamarbeid med Nord-Amerika som blir forvalta av Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) over kap. 280 post 50 og midlar til Felles studieadministrativt tenestesenter (FSAT) over kap. 280 post 51.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3281 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Senter for framifrå utdanning (SFU) er eit viktig verkemiddel for å stimulere til kvalitetsutvikling i høgre utdanning. Etablering av fleire senter vil skape meir merksemd om kunnskapsbasert arbeid med kvalitet i utdanninga i fleire fagmiljø og institusjonar. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga til SFU-ordninga med 25 mill. kroner til om lag 45 mill. kroner i 2016 for å kunne opprette fleire senter.

Læraren er den viktigaste ressursen i skolen og avgjerande for god kvalitet i opplæringa. For å følgje opp *Lærerloftet* foreslår Kunnskapsdepartementet ei samla løyving på 38,8 mill. kroner over kap. 281 post 01. Sjå kap. 260 post 50 og omtale av *Lærerloftet* under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

I tillegg kjem midlar til å leggje til rette for nasjonale deleksammar innanfor profesjonsutdanningar, herunder den nye grunnskolelærerutdanninga. Vidare foreslår departementet midlar til utdanningskvalitetsprisen, *Studiebarometeret*, følgjegruppa for barnehagelærerutdanninga og midlar til arbeid i regi av OECD, evalueringar av og oppdrag om utvikling av kvalitet i sektoren.

Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Kunnskapsdepartementet foreslår om lag 9 mill. kroner til ei ordning som legg til rette for at norske universitet og høgskolar kan etablere og vidareutvikle institusjonelle partnerskapar med institusjonar i utviklingsland. Programmet skal støtte institusjonelt samarbeid mellom norske institusjonar og institusjonar i sør, og studentmobilitet skal vere eit element i programmet. SIU skal forvalte programmet. Regjeringa foreslår å avvikle støtte-

ordninga for studentar frå utviklingsland, land på Vest-Balkan, i Aust-Europa og i Sentral-Asia (kvoteordninga), jf. omtale under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte. For regjeringa er det viktig at kvoteordninga blir erstatta av partnerskapsprogrammet for samarbeid med institusjonar i eit utval utviklingsland. Kunnskapsdepartementet vil derfor bruke om lag halvparten av midlane frå kvoteordninga til partnerskapsprogrammet for samarbeid med institusjonar i eit utval utviklingsland. Løyvinga til programmet vil auke etter kvart som kvoteordninga blir fasa ut, og vil etter kvart òg omfatte midlar frå Utanriksdepartementet.

Departementet foreslår at resten av midlane frå kvoteordninga, om lag 9 mill. kroner, vil bli brukt til tiltak under strategien for forskings- og høgre utdanningssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika, som vil gjelde for perioden 2016–20. I tillegg blir løyvinga til UTFORSK-programmet og andre internasjonaliseringstiltak foreslått ført vidare. Til saman utgjer det om lag 19 mill. kroner. Sjå nærare omtale av samarbeidsstrategien under programkategori 07.70 Forsking.

Regjeringa ønskjer å styrkje den maritime utdanninga for å medverke til fleire høgt kvalifiserte kandidatar og til at norsk maritim næring hevdar seg i den internasjonale konkurransen. Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løyvinga til MARKOM2020 med 20 mill. kroner til 38,5 mill. kroner. Sjå kap. 281 post 45 for forslag om midlar til utstyr i maritim høgre utdanning.

I tillegg foreslår departementet midlar til FSAT for å utvikle vidare ein nasjonal vitnemålsdatabank og midlar til analysar av og oppdrag om korleis forskning og utdanning møter behova for å fremme velferd, verdiskaping og omstilling.

God tilgang til utdanning

Departementet foreslår 13 mill. kroner til ulike tiltak for at flyktningar og andre innvandrarar som nyleg har komne til Noreg, skal kunne bruke kompetansen dei har til å kome raskt ut i arbeidslivet.

I tillegg foreslår departementet å løyve midlar for å stimulere til utvikling av Y-veggar innanfor fleire fagområde og å føre vidare stipendordninga under samarbeidsavtalen med Russland.

Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Departementet foreslår 7,8 mill. kroner til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) for å gjennomføre IKT-prosjektet som vart sett i gong i

2014. Departementet foreslår eingongsløyvingar til samlokaliseringsarbeida i FSAT og CRISTin, og i SIU. I tillegg foreslår departementet midlar for å føre vidare arbeidet med å integrere CRISTin-systemet med andre informasjonssystem og midlar til utgreiingar og oppdrag i samband med utvikling av ein effektiv og mangfaldig sektor.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overført

Posten omfattar midlar til investeringar i utstyr og vedlikehald i sektoren.

Mål for 2016

Midlane skal medverke til gode fasilitetar og utstyr i universitets- og høgskolesektoren.

Rapport for 2014

Kunnskapsdepartementet tildelte 61,5 mill. kroner i 2014 over kap. 281 post 45.

Departementet tildelte 50 mill. kroner i ei eingongsløyving til vitskapleg utstyr til ingeniør- og teknologiutdanningane ved 16 universitet og høgskolar for å heve kvaliteten i utdanningane.

Departementet tildelte 7 mill. kroner til oppgradering av datasystemet ved Samordna opptak. Sjå rapportering under kap. 280 post 51.

Departementet tildelte NOKUT 4,5 mill. kroner til investering i nytt IKT-system over kap. 281 post 45, i tillegg til 9 mill. kroner over kap. 281 post 01. Sjå kap. 280 post 01.

Budsjettforslag for 2016

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 24,9 mill. kroner over kap. 281 post 45.

Auken i talet på studentar på mastergradsnivå i maritim utdanning gjer det nødvendig med ei auka satsing på utstyr. Departementet foreslår 15 mill. kroner i 2016 til utstyr i maritim profesjonsutdanning. Satsinga følgjer opp den maritime strategien til regjeringa. Sjå kap. 281 post 01 for forslag om ein auke i løyvinga til MARKOM2020.

Noregs idrettshøgskole må leige lokale til undervisning i samband med rehabilitering av bygningsmassen ved høgskolen. Departementet foreslår 4,9 mill. kroner i 2016 til Noregs idrettshøgskole til husleige av mellombelse lokale.

Departementet foreslår 3 mill. kroner til Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet til samfinansiering med Agri og Landbruks- og matdepartementet av nytt reiskapshus og silo.

Universitetet i Nordland har flytt inn i nybygg. Departementet foreslår 2 mill. kroner til innreiing og utstyr til universitetet i samband med flyttinga.

Post 50 Tilskott til Noregs forskingsråd

Posten omfattar strategiske midlar kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd til ulike forskingsprogram og satsingar på og for universitets- og høgskolesektoren for å styrkje både kvalitet og kvantitet på forskning og forskarutdanning, mellom anna innanfor profesjons- og praksisretta utdanningar.

Mål for 2016

Tilskottet skal styrkje universitet og høgskolar som innovasjonsaktørar, gi meir og betre forskning i høgskolane og i profesjonsfaga, og fremme forskning ved universitetsmusea.

Rapport for 2014

Kunnskapsdepartementet tildelte 101,8 mill. kroner til ulike program gjennom Noregs forskingsråd over kap. 281 post 50 i 2014.

Departementet tildelte 13 mill. kroner til FORNY2020 i 2014. Programmet er ei viktig kjelde til finansiering av verksemda ved norske kommersialiseringsaktørar, særskilt TTO-ane (Technology Transfer Office) ved universiteta. I 2014 kom det inn 740 kvalifiserte idear frå forskingsmiljøa til TTO-ane. Det er ei utfordring at TTO-ane har større tilfang på forretningsidear og prosjekt enn dei har ressursar til å følgje opp. Sjå Prop. 1 S (2015–2016) frå Nærings- og fiskeridepartementet for meir informasjon om FORNY2020.

Strategiske høgskoleprosjekt (SHP) vart tildelt 40 mill. kroner i 2014. Programmet har auka merksemda på FoU og har styrkt forskingskvaliteten og forskingskompetansen ved høgskolane. Programmet har òg stimulert til betre samspel mellom forskingsmiljøa på høgskolane og næringsliv og offentleg sektor. Innanfor SHP vart det utført 23 stipendiatårsverk og avlagt fire doktorgradar i 2014. Inneverande programperiode er 2012–17.

Kunnskapsdepartementet finansierte forskingsprogramma Praksisretta utdanningsforskning og Utdanning2020 med høvesvis 8 mill. kroner og 7,5 mill. kroner over kap. 281 post 50 i 2014. Dei to programma vart slåtte saman til eitt program for forskning og innovasjon i utdanningssektoren, FINNUT, for perioden 2014–23. FINNUT har lyst ut og gitt løyving til 16 forskarprosjekt, åtte kom-

petanseprosjekt og tolv forprosjekt til innovasjonsprosjekt i 2014. Det er registrert 19,2 stipendiatårsverk.

Kunnskapsdepartementet tildelte 5 mill. kroner til Nasjonal forskarskole for lærarutdanning (NAFOL) i 2014. Programmet har medverka til å auke rekrutteringa og styrkje kvaliteten på forskarutdanninga innanfor lærarutdanningane. Frå og med 2016 blir NAFOL finansiert gjennom FINNUT.

Strategisk FoU-program for universitetsmusea vart tildelt 5,8 mill. kroner i 2014. Midlane har gått til tre prosjekt: arkeologi (forskning i fellesskap), forskarskole i biosystematikk og museumsvitenskap/museologi. Prosjekta har ført til meir fagleg samarbeid om forskning, mellom anna gjennom tilslag på fleire eksternt finansierte forskingsprosjekt og styrkt rekruttering. Programmet blir avslutta i 2015 med utstillingar ved alle musea under den felles tittelen *Kolonisering*.

Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI) vart tildelt 3 mill. kroner frå departementet i 2014. VRI har medverka til å styrkje dialogen mellom FoU-miljø, næringsliv og fylkeskommunane. Programmet har finansiert 15 regionale samhandlingsprosjekt, seks innovasjonsforsknings- og synteseprosjekt og ein forskarskole (Norwegian Research School in Innovation) i 2014. VRI er nå inne i siste periode, VRI3 (2014–16), der prosjekta er færre og større.

Kunnskapsdepartementet tildelte 2 mill. kroner til kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken (FORFI) i 2014. Det er innrapportert i alt 22 publiserte artiklar i periodika, seriar og antologiar, samt ein monologi. Programmet hadde avslutningskonferanse i februar 2015. Sjå programkategori 07.70 Forskning.

PRAKSISVEL vart tildelt 9,8 mill. kroner frå departementet i 2014 for å styrkje grunnlaget for kunnskapsbasert utdanning og yrkesutøving i helse- og velferdstenestene. Programmet har vore finansiert av fleire departement. Det vart tildelt midlar til ni forprosjekt og fire forskarprosjekt. Satsinga har ført til ei styrking av praksisretta FoU innanfor helse- og sosialfaga. Programmet går inn i ei større satsing (HELSEVEL) frå 2015.

Departementet tildelte 7,8 mill. kroner til 50 nye rekrutteringsstillingar i ordninga for næringsph.d. og ei tilsvarande ordning for offentleg sektor-ph.d. I ordninga for næringsph.d. var det i 2014 totalt 174 aktive prosjekt, og det vart avlagt 19 doktorgradar. Sjå Prop. 1 S (2014–2015) frå Nærings- og fiskeridepartementet. Ordninga for offentleg sektor-ph.d. hadde første utlysing i 2014, og det vart tildelt midlar til 24 prosjekt.

Budsjettforslag for 2016

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 167,8 mill. kroner over kap. 281 post 50.

Departementet foreslår midlar til vidareføring av SHP, VRI, FORFI, FINNUT, HELSEVEL og forskarskolane i arkeologi og biosystematikk ved universitetsmusea.

Verkemiddelapparatet for kommersialisering av offentleg finansiert forskning, særleg TTO-ane, har behov for betre finansielle rammer for prosjekt- og infrastrukturutvikling. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga til FORNY2020 med 15 mill. kroner for å styrkje finansieringa av kommersialisering av offentleg finansiert forskning.

Kunnskapsdepartementet ønskjer ei ordning der forskingsinstitutta kan søkje om midlar i Noregs forskingsråd til fusjonar og tettare samarbeid mellom institusjonar i institutt-, universitets- og høgskolesektoren og innanfor instituttsektoren. Departementet foreslår 10 mill. kroner til ordninga, som vil bli forvalta av Noregs forskingsråd. Sjå kap. 260 post 50 og kap. 281 post 70.

Som del av langtidsplanen for forskning og høgre utdanning, Meld. St. 7 (2014–2015), foreslår Kunnskapsdepartementet 7,8 mill. kroner til 40 rekrutteringsstillingar til ordningane for nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d. over kap. 281 post 50. Midlane til halvparten av desse rekrutteringsstillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Sjå kap. 260 og programkateogri 07.70 Forsking.

Post 70 Andre overføringar, kan nyttast under post 01

Midlar over kap. 281 post 01 kan vere retta mot statlege og ikkje-statlege aktørar. Løyvinga blir nytta under kap. 281 post 70 når det er tilskott til ikkje-statlege aktørar. Sjå kap. 281 post 01 for omtale av mål for 2016.

Rapport for 2014

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2014 til saman 52,7 mill. kroner over kap. 281 post 70. Rapporteringa er gitt i høve til hovudsatsingsområda for 2014: kvalitet i utdanning, internasjonalt samarbeid, likestilling og andre tiltak.

Kvalitet i utdanning

UHR vart tildelt 2 mill. kroner til arbeid med nasjonale retningslinjer for lærarutdanningane ved

Nasjonalt råd for lærarutdanning og til saman 5 mill. kroner for å følgje opp Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd*. Midlane har gått til å koordinere eit nasjonalt arbeid for å auke kvaliteten på og styrkje relevansen av dei eksterne praksisstudia i helse- og sosialfagutdanningane og utvikle innhaldet i utdanningane. Sjå kap. 281 post 78.

Departementet tildelte 1 mill. kroner til NLA Høgskolen i samband med utvikling av etter- og vidareutdanning for lærarar. Sjå rapportering om tilsvarende tiltak under kap. 281 post 01.

Internasjonalt samarbeid

Tilskottet til International Council for Open and Distance Education (ICDE) vart i 2014 ført vidare med 2,4 mill. kroner. ICDE har fått auka medlemsmasse i 2014. Midlane har medverka til å styrkje det internasjonale arbeidet innanfor fjernundervisning og fleksibel læring.

Likestilling

Departementet tildelte 2,7 mill. kroner til Komite for kjønnsbalanse og mangfold i forskning. Komiteen har brukt det første året til å utvikle og operasjonalisere ein strategi for arbeidet i hele komitéperioden 2014–17. Komiteen har arbeidd særskilt med etnisk mangfald i høgre utdanning og forskning.

Andre tiltak

Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) ved Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS er ei sentral informasjonskjelde til og om sektoren. I 2014 var driftstilskottet til DBH på 15,1 mill. kroner.

UNINETT fekk tildelt 15 mill. kroner for å føre vidare arbeidet med oppgradering av nettinfrastrukturen i sektoren gjennom eCampus. Sjå kap. 280 post 72.

Departementet utbetalte 6,25 mill. kroner i 2014 til Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) for arbeidet i det strategiske forskingsprogrammet for perioden 2013–14. Kvalitet og samspel var det sentrale temaet i analysane i 2014.

Departementet gav til saman 1,3 mill. kroner i tilskott til NIFU i 2014 for arbeidet med kandidaturundersøkinga. Undersøkinga gir kunnskap om overgangen frå utdanning til arbeidsliv og vurderinga kandidatane har av utdanningane.

Publiseringsutvalet, som Universitets- og høgskolerådet (UHR) har etablert på oppdrag frå

Kunnskapsdepartementet, har fagleg ansvar for utvikling og fagleg drift av System for dokumentasjon av vitenskapleg publisering. Departementet tildelte 1,7 mill. kroner til arbeidet i 2014.

Departementet tildelte UHR 250 000 kroner til oppretting av eit fagstrategisk organ for samisk høgre utdanning og forskning i 2014. Dette er ei oppfølging av rapporten *Langs lange spor – om samisk forskning og høgere utdanning*, som vart overlevert Kunnskapsdepartementet i 2012.

Budsjettforslag for 2016

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 66,5 mill. kroner over kap. 281 post 70 i 2016. Tiltaka er kategoriserte etter dei fire måla for politikkområdet for høgre utdanning og forskning.

Departementet foreslår å flytte 500 000 kroner frå kap. 281 post 70 til kap. 281 post 78 i samband med at midlar til eit fagstrategisk organ for samisk høgre utdanning og forskning blir lagte inn i budsjettramma til UHR. Sjå kap. 281 post 78.

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Departementet vil i samband med *Lærerloftet* vurdere prosessar for å utvikle og fastsetje nye nasjonale retningslinjer for lærarutdanningane, som til dømes den nye grunnskolelærarutdanninga. Som del av arbeidet foreslår departementet å føre vidare tilskottet på 2 mill. kroner til UHR for å halde fram med arbeidet med nasjonale retningslinjer for lærarutdanningane.

Departementet foreslår 2,1 mill. kroner i 2016 til Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) for å gjennomføre den årlege kandidatundersøkinga.

Departementet foreslår i tillegg midlar til andre tiltak for å medverke til høg kvalitet i utdanning og forskning.

God tilgang til utdanning

Departementet foreslår å føre vidare tilskottet til International Council for Open and Distance Education (ICDE) med 2,55 mill. kroner for å følgje opp forpliktingar i samband med det internasjonale arbeidet innanfor fjernundervisning og fleksibel læring.

Det har vore lagt til grunn eit tilskott frå Kunnskapsdepartementet til UNINETT for utvikling av eCampus på til saman 70 mill. kroner i perioden 2011–16. I tråd med dette foreslår departementet eit tilskott på 9,5 mill. kroner til UNINETT til dette arbeidet i 2016.

Som oppfølging av revidert nasjonalbudsjett for 2015 foreslår departementet å flytte tilskottet til Høgskolesenteret i Kristiansund frå budsjett-ramme til Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole i logistikk, til høgskolesenteret, jf. Innst. 360 S (2014-2015). Dette inneber ein auke på 4,24 mill. kroner på kap. 281 post 70 mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 260 post 50.

Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskningssystem

I samband med strukturreforma er det behov for å utvikle sikre løysingar for nettskyteneste for universitets- og høgskolesektoren og etablere felles systemløyvingar og digitale brukartenester der dette ikkje allereie er på plass. Departementet foreslår eit tilskott til UNINETT på totalt 15 mill. kroner for å etablere ei felles nasjonal nettskyteneste og til tiltak for betre administrative tenester for sektoren. Sjå kap. 260 post 50 og kap. 281 post 50.

Departementet foreslår eit tilskott på 17,2 mill. kroner til Norsk samfunnsvitenskapelig data-tjeneste, som forvaltar DBH.

Tilskottet til Komité for kjønnsbalanse og mangfold i forskning vart auka og samla på éin post i 2015. Departementet foreslår å føre vidare tilskottet på 5 mill. kroner til UHR for arbeidet til komiteen.

Kunnskapsdepartementet foreslår eit tilskott på 1,75 mill. kroner til arbeidet i Publiseringstutvalet i regi av UHR.

Post 73 Tilskott til internasjonale program

Posten omfattar tilskott til den nordiske avtalen om tilgang til høgre utdanning.

Mål for 2016

Målet er å auke det internasjonale samarbeidet i høgre utdanning gjennom ein nordisk avtale om tilgang til høgre utdanning.

Rapport for 2014

Samla vart det tildelt om lag 77,7 mill. kroner over posten i 2014. 64,7 mill. kroner vart i 2014 tildelt Nordisk ministerråd for avtalen om gjensidig tilgang til høgre utdanning på tvers av dei nordiske landa. Avtalen sikrar at norske søkjarar til høgre utdanning i andre nordiske land blir handsama likt med nasjonale søkjarar ved opptak. Det same gjeld andre nordiske statsborgarar som søker

opptak til høgre utdanning i Noreg. Avtalen vart frå 2013 forlengd med tre år. Det er vedteke at avtalen blir forlengd inntil vidare. I studieåret 2013–14 studerte 3 513 norske studentar i andre nordiske land, noko færre enn året før. I det same studieåret var det totalt 982 studentar frå nordiske land i Noreg, ein auke frå året før.

13 mill. kroner over kap. 281 post 73 gjekk i 2014 til å betale delar av det beløpet som er igjen knytt til deltaking i EUs utdanningsprogram Erasmus Mundus. Erasmus Mundus har mellom anna ført til vekst i talet på internasjonale fellesgradar i Noreg. Institusjonane som har teke del i programmet, vurderer at fellesgradane har medverka til å betre den faglege utdanningskvaliteten og omdømmet til norsk høgre utdanning.

Frå 2014 tek Noreg del i EUs utdannings- og ungdomsprogram Erasmus+, som slår saman og byggjer på EUs program for livslang læring (LLP), Aktiv Ungdom og Erasmus Mundus. Midlar til prosjekt som allereie er i gang under Erasmus Mundus, vart frå 2015 løyvde over kap. 252 post 70 under programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.

Budsjettforslag for 2016

Kunnskapsdepartementet foreslår 73,4 mill. kroner til den nordiske avtalen om tilgang til høgre utdanning.

Post 78 Tilskott til Universitets- og høgskolerådet

Posten omfattar driftstilskott til Universitets- og høgskolerådet (UHR) og til aktivitet som er koordinert gjennom rådet, inkludert tilskott til utgiving av lærebøker.

Mål for 2016

UHR skal fremme samordning mellom universitet og høgskolar innanfor høgre utdanning, forskning, formidling og ressursforvaltning.

Rapport for 2014

Kunnskapsdepartementet tildelte 15,8 mill. kroner til UHR i 2014 over kap. 281 post 78. Dette inkluderer 5,1 mill. kroner til støtte for utgiving av norskspråklege lærebøker for høgre utdanning. Kunnskapsdepartementet gav i tillegg tilskott til UHR over kap. 281 post 70 til koordinering og prosjekt innanfor lærarutdanning, helse- og sosialfagutdanningane, publiseringsutvalet og oppfølging av samisk høgre utdanning og forskning. Sjå kap. 281 post 70.

I 2014 vart Nasjonal fagstrategisk eining for helse- og sosialutdanningane etablert, og i tillegg vart faga organiserte i 14 nasjonale profesjonsråd. Det er etablert tre nasjonale samarbeidsorgan mellom universitets- og høgskolesektoren, helsesektoren, barnevernet og arbeids- og velferdstenestene. Formålet med samarbeidsorgana er å vere ein møteplass for å drøfte felles problemstillingar innanfor utdanning og forskning. UHR har i 2014 arrangert seminar og fellesmøte for sektoren, noko som har vore gode møteplassar for erfaringsutveksling for aktuelle fag og problemstillingar.

Tilskottet til UHR har vore med på å fremme koordinering og samordning mellom universitet og høgskolar innanfor høgre utdanning, forskning, formidling og ressursforvaltning.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei samla løyving på 17,2 mill. kroner. Beløpet omfattar 5,5 mill. kroner til støtte for utgiving av norskspråklege lærebøker for høgre utdanning.

UHR har fått midlar til oppretting av eit fagstrategisk organ for samisk høgre utdanning og forskning over kap. 281 post 70. Ettersom dette er ei varig oppgåve, foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte midlane inn i budsjetttramma til UHR. Departementet foreslår derfor å flytte 500 000 kroner til kap. 281 post 78 mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 281 post 70.

Kap. 3281 Felles tiltak for universitet og høgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2014	Saldert budsjett 2015	
02	Salsinntekter o.a.		10	10
	Sum kap. 3281		10	10

Programkategori 07.70 Forsking

Utgifter under programkategori 07.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
283	Meteorologiformål	360 478	379 191	434 086	14,5
284	Dei nasjonale forskingsetiske komitéane	17 871	18 132	17 025	-6,1
285	Noregs forskingsråd	2 986 629	3 259 895	3 614 730	10,9
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	501 508	498 155	518 833	4,2
288	Internasjonale samarbeidstiltak	1 845 653	2 348 719	2 695 185	14,8
	Sum kategori 07.70	5 712 139	6 504 092	7 279 859	11,9

Inntekter under programkategori 07.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	219 022	6 000 000		-100,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	4 717	4 599	5 578	21,3
	Sum kategori 07.70	223 739	6 004 599	5 578	-99,9

Innleiing

Kunnskapsdepartementet har sett fire mål for forskning og høgre utdanning, jf. figur 1.2. Mål for Kunnskapsdepartementet. Programkategori 07.70 omhandlar forskning, og korleis løyvingane under denne kategorien bidrar til måla for Kunnskapsdepartementet. Tre av måla til departementet er relevante for løyvingane under denne programkategorien:

- høg kvalitet i utdanning og forskning
- forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling
- effektiv, mangfaldig og robust høgre utdanningssektor og forskningssystem

Størstedelen av programkategorien omfattar løyvingar til forskning gjennom Noregs forskingsråd. Forskingsrådet spelar ei sentral rolle i det norske forskningssystemet. Løyvingane til Forskingsrådet over denne programkategorien utgjer i underkant av 40 pst. av dei samla løyvingane frå departementa til Forskingsrådet. Løyvingane finansierer i hovudsak langsiktig, grunnleggjande forskning, strategiske satsingar og forskingsinfrastruktur. Grunnløyvinga til universitet og høgskolar dekkjer òg forskning og forskarutdanning. Dette er nærmare omtalt under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Norsk samarbeid med EU om forskning og innovasjon og norsk deltaking i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar blir òg finansierte innanfor programkategori 07.70. Programkategorien omfattar

også basisløyvingar til dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta, løyvingar til dei regionale forskingsfonda, dei nasjonale forskingsetiske komiteane og Meteorologisk institutt.

Regjeringa la i fjor fram ein langtidsplan for forskning og høgre utdanning, Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024*. Måla og prioriteringane i langtidsplanen er konsistente med målbileta i tidlegare forskingsmeldingar, men er òg ei utdjuping og ei sterkare prioritering av kva for område regjeringa vil styrkje innsatsen på. Status for langtidsplanen er nærmare omtalt i del III kap. 5 Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgre utdanning.

Tilstandsvurdering

Tilstandsvurderinga er strukturert etter måla for Kunnskapsdepartementet.

Mål: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Høg kvalitet i forskinga er eit sentralt mål i forskingspolitikken. I dei siste åra har fleire rapportar og evalueringar av det norske forskingssystemet konkludert med at norsk forskning gjennomgåande er god, men ho kan bli betre. Vi har òg for få fagmiljø som hevdar seg i verdstoppen. I tillegg til ei gjennomgåande satsing på kvalitet i forskning og høgre utdanning prioriterer derfor regjeringa ei eiga satsing på verdsleiande fagmiljø.

Midlane under denne programkategorien som skal bidra til høg kvalitet i forskinga, er i hovudsak midlar til deltaking i internasjonalt forskingssamarbeid, langsiktig grunnleggjande forskning, strategiske satsingar på prioriterte område, investeringar i forskingsinfrastruktur og senterordningar. Midlar til høg kvalitet i utdanninga og andre verkemiddel for kvalitet blir omtalte under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Deltaking i internasjonalt forskingssamarbeid, til dømes EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020, er viktig for å betre kvaliteten på norsk forskning. Norske forskarar deltek på lik linje med forskarar frå EU i Horisont 2020. Vi har nokre fagmiljø som lykkast godt på den europeiske konkurransearenaen, til dømes innanfor klima- og miljøområdet, tryggleiksforskning, energiforskning og mat. Det er likevel for få som nyttar dei moglegheitene som ligg i rammeprogrammet. Det er eit mål for regjeringa å stimulere til høgre norsk deltaking i Horisont 2020.

Det europeiske forskingsrådet (ERC) og mobilitetsprogrammet Marie Skłodowska-Curie Actions (MSCA) løyver midlar til forskarar og framifrå forskning uavhengig av tema eller fagfelt. Det er særskild sterk konkurranse om midlane i ERC, og støtte frå ERC er eit kvalitetsstempel for både forskarane som får midlar, og for den institusjonen forskarane høyrer til. Samanlikna med Sverige, Danmark og Finland har Noreg svak deltaking i ERC. Norsk deltaking i MSCA under sjette og sjuande rammeprogram har òg vore låg.

Regjeringa har høge ambisjonar for norsk deltaking i Horisont 2020, jf. strategi for samarbeidet med EU om forskning og innovasjon. Ambisjonen er at Noreg skal hente heim to pst. av midlane som blir lyste ut i programmet. Dei siste tala syner at Noreg no har ein returdel på 1,86 pst. (per juli 2015). I Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024* la regjeringa fram ein opptrappingsplan for stimuleringsordningar som skal få norske fagmiljø til å vinne fram i Horisont 2020. I langtidsplanen lova regjeringa å auke løyvingane til slike stimuleringsordningar med 400 mill. kroner innan 2018. I budsjettet for 2015 vart løyvingane til stimuleringsordningar auka med 115 mill. kroner.

For å betre kvaliteten på norsk forskning og høgre utdanning er det òg avgjerande å styrkje kontakten med strategisk viktige land utanfor EU. Dette gjeld både etablerte kunnskapsnasjonar som USA og Japan, og land som Kina, India og Brasil, som står for ein stadig større del av verdas kunnskapsproduksjon. Eit systematisk og langsiktig samarbeid med desse landa er eit viktig supplement til deltakinga i samarbeidet med EU i arbeidet med å utvikle fleire framifrå fagmiljø i Noreg.

Kunnskapsdepartementet har eit særleg ansvar for å støtte langsiktig, grunnleggjande forskning. Fri prosjektstøtte (FRIPRO) er det største verkemiddelet for langsiktig, grunnleggjande forskning som Kunnskapsdepartementet finansierer gjennom Forskingsrådet. Ordninga er finansiert av Kunnskapsdepartementet aleine, og er ein open, nasjonal konkurransearena. Målet er å få fram forskning av høg vitskapleg kvalitet ved å finansiere dei beste forskingsprosjekta og bidra til grunnleggjande teori- og metodeutvikling og vitskapleg fornying av faga. Evalueringa av FRIPRO frå 2012 konkluderte med at ordninga innfrir målet om å støtte forskning av høg kvalitet, men at det er få dristige prosjekt på nye område som får støtte. For å bøte på dette vedtok Forskingsrådet i 2013 mellom anna nye målformuleringar med sterkare vektlegging av dristigheit og fagleg fornying og oppretta ein ny søknadstype for unge for-

skartalent og eit mobilitetsstipend. Gjennom utlysningane i Unge forskartalent har til no meir enn 100 unge forskarar fått finansiering til å prøve ut sine eigne idear og få røynsle med å leie eigne forskargrupper. Mobilitetsstipendet vart lyst ut første gong i 2014. Stipendet er medfinansiert frå EU gjennom Marie Skłodowska-Curie Actions. Så langt har 14 unge forskarar fått moglegheit til å opphalde seg i to år utanlands hjå framifrå forskingsmiljø. Stipendet inkluderer eit år i Noreg.

Den nasjonale satsinga på infrastruktur er sentral i arbeidet med å sikre høg kvalitet i forskinga. Investeringane i infrastruktur og i norsk deltaking i internasjonalt infrastruktursamarbeid skal styrkje kvaliteten på og auke effektiviteten i norsk forskning. I april 2014 lanserte Forskringsrådet eit oppdatert norsk vegkart for forskingsinfrastruktur. Vegkartet blir oppdatert etter kvar større utlysing og gir ei oversikt over investeringsklare, kvalitets-sikra forskingsinfrastrukturprosjekt, over nasjonal infrastruktur som er under etablering eller i drift, og over norsk deltaking i prosjekt på det europeiske vegkartet for forskingsinfrastruktur, ESFRI Roadmap. Til saman har norske fagmiljø delteke i den førebuande fasen av om lag halvparten av forskingsinfrastrukturprosjekta på ESFRIs vegkart, og fleire av dei er sentrale for forskning på store samfunnsutfordringar som helse, klima og miljø, hav og energi. EU har oppretta ei eiga organisasjonsform til bruk for felles europeiske forskingsinfrastruktur, ERIC (European Research Infrastructure Consortium). ERIC-forordninga er våren 2015 teke inn i EØS-avtalen, slik at Noreg kan delta fullt ut i desse samarbeida. Forslag til lov om bruk av ERIC-forma i Noreg vart lagd fram for Stortinget hausten 2015. Forskringsrådet tek sikte på å leggje fram ei ny oppdatering av det nasjonale vegkartet før årsskiftet.

Senterordningane senter for framifrå forskning (SFF) og senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) bidrar til høg kvalitet gjennom langsiktig finansiering av framifrå forskingsmiljø. SFF-ordninga er det fremste verkemiddelet i Forskringsrådet for å støtte verdsleiande fagmiljø. Langsiktig finansiering i inntil ti år (to påfølgjande femårsperiodar) gir forskingsmiljøa rom for konsentrert og langsiktig forskingsinnsats. Til saman er det 21 aktive senter for framifrå forskning (SFF) i Noreg. SFI-ordninga skal fremme innovasjon gjennom ei satsing på langsiktig forskning i nært samarbeid mellom FoU-aktive bedrifter og framifrå forskingsmiljø. SFI-senter kan få støtte i maksimalt fem pluss tre år. Dei 14 første SFI-sentera som vart oppretta i 2006, blir avvikla i 2015. 17 nye SFI-senter blir starta opp i 2015. Dei kjem i tillegg til

sju senter som vart starta opp i 2010. Desse sju sentera vart midtvegsevaluerte våren 2015. Forskringsrådet forvaltar òg ordninga med forskings-senter for miljøvennleg energi (FME). Ordninga er hovudsakleg finansiert over budsjettet til Olje- og energidepartementet. FME-ane skal drive konsentrert og langsiktig forskning på høgt internasjonalt nivå for å møte utfordringar på miljø- og energiområdet. Senterordningane medverkar til fornying, auka kvalitet og mindre fragmentering av det norske forskingssystemet.

Norsk klimaforskning er i verdstoppen, og norske forskarar spelar mellom anna ei sentral rolle i klimapanelet til FN. Ved siste hovudrapport frå klimapanelet deltok heile 18 forskarar og eksper-tar frå Noreg. Noreg er òg verdsleiande mellom anna når det gjeld forskning på miljøvennleg havbruk, utnytting og forvaltning av marine ressursar, mattryggleik og dyrehelse. Dei gode forskingsmiljøa gir Noreg eit konkurransefortrinn på desse områda, og her gjer vi det bra i EUs rammeprogram. Forskringsarbeidet ved Meteorologisk institutt står også sterkt innanfor klima-området.

Alt i alt meiner regjeringa at tilstanden i norsk forskning er god, og at utviklinga er positiv. Kvaliteten på norsk forskning er gjennomgåande god, men det er framleis eit mål å auke kvaliteten i breidda. Ei av prioriteringane i Meld. St. 7 (2014–2015) er verdsleiande fagmiljø. Noreg har nokre miljø som hevdar seg i toppen, men målet er at fleire norske fagmiljø skal bli verdsleiande. Det har vorte arbeidd målretta med å utvikle dei store verkemidla i Forskringsrådet, som Fri prosjektstøtte og senterordningane. Dette arbeidet må halde fram dersom vi skal lykkast med å utvikle fleire framifrå forskingsmiljø.

Mål: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Noreg står overfor store omstillingsutfordringar. Det må bli meir lønnsamt å investere i norske arbeidsplassar, og vi må bli betre til å skape nytt. For å vere førebudd på desse utfordringane er det viktig med langsiktige satsingar på kunnskap og kompetanse som medverkar til å styrkje næringslivet, som gir betre offentlege tenester og høgare produktivitet. I langtidsplanen for forskning og høgare utdanning har regjeringa sett tre overordna mål: å styrkje konkurransekraft og innovasjonsevne, møte store samfunnsutfordringar og utvikle framifrå fagmiljø. Regjeringa legg til grunn at kunnskap og kompetanse er viktige konkurransefaktorar for norsk økonomi, og at dei medverkar

til å forstå samfunnsutfordringane og korleis vi kan møte desse på best mogleg måte. I likskap med andre land har Noreg utfordringar knytte til demografisk utvikling, klimaendringar, verdiskaping, nye sjukdommar og sikker tilgang til mat. Innrettinga på investeringar i forskning og utdanning er viktig for at Noreg skal kunne halde oppe eit høgt nivå på inntekter og levestandard, og for at vi møter dei store samfunnsutfordringane på ein måte som skaper moglegheiter og som gir grobottn for vekst.

Næringsutvikling og omstilling skjer på initiativ frå verksemdene, men kunnskap som er utvikla ved forskingsinstitusjonar, kan spele ei viktig rolle. Forskingsinstitutta utfører om lag ein firedel av forskinga i Noreg, og er viktige for å bringe fram kunnskap for privat og offentleg sektor. Forskingsinstitutta skårar godt både i nasjonale program og i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon.

Dei fleste av dei målretta forskingsprogramma for verdiskaping, velferd og omstilling blir finansierte over budsjetta til andre departement. Under programkategori 07.70 er senterordningane og dei store programma i Forskingsrådet som blir finansierte av Kunnskapsdepartementet, relevante for dette målet. Løyvinga til EUs rammeprogram er òg eit viktig bidrag til å nå denne målsettinga. Innovasjon, verdiskaping og å møte store samfunnsutfordringar er viktige mål i Horisont 2020, og norsk deltaking i EU-samarbeidet kan vere eit viktig bidrag til at vi når måla våre på området. Resultata frå dei første utlysingane i Horisont 2020 syner at norske fagmiljø har høg uttelling innanfor program som er retta inn mot å møte samfunnsutfordringane, som til dømes tryggleiksforskning, energiforskning og miljø- og klimaforskning, men har låg deltaking innanfor helseforskningsprogrammet.

Dei store programma i Forskingsrådet er breie, langsiktige satsingar som er viktige for framtidig verdiskaping og for omstilling i næringslivet spesielt og i samfunnet generelt. For eksempel er satsingane på teknologiområda IKT, nanoteknologi og bioteknologi sentrale i utviklinga av tenester, produkt og løysingar på viktige samfunnsområde. Dei ulike senterordningane som Forskingsrådet finansierer, har ei heilskapleg tilnærming som bidrar til fornying og omstilling. Senter for forskingsdriven innovasjon er ei ordning som mellom anna finansierer mykje næringsrelevant forskning. SFI-ordninga styrkjer innovasjon gjennom satsing på langsiktig forskning i nært samarbeid mellom FoU-aktive verksemder og framifrå forskingsmiljø. Kunnskapsdepartementet finansierer òg eit eige program under denne kate-

gorien for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken.

Dei regionale forskingsfonda skal supplere dei nasjonale forskings- og utviklingsverkemidla og styrkje regional forskning og forskingsbasert innovasjon.

Mål: Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskningssystem

Noreg har i all hovudsak eit godt utvikla forskningssystem, men det er behov for å utvikle verkemiddel som bidrar til meir konkurransedyktige og robuste fagmiljø. Forskingsrådet har ei sentral rolle i det norske forskningssystemet. Kunnskapsdepartementet har etatsstyringsansvar for Forskingsrådet og ansvar for at rådet når dei måla som er sette for heile verksemda.

Eit effektivt, mangfaldig og solid forskningssystem er ein viktig føresetnad for å nå måla om høg kvalitet i forskinga, og forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling. Midlane som blir løyvde over denne programkategorien, skal nyttast effektivt og til beste for samfunnet. Det skal vere tilstrekkeleg forskingskapasitet i heile landet, gode system for kunnskapsoverføring og -deling, mangfald og høg etisk standard i forskinga.

Løyvingane gjennom Noregs forskingsråd og kontingenten til EUs rammeprogram bidrar til eit effektivt, mangfaldig og solid forskningssystem. Løyvingane til dei forskningsetiske komiteane bidrar til eit solid forskningssystem. Forskingsinstitutta spelar òg ei viktig rolle for å sikre eit mangfaldig og solid forskningssystem. For omtale av ein effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor, sjå programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Om lag ein firedel av dei offentlege midlane til forskning går gjennom Forskingsrådet. Desse midlane er med på å strukturere og utvikle det norske forskningssystemet. God styring av Forskingsrådet er derfor sentralt for å sikre eit effektivt forskningssystem. Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon av Kunnskapsdepartementets koordinering av forskingspolitikken (2013) og evalueringa av Forskingsrådet (Technopolis 2012) understreka behovet for å styrkje koordineringa av forskingspolitikken. Kunnskapsdepartementet, i samarbeid med departementa og Forskingsrådet, utviklar eit nytt styringssystem for Forskingsrådet. Element i det nye styringssystemet er tekne i bruk i styringa av Forskingsrådet frå 2015, sjå nærmare omtale under kap. 285.

Den nasjonale ordninga for forskingsinfrastruktur er eit av dei viktigaste verkemidla i For-

skingsrådet for å sikre eit effektivt, mangfaldig og solid forskningssystem (sjå omtale av forskingsinfrastruktur under målet Høg kvalitet i utdanning og forskning).

Open tilgang til forskingsresultat bidrar òg til eit effektivt forskningssystem. Open tilgang til vitenskaplege artiklar inneber at lesarane fritt kan lese dei på Internett. Current Research Information System in Norway (CRISin) har det nasjonale hovudansvaret for å drive fram og koordinere arbeidet med open tilgang til vitenskaplege artiklar. Sjå òg omtale under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Forskingsrådet har òg ei viktig rolle i å sikre open tilgang. Mellom anna krev Forskingsrådet at alle vitenskaplege artiklar som er resultat av forskning som heilt eller delvis er finansiert av Forskingsrådet, skal vere opne tilgjengelege. Dette har òg høg prioritet i EUs forskingssamarbeid, mellom anna i Horisont 2020.

Kunnskap frå offentlege forskingsinstitusjonar blir òg overført gjennom kommersialiseringsaktivitetar som patentering og etablering av føretak baserte på forskinga. Forskningsbarometeret 2015 viser at det er ein ikkje ubetydeleg kommersialiseringsaktivitet ved norske universitet, høgskeolar og forskingsinstitutt, og at aktiviteten har auka i dei siste åra. Samanlikna med andre land har vi framleis mykje å gå på, særleg når det gjeld patentering.

Deltaking i internasjonalt forskingssamarbeid er ein viktig føresetnad for eit effektivt, mangfaldig og solid forskningssystem. Norsk deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020, er eit særleg viktig bidrag. Kunnskapsdepartementet løyver årleg midlar til norsk deltaking i rammeprogrammet, og strategien for Noregs forskings- og innovasjonssamarbeid med EU legg til rette for at norske forskarar skal samarbeide og konkurrere internasjonalt. Kunnskapsdepartementet finansierer òg tiltak for å styrkje samarbeidet med strategisk viktige land utanfor EU. Sjå omtale av internasjonalt samarbeid under målet Høg kvalitet i utdanning og forskning.

Noreg har eit omfattande system for å sikre god forskningsetisk praksis og har godt etablerte system for opplæring i forskningsetikk, førebygging av ureielegheit i forskning og handsaming av forskningsetiske saker. Dei nasjonale forskingsetiske komiteane og Nasjonalt utval for gransking av reielegheit i forskning er fagleg uavhengige organ for forskningsetiske spørsmål og gransking innanfor alle fagområde. Det er likevel noko ulik praksis hos forskingsinstitusjonane når det gjeld handsaming av forskningsetiske saker og opplæring i forskningsetiske normer.

Strategiar og tiltak

Langtidsplanen for forskning og høgre utdanning: Opptrappingsplanar

I del III kap. 5, Oppfølging av langtidsplan for forskning og høgre utdanning, er det ei samla framstilling av regjeringa si oppfølging av langtidsplanen. Dette kapitlet omtalar tiltak som blir finansierte under programkategori 07.70.

I langtidsplanen for forskning og høgre utdanning har regjeringa varsla at ho innan 2018 vil trappe opp løyvingane til forskingsinfrastruktur med 400 mill. kroner, til stimuleringsverkemiddel til god norsk deltaking i Horisont 2020 med 400 mill. kroner, og gjennomføre ein opptrappingsplan for rekrutteringsstillingar med 500 nye stillingar. Rekrutteringsstillingane blir omtalte under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Forskingsinfrastruktur

Ordninga til Forskingsrådet for forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse skal bidra til å styrkje kvaliteten og effektiviteten på investeringane og har gjort det mogleg å realisere prosjekt som enkeltinstitusjonar ikkje hadde klart aleine. Satsinga på infrastruktur er òg viktig for å delta i europeiske fellesprosjekt av strategisk verdi for norsk forskning. I 2015 auka Stortinget løyvinga til infrastruktur med 100 mill. kroner. For 2016 foreslår regjeringa ein ytterlegare auke på 25 mill. kroner. Den varsla opptrappinga i langtidsplanen gjorde det mogleg å lyse ut eit rekordstort beløp til infrastruktur i 2014. Forskingsrådet kunngjorde i juni 2015 at dei vil invitere 29 prosjekt til kontraktsforhandlingar med sikte på å tildele nærmare 1,3 mrd. kroner. Satsinga på forskingsinfrastruktur er eit viktig bidrag til å nå målet til regjeringa om å utvikle verdslieande fagmiljø. Samtidig bidrar infrastruktur av høg kvalitet til auka internasjonalisering og rekruttering, og vidare vil godt utvikla forskingsinfrastruktur vere avgjerande for å fremme innovasjon og kunnskapsproduksjon.

Stimuleringsmidlar til god norsk deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020

Deltaking i Horisont 2020 er ein indikator på kvaliteten i norsk forskning og innovasjon. Horisont 2020 er verdas største internasjonale forskings- og innovasjonsprogram og Noregs viktigaste verkemiddel for internasjonalisering av forskning og inn-

ovasjon. Programmet starta i 2014. I strategien for samarbeid med EU om forskning og innovasjon har regjeringa som ambisjon at to pst. av dei midlane som blir lyste ut i Horisont 2020, skal gå til norske miljø. I langtidsplanen varsla regjeringa ei styrking av løyvingane til ordningar som bidrar til betre deltaking i Horisont 2020. Desse verkemidla bør vere på plass tidleg i rammeprogrammet for å skape føreseielegheit og sikre høg deltaking i heile programmet. I 2015 vart tildelinga auka med 115 mill. kroner, som mellom anna vart brukte til å styrkje STIM-EU-ordninga med 85 mill. kroner og til ordninga med nasjonale kontaktpunkt. I 2016 foreslår regjeringa å trappe opp løyvinga ytterlegare med 135 mill. kroner. Midlane skal gå til å styrkje etablerte verkemiddel og andre målretta tiltak som fremmer norsk deltaking i forskningssamarbeidet. Eit eksempel på ei ordning som vi veit har effekt på ulike sektorar, er prosjektetableringsstøtte (PES).

Strategi for samarbeid med prioriterte land utanfor EU og Nord-Amerika

Kunnskapsdepartementet la hausten 2015 fram *Panorama* – strategi for høgre utdannings- og forskningssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika. Desse landa står for ein stadig større del av verdas kunnskapsproduksjon. Tilgang på denne kunnskapen er avgjerande for å styrkje norsk konkurransekraft og innovasjonsevne, møte store samfunnsutfordringar og utvikle fleire gode fagmiljø. Det kan vere krevjande for norske institusjonar å etablere og utvikle samarbeidet med desse landa, mellom anna på grunn av store geografiske og kulturelle avstandar. Strategien skal leggje til rette for eit meir målretta og langsiktig samarbeid innanfor høgre utdanning og forskning, og vil gjelde for perioden 2016–20, jf. nærmare omtale under kap. 288 post 21 og programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Departementet foreslår å løyve totalt 32,4 mill. kroner til oppfølging av strategien i 2016.

Verdsleiane fagmiljø: FRIPRO

Fri prosjektstøtte (FRIPRO) er eit av våre viktigaste verkemiddel for å betre kvaliteten på og gjennomslagskrafta i norsk forskning. FRIPRO er mellom anna viktig for å kvalifisere norske forskarar til å søkje finansiering frå Det europeiske forskingsrådet (ERC) og andre internasjonale konkurransearenaer. I dei siste åra har Forskringsrådet vidareutvikla FRIPRO til ei samanhengande

kjede av støtte frå unge forskartalent, gjennom forskarprosjekt og til sterke forskargrupper. Det siste leddet i kjeda, det nye verkemiddelet FRIPRO Toppforsk, skal mellom anna hjelpe sterke forskingsmiljø på vegen mot å bli verdsleiane. Det vil til dømes vere eit viktig trinn på vegen for forskargrupper som vil søkje om senter for framifrå forskning (SFF). FRIPRO Toppforsk blir realisert gjennom det såkalla Fellesløft III. I Fellesløft III har universiteta og forskingsinstitutta (ved Forskningsinstituttene fellesarena (FFA)) gått saman med Forskringsrådet om eit spleiselag. Fellesløft III, trinn ein, vil vere på totalt 1 mrd. kroner over fem år med oppstart i juli 2016, det vil seie ei årleg ramme på 200 mill. kroner. For 2016 legg institusjonane inn 50 mill. kroner, og regjeringa foreslår å auke løyvinga til FRIPRO med tilsvarende. Regjeringa følgjer med dette opp sin del av Fellesløft III for 2016. Sjå òg kap. 285 post 52 for omtale av fri prosjektstøtte.

Mogleggjerande teknologiar

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), bioteknologi og nanoteknologi er eksempel på mogleggjerande teknologiar. Desse teknologiane er viktige for fornying og omstilling i næringslivet og offentleg sektor, og satsinga på desse teknologiområda er viktige bidrag for å følgje opp langtidsplanen. Regjeringa foreslår å auke løyvingane til mogleggjerande teknologiar med 30 mill. kroner i 2016.

Regionale forskingsfond

Dei sju regionale forskingsfonda skal styrkje regional forskning og forskingsbasert innovasjon. For å bidra til omstilling i nærings- og arbeidslivet foreslår regjeringa ein eittårig auke i løyvinga til dei regionale forskingsfonda i Agder og på Vestlandet med totalt 19 mill. kroner i 2016.

Instituttsektoren

Institutta har ei sentral rolle i det norske forskings- og innovasjonssystemet. Regjeringa ser positivt på samanslåingar og tettare samarbeid som kan føre til meir konkurransedyktige og robuste einingar, både innanfor instituttsektoren og mellom universitet og høgskolar og forskingsinstitutt. For å stimulere til dette foreslår regjeringa å opprette ei ordning der forskingsinstitutta kan søkje om midlar i Forskringsrådet for å leggje til rette for fusjonar og tettare samarbeid mellom institusjonar i institutt- og universitets- og høgsko-

lesektoren og innanfor instituttsektoren. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor 10 mill. kroner til ordninga i 2016. For nærmare omtale, sjå kap. 281 post 50.

Regjeringa ønskjer også å styrkje institutta si rolle i doktorgradsutdanninga og foreslår 20 nye rekrutteringsstillingar til institutta. I tråd med langtidsplanen skal matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske (MNT) fag prioriterast. For å konsentrere midlane i tråd med budskapet i Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet* vil rekrutteringsstillingane gå til teknisk-industrielle institutt. Sjå òg kap. 285 post 53 for nærmare omtale.

Frå 2016 blir Uni Research fullt ut innlemma i basisfinansieringssystemet for institutta, og «Retningslinjer for statlig basisfinansiering av forskningsinstitutter» vil gjelde også for dette instituttet. Finansieringa av Uni Research skjer på tre ulike «fordelingsarenaer»: den teknisk-industrielle arenaen, miljøarenaen og den samfunnsvitenskaplege arenaen.

Som ei følge av endringar i finansieringssystemet for universitet og høgskolar (jf. kap. 12, Del 3, Strategiar og oversikt) vil publiseringsindikatoren bli justert for universitet og høgskolar og for helseføretaka frå 2017. Forskingsrådet vil bli bedd om å vurdere om endringa i publiseringsindikatoren òg bør gjelde for instituttsektoren.

Forskingsetikk

For ytterlegare å forbetre det forskningsetiske systemet arbeider departementet med ein omfattande lovrevisjon av forskningsetikklova. Lovendringa vil styrkje og synleggjere ansvaret til den enkelte forskar og til institusjonane for at all forskning i Noreg skal skje i tråd med forskningsetiske normer. Departementet vil også vurdere rolla til Nasjonalt utval for granskning av reielegheit i forskning.

Gåveforsterkingsordninga

Den nye gåveforsterkingsordninga vart oppretta 1. januar 2014. Private gåver til langsiktig, grunnleggjande forskning kan utløyse eit tillegg frå staten på 25 pst. av gåvebeløpet. Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS) vil bli inkludert i ordninga frå 2016. DKNVS held til i Trondheim og er det eldste vitenskapsakademiet i Noreg. DKNVS har til formål å fremme og for-

midle vitenskap. DKNVS mottek tilskott frå Kunnskapsdepartementet, sjå kap. 287 post 71.

Forskningsinfrastruktur på Svalbard

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 34, 25. november 2014 i samband med handsaminga av undersøkinga til Riksrevisjonen om utnytting av infrastruktur til forskning i norske område i Arktis, Dokument 3:13 (2013–2014).

«Stortinget ber regjeringen vurdere tiltak for økt utnyttelse av forskningsinfrastrukturen på Svalbard, herunder tiltak for økt norsk forskningsaktivitet i Ny-Ålesund.»

Riksrevisjonen sitt mål med undersøkinga var å vurdere om forskningsinfrastrukturen i Arktis blir nytta på ein god måte og i tråd med Stortinget sine vedtak og føresetnader, og å kartleggje årsaker til ei eventuell mangelfull utnytting. Rapporten viste at det er rom for å nytte delar av forskningsinfrastrukturen betre. Han viste òg at talet på norske registrerte forskardøgn i Ny-Ålesund har gått ned med vel 20 pst. sidan 2011. Samstundes har talet på norske registrerte forskardøgn på Svalbard sett under eitt auka i den same perioden.

Svalbard Integrated Arctic Observing System (SIOS) er det viktigaste tiltaket for auka utnytting av forskningsinfrastrukturen på Svalbard. Det er eit norskinitiert, internasjonalt samarbeid mellom mange norske og utanlandske institusjonar på Svalbard. Målet er at dei samarbeidande institusjonane skal koordinere, dele og gjere infrastruktur og forskingsdata tilgjengeleg for kvarandre, slik at dei kan nytte det breie tilfanget av infrastruktur til meir heilskapleg jordsystemforskning. SIOS vil nytte kapasiteten ved både norsk og utanlandsk infrastruktur på Svalbard og skape samarbeid og openheit mellom institusjonar og forskarar frå ulike land. Eit forprosjekt vart avslutta i 2014, og ført vidare i eit interimsprosjekt frå 2015, finansiert av Noregs forskingsråd. Prosjektet skal førebu dei viktigaste fellestenestene i SIOS og leggje grunnlaget for samarbeidsorganisasjonen. Regjeringa vil leggje til rette for at SIOS kan bli formelt etablert innan utgangen av 2016 og kjem attende til Stortinget om dette.

Når det gjeld spørsmål om spesifikke tiltak for å styrkje norsk forskningsverksemd i Ny-Ålesund, legg regjeringa opp til å handsame problemstillinga i den varsla stortingsmeldinga om Svalbard.

Kap. 283 Meteorologiformål

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
50	Meteorologisk institutt	298 289	284 957	306 741
72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	62 189	94 234	127 345
	Sum kap. 0283	360 478	379 191	434 086

Post 50 Meteorologisk institutt

Meteorologisk institutt står for den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål i Noreg. Meteorologisk institutt har ein samfunnskritisk funksjon.

Instituttet lagar vêrvarsel for samfunnet generelt gjennom vêrvarslingssentralane i Tromsø, Bergen og Oslo. I tillegg er observasjonsstasjonar spreidde over heile landet og i Arktis. Instituttet har folk i arbeid på Jan Mayen, Bjørnøya, Hopen og Svalbard. Observasjonane frå nordområda er òg med på å dokumentere klimaendringar. Meteorologisk institutt er dessutan aleine om å ha personell på Bjørnøya og Hopen, og sikrar i så måte norsk nærvær.

Mål for 2016

Meteorologisk institutt skal overvake og varsle vêret med høg kvalitet og regularitet, slik at styresmaktene, næringslivet, institusjonar og befolkninga skal kunne sikre liv og verdier, planleggje og verne miljøet. Varsling av ekstreme vêrtilhøve har aller høgste prioritet. Meteorologisk institutt skal òg varsle farlege utslipp til luft og hav.

Meteorologisk institutt skal vidare studere klimaet, drive forskings- og utviklingsarbeid med høg internasjonal kvalitet og formidle resultat av arbeidet.

Rapport for 2014

Departementet er svært godt nøgd med måloppnåinga til Meteorologisk institutt i 2014.

Varsla for vêr, hav og miljø held høgt kvalitetsnivå, og Meteorologisk institutt auka kvaliteten på vêrvarsla i 2014. Verifikasjonar av modellane viser at kvaliteten på varsla for perioden 2012–14 er betre enn for perioden 2009–11.

Instituttet har utarbeidd gode rutinar for varsling av ekstremvêr. Alle hendingar med farleg vêr

har vore godt varsla gjennom 2014, inkludert fire ekstremvêr. Ekstremvêr har fått auka merksemd ved instituttet i seinare år, og bemanninga er auka for å hjelpe statlege samarbeidspartnarar, kommunar og samfunnet elles. Meteorologisk institutt har òg ansvar og oppgåver ved andre potensielle kriser og gjennomfører faste rutineoppgåver, deltek i øvingar og samarbeider med andre offentlege etatar som for eksempel Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Statens strålevern og redningssentralane.

Yr.no er rekna som verdas femte største vête- neste på nettet, men det er norske brukarar som er målgruppa for tenesta. Norske brukarar av yr.no på stasjonære plattformer går ned. Samtidig har bruken av mobile plattformer auka kraftig frå 2012 til 2014.

Meteorologisk institutt arbeider for å få ei full vêrradardekning av det norske fastlandet. I 2014 var det ti vêrradarar i full drift. Radaren i Sømna på Helgelandskysten vart bygd ferdig og sett i full drift hausten 2014. Da manglar det tre vêrradarar for å oppnå full dekning i Noreg. Desse er ein radar på Hafjell i Oppland, ein på Monsbunuten på Hardangervidda og ein i Karasjok. Observasjonssystemet til instituttet blir vidare kontinuerleg utvida, blant anna i samarbeid med statlege etatar som NVE, Statens vegvesen og Jernbaneverket.

Halo, vête-tenesta til dei store offentlege samarbeidspartnarane til instituttet, er no i full drift. Tenesta er ein produkt- og tenesteportal som inkluderer kuling-, obs- og ekstremvêrvarsel. I 2014 vart det etablert ei ordning for å måle kor nøgde brukarane er. Arbeidet med Halo held fram i 2015 for å nå ut til brukarane med ytterlegare relevant informasjon.

Instituttet arbeider breitt innanfor klimafeltet. Arbeidet vart meir synleg i 2014. Relevant klimainformasjon er gjord tilgjengeleg gjennom datakanalane eKlima og Arctic Data Center. På lengre sikt vil data bli gitte ut via ein ny felles datakanal hos Klimaservicesenteret. Senteret er eit samar-

beid mellom Meteorologisk institutt, NVE og UNI Research.

Også i 2014 vart Meteorologisk institutt kåra til den statsetaten som har best omdømme i Noreg.

Budsjettforslag for 2016

I 2015 starta Meteorologisk institutt med bygginga av ein ny værradar på Hafjell i Oppland. For at Meteorologisk institutt skal kunne byggje ferdig værradaren på Hafjell i 2016, foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 15 mill. kroner.

Værradaren på Hafjell vil dekkje det indre austlandsområdet og tilhøyrande nordlege fjelltrakter. Radaren vil medverke til betre varsling av farleg vør i området og vil derfor vere av verdi for tryggleiken, ferdsla og vernebuingsarbeidet i dekningsområdet.

Ut over dette foreslår departementet at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2015.

Post 72 Internasjonale samarbeidsprosjekt

Løyvinga på posten går i hovudsak til å innfri dei forpliktingane Noreg har til å betale kontingentutgifter i samband med norsk deltaking i følgjande internasjonale meteorologiorganisasjonar:

- Den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT). Eventuelle overskott av kontingentinnbetalningar til EUMETSAT blir overførte til eit fond, Working Capital FUND (WCF). Fondet er heimla i EUMETSATs statuttar og består av akkumulert budsjettoverskott
- Det europeiske senteret for mellomlange værvarsel (ECMWF)
- Europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta (EUMETNET, ECOMET, EuroGOOS, IUGG og HIRLAM)
- Den meteorologiske verdsorganisasjonen (WMO)

Mål for 2016

Målet for løyvinga er å medverke til at Meteorologisk institutt kan ta del i internasjonale meteorologiske organisasjonar og prosjekt, og på den måten bidra til og dra nytte av utvikling og forbetring av meteorologiske tenester.

Rapport for 2014

I samsvar med løyvinga var totalt bidrag til internasjonale samarbeidsprosjekt 62,2 mill. kroner i 2014.

EUMETSAT er den største og viktigaste samarbeidsorganisasjonen, og i 2014 var bidraget frå Noreg på om lag 44,2 mill. kroner. EUMETSAT drifta fire geostasjonære satellittar og to polarbanesatellittar i 2014. Organisasjonen drifta òg ein satellitt for oseanografiske data. Dei meteorologiske satellittane har i dei seinare åra ført til ei monaleg kvalitetsforbetring av værvarslinga. ECMWF kan til dømes vise til ein klar betring i prognosekvaliteten på grunn av data frå satellittane, og ECMWF har i dag dei beste tidøgnvarsla i verda. Polarbanesatellittane er spesielt viktige for kvaliteten av værvarslinga i Noreg. Eit nytt forprogram for polarbanesatellittprogram (EPS-SG) vart vedteke i 2014, medan hovudprogrammet skal vedtakast i 2015. Programmet skal sørge for nye satellittar frå 2020–21.

EUMETNET driv felles program innanfor det europeiske meteorologiske observasjonssystemet. Siktemåla er særleg å dekkje geografiske område som elles ville hatt svært få observasjonar, og å ta i bruk moderne metodar for observasjon. ECOMET sørger for at observasjonane og dei numeriske prognosane frå dei nasjonale meteorologiske institutta i Europa er tilgjengelege for private kommersielle aktørar, og for at den kommersielle aktiviteten i dei nasjonale meteorologiske institutta oppfyller konkurranselovgivinga.

EUMETNET, saman med EUMETSAT og ECMWF, speler ei viktig strategisk rolle som overbygning for den meteorologiske infrastrukturen i Europa, og som kontaktpunkt overfor EU når det gjeld meteorologi.

WMO sørger for global utveksling av meteorologiske observasjonar i nær sanntid mellom dei 190 medlemslanda. Vitskaplege nyvinningar innanfor varsling av vør blir òg i stor grad gjorde tilgjengelege for alle verdas meteorologiske institutt gjennom WMO. WMO starta i 2012 ei ny satsing spesielt retta mot å utnytte sesongvarsling og klimaprognosar betre i u-land som er sårbare for tørke og flaum (Global Framework for Climate Services). Satsinga vart ført vidare i 2014. Tilskottet frå Noreg til WMO i 2014 var på om lag 6,9 mill. kroner.

Budsjettforslag for 2016

Noreg er medlem i EUMETSAT, ECMWF og WMO gjennom å ha tiltredd internasjonale konvensjonar. Budsjettvedtak i dei styrande organa er

dermed forpliktande for Noreg. Det prosentvise bidraget frå eit land til budsjettet er proporsjonalt med brutto nasjonalinntekta i landet. Når det gjeld dei andre internasjonale organisasjonane, er det Meteorologisk institutt som er medlem.

Storleiken på løyvinga på posten er òg avhengig av svingingar i valutakursane og aktivitetsnivået i dei ulike organisasjonane. Mesteparten av utgiftene er knytte til den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT). Det nye polarbanesatellittprogrammet (EPS-SG) vil føre til ein auke i bidraget

frå Noreg til EUMETSAT i åra framover. Vidare skal JASON-programmet under EUMETSAT forlengjast. JASON-programmet er eit satellittjordobservasjonsprogram for overvaking av verds-hava. Dette programmet vil også medverke til auka utgifter til EUMETSAT i dei nærmaste åra. I tillegg er kontingentdelen frå Noreg til EUMETSAT og ECMWF justert opp. Vidare har valutakursutviklinga det siste året gitt ein auke i bidraga frå Noreg.

Den foreslåtte løyvinga for 2016 er derfor monaleg høgre enn løyvinga i 2015.

Kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komitéane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	17 871	18 132	17 025
	Sum kap. 0284	17 871	18 132	17 025

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld drift av Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (FEK), og dekkjer arbeidet i Nasjonal forskingsetisk komité for medisin og helsfag, Nasjonal forskingsetisk komité for samfunnsvitenskap og humaniora, Nasjonal forskingsetisk komité for naturvitenskap og teknologi, Nasjonalt utval for granskning av reielegheit i forskning (Granskingsutvalet) og det felles sekretariatet. Også Patentnemnda og Skjelettutvalet ligg til FEK.

Dei nasjonale forskingsetiske komiteane er ein viktig del av det norske forskingssystemet, og skal fremme god og etisk forsvarleg forskning. Oppgåvene er fastsette i forskingsetikklova, som også slår fast at komiteane og utvala er fagleg uavhengige organ. Sekretariatet skal leggje til rette for at komiteane kan gjennomføre oppgåvene sine med god ressursbruk og høg kvalitet.

Mål for 2016

- FEK skal vere ein sentral kunnskapsformidlar overfor forskarar, forskingsinstitusjonar, styresmaktene og allmenta om forskingsetiske spørsmål og ein pådrivar for debatt på området.
- FEK har ansvaret for at dei forskingsetiske retningslinjene til kvar ei tid er gode verktøy for å fremme god og etisk forsvarleg forskning.

- FEK skal styrkje samarbeidet med dei forskingsutførande institusjonane.
- FEK skal behandle og gjere vedtak i enkeltsaker med høg kvalitet og innan rimeleg tid.

Rapport for 2014

Departementet si vurdering er at FEK i all hovudsak oppfyller dei måla som var sette for verksamda for 2014. FEK har styrkt arbeidet med system og rutinar for slik å fylle krava til eit sjølvstendig forvaltningsorgan.

Det faglege arbeidet i FEK er i hovudsak ei vidareføring av dei tidlegare oppgåvene. I tillegg til omfattande arbeid i fagkomiteane har FEK mellom anna relansert nettstaden sin som ein viktig informasjonskanal for brukarane. Omlegginga har gitt auka bruk. Generelle forskingsetiske retningslinjer vart offentleggjorde i juni. Ei forskingsetisk vurdering av petroleumsforskning frå Nasjonal forskingsetisk komité for naturvitenskap og teknologi (NENT) skapte debatt både i media og ved institusjonane om forskingsetikk og samfunnsansvaret til universiteta. Oppdraget frå Helsedirektoratet om å vere sekretariatet for gruppa som koordinerer forskning etter terrorhendinga 22. juli 2011, vart avslutta ved utgangen av 2014.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår at løyvinga til drift blir ført vidare om lag som for 2015. Løyvinga på posten er

reduisert med 1,2 mill. kroner som følgje av innsparringar på grunn av endra modell for premiebetaling til Statens pensjonskasse.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
52	Langsiktig, grunnleggjande forskning	1 414 725	1 523 564	1 604 018
53	Strategiske satsingar	1 003 605	1 004 814	1 241 757
54	Forskningsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse	299 363	455 364	487 227
55	Administrasjon	268 936	276 153	281 728
	Sum kap. 0285	2 986 629	3 259 895	3 614 730

Forskningsrådet er eit sentralt verkemiddel for regjeringa for å utvikle forskningssystemet og for å gjennomføre forskingspolitiske prioriteringar. Forskningsrådet har tre hovudoppgåver: å finansiere forskning, gi forskingspolitiske råd og skape møteplassar.

Ei av dei viktigaste oppgåvene for Forskningsrådet er å sikre kvalitet i den forskinga som blir finansiert, gjennom å nytte nasjonal konkurranse i fordelinga av forskingsmidlar. Kvaliteten blir sikra ved at søknadene blir vurderte av internasjonale fagfellar. Berre dei prosjekta som får best vurdering, får støtte. Relevans blir sikra mellom anna gjennom brei involvering av aktørar og samfunnsinteresser i utarbeidinga av programplanar, og gjennom verkemiddel med brukarinvolvering. Forskningsrådet har vidare ei viktig rolle i å sjå ulike forskingsområde i samanheng, mellom anna ved å knyte saman anvend forskning og grunnforskning og sikre samanheng mellom nasjonal forskning og internasjonalt forskningssamarbeid. Ei oversikt over dei største tildelingane til Forskningsrådet frå andre departement i 2015 og 2016 er presentert i del III, kap. 5 Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgre utdanning.

I tillegg til midlane over kap. 285 tildeler Kunnskapsdepartementet midlar til Forskningsrådet til basisfinansiering av dei samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutta over kap. 287 post 57; til forskingsprogrammet om forskning og innovasjon over kap. 287 post 21; til utdanningsforskning over kap. 226 post 21, kap. 231 postane 21 og 51 og kap. 258 post 21; til særskilde satsingar

retta mot universitets- og høgskolesektoren over kap. 281 post 50.

Mål for 2016

Regjeringa har fastsett nye mål for Forskningsrådet som gjeld frå 2015. Måla er

- auka vitenskapleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskningssystem
- god rådgiving

Dei nye måla inngår i arbeidet med å utvikle eit nytt styringssystem for Forskningsrådet. Bakgrunnen er at både evalueringa av Forskningsrådet (Technopolis, 2012) og Riksrevisjonen i forvaltningsrevisjonen av Kunnskapsdepartementets koordinering av forskingspolitikken peikte på utfordringar knytte til det daverande mål- og resultatstyringssystemet for Forskningsrådet. 2015 er oppstartsår for det nye styringssystemet der nokre nye element er tekne i bruk. Kunnskapsdepartementet fører vidare arbeidet med å utvikle styringssystemet for Forskningsrådet i samarbeid med dei andre departementa og Forskningsrådet. Hensikta er å sikre eit system med meir strategisk og overordna styring av Forskningsrådet, med meir vekt på verknaden av verksemda til Forskningsrådet, og der Forskningsrådet får større fri-dom til å forvalte program og aktivitetar på tvers av departementsgrensene.

Det nye systemet fører til ei systematisering og forenkling i styringa av Noregs forskingsråd. Systematiseringa inneber blant anna ei klargjering av rolla til Kunnskapsdepartementet som etatsstyrande departement. Det er òg langt tettare dialog enn tidlegare mellom Kunnskapsdepartementet og sektordepartementa i etatsstyringa av Forskringsrådet.

Løyvingane frå Kunnskapsdepartementet over kap. 285 postane 52, 53 og 54 bidrar til å nå alle måla til Forskringsrådet. Delar av administrasjonsutgiftene til Noregs forskingsråd blir finansierte over ein eigen post, kap. 285 post 55.

Rapport for 2014

Mål for tilskotta til Noregs forskingsråd

Følgjande tre hovudmål gjaldt for Forskringsrådet til og med 2014:

- auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet
- god ressursutnytting og formålstenleg arbeidsdeling, samhandling og struktur i forskningssystemet
- resultatane av forskinga blir tekne i bruk i næringsliv, samfunnsliv og forvaltning i heile landet

Vurdering av måloppnåinga


Kunnskapsdepartementet har ansvar for forskning og kunnskapsutvikling om og for eigen sektor. Departementet har eit særleg ansvar for å finansiere grunnforskning og sektorovergripande verkemiddel som er sentrale for eit velfungerande forskningssystem.

Forskringsrådet arbeider strategisk for å utvikle verkemiddel for å understøtte utviklinga av fleire verdslende fagmiljø og leggje til rette for utvikling av framifrå forskarar og yngre talentfulle rekruttar. Desse verkemidla skal bidra til å kvalifisere og mobilisere norske forskarar til å lykkast på internasjonale konkurransearenaer. Kunnskapsdepartementet er godt nøgd med dette arbeidet. Departementet er òg nøgd med det systematiske arbeidet som Forskringsrådet gjer for å sikre godt samspel mellom den nasjonale infrastrukturordninga og det europeiske infrastrukturarbeidet og det nasjonale og det europeiske vegkartet for infrastruktur.

Midlane over dette kapitlet er sentrale for å følgje opp det ansvaret departementet har for forskingskoordinering. Midlane er også viktige for å følgje opp prioriteringane til regjeringa i langtidsplanen for forskning og høgre utdanning.

Departementet er nøgd med at Forskringsrådet har fått på plass ein ny generasjon av store program.

Måloppnåinga kan òg sjåast i lys av ressursinnsatsen knytt til dei einskilde måla. Forskringsrådet klassifiserer bruken av midlane dei blir tildelte, etter måla i mål- og resultatstyringssystemet. Det er overlapp mellom måla, og det er ikkje uproblematisk å knytte kvar krone til eit bestemt mål. Klassifiseringa til Forskringsrådet viser likevel at det meste av tildelinga frå Kunnskapsdepartementet er knytt til målet om auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet. Det største enkeltverkemiddelet som blir finansierte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, er Fri prosjektstøtte (FRIPRO). I 2014 utgjorde FRIPRO 22 pst. av tildelinga frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg finansierer løyvinga over kap. 285 sentersatsingane, forskingsinfrastruktur og verkemiddelet Store program. Figuren nedanfor viser korleis løyvingane over budsjettet til Kunnskapsdepartementet er fordelte på ulike verkemiddel. Figuren viser samanhengen mellom korleis løyvingane over budsjettet til Kunnskapsdepartementet blir nytta, og det særskilde ansvaret departementet har for grunnforskning og tiltak som er knytte til heile forskningssystemet.



Figur 4.13 Fordeling av midlane Noregs forskingsråd blir tildelte frå Kunnskapsdepartementet, etter verkemiddel (2014)

I kategorien «anna» ligg mellom anna nettverkstiltak og formidlingsaktivitetar.

Vurdering av korleis løyvingane over kap. 285 bidrar til å nå måla til Forskningsrådet

Kunnskapsdepartementet finansierer ei rekkje program og aktivitetar i Noregs forskingsråd. Dei ulike programma og tiltaka som er nærmare omtalte under, bidrar til måloppnåing på fleire av måla.

Fri prosjektstøtte

Fri prosjektstøtte (FRIPRO) er ein open, nasjonal konkurransearena som skal få fram forskning av høg vitenskapleg kvalitet uavhengig av fagområde og disiplin. Ordninga finansierer forskarprosjekt, inkludert doktor- og postdoktorstipend, utanlandsopphald og arrangement og er i heilskap finansiert over budsjettet til Kunnskapsdepartementet.

Løyvinga til FRIPRO i 2014 var på 702,5 mill. kroner. I tillegg bidrog universiteta med 150 mill. kroner gjennom dei to Fellesløfta som vart lanserte i 2012 og 2014. Tildelinga i 2014 var rekordstor og innebar at 15 pst. av beløpet det vart søkt om, vart innvilga. I tillegg vart det tildelt ytterlegare 58 mill. kroner til åtte søknader knytte til IKT, som ei oppfølging av fagevalueringa etter IKT og som ein del av Forskningsrådets nye satsing IKTPLUSS.

Store program

Store program er eit sentralt programverkemiddel i Forskningsrådet for å følge opp nasjonale forskingspolitiske prioriteringar. Dei store programma er langsiktige, breie satsingar med finansiering frå fleire departement. Dei bidrar til samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i forskingssystemet, til internasjonalt samarbeid og koordinering av den nasjonale og den internasjonale forskingsinnsatsen. Både grunnleggjande forskning, anvend forskning og innovasjon inngår i programma. I 2014 var det sju store program: NANO2021, BIOTEK2021, PETROMAKS2, ENERGIX, KLIMAFORSK, HAVBRUK og IKTPLUSS. IKTPLUSS (IKT og Digital innovasjon) overtok etter VERDIKT, som gjekk ut i 2014.

Det samla budsjettet for dei store programma var på om lag 1 380 mill. kroner i 2014. Alle dei store programma vart delfinansierte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, medan den resterande finansieringa kom over budsjetta til dei ulike fagdepartementa. Delen frå Kunnskapsdepartementet utgjorde i 2014 24 pst.

Grunnforskningsprogram

Grunnforskningsprogramma i Forskningsrådet skal sikre kompetanse og fagleg fornying innanfor prioriterte fagområde. Grunnforskningsprogramma blir òg sette i gang for å styrkje enkelte fagområde. Dei åtte grunnforskningsprogramma dekkjer eit vidt spekter av fagområde og tema. Det største fagområdet i porteføljen var matematikk og naturvitenskap (53 pst.). Deretter kjem humaniora (20 pst.), samfunnsvitenskap (18 pst.) og medisinske fag (to pst.). Universiteta og høgskolane er hovudmottakarar av midlar frå grunnforskningsprogramma. I 2014 gjekk over 70 pst. av prosjektmidlane til universitets- og høgskolesektoren. I 2014 finansierte Kunnskapsdepartementet åtte grunnforskningsprogram med eit samla budsjett på 235 mill. kroner, alle finansieringskjelder inkluderte. Kunnskapsdepartementet stod i 2014 for 132,6 mill. kroner av løyvinga til grunnforskningsprogramma.

Gåveforsterkingsordninga

Den nye gåveforsterkingsordninga vart oppretta 1. januar 2014. Private gåver til langsiktig, grunnleggjande forskning kan utløyse eit tillegg frå staten på 25 pst. av gåvebeløpet. Gåva må vere på minimum 3 mill. kroner og må givast til eit universitet eller ein høgskole med doktorgradsrett, til Forskningsrådet eller Det Norske Videnskaps-Akademi. Frå 2015 er ordninga utvida til å omfatte høgskolar utan doktorgradsrett når gåva er eit gåveprofessorat. I 2014 vart det betalt ut gåveforsterking for 18 ulike gåver. Til saman vart det betalt ut om lag 34 mill. kroner i gåveforsterking i 2014.

Handlingsretta program

Dei handlingsretta programma gir kunnskapsgrunnlag for politiske vedtak og for planlegging på forskjellige forvaltningsnivå. Kunnskapsdepartementet finansierer fleire handlingsretta program saman med andre departement. I 2014 stod Kunnskapsdepartementet for 228 mill. kroner av løyvinga til dei handlingsretta programma, noko som svarer til 29 pst. av midlane. Den største delen frå Kunnskapsdepartementet gjekk til programma Forsking og innovasjon i utdanningssektoren (89 mill. kroner), Polarforskningsprogrammet (52 mill. kroner), Humane biobankar og helsedata (20 mill. kroner) og Praksisretta FoU for helse- og velferdstenestene (10 mill. kroner).

Brukarstyrte innovasjonsprogram

Brukarstyrte innovasjonsprogram er retta mot verksemder som vil utvikle si eiga bedrift eller næring, og brukarane er i førerretet. Programma blir delfinansierte av næringslivet. Den offentlege forskingsinnsatsen gjennom Forskingsrådet skal bidra til at føretaka styrkjer sin eigen forskingsinnsats og kan gjere seg nytte av den store mengda forskingsbasert kunnskap som blir utvikla globalt. Kunnskapsdepartementet delfinansierer nokre av dei brukarstyrte innovasjonsprogramma. I 2014 stod Kunnskapsdepartementet for 55 mill. kroner av løyvinga til dei brukarstyrte programma Auka verdiskaping frå naturgass (25 mill. kroner), Brukarstyrt innovasjonsarena (20 mill. kroner) og Berekraftig verdiskaping i mat- og bio-baserte næringar (10 mill. kroner). Nærings- og fiskeridepartementet har den største tildelinga til brukarstyrte innovasjonsprogram.

Sentersatsingane

Senter for framifrå forskning (SSF) er Forskingsrådets ypparste verkemiddel for å fremme høg vitenskapleg kvalitet i norsk forskning. Kunnskapsdepartementet finansierer ordninga, og budsjettet til sentera var på 276 mill. kroner i 2014. Løyvinga til sentera varer i fem år med høve til nye fem år basert på ei god midtvegsevaluering. Sentera rekrutterer og utdannar yngre framifrå forskarar og har ein høg grad av internasjonalisering. 13 senter starta i 2013, medan åtte senter er i full drift på åttande året. Ni av sentera forskar på naturvitenskap og teknologi, åtte av sentera er innanfor medisin og biovitenskapane, og fire innanfor humaniora og samfunnsvitenskap. Sentera har ein høg vitenskapleg aktivitet og står for ein stor del av dei norske bidraga til leiande tidsskrift som Nature og Science. Ekteparet May-Britt og Edvard Moser, som fekk nobelprisen i medisin i 2014, leier eitt av sentera.

Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) er eit viktig, strategisk innovasjonsverkemiddel. Hovudmålet for SFI er å styrkje innovasjonsevna i næringslivet gjennom satsing på langsiktig forskning i eit nært samarbeid mellom forskingsaktive bedrifter og framstående forskingsmiljø. Ordninga medverkar blant anna til fornying og kvalitet i forskningssystemet og bidrar godt til forskarutdanninga. Sentera verkar strukturerande på strategien til vertsinstitusjonane og gjer at ressursinnsatsen blir konsentrert. I 2014 var det 21 senter i drift. Totalbudsjettet til sentera var i 2014 på 606 mill. kroner, inkludert bidrag frå forskingsinstitusjonar

og bedrifter. SFI-ordninga var i 2014 finansiert med 205 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet og 10 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementet. Ein ny utlysingsrunde vart gjennomført i 2014, og 17 nye senter kjem i gang i 2015 til erstatning for dei 14 sentera som blir avvikla våren 2015.

Forskingscenter for miljøvennleg energi (FME) skal gjennom langsiktig forskingsinnsats på høgt internasjonalt nivå bidra til å møte utfordringar på energi- og miljøområdet. Det er åtte senter innanfor teknologisk energiforskning og tre senter innanfor samfunnsvitenskapleg energiforskning. Ein viktig effekt av FME-ordninga er at ho har medverka til å styrkje samarbeidet og gitt ei klarare arbeidsdeling mellom dei miljøa som forskar på energi. Ordninga blir i hovudsak finansiert av Olje- og energidepartementet med 145 mill. kroner i 2014, og Kunnskapsdepartementet bidrog med 5 mill. kroner.

Internasjonale stimuleringsiltak

Internasjonale stimuleringsiltak er tiltak som har internasjonalisering som hovudmål. Kunnskapsdepartementet finansierte i 2014 fleire stimuleringsordningar med om lag 170 mill. kroner. Midlane gjekk til stimulering av deltaking i EUs rammeprogram for forskning, bilaterale tiltak, internasjonale stipend og mobilitetsordningar. Internasjonalt samarbeid er ein integrert del av alle program og aktivitetar i Forskingsrådet. Den internasjonale innsatsen til Forskingsrådet er derfor langt høgare enn det som blir finansiert gjennom dei internasjonale stimuleringsiltakane.

Nasjonal satsing på infrastruktur

I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* vart finansieringsansvaret for ulike typar infrastruktur presisert. På bakgrunn av meldinga vart det bestemt at den einskilde forskingsinstitusjonen skal ha ansvaret for investeringane i såkalla basisutstyr, definert som utstyr som det er naturleg at mange institusjonar har, og som har ein investeringskostnad på opptil 2 mill. kroner. Infrastrukturordninga i Forskingsrådet vart oppretta i 2009 og skal støtte etablering av forskingsinfrastruktur som er av nasjonal, strategisk interesse, og som har ein investeringskostnad på mellom 2 mill. kroner og 200 mill. kroner. Ansvarsdelinga inneber at Forskingsrådet skal syte for å samordne investeringar i tilfelle der fleire miljø har behov for infrastruktur, men der kostnadene er så høge at det er mest tenleg med samarbeid. Forskingsrådet tildeler midlane etter konkurranse.

Ordninga medverkar til auka vitskapleg kvalitet og internasjonalisering og til samhandling, arbeidsdeling og konsentrasjon i forskinga på nasjonalt prioriterte område der Noreg har sterke forskingsmiljø. Investeringane i nasjonal forskingsinfrastruktur byggjer opp under sterke forskingsbaserte næringer som maritim industri, havbruk og IKT. Ordninga bidrar også til etableringar og styrking av infrastruktur som er avgjerande for Noregs deltaking i prosjekt på det europeiske vegkartet for forskingsinfrastruktur (ESFRI Roadmap).

Sidan ordninga vart etablert i 2009, har det vore lyst ut midlar fire gonger, seinast i 2014. I juni 2015 kunngjorde Forskingsrådet at dei vil invitere 29 ulike infrastrukturprosjekt til kontraktsforhandlingar med mål om å dele ut nærmare 1,3 mrd. kroner. Dette blir den største tildelinga til forskingsinfrastruktur i historia til Forskingsrådet. Over halvparten av beløpet vil gå til forskingsanlegg som er særskilt relevante for den næringsretta forskinga. Denne store tildelinga har vorte mogleg fordi det har vore satsa stort på forskingsinfrastruktur i dei seinare åra, ikkje minst i langtidsplanen for forskning og høgre utdanning, der det vart varsla ein opptrappingsplan for infrastruktur på 400 mill. kroner fram til 2018.

Post 52 Langsiktig, grunnleggjande forskning

Løyvinga over kap. 285 post 52 skal finansiere langsiktig, grunnleggjande forskning på alle fagområde.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å løyve 1 604 mill. kroner på posten i 2016. Løyvinga finansierer mellom anna Fri prosjektstøtte (FRIPRO), senter for framifrå forskning, løyvingar til grunnforskningsprogram og strategisk institusjonsstøtte.

I dei siste åra har Forskingsrådet vidareutvikla FRIPRO til ei samanhengande kjede av støtte til unge forskartalent, forskarprosjekt og sterke forskargrupper. Forskingsrådet har i 2015 oppretta ein ny søknadskategori, FRIPRO Toppforsk, som skal gi ekstra romsleg og langsiktig finansiering til sterke forskargrupper. FRIPRO Toppforsk blir realisert gjennom det såkalla Fellesløft III (sjå òg omtale under Strategiar og tiltak). Regjeringa foreslår derfor å styrkje FRIPRO med 50 mill. kroner i 2016. Auken skal nyttast til å oppfylle Kunnskapsdepartementets del av Fellesløft III og etableringa av det nye verkemiddelet FRIPRO Toppforsk.

I statsbudsjettet for 2015 vart det som ein del av satsinga på verdslende miljø løyvt 10 mill.

kroner til samarbeidet mellom Simula, Universitetet i Oslo (UiO) og University of California, San Diego (UCSD). Midlane vart tildelte UiO over kap. 260 post 50. Simula står for mykje av dei praktiske aktivitetane i samarbeidet. Kunnskapsdepartementet foreslår at midlane til samarbeidet blir betalte til Simula via Forskingsrådet. På denne bakgrunnen foreslår departementet å flytte løyvinga (10,3 mill. kroner) frå kap. 260 post 50 til kap. 285 post 52. Vidare foreslår departementet å flytte løyvingane til programma NevroNor og SAMANSVAR frå denne posten til kap. 285 post 53 og å flytte løyvinga til European Social Survey frå kap. 285 post 54 til kap. 285 post 52. Desse flyttingane inneber samla ei reduksjon i løyvinga på denne posten på 16,2 mill. kroner.

Post 53 Strategiske satsingar

Løyvinga over kap. 285 post 53 skal finansiere store program, senter for forskingsdreven innovasjon og senter for miljøvennleg energi, handlingsretta program og stimuleringsordningar for internasjonalt forskningssamarbeid. Løyvinga skal særleg støtte opp om den koordinerande rolla Kunnskapsdepartementet har i forskingspolitikken.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å løyve 1 242 mill. kroner på posten i 2016.

I 2016 foreslår regjeringa å trappe opp løyvinga ytterlegare til stimuleringsiltak til god norsk deltaking i EUs rammeprogram med 135 mill. kroner. Midlane skal gå til å styrkje etablerte verkemiddel for prosjektetableringsstønad og andre målretta tiltak som fremmer norsk deltaking i forskningssamarbeidet.

Ei satsing på IKT, bioteknologi og nanoteknologi er eit viktig bidrag for å få til fornying og omstilling i nærings- og samfunnsliv. Regjeringa foreslår å auke løyvingane til dei programma i Noregs forskingsråd som er retta inn mot desse teknologiane, med 30 mill. kroner. Regjeringa foreslår å føre vidare satsinga på klimaforskning på 10 mill. kroner som kom i samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2015.

Regjeringa foreslår å styrkje institutta si rolle i doktorgradsutdanninga med 7,8 mill. kroner i 2016. I tråd med langtidsplanen skal matematiske, naturvitskaplege og teknologiske (MNT) fag prioriterast. For å konsentrere midlane i tråd med bodskapen i Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet* vil rekrutteringsstillingane gå til teknisk-industrielle institutt. For-

skingsrådet vil bli bedd om å utforme kriterium slik at dei største og mest solide institutta innanfor den teknisk-industrielle arenaen blir prioriterte. Størrelsen på instituttet skal vere eit sentralt kriterium, men også til dømes FoU-kompetanse og -kapasitet, forskingskvalitet og erfaring med doktorgradsutdanning kan inngå i kriteria.

Ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2015 løyvde Stortinget 5 mill. kroner til å opprette eit senter for forskning på høgreekstremisme og relaterte fagfelt. Etter terrorangrepet 22. juli 2011 er det behov for meir kunnskap om høgreekstremisme og formidling av slik kunnskap. Senteret skal ha ei årleg løyving på 10 mill. kroner, jf. Innst. 360 S (2014–2015) og Prop. 119 S (2014–2015).

Departementet foreslår vidare å flytte løyvingane til programma NevroNor og SAMANSVAR frå kap. 285 post 52 til denne posten. Dette inneber ein auke i løyvinga på kap. 285 post 53 med 20,2 mill. kroner.

Post 54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse

Løyvinga over kap. 285 post 54 skal finansiere forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse. Satsing på forskingsinfrastruktur er eit bidrag til å nå målet om å utvikle verdtsleiande fagmiljø. Samtidig bidrar infrastruktur av høg kvalitet til auka internasjonalisering og rekruttering. Vidare vil godt utvikla forskingsinfrastruktur vere avgjerande for å fremme innovasjon og kunnskapsproduksjon som er nødvendig for å lykkast med overgangen til eit lågutsleppssamfunn.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å løyve 487 mill. kroner på posten i 2016 mot 455 mill. kroner i 2015. Forslaget inneber ei ytterlegare styrking av løyvinga til infrastruktur med 25 mill. kroner. Departementet foreslår å flytte løyvinga til European Social Survey frå kap 285 post 54 til kap. 285 post 52. Dette inneber ei reduksjon i løyvinga på denne posten på 4 mill. kroner.

Post 55 Administrasjon

Kunnskapsdepartementet tildeler midlar til grunnfinansiering av administrasjon av Forskingsrådet over denne løyvinga. I tillegg blir administrasjonsutgiftene finansierte av dei departementa som kanaliserer FoU-midlar gjennom Forskingsrådet.

Forskingsrådets administrasjonsutgifter kan delast i to kategoriar: interne og eksterne administrasjonsutgifter. Den første delen omfattar alle personal- og driftskostnader, inklusive IKT-kostnader. Desse interne administrasjonsutgiftene blir finansierte gjennom grunnfinansiering frå Kunnskapsdepartementet over kap. 285 post 55 og gjennom ein administrasjonsdel frå forskingsløyvingane til dei departementa som finansierer forskning gjennom Noregs forskingsråd. Dei eksterne administrasjonsutgiftene er utgifter knytte til FoU-verkemidla som møtegodtgjersle, reisekostnader, søknadshandsaming, evalueringar og utgreiingar i samband med gjennomføring av program og aktivitetar. Desse utgiftene blir finansierte av det enkelte program eller den enkelte aktivitet.

Mål for 2016

Målet for løyvinga er å sikre ein effektiv og brukarorientert organisasjon.

Rapport for 2014

Løyvinga over posten var på 268,9 mill. kroner i 2014. Midlane over denne posten går til å administrere dei tre hovudoppgåvene til rådet: finansiering, rådgiving og møteplassfunksjon. Departementet sette i 2014 eit tak på dei interne administrasjonsutgiftene på 585 mill. kroner. Forskingsrådet har sett i verk fleire tiltak for å overhalde denne ramma. Dei samla interne administrasjonsutgiftene var på om lag 571 mill. kroner i 2014, eksklusive pensjonsforplikting. Administrasjonsdelen frå departementa utgjorde om lag 286 mill. kroner i 2014. Dei interne administrasjonsutgiftene målt i pst. av FoU-inntektene frå departementa viser ein nedgang frå 2013 til 2014 frå 7,6 pst. til 7,3 pst.

Tabellen under viser utviklinga i dei interne administrasjonsutgiftene til Forskingsrådet og administrasjonsløyvinga frå Kunnskapsdepartementet.

Tabell 4.13 Utvikling i dei interne administrasjonsutgiftene til Forskningsrådet i perioden 2012–14
(i 1 000 kroner)

	(i 1 000 kr)		
	2012	2013	2014
Interne administrasjonsutgifter (ekskl. pensjonsforplikting)	481 026	565 123	571 240
Av dette løyvinga på kap. 285 post 55	266 505	275 300	268 936

Det har vore ein auke i dei interne administrasjonsutgiftene i dei seinare åra. Denne auken skriv seg mellom anna frå fleire oppgåver som ei følgje av auka forskingsløyvingar, nye oppgåver som departementa har lagt til Forskningsrådet (til dømes Kunnskapssenter for utdanning, sekretariat for *21-strategiane*), arbeidet med å utvikle og forbetre tenestene til rådet og den generelle lønns- og prisauken. Veksten frå 2012 til 2013 skriv seg frå dei forholda som er nemnde over, og ekstraordinært høge pensjonskostnader i 2013. Veksten i 2014 har sin grunn mellom anna i auka husleigekostnader. Forskningsrådet har i 2014 halde fram med arbeidet med å effektivisere drifta. Rådet har nå heildigitale samhandlingsløysingar med søkjarar, kontraktspartnarar og fagekspertar. Ei brukarundersøking frå 2014 viser at 80 pst. av søkjarane og prosjektleiarane har eit positivt inntrykk av Forskningsrådet. Veksten i dei interne administrasjonsutgiftene frå 2013 til 2014 var lågare enn veksten i forskingsløyvingane i same perioden.

Dei eksterne administrasjonsutgiftene, det vil seie utgifter knytte til drift av program og aktivitetar, vil variere over tid som følgje av kva for fase dei ulike programma er i. Nivået på desse utgiftene har likevel vore relativt stabilt i dei siste åra, og var i 2014 på om lag 190 mill. kroner.

Departementet har merksemd retta mot nivået på den likviditeten Noregs forskingsråd har i Noregs Bank. Likviditeten består i hovudsak av tre element:

- avsetning av midlar til lovpålagde oppgåver som feriepengar og pensjonar
- avsetning av midlar til forskingsaktivitet som er utført, men som ikkje blir betalt ut før året etter (prosjektgjeld til utførte forskingsprosjekt)
- midlar som er inntektsførte i Forskningsrådet, men som ikkje fullt ut er sette i aktivitet i det året midlane vart løyvde, altså ei forskyving i bruken av midlane. Denne forskyvinga i bruken av midlane skyldast to forhold:
 - forseinkingar ute i forskingsprosjekta (mellom anna ute ved universiteta og høgsko-

- lane) slik at utbetalingane kjem i eit anna tempo enn budsjetteringa hadde lagt opp til
- at midlar ikkje er fordelte vidare til det ein-skilde forskingsprosjektet

Departementet vil understreke at det er naturleg at Noregs forskingsråd overfører midlar frå eitt budsjettår til eit anna. Dette ligg i den rolla Forskningsrådet har i forskningssystemet, og i dei strukturelle rammene med eittårige tildelingar. Den viktigaste oppgåva til rådet er å fordele forskingsmidlar vidare ut i forskingssektoren etter nasjonal konkurranse, og slik sørge for kvalitet og relevans i den forskinga som blir utført. Dette krev god planlegging og strenge krav til kvalitets-sikring og oppfølging, noko som igjen krev tid. Overføringane har auka i dei seinare åra. Tabell 4.11 i vedlegg 4 viser utviklinga i likviditeten for dei fire siste åra. Langtidsplan for forskning og høgre utdanning, Meld. St. 7 (2014–2015), inneber meir føreseielege rammer for Forskningsrådet. Saman med arbeidet i rådet med ein ny driftsmodell med større og meir heilskapleg portefølje av verkemiddel på utvalde område kan dette bidra til ei nedbygging av overføringane over tid.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei løyving på 282 mill. kroner i 2016. I forslaget ligg det eit kutt på 1 mill. kroner.

Departementet har frå 2014 sett eit tak på dei interne administrasjonsutgiftene i tildelingsbrevet til Forskningsrådet. Dette taket er i 2015 på 614,5 mill. kroner. Departementet legg opp til å føre vidare ordninga med å fastsetje eit tak på dei interne administrasjonsutgiftene i tildelingsbrevet for 2016. Når det gjeld nivået på taket, legg departementet opp til at dette reelt sett blir ført vidare i 2016, men justert for prioriterte satsingar og kutt. Departementet følgjer opp utviklinga i både dei interne og dei eksterne administrasjonsutgiftene gjennom etatsstyringa.

Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i>	23 799	39 704	15 651
53	NUPI	4 494	4 616	4 726
56	Ludvig Holbergs minnepris	9 729	10 050	11 541
57	Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	191 478	163 094	179 085
60	Regionale forskingsfond, tilskott til forskning	219 022	226 008	251 562
71	Tilskott til andre private institusjonar	39 318	40 564	41 740
73	Niels Henrik Abels matematikkpris	13 668	14 119	14 528
	Sum kap. 0287	501 508	498 155	518 833

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 71

Mål for 2016

Målet for løyvinga er å medverke til utvikling av forskingspolitikken.

Rapport 2014

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2014 23,8 mill. kroner over kap. 287 post 21.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2014 vart det løyvt ei tidsbegrensa støtte på 15 mill. kroner til fem forskingsinstitutt som hadde bedd Forskingsrådet vurdere om dei tilfredsstilte krava til å få statleg basisløyving. Midlane skulle disponerast til langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging i tråd med retningslinjene for denne basisløyvinga.

5 mill. kroner av løyvinga vart brukte til å finansiere forskingsprogrammet Kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken (FORFI) i Noregs forskingsråd. FORFI var i drift i perioden 2010–14 med eit totalbudsjett på om lag 50 mill. kroner. FORFI vart evaluert i 2013, og konklusjonen var at det er behov for ei forskingssatsing på feltet for å styrkje kunnskapen om forskning og om innovasjonsprosessar. Etter at FORFI vart avslutta i 2014, har Forskingsrådet oppretta satsinga Forskning for forsknings- og innovasjonspolitikken (FORINNPOL), som skal vare til 2022.

I overkant av 0,8 mill. kroner vart nytta til utvikling av eit styringssystem for Noregs forskingsråd, som ei oppfølging av evalueringa av Forskingsrådet frå 2012.

I samarbeid med Nærings- og fiskeridepartementet vart det i 2014 sett i gang ei evaluering av ordninga med teknologioverføringskontor (TTO-ordninga). 0,4 mill. kroner av løyvinga vart nytta til denne evalueringa.

Dei resterande 2,6 mill. kronene av løyvinga har mellom anna dekt midlar til ulike utgreingar knytte til forskingspolitikken i regi av OECD, og til å finansiere arbeid i samband med dei vitskaplege prisane.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei løyving på 15,7 mill. kroner, mot 39,7 mill. kroner i 2015.

I statsbudsjettet for 2015 vart det løyvt 10 mill. kroner ekstra til forskingsinstitutt som Forskingsrådet tilrådde innlemma i ordninga med statleg basisfinansiering. Midlane vart plasserte på kap. 287 post 21. Frå og med budsjettet for 2016 skal desse midlane, saman med 15 mill. kroner som kom i samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2014, til saman 25 mill. kroner, inngå som ein del av basisfinansieringa av Uni Research. Uni Research var det einaste av søkarinstitutta som oppfylte krava til statleg basisfinansiering. Finansieringa av Uni Research skjer på tre ulike «fordelingsarenaer»: den teknisk-industrielle arenaen, miljøarenaen og den sam-

funnsvitenskaplege arenaen. Nærings- og fiskeridepartementet har ansvaret for finansiering av institutta på den teknisk-industrielle arenaen, Klima- og miljødepartementet har ansvaret for miljøarenaen, og Kunnskapsdepartementet har ansvaret for den samfunnsvitenskaplege. Dei 25 mill. kronene skal derfor fordelast på dei tre arenaene. Departementet foreslår at delar av dei 25 mill. kronene på kap. 287 post 21, blir rammeoverførte til arenadepartementa i 2016, høvesvis 4,3 mill. kroner til Nærings- og fiskeridepartementet og 11 mill. kroner til Klima- og miljødepartementet. Departementet foreslår vidare å flytte 9,7 mill. kroner frå kap. 287 post 21 til kap. 287 post 57. Berekinga er gjord på grunnlag av korleis aktiviteten til Uni Research er fordelt på dei tre arenaene.

Løyvinga på kapitlet finansierer satsinga Forskning for forsknings- og innovasjonspolitik (FORINNPOL), arbeid i samband med dei vitenskaplege prisane og kan også bli nytta til å finansiere tidsavgrensa prosjekt i Kunnskapsdepartementet.

Post 53 NUPI

Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) har til formål å medverke til større innsikt i mellomfolkelege spørsmål, ved å drive forskning og ved å spreie informasjon om internasjonale forhold. Basisløyvinga til NUPI blir gitt over kap. 287 post 57, medan løyvinga på post 53 blir nytta til å finansiere dei nasjonale informasjonsoppgåvene til NUPI, mellom anna den rolla instituttet har som formidlar til barn og unge i alderen 15–25 år.

Mål for 2016

Målet for ordninga er å medverke til at NUPI skal vere eit leiande miljø for presentasjon av og diskusjon om internasjonal politikk, med særleg ansvar for å ta hand om kommunikasjonen med elevar, studentar og offentlegheita.

Rapport for 2014

Departementet er nøgd med måloppnåinga til NUPI når det gjeld dei oppgåvene som er knytte til informasjon og formidling.

Digitale flater er den primære kanalen til NUPI for ekstern kommunikasjon og har òg vore ei viktig satsing for NUPI i 2014. I 2014 har NUPI blant anna utvikla ei ny heimeside. Den nye heimesida gir ei betre plattform for å nå ut til brukarane til NUPI. Dei fleste av seminara i 2014 er

filma og er tilgjengelege for strøyming på kanalen til NUPI på YouTube. Den viktigaste kanalen for å spreie informasjon til barn og unge i alderen 15–25 år er nettstaden hvorhenderdet.no. Nyhendebrev frå hvorhenderdet.no blir sende til om lag 24 000 e-postadresser. Det er ein monaleg vekst frå tidlegare år. NUPI har òg teke imot 23 skoleklassar i løpet av 2014.

NUPI har i tillegg arrangert ei stor mengd seminar og konferansar, og forskarane ved NUPI har òg i 2014 vore mykje nytta som kjelder og kommentatorar i media.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2015.

Post 56 Ludvig Holbergs minnepris

Mål for 2016

Formålet med Ludvig Holbergs minnepris (Holbergprisen) er å auke merksemda kring humaniora, samfunnsvitenskap, jus og teologi. Prisen blir tildelt forskarar som på avgjerande måte har påverka internasjonal forskning på sitt område.

Rapport for 2014

Holbergprisen vart i 2014 delt ut til den britiske religionshistorikaren Michael Cook ved Princeton University. I grunngevinga si skriv Holbergkomiteen at Cook er ein av dei leiande ekspertane på islamsk historie og religiøs tenking i vår tid. Vinnaren av Holbergprisen får 4,5 mill. kroner.

I tillegg til å dekkje prisbeløpet til vinnaren blir løyvinga nytta til ulike arrangement i samband med prisutdelinga og til aktivitetar som skal auke interessa for humanistiske og samfunnsvitenskaplege fag i samfunnet elles. Holbergprisen i skolen er ein nasjonal forskarkonkurrans for elevar i vidaregåande skole. Kvart år deltek tolv skolar og over 400 elevar frå heile landet i konkurransen. Konkurransen bidrar til å auke interessa for humanistiske og samfunnsvitenskaplege fag, jus og teologi blant barn og unge. I 2014 var det elevar ved Elvebakken vidaregåande skole som vann prisen.

I samband med Holbergprisen blir òg Nils Klim-prisen for yngre nordiske forskarar delt ut innanfor dei same fagfelte. I 2014 gjekk prisen til Terje Lohndal, professor i lingvistikk ved NTNU. Lohndal er den yngste vinnaren av Nils Klim-prisen. Prisen er på 250 000 kroner og blir dekt over post 56.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ein reell auke i løyvinga til Holbergprisen på 1,2 mill. kroner i 2016.

Post 57 Basisløyving til samfunnsvitskapelege forskingsinstitutt

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for basisløyvinga til dei samfunnsvitskapelege institutta som er omfatta av ordninga med statleg basisløyving. Desse midlane blir fordelte til institutta gjennom Forskningsrådet. Institutta skal nytte basisløyvinga til langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging.

Mål for 2016

Målet for den statlege basisløyvinga er å sikre ein sterk samfunnsvitskapeleg forskingsinstituttsektor som kan tilby næringsliv og offentleg sektor relevant kompetanse og forskningstenester av høg internasjonal kvalitet. Løyvinga skal vidare stimulere til vitskapeleg kvalitet, internasjonalisering og samarbeid i den samfunnsvitskapelege delen av instituttsektoren.

I 2016 vil ti pst. av basisløyvinga til dei samfunnsvitskapelege institutta bli omfordelte etter oppnådde resultat på fastlagde indikatorar. Omfordelingsdelen har vore den same sidan ordninga vart innført i 2009.

Rapport for 2014

Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) og Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) vart slåtte saman med Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) frå 1. januar 2014, og basisløyvingane deira inngår i løyvinga til HiOA frå 2015.

Til saman vart det utført 754 forskarårsverk i dei 23 samfunnsvitskapelege institutta i 2014.

Institutta hadde nær 1,3 mrd. kroner i driftsinntekter i 2014. Den statlege basisløyvinga stod for 170 mill. kroner av driftsinntektene, og internasjonale inntekter var på 94 mill. kroner. I 2014 vart ti pst. av basisløyvinga til dei samfunnsvitskapelege institutta omfordelte mellom institutta etter oppnådde resultat på indikatorar som premierer kvalitet og relevans i den faglege verksemda til institutta.

Uni Research Rokkansenteret og NTNU Samfunnsforskning tredde inn i ordninga med statleg basisløyving i 2011. Desse institutta kom inn med ei låg basisløyving og har hatt størst nominell prosentvis vekst i perioden frå 2012 til 2014. Av dei andre institutta har Nordlandsforskning, Østfoldforskning og Trøndelag Forskning og Utvikling komme best ut av omfordelinga av basisløyvingane. Tre institutt har fått redusert basisløyvinga i same periode.

Tabell 4.14 viser basisløyvinga til dei samfunnsvitskapelege institutta som fekk statleg basisløyving i 2014, og korleis basisløyvinga for kvart institutt har endra seg frå 2012 til 2014.

Tabell 4.14 Basisfinansieringa av dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta¹

	Basisfinansiering 2014 (i mill. kroner)	Nominell endring 2012–14 (i pst.)
Agderforskning	3,722	6
IRIS Samfunns- og næringsutvikling	6,440	7
Møreforskning	4,791	14
Nordlandsforskning	5,330	21
NORUT Alta	2,227	4
NORUT Tromsø, samfunn	3,325	7
Telemarksforskning	4,057	2
Trøndelag Forskning og Utvikling	2,694	15
Vestlandsforskning	3,860	7
Østfoldforskning	3,695	18
Østlandsforskning	3,788	12
Chr. Michelsens Institutt (CMI)	14,904	3,4
Fafo	15,758	4,1
Fridtjof Nansens Institutt	8,236	-2
Frischsenteret	1,952	-9
Institutt for samfunnsforskning (ISF)	10,587	1
Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU)	13,482	-5
NTNU Samfunnsforskning	7,382	33
Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI)	16,072	-9
Institutt for fredsforskning (PRIO)	16,111	11
Uni Rokkansenteret	4,272	53
SINTEF Teknologi og samfunn	13,384	10
Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)	7,517	6

¹ Arbeidsforskningsinstituttet og NOVA vart slåtte saman med Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) frå 1. januar 2014, og basisløyvingane deira vart utbetalte til HiOA i 2014.

Kjelde: Noregs forskingsråd

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei løyving på 179,1 mill. kroner i 2016. I tillegg til denne løyvinga kjem basisløyvinga til Chr. Michelsens Institutt på 16,4 mill. kroner. Denne løyvinga blir gitt over kap. 165 post 70 på budsjettet til Utanriksdepartementet.

Departementet foreslår vidare å flytte 9,7 mill. kroner frå kap. 287 post 21 til kap. 287 post 57, jf. omtale under kap. 287 post 21. Midlane skal bidra

til å finansiere basisløyvinga til Uni Research Helse, som frå 2016 vil ta imot statleg basisløyving frå den samfunnsvitskaplege fordelingsarenaen. Posten er auka med 2,4 mill. kroner for å fullfinansiere at Uni Research Helse kjem med i basisløyvingsordninga i 2016.

Forskningsinstitutta Norut Alta og Norut Tromsø fusjonerte i juni 2015. Forskningsverksemda held fram i Alta og i Tromsø. Basisløyvingane til dei to tidlegare institutta blir frå 2016 overførte til det nye instituttet, som har namnet Norut

Northern Research Institute AS (forkorta til Norut).

Post 60 Regionale forskingsfond, tilskott til forskning

Dei sju regionale forskingsfonda vart oppretta frå 1. januar 2009 med ein fondskapital på 6 mrd. kroner. Avkastninga frå kapitalen vart fordelt til dei regionale fonda frå 2010. Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2015 slutta Stortinget seg til forslaget frå regjeringa om å avvikle fondsmekanismen og å føre avkastninga vidare som ei ordinær løyving. Kunnskapsdepartementet har fastsett retningslinjer for regionale forskingsfond. Retningslinjene spesifiserer formål med ordninga, styringslinjer og aktørar, oppgåvene og ansvarssområda deira, mellom anna krav til administrasjon og styring av midlane i ordninga.

Mål for 2016

Dei regionale forskingsfonda skal styrkje regional forskning og forskingsbasert innovasjon. Fonda skal medverke til langsiktig, grunnleggjande kompetansebygging i relevante forskingsmiljø og såleis medverke til betre kvalitet i forskinga. Fonda skal møte FoU-behov ved å støtte FoU-prosjekt som er foreslåtte av offentlege eller private aktørar i fondsregionen. På denne måten blir prioriteringane til fondsstyra forankra i regionale føresetnader og behov. Forskingsfonda skal vidare bidra til kapasitetsbygging i regionale forskingsmiljø slik at miljøa ytterlegare kan nå opp i den nasjonale og internasjonale konkurransen om forskingsmidlar. Dei regionale forskingsfonda skal


halde fram med å vurdere korleis dei på ein god måte kan følgje opp den nasjonale EU-strategien for samarbeidet med EU om forskning og innovasjon.

Rapport for 2014

Til saman kom det i 2014 inn 567 søknader til dei regionale fondsstyra. 213 av søknadene fekk tildelt midlar. Hovuddelen av dei tildelte midlane er nytta til forskning på helse (inkludert e-helse), mat og til forskning og innovasjon i offentleg sektor. Næringslivet fekk nærmare 48 pst. av midlane, medan 14 pst. gjekk til forskingsinstitutt og universitets- og høgskolesektoren. Kommunar og fylkeskommunar fekk 33 pst. av midlane. 31,5 mill. kroner av løyvinga på posten gjekk til samarbeidsprosjekt mellom fondsregionane.

Forskringsrådet fekk ei tildeling på 8,7 mill. kroner til å dekkje administrative meirutgifter knytte til regionale forskingsfond.

Etter fem år har dei sju fondsregionane fordelt drygt 1 mrd. kroner. Figur 4.14 viser den prosentvise fordelinga av tilskott frå dei regionale forskingsfonda til ulike mottakarar i perioden frå 2010 til 2014. Figuren syner at i denne perioden har næringslivet fått mest midlar. Deretter kjem forskingsinstitusjonar (universitet, høgskolar og forskingsinstitutt). Særleg har offentlege verksemdar hatt sterk vekst i tildelingar frå regionale forskingsfond frå 2010 til 2014. Innanfor denne gruppa går prosjektstøtta i det alt vesentlege til fylkeskommunar og kommunar, herunder til forskingsfeltet tenesteinnovasjon i kommunal sektor.



Figur 4.14 Fordeling av midlane frå regionale fond til ulike søkjargrupper 2010–14 (i pst.)

Figuren syner at i perioden 2010–14 har delen av tilskotta til næringslivet variert mellom 35 pst. og om lag 50 pst. Forskingsinstitusjonane (universitet, høyskolar og forskingsinstitutt) har motteke ein stadig mindre del av tilskotta, medan offentlege verksemder har hatt ein vekst frå om lag fire pst. av tildelingane i 2010 til nærmare 36 pst. i 2014. Innanfor denne gruppa går prosjektstøtta i det alt vesentlege til fylkeskommunar og kommunar, og mykje av midlane går til tenesteinnovasjon i kommunal sektor. Sidan ordninga med regionale forskingsfond vart innført, har næringslivet motteke tilskott på 453 mill. kroner. Forskingsinstitusjonane fekk nærmare 320 mill. kroner og offentlege verksemder om lag 250 mill. kroner.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ei løyving på 251,6 mill. kroner. Sjå tabell 4.15 med forslag til fordeling av

midlane. Hovuddelen av løyvinga blir fordelt direkte til fondsregionane (vertsfylkeskommunane) etter faste kriterium, jf. Prop. 1 S (2010–2011) for Kunnskapsdepartementet. I samsvar med retningslinjene for regionale forskingsfond foreslår departementet å tildele 15 pst. av midlane til å finansiere samarbeidsprosjekt mellom fondsregionane.

For å bidra til omstilling i nærings- og arbeidslivet foreslår regjeringa ein eittårig auke i løyvinga til Regionalt forskingsfond Agder og Regionalt forskingsfond Vestlandet med totalt 19 mill. kroner i 2016. Auken blir fordelt med 13 mill. kroner til Vestlandet og 6 mill. kroner til Agder.

Departementet foreslår å tildele 9,1 mill. kroner til Forskingsrådet til dekning av årlege administrative meirutgifter knytte til ordninga. Forskingsrådet og dei regionale fonda vil i 2016 setje i verk ei evaluering av samarbeidsprosjekta.

Tabell 4.15 Fordeling av midlane til regionale forskingsfond

		(i 1 000 kroner)
Mottakar og formål		Beløp
Fondsregionar:	Vertsfylkeskommune	
– Nord-Noreg	Troms	33 605
– Midt-Noreg	Sør-Trøndelag	26 390
– Innlandet	Hedmark	16 053
– Hovudstaden	Akershus	30 736
– Oslofjordfondet	Vestfold	35 715
– Agder	Aust-Agder	20 525
– Vestlandet	Hordaland	45 919
Noregs forskingsråd for dekning av årlege administrative meirutgifter knytte til ordninga		9 100
Samarbeidsprosjekt mellom fondsregionane		33 519
Totalt		251 562

Post 71 Tilskott til andre private institusjonar

Tilskott blir gitt til Senter for grunnforskning (CAS), Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA), Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS), Egede Instituttet, Forskningsinstituttene fellesarena (FFA) og matematikkorganisasjonen Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA). Tilskottet til DNVA dekkjer òg arbeidet med å administrere Kavliprisane.

Mål for 2016

Målet for tilskotta er at tilskottsmottakarane skal styrkje den faglege verksemda si. Tilskottet til DNVA og DKNVS har òg som mål å medverke til større merksemd om forskning generelt og til meir internasjonalt samarbeid mellom forskarar. DKNVS vil bli inkludert i gåveforsterkingsordninga frå 2016.

Rapport for 2014

Rapporteringa for 2014 viser at alle institusjonane har halde fram med den faglege verksemda.

Løyvinga til DNVA omfattar òg midlar til arrangement i samband med Kavliprisane. Kavliprisane er eit samarbeid mellom DNVA, The Kavli Foundation i California og Kunnskapsdepartementet. Kavliprisane blir delte ut annakvart år for framifrå vitskapleg arbeid innanfor fagfelte astrofysikk, nanovitskap og nevrovitskap. I 2014 gjekk prisen for astrofysikk til Alan H. Guth, Andrei D. Linde og Alexei A. Starobinsky for deira banebrytande arbeid innanfor teorien om kosmisk inflasjon. Prisen for nanovitskap gjekk til Thomas W. Ebbesen, Stefan W. Hell og sir John B. Pendry for deira bidrag til fagområdet nano-optikk. Prisen for nevrovitskap vart delt mellom Brenda Milner, John O'Keefe og Marcus E. Raichle for oppdaginga av spesialiserte hjernenettverk for minne og kognisjon.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2015. Sjå tabell 4.16 med forslag til fordeling.

Tabell 4.16 Fordeling av midlane på kap. 287 post 71

Institusjon	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
Det Norske Videnskaps-Akademi	16 400	16 950	17 440
Senter for grunnforskning (CAS)	18 850	19 480	20 040
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab	2 848	2 940	3 020
Egede Instituttet	400	404	410
Forskningsinstituttens fellesarena	520	540	550
Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA)	250	250	280
Totalt	39 268	40 564	41 740

Post 73 Niels Henrik Abels matematikkpris

Mål for 2016

Niels Henrik Abels matematikkpris (Abelprisen) blir delt ut for framifrå vitenskapleg arbeid innanfor matematikk. Prisen skal bidra til å auke merksemda kring matematikk i samfunnet. Prisen skal òg stimulere interessa for matematikk blant barn og unge.

Rapport for 2014

I 2014 gjekk Abelprisen til Yakov G. Sinai for hans viktige bidrag til dynamiske system, ergodeteori

og matematisk fysikk. Abelprisen blir delt ut av Det Norske Videnskaps-Akademi og medverkar til å auke merksemda kring matematikk i samfunnet, særleg blant barn og unge. Løyvinga dekkjer prisbeløpet på 6 mill. kroner og fleire arrangement i samband med prisutdelinga.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2015.

Kap. 3287 Forskningsinstitutt og andre tiltak

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
87	Avkastning - Regionale forskingsfond	219 022		
96	Fondskapital - Regionale forskingsfond		6 000 000	
	Sum kap. 3287	219 022	6 000 000	

Post 87 Avkastning – Regionale forskingsfond

Ordninga med regionale fond som fondsmekanismen vart avvikla i statsbudsjettet for 2015, og avkastninga vart ført vidare som ei ordinær løyving over kap. 287 post 60.

Post. 96 Fondskapital – Regionale forskingsfond

Ordninga med regionale fond som fondsmekanismen vart avvikla i statsbudsjettet for 2015, og avkastninga vart ført vidare som ei ordinær løyving over kap. 287 post 60. Fondskapitalen er ført tilbake til statskassa i 2015.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
21	Særskilde driftsutgifter	5 837	26 865	37 306
72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	231 291	246 426	306 024
73	EUs rammeprogram for forskning, <i>kan overførast</i>	1 575 206	2 053 648	2 325 815
74	Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi, <i>kan overførast</i>	11 178		
75	UNESCO-kontingent	19 036	18 573	22 540
76	UNESCO-formål	3 105	3 207	3 500
	Sum kap. 0288	1 845 653	2 348 719	2 695 185

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga går til internasjonalt samarbeid innanfor ansvarsområda til departementet, inkludert bilateralt samarbeid med prioriterte land. Løyvinga dekkjer kontingenten til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD, og ein mindre del vil òg kunne nyttast til Noregs hus i Cité Internationale Universitaire de Paris (CIUP).

Mål for 2016

Det er eit mål at Noreg deltek aktivt innanfor internasjonalt utdannings- og forskingssamarbeid, og at det er gode koplingar mellom desse områda.

Rapport for 2014

Arbeidet med ei styrkt strategisk tilnærming til bilateralt høgre utdannings- og forskingssamarbeid med prioriterte land vart ført vidare i 2014. Løyvinga har mellom anna vore nytta til pilotprogrammet UTFORSK (2013–2015). Målet med programmet er å styrkje samarbeidet med Brasil, Russland, India, Kina, Sør-Afrika og Japan, med særleg vekt på koplinga mellom høgre utdannings- og forskingssamarbeid. Programmet har fått god respons hos norske institusjonar, og i 2014 har åtte nye prosjekt fått innvilga støtte. UTFORSK er eit samarbeid mellom Forskingsrådet og Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU), og blir òg finansiert over kap. 281 post 01. Arbeidet med å utvikle eit meir systematisk kunnskapsgrunnlag for samarbeid med strategisk viktige land utanfor EU vart òg ført vidare. I

2014 har SIU mellom anna avslutta eit kartleggingsoppdrag for departementet om utdannings-systemet og nasjonale prioriteringar i viktige samarbeidsland og korleis andre land samarbeider med desse landa innanfor høgre utdanning og forskning.

Samarbeidet med Brasil gjennom mobilitetsprogrammet *Science without Borders* vart ført vidare i 2014, og har mellom anna bidratt til ein auke i talet på brasilianske studentar i Noreg. Over 1500 studentar frå Brasil søkte seg til Noreg i 2014. Av desse fekk rundt 200 opptak ved elleve norske institusjonar for studieåret 2014–2015. Den norske deltakinga i programmet blir administrert av SIU. Løyvinga har òg vore nytta til å styrkje bilateralt samarbeid med Tyskland gjennom tysk-norsk ungdomsforum.

Budsjettforslag for 2016

Som eit ledd i satsinga til regjeringa på å utvikle fleire verdsleiande fagmiljø, vart det i 2015 løyvt 20 mill. kroner til eit nytt partnerskapsprogram for langsiktig institusjonelt samarbeid med prioriterte land utanfor EU (INTPART). Forskingsrådet og SIU starta i 2014 eit samarbeid om utforming av INTPART-programmet, som støtter aktiviteter som medverkar til å etablere eller vidareutvikle høgre utdannings- og forskingssamarbeid. Den første utlysinga i mars 2015 fekk god respons frå norske fagmiljø. Departementet foreslår at midlane blir ført vidare i 2016.

Kunnskapsdepartementet la hausten 2015 fram *Panorama* – strategi for høgre utdannings- og forskingssamarbeid med Brasil, India, Japan,

Kina, Russland og Sør-Afrika, som vil gjelde for perioden 2016–2020. Departementet foreslår ein auke på 10 mill. kroner over kap. 288 post 21 til oppfølging av strategien. Hovudtiltak under strategien vil vere knytte til vidare utvikling av UTFORSK og ei styrking av INTPART-programmet, med sikte på målretta utlysingar tilpassa gjeldande prioriteringar for samarbeid med dei ulike landa. Departementet foreslår å løyve totalt 14,2 mill. kroner til oppfølging av strategien over kap. 288 post 21, sjå òg omtale under kap 281 post 01.

Noreg har i 2017 formannskap i Nordisk Ministerråd. Ein del av løyvinga på posten vil gå til å førebu dette.

Departementet foreslår å flytte 0,2 mill. kroner til kap. 288 post 76 for å sikre vidare støtte til UNESCO sitt skolenettverk ASP-net (Associated School Program Network).

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Løyvinga dekkjer norsk deltaking i Den europeiske organisasjon for kjernefysikk (CERN), Det europeiske molekylærbiologiske laboratorium (EMBL), Den europeiske konferansen for molekylærbiologi (EMBC), Det europeiske synkrotronstråleanlegg (ESRF) og Den internasjonale kreftforskningsorganisasjonen (IARC).

Mål for 2016

Medlemskapen i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar skal medverke til å nå overordna mål for norsk forskingspolitikk, inkludert høg kvalitet og internasjonalisering av norsk forskning. Målet for tilskotta er at tilskottsmottakarane skal halde fram med, eller styrkje, den faglege verksemda si.

Rapport for 2014

CERN er verdas leiande laboratorium innanfor partikkelfysikk. CERN er basert på forpliktande og langsiktig samarbeid mellom 21 medlemsland, hovudsakleg frå Europa. Noreg har vore medlem i CERN sidan organisasjonen vart oppretta i 1954. Forskingssenteret ligg i Genève og husar mellom anna verdas største partikkelakselerator, Large Hadron Collider (LHC). LHC vart verdskjend etter at han vart brukt til å finne Higgs-bosonet. Om lag 80 nordmenn arbeider ved CERN. CERN valde i 2014 sin første kvinnelege generaldirektør. I 2014 evaluerte eit internasjonalt ekspertpanel

framdrifta i dei norske CERN-prosjekta. Evalueringa syner at prosjekta held høgt nivå.

EMBL er ein verdsleiande forskingsorganisasjon innanfor molekylærbiologi. 20 medlemsland eig og driv organisasjonen, som vart oppretta i 1974 for å fremme kvalitet og samarbeid i molekylærbiologisk forskning. Ved utgangen av 2014 var det tre norske tilsette på laboratoriet til EMBL. EMBL samarbeider med framifrå forskingsmiljø gjennom partnerskapar. Noreg er vertskap for to slike: eitt innanfor marin molekylærbiologi ved SARS-senteret i Bergen og eitt innanfor molekylærmedisin ved Universitetet i Oslo.

EMBC samarbeider tett med EMBL, men er ein eigen organisasjon. EMBC har 27 medlemsland. EMBC arbeider med kursing og opplæring, og finansierer aktivitetane til EMBO (European Molecular Biology Organization). EMBO er ein organisasjon for framifrå forskarar innanfor molekylærbiologi.

ESRF er eit laboratorium for synkrotronforskning. Organisasjonen omfattar òg den sveitsisk-norske strålelinja (SNBL). I juni 2014 vart Russland nytt medlem av ESRF. Den nordiske eigar delen i ESRF er auka frå fire til fem pst. Forskingrådet har eit eige program for synkrotron- og nøytronrelatert følgjeforskning som mellom anna skal medverke til god utnytting av den norske medlemskapen i ESRF. Følgjeforskinga er retta mot metodeutvikling og kapasitetsbygging i dei norske fagmiljøa.

IARC er eit internasjonalt kreftinstitutt knytt til Verdas helseorganisasjon. Noreg er eit av 22 medlemsland i IARC. Hovudformålet er å fremme internasjonalt kreftforskingssamarbeid. Årsaker til kreft og førebygging av kreft er sentrale forskingsfelt. IARC legg vekt på samarbeid med fattige land og fungerer også som global referanseorganisasjon når det gjeld omfanget av kreftsjukdom verda over. Norske forskarar er aktive både i forskinga og i styrande organ.

Budsjettforslag for 2016

Kontingentane for dei enkelte medlemslanda blir bestemte ut frå ein avtalefesta berekningsnøkkel der bruttonasjonalproduktet eller tilsvarende er ein hovudfaktor. Kontingentkrava for 2016 er enno ikkje fastsette for alle organisasjonane. Budsjettforslaget for 2016 tek derfor utgangspunkt i kontingentane som vart vedtekne for 2015. Auken er størst for kontingenten for CERN, noko som hovudsakleg skriv seg frå endringar i valutakursen.

Tabell 4.17 Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Organisasjon	Kontingent i lokal valuta		
	CHF	Euro	1 000 kroner
CERN	31 086 900		261 985
EMBC		517 327	4 504
EMBL		2 665 718	23 209
ESRF		953 776	8 304
ESRF Upgrade		160 401	1 397
IARC		761 000	6 626
Totalt			306 024

Post 73 EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, kan overførast

Løyvinga dekkjer norsk kontingent for deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020. Noreg har delteke fullt ut i forskningssamarbeidet med EU sidan 1994 og er assosiert deltakar i rammeprogrammet. Det vil mellom anna seie at norske forskarar har lik tilgang og deltek på lik linje med forskarar frå EU-landa, men at Noreg ikkje har formell stemmerett i avgjerdsprosessar som går på utvikling av rammeprogrammet.

Mål for 2016

Norsk deltaking i Horisont 2020 skal medverke til betre kvalitet i norsk forskning og innovasjon, auka innovasjonsevne, verdiskaping og berekraftig økonomisk utvikling, betre velferd og ei meir berekraftig samfunnsutvikling, og til at vi utviklar vår eigen forskings- og innovasjonssektor. Deltakinga gir tilgang på ny kunnskap, teknologi, nettverk, marknader og infrastruktur.

Rapport for 2014

Horisont 2020 starta opp i januar 2014. Programmet har tre hovudområde: framifrå forskning, eit konkurransedyktig næringsliv og store samfunnsutfordringar. I juni 2014 la regjeringa fram ein strategi for samarbeidet med EU om forskning og innovasjon. I strategien sette regjeringa som ambisjon at norske forskarar skal få to pst. av pengane som Horisont 2020 lyser ut. Regjeringa legg stor vekt på god norsk deltaking i Horisont 2020 som ein vesentleg del av norsk forskingspolitikk. Dette vart spegla i langtidspanen for forskning og høgre utdanning som regjeringa la fram i oktober 2014. I lang-

tidsplanen pliktar regjeringa å trappe opp ordningar som stimulerer til god norsk deltaking i Horisont 2020, med 400 mill. kroner innan 2018.

I 2014 sette Forskingsrådet i verk fleire tiltak for å mobilisere til auka norsk deltaking i Horisont 2020. STIM-EU, ei målretta ordning for å mobilisere forskingsinstitutta til deltaking i programmet, vart styrkt, rådgivingsapparatet for norske deltakarar vart utvida og gjort meir målretta, og fleire av programma til Forskingsrådet er innretta slik at dei mobiliserer og kvalifiserer for norsk deltaking i EU-forskinga.

I løpet av 2014 vart det sendt inn 1 067 søknader med norske deltakarar til Horisont 2020. 161 av desse prosjekta vart innstilte for finansiering. Dei siste tala syner at Noreg så langt har motteke om lag 1,86 pst. av dei pengane som er delte ut til prosjekt i Horisont 2020 (per juli 2015). I førre rammeprogram gjekk om lag 1,67 pst. av midlane til norske deltakarar. Resultata frå 2014 syner at Noreg gjer det best innanfor den delen av programmet som er retta mot å møte store samfunnsutfordringar, særleg forskning på tryggleik, energi, miljø og mat. Deltakinga er svakare i den delen som er retta mot framifrå forskning. Dessutan er det framleis låg deltaking og låg utteljing frå store program som til dømes helseprogrammet.

Budsjettforslag for 2016

Løyvinga over posten dekkjer bidraget frå Noreg til EUs rammeprogram for forskning. Etter EØS-avtalen Art. 82 nr. 1 bokstav a skal bidraget frå Noreg til programsamarbeidet med EU vere lik Noregs del av det samla BNP i EU-landa og i Noreg. Delen frå Noreg skal reknast av dei totale utbetalingane gjennom programmet i løpet av kalenderåret. Kor store dei årlege utbetalingane vil vere, er ikkje kjent før året er omme.

Løyvingsbehovet for Noregs bidrag på 2 326 mill. kroner i 2016 er derfor basert på overslaget til Europakommisjonen over kor mykje som vil bli betalt ut i 2016. Eit betre grunnlag for å vurdere utbetalingane i 2016 vil liggje føre når EU har vedteke budsjettet sitt for 2016 i løpet av hausten 2015.

Kontingenten frå Noreg vil bli betalt ut i august 2016. Deretter vil det bli gjort ei etterberekning våren 2017 basert på dei endelege utbetalingstala for 2016. Ei eventuell korrigerings følgje av etterberekninga vil bli gjort i kontingentkravet for 2018. Sjølv om programperioden til det sjuande rammeprogrammet vart avslutta i 2013, vil utbetalingane frå programmet bli fasa ut over fleire år. Det betyr at Noreg må rekne med å betale bidrag til det sjuande rammeprogrammet samtidig med bidrag til Horisont 2020. Vidare er også løyvinga til Noregs deltaking i Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi (EIT) innlemma i kontingenten til Horisont 2020. Sjå òg kap. 288 post 74.

Post 74 Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi, kan overførast

Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi (EIT) er innlemma i Horisont 2020. Noreg har vore med i EIT frå starten i 2007 for å leggje til rette for internasjonalt samspel og auka innovasjonsevne i samarbeid mellom forskning, utdanning og næringsliv.

Rapport for 2014

EIT har som mål å fremme samarbeid på tvers av land og sektorar, og er særleg retta mot samarbeid mellom forskning, utdanning og næringsliv. Hovudverkemiddelet for EIT er oppretting av kunnskaps- og innovasjonsnettverk (KIC) som finansierer samarbeid mellom forskning, utdanning og næringsliv innanfor definerte tema. Ingen norske miljø har i løpet av 2014 nådd opp i konkurransen om å bli med i slike nettverk.

Budsjettforslag for 2016

Frå 2015 er midlane på posten innlemma i kap. 288 post 73.

Post 75 UNESCO-kontingent

UNESCO, FNs særorganisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon, har i hovudoppgåve å medverke til fred og tryggleik ved å

fremme internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen. Medlemslanda deltek i UNESCOs generalkonferanse og eksekutivråd, og kan dermed vere med på å påverke UNESCOs arbeid. Kontingenten er eit vilkår for norsk medlemskap og deltaking i UNESCO.

Mål for 2016

Formålet med løyvinga er å sikre norsk deltaking i UNESCO gjennom å dekkje medlemskontingenten og tilskott til World Heritage Fund.

Norsk deltaking i UNESCO skal medverke til at UNESCO arbeider for ein ny global konvensjon for godkjenning av kvalitet i høgre utdanning, for at organisasjonen arbeider for eit betre kunnskapsgrunnlag for hav og klima, for å verne og styrkje verda sin kultur- og naturarv, for å styrkje presse- og ytringsfridomen, og for at organisasjonen arbeider for at alle har tilgang til frie medium.

I dei styrande organa til UNESCO har Noreg som mål å arbeide for styrking av resultatrapporteringa, betra samarbeid med andre relevante FN-organisasjonar og konsentrasjon av innsatsen der organisasjonen har sine fremste fortrinn.

Rapport for 2014

Løyvinga har vore nytte til å sikre norsk deltaking i UNESCO gjennom å dekkje medlemskontingenten og tilskott til World Heritage Fund. Noreg har arbeidd for at UNESCO skal bli meir effektiv og målretta, mellom anna gjennom nordisk koordinering til UNESCOs styremøte.

Noreg støtta i 2014 rolla til UNESCO som kunnskapsleverandør og arbeidet med å måle progresjon mot dei globale utdanningsmåla gjennom Global Monitoring Report (GMR) og UNESCO sitt statistikk institutt (UIS). Noreg leidde Styringskomiteen for utdanning for alle som arbeidde for eit sett av mål og best moglege mållindikatorar på global utdanning. Noreg har og støtta arbeidet til UNESCO med å styrkje kapasiteten til dei nasjonale myndighetene i utdanningssektoren i utviklingsland.

Vidare bidro Noreg til UNESCO sitt arbeid med lærarar gjennom Teacher Task Force og til arbeidet med å fremme innhald og kvalitet i utdanning via International Bureau Education (IBE).

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår å løyve 22,5 mill. kroner til medlemskontingenten i UNESCO i 2016.

Post 76 UNESCO-formål

Løyvinga på posten går til tilskottsordninga til UNESCO-formål. Den norske UNESCO-kommisjonen har frå 2015 forvalta ordninga. Den norske UNESCO-kommisjonen er rådgivande organ for norske myndigheiter og fungerer som bindeledd mellom myndigheitene og fagmiljø på ansvarsområda til UNESCO. Kommisjonen skal òg medverke til å gjere UNESCOs idear, mål og oppgåver kjende i Noreg. Drifta av den norske UNESCO-kommisjonen blir finansiert over kap. 200 post 21.

Mål for 2016

Tilskottsordninga skal medverke til å styrkje UNESCOs arbeid og ansvarsområde, gjere UNESCO meir kjend i Noreg, og understøtte dei vedtekne satsingsområda til UNESCO-kommisjonen.

Rapport for 2014

Tilskottsordninga til UNESCO-kommisjonen gjekk i 2014 til å støtte 30 ulike prosjekt innanfor

dei prioriterte områda presse- og ytringsfridom, berekraftig utvikling, immateriell kulturarv, verdsarven og demokratiutvikling. Ordninga har mellom anna støtta kartlegging, dokumentasjon samt innspelning av sjøsamisk joik i Varanger. Ordninga har òg støtta kampanjen *Hvor har du det fra*, som har som mål at unge blir gode og kritiske brukarar av medium, og skal hjelpe elevar til å sjå samanhengen mellom kultur og naturarv og forstå verdsarven og dei verdiane som ligg til grunn for verdsarvstatusen.

Budsjettforslag for 2016

Departementet foreslår ein auke på 0,2 mill. kroner for å sikre vidare støtte til UNESCO sitt skolenettverk ASP-net (Associated School Program Network). 400 000 kroner av løyvinga på posten vil i 2016 gå til FN-sambandet, som arbeider med ASP-nett i Noreg. ASP-net er eit globalt nettverk av meir enn 9 000 utdanningsinstitusjonar i 180 land som arbeider for å fremme verdiane og måla til UNESCO. I Noreg er det 29 medlemsskolar.

Departementet foreslår ei samla løyving på 3,5 mill. kroner på posten i 2016.

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	4 717	4 599	5 578
	Sum kap. 3288	4 717	4 599	5 578

Løyvinga på post 04 gjeld innanlandske kostnader knytt til UNESCO-kontingenten som etter statis-

tikkdirektiva til OECD blir definerte som offentlig utviklingshjelp.

Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte

Utgifter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
2410	Statens lånekasse for utdanning	33 761 256	35 156 812	35 807 485	1,9
	Sum kategori 07.80	33 761 256	35 156 812	35 807 485	1,9

Inntekter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
5310	Statens lånekasse for utdanning	13 427 663	14 578 245	14 841 348	1,8
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	3 753 415	3 757 151	3 800 168	1,1
	Sum kategori 07.80	17 181 078	18 335 396	18 641 516	1,7

Innleiing

Utdanningsstøtteordningane skal gi alle lik moglegheit til utdanning og medverke til at behovet for kompetanse i samfunnet blir dekt. Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) administrerer utdanningsstøtteordningane, som er heimla i utdanningsstøtteleva. Støtteordningane blir regulerte i forskriftene om tildeling og tilbakebetaling av utdanningsstøtte.

Utdanning og kompetanse er viktig for at kvar einiskild skal utvikle identitet, evne til å tenkje kritisk og kunne ta del i demokratiske prosessar. I stadig større grad er utdanning eit vilkår for å delta i arbeidslivet. Utdanningsstøtta legg såleis til rette for nyskaping og eit kunnskapsbasert samfunn. Gode støtteordningar er eit sentralt verkemiddel for sosial utjamning i rekrutteringa til høgre utdanning og forskning, og for å støtte opp om livslang læring.

Utdanningsstøtta skal leggje til rette for at elevar og studentar kan arbeide effektivt og med gode resultat.

Tilstandsvurdering

Mål: God tilgang til utdanning

God tilgang til utdanning er eitt av måla for Kunnskapsdepartementet i 2016. I all hovudsak er utdanningsstøtteordninga ei universell velferdsordning som skal medverke til at alle har eit godt grunnlag for livsopphald under utdanninga, uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, funksjonsevne og sosiale og økonomiske forhold. I tillegg til generelle støtteordningar som dekkjer behova til majoriteten av støttemottakarane, må utdanningsfinansieringa derfor også vere målretta mot grupper med særskilde behov. Slik bidrar utdanningsstøtta til at målet kan bli nådd.

Utdanningsstøtta legg til rette for eit samfunn med høgt kunnskapsnivå og internasjonal orientering. Dei norske utdanningsstøtteordningane er gode jamført med både nordiske land og andre land det er naturleg å samanlikne med, til dømes Tyskland. Ordningane gjeld for alle, og ifølgje OECD bruker Noreg meir av løyvingane til den

høgre utdanningssektoren på utdanningsstøtte enn andre nordiske land.

For at arbeidsmarknaden skal fungere godt, trengst utdanning og kompetanse. Noreg vil i framtida trenge fleire personar med relevant fag- og yrkesopplæring og med relevant høgre utdanning. Utdanningsstøtteordningane medverkar til at utdanningssektoren raskt kan fange opp endringar i etterspurnaden etter arbeidskraft og utdanning.

Støtteordningane skal sikre at elevar og studentar har økonomisk moglegheit til å ta utdanning som seinare kan nyttast i arbeidslivet. I høgre utdanning er utdanningsstøtta lik for alle på den måten at det blir gitt det same støttebeløpet, uavhengig av kva slags utdanning ein student tek. Dette medverkar til at det blir utdanna eit breitt spekter av mellom anna ingeniørar, lærarar og helsepersonell i Noreg og i utlandet. Lån og stipend skal gi elevar og studentar midlar å leve for under utdanninga, medan omgjering av lån til stipend og rentefritak under utdanning er subsidieelement som skal sikre dei som har avslutta ei utdanning, mot for stor gjeldsbyrde. Det finst også tryggleiksmekanismar i støtteordningane knytte til særskilde stipend ved sjukdom og fødsel, rentefritak ved for eksempel arbeidsløyse, og ettergiving av lån ved varig uførleik. Dette bidrar til at unge ikkje vel bort utdanning fordi dei er urolege for høg gjeld etter avslutta utdanning.

Grad av utnytting

Fleirtalet av studentar og elevar nyttar støtteordningane gjennom Lånekassen. I undervisningsåret 2014–15 var det om lag 503 700 elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring og studentar i høgre utdanning i Noreg (inkludert norske studentar i utlandet). Om lag 397 000 personar mottok stipend og/eller lån til utdanning. Av desse var 170 400 i vidaregåande opplæring dei har rett til etter opplæringslova, og 187 900 var i høgre utdanning. 39 300 var i anna utdanning, til dømes fagskole.

Heile ni av ti studentar i høgre utdanning mottok utdanningsstøtte frå Lånekassen ifølgje *Levekårsundersøkelsen* til Statistisk sentralbyrå (SSB) frå 2010. Delen støttemottakarar i Lånekassen som er 25 år og eldre, og som tek høgre utdanning, var i 2014–15 om lag 32 pst. mens delen studentar i høgre utdanning som var 26 år og eldre i 2014, var om lag 40 pst. ifølgje SSB. Dette viser at ein stor del av studentane i denne aldersgruppa nyttar Lånekassen.

Departementet er nøgd med at støtteordningane blir brukt av så mange. Proba Samfunnsanalyse har i rapporten *Analyse av utdanningsstøtteordningane* frå 2013 vist at studentar som kommer frå høgre sosioøkonomiske grupper, nyttar utdanningsstøtteordningane noko meir enn studentar frå lågare sosioøkonomiske grupper. Dei som vel dei mest lønnsame utdanningane, til dømes juridiske studium, tek òg opp mest lån.

Totalt fekk 48 500 studentar redusert stipend på grunn av inntekt, formue eller trygd over fribeløpet i likningskontrollen for 2013. At såpass mange støttemottakarar kombinerer utdanningsstøtte med arbeid eller trygd, er som forventa når støtteordningane tillèt dette. Det er mogleg å motta støtte, arbeide og ta utdanning på heiltid eller deltid. Delen støttemottakarar som får redusert stipend, har vore stabil i dei seinare åra, og ligg på rundt 15 pst.

Elevar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring (ungdomsrett) har rett til utstyrsstipend. I 2014–15 nytta 90 pst. av dei som har rett til det, denne ordninga.

Elevar frå familiar med særleg svak økonomi har rett til grunnstipend. I 2014–15 fekk heile 36 pst. av støttemottakarane i vidaregåande opplæring dette stipendet. Departementet ventar at delen vil gå ned vesentleg som følgje av dei endringane i vilkåra for dette stipendet som tok til å gjelde frå skoleåret 2015–16. Ein prognose basert på sakshandsaminga så langt, viser at om lag åtte pst. av støttemottakarane vil få stipendet i 2015–16. Fristen for å søkje om grunnstipend for hausten 2015 er 15. november, slik at endelege tal for mottakarar av grunnstipend først vil liggje føre noko etter dette. Departementet vil følgje nøye med på verknadene av endringane i vilkåra for stipendet, og kjem tilbake til Stortinget med ei nærmare omtale av dette i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2016.

Aldersfordeling, kjønn og geografi

Fleirtalet av støttemottakarane i høgre utdanning er i aldersgruppa 20–24 år. Kvinnene er i fleirtal blant støttemottakarane, og delen kvinner aukar med stigande alder. Det er òg eit fleirtal av kvinner blant studentane i høgre utdanning generelt. Relativt få vaksne tek opp lån for å skaffe seg ei grunnopplæring eller ei vidaregåande opplæring.

Noreg er eit land med spreidd busetjing. For at det skal vere tilgang til vidaregåande opplæring uavhengig av bustad og avstand til skole eller læreplass, har utdanningsstøtteordningane eit bustipend for elevar som må flytte frå foreldreheimen

for å gå på skole. Reisestipend blir gitt både til elevlar i den vidaregåande opplæringa og til studentar.

Økonomi

Regjeringa er oppteken av å leggje til rette for at det skal vere mogleg for den einskilde studenten å planleggje og gjennomføre studia på normert tid. Utdanningsstøtte frå Lånekassen er ein viktig faktor for studium på heiltid. Undersøkingar viser at noko arbeid ved sida av studia ikkje går ut over studieprogresjonen. Det går fram av evalueringa av Kvalitetsreforma frå 2007 at arbeid i inntil ti timar per veke ved sida av studia ikkje gjer at studentane bruker mindre tid på å studere. Ein SSB-analyse av data frå undersøkinga *Eurostudent V* konkluderer med det same resultatet (Samfunnspeilet 4/2015). Levekårsundersøkinga viser at studentane arbeider i snitt sju timar per veke ved sida av studia. I NOKUTs studiebarometer for 2014 oppgav heiltidsstudentane det same talet.

Kor mykje studentane arbeider, vil avhenge av kva den einskilde har kapasitet til ved sida av studia. Kjeldene til livsopphald for heiltidsstudenten vil derfor kunne vere ein kombinasjon av utdanningsstøtte og arbeidsinntekt. Utdanningsstøtta bør rettast inn slik at ho framleis tillèt ein rimeleg kombinasjon av studium på heiltid og noko arbeid ved sida av studia.

Mål: Kompetanse som trengst i dag og i framtida

Kompetanse som trengst i dag og i framtida, er eitt av måla for Kunnskapsdepartementet for 2016. Utdanningsstøtteordninga skal bidra til at samfunnet og arbeidslivet får tilgang på kompetanse. Slik bidrar støtteordninga til at målet kan bli nådd.

Ifølgje SSB har nesten kvar tredje person i aldersgruppa over 16 år utdanning på universitets- og høgskolenivå. Brorparten av desse har motteke støtte frå Lånekassen under utdanninga.

I tillegg til dei delane i støtteordninga som blir nytta av alle, finst enkelte element som skal stimulere studentane til å ta visse utdanningar. Ordninga med ettergiving av lån for visse lærarutdanningar skal bidra til å auke rekrutteringa av studentar til visse fag og emne med spesiell etterspurnad. Ordninga med delvis sletting av utdanningslån for låntakarar som er busette i og utøver eit yrke i Finnmark og enkelte kommunar i Nord-Troms, skal hjelpe til med å sikre spesiell kompetanse på særskilde stader (Finnmarksordninga). 6 182 personar fekk sletta delar av utdannings-

lånet i 2014 under Finnmarksordninga. Det finst òg element i utdanningsstøtteordninga som skal medverke til raskare gjennomstrøyming av studentar på lærestadene, for eksempel ordninga med omgjerung av lån til stipend (konverteringsordninga). Dette skal freiste å gi samfunnet kompetansen så raskt som mogleg.

I internasjonal målestokk har Noreg svært gode økonomiske ordningar for studentar som vel å ta utdanning i utlandet. Det finst eigne stipend- og låneordningar både til delvis dekning av utgifter til skolepengar og til reiser. Arbeidsmarknaden er i endring, og internasjonal kompetanse er etterspurd. Det har derfor stor verdi at norske studentar vel å ta delar av utdanninga eller heile utdanninga i utlandet.

Det har aldri tidlegare vore så mange norske studentar i utlandet som i undervisningsåret 2014–15. Da valde heile 24 900 studentar å ta anten heile eller delar av graden sin i utlandet. Talet på delstudentar går likevel ned samanlikna med i 2013–14. Det er ein relativt stabil del av støttemottakarane som mottok støtte til høgre utdanning i utlandet. I undervisningsåret 2013–14 og 2014–15 var det 13,3 pst. av støttemottakarane totalt som mottok støtte til høgre utdanning i utlandet. Mange vel utdanning i engelskspråklege land, eller utdanning på engelsk.

Elevlar som tek Vg2 i utlandet, og som reiser gjennom utvekslingsorganisasjonar, kan få støtte til studieopphaldet i utlandet dersom utvekslingsorganisasjonen er godkjend for utdanningsstøtte. Departementet har nyleg skipa nye vilkår for godkjenning. Organisasjonane må oppfylle desse vilkåra innan 2016–17.

Strategiar og tiltak

Som i dei to føregåande budsjetta går regjeringa inn for å betre dei økonomiske vilkåra til studentane gjennom å auke basisstøtta utover prisveksten. Basisstøtta utgjør fundamentet i utdanningsstøtteordninga for høgre utdanning og andre utdanningar som er omfatta av same regelverk, og ho har særleg mykje å seie for dei som studerer på heiltid.

Departementet viser til at eit fleirtal i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen under handsaminga av statsbudsjettet for 2015 kom med følgjande merknad i Innst. 12 S (2014–2015):

«Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti, viser til at Stortingets flertall under behandlingen av budsjettet for 2014 ba

regjeringen legge frem en plan for økning av studiestøtten og studiestøttens lengde, med mål om realisering av heltidsstudenten. Flertallet har ikke registrert at noen slik plan er lagt frem fra regjeringen. Flertallet kan ikke se en satsing for å realisere heltidsstudenten i statsbudsjettet, og etterlyser regjeringens plan om øking av studiestøtten for å nå dette målet.»

Regjeringa er oppteken av å leggje til rette for gjennomføring av heiltidsstudium, og i Sundvolden-erklæringa prioriterer regjeringa å auke utdanningsstøtta utover pris- og kostnadsveksten. Basisstøtta er auka utover venta prisvekst både i 2014 og 2015. I undervisningsåret 2016–17 foreslår regjeringa å styrkje basisstøtta med 3,1 pst., noko som er 0,6 prosentpoeng meir enn venta prisvekst per august 2015.

Departementet planlegg ei ny undersøking av levekåra til studentane, sjå nærmare omtale under kategoriinnleiinga til programområde 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Betre tilhøve for utdanning i utlandet

Regjeringa fører vidare arbeidet med å betre tilhøva for utanlandsstudium. Fleire studentar i ikkje-engelskspråklege land vil vere eit verkemiddel for å styrkje konkurransekrafta til Noreg i ei globalisert verd. Betre støtteordningar for språkkurs vil kunne føre til at fleire studentar vel å ta utdanning i slike land, mellom anna i Tyskland, som er ein viktig samarbeidspartnar for Noreg. Departementet foreslår derfor å gjere ein del endringar i dei eksisterande ordningane, noko som venteleg vil gjere det meir attraktivt å søkje seg til studium i ikkje-engelskspråklege land.

Det finst eigne støtteordningar i Lånekassen for språkopplæring i ikkje-engelskspråklege land som har til formål å stimulere studentar til å velje utdanning i slike land, også når dei ikkje kan språket godt frå før. Men ordningane er relativt lite brukte. Departementet meiner at dette mellom anna skyldast at dei inneheld ein del innsnevrande vilkår, som gjer det vanskeleg for studentane å finne eit språkkurs som passar inn i det studieløpet som dei elles har planlagt. Dette gjeld særleg for det såkalla språkstipendet, som er meint for korte, intensive kurs på minst fire veker. Det språklege tilretteleggingssemesteret, som er ei forsøksordning der ein får vanleg basisstøtte i inn-til eitt semester til å ta språkopplæring som førebuing til ei gradsutdanning, varer truleg for kort til å gi studentane eit godt nok språkleg grunnlag for vidare studium.

Departementet foreslår derfor å gjere ordningane meir fleksible ved å fjerne nokre av dei vilkåra som er knytte til språkstipendet, og ved å utvide det språklege tilretteleggingssemesteret med eitt semester. Departementet foreslår vidare at den nye ordninga for språkleg tilrettelegging blir ei permanent ordning, og at dei som nyttar seg av ho, skal ha rett til skolepengestøtte til språkopplæringa. Etter framlegget blir òg satsen for språkstipendet auka med drygt ti pst.

Departementet ønskjer å styrkje internasjonaliseringa i vidaregåande opplæring, og foreslår derfor å forenkle prosessen for å få godkjent nye samarbeidsprogram mellom norsk og utanlandsk vidaregåande skole for støtte gjennom Lånekassen. Gjennom slike samarbeidsprogram mellom norsk vidaregåande skole og utanlandsk skole er det mogleg for heile klassar å få støtte til å ta Vg2 ved den utanlandske samarbeidsskolen.

Etter nåverande godkjenningsordning må kvart einskilt samarbeidsprogram godkjennast for støtte gjennom Lånekassen ved løyvingvedtak i Stortinget. Ein kan såleis ikkje på førehand vite at eit program kjem til å bli godkjent for støtte, jamvel om programmet fyller dei kvalitetskrava som er sette i regelverket for denne typen godkjenning. Dette gir lite føreseielege rammer for skolar og skoleeigarar som ønskjer å etablere slike samarbeidsprogram. Departementet foreslår derfor å gjere godkjenningsordninga for desse samarbeidsprogramma til ei regelstyrt ordning. Søkjarane kan dermed vere visse på at program som fyller vilkåra i det nemnde regelverket, også vil bli godkjende for støtte. Det vil som før vere Senter for internasjonalisering av utdanning som skal vurdere om vilkåra for godkjenning er fylte.

Departementet foreslår å justere tilleggsstipendordninga gjennom å endre dei kvalitetskriteria som skal liggje til grunn for å velje ut kva for lærestader som skal vere med i ordninga. Forslaget er utforma slik at det ikkje medfører endra løyvingbehov.

Tilleggsstipend blir gitt til studentar som tek utdanning ved visse kvalitetslærestader i utlandet, dersom dei må betale skolepengar utover maksimumsgrensa for ordinær skolepengestøtte (om lag 126 000 kroner i 2016–17). Nåverande liste over lærestader som kvalifiserer for tilleggsstipend, er sett saman på grunnlag av ulike typar nasjonale kvalitetsrangeringar i Australia, Canada, Storbritannia og USA. I tillegg finst det ei såkalla utvida tilleggsstipendliste, som omfattar nokre enkeltutdanningar i desse og i tre andre land.

Departementet ser behov for å innføre tydelegare reglar for korleis tilleggsstipendlista skal set-

jast saman. Reglane bør vere objektive, transparente og etterprøvbare så langt det er mogleg, og dei bør vere relativt enkle å administrere. Samstundes bør reglane gi eit rimeleg resultat med tanke på formålet med tilleggsstipendordninga, som er å gjere det mogleg å velje dyre, særleg kvalitetstunge utdanningar i utlandet. På denne bakgrunnen foreslår departementet å nytte dei verdsfemnande rangeringslistene Academic Ranking of World Universities (ARWU), som årleg blir publisert av ShanghaiRanking Consultancy, og The Times Higher Education World University Rankings, som årleg blir publisert av Times Higher Education, til å velje ut kva for institusjonar som skal vere med i tilleggsstipendordninga. Basert på eit gjennomsnitt av resultatane frå desse to listene, skal alle bachelor-, mastergrads- og ph.d.-utdanningar ved ei viss mengd av dei best rangerte institusjonane kvalifisere for tilleggsstipend i 2016–17, dersom skolepengane er høgre enn maksimumsgrensa for ordinær skolepengestøtte. Departementet tek sikte på å fastsetje ei ny tilleggsstipendliste for undervisningsåret 2016–17 innan utgangen av året. Frå da av vil den ovannemnde utvida tilleggsstipendlista bli avvikla. Tilleggsstipendlista vil bli oppdatert årleg.

Betre målretting av støtteordningane

Regjeringa er oppteken av å målrette støtteordningane best mogleg, og ser derfor behov for å gjere ei endring i bustipendordninga i vidaregåande opplæring. I dag blir bustipendet gitt med same sats til alle bortebeuande elevar og lærlingar med ungdomsrett til vidaregåande opplæring, dersom visse vilkår om avstand mellom foreldreheim og skole er fylte. Nokre lærlingar tener etter måten godt, og regjeringa meiner det må vere rimeleg å ta noko omsyn til nivået på lærlinginntekta ved utmåling av bustipendet. Regjeringa foreslår derfor å innføre ein behovsprøvningsregel som inneber at dei høgst lønte lærlingane vil få ein reduksjon i dette stipendet. Om lag ein tredel av dei bortebeuande lærlingane vil få stipendet avkorta som følgje av forslaget.

Støtteordninga for studentar frå utviklingsland, land på Vest-Balkan, i Aust-Europa og i Sentral-Asia (kvoteordninga) har til formål å bidra til internasjonalisering av utdanning og forskning, både i mottakarlanda og i Noreg. Gjennom studentmobilitet til norske universitet og høgskolar skal kvoteordninga òg medverke til kompetanse- og kapasitetsbygging i mottakarlanda. Ordninga har både ein kunnskapspolitisk og ein bistandspolitisk dimensjon.

Kvotordninga har etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og Norad vorte evaluert av analyseselskapet DAMVAD, og ein hovudkonklusjon i evalueringsrapporten var at dei kunnskapspolitiske målsetjingane for ordninga berre i liten grad blir nådde. Mellom anna for å få innspel til spørsmålet om korleis midlane som ligg i kvoteordninga, betre kan nyttast for å hjelpe fram det strategiske internasjonaliseringsarbeidet ved universiteta og høgskolane, vart rapporten sendt ut til høyring i fjor sommar. Høyringa gav ikkje noko eintydig bilete av kva dei ulike instansane meinte om denne problemstillinga. Slik regjeringa ser det, gir likevel evalueringa og høyringsfråsegnene i sum eit solid grunnlag for å revurdere bruken av dei omfattande midlane som i dag er bundne opp i ordninga. Alle instansar som uttalte seg om dei forvaltningsmessige sidene ved kvoteordninga, går inn for at midlane i ordninga ikkje lenger bør inngå i utdanningsstøtteordninga gjennom Lånekassen.

Regjeringa ønskjer på bakgrunn av dette å fase ut kvoteordninga frå undervisningsåret 2016–17. Det vil da ikkje lenger bli teke opp nye studentar, men dei studentane som allereie er i gang med ei utdanning under ordninga, vil få høve til å avslutte ho med støtte frå Lånekassen. Midlane som blir frigjorde etter kvart som kvoteordninga blir fasa ut, skal etter forslaget nyttast til eit nytt partnerskapsprogram for samarbeid med eit utval land i sør og til tiltak under strategi for forskings- og høgre utdanningssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika. Sjå kap. 281 post 01 for nærmare omtale av dette.

Renter i statsbankane

Regjeringa vil innføre ein ny modell for å fastsetje rentene på utdanningslån. Den nye modellen skal òg liggje til grunn for fastsetjing av renter på lån i Husbanken og lån i Statens pensjonskasse. Formålet med endringane er å etablere ein metode som speglar nivået for renter i den alminnelege rentemarknaden betre enn det gjeldande modell gjer. Den nye modellen er basert på data som blir rapporterte til Finansportalen. Regjeringa tek sikte på at endringa vil ha effekt for dei rentene i Lånekassen som tek til å gjelde frå 1. mars 2016. Ved tidspunktet for innføring skal rentenivået i Lånekassen ved ny modell bli om lag slik det ville ha vore ved vidareføring av gjeldande modell. Den nye modellen skal ikkje svekkje måten låneverksemda til Lånekassen bidrar til å nå utdanningspolitiske mål. Sjå nærmare omtale i Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*, og Prop. 1 S (2015–2016) *Statsbudsjettet (Gul bok)*.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>	354 769	367 647	368 092
45	Større utstyrinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	70 597	16 994	
50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	5 489 354	5 850 065	6 185 138
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	3 088 199	2 825 532	2 328 416
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	834 963	796 858	839 005
72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	977 373	894 282	921 049
73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	473 696	508 050	509 530
74	Tap på utlån	258 376	304 700	327 200
76	Startstipend for kvotestudentar, <i>overslagsløyving</i>	8 992	9 570	809
90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	22 204 937	23 583 114	24 328 246
	Sum kap. 2410	33 761 256	35 156 812	35 807 485

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 45 og post 45 Større utstyrinnkjøp og vedlikehold, kan overførast

Løyvinga på post 01 omfattar midlar til drift av Lånekassen. Løyvinga på post 45 gjeld midlar til større utstyrinnkjøp og vedlikehold.

Mål for 2016

Kunnskapsdepartementet fastset reglane for utdanningsstøtteordningane, men det er Lånekassen som forvaltar dei. For å oppfylle formålet i utdanningsstøtteleva har Kunnskapsdepartementet formulert følgjande mål for Lånekassen:

- Lånekassen skal tilby kundane brukarvennlege, raske og korrekte tenester.
- Lånekassen skal medverke til å utvikle utdanningsstøtteordningane.
- Lånekassen skal forvalte utdanningsstøtteordningane effektivt og sikkert.

Rapport for 2014

Lånekassen nådde dei måla departementet hadde sett for verksemda for 2014, på nesten alle område. Måla vart ikkje nådde for sakshandsaming av søknader om utdanningsstøtte. Gjennomsnittleg handsamingstid for maskinelt behandla søknader om støtte låg to dagar over resultatkravet, mens tida for manuelt behandla saker låg sju dagar over resultatkravet. Det vart sett i verk ei rekkje tiltak gjennom året for å betre svartida på desse søknadene, og situasjonen vart normalisert mot slutten av året. Lånekassen hadde òg færre saker som ikkje hadde vore handsama ved slutten av 2014, enn ved inngangen til året. På andre område, som tid for sakshandsaming av søknader om betalingsutsettning, tilgjengelegheit på telefon og e-post og effektivitet, vart måla innfridde.

Lånekassen har vore gjennom ein moderniseringsprosess (LØFT-programmet), som har omfatta både forbetra kundedialog, nye IKT-system, omstilling av organisasjonen og etablering av nye arbeidsformer, jf. St.meld. nr. 12 (2003–2004) *Om modernisering av Statens lånekasse for utdanning* og St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Kunnskapsdepartementet. I 2007 starta utskiftinga av IKT-systema, og det nye systemet Modulis blir nå brukt på alle område i forvaltninga av lån og stipend.

Konsulentselskapet Gartner gjennomførte i 2014 ei evaluering av LØFT-programmet for perioden 2004 til 2014. Evalueringa konkluderer blant anna med at programmet vart avslutta i tråd med siste gjeldande plan med omsyn til både kostnader, kvalitet og tid. I tillegg har Lånekassen evna å effektivisere og forbetre prosessane og verksemda, samt innføre ei moderne IKT-løysing. Også kravet til eigenfinansiering på 40 pst. er inn-

fridde.

fridd. Riksrevisjonen gjennomførte i 2013 ein kontroll av styringa av prosjektet. Kontrollen avdekte verken svakheiter, feil eller manglar. Vurderinga til Riksrevisjonen er at det nye IKT-systemet vil bidra til å oppfylle dei krava som vart stilte i St.meld. nr. 12 (2003–2004). Departementet er svært nøgd med korleis Lånekassen har gjennomført programmet.

Lånekassen jobbar for gode og moderne sjølvbeteningsløysingar, og hadde i 2014 over sju millionar treff på nettsida lanekassen.no, og 5,6 millionar besøk på Dine sider. I 2014 vart det gjennomført endringar som hadde betydning for mange av kundane til Lånekassen. Dette gjaldt blant anna faktura kvar månad, dagleg renteutrekning og innføring av AvtaleGiro. Som resultat av eit målretta informasjonsarbeid mot kundane lykkast Lånekassen med å få 140 000 kundar til å ta i bruk AvtaleGiro i løpet av seks månader. Ei undersøking frå 2014 gjord av Norsk kundebarometer viser at kundetrivselen er høg, og at Lånekassen låg i toppen blant dei statlege tenesteytarane på dette området.

Budsjettforslag for 2016

I 2014 vart det innført månadlege terminforfall, framfor kvartalsvise som tidlegare. For å finansiere auka kostnader knytte til utsending av betalingsvarsel kvar månad vart gebyret for papirfaktura sett til 18 kroner per månad, og driftsbudsjettet til Lånekassen vart auka med 15,1 mill. kroner på heilårsbasis. Ved ein feil vart ikkje heilårsbeløpet for 2015 foreslått i Prop. 1 S (2014–2015), og det vart derfor løyvt 7,5 mill. kroner til formålet i samband med handsaminga av revidert budsjett for 2015, sjå omtale i Prop. 119 S (2014–2015) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2015*. Erfaringar tyder nå på at kostnadene i åra framover truleg ikkje blir så store. Anslått samla heilårskostnad ved meirutgiftene til månadleg varsling er 8,8 mill. kroner frå og med 2016. Samanlikna med saldert budsjett 2015 foreslår departementet å auke løyvinga med 1 mill. kroner. Sjå også omtale om auka bruk av e-faktura og AvtaleGiro under kap. 5310 post 29.

Kunnskapsdepartementet foreslår endringar i støtta til språkkurs i utlandet, sjå omtale av forslaget under kap. 2410 postane 50–90. Departementet foreslår å auke løyvinga med 100 000 kroner til IKT-utvikling i samband med forslaget. Vidare foreslår departementet å innføre behovsprøving av bustipendet i vidaregåande opplæring mot lærlinginntekt, sjå omtale under kap 2410 postane 50–90. Departementet foreslår å auke løyvinga med

520 000 kroner til IKT-utvikling og auka administrasjonskostnader.

I Prop. 1 S (2014–2015) for Kunnskapsdepartementet vart det foreslått å løyve midlar til IKT-utvikling i 2015 som følge av ulike endringar i regelverket for utdanningsstøtte. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,5 mill. kroner fordi dette var eingongsmidlar knytte til endringar i regelverket frå undervisningsåret 2015–16. Vidare foreslår departementet å redusere løyvinga med 330 000 kroner fordi Stortinget ikkje slutta seg til forslaget i Prop. 1 S (2014–2015) om å behovsprøve bustipendet til elevar i vidaregåande opplæring.

Utgiftene Lånekassen har hatt til eID på høgt tryggleiksnivå, har tidlegare vore dekte gjennom rammeoverføring til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). Frå og med 2016 skal denne finansieringsordninga bli erstatta med ei fakturabasert ordning. For å tilbakeføre det som tidlegare er rammeoverført, blir det foreslått å overføre 972 000 kroner frå kap. 540 Direktoratet for forvaltning og IKT post 22 Betaling av elektronisk ID og digital post til private leverandører til kap. 2410 post 01, jf. Prop. 1 S (2015–2016) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kunnskapsdepartementet vil disponere 750 000 kroner av løyvinga på kap. 2410 post 01.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 5310 post 03, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

LØFT-programmet vart avslutta i 2015, og løyvingforslaget på kap. 2410 post 45 er redusert med 17 mill. kroner. Det inneber at det ikkje er foreslått å løyve midlar over denne posten i 2016.

Kap. 2410 postane 50–90, kap. 5310 og kap. 5617

Løyvingane på desse kapitla og postane utgjør støttebudsjettet til Lånekassen. Endringar i Lånekassens støtteordningar har som regel effekt på fleire budsjettpostar under kap. 2410, kap. 5310 og kap. 5617. Støttebudsjettet blir derfor omtalt samla. I tillegg blir dei enkelte postane omtalte kvar for seg lenger nede i teksten.

Mål for 2016

Utdanningsstøtteordninga skal bidra til at kvar einskild elev eller student har god tilgang til utdanning, og til at samfunnet og arbeidslivet får tilgang på kompetanse.

Rapport for 2014

Ein stor del av ungdom og vaksne i Noreg tek utdanning. Støtteordningane gjennom Lånekassen er ein viktig føresetnad for å gjere dette mogleg. Lånekassen hadde per 31. desember 2014 om lag 1 010 800 kundar. Av desse er om lag 612 800 i tilbakebetalingsfasen. I undervisningsåret 2014–15 var det om lag 503 700 elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring og studentar i høgre utdanning (inkludert norske studentar i utlandet). Om lag 397 600 personar mottok støtte frå Lånekassen.

Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var for undervisningsåret 2014–15 på 25,5 mrd. kro-

ner. Av dette vart 4 mrd. kroner betalte ut som stipend, sjå tabell 4.20 for fordeling på dei ulike stipendformene. 21,5 mrd. kroner vart i undervisningsåret 2014–15 betalte ut som lån.

I kalenderåret 2014 vart om lag 3,9 mrd. kroner betalte ut som stipend. I tillegg vart om lag 5,5 mrd. kroner konverterte frå lån til stipend under konverteringsordninga. Dei samla utgiftene knytte til stipend i 2014 vart dermed på om lag 9,4 mrd. kroner.

I tabellane under er det gitt ei oversikt over utviklingstrekk i tala på kundar i Lånekassen og over hovudtal både for dei kundane som får støtte, og for dei som er i ein tilbakebetalingsfase.

Tabell 4.18 Hovudtal for tildeling til vidaregåande opplæring

	2011–12	2012–13	2013–14	2014–15
Tal på elevar i vidaregåande opplæring ¹	232 291	235 820	236 629	235 807
Tal på elevar med ungdomsrett ²	206 270	208 959	210 522	210 477
Tal på støttemottakarar med ungdomsrett	172 452	177 636	170 135	170 427
Sum stipend (i mill. kroner)	2 488	2 579	2 606	2 520
Gjennomsnittsstipend (i kroner)	14 456	14 556	15 039	14 829
Sum lån (i mill. kroner)	158	173	182	183
Gjennomsnittslån (i kroner)	15 929	16 837	14 260	14 125

¹ Talet er henta frå SSB og syner alle elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring, uavhengig av alder, rett til opplæring, osv.

² Talet gjeld elevar og lærlingar med ungdomsrett til vidaregåande opplæring.

Tabell 4.19 Hovudtal for tildeling til høgre utdanning m.m.

	2011–12	2012–13	2013–14	2014–15
Tal på studentar i høgre utdanning ¹	244 922	255 528	264 259	267 945
Tal på støttemottakarar i høgre utdanning	170 861	176 729	182 777	187 904
Tal på andre støttemottakarar ²	37 357	38 280	39 354	39 330
Sum lån inkl. konverteringsstipend (i mill. kroner)	18 026	19 076	20 167	22 822
Gjennomsnittslån (i kroner)	87 190	89 422	91 471	94 862
Utbetalt konverteringsstipend ³ (i mill. kroner)	5011	4773	1640*	0*
Sum andre stipend (i mill. kroner)	1 105	1 200	1 287	1 459

¹ Tal på studentar i høgre utdanning frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) og Lånekassens tal på studentar i utlandet.

² Tala gjeld studentar i fagskolar, folkehøgskolar, bibelskolar, korte yrkesretta utdanningar samt elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring utan ungdomsrett.

³ Utbetalt stipend etter kontroll av inntekt og formue mot skattelikninga. Status per august 2015.*Frå 2013 vil omgjerking frå lån til stipend skje samtidig med kontroll av inntekt og formue mot skattelikninga. Likningskontroll for 2014 blir gjennomført hausten 2015. Det er derfor ikkje utbetalt konverteringsstipend for 2014 og 2015.

Tabell 4.20 Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra

	Tal på stipend		Stipend i mill. kroner	
	2013–14	2014–15	2013–14	2014–15
Grunnstipend	69 584	61 690	1 144	1 000
Bustipend	28 842	28 921	1 062	1 075
Utstyrsstipend	163 311	163 817	218	248
Flyktningsstipend	2 773	3 644	192	261
Stipend til skolepengar	15 368	15 925	426	457
Tilleggsstipend til skolepengar i utlandet	1 414	2 150	46	71
Stipend til skolepengar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar	804	666	51	43
Språkstipend	462	395	8	7
Reisestipend, Noreg og Norden	60 439	60 242	72	74
Reisestipend, utanfor Norden	24 024	24 047	139	141
Sjukestipend ¹	745	1 133	20	32
Foreldrestipend ¹	2 598	3 114	162	190
Forsørgjarstipend	18 248	18 254	293	304
Startstipend til kvotestudentar	476	482	9	9
Stipend til søkjarar med nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming	1 895	2 548	57	76
Totalt	390 983	387 028	3 895	3 988

¹ Omgjering av lån til stipend ved sjukdom og fødsel skjer i ettertid. Det betyr at det ikkje ligg føre endelege tal for desse tiltaka ved utløpet av undervisningsåret. For undervisningsåret 2013–14 vart det endelege resultatet for omgjering ved sjukdom 50 mill. kroner, og ved fødsel 211 mill. kroner.

Tabell 4.21 Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra

	2011	2012	2013	2014
Tal på tilbakebetalande låntakarar	560 699	577 258	598 744	612 795
Renteberande lån (i mill. kroner)	84 349	89 331	95 937	101 735
Betalte renter (i mill. kroner)	2 797	2 645	2 501	2 367
Avdrag (i mill. kroner)	5 629	5 656	6 004	5 918
Ettergitt/avskrive (i mill. kroner)	278	600	473	449
Rentestøtte (i mill. kroner)	974	877	918	977
Uteståande lån (i mill. kroner)	116 736	124 032	135 788	144 990
Uteståande renter	2 329	2 113	2 041	1 774

Tildeling av støtte

I undervisningsåret 2014–15 vart det innført fleire tiltak for å betre høva for ulike grupper elevar og studentar.

For å betre kjøpekrafta til studentane vart basisstøtta auka med 3,65 pst. Dei andre satsane i utdanningsstøtteordninga vart auka med 1,7 pst. i tråd med forventta prisvekst.

To tiltak for å betre kåra for studentforeldra vart innførte: For det første vart foreldrestipendperioden utvida frå 44 til 49 veker for barn fødde frå og med 15. august 2014. For det andre vart oppteningstida for foreldrestipendet redusert frå seks til fire månader. Tiltaket skulle redusere risikoen for at studentar som går over frå arbeid til utdanning, eller som nettopp har starta utdanninga, skal stå utan rettar til verken foreldrepenigar frå Nav eller foreldrestipend frå Lånekassen. Tiltaket har ført til at nokre færre studentar har fått avslag på søknad om foreldrestipend frå Lånekassen.

Det vart opna for støtte til det første året av bachelorutdanning av høg kvalitet i USA. Tiltaket skulle kunne gi ein auke i talet på studentar i USA. Målet vart nådd i og med at talet på studentar som fekk støtte til det første året i bachelorgraden i USA, gjekk opp frå elleve i 2013–14 til 77 i 2014–15.

Tre nye elevgrupper som tek vidaregåande opplæring i utlandet gjennom samarbeid mellom ein norsk og ein utanlandsk vidaregåande skole, fekk rett til støtte. Dette gjeld ei elevgruppe i eit samarbeid mellom Akershus fylkeskommune / Stabekk vidaregåande skole og Askham Bryan College / York College i England, og ytterlegare to elevgrupper i eit samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Armadale Academy i Skottland. Retten til støtte har vorte nytta for seks elevar frå Stabekk og ingen elevar frå Møre og Romsdal.

Vidare vart ordninga med gradert sjukestipend permanent frå og med kalenderåret 2014. Det er for tidleg å trekkje sikre slutningar om utnyttinga av ordninga for 2014–15, sidan sjukestipend er omgjerding av lån til stipend etter at sjukdomsperioden er overstått. Det er likevel ein tydeleg auke i talet på mottakarar av sjukestipend frå 2012–13 til 2013–14. Av mottakarane i 2013–14 var 20 pst. delvis sjukmelde og fekk gradert sjukestipend.

Nokre mindre justeringar vart òg gjorde i ordninga for sjukestipend. Sjukestipendet blir gitt for den nøyaktige perioden som søkjaren er sjukmeldt i. Vidare kan søkjarar som har vore i utdanning

som gir rett til støtte i semesteret før sjukdomsperioden, få sjukestipend sjølv om dei ikkje fekk sendt inn søknaden om utdanningsstøtte før dei vart sjuke. Desse endringane har gitt betre samsvaret mellom faktisk sjukmeldingsperiode og periode med sjukestipend, og nokre færre avslag på søknader om sjukestipend.

Utstyrsstipendet vart styrkt for å få betre samsvaret mellom stipendsatsen og dei kostnadene elevane har. Stipendet har tre ulike satsar avhengig av det utdanningsprogrammet eleven er teken opp til. Elevar i utdanningsprogramma elektrofag, musikk, dans og drama og studiespesialisering med fordjuping i formgivingsfag eller med toppidrett som fag frå andre programområde, vart løfte frå lågaste sats til mellomste sats. Den høgste satsen vart auka med om lag 600 kroner til 3 500 kroner. Dette kom elevar i utdanningsprogramma idrettsfag, design og handverk og restaurant- og matfag til gode.

Reglane for tildeling av grunnstipendet til elevar i vidaregåande opplæring vart stramma inn noko ved å endre inntektsgrensene for forsørgjarane i behovsprøvinga. Formålet var at stipendet i mindre grad skulle bli gitt til andre enn målgruppa, som er elevar i familiar med særleg svak økonomi. Samanlikna med talet på mottakarar per 31. desember 2013 har om lag 6 000 færre mottake grunnstipend per 31. desember 2014. Dette tyder på at innstramminga har hatt effekt.

I 2013 vart tidspunktet for omgjerding av lån til utdanningsstipend (konvertering) flytt. Omgjerdinga for dette året vart utsett til etter at skattelikninga for kalenderåret ligg føre, slik at konvertering og likningskontroll kunne bli gjorde på same tidspunkt i ein samla operasjon.

Tilbakebetaling av støtte

Det vart innført forseinkingsrente etter forseinkingsrentelova for utdanningsgjeld frå 1. januar 2014, slik at forseinkingsrente blir rekna frå forfallsdato. Vidare vart det bestemt at renter på utdanningslånet skal reknast ut dagleg, og at kapitalisering av rentene skjer etter kvart terminforfall. Desse endringane har gjort vilkåra for tilbakebetaling av utdanningsgjeld meir like vilkåra i dei andre statsbankane.

Fristregelen for å kunne søkje om rentefritak på grunn av utdanning vart justert slik at han gjeld tre år fram i tid etter at utdanningsprogrammet er avslutta. Endringa er positiv fordi fleire studentar har fått høve til å nytte rettane sine til rentefritak.

Budsjettforslag for 2016

Forskrift om tildeling av utdanningsstøtte, som skal gjelde for undervisningsåret 2016–17, og forskrift om forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettar, som skal gjelde for kalenderåret 2016, blir sende ut til alminneleg høyring medio oktober 2015. Forslaget til forskrift er i tråd med budsjettforslaget. Departementet foreslår at alle støttesatsar i Lånekassen blir justerte med 2,5 pst. for undervisningsåret 2016–17.

Nokre av forslaga i det følgjande vil medføre behov for å styrkje driftsbudsjettet til Lånekassen. Sjå under kap. 2410 post 01 og post 45 for nærmare omtale av endringane.

Basisstøtta, som blir gitt til studentar i høgre utdanning og andre som er omfatta av same regelverk, mellom anna fagskolestudentar og elevlar i folkehøgskole, er i undervisningsåret 2015–16 på 10 092 kroner per måned. Regjeringa foreslår å auke basisstøtta til 10 408 kroner per måned i undervisningsåret 2016–17, noko som svarer til ein vekst på 3,1 pst. i høve til undervisningsåret 2015–16. Forslaget inneber at løyvingane aukar med 20 mill. kroner. I tillegg kjem auka utlån.

For å gjere det meir attraktivt å velje utdanning i ikkje-engelskspråklege land foreslår departementet nokre endringar i dei eksisterande ordningane for støtte til språkopplæring i slike land. Ordningane består av eit språkstipend, som er meint for korte, intensive kurs på minst fire veker for studentar som har opptak til ei ikkje-engelskspråkleg utdanning utanfor Skandinavia, og av eit språkleg tilretteleggingssemester, som per i dag er ei forsøksordning der ein får vanleg basisstøtte i inntil eitt semester til å ta språkopplæring som førebuing til ei planlagd gradsutdanning. I tillegg kjem ei særkild forsøksordning for støtte til språkopplæring i Kina og Russland som liknar ordninga for det språklege tilretteleggingssemesteret, men med den skilnaden at ein i desse to landa kan få språkopplæringsstøtte i inntil to semester.

Språkstipendordninga inneheld fleire vilkår som i sum truleg gjer det for vanskeleg for mange studentar å finne eit språkkurs som passar inn i det studieløpet som dei elles har planlagt. Dette gjeld mellom anna eit vilkår som inneber at ein ikkje kan ta språkkurset parallelt med hovudutdanninga, og krav til korleis undervisningstimane skal vere fordelte gjennom kursperioden. Departementet foreslår å fjerne desse og eit par andre innsnevrande vilkår, slik at ordninga blir meir fleksibel. I tillegg foreslår departementet å auke sat-

sen for språkstipendet med 2 000 kroner, frå satsen i dag på 18 064 kroner.

Når det gjeld ordninga med språkleg tilretteleggingssemester, foreslår departementet å utvide ho med eitt semester slik at det blir mogleg å få støtte til språkopplæring i inntil to samanhengande semester. Departementet foreslår vidare å gjere tilretteleggingssemesteret til ei permanent ordning, og å innlemme den særskilde støtteordninga for språkopplæring i Kina og Russland i den utvida, generelle ordninga for språkleg tilrettelegging. Departementet foreslår også å opne for at delstudentar kan få slik støtte samt å innføre rett til skolepengestøtte til kurs som blir tekne under ordninga.

Som følgje av framlegget til endringar i ordningane for støtte til språkopplæring i ikkje-engelskspråklege land foreslår departementet å auke løyvingane med 1,8 mill. kroner. I tillegg kjem auka utlån.

For at eit samarbeidsprogram mellom norsk vidaregåande skole og utanlandsk skole skal bli godkjent for utdanningsstøtte, må programmet fylle visse regelfesta kvalitetskrav. Men dette er ikkje nok. Endeleg godkjenning for støtte er i dag i kvart einskilt tilfelle avhengig av løyvingvedtak i Stortinget. Dette gir ein langdryg og mindre føreseieleg søknadsprosess for dei skolane og skoleeigarane som har planar om å etablere slike samarbeidsprogram. For å leggje betre til rette for elevmobilitet til utlandet foreslår departementet å gjere godkjenningsordninga regelstyrt, slik at alle samarbeidsprogram som fyller dei fastsette kvalitetskrava, automatisk vil bli godkjende for støtte. Departementet foreslår å auke løyvingane med 2,2 mill. kroner som følgje av dette.

Departementet foreslår å behovsprøve bustipendet i vidaregåande opplæring mot lærlinginntekt. Stipendet blir i dag gitt med same sats til alle bortebuande elevlar og lærlingar som har ungdomsrett til vidaregåande opplæring, dersom visse vilkår om avstand mellom foreldreheim og lærestad er fylte. Etter forslaget vil bortebuande lærlingar som tener mindre enn om lag 13 000 kroner brutto per måned, framleis få fullt bustipend. Om lag ein tredel av lærlingane tener meir enn dette grensebeløpet. For desse vil 60 pst. av brutto månadslønn over grensa gå til frådrag i bustipendet. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 21 mill. kroner som følgje av forslaget.

Departementet foreslår å auke den eigendelen som blir trekt frå ved berekning av stipend til heimreiser i Noreg for studentar og andre som ikkje tek vanleg vidaregåande opplæring, med 500 kroner. Forslaget inneber at talet på mottakarane

av stipendiet vil bli redusert med om lag ein tredel, og vil ha som konsekvens at stipendordninga i enda større grad enn i dag berre vil omfatte studentar med lang reiseveg frå lærestad til heimstad. Støtta til reiser frå Noreg til den utanlandske lærestaden for studentar i utlandet blir ikkje påverka av forslaget. Løyvingsbehovet minkar med 5,3 mill. kroner som følgje av forslaget.

Regjeringa foreslår å starte ei avvikling av støt-teordninga for studentar frå utviklingsland, land på Vest-Balkan, i Aust-Europa og i Sentral-Asia (kvoteordninga) frå undervisningsåret 2016–17. Dette inneber at det frå hausten 2016 ikkje vil bli tekne opp nye studentar under kvoteordninga, men dei som allereie er i gang med ei utdanning under ordninga, vil få støtte til å fullføre ho. Forslaget vil minke løyvingsbehovet med 17,8 mill. kroner i 2016. I tillegg kjem redusert utlån. Løyvingsbehovet vil bli ytterlegare redusert i dei tre neste åra etter kvart som fleire studentar blir fasa ut av ordninga. Departementet foreslår at dei midlane som blir frigjorde som følgje av at kvoteordninga blir avvikla, skal nyttast til eit nytt partnerskapsprogram for samarbeid med eit utval land i sør og til tiltak under strategi for forskings- og høgre utdanningssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika. Sjå kap. 281 post 01 for nærmare omtale av dette.

Stortinget vedtok etter forslag i Prop. 119 S (2014–2015) å løyve 411 000 kroner i 2015 til utdanningsstøtte til eit studieopphald på seks månader ved Helderberg International School i Sør-Afrika for ei elevgruppe ved Sørumsand vidaregåande skole, Akershus fylkeskommune. Utvekslinga til Sør-Afrika skjer gjennom eit samarbeidsprogram mellom fylkeskommunen og den sørafrikanske skolen. Samarbeidsprogrammet er med på å styrkje internasjonaliseringa i vidaregåande opplæring, og departementet foreslår at godkjenninga for støtte gjennom Lånekassen blir ført vidare. Forslaget inneber behov for å auke løyvinga med 411 000 kroner.

Departementet foreslår å auke løyvingane til utdanningsstøtte med 3,4 mill. kroner i samband med eit forslag om å etablere forkurs i matematikk for søkjarar som ikkje har god nok kompetanse i faget til å få opptak til lærarutdanninga. I tillegg kjem auka utlån. Sjå nærmare omtale under kap. 281 post 01.

Departementet foreslår å auke løyvingane til utdanningsstøtte med 846 000 kroner som følgje av eit forslag om å auke talet på studieplassar innanfor helsefaglege utdanningar. I tillegg kjem auka utlån. Sjå nærmare omtale under kap. 260 post 50.

Departementet foreslår å auke løyvingane til utdanningsstøtte med 10 mill. kroner som følgje av eit forslag om å auke talet på studieplassar i praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). I tillegg kjem auka utlån. Sjå nærmare omtale under kap. 260 post 50.

Departementet foreslår også å auke løyvingane til utdanningsstøtte med 1,1 mill. kroner i samband med eit forslag om kompetanseutvikling i barnehagane. I tillegg kjem auka utlån. Sjå nærmare omtale under kap. 231 post 21.

Verkeleg verdi

For å rekne seg til den verkelege verdien av utlånsporteføljen til Lånekassen er det laga ein modell som skil mellom kostnader knytte til dei utdanningspolitiske og sosiale tiltaka i støtteordningane, og kostnader knytte til kredittrisiko. Lånekassen hadde ein portefølje av uteståande lån og renter på om lag 145 mrd. kroner ved utgangen av 2014. Den verkelege verdien av porteføljen er lågare enn den bokførte porteføljen. Dette skyldast både dei ulike utdanningspolitiske og sosiale ordningane som er knytte til støtteordningane i Lånekassen, og forventa tap som skyldast at kundane ikkje oppfyller betalingspliktene sine. Tabellen under syner kva for element det er justert for når ein har rekna ut verkeleg verdi av porteføljen. Det er lagt til grunn at låna i gjennomsnitt er rentefrie i noko under tre år. På grunnlag av modellen og ein føresetnad om ei rente på fire pst. er den verkelege verdien av porteføljen ved utgangen av 2014 rekna ut til om lag 134 mrd. kroner. Differansen mellom bokført verdi og berekna verkeleg verdi utgjer om lag 10,7 mrd. kroner. Av dette er om lag 9,3 mrd. kroner knytte til stipend, rentestøtte og avskrivningar, medan om lag 1,6 mrd. kroner skriv seg frå tap som følgje av kredittrisiko. Den verkelege verdien er dermed berekna til å vere om lag 93 pst. av dei samla fordringane per 31. desember 2014.

Tabell 4.22 Verkeleg verdi

	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2013	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2014
<i>Opphavleg låneportefølje</i>		
– tilbakebetalarar	97 397	101 732
– studentar	40 503	43 258
– <i>Sum opphavleg låneportefølje</i>	<i>137 900</i>	<i>144 990</i>
<i>Justeringar</i>		
– omgjering til stipend	1 130	1 130
– rentefritak studentar	2 881	3 082
– rentefritak tilbakebetalarar	2 486	2 612
– ettergitt dødsfall	478	502
– ettergitt sjukdom	861	904
– ettergitt bustad	669	703
– ettergitt kvoteordninga	383	402
– <i>Sum justeringar</i>	<i>8 888</i>	<i>9 335</i>
<i>Justert låneportefølje</i>	<i>129 012</i>	<i>135 654</i>
– nedskriving	1 563	1 641
– over-/underkurs	–130	251
<i>Verdi</i>	<i>127 319</i>	<i>134 264</i>

Ved å leggje til grunn dei same føresetnadene som ved berekning av verkeleg verdi av porteføljen kan ein berekne nåverdien av nye utlån i Lånekassen. Tabellen under syner at staten kan forvente å få tilbake om lag 64 øre for kvar nye krone som blir lånt ut frå Lånekassen. Av dei om lag 36 øra av kvar krone som ein ikkje kan forvente blir betalte

tilbake, utgjer stipend, rentestøtte og avskrivningar nesten alt. Under eitt øre per nye krone i nytt utlån blir forventa tapt som følge av at låntakaren ikkje betaler. Berekninga gjeld alle nye utlån i Lånekassen, og skil ikkje på dei ulike gruppene av lån og låntakarar.

Tabell 4.23 Nåverdien av 1 krone i nytt utlån

	Verdi i kroner per 31. desember 2013	Verdi i kroner per 31. desember 2014
<i>Opphavleg låneportefølje</i>		
– tilbakebetalningar	0,00000	0,00000
– studentar	1,00000	1,00000
<i>Justeringar</i>		
– omgjerung til stipend	0,28032	0,28032
– rentefritak studentar	0,05266	0,05266
– rentefritak tilbakebetalningar	0,01253	0,01253
– ettergitt dødsfall	0,00241	0,00241
– ettergitt sjukdom	0,00434	0,00434
– ettergitt bustad	0,00337	0,00337
– ettergitt kvoteordninga	0,00193	0,00193
– <i>Sum justeringar</i>	<i>0,35756</i>	<i>0,35756</i>
<i>Justert låneportefølje</i>	<i>0,64244</i>	<i>0,64244</i>
– nedskriving	0,00678	0,00678
<i>Verdi</i>	<i>0,63566</i>	<i>0,63566</i>

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Heile basisstøtta til studentar i høgre utdanning m.m. blir utbetalt som lån, og inntil 40 pst. av basisstøtta kan bli konvertert frå lån til stipend når utdanninga er gjennomført, jf. forslag til vedtak III nr. 5. Løyvinga på post 50 dekkjer avsetning til eit fond (konverteringsfondet) som Lånekassen trekkjer midlar frå etter kvart som lån blir gjorde om til stipend. Ved budsjettering av posten for 2016 blir det lagt til grunn at om lag 10 pst. av utdanninga det blir gitt støtte til, ikkje blir bestått og derfor ikkje gir omgjerung frå lån til stipend. Utdanningsstipendet blir behovsprøvt mot inntekt og formue. Ved budsjettering av posten er det derfor føresett at delar av omgjeringslånet ikkje blir gjorde om til stipend ved behovsprøvinga mot inntekt og formue. Basert på erfaringstal blir avsetninga på posten derfor 20 pst. mindre enn det beløpet Lånekassen maksimalt kunne ha sett av til konvertering.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld utstyrsstipend, grunnstipend og bustipend til elevar og lærlingar i vanleg vidaregåande opplæring, samt flyktningstipend, foreldrestipend, sjukestipend og forsørgjarstipend for alle grupper.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld ulike stipend til dekning av reise, skolepengar og språkkurs i innland og utland.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer kostnaden ved at utdanningslån er rentefrie i utdanningstida, og er eit uttrykk for kor mykje staten subsidierer lånedelen av støtteordningane med. Løyvingsbehovet på posten varierer med rentenivået.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Avskrivningane på post 73 er heimla i forskriftene til Lånekassen og i utdanningsstøtteleova. Avskrivningane på posten omfattar blant anna avskrivning grunna sjukdom og død. Vidare er det egne ordningar for avskrivning for visse lærarutdanningar,

og for personar som er busette og arbeider i Finnmark. Restgjeld blir automatisk avskrive når restbeløpet er under minimumsbeløpet for innkrevjing i forskriftene.

Oversikta under viser dei elementa som utgjer post 73 Avskrivningar:

Tabell 4.24 Avskrivningselement

Element	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
Sjukdom	170 169	200 300	179 900
Dødsfall	50 333	52 000	53 400
Automatisk avskrivning	872	1 800	900
Avskrivning for lærarutdanning	16 052	11 000	17 400
Finnmarks-avskrivning	110 109	106 500	119 200
Avskrivning kvoteordninga	23 213	30 810	29 270
Rentefritak	102 948	105 640	109 460
<i>Sum</i>	473 696	508 050	509 530

Av samla avskrivning på 510 mill. kroner reknar ein med at om lag 369 mill. kroner vil utgjere opphavleg hovudstol (det opphavlege utdanningslånet til kunden). Dei resterande avskrivningane fordeler seg på om lag 40 mill. kroner frå renter i 2016 og om lag 100 mill. kroner i renter frå tidlegare år.

Post 74 Tap på utlån

Løyvinga på posten dekkjer avskrivning av grovt eller vedvarande misleghaldne utdanningslån. Låna blir avskrivne i rekneskapane som tap i Lånekassen når dei blir overførte permanent til Statens innkrevjingssentral (SI).

Oversikta nedanfor viser dei hovudelementa som utgjer post 74 Tap på utlån:

Tabell 4.25 Tapselement

	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
SI-permanent	208 336	260 000	270 000
Lån etter gjeldsordning	43 893	40 000	50 000
Andre forhold	6 147	4 700	7 200
<i>Sum</i>	258 376	304 700	327 200

Tap på den opphavlege hovudstolen er berekna til å utgjere 251 mill. kroner, medan tap på renter frå tidlegare periodar utgjer om lag 68 mill. kroner i 2016. Årets renter på taps-/kostnadsfordringane er berekna til å utgjere 8 mill. kroner i 2016.

Kundar som ikkje har betalt etter tredje varsel om betaling, får lånet førebels overført til SI. Der som arbeidet til SI fører fram og kunden kjem à jour med betalingar, blir saka ført tilbake til Lånekassen. Lånekassen eig kravet, men SI handterer

gjeldsordningssaker i denne perioden. Det er først når lånet blir permanent overført til SI, normalt når gjelda har vore oppsagd i tre år, at kravet i rekneskapleg samband blir overført til SI. Frå 1996 til og med 2014 har 61 122 kundar fått gjelda permanent overført til SI, med eit samla beløp på 6,8 mrd. kroner. Av dette er det fram til i dag kravt inn om lag 3,3 mrd. kroner. Innkrevjingsresultatet i 2014 for permanent overførte utdanningslån vart på 307 mill. kroner mot 255 mill. kroner i 2013 og 261 mill. kroner i 2012. Det vart overført lån permanent frå Lånekassen til SI på 208 mill. kroner i 2014, 248 mill. kroner i 2013 og 220 mill. kroner i 2012. Overføringa til SI er berekna til 270 mill. kroner i 2016.

Gjeldssletting etter gjeldsordning er berekna til 50 mill. kroner i 2016. Andre tapselement, mellom anna forelda renter, utanrettsleg gjeldsordning samt heil og delvis ettergiving av fordringar som det er uråd å drive inn, er berekna til om lag 7,2 mill. kroner.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	24 844	21 500	25 190
16	Refusjon av foreldrepenge	2 637		
18	Refusjon av sjukepenge	2 857		
29	Termingebyr	26 207	43 130	23 244
89	Purregebyr	99 396	262 510	188 894
90	Redusert lån og rentegjeld	7 810 907	8 777 031	8 914 712
93	Omgjering av utdanningslån til stipend	5 460 815	5 474 074	5 689 308
	Sum kap. 5310	13 427 663	14 578 245	14 841 348

Kapitlet gjeld inntekter til Lånekassen, i hovudsak innbetalningar frå kundane, innbetaling frå konverteringsfondet og ulike refusjonar.

Post 03 gjeld eventuell refusjon av kostnader som Lånekassen har ved oppdrag for andre verksemder.

Visse innanlandske kostnader kan etter statistikkdirektivet i OECD bli definerte som offentlig utviklingshjelp. Post 04 gjeld ettergiving av utdanningslån for kvotestudentar frå utviklingsland som flytter til heimlandet og buset seg der varig. Det er Utanriksdepartementet som betaler refusjonen til Lånekassen over kap. 167 Flykt-

Post 76 Startstipend for kvotestudentar, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer utbetaling av stipend til kvotestudentar tilsvarende basisstøtte i to månader når dei kjem til lærestaden i Noreg for første gong.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer samla nye utlån frå Lånekassen i 2016, og berekna renter i løpet av året som ikkje er betalte ved utgangen av året.

Nye utlån til kundar samt omgjeringar er berekna til å utgjere om lag 23,5 mrd. kroner, medan nettoutlån til ubetalte renter er berekna til å utgjere om lag 0,8 mrd. kroner. Den totale løyvinga på posten blir da om lag 24,3 mrd. kroner i 2016.

ningtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA).

Post 29 gjeld gebyr for førstegongsvarsling ved terminforfall. Kundar som nyttar eFaktura eller AvtaleGiro, blir ikkje belasta med gebyr ved førstegongsvarsel. Løyvingsforslaget er redusert i 2016 fordi fleire kundar enn før nyttar eFaktura og AvtaleGiro. Post 89 gjeld gebyr på 280 kroner ved andregongsvarsel og 490 kroner ved tredjegongsvarsel (varsel om oppseiing).

Løyvinga på post 90 gjeld innbetalte avdrag og betalte berekna renter frå tidlegare år. Avskrivne og betalte renter er splitta opp i avskrivne og

betalte renter i inneverande og tidlegare budsjett-periodar.

Tilbakebetaling av opphavleg hovudstol er berekna til å utgjere om lag 7,4 mrd. kroner i 2016. Tilbakebetaling av rentegjeld frå tidlegare periodar er berekna til å utgjere om lag 687 mill. kroner i 2016. Tilbakebetaling frå taps-/kostnadsløyvingar

utgjer om lag 788 mill. kroner (omfattar både hovudstol og berekna renter frå tidlegare periodar, spesifisert på kap. 2410 postane 73 og 74).

Post 93 omfattar innbetaling frå eit fond (konverteringsfondet) til Lånekassen basert på konvertering av lån til stipend, sjå omtale under kap. 2410 post 50.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
80	Renter	3 753 415	3 757 151	3 800 168
	Sum kap. 5617	3 753 415	3 757 151	3 800 168

Løyvinga på posten gjeld renter til staten for alle utlån til Lånekassens kundar. Dette gjeld renter som er belasta kundar i tilbakebetalingsfasen, og renter som er løyvde på tilskottspostar til å dekkje kostnadene til staten på lån som er rentefrie under utdanninga (rentestøtta), og på lån som er avskrivne.

Rentestøtta er berekna til å utgjere om lag 1,1 mrd. kroner, medan opptente og innbetalte renter frå kundane er berekna til å utgjere om lag 1,9 mrd. kroner i 2016. Opptente ikkje-betalte renter frå kundane er berekna til å utgjere om lag 0,8 mrd. kroner, medan årets renter frå taps-/kostnadsløyvingar er berekna til å utgjere om lag 48,4 mill. kroner i 2016.

Del III
Omtale av særlege tema

5 Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgre utdanning

5.1 Innleiing

Regjeringa har åtte hovudsatsingar for å forenkle, forbetre og fornye Noreg. Ei av dei viktigaste satsingane er knytt til kunnskap. Noreg kan ikkje bli billegast, men vi har mange område der vi kan bli internasjonalt leiande. Da må vi ha fagmiljø i verdsklasse. For å få til det må vi prioritere innsatsen til forskning og høgre utdanning og tenkje langsiktig. OECD (OECD Science, Technology and Industry Outlook 2014) peiker på to typiske trekk for land med velutvikla system for forskning og innovasjon. For det første investerer slike land langsiktig i kunnskapsbasen. Det vil mellom anna seie å investere i utdanning, rekruttering og utstyr. For det andre styrkjer slike land konkurranseevna si gjennom prioriterte satsingar for å møte store samfunnsutfordringar.

Langtidsplanen for forskning og høgre utdanning er regjeringa sitt viktigaste prioriteringsverktøy i denne samanhengen. Langtidsplanen vart lagd fram i oktober 2014. Saman med regjeringa sin strategi for samarbeidet med EU om forskning og innovasjon er planen ein del av regjeringa si heilskaplege tilnærming til å fremme kvalitet og konkurranseevne i norsk forskning. EU-strategien og langtidsplanen blir omtalte kort i innleiinga. Deretter følgjer ein meir detaljert omtale av oppfølginga av langtidsplanen. For å gi ei god oversikt over forskning og utvikling i statsbudsjettet generelt følgjer omtale av Noregs forskingsråd og eit eige avsnitt om forskning og utvikling i statsbudsjettet som òg tek for seg utviklinga i offentleg forskingsinnsats.

I følgje Kunnskapsdepartementet sine overslag inneber forslaget til statsbudsjett for 2016 samla FoU-løyvingar på 32,5 mrd. kroner. Dette utgjør ein realvekst på 4,1 pst. frå 2015-budsjettet, og ein del av bruttonasjonalprodukt på 1,01 pst. I langtidsplanen for forskning og høgre utdanning tek regjeringa sikte på at målet om at offentlege løyvingar til FoU skal utgjere ein pst. av BNP kan bli nådd i 2019/2020, gitt utsiktene til vekst i BNP da planen vart utforma. Grunna lågare BNP-vekst

enn forventa og ei stor satsing på forskning i regjeringa sitt forslag til budsjett for 2016, ligg FoU-løyvingane over ein pst. av BNP allereie i 2016. Medrekna Skattefunn-ordninga er overslaget for realvekst 4,0 pst. og delen av bruttonasjonalproduktet 1,09 pst.

Langtidsplan for forskning og høgre utdanning

Langtidsplanen har tre overordna mål for offentlege investeringar i forskning og høgre utdanning. Dei er konkurransekraft og innovasjonsevne, å møte store samfunnsutfordringar og å utvikle framifrå kvalitet i forskning og høgre utdanning. Veksten skal gå til dei seks langsiktige prioriteringane i planen (hav, klima, miljø og miljøvennleg energi, fornying i offentleg sektor og betre og meir effektive velferds-, helse- og omsorgstenester, mogleggjerande teknologiar, eit innovativt og omstillingsdyktig næringsliv og verdslaiende fagmiljø). Satsingar som medverkar til auka kvalitet i forskning og høgre utdanning, eller at næringslivet forskar meir, blir prioriterte. For å sørgje for ei langsiktig investering i kunnskapsbasen har regjeringa varsla ein auke i løyvingane til rekrutteringsstillingar med 500 nye stillingar, vitskapleg utstyr med 400 mill. kroner og tiltak for god norsk deltaking i Horisont 2020 med 400 mill. kroner innan 2018.

Strategi for Noregs samarbeid med EU om forskning og innovasjon

Våren 2014 la regjeringa fram ein strategi for samarbeid med EU om forskning og innovasjon. Gjennom EU-samarbeidet er Noreg ein aktiv deltakar i utviklinga av det felleseuropeiske forskingsområdet (European Research Area, ERA). ERA handlar om tettare integrasjon av samarbeidet om forskning og innovasjon i Europa og i det europeiske samarbeidet med land utanfor Europa. ERA-arbeidet går føre seg gjennom konkrete aktivitetar som til dømes samarbeid om felleseuropeiske forskingsinfrastruktur, fellesprogram for forskning

og felles politikk for rammevilkår for forskarar. Det største tiltaket innanfor ERA er Horisont 2020. Horisont 2020 er verdas største internasjonale program for forskning og innovasjon og Noregs viktigaste verkemiddel for internasjonalisering av forskning og innovasjon. I EU-strategien har regjeringa fire hovudmål for norsk deltaking i Horisont 2020 og ERA. Deltakinga skal medverke til betre kvalitet og at norske forskarar hevdar seg internasjonalt, auka innovasjonsevne og verdiskaping, betre velferd og meir berekraftig samfunnsutvikling, og utvikling av norsk forskning og innovasjon. I tillegg har regjeringa som ambisjon at norske fagmiljø skal få to pst. av prosjektmidlane i Horisont 2020. Det krev ein auke i deltakinga frå norske fagmiljø samanlikna med tidlegare ramme-program for forskning.

5.2 Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgre utdanning

I 2015 fulgte regjeringa opp langtidsplanen med over 800 mill. kroner. Regjeringa prioriterte særleg tiltak for kvalitet og næringsretta forskning. I tillegg starta opptrappinga av rekrutteringsstillingar, vitenskapleg utstyr og tiltak for god norsk deltaking i Horisont 2020.

I 2016 foreslår regjeringa å halde fram med opptrappingsplanane. Regjeringa foreslår å følgje opp langtidsplanen med om lag 760 mill. kroner til satsingar som medverker til omstilling av norsk samfunns- og næringsliv og til å utvikle verdsleiarande fagmiljø. Under følgjer ei oversikt over satsingar som følgjer opp dei tre opptrappingsplanane og dei seks langsiktige prioriteringane.

Rekrutteringsstillingar

I budsjettet for 2016 foreslår regjeringa å følgje opp den varsla opptrappinga av rekrutteringsstillingar med 125 stillingar. Rekrutteringsstillingane blir tildelte miljø innanfor realfag og teknologi, inkludert maritime fag, og sjukepleie. Nokre av rekrutteringsstillingane blir tildelt instituttsektoren og ordningane for nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d. I tillegg foreslår regjeringa å løyve midlar til 113 rekrutteringsstillingar som ein del av regjeringa si sysselsettingspakke. Desse stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Vidare foreslår Kunnskapsdepartementet 50 nye rekrutteringsstillingar i samband med innføringa av ei femårig grunnskolelærerutdanning. Halvparten av desse rekrutteringsstillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Midlane til desse

rekrutteringsstillingane må sjåast i samanheng med langtidsplanen og oppfølging av den langsiktige prioriteringa *Fornyning i offentleg sektor og betre og meir effektive velferds-, helse- og omsorgstjenester*.

Forskningsinfrastruktur

Tidsriktig og oppdatert vitenskapleg utstyr og laboratorium løfter norske fagmiljø. Slikt utstyr gjer norske fagmiljø meir attraktive for internasjonalt samarbeid og samarbeid med næringslivet, og medverkar til at norske institusjonar kan betre kvaliteten på utdanningane. Regjeringa foreslår å auke midlane til forskningsinfrastruktur gjennom Noregs forskingsråd med 25 mill. kroner i 2016.

Tiltak for god norsk deltaking i Horisont 2020

Norsk deltaking i Horisont 2020 er høgt prioritert i norsk forskingspolitikk. Det er brei politisk semje om norsk deltaking i rammeprogrammet. For å styrkje den norske deltakinga er det naudsynt med gode verkemiddel som bidrar til at fleire deltek, og at fleire deltakarar lykkast. Det bør vere føreseielege vilkår for norsk deltaking for alle sektorar, anten det er næringslivet, universitet og høgskolar, forskingsinstitutt eller andre som til dømes helseføretaka. Derfor er det viktig at opptrappinga av stimuleringsordningar kjem på plass tidleg i Horisont 2020, slik at fagmiljøa kjenner rammene for deltaking. Rammeprogrammet starta i 2014. I 2015 starta den varsla opptrappinga av stimuleringsordningar med 115 mill. kroner. Størstedelen av desse midlane gjekk til å betre vilkåra for forskingsinstitutta. I 2016 foreslår regjeringa å halde fram med opptrappinga med 135 mill. kroner til andre tiltak for å sikre god norsk deltaking. Prosjektetableringsstøtte (PES) er eit verkemiddel som har god effekt og som vil bli styrkt.

Regjeringa prioriterer òg internasjonalt samarbeid om høgre utdanning og forskning med utvalde land utanfor EU. For å styrkje samarbeidet om høgre utdanning og forskning med Brasil, Canada, India, Japan, Kina, Russland, Sør-Afrika og USA vart det i 2015 løyvt 20 mill. kroner til eit nytt program for langsiktig institusjonelt samarbeid (INTPART). INTPART er utvikla av Forskningsrådet og Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) i fellesskap. Programmet gir støtte til etablering og vidareutvikling av høgre utdannings- og forskningssamarbeid, nettverksbygging og kunnskapsutveksling. Som eit av dei viktigaste tiltaka under *Panorama* – den nye strategien for høgre

utdannings- og forskingssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika foreslår regjeringa i 2016 å styrkje INTPART med 13 mill. kroner, øymerkt samarbeid med dei seks strategilanda.

Hav

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til marin forskning og forskingsinfrastruktur med 169,5 mill. kroner i 2016. Av dette er 100 mill. kroner til vedlikehald og oppgradering av forskingsfartøy som ein del av tiltakspakka for auka sysselsetting. 47,5 mill. kroner av auken er ein følgje av auka sats og provenyauke frå fiskeriforskningsavgifta og skal nyttast til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for fiskeriforvaltninga. Satsinga følgjer opp marin masterplan for forskning som vart lagd fram 1. september 2015, og skal gi meir kunnskap som grunnlag for berekraftig vekst i sjømatnæringa.

Regjeringa foreslår 20 mill. kroner til å styrkje MARKOM2020 og 15 mill. kroner til utstyr i maritim profesjonsutdanning. MARKOM2020 er eit samarbeidsprosjekt for maritim profesjonsutdanning. Forslaga følgjer opp langtidsplanen og den maritime strategien til regjeringa.

DEMO2000 er eit verkemiddel i Forskingsrådet som støttar petroleumsretta utviklings- og demonstrasjonsprosjekt. Det er det mest marknadsnære offentlege verkemiddelet for petroleumsforskning. Regjeringa vil styrkje DEMO2000 med 100 mill. kroner i 2016. Den auka løyvinga skal mellom anna medverke til å oppretthalde og styrkje kompetanse og sysselsetting i leverandørindustrien, som opplever ein krevjande marknad som følgje av låg oljepris. Styrkinga skal også medverke til at meir miljøvennleg og energieffektiv teknologi blir demonstrert. Dette kan gi reduserte utslepp og meir kostnadseffektiv utnytting av petroleumsressursane.

Klima, miljø og miljøvennleg energi

Det krev stor innsats for å utvikle ny, klimavennleg energiteknologi. Ei auka norsk satsing på området vil medverke til meir effektiv og berekraftig utnytting av dei norske energiressursane og auka eksport av konkurransedyktig norsk teknologi. Midtvegsevalueringa av ordninga med forskingssenter for miljøvennleg energi (FME) syner at FME-satsinga har vore eit vellykka verkemiddel som har utløynt stor forskings- og innovasjonsaktivitet i fagmiljøa og næringslivet. Regjeringa foreslår derfor å styrkje FME-ordninga frå 2016 med 40 mill. kroner. Noreg blir òg påverka

av ny politikk og forslag til nye rettsakter frå EU innanfor klima og energi. Regjeringa vil derfor styrkje europapolitisk forskning med merksemd på utviklinga av EUs klima- og energipolitikk mot 2030 og moglege konsekvensar for Noreg med 5 mill. kroner.

Fornyng i offentleg sektor og betre og meir effektive velferds-, helse- og omsorgstenester

Regjeringa foreslår 6,3 mill. kroner til totalt 55 nye studieplassar i psykologi og medisin for å betre tilgangen på helsepersonale.

I *Lærerløftet* legg regjeringa vekt på solid fagleg og pedagogisk lærarkompetanse som ein føresetnad for eit kvalitetsløft i norsk skole. Regjeringa foreslår om lag 62 mill. kroner for å styrkje lærarutdanninga i tråd med måla i *Lærerløftet*. Kunnskapsdepartementet foreslår 50 nye rekrutteringsstillingar og andre tiltak i samband med innføringa av ei femårig grunnskolelærerutdanning. Halvparten av rekrutteringsstillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode.

Mogleggjerande teknologiar

Mogleggjerande teknologiar; informasjons- og kommunikasjonsteknologi, bioteknologi, nanoteknologi og avanserte produksjonsprosessar, er sentrale for å møte utfordringar i alle prioriteringane i langtidsplanen. Vi kan vente at samfunnet blir grunnleggjande endra som følgje av utviklinga i desse teknologiane også i framtida. Derfor foreslår regjeringa å auke løyvinga til mogleggjerande teknologiar gjennom Forskingsrådet med til saman 40 mill. kroner i 2016 over budsjetta til Kunnskapsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet.

Innovativt og omstillingsdyktig næringsliv

Næringslivet må omstille seg i møte med store samfunnsendringar mellom anna knytt til klima- og miljøendringar, demografiske endringar og nedgang i oljeprisen. Regjeringa foreslår å løyve 195 mill. kroner til å styrkje tiltak som kan medverke til at næringslivet blir mest mogleg omstillingsdyktig og variert. Regjeringa foreslår mellom anna å auke løyvingane til programmet FORNY2020 i Forskingsrådet med til saman 90 mill. kroner over budsjetta til Nærings- og fiskeridepartementet og Kunnskapsdepartementet. 50 mill. kroner av dette er ein del av dei eittårige tiltaka for auka sysselsetting.

Regjeringa styrkjer Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA) med til saman 100 mill. kroner. Av dette er 50 mill. kroner ein del av dei eittårige tiltaka for auka sysselsetting.

Regjeringa foreslår vidare å heve det maksimale fradraggrunnlaget (beløpsgrensa) i Skattefunn for kostnader knytt til eigenutført FoU frå 15 til 20 mill. kroner. Samstundes foreslår regjeringa å heve den øvre grensa for innkjøpt FoU frå godkjende forskingsinstitusjonar frå 33 til 40 mill. kroner. Summen av kostnader til eigenutført og innkjøpt FoU kan ikkje overstige 40 mill. kroner.

Stavanger universitetssjukehus har i samarbeid med andre kunnskapsmiljø i regionen, næringslivet og Stavanger-regionen etablert initiativet «Norwegian Pumps & Pipes». Målsettinga er å auke teknologioverføringa frå olje og gass til helse og omsorg. Det er foreslått å støtte tiltaket gjennom ei løyving på 5 mill. kroner til Helse Vest. Tiltaket støttar opp under helse og omsorg som eit næringspolitisk satsingsområde i tråd med HelseOmsorg21-strategien.

Verdsleiande fagmiljø

Fri prosjektstøtte (FRIPRO) er eit av dei viktigaste verkemidla for å betre kvaliteten på og gjennomslagskrafta til norsk forskning. Regjeringa foreslår å styrkje FRIPRO med 50 mill. kroner i 2016.

Regjeringa foreslår 25 mill. kroner for å etablere fleire nye senter for framifrå utdanning. Dette er eit sentralt område i langtidsplanen for forskning og høgre utdanning og særskilt viktig for å medverke til å utvikle verdsleiande fagmiljø i Noreg.

Regjeringa ønskjer ein meir formålstenleg struktur med høgre utdannings- og forskingsinstitusjonar som er karakteriserte av solide fagmiljø og utdanningar av høg kvalitet. Regjeringa foreslår å prioritere 175 mill. kroner til gjennomføring av strukturreforma i 2016. Av desse midlane er 100 mill. kroner nye midlar i 2016.

5.3 Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd har ei sentral rolle i det norske forskings- og innovasjonssystemet. Rådet har ei omfattande verksemd knytt til finansiering, rådgiving og møteplassfunksjon. Kunnskapsdepartementet har etatsstyringsansvar for Forskringsrådet og ansvar for at rådet når dei måla som er sette for heile verksemda.

2015 er startåret for det nye styringssystemet for Forskringsrådet der nokre nye element er tekne i bruk. Kunnskapsdepartementet fører vidare arbeidet med å utvikle styringssystemet for Forskringsrådet i samarbeid med dei andre departementa og Forskringsrådet. Sjå òg omtale under programkategori 07.70 Forsking, kap. 285 Noregs forskingsråd.

Noregs forskingsråd får løyvingar frå alle departementa. Tildelingane frå departementa omfattar både generelle faglege tildelingar, institutt-tildelingar og særskilde midlar til einskilde program eller aktivitetar. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over løyvingsforslag for dei største bidragsytarane i statsbudsjettet for 2016.

Tabell 5.1 Foreslåtte løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane, i 1 000 kr

Kap. post	Departement	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
285.52/53/54	Kunnskapsdepartementet	2 983 742	3 333 002
285.55	Kunnskapsdepartementet – administrasjon	276 153	281 728
920.50	Nærings- og fiskeridepartementet	2 055 913	2 261 750
1830.50/1840.50	Olje- og energidepartementet	799 126	955 000
780.50	Helse- og omsorgsdepartementet	337 182	358 225
1137.50/51/52/53	Landbruks- og matdepartementet	450 699	458 951
1410.51/53	Klima- og miljødepartementet	207 128	204 092
601.50	Arbeids- og sosialdepartementet	137 716	137 000
1301.50	Samferdselsdepartementet	136 991	140 300
Totalt		7 384 650	8 130 048

5.4 FoU i statsbudsjettet og utviklinga i FoU-innsatsen

Forskning og utvikling i statsbudsjettet for 2016

I statsbudsjettet for 2016 foreslår regjeringa ei særleg oppfølging av EU-strategien og prioriteringane i langtidsplanen. Regjeringa foreslår eit løft for framifrå kvalitet og verdsleiarande fagmiljø. Hovudprioriteringane på forskingsområdet i statsbudsjettet for 2016 følgjer opp prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgre utdanning.

Med bakgrunn i statsbudsjettanalysen for 2015 frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) viser eit føre-

bels overslag frå Kunnskapsdepartementet at dei samla løyvingane til forskning og utvikling i budsjettforslaget til regjeringa for 2016 er på om lag 32,5 mrd. kroner, noko som utgjer 1,01 pst. av overslaget for BNP i 2016. Dette er ein nominell auke på 2,1 mrd. kroner frå 2015. Dersom ein inkluderer Skattefunn-ordninga, blir den offentlege FoU-innsatsen på om lag 35,2 mrd. kroner i 2016. Inkludert provenyeffekten av Skattefunn utgjer FoU-innsatsen 1,09 pst. av overslaget for BNP i 2016. Tabellen nedanfor viser overslaget over løyvingane til FoU over statsbudsjettet fordelt på departement. Tala er usikre. NIFU vil leggje fram endelege tal for FoU-løyvingane i juni 2016.

Tabell 5.2 Overslag over løyvingane til FoU i statsbudsjettet, i mill. kr

Departement	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Endring 2015-2016
Arbeids- og sosialdepartementet	257	257	0
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	166	144	-22
Finansdepartementet	124	125	1
Forsvarsdepartementet	1 100	1 130	30
Helse- og omsorgsdepartementet	4 355	4 574	219
Justis- og beredskapsdepartementet	77	78	1
Klima- og miljødepartementet	827	830	3
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	772	1 073	301
Kulturdepartementet	180	190	10
Kunnskapsdepartementet	15 097	16 210	1 113
Landbruks- og matdepartementet	649	659	10
Nærings- og fiskeridepartementet	3 688	3 883	195
Olje- og energidepartementet	873	1 008	135
Samferdselsdepartementet	291	306	15
Statsbankane	443	523	80
Utanriksdepartementet	1 547	1 557	10
Totalt	30 446	32 547	2 101

Den nominelle auken i løyvingane til forskning er på 2,1 mrd. kroner. Dette svarar til ein realvekst på 4,1 pst. Auken i FoU-løyvingane skriv seg delvis frå ein auke i løyvingane på postar med FoU-del og delvis frå konkrete FoU-satsingar, sjå nedanfor.

Auken på budsjettet til Kunnskapsdepartementet skriv seg særleg frå satsingar på strukturreform i universitets- og høgskolesektoren, rekrutteringsstillingar, mogleggjerande teknologiar, verdsleiande fagmiljø, forskingsinfrastruktur og stimuleringsiltak for auka deltaking i Horisont 2020.

Ein del av auken skriv seg frå kontingenten til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, der løyvinga aukar med over 270 mill. kroner frå saldert budsjett 2015. Sjå òg omtale under programkategori 07.70 Forsking.

Auken på budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet skriv seg frå satsingar på oppgradering og vedlikehald av forskingsfartøy, Brukarstyrt innovasjonsarena, FORNY2020 og marin forskning. Grunna forseinka framdrift for bygging av nytt isgåande forskingsfartøy er løyvingane til dette forålet reduserte med om lag 200 mill. kroner.

Auken på budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet skriv seg frå ein auke i løyvingane til helseføretaka.


Auken på budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv seg frå ein auke i løyvingane til bygg i universitets- og høgskolesektoren.

Reduksjonen på budsjettet til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet skriv seg frå at midlane til Statens institutt for forbruksforskning (SIFO) blir flytta til budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Sjå òg omtale under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Innanfor budsjettet til Utanriksdepartementet er det ein auke i løyvingane til nytt tropisk forskingsfartøy på 170 mill. kroner. Delar av reduksjonen i FoU-løyvingane som kom i samband med forliket om syriske flyktningar, jf. handsaminga av Dokument 8:135 S (2014–2015), blir vidareført i 2016.

Auken i løyvingane til forskning på budsjettet til Olje- og energidepartementet kjem av satsingar på forskningssentra for miljøvennleg energi (FME) og oljeforskning (DEMO2000).

Auken i forskingsløyvingane for statsbankane kjem av satsingar på grundertiltak og miljøteknologiordninga i Innovasjon Norge.



Figur 5.1 Samanlikning med OECD-landa på ulike indikatorar for FoU-intensitet

Verdiane i figuren er viste som prosent av den høgste verdien på indikatoren blant OECD-landa. Punktmerka viser verdien for Noreg og OECD-landa samla. Den svarte horisontale linja viser medianverdien, altså den verdien som skil OECD-landa i to like store grupper. Den grå boksen skil mellom kvartilane, altså slik at halvparten av OECD-landa har verdier på indikatoren ein plass inni boksen. Data er for sist tilgjengelege år, som for dei fleste landa er 2013. FoU-utgifter per innbyggjar er i kjøpekraftsjusterte dollar i faste 2010-prisar.


Kjelde: OECD *Main Science and Technology Indicators* 2015:1

Den samla FoU-statistikken som er utarbeidd av NIFU, syner at dei totale FoU-utgiftene i Noreg var på 50,7 mrd. kroner i 2013, noko som inneber ein realauke på 1,5 pst. frå året før, og ein gjennomsnittleg årleg realauke på 2,7 pst. frå 2003. FoU-utgiftene i 2013 var 1,65 pst. av BNP, som er noko under nivået i 2003. Gjennom perioden var FoU-utgiftene i høve til BNP minst i 2006 med 1,46 pst. og størst i 2009 med 1,72 pst.

FoU-intensiteten målt i høve til BNP er mindre i Noreg enn gjennomsnittet i OECD (2,36 pst.) og mindre enn medianen blant OECD-landa (sjå figur 5.1). Ser vi på FoU-personale per sysselsette eller FoU-utgifter per innbyggjar, ligg Noreg over OECD-gjennomsnittet, i den andre fire delen av OECD-landa når dei er rangerte etter indikatoren. Noreg blir rangert ulikt blant OECD-landa om vi ser på FoU-utgifter finansierte av det offentlege eller av føretakssektoren. FoU-utgiftene i Noreg finansierte av offentlege kjelder er høgare enn OECD-gjennomsnittet, og blant dei aller høgste om vi reknar FoU-utgifter per innbyggjar (justert for forskjellar i kjøpekraft), medan FoU-utgiftene finansierte av føretakssektoren er lågare enn OECD-gjennomsnittet.

Om lag 45 pst. av FoU-utgiftene i Noreg er finansierte av offentlege kjelder. Desse FoU-utgiftene var 0,75 pst. av BNP i 2013, det same som i 2011. Av dei siste ti åra var dei offentlege FoU-utgiftene størst i høve til BNP i 2009, da talet var 0,80 pst. FoU-utgifter finansierte av næringslivet var 0,69 pst. av BNP i 2013.

I tillegg til FoU-statistikken, som er basert på oppgaver frå dei FoU-utførande sektorane i Noreg, blir det også gjort ein analyse av løyvingane til FoU i statsbudsjettet. Denne analysen blir utført av forskingsinstituttet NIFU, og sidan han tar utgangspunkt i formålet med løyvingane, kan han produsere tidlegare enn FoU-statistikken, som byggjer på undersøking av faktisk utført FoU i Noreg. FoU-løyvingane i 2015 har NIFU talfesta til 30,4 mrd. kroner. I tillegg kjem støtta til FoU gjennom Skattefunn-ordninga, talfesta til 2,48 mrd. kroner i 2015. FoU-løyvingane i statsbudsjettet er vist i faste prisar i det grå feltet i figur 5.2. Den stipla linja i figuren viser FoU-løyvingane i prosent av BNP. FoU-løyvingane var 0,86 pst. av BNP i 2013. FoU-løyvingane i 2015 er talfesta til 0,97 pst. av prognosen for BNP, som er det høgste nokon gang.



Figur 5.2 Utvikling i FoU-intensitet i Noreg og FoU-løyvingar i statsbudsjettet

Det grå feltet viser utviklinga i løyvingar til FoU i statsbudsjettet (ikkje inkludert Skattefunn) i faste prisar (høgre akse). Den stipla linja viser dette beløpet i prosent av BNP (venstre akse). Dei heiltrekte linjene viser tal frå FoU-statistikken over FoU utført i Noreg i prosent av BNP (venstre akse).

Kjelde: NIFU/SSB (FoU-statistikk) og NIFU (statsbudsjettanalyse)

Næringslivet er den største FoU-utførande sektoren målt i utgifter og årsverk brukte på FoU, mens det er flest FoU-personale i universitets- og høgskolesektoren. Næringslivet utførte FoU for 22,6 mrd. kroner i 2013, og stod dermed for 44 pst. av dei totale FoU-utgiftene i Noreg. Universitet og høgskolar (ikkje medrekna universitetssjukehus) stod for 26 pst. med 13,2 mrd. kro-

ner, instituttsektoren (unntatt helseføretak og private, ideelle sjukehus) stod for 23 pst. med 11,5 mrd. kroner, og helseføretaka stod for sju pst. med 3,5 mrd. kroner. Instituttsektoren hadde ein realnedgang frå 2012 på to pst. Dei andre sektorane hadde følgjande realauke: to pst. i næringslivet, ein pst. for universitet og høgskolar og seks pst. i helseføretaka.

6 Ressursar i grunnsopplæringa

Innleiing

Kapitlet gir informasjon om ressursbruken i grunnsopplæringa. Talet på elevar og lærlingar er objektive faktorar som er avgjerande for ressursbruken i skolen. Talet på lærarar, skolestruktur og anna har òg innverknad på kostnadsnivået, men dette er til dels gjenstand for lokale prioriteringar og påverka av til dømes tilgangen på lærarar.

Det er kommunane og fylkeskommunane som er ansvarlege for drifta av høvesvis grunnskolen og vidaregåande opplæring. Grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Både i kommunane og i fylkeskommunane er opplæring ein stor og viktig sektor. Samla brutto driftsutgifter til grunnskoleopplæring var i 2014 om lag 72,8 mrd. kroner. Tilsvarende var samla brutto driftsutgifter til vidaregåande opplæring i 2014 om lag 33,6 mrd. kroner.

Ressursbruken i grunnsopplæringa i Noreg har vore relativt stabil i dei siste åra når det gjeld både totale ressursar og ressursar per elev.

Kapitlet startar med ei orientering om utviklinga i talet på elevar og lærlingar i grunnsopplæringa, med informasjon om mellom anna fordeling på utdanningsprogram. Vidare er det ein omtale av lærartettleik og assistentar. Dei neste temaa er vaksne i grunnsopplæringa, leirskoleordninga, skolefritidsordninga (SFO) og leksehjelp, før det blir gitt ein omtale av kommunale utgifter til grunnsopplæring og utgifter per elev, samt skolestruktur, kommunale forskjellar i ressursbruk og tilgang på lærarar. Mot slutten av kapitlet er internasjonale undersøkingar omtalte.

Talgrunnlaget er i hovudsak henta frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI), Statistisk sentralbyrå (SSB), KOSTRA (Kommune Stat Rapportering) og Utdanningsspeilet 2015 frå Utdanningsdirektoratet.

Elevar og lærlingar i grunnsopplæringa

Tabell 6.1 Talet på elevar i grunnskolen i perioden 2009–10 til 2014–15. Ordinære grunnskolar

Skoleår	Barnetrinnet	Ungdomstrinnet	Totalt
2009–10	424 052	191 831	615 927
2010–11	423 333	192 549	615 973
2011–12	423 374	190 960	614 413
2012–13	424 993	189 846	614 894
2013–14	425 917	189 368	615 327
2014–15	430 864	188 132	618 996

Kjelde: GSI

Om lag 98 pst. av alle elevane som gjekk ut av 10. trinn i grunnskolen våren 2014, gjekk direkte over i vidaregåande opplæring same haust. Dette er same del som året før. Om lag halvparten av elevane som begynte på 1. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2014, begynte på eit studieførebuande program.

Tabellen nedanfor viser talet på elevar på studieførebuande og yrkesfaglege utdanningspro-

gram på dei tre stega i vidaregåande skole. At talet på elevar på yrkesfaglege program går ned på Vg3 samanlikna med på Vg2, skyldast at dei fleste elevane på dei yrkesfaglege programma blir lærlingar eller vel å ta påbygging til generell studiekompetanse etter Vg2.

Tabell 6.2 Fordeling av elevar på utdanningsprogram og -nivå i vidaregåande skole

År	Steg 1	(Vg1)	Steg 2	(Vg2)	Steg 3	(Vg3)	I alt
	Studieføre- buande	Yrkes- fagleg	Studieføre- buande	Yrkes- fagleg	Studieføre- buande	Yrkes- fagleg	
2011–12	36 086	40 428	30 829	35 428	46 537	6 345	195 653
2012–13	37 079	42 200	31 410	35 551	48 362	6 190	200 792
2013–14	37 235	39 808	32 626	35 488	48 764	6 135	200 056
2014–15	37 215	38 203	32 961	33 960	49 612	6 267	198 218

Kjelde: SSB

Per 1. oktober 2014 var det registrert 38 400 lærlingar og 1 900 lære kandidatlar (kjelde: SSB). Dette er om lag 900 fleire lærlingar enn på same tidspunkt i 2013, mens det er om lag 157 fleire lære kandidatlar. Hausten 2014 søkte totalt 27 000 elevar om læreplass (kjelde: Utdanningsdirektoratet). Det er flest søkjarar til læreplassar i teknikk og industriell produksjon, helse- og oppvekstfag og bygg- og anleggsteknikk. For meir informasjon

om elevar og lærlingar i grunnopplæringa, sjå Utdanningsspeilet 2015.

Lærarårsverk

Årsverk til undervisningspersonale blir berekna på bakgrunn av registrerte årstimar. I 2014 er det berekna talet på årsverk til undervisning og andre oppgåver 57 311; det er ei marginal endring frå året før.

Tabell 6.3 Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskolen, utvikling i årsverk

År	Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver, sum årsverk	Av dette andre oppgåver
2010–11	57 705	7 072
2011–12	57 447	6 855
2012–13	57 458	6 965
2013–14	57 614	6 978
2014–15	57 311	6 518

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

I 2014 var talet på lærarårsverk i vidaregåande skole 21 350. Dette er ein svak nedgang frå 2013. Sidan 2009 har talet på lærarårsverk i vidaregå-

ande opplæring auka med om lag 280. Auken har mellom anna samanheng med at det har vore vekst i elevtalet i same periode.

Tabell 6.4 Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring

Skoleår	Lærarårsverk i vidaregåande opplæring, fylkeskommunale skolar ekskl. lange fråvær
2010–11	21 215
2011–12	21 197
2012–13	21 386
2013–14	21 407
2014–15	21 350

Kjelde: KOSTRA

Berekna gjennomsnittleg gruppestorleik

Indikatoren «berekna gjennomsnittleg gruppestorleik» kjem fram ved å sjå på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Med elevtimar meiner ein totale ordinære timar til undervisning som elevane får kvart år. Lærartimar er summen av alle timar lærarane gir undervisning per år. Indikatoren gruppestorleik gir uttrykk for kor mange elevar ein lærar har i gjennomsnitt per undervisningstime.

Gruppestorleik 1 omfattar timar til spesialundervisning og særskild norskopplæring for språklege minoritetar (i alle offentlege og private grunnskolar unnatekne spesialskolar og utanlandsskolar). Sidan desse timane blir inkluderte, kan det føre til at gruppestorleiken verkar lågare enn det nokre elevar og lærarar opplever i kvardagen.

Gruppestorleik 2 er ein annan måte å rekne ut gruppestorleik på. Her er timar til spesialundervisning og til særskild norskopplæring for språklege minoritetar tekne ut av både lærartimar og elevtimar i berekninga. Denne indikatoren er ikkje i same grad som gruppestorleik 1 eigna til å måle endringar i ressursinnsats over tid fordi endringar i praksis knytte til spesialundervisning og særskild norskopplæring vil kunne påverke indikatoren. Gruppestorleik 2 gir eit bilete av ressurs-

innsatsen for dei elevane som ikkje mottek særskilde individretta styrkingstiltak.


Dei berekna gruppestorleikane har vore relativt stabile på heile 2000-talet. Ei forklaring på at gruppestorleikane ikkje går ned i særleg stor grad i perioden, er at det har vorte færre små skolar med under 100 elevar, noko som medfører større grupper.

Tabell 6.5 Gjennomsnittleg gruppestorleik i grunnskolen

År	Gruppestorleik 1	Gruppestorleik 2
2010–11	13,4	16,9
2011–12	13,4	16,9
2012–13	13,5	16,9
2013–14	13,5	16,8
2014–15	13,5	16,8

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Figuren nedanfor viser at det er stor variasjon i gruppestorleik 2 mellom kommunane. Dei større bykommunane og store kommunar i sentrale område har oftast høgare gruppestorleik, mens mindre kommunar har lågare gruppestorleik.



Figur 6.1 Gruppestorleik 2: kommunar over og under landsgjennomsnittet, grunnskole

Kjelde: GSI

Assistentar

Tabellen nedanfor viser at talet på årsverk til assistentar har vore relativt stabilt i perioden frå 2010–11 til 2014–15.

Tabell 6.6 Årsverk til bruk for assistentar med oppgåver knytte til undervisninga i perioden frå 2010–11 til 2014–15

Skoleår	Assistentårsverk
2010–11	8 432
2011–12	8 515
2012–13	8 140
2013–14	8 234
2014–15	8 167

Kjelde: GSI

Assistenttimar til spesialundervisning er registrerte særskilt i GSI. Sjå omtale under spesialundervisning.

Spesialundervisning

Elevlar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har krav på spesialundervisning. Delen elevlar med spesialundervisning i grunnskolar og spesialskolar auka moderat frå innføringa av Kunnskapsløftet til 2011. I løpet av dei siste skoleåra har trenden snudd, og vi ser ein liten nedgang på nasjonalt nivå. Hausten 2014 låg delen som fekk spesialundervisning, på åtte pst. av alle elevlar. Om lag 68 pst. av alle elevlar som mottok spesialundervisning, er gutar.

I løpet av barnetrinnet og utover ungdomstrinnet aukar delen av elevlar med spesialundervisning. Hausten 2014 hadde 3,6 pst. av elevane på 1. trinn enkeltvedtak om spesialundervisning. På 10. trinn var delen av elevlar med spesialundervisning 11,1 pst. Når det gjeld omfanget av lærarressursar som vart sette av til spesialundervisning, fekk om lag 49 500 elevlar spesialundervisning med lærar i 2014. Av dei 49 672 elevane i ordinær grunnskoleopplæring som hadde enkeltvedtak om spesialundervisning, fekk 97 pst. spesialundervisning med undervisningspersonale.

Språklege minoritetar

I opplæringslova § 2-8 heiter det at elevlar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk

har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg kunnskap i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Hausten 2014 fekk 43 380 elevlar særskild norskopplæring, ein nedgang på 1 449 frå året før. Elevane har om nødvendig òg rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Hausten 2014 var det 1 623 elevlar som fekk berre morsmålsopplæring, 8 830 elevlar som fekk berre tospråkleg fagopplæring, og 2 482 elevlar som fekk begge delar. Somalisk, arabisk og polsk var dei vanlegaste språka. For meir om dette temaet, sjå Utdanningsspeilet 2015.

Våren 2015 fekk 960 barn i grunnskolealderen og 146 i aldersgruppa 16–18 år som var busette i mottak, opplæring. 102 einslege mindreårige asylsøkjjarar i omsorgssenter fekk opplæring. For meir om dette, sjå omtale under kap. 225 post 64.

Vaksne i grunnopplæringa

Vaksne som treng grunnskoleopplæring, har rett til slik opplæring dersom dei sjølve ønskjer det (jf. opplæringslova § 4A-1). Talet på vaksne som får opplæring på grunnskolenivå, har vore relativt stabilt sidan 2002. Hausten 2014 var det 10 071 vaksne som fekk grunnskoleopplæring. Det er ein auke på 204 i høve til året før. Av dei som fekk slik opplæring i 2014, var det 3 654 som fekk spesialundervisning. Dette er 248 færre enn i 2013. Det har vore ein jamn nedgang i talet på vaksne som får spesialundervisning i dei siste åra.

Vaksne som ikkje har gjort bruk av retten til vidaregåande opplæring som ungdom, får rett til vidaregåande opplæring som vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Opplæringa skal tilpassast behova og livssituasjonen til den enkelte. Vaksne som ønskjer å gjennomføre vidaregåande opplæring, kan søkje om ordinært inntak og konkurrere om plassane med søkjarane med ungdomsrett, eller dei kan søkje om individuelt opptak basert på realkompetanse. Med dette alternativet blir undervisninga ofte komprimert og/eller avkorta. Vaksne kan òg søkje vidaregåande opplæring gjennom private tilbydarar av opplæring, til dømes studieforbund, men det meste av opplæringa skjer i dei vidaregåande skolane. Dei fleste vaksne får opplæring gjennom vaksenopplæringstilbod og er ikkje ein del av den generelle søkjar- og elevstatistikken for vidaregåande opplæring.

Statistikkgrunnlaget for vaksne i vidaregåande opplæring har hatt store manglar. Problema har mellom anna vore knytte til at fylkeskommunane har ulike administrative system for rapportering, og til at dei rapporterer på ulike måtar. Utdanningsdirektoratet leier eit arbeid med å betre ruti-

nane og kravspesifikasjonen for registrering og rapportering av deltakinga til vaksne i vidaregåande opplæring for å bøte på desse problema. Samla deltok 24 232 vaksne i vidaregåande opplæring i skoleåret 2013–14, mot 22 018 året før. Av desse vart om lag tolv pst. realkompetansevurderte. For meir informasjon om vaksne i grunnopplæringa, sjå Utdanningsspeilet 2015.

Leirskole

I skoleåret 2014–15 planla 58 206 elevar å delta på eit leirskoleopphald. Dette utgjer om lag ti pst. av alle elevane i grunnskolen. Talet har lege på om lag same nivå sidan 2001. Elevar kan få eitt leirskoleopphald i løpet av grunnskolen. Ettersom grunnskolen til saman utgjer ti år, og om lag ti pst. deltek på leirskole kvart år, tyder dette på at dei aller fleste elevane i grunnskolen får tilbod om leirskoleopphald i løpet av grunnskolen, i samsvar med målsetjinga.

Skolefritidsordninga

Hausten 2014 gjekk i alt 157 370 barn i skolefritidsordning (SFO). Delen barn på 1.–4. trinn som gjekk i SFO, var på om lag 63 pst. Delen har auka frå 55 pst. i 2002. Om lag 57 pst. av barna i SFO hadde 100 pst. plass. I gjennomsnitt var foreldrebetalinga for ein elev med fulltids plass i SFO 2 256 kroner per månad i skoleåret 2014–15 (GSI-tal for opphaldstid på 20 timar). I 2013–14 var talet 2 191 kroner.

Leksehjelp

Hausten 2010 vart det innført eit lovfesta tilbod om åtte veketimar med gratis leksehjelp etter sko-

letid for alle elevar på 1.–4. trinn, jf. Innst. 12 S (2009–2010) og Innst. 279 L (2009–2010). Frå og med hausten 2014 er loven endra, jf. Innst. 223 L (2013–2014), slik at kommunane nå sjølve vel på kva for trinn dei vil tilby leksehjelpa i grunnskolen.

Kommunane har ansvaret for tilbodet, og det kan organiserast slik det er mest formålstenleg ut frå lokale tilhøve. Tilbodet skal vere gratis, omfatte alle, og vere frivillig for kvar enkelt elev. Tal frå GSI viser at i skoleåret 2014–15 deltok 115 455 barn på 1.–10. trinn på leksehjelp. Dette utgjer 18,7 pst. av elevane.

Kommunal ressursbruk

Utgifter per elev

Korrigerte brutto driftsutgifter viser dei utgiftene kommunane har til undervisning, inkludert drift av skolelokale og skyss. Tabellen nedanfor viser at korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskolen var 105 630 kroner i 2014. Dette er ein auke på om lag 3,6 pst. frå 2013. I vidaregåande opplæring var korrigerte brutto driftsutgifter per elev på studieførebuande program 123 542 kroner, og på yrkesfaglege program 151 772 kroner, det vil seie ein vekst på høvesvis 4,1 og 4,4 pst. Den kommunale deflatoren var i same periode tre pst. Det vil seie at det har vore ein liten realauke i utgifter per elev både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Til tross for ein betydeleg elevtalsvekst i vidaregåande opplæring etter 2004 har fylkeskommunane klart å halde oppe ressursbruken per elev om lag på same nivå.

Tabell 6.7 Korrigerte brutto driftsutgifter per elev, løpande prisar

	2011	2012	2013	2014
Grunnskolen				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev	93 710	98 353	101 938	105 630
Lønnsutgifter per elev	73 242	77 897	80 660	83 981
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	850	851	893	932
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 445	1 387	1 358	1 396
Vidaregåande opplæring				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i studieførebuande utdanningsprogram	111 262	115 093	118 671	123 542
Lønnsutgifter per elev i studieførebuande utdanningsprogram	68 116	71 531	73 948	76 138
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i yrkesfaglege studieprogram	136 203	140 881	145 302	151 772
Lønnsutgifter per elev i yrkesfaglege utdanningsprogram	88 351	92 250	96 168	99 545

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå

Lønnsutgiftene er den klart største driftskostnaden både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. I grunnskolen utgjorde lønnsutgiftene om lag 80 pst. av dei totale driftskostnadene, medan den same delen i vidaregåande opplæring var 61 pst. på allmennfaglege og 66 pst. på yrkesfaglege studieretningar i 2014.

Kommunale forskjellar i ressursbruk

Det er store kommunale forskjellar i ressursbruk i skolen. I kommunar med spreidd busetnad er det fleire mindre skolar for at reiseavstanden til elevane skal vere akseptabel. For å kunne samanlikne kommunar må ein derfor korrigere for driftskostnader for elevtal og indikatorar for busetjingsmønster (reisetid og reiseavstand) – dette blir kalla strukturjustering. Om lag 75 pst. av variasjonen mellom kommunane når det gjeld kor mykje pengar dei bruker på skole, kan forklarast med ulik kostnadsstruktur. Frie inntekter i form av eigedomsskatt og kraftinntekter har òg ein tydeleg effekt på utgiftsnivået. Kommunar med høge inntekter bruker meir pengar på skole. Den resterande variasjonen mellom kommunar kan mellom

anna skyldast variasjonar i elevsamansetjinga. Spesielt for små kommunar kan elevar med behov for ekstrainsats vere utslagsgivande. Ulikskapar kan òg skyldast ulik politisk prioritering mellom kommunar.

Skolestruktur

I skoleåret 2014–15 var det 2 886 grunnskolar i Noreg. Dette er ein nedgang på 21 skolar frå skoleåret 2013–14. Av dei 2 886 skolane var 208 private grunnskolar godkjende etter privatskolelova og med rett til økonomisk støtte frå staten (kjelde: Udir/Skoleporten.no). 3,3 pst. av elevane gjekk på ein privat grunnskole hausten 2014. Når grunnskolar blir lagde ned, ser det ut til at det vanlegaste mønsteret er at elevane flytter til eksisterande offentlege skolar heller enn til nye private skolar. Storleiken på grunnskolane varierer frå berre nokre få elevar til nærmare 800 elevar på dei største skolane. Tabellen nedanfor illustrerer fordelinga av små, mellomstore og store skolar. Det har over tid vore ei utvikling i retning av fleire store skolar og færre små skolar. I dei siste åra har fordelinga vore om lag uendra.

Tabell 6.8 Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar (i pst.)

	1997	2000	2005	2015
Færre enn 100 elevar	40	37	36	31
100–299 elevar	42	41	39	40
300 elevar eller meir	19	22	26	29

Kjelde: GSI

Tabellen viser at det er ein tendens til at det blir færre skolar med mindre enn 100 elevar og fleire større skolar. Sju pst. av elevane går på skolar med mindre enn 100 elevar, 36 pst. går på skolar som har mellom 100 og 299 elevar, og 57 pst. går på skolar med meir enn 300 elevar. Sidan skoleåret 2002–03 har meir enn 50 pst. av elevane gått på store skolar (meir enn 300 elevar).

Tidlegare kartleggingar av skolenedleggingar viser at den viktigaste årsaken til at skolar blir lagde ned, er lågt elevtal. Andre viktige faktorar er kommuneøkonomi, og problem med å rekruttere kvalifiserte lærarar. I dei fleste tilfella der kommuneøkonomi er oppgitt som årsak, er dette i kombinasjon med få elevar.

Hausten 2014 var det 424 vidaregåande skolar i landet. Av desse var 91 private (kjelde: SSB, førebelse tal).

Internasjonale samanlikningar

Noreg bruker mykje ressursar på utdanning samanlikna med andre land, viser tal for 2010 frå OECD (Education at a Glance 2014: OECD Indicators). Dersom ein ser på utgiftene per elev, er Noreg eit av landa med dei høgste utgiftene, både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Samla utgifter per elev for heile grunnopplæringa i Noreg låg om lag 50 pst. over OECD-snittet. Det er særleg den høge lærartettleiken som forklarar den høge ressursbruken i Noreg, men den delen av arbeidstida til lærarane som blir brukt til undervisning, trekkjer også utgiftene opp, særleg i vidaregåande opplæring. Lønnsnivået til lærarane og talet på undervisningstimar trekkjer ned samanlikna med gjennomsnittet for OECD. Også målt på bakgrunn av landets økonomiske evne (BNP for Fastlands-Noreg per innbyggjar) er ressursbruken i Noreg høgare enn gjennomsnittet for OECD.

7 Ressursar i barnehagesektoren

Innleiing

Kapitlet gir informasjon om status for og utvikling i ressursbruken i barnehagesektoren. Barnehagane blir i all hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og foreldrebetalinga. Barnehagesektoren har vakse kraftig i dei seinare åra, og er eit av dei største tenesteområda i kommunane. Samla brutto driftsutgifter til barnehagar i 2014 var om lag 45,9 mrd. kroner, og utgjorde om lag tolv pst. av driftsutgiftene i kommunane.

Første del av kapitlet gir ei oversikt over utviklinga i talet på barn i barnehage, og gir mellom anna informasjon om dekningsgradar for ulike aldersgrupper og om opphaldstid i barnehagen.

Det neste temaet er barnehagestruktur og ulikskap mellom barnehagar. Vidare er det ein omtale av personalet i barnehagane, den formelle kompetansen deira og utdanning av barnehagelærarar. Kapitlet inneheld òg informasjon om likestilling, minoritetspråklege barn og tilsette og barn med nedsett funksjonsevne i barnehage. Til sist i kapitlet er det ein omtale av kostnadene i og finansieringa av barnehagane.

Talgrunnlaget er henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), rapportering frå barnehagane (BASIL), KOSTRA (Kommune Stat Rapportering), Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) og ulike undersøkingar som er gjennomførte på oppdrag frå departementet.

Barn i barnehage

Tabell 7.1 Tal på barn i barnehage, auke i talet på barn i barnehage og barnehageplassar, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2011–14

	2011	2012	2013	2014
Tal på barn i barnehage	282 737	286 153	287 177	286 414
Auke i talet på barn i barnehage (frå året før)	5 598	3 416	1 024	-763
Auke i talet på heiltids barnehageplassar (frå året før)	7 043	5 181	2 697	342
Dekningsgrad 1–5 år	89,7	90,1	90,0	90,2
Dekningsgrad 1–2 år	79,5	80,2	79,8	80,1
Dekningsgrad 3–5 år	96,5	96,7	96,6	96,7
Dekningsgrad 0 år	4,3	3,8	3,2	3,6
Dekningsgrad 1 år	70,9	69,6	68,9	68,5
Dekningsgrad 2 år	88,0	90,5	90,6	91,3
Dekningsgrad 3 år	95,1	95,3	95,3	95,5
Dekningsgrad 4 år	97,2	97,1	96,9	97,0
Dekningsgrad 5 år	97,3	97,6	97,5	97,5
Gjennomsnittleg avtalt opphaldstid per veke	43,4	43,7	43,9	44,1

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2014 gjekk om lag 286 400 barn i ordinær barnehage eller familiebarnehage. Dette er for første gong ein nedgang i talet på barn i barnehage, og skyldast ein nedgang i talet på barn i alderen 1–5 år i befolkninga. I tillegg hadde 180 opne barnehagar kapasitet til å ta imot om lag 4 700 barn i 2014. Barn under tre år utgjorde 35 pst. av alle barn i barnehage i 2014 mot 36 pst. i 2012.

Frå utgangen av 2003 og fram til utgangen av 2014 har om lag 81 200 fleire barn fått plass i barnehage. Kommunane og private utbyggjarar har etablert om lag 106 800 nye heiltidsbarnehageplassar i same periode. Til tross for ein liten nedgang i talet på barn i barnehage frå 2013 til 2014

har det vore ein vekst i talet på heiltidsplassar. Denne kapasitetsveksten i barnehagesektoren skyldast ein auke i opphaldstida.

I 2014 hadde 93,3 pst. av barna heiltidsplass i barnehagen mot 60,8 pst. i 2003, altså avtalt opphaldstid på 41 timar i veka eller meir. Gjennomsnittleg avtalt opphaldstid har i same periode auka frå 36,9 til 44,1 timar per veke.

Dekningsgraden i 2014 for barn i alderen eitt til fem år var 90,2 pst. mot 90,0 pst. i 2013. Tilsvarende tal for 2003 var 69,1 pst. Dekningsgraden har halde seg stabil frå 2013 i alle aldersgrupper, med størst endring for toåringane med ein auke frå 90,6 pst. i 2013 til 91,3 pst. i 2014.

Tabell 7.2 Tal på barn i barnehage etter eigarforhold, offentleg og privat, 2011–14

	2011	2012	2013	2014
Offentlege	148 822	150 777	149 870	147 726
– kommunale	147 909	149 949	149 097	147 493
– fylkeskommunale/statlege	913	828	773	233
Private	133 915	135 376	137 307	138 688
– kyrkjelyd/trussamfunn	7 612	7 551	7 470	7 579
– foreldreieigde	33 169	32 285	31 435	30 930
– husmorlag/sanitetsforening	1 032	907	772	714
– bedrift	36 681	39 101	39 086	43 070
– pedagogisk/ideologisk org.	8 109	8 117	8 408	7 826
– enkeltpersonar	18 398	16 801	15 909	15 120
– andre	28 914	30 614	34 227	33 662
I alt	282 737	286 153	287 177	286 414

Note: Barn som går i familiebarnehagar, er inkluderte i tabellen. I 2014 gjekk 199 barn i offentlege familiebarnehagar, og 4 948 barn gjekk i private familiebarnehagar.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2014 var det 6 205 barnehagar i Noreg inkluderte familiebarnehagar og opne barnehagar. Av desse var 2 886 kommunale, sju statlege og 3 312 private barnehagar. Frå 2008 har det vore ein stabil nedgang i talet på barnehagar, og frå 2011 til 2014 har det vore ein reduksjon på 264 barnehagar. Private barnehagar har stått for hovudtyngda av veksten i barnehageplassar i dei siste åra. Unntaket var i 2012, da 57 pst. av veksten i talet på barn i barnehage var i offentlege barne-

hagar. I 2014 var det ein nedgang i talet på plassar i offentlege barnehagar, medan det var ein auke i talet på plassar i private barnehagar. Delen barn med barnehageplass i ein privat barnehage har derfor auka. Men offentleg og privat del av barnehagesektoren er framleis relativt jamstore. I 2014 hadde 52 pst. av barna plass i ein offentleg barnehage, medan 48 pst. hadde plass i ein privat barnehage.

Barnehagestruktur

Tabell 7.3 Tal på barn i barnehage og tal på barnehagar etter barnehagestorleik, 2012–14

	2012		2013		2014	
	Barn i barnehage	Barne- hagar	Barn i barnehage	Barne- hagar	Barn i barnehage	Barne- hagar
1–25 barn	25 216	1 938	24 107	1 835	23 073	1 756
26–50 barn	65 163	1 756	65 832	1 762	63 179	1 700
51–75 barn	97 830	1 593	96 590	1 569	100 010	1 630
76 barn eller fleire	97 944	986	100 648	1 008	100 152	998
I alt	286 153	6 273	287 177	6 174	286 414	6 084

Note: Opne barnehagar er ikkje inkluderte i talet på barnehagar.
Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Talet på store barnehagar og barn med plass i ein stor barnehage har gått opp i dei siste åra, men frå 2013 til 2014 har det vore ein nedgang. Det har vore ein auke for barnehagar i storleiken 51–75 barn, men nedgang for barnehagar i alle andre storleiker. I 2014 gjekk 35 pst. av alle barnehagebarn i barnehagar med 76 barn eller fleire. Dette er uendra frå 2013, medan det var 34 pst. i 2012.

Statistikken viser at grunnbemanninga i barnehagane i 2014 på nasjonalt nivå i gjennomsnitt var 6,1 barn per vaksen dersom ein korrigerer for

alder og opphaldstid, og er uendra frå 2013. (Her er ein vaksen målt i årsverka til pedagogiske leiarar og assistentar.)

Det er stor variasjon i barnehagesektoren både på barnehagenivå og på kommunenivå. I tabellen under er dette vist for barn per personale, del av personalet med relevant utdanning og areal per barn. Relevant utdanning er her enten barnehagelærerutdanning, anna pedagogisk utdanning med vidareutdanning i barnehagepedagogikk eller fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar.

Tabell 7.4 Ulikskap i barnehagesektoren i 2014

	Barnehagar –2014	
	Sterkaste 10 pst.	Svakaste 10 pst.
Barn (korrigert for alder og opphaldstid) per pedagogisk leiar med godkjend utdanning (årsverk)	12,7	25,9
Barn (korrigert for alder og opphaldstid) per årsverk i grunnbemanninga	5,1	6,8
Barn (korrigert for alder og opphaldstid) per barnehagelærer	7,6	17,5
Del av grunnbemanninga med relevant utdanning (pst.)	83,3	40,0
Areal (kvm) per barn	8,1	4,3
	Kommunar –2014	
	Sterkaste 10 pst.	Svakaste 10 pst.
Barn (korrigert for alder og opphaldstid) per pedagogisk leiar med godkjend utdanning (årsverk)	13,1	24,9
Barn (korrigert for alder og opphaldstid) per årsverk i grunnbemanninga	4,6	6,4
Barn (korrigert for alder og opphaldstid) per barnehagelærer	7,7	15,2
Del av grunnbemanninga med relevant utdanning (pst.)	80,1	50,3
Areal (kvm) per barn	11,1	5,1

Note: Grunnbemanninga er pedagogiske leiarar og assistentar
Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Tabellen illustrerer at det framleis er stor skilnad i strukturkvalitet mellom barnehagane, altså dei målbare faktorane som utgjør ramma rundt barnehagekvardagen, som talet på barn per vaksen (bemanningstettleik), den formelle kompetansen til personalet og dei fysiske omgivnadene. Tala har halde seg stabile frå 2013.

I dei ti pst. barnehagane med høgst bemanning i 2014 er det mindre enn 12,7 barn per pedagogiske leiar, 5,1 barn per årsverk i grunnbemanninga og 7,6 barn per barnehagelærer. I dei ti pst. barnehagane med lågast bemanning er det meir enn 25,9 barn per pedagogiske leiar, 6,8 barn per årsverk i grunnbemanninga og 17,5 barn per barnehagelærer.

I dei ti pst. barnehagane med best kvalifisert personale har alle dei pedagogiske leiarane godkjend utdanning, og minst 83,3 pst. av grunnbemanninga har relevant utdanning. I dei ti pst.

barnehagane med dårlegast kvalifisert personale har mindre enn 50 pst. av dei pedagogiske leiarane godkjend utdanning, og mindre enn 40 pst. av grunnbemanninga har relevant utdanning.

I dei ti pst. barnehagane med mest plass per barn er det minst 8,1 kvadratmeter per barn, mens det er mindre enn 4,3 kvadratmeter per barn i dei ti pst. barnehagane med minst plass per barn.

Ulikskapen mellom dei ti pst. kommunane med best bemanning og mest areal per barn og dei ti pst. kommunane med dårlegast bemanning og minst areal per barn er også stor.

Vanleg storleik på ei gruppe med små barn (0–2 år) er ni barn, mens det for store barn (3–5 år) er 18 barn. 80 pst. av barnehagane har grupper for små barn i storleiken 8–15 barn og 13–25 store barn. Om lag 80 pst. av barnehagane er organiserte med avdelingar. I barnehagar som

ikkje er organiserte i avdelingar, er gjennomsnittleg storleik for ei gruppe med små barn elleve og for store barn 18.

Personalet i barnehagen

Barnehagar med kompetente tilsette er ein føresetnad for å kunne gi alle barn eit godt pedagogisk tilbod. Dette ligg til grunn for regjeringas

kompetansesatsing og kompetansestrategien *Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering (2014–2020)*.

Delen pedagogiske leiarar og styrarar med godkjend utdanning er ikkje lik over heile landet. Mange stader er det tilstrekkeleg godt kvalifisert pedagogisk personale i barnehagane. Oslo, Akershus og Rogaland er dei fylka som har størst vanskar med å rekruttere nok pedagogar.

Tabell 7.5 Personalet i barnehagen, 2012–14

	2012	2013	2014
Tal på tilsette	91 239	93 573	93 814
Tal på årsverk	73 233	74 373	74 998
Tal på tilsette utan merkantilt, administrativt personale m.m.	83 480	84 044	84 030
Tal på barn per årsverk korrigererte for alder og opphaldstid	6,2	6,1	6,1
Tal på styrarar og pedagogiske leiarar	32 198	32 853	31 817
Styrarar med dispensasjon frå utdanningskravet (årsverk)	97	72	58
– i pst. av styrarar (årsverk)	1,9	1,4	1,1
Pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet (årsverk)	3 270	2 907	2 183
– i pst. av pedagogiske leiarar (årsverk)	13,9	12,0	9,2
Tilsette med pedagogisk utdanning	34 083	35 231	36 879
– i pst. av dei tilsette utan merkantilt, administrativt personale m.m.	40,8	41,9	43,9
Tilsette med barnehagelæruddanning	30 388	31 541	32 558
– i pst. av dei tilsette utan merkantilt, administrativt personale m.m.	36,4	37,5	38,7
Tilsette med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar	11 697	12 279	13 210
– i pst. av dei tilsette utan merkantilt, administrativt personale m.m.	14,0	14,6	15,7

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Ved utgangen av 2014 var det om lag 93 800 tilsette som utførte 75 000 årsverk i barnehagane. Dette er ein auke på 625 årsverk frå året før. Om lag 84 000 av dei tilsette arbeider med barna, og nær 32 000 av desse var styrarar og pedagogiske leiarar. Delen av dei tilsette med relevant kompe-

tanse har auka i perioden 2012–14. Delen styrarar og pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet har gått ned frå 1,4 pst. av styrarane og 12,0 pst. av dei pedagogiske leiarane i 2013, til 1,1 pst. av styrarane og 9,2 pst. av dei pedagogiske leiarane i 2014.

Tabell 7.6 Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskolar og universitet, 2011–14

	2011	2012	2013	2014
Opptak til førskole-/barnehagelærarutdanning	2 553	2 940	2 859	2 851
– av dette menn	425	542	549	531
– del menn (i pst.)	16,6	18,4	19,2	18,6
Uteksaminerte førskole-/barnehagelærarar	1 778	1 897	2 080	1 862
– av dette menn	162	227	224	202
– del menn (i pst.)	9,1	12,0	10,8	10,8

Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning (DBH)

Talet på studentar som vart tekne opp til den tidlegare førskole- og den nåverande barnehagelærarutdanninga, auka frå om lag 2 500 i 2011 til 2 850 i 2014. Talet på ferdig uteksaminerte førskole- og barnehagelærarar auka med 84 i same tidsrom, men med ein reduksjon på 218 frå 2013 til 2014. Delen menn som vart tekne opp, har auka jamt, men gjekk ned frå 2013 til 2014. Delen menn som blir uteksaminerte, har variert, men har halde seg stabil frå 2013 til 2014. Moglegheitene for barnehagelærarstudium har samtidig vorte meir mangfaldige og tilgjengelege, med studieplassar for-

delte på både ordinær barnehagelærarutdanning på heiltid eller deltid, variantar av nettbaserte og samlingsbaserte studium og arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning. I tillegg kan pedagogar med minst tre års høgre utdanning kvalifisere seg for fast stilling som pedagogisk leiar ved å ta vidareutdanning i barnehagepedagogikk.

Likestilling

For meir omtale av likestilling og arbeid mot diskriminering, sjå kap. 8.

Tabell 7.7 Menn i barnehagane, 2011–14

	2011	2012	2013	2014
Menn tilsette i basisverksemd	6 238	6 429	6 621	6 607
– i pst. av tilsette i basisverksemd	8,3	8,5	8,7	8,7
Mannlege styrarar og pedagogiske leiarar	2 110	2 272	2 410	2 407
Mannlege assistentar	4 128	4 157	4 211	4 200

Note: Frå 2014 er assistentar ei samlegruppe for kategoriane barnehagelærar eller tilsvarande, barne- og ungdomsarbeidar og assistentar. I tala for assistentar frå 2011 til 2013 er ikkje kategorien tospråklege assistentar inkludert.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Tal frå SSB viser at av alle tilsette i basisverksemda i barnehagen i 2014 var 8,7 pst. menn, totalt om lag 6 600 personar. Basisverksemda omfattar styrarar, pedagogiske leiarar og assisten-

tar. Frå 2013 til 2014 har talet på menn i basisverksemda vore stabilt.

16,9 pst. av barnehagane hadde minst 20 pst. menn tilsette i basisverksemda i 2014. Dette er ein auke frå 15,6 pst. i 2013 og 10,7 pst. i 2003.

Minoritetsspråklege barn og tilsette i barnehage

Talet på minoritetsspråklege barn i barnehage har auka frå 37 894 i 2013 til 41 265 i 2014, og dei siste fire åra har det vore ein auke på meir enn 10 000 minoritetsspråklege barn i barnehage. Av dei mino-

ritetsspråklege barna var det om lag 14 800 barn som fekk tilbod om særskild språkstimulering. Dette er ein auke på om lag 1 450 barn frå 2013. Delen minoritetsspråklege barn som fekk tilbod om særskild språkstimulering har halde seg stabil i perioden 2011-2014.

Tabell 7.8 Minoritetsspråklege barn i barnehage, alder 0–6 år og del med tilbod om særskild språkstimulering 2011–14

	2011	2012	2013	2014
Tal på minoritetsspråklege 0–6-åringar i barnehage	30 508	34 363	37 894	41 265
– i pst. av alle barn i barnehage	10,8	12,0	13,2	14,4
Tal på minoritetsspråklege med tilbod om særskild språkstimulering	10 735	12 391	13 329	14 786
– i pst. av alle minoritetsspråklege barn i barnehage	35,2	36,1	35,2	35,8

Note: Minoritetsspråklege barn blir her definerte som barn med ein annan språk- og kulturbakgrunn enn norsk, med unntak av barn som har samisk, svensk, dansk eller engelsk som morsmål.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

I 2014 gjekk 79,0 pst. av alle minoritetsspråklege barn i alderen eitt til fem år i barnehage. Det er ein auke på 2,2 prosentpoeng frå 2013, og ein auke på seks prosentpoeng frå 2011. Det har vore ein auke i dekningsgraden frå 2013 til 2014 for alle aldersgrupper unnateke for fireåringane, der det var ein liten nedgang. Det har dei seinare åra vore ein auke i dekningsgraden for dei yngste barna,

og det har særleg vore ein stor auke i dekningsgraden for toåringane. Frå 2011 til 2014 har dekningsgraden for toåringane gått opp med 17,2 prosentpoeng.

Staten gir eit øyremerkte tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen, jf. kap. 231 post 63.

Tabell 7.9 Dekningsgrad for minoritetsspråklege i barnehagen 2011–14

	2011	2012	2013	2014
Dekningsgrad minoritetsspråklege 1–5-åringar	73,0	75,0	76,8	79,0
Dekningsgrad minoritetsspråklege 1-åringar	36,8	36,5	39,5	39,9
Dekningsgrad minoritetsspråklege 2-åringar	59,4	68,2	72,3	76,6
Dekningsgrad minoritetsspråklege 3-åringar	83,7	85,5	86,0	89,6
Dekningsgrad minoritetsspråklege 4-åringar	94,5	92,0	93,5	93,3
Dekningsgrad minoritetsspråklege 5-åringar	96,4	96,9	95,3	96,5

Note: Minoritetsspråklege barn blir her definerte som barn med ein annan språk- og kulturbakgrunn enn norsk, med unntak av barn som har samisk, svensk, dansk eller engelsk som morsmål.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Tabell 7.10 Innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre sysselsette i barnehagar. Alle arbeidsforhold, 2011–14

	2011	2012	2013	2014
Barnehagelærer av yrke og/eller med barnehagelærerutdanning	1 714	1 861	1 998	2 196
– i pst. av alle barnehagelærere	5,8	6,0	6,3	6,7
Anna pedagogisk personell i barnehagane	276	774	847	869
– i pst. av alt anna pedagogisk personell	14,5	31,4	36,9	32,0
Barnehageassistentar	7 825	7 971	8 485	8 674
– i pst. av alle assistentar	14,4	14,6	15,6	16,2
Anna personell	1 846	1 613	1 664	1 790
– i pst. av alt anna personell	18,1	19,5	20,1	22,2
Del innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre sysselsette i barnehagar, alle arbeidsforhold	12,1	12,7	13,4	14,0

Note: Innvandrere er definerte som personar fødde i utlandet med foreldre og besteforeldre fødde i utlandet.

Note: Den sterke auken i «anna pedagogisk personell» og «i pst. av alt anna pedagogisk personell» frå 2011 til 2012 skyldast at SSB har endra metode for innsamling av data knytte til sysselsette med innvandrerbakgrunn.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

I 2014 var 6,7 pst. av dei sysselsette i barnehage som var barnehagelærere av yrke og/eller med barnehagelærerutdanning, innvandrere eller norskfødde med innvandrerforeldre. Denne delen har auka frå 5,8 pst. i 2011. Tilsvarende hadde om lag 32 pst. av anna pedagogisk personell, 16 pst. av assistentane og 22 pst. av anna personell i barnehagane innvandrerbakgrunn i 2014.

Av om lag 7 800 studentar i barnehagelærerutdanninga i 2014 var 9,4 pst. innvandrere eller norskfødde med innvandrerforeldre. I 2013 var delen 8,2 pst., og i 2009 var delen 6,1 pst.

Barn med nedsett funksjonsevne i barnehage

Barnehagar er eit viktig pedagogisk tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Barn med nedsett funksjonsevne skal derfor ha prioritet ved opptak. I 2014 var det 4 458 barn med nedsett funksjonsevne som vart tekne opp ved prioritet etter barnehagelova § 13. 7 799 barn under opplæringspliktig alder fekk spesialpedagogisk hjelp etter § 5–7 i opplæringslova. Dette tilsvarer om lag 2,7 pst. av alle barn som går i barnehage.

Tabell 7.11 Barn med nedsett funksjonsevne i barnehage 2011–14

	2011	2012	2013	2014
Barn med nedsett funksjonsevne som er tekne opp ved prioritet etter barnehagelova § 13	5 150	5 084	4 808	4 458
Barn som fekk spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 i opplæringslova	6 482	6 577	6 959	7 799
– i pst. av alle barn i barnehage	2,3	2,3	2,4	2,7

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Kostnader i og finansiering av barnehagar

Tabellane nedanfor viser brutto og netto driftsutgifter til barnehage, korrigerede driftsutgifter per barn og per opphaldstime for kommunale barne-

hagar, og kor stor del av drifta av barnehagane som er finansiert av det offentlege og med foreldrebetaling. 86,2 pst. av drifta var i 2014 finansiert av det offentlege. Dette er ein liten auke frå 85,9 pst. i 2013 og 85,6 pst. i 2012.

Tabell 7.12 Totale driftsutgifter 2012–14

	2012	2013	2014
Brutto driftsutgifter (mill. kroner)	41 176	42 820	45 871
Netto driftsutgifter (mill. kroner)	36 308	38 076	40 814

Note: Løpande nominelle prisar.

Kjelde: Kommunerekneskap, Statistisk sentralbyrå

Tabell 7.13 Driftsutgifter per barn og per opphaldstime i kommunale barnehagar 2012–14

	2012	2013	2014
Korrigerede brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage	160 136	167 130	178 088
Korrigerede brutto driftsutgifter til kommunale barnehagar per korrigerede opphaldstime	53	55	59

Note: Løpande nominelle prisar.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Det har vore ein auke i dei korrigerede brutto driftsutgiftane per barn i kommunal barnehage på om lag 11 pst. frå 2012 til 2014, der den reelle

auken har vore på om lag 5 pst. Auka personaltekkleik og fleire tilsette med relevant utdanning kan medverke til å forklare realveksten i utgifter.

Tabell 7.14 Finansiering av kommunale barnehagar 2012–14

	2012	2013	2014
Del av driftsmidlar finansiert gjennom foreldrebetaling – i pst. av totale driftsmidlar	14,3	14,1	13,8
Del av driftsmidlar finansiert av det offentlege – i pst. av totale driftsmidlar	85,6	85,9	86,2

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Tabellen nedanfor viser at foreldrebetalinga er redusert for alle inntektsgrupper etter innføring av maksimalprisen. Tabellen viser betalinga i nominelle prisar, så det har vore ein større reduksjon i reell foreldrebetaling. Reduksjonen i foreldrebetalinga har vore større for hushald med høg inntekt enn for hushald med låg inntekt. I 2015 var maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehage 2 480 kroner per måned frå januar til april. Frå

1. mai auka maksimalprisen til 2 580 kroner per måned. Samstundes vart det innført ei moderasjonsordning. Denne moderasjonsordninga sikrar at foreldrebetalinga per år for ein heiltidsplass i barnehage maksimalt skal utgjere seks pst. av den samla person- og kapitalinntekta til hushaldet. I tillegg vart det frå 1. august 2015 innført ei ny nasjonal ordning med gratis kjernetid i barnehage for alle fire- og femåringar frå familiar med låg inntekt.

Tabell 7.15 Gjennomsnittlige månedssatsar i kroner (vekta) for foreldrebetaling etter bruttoinntekt, barn over tre år med fulltidsopphald i kommunale barnehagar, 2003–14

Bruttoinntekt	250 000	375 000	500 000
Januar 2003	2 579	3 008	3 097
Januar 2004	2 360	2 731	2 805
Januar 2005	2 356	2 691	2 741
Januar 2006	2 010	2 199	2 257
Januar 2007	2 017	2 235	2 289
Januar 2008	2 114	2 265	2 296
Januar 2009	2 060	2 208	2 261
Januar 2010	2 077	2 218	2 263
Januar 2011	2 106	2 237	2 277
Januar 2012	2 145	2 262	2 297
Januar 2013	2 125	2 258	2 298
Januar 2014	2 187	2 296	2 366
Januar 2015	2 199	2 337	2 416

Note: Kostpengar og tilleggsutgifter er ekskluderte. Løpande nominelle prisar.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå: *Undersøking om foreldrebetaling i barnehagar, januar 2015*, Rapportar 2015/30

8 Likestilling og arbeid mot diskriminering

Arbeidet med likestilling og mot diskriminering er eit systematisk og langsiktig holdningsarbeid som startar i barnehagen, blir ført vidare i skolen og må liggje til grunn i universitets- og høgskoleinstitusjonane og i forskinga. Målet er at alle skal ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, seksuell orientering, funksjonsevne, etnisk bakgrunn og religion. Regjeringa vil hausten 2015 leggje fram ei stortingsmelding om likestilling. Sjå omtale i Prop. 1 S for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Barnehagen

Formålsparagrafen i barnehagelova slår mellom anna fast at barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. I dette ligg det at barnehagen skal vere ein inkluderande arena for alle barn.

Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen har grundig omtale av verdigrunnlaget for barnehagen. For å støtte arbeidet med rammeplanen i barnehagen har departementet utarbeidd eigne temahefte, mellom anna om barn med nedsett funksjonsevne, om samiske barn, om språkleg og kulturelt mangfald og om likestilling. Målet er at hefta skal formidle kunnskap og erfaringar som grunnlag for refleksjon og praksis for dei tilsette i barnehagen. Eitt av fagområda i rammeplanen er etikk, religion og filosofi. Gjennom arbeidet med dette skal barnehagen mellom anna bidra til at barna utviklar toleranse og interesse for kvarandre og respekt for bakgrunnen til den einskilde, uavhengig av kva for kultur, religion eller livssyn barnet høyrer til.

Likestilling mellom kjønna skal speglast av i pedagogikken, og gutar og jenter skal bli oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine eigne haldningar til og samfunnet sine forventningar til gutar og jenter.

Barn treng både mannlege og kvinnelege rollemodellar. Ein betre kjønnsbalanse i barnehagen er også viktig for å kunne sikre personale med variert kompetanse. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at delen menn av alle tilsette i barne-

hagen i alle stillingskategoriar framleis er 11,5 pst. menn i 2014, same del som i 2013. Dette omfatta om lag 10 800 personar i 2014 mot om lag 10 700 personar i 2013, og inkluderer stillingskategoriar som spesialpedagogar, tospråklege assistentar, personlege assistentar, sivilarbeidarar og vaktmeistrar. Viss vi berre ser på tilsette i basisverksemda, utgjorde menn i 2014 om lag 6 600 personar, altså 8,7 pst., nær uendra frå 2013. Dette omfattar berre styrarar, pedagogiske leiarar og assistentar (ikkje personale som arbeider med enkeltbarn eller grupper av barn med særlege behov). I dei fem siste åra har talet på mannlege barnehagetilsette i basisverksemda auka med 17 pst., frå 5 636 menn i 2009 til 6 607 menn i 2014, mens delen menn har auka frå 7,9 pst. til 8,7 pst., i same periode. I 2014 hadde 50 pst. av barnehagane minst éin mannleg tilsett i basisverksemda mot 49 pst. i 2013.

I 2014 utgjorde menn 15,8 pst. av dei totalt 7 833 studentane på barnehagelærerutdanninga mot 14,3 pst. av totalt 7 756 studentar i 2013. Våren 2014 fullførte 1 862 studentar barnehagelærerutdanninga, og av desse var 202 menn, noko som tilsvarer 10,8 pst., det same som våren 2013. Hausten 2014 starta 531 mannlege og 2 320 kvinnelege studentar på barnehagelærerutdanninga. Menn utgjorde 18,6 pst. mot 19,2 pst. hausten 2013. Delen mannlege søkjarar med barnehagelærerutdanninga som førsteval har gått opp frå 18 pst. i 2014 til 19,1 pst. for 2015.

Den førre regjeringas handlingsplan *Likestilling 2014 – Regjeringens handlingsplan for likestilling mellom kjønne* er ikkje ført vidare, men i oppfølginga leverte NIFU hausten 2014 ei statusundersøking om likestilling i barnehagane. Undersøkinga viser at om lag alle styrarane opplyser at dei kjenner til det som står om likestilling i rammeplanen, og at dette påverkar arbeidet i barnehagen. Samtidig viser undersøkinga at likestilling mellom kjønna i liten grad er tema i planane i barnehagen, og at det er lite formalisert arbeid med likestilling i barnehagen. Hovudinntrykket er at dette ikkje er eit tema som barnehagen arbeider praktisk eller konkret med i særleg utstrekning. Likestilling mellom kjønna ser ut til å vere

eit tema som ein tek for gitt og derfor i liten grad diskuterer. Samtidig nemner styrarane fleire eksempel på situasjonar der dei har tenkt eller reagert på sine egne eller andre sine kjønnsstereotypiske holdningar eller åtfærd. Eit interessant funn er at det er ein samanheng mellom delen menn i barnehagen og likestillingsarbeidet. Dette kan ha ulike årsaker, til dømes at barnehagar som jobbar aktivt med likestilling, i større grad lykkast med å rekruttere mannlege tilsette, men òg at barnehagar med høg del menn arbeider meir med likestilling enn andre barnehagar.

Deltakarane i undersøkinga støtter målsettinga om å auke delen menn i barnehagane. Både kvinner og menn ønskjer eit arbeidsmiljø med større kjønnsbalanse enn det som ofte er tilfellet i dag. Det er også ei tydeleg oppfatning at barn i barnehagen har godt av å ha vaksne av begge kjønn rundt seg. Dette begrunnen deltakarane både ut ifrå eit likheits- og eit ulikheitsperspektiv. Det ser ut til å vere ei generell oppfatning om at mannlege og kvinnelege tilsette i barnehagane oppfører seg ulikt. Sett på spissen er menn meir fysiske, med høgare volum, dei leiker meir ute og driv ikkje så mykje med rydding og reinhald som dei kvinnelege tilsette. Samtidig understrekar deltakarane likheitene mellom kvinnelege og mannlege tilsette, at arbeidsfordelinga er lik, og at alle tilsette deltek i fellesaktivitetane. Når det gjeld arbeidet med å auke delen menn i barnehage, viser forskarane til fleire moglege vegar. Skolerådgivarar kan spele ei viktig rolle i å gi råd uavhengig av kjønn når ungdommar skal velje framtidig utdanning og yrke. Høgskolar og universitet må tilby utdanning som er tilpassa ulike grupper av studentar. Barnehagestyrarane må vere bevisste ved tilsetjing av personale. Statusen til barnehagelæreryrket bør bli høgare, noko som heng saman med spørsmål om lønnsnivå, turnus- og arbeidstidstilhøve og liten forskjell mellom stillingar.

Grunnopplæringa

Likestilling mellom kjønna

Gutar og jenter har i dag like rettar, men mykje tyder på at kjønn påverkar dei vala dei treffer, og dei moglegheitene dei opplever at dei har. Likestilling inneber at barn og unge skal ha like moglegheit til å realisere sitt eige potensial og til å velje utdanning og karriere utan å vere begrensa av kjønn. Karakternivå, nasjonale prøver og internasjonale testar fortel at med nokre unntak gjer jenter det best på skolen. Det er også langt fleire

gutar enn jenter som ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring. Val av utdanning heng framleis tett saman med kjønn og forventningar til kjønnsroller; særleg er dette synleg i yrkesfaga.

Tidleg innsats og tiltak som skal hjelpe til med å styrkje dei grunnleggjande dugleikane til elevane, er viktig for å betre læringsutbyttet, og for at fleire elevar skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Samtidig er det behov for spesifikke tiltak mot elevar med svake skoleprestasjonar og som er i risikosona for å falle ut av eit skoleløp. Regjeringa har sett i gang ei rekkje ulike tiltak for å betre læringsutbyttet til elevane og auke gjennomføring i vidaregåande opplæring. Her kan nemnast *0–24-samarbeidet*, *Program for bedre gjennomføring i videregående opplæring* og *Yrkesfagløftet*, jf. programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Norske gutar og jenter vel framleis i stor grad kjønnsstradisjonelt når det kjem til utdannings- og yrkesval. Særleg i fag- og yrkesopplæringa i vidaregåande skole er dette tydeleg. Her er fleire utdanningsprogram dominerte av eitt kjønn. I høgare utdanning har utdanningsvala endra seg noko i løpet av dei siste tiåra, særleg for kvinner. På universitetsnivå er fleire tidlegare mannsdominerte utdanningar nå kjønnsbalanserte og har i nokre tilfelle ei overvekt av kvinner. Samtidig har fleire av høgskoleutdanningane, for eksempel innanfor helse og omsorg eller barnehagelærar, framleis eit stort fleirtal kvinner.

For å møte etterspørselen etter arbeidskraft i helse-, pleie- og omsorgssektoren er det viktig å kunne rekruttere fleire menn. Låg rekruttering til realfag som teknologi og fysikk, spesielt blant jenter, inneber at samfunnet kan mangle nødvendig kompetanse i framtida.

Å bryte opp typiske førestellingar om kva utdannings- og yrkesval som passar for gutar og jenter, aukar moglegheitene og valfridommen for den einskilde og gir ein mindre kjønnsdelt og meir fleksibel arbeidsmarknad. Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at fleire kan velje utradisjonelle utdanningar og karrierar, for å bidra til eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Regjeringa har som mål å auke kunnskapen om kva faktorar som kan forklare forskjellar mellom gutar og jentene si læring og utvikling, som grunnlag for meir treffsikre tiltak. Særleg interessant er forskning om sjølvregulering og arbeidsmåtar i skulen. I samband med den kommande meldinga til Stortinget om likestilling mellom kjønn har Kunnskapsdepartementet sett ut eit forskingsoppdrag for å innhente meir kunnskap om dette.

Barn og unge med særskilte behov

Kunnskapsdepartementet vil i 2016 arbeide for å sikre tidleg innsats, tilpassa opplæring og gode læringsmiljø for barn, unge og vaksne med særskilte behov. Det overordna målet er å medverke til at skolar møter det mangfaldet av føresetnader og evner elevane har, gjennom tilpassa opplæring, og å førebygge vanskar.

Elevlar som ikkje har eller kan få eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, skal sikrast dette gjennom spesialundervisning av god kvalitet. I skoleåret 2014–15 hadde åtte pst. av elevane i grunnopplæringa vedtak om spesialundervisning. Dette er ein liten nedgang frå skoleåret 2013–14, da talet var 8,3 pst., og skoleåret 2012–13, da talet var 8,6 pst. Om lag 68 pst. av dei som får spesialundervisning, er gutar. Departementet vil framleis ha merksemd retta mot talet på elevlar som får spesialundervisning.

PP-tenesta og dei spesialpedagogiske kompetansesentra (Statped) er viktige verkemiddel i dette arbeidet. *Strategi for etter- og vidareutdanning av tilsette i PP-tenesta (2013–2018)* og omorganiseringa av Statped (2012–16) har til formål å hjelpe barnehagar og skolar med å sikre likeverdige, tilpassa og inkluderande opplæring.

Minoritetsspråklege barn, unge og vaksne

I 2014 var talet på elevlar som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem år, stabilt blant øvrige elevlar og norskfødde, men ikkje for innvandrarakar. Delen som fullfører, gjekk ned frå 53 pst. til 52 pst. Desse elevane gjer det vesentleg svakare enn andre elevlar. Det er også eit nokså stort gap mellom norskfødde elevlar og øvrige elevlar. Det er eit mål at gjennomføringa skal auke både for norskfødde med innvandrarakgrunn og for ungdom som sjølv har innvandra. Departementet gjennomfører fleire tiltak som skal medverke til å nå målet.

I 2014 er 16 pst. av innvandrarakane i alderen 16–25 år verken i utdanning, arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring. Tala er litt lågare for norskfødde med innvandrarakforeldre, knapt åtte pst. Seks pst. av unge med norsk bakgrunn i alderen 16–25 år er verken i utdanning, arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring.

Kompetanse for mangfold (2013–2017) er ei femårig satsing på kompetanse i opplæring av minoritetsspråklege. Regjeringa vil føre vidare arbeidet med å utvikle denne kompetansen i universitets- og høgskolesektoren, hos skoleeigarar og barnehagestyresmakter, hos tilsette i barne-

hage og skole, og hos andre sentrale yrkesgrupper som er knytte til skolar og barnehagar. Målet med satsinga er at dei tilsette skal vere i stand til å støtte barn, elevlar og vaksne med minoritetsbakgrunn, slik at desse i størst mogleg grad fullfører og består utdanningsløpet. Satsinga er bygd på barnehage- og skolebasert kompetanseutvikling i tema som fleirkulturell pedagogikk, fleirspråklegheit, andrespråkspedagogikk og vaksenpedagogikk.

Elevlar med kort butid i Noreg og svak skolebakgrunn møter særskilte utfordringar. I 2012 lovfesta departementet bruk av innføringstilbod for nykomne elevlar. Det er også utarbeidd ei rettleiing med relevant regelverk og gode døme på bruk av innføringstilbod. Bruken av innføringstilbod blir evaluert slik at departementet kan få meir kunnskap om kva for slags innhald og organisering av tilboda som verkar best. Evalueringa går ut i 2015.

Tilskott til verksemdar som tek inn lærlingar med særskilte behov, er auka og utvida til å inkludere dei med svake norskdugleikar og kort butid i Noreg, for at fleire skal få moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring. Det er fastsett ein førebels læreplan i norsk for elevlar i vidaregåande opplæring med kort butid i Noreg, slik at opplæringa kan tilpassast behova deira.

Stortinget har i Innst. 223 L (2013–2014) om endringer i opplæringslova, privatskolelova og folkehøgskoleloven (*leksehjelp m.m.*) vedteke å innføre ein rett til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for ungdom som er over opplæringspliktig alder, men under 18 år, og som søker om opphaldsløyve. Retten gjaldt frå hausten 2014.

Alderen når ein kjem til landet, har stor betydning for om ein innvandraraklarer å fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Ei kartlegging Rambøll har gjort av innføringstilbod for nykomne elevlar, syner at desse i mange tilfelle har særskilte utfordringar. Dei skal både lære seg eit nytt språk og ta igjen tapt skolegang i løpet av kort tid. Jentene klarer seg betre enn gutane uansett alder ved innvandring. Det har vore ei svak negativ utvikling i gjennomføringstala i dei siste tre åra for innvandrarakar med kort butid, og det er særleg gutane som har lågare gjennomføringsgrad.

Arbeid mot antisemittisme og rasisme

Noreg er eit fleirkulturelt og samansett samfunn, og skolen er ein viktig møteplass der elevlar med ulike bakgrunn kan bli kjende med og få tillit til kvarandre. Departementet er oppteke av at skolen har eit stort ansvar for å arbeide systematisk mot

rasisme, hatytringar og antisemittisme. Kunnskapsrike lærarar som kan utnytte dei moglegheitene som ligg i læreplanane, er avgjerande.

Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret), Det europeiske Wergelandsenteret og Institutt for lærerutdanning og skoleforskning (ILS) ved Universitetet i Oslo har utvikla *Dembra – Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme*. Dembra er eit opplegg for etterutdanning av lærarar og skoleleiarar kring temaa antisemittisme, rasisme og handtering av konflikhtar i skolen. Grunntanken bak Dembra er at kunnskap og kritisk tenking nyanserer og bryt opp stereotypiar og fastlåste forestillingar om andre kulturar. Det viktigaste middelet skolen har mot ekskluderande holdningar og trakassering, er derfor arbeidet med å skape ein demokratisk kultur grunna på inkludering, rom for deltaking, kunnskap og kritisk tenking. Prosjektperioden og piloten for Dembra var 2012–15. Frå 2016 startar ein prosess med nasjonal spreing av dei læringsressursane som vart utvikla i pilotperioden. Formålet med nasjonal spreing av Dembra er å gradvis auke kompetansen blant fleire tilsette i skolen rundt om i kommunane, slik at dei betre kan handtere konflikhtar i skolekvardagen. Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret) vil gjere dette i samarbeid med freds- og menneskeretts-sentera som mottek statleg driftsstøtte. Stillinga ved HL-senteret som vart oppretta i 2013 for å auke undervisning i og forskning på antisemittisme, blir ført vidare i 2016.

Kunnskapsdepartementet har òg oppfordra skolane til å markere Holocaust-dagen 27. januar. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd og publisert informasjonsmateriell om dei fem nasjonale minoritetane i Noreg: kvenar/norskfinnar, jødar, skogfinnar, rom (sigøyningar) og romanifolk/tatarar. Materiellet er mynta på tilsette i skolar og barnehagar og vart publisert til skolestart hausten 2014. Organisasjonane for minoritetane har vore involverte i arbeidet. Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) har òg i samarbeid med minoritetane utarbeidd innhaldet til ein nettressurs om dei nasjonale minoritetane som ligg på minstemme.no. Nettressursen inneheld materiell om alle dei fem nasjonale minoritetane og gir forslag til opplegg til bruk i barnehagen og forslag til undervisningsopplegg frå 1. til 7. trinn.

Vaksne i grunnopplæringa

I skoleåret 2014–15 var det over 10 000 vaksne som fekk ordinær grunnskoleopplæring eller spe-

sialundervisning på grunnskoleområdet. Om lag 54 pst. av desse var kvinner (GSI). 90 pst. av dei som deltok i ordinær grunnskoleopplæring, var minoritetsspråklege (Utdanningsspeilet). Av desse var 60 pst. kvinner. Samstundes er to av tre minoritetsspråklege deltakarar mellom 16 og 18 år menn. Den høge delen menn blant dei yngste deltakarane heng saman med at einslege mindreårige asylsøkjjarar som regel er menn.

I 2013 var det ifølgje tal frå Vox om lag 22 000 vaksne som fekk vidaregåande opplæring, og 55 pst. av dei var kvinner. 28 pst. av dei vaksne deltakarane i vidaregåande opplæring hadde innvandrarakgrunn i 2013.

Forskning og høgre utdanning

Likestilling i høgre utdanning

I 2014 var 60 pst. av studentane kvinner. Utdanningsvala til norske studentar er sterkt kjønnsdelte. I helse- og sosialfaga er delen menn om lag 20 pst. Delen menn er òg låg i lærerutdanningane. Dette gjeld særleg grunnskolelærerutdanninga for 1.–7. trinn og barnehagelærerutdanninga. Her er delen menn høvesvis 15 og 16 pst. Den totale delen menn blant lærarstudentane har auka svakt med 1,2 pst. i perioden 2008–12. Matematiske, naturvitskaplege og teknologiske (MNT) fag har ein høg del menn. I 2013 var berre 32 pst. av studentane innanfor naturvitskaplege og teknologiske fag kvinner. Samstundens viser ikkje desse tala heile biletet. Ved farmasistudiet er delen kvinner stabilt høg. I 2014 var den totale delen kvinner ved farmasistudiet 74 pst. I 2013 var delen kvinner 78 pst., og i 2012 76 pst.

Ein større del av norskfødde med innvandrarforeldre er i høgre utdanning enn både delen av innvandrarar og delen av befolkninga elles, og slik har det vore i fleire år. Samtidig er ein klart lågare del av innvandrarane i høgre utdanning enn i befolkninga elles. Delen norskfødde med innvandrarforeldre i høgre utdanning i årskulla 19–24 år er heile 41,5 pst. i 2014, mens det i befolkninga elles er 35,9 pst. Av innvandrarane er det færre som er i høgre utdanning enn av befolkninga elles, rundt 17 pst.

At norskfødde med innvandrarforeldre i så stor grad tek høgre utdanning, tyder på at ein stor del av dei er godt integrerte. At innvandrarar, som utgjer ei langt større gruppe, i mindre grad gjer det same, kan skyldast at innvandrarane i snitt har kortare butid og dermed svakare språkkunnskapar enn det som er nødvendig for å ta høgre utdanning. Ei anna forklaring er at ein del av innvandrarane har høgre utdanning når dei innvan-

drar. Innvandrara som gruppe har ein høgare del med lang utdanning enn befolkninga elles. Det er derfor ikkje å vente at gruppa innvandrara er like tilbøyelege til å ta høgare utdanning i Noreg som dei norskfødde med innvandrarforeldre eller som befolkninga elles.

Det er viktig å leggje til rette for gode val. Det blir derfor arbeidd aktivt med rekruttering til sentrale utdanningar, slik som lærarutdanning og utdanning innanfor MNT-fag. Det er arbeidslivet som har dei viktigaste verkemidla, og som må gi attraktive moglegheiter, slik som karriere, lønn, sjølvrealisering og utvikling for både kvinner og menn. Kunnskap om kva utdannings- og yrkesmoglegheiter som finst, er avgjerande for at unge skal gjere gode utdannings- og yrkesval, uavhengig av kjønn. Rådgiving i skolen og anna karriererettleiing spelar ei viktig rolle. Samtidig vil holdningane til ulike utdanningar og yrke vere prega av familie, venner, nærmiljø og korleis samfunnet, media og utdanningsinstitusjonane sjølv framstiller dei. Å sjå at andre har gått føre og lykkast, er viktig for unge som ønskjer å velje utradisjonelt. Det aukande talet kvinner på medisins- og jusstudia er gode eksempel på dette.

Fagskolar

Fagskoleutdanningar er yrkesretta utdanningar som byggjer på vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse. Dei har eit omfang tilsvarende minimum eit halvt og maksimum to heile studieår. Blant studentane i fagskoleutdanningane er kjønnsforskjellane omvendte av det ein finn i høgare utdanning, med om lag 60 pst. menn og 40 pst. kvinner. Våren 2013 uteksaminerte fagskolane nær 5 000 kandidatar. Av desse var 57 pst. menn og 43 pst. kvinner.

69 pst. av alle mannlege fagskolestudentar er i 2014 registrerte på utdanningar innanfor naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag, ein auke frå 68 pst. i 2013. Nærmere 41 pst. av dei kvinnelege fagskolestudentane er på helse-, sosial- og idrettsfag (opp frå 36 pst. i 2013). Dei kvinnelege fagskolestudentane har dermed noko større fagleg spreiding enn sine mannlege kollegaer, som har eitt dominerande fagområde. Blant kvinnene er humanistiske og estetiske fag og økonomisk-administrative fag også populære, med høvesvis 23 pst. og 21 pst. av studentane. Blant fagskolestudentane var det få med utenlandsk statsborgarskap. Kun 299 av fagskolestudentane hadde utanlandsk statsborgarskap i 2014.

Kjønnsbalanse blant tilsette i forskning

Betere kjønnsbalanse og større mangfald blant fagleg tilsette ved universitet og høgskolar og blant forskarar ved forskingsinstitutt er naudsynt for at kunnskapsinstitusjonane skal reflektere mangfaldet i befolkninga og behova deira. Universitet, høgskolar og forskingsinstitutt må lykkast med å rekruttere talent, både kvinner og menn, med og utan innvandrarbakgrunn, og gi alle like gode moglegheiter til fagleg utvikling og til å bli tilsette i toppstillingar. Stillingar på ulike fagområde skal vere attraktive for både kvinner og menn, og institusjonane innanfor høgare utdanning og forskning må arbeide for at faktorar som hindrar at enkelte grupper lykkast, blir tekne tak i. Samfunnet treng breidde i kompetanse og faglege perspektiv. Dette kan bidra til kreativitet og betere kvalitet både i utdanningstilbodet til studentane og i forskinga. Kunnskapsdepartementet har sett i verk ei rekkje tiltak for å betere kjønnsbalansen i forskning.


Regjeringa har ført vidare Komité for kjønnsbalanse i forskning (Kif) i perioden 2014–17. Mandatet for komiteen er utvida til også å omfatte mangfald. Argumenta som gjeld for betere kjønnsbalanse, gjeld òg for større mangfald i forskinga generelt. Den nye komiteen har fått namnet Komité for kjønnsbalanse og mangfald i forskning. Han er styrkt med fleire medlemmer og har fått auka sitt budsjett med 2 mill. kroner. Komiteen får tilskott frå Kunnskapsdepartementet. Komiteen skal føre vidare arbeidet med å fremme likestilling mellom kjønna ved universiteta, høgskolane og forskingsinstitutta. Komiteen støttar institusjonane i arbeidet med å integrere likestilling i eiga verksemd, og kjem med framlegg om tiltak som kan betere kjønnsbalansen i fagmiljøa. Komiteen skal òg medverke til større medvit om den skeive balansen mellom kjønna i akademia og forskingssystemet. Vidare arbeider komiteen med å auke kvaliteten i forskinga gjennom å spreie kunnskap om betydninga av betere integrering av kjønnspektiv i forskinga, og dei bidrar til kompetanseheving på området. Komiteen driv òg informasjonsarbeid gjennom *kifinfo.no* og KILDEN, samt ved rådgivings- og pådrivararbeid overfor departementa. I inneverande periode skal komiteen ha merksemd på kjønn og etnisitet. Komiteen har vore viktig for den positive utviklinga i likestilling ved universitet, høgskolar og forskingsinstitutt i dei siste åra. Sjå omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og fagskoleutdanning kap. 281 post 70.

Noreg deltek aktivt i likestillingsarbeidet i EU. EU har kjønnslikestilling (gender equality) som

eitt av seks prioriterte område i utviklinga av det europeiske forskingsområdet, European Research Area (ERA).

I den kommande likestillingsmeldinga er det lagt vekt på at reell kjønnsbalanse inneber at kvinner og menn er like godt representerte i forskning, også i toppstillingar. Kvinner utgjer om lag 36 pst. av forskarpersonalet i Noreg. Prosentdelen kvin-

ner auka fram til 2011; frå 2011 til 2013 var det inga auking. Dette skyldast at prosentdelen kvinner blant forskarar i næringslivet gjekk ned, jf. figur 8.1. I instituttsektoren og i UH-sektoren har kvinnedelen halde fram med å auke, også i 2014. Rekrutteringa av kvinner til forskning i desse sektorane er jamt over god, sjølv om det er stor skilnad mellom fagområde.



Figur 8.1 Prosentdelen kvinner blant forskarpersonale i Noreg etter sektor 1999–2013

N viser talet på personar i 2013

Kjelde: SSB/NIFU, FoU-statistikk


Fagleg personale ved universitet og høgskolar

Menn er stadig i fleirtal blant fagleg tilsette ved universitet og høgskolar, og kvinner er framleis sterkt underrepresenterte i toppstillingane. Regjeringa har som mål at delen kvinner i akademiske toppstillingar skal auke. Delen kvinner i toppstillingar er derfor definert som ein indikator i styringssystemet for universitets- og høgskolesektoren. Kunnskapsdepartementet krev at universiteta og høgskolane utarbeider handlingsplanar for likestilling, mellom anna for å betre arbeidsvilkåra og for å setje i verk tiltak for å auke delen kvinner i førstestillingar. Departementet tek opp likestilling i styringsdialogen med universiteta og høgskolane.

Delen kvinner og menn i universitets- og høgskolesektoren varierer mellom ulike stillingstypar. I 2014 var over halvparten av dei tilsette i stipendi-

atstilling, i høgskolelektorstilling og i førstelektorstilling kvinner, jf figur 8.2. I 2014 var for første gong fleirtalet av dei som tok doktorgrad, kvinner. Delen kvinner som tok doktorgrad, varierte frå 60 pst. i medisin til 27 pst. i teknologi.

Delen kvinnelege professorar var 26 pst. i 2014. Utviklinga av kvinner i professorat har gått i riktig retning, med ein auke på om lag ein pst. per år sidan 2001. Delen kvinner blant dei nyttilsette professorane har auka betydeleg sidan 2008, og har variert mellom 30 og 36 pst. Kvinnedelen blant professorane vil venteleg halde fram med å auke, mellom anna fordi kvinnedelen i stillingsgruppa under, førsteamanuensane, nå er over 43 pst. og framleis aukar. I så fall kan om lag 40 pst. av professorane vere kvinner i 2028. Departementet ser utviklinga som eit positivt resultat av likestillingspolitikken, men det er nausynt å halde oppe presset på området for å nå raskare resultat.




Figur 8.2 Prosentdelen kvinner i ulike faglege stillingskategoriar ved universitet og høgscolar 2004–14

N viser talet på årsverk i 2014

Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning (NSD)

Det er stor skilnad mellom kvinnedelen blant professorane på ulike fagområde. Kvinnedelen er sær-

leg låg innanfor teknologi, ti pst., og innanfor matematisk-naturvitskaplege fag, 17 pst., jf. figur 8.3.



Figur 8.3 Kvinner i professorstilling per fagområde 2001–13 (i pst. av talet på personar)

N viser talet på personar i 2013

Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning (NSD)

Om vi samanliknar delen kvinner i professorat i Noreg med andre europeiske land, syner tal frå EU frå 2010 at kvinne delen i professorstillingar i Noreg (21,4 pst.) låg litt over snittet i EU (19,8 pst.). Romania hadde høgst kvinne del, deretter Latvia, Tyrkia, Kroatia, Sveits, Bulgaria, Island, Finland og Portugal. EU har utvikla ein indeks for å vurdere den såkalla «glasstak-effekten». «Glasstaket» er her eit omgrep for å definere kor sannsynleg det er at ei kvinne skal få ei toppstilling samanlikna med ein mann. Også her gjer Noreg det betre enn EU-snittet, men er langt frå best. Når det gjeld rektorar i høgre utdanning, derimot, låg kvinne delen i Noreg på topp i 2010 med 32 pst., medan fleire land som har høg kvinne del blant dei tilsette, ligg på bunnen av denne statistikken.

Tiltak for likestilling i Noregs forskingsråd

Forskringsrådet arbeider for å integrere kjønns perspektivet i all forskning organisasjonen finansierer. Det finst biologiske og sosiale kjønnsforskjellar, og desse må all forskning ta omsyn til. Alle søknader til Forskringsrådet skal vurderast opp mot kriteriet om kjønns perspektiv i forskinga, rekruttering av kvinner til høgre stillingsnivå generelt og MNT-fag spesielt, samt til kjønnsbalanse i dei einskilde prosjekta. Alle utlysingsstekstar skal ha med ei formulering om moderat kjønnskvotering: «I søknader med elles lik fagleg kvalitet og relevans skal prosjekt med kvinneleg prosjektleiar prioriterast.»

Hovudstyret i Forskringsrådet vedtok i 2013 ein ny *Policy for kjønnsbalanse og kjønns perspektiver i forskning og innovasjon*, som gjeld for perioden 2013–17. Den skeive rekrutteringa fram mot toppnivået er eit gjennomgåande bilete for alle fagområda. Policyen peiker på særlege utfordringar i verkemiddel for næringsliv, internasjonalisering og eksellens. Det er sett eit mål om minst 40 pst. kvinner blant prosjektleiarar i nye prosjekt innan utgangen av 2017. Forskringsrådet har ein jamn auke i delen kvinner blant prosjektleiarane. I 2013 var 31,2 pst. av alle prosjektleiarane på reelle forskingsprosjekt (prosjektstøtte, institusjonsstøtte og personleg stipend) kvinner. Dette er ein auke på drygt to prosentpoeng frå 2012.

Delen kvinner blant doktorar og postdoktorar som blir finansierte av midlar frå Forskringsrådet, har vore stabil i dei seinare åra, og ligg på 43–45 pst. for ph.d.-stipendiatar og 40–42 pst. for postdoktorar. Delen kvinner er særleg høg innanfor humaniora, medisin og helsefag og landsbruks- og fiskerifag (62–69 pst.).

Kjønnsbalanse i faglege toppstillingar og forskingsleing (BALANSE) er etablert som eit program i Forskringsrådet frå 2013. Hovudmålet er å betre kjønnsbalansen på seniornivå i norsk forskning gjennom ny kunnskap, læring og innovative tiltak. Programmet hadde første utlysing i 2013. 16 mill. kroner vart tildelte fire institusjonar: tre forskingsinstitutt og eitt universitet i samarbeid med fleire regionale aktørar. Det var stor interesse for utlysinga, og det kom inn dobbelt så mange søknader som forventa. BALANSE er i første omgang etablert for ein periode på fem år (2013–17).

Forskringsrådet deltek i nasjonale og internasjonale nettverk for å styrkje kjønnsdimensjonen i forskinga. I 2013 vart det etablert eit policyretta ERA-NET kalla GENDER-NET. GENDER-NET består av tolv partnarar frå elleve land og har ein funksjonsperiode på tre år. Forskringsrådet deltek frå Noreg på basis av blant anna BALANSE-programmet.

Tiltak for mangfald

Alle skal ha same rettar og moglegheiter til å ta høgre utdanning. I lov om universiteter og høyskoler blir det understreka at styra ved institusjonane skal sørge for eit godt læringsmiljø, og at institusjonane skal leggje til rette for studentar med særskilde behov. I den årlege styringsdialogen som departementet har med universiteta og høyskolane, vil vi understreke det ansvaret institusjonane har for eit godt og inkluderande læringsmiljø av høg kvalitet for alle studentar. Dette er ein del av institusjonane sitt arbeid med studiekvalitet. Alle universitet og høyskolar må sikre at studentar med nedsett funksjonsevne får kvalitets sikra tilbod og tenester med utgangspunkt i behova til studentane. Alle lærestader skal ha handlingsplanar for universell utforming og individuell tilrettelegging for studentar med særlege behov.

Departementet vil halde fram med arbeidet med å oppmode institusjonane til å rekruttere fleire minoritetsspråklege lærarar. Lærarar med minoritetsbakgrunn kan medverke med innsikt når det gjeld barn og unge med tilsvarande bakgrunn, i kommunikasjonen mellom heim, skole og barnehage og fungere som forbilde i samband med å ta høgre utdanning. Departementet har òg lagt til rette for tilpassa oppfølging av studentar med tospråkleg bakgrunn, mellom anna i fleksible utdanningstilbod.

Institusjonane er gjennom lov pålagde å ha eit læringsmiljøutval som skal arbeide for at

læringsmiljøet til studentane blir teke vare på, inkludert dei med nedsett funksjonsevne. NIFU-rapporten *Tilretteleggingsutfordringer i høgere utdanning før og nå* frå 2010 viser mellom anna at lærestadene driv eit omfattande arbeid knytt til tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne.

Departementet tildeler årleg midlar til Universell (tidlegare Nasjonal pådrivareining for funksjonshemma i høgre utdanning) ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. Universell skal medverke til å fremme eit inkluderande læringsmiljø for studentar med nedsett funksjonsevne, og vere pådrivar for læringsmiljøutvala ved andre norske lærestader.

I utdanningsstøtteordninga finst eit ekstra månadleg stipend og støtte i tolv månader for studentar som på grunn av redusert funksjonsevne ikkje kan ta arbeid ved sida av utdanninga. Tiltaket skal medverke til at fleire personar med redusert funksjonsevne har økonomisk moglegheit til å ta høgre utdanning.

Likestilling og arbeidet mot diskriminering i verksemdar underlagde Kunnskapsdepartementet

Etter likestillingslova § 1a, diskrimineringslova § 3a og diskriminerings- og tilgjengelova § 3 er alle arbeidsgivarar pålagde å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering (aktivitets- og meldeplikta). Kunnskapsdepartementet skal gjere greie for tilstanden når det gjeld likestilling og diskriminering, i Prop. 1 S. Meldeplikta gjeld òg for verksemdar og institusjonar under Kunnskapsdepartementet. I Prop. 1 S blir det gjort ei overordna vurdering av tilstanden. For rapporteringa frå kvar enkelt verksemd blir det vist til årsrapportane til verksemdene.

I Utdanningsdirektoratet, ved dei samiske vidaregåande skolane i Karasjok og Kautokeino og ved Sameskolen for Midt-Noreg utgjer kvinner mellom 63 og 68 pst. av dei tilsette, mens det i Senter for IKT i utdanninga er ei meir jamn fordeling mellom kjønna. I dei spesialpedagogiske kompetansesentera (Statped) og ved Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar (Vea) utgjer kvinnene 75 pst. av dei tilsette. I sekretariatet for Foreldreutvalet for barnehagane og Forel-

dreutvalet for grunnopplæringa er det ni kvinner og ein mann.

I Utdanningsdirektoratet, i Senter for IKT i utdanninga og Statped tener menn noko meir enn kvinner. Menn tener gjennomsnittleg meir enn kvinner i Utdanningsdirektoratet, men kven som tener mest, varierer mellom stillingskategoriane. Medan mannlege seniorrådgivarar i gjennomsnitt tener 20 000 kroner meir enn kvinnelege seniorrådgivarar, tener både dei kvinnelege direktørane og dei kvinnelege førstekonsulentane meir enn menn i same stillingskategori. Også i Senter for IKT i utdanninga tener menn i gjennomsnitt meir enn kvinner. Som for Utdanningsdirektoratet varierer det mellom kategoriane kven som har høgst lønn. Ser vi på leiarstillingar i Statped, tener kvinner meir enn menn, medan menn i gjennomsnitt for heile verksemda tener meir enn kvinner. Alle verksemdene arbeider aktivt med å syte for likestilling når dei rekrutterer nye tilsette, ved fastsettning av lønn og i utforming av personalpolitiske tiltak.

I Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) er 65 pst. av dei tilsette kvinner. Kvinnelege søkjarar er i fleirtal til utlyste stillingar. Ved å følgje kvalifikasjonsprinsippet får NOKUT dermed eit kvinneoverskott. Dette gjeld i alle avdelingar av verksemda. For leiarstillingane var det 44 pst. kvinner ved årsskiftet 2013–14.

Statens lånekasse for utdanning har ei viss overvekt av kvinner blant dei tilsette. Kjønnfordelinga har lenge vore stabil, men kvinnekjennet har gått ned med nokre prosentpoeng frå 2013 til 2014. Det kjem i første rekkje av jamnare fordeling blant nyttilsette. Kjønnbalansen blir reflektert på dei ulike stillingsnivåa i organisasjonen. For at arbeidsstokken skal spegle befolkninga på ei god måte, søkjer Lånekassen å rekruttere tilsette med innvandrarakgrunn gjennom eigne formuleringar i stillingskunngjeringane med meir. Vidare legg dei til rette for at tilsette med nedsett funksjonsevne skal få ein effektiv og god arbeidskvardag, mellom anna gjennom tilpassingar av det fysiske arbeidsmiljøet.

I Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk er 73 pst. av dei tilsette kvinner. Med omsyn til lønn tener menn noko meir enn kvinner blant førstekonsulentar, medan lønnsnivået er om lag det same på leiarnivå og for kvinnelege og mannlege rådgivarar og seniorrådgivarar.

Tabell 8.1 Delen menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2014)

Verksemnd	Tilsette	Del menn (%)	Del kvinner (%)
Utdanningsdirektoratet	315	36,8	63,2
Dei samiske vidaregåande skolane, Karasjok og Kautokeino	111	36,0	64,0
Sameskolen for Midt-Noreg	16	31,3	68,7
Spesialpedagogiske kompetansesenter	770	24,8	75,2
Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	40	24,8	75,2
Sekretariatet for Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagane	10	10,0	90,0
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)	81	34,6	65,4
Senter for IKT i utdanninga	85	48,2	51,8
Statens lånekasse for utdanning	323	45,2	54,8
Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	11	54,5	45,5
Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	111	27,0	73,0

Kjelde: Tabell 8.1 er utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet på bakgrunn av tal frå Statens sentrale tjenestemannsregister per 1. oktober, SST 2014

Tabell 8.2 Gjennomsnittleg månadsforteneste for menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2014)

Verksemd	Gj.snittleg månadsfor- teneste, menn	Gj.snittleg månadsfor- teneste, kvinner	Lønn til kvinner i pst. av lønn til menn
Utdanningsdirektoratet	47 902	46 785	97,7
Dei samiske vidaregåande skolane, Karasjok og Kautokeino	43 755	41 155	94,1
Sameskolen for Midt-Noreg	41 375	33 735	81,6
Spesialpedagogiske kompetansesenter	43 183	42 252	97,8
Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	40 526	40 687	100,4
Sekretariatet for Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagane	44 060	44 609	101,2
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)	47 312	43 425	91,8
Senter for IKT i utdanninga	49 688	47 128	94,8
Statens lånekasse for utdanning	40 472	40 002	98,8
Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	59 423	50 916	85,7
Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	46 421	44 570	96,0

Kjelde: Tabell 8.2 er utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet på bakgrunn av tal frå Statens sentrale tjenestemannsregister per 1. oktober, SST 2014

Likestilling og arbeid mot diskriminering i Kunnskapsdepartementet

Som arbeidsgivar er Kunnskapsdepartementet pliktig til å arbeide for å betre kjønnslikestillinga og for betre mangfald i samfunnet. Departementet har som mål å oppnå best mogleg kjønnsbalanse i

organisasjonen og gi dei tilsette tilgang til utvikling, karriere og velferd uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn og funksjonsevne.

Per 1. oktober 2014 var 66,3 pst. av dei tilsette i departementet kvinner. Dette er ein liten nedgang samanlikna med 2013.

Tabell 8.3 Del menn og kvinner og gjennomsnittleg lønn per årsverk etter stillingskode

		Kjønn		Totalt (N)	Lønn	
		Menn (%)	Kvinner (%)		Menn (kr)	Kvinner (kr)
Tilsette i Kunnskapsdepartementet omfatta av Hovedtariffavtalen i staten	2014	33,7	66,3	306	52 372	48 962
	2013	33,2	66,8	301	51 047	46 889
<i>Toppleiing</i>						
Departementsråd/ekspedisjonssjef	2014	75,0	25,0	8	106 194	98 667
	2013	75,0	25,0	8	103 222	95 833
<i>Mellomleiarar</i>						
Avdelingsdirektør, direktør, kommunikasjonsjef	2014	42,2	57,8	45	67 538	67 117
	2013	46,7	53,3	45	64 662	64 117
<i>Sakshandsaming</i>						
Underdirektør, spesialrådgivar, prosjektleiar, fagdirektør	2014	50,0	50,0	12	55 330	65 817
	2013	50,0	50,0	12	58 558	62 117
	2014	36,3	63,7	171	50 440	49 315
Seniorrådgivar	2013	35,8	64,2	159	48 439	48 007
	2014	28,6	71,4	49	41 235	40 610
Rådgivar	2013	28,3	71,7	46	40 435	39 698
	2014	11,8	88,2	17	37 283	38 364
Førstekonsulent	2013	11,5	88,5	26	36 262	39 921
<i>Administrativt personale</i>						
Seniorkonsulent	2014	0,0	100,0	9	–	39 449
	2013	0,0	100,0	10	–	37 988
	2014	0,0	100,0	3	–	26 342
Lærling	2013	0,0	100,0	3	–	25 783

Kjelde: Tabell 8.3 utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet på bakgrunn av tal frå Statens sentrale tjenestemannsregister per 1. oktober, SST 2013, og per 1. oktober 2014

Per 1. oktober 2014 var 57,8 pst. av mellomleiarane i Kunnskapsdepartementet kvinner. Kvinne-representasjonen i toppleiargruppa var på 33 pst. Gjennom fleire år har departementet lagt vekt på å rekruttere, kvalifisere og motivere kvinner til leiande stillingar.

Dei lokale partane drøftar detaljert lønnsstatistikk ein gong i året, mellom anna med tanke på å

avdekkje om kvinner og menn er lønte ulikt. Partane er samde om at ein ikkje finn systematisk ulikskap som kan vere knytt til kjønn når ein samanliknar menn og kvinner innanfor same stillingskode. At snittløna for kvinner er 93,5 pst. av snittløna for menn, skyldast at kvinner er i fleirtal i dei lågt lønna stillingskodane (seniorkonsulent, førstekonsulent, rådgivar).

Tabell 8.4 Del menn og kvinner i deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon og legemeldt sjukefråvær

		Deltid		Midlertidig tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt fråvær	
		Menn (%)	Kvinner (%)	Menn (%)	Kvinner (%)	Menn (%)	Kvinner (%)	Menn (%)	Kvinner (%)
Totalt i Kunnskapsdepartementet	2014	5,8	18,2	3,9	10,8	1,0	7,4	1,9	4,1
	2013	5,0	18,4	5,0	10,4	0,0	8,0	1,9	4,7

Kjelde: Tabell 8.1 og 8.4 er utarbeidde av Kommunal- og moderniseringsdepartementet på bakgrunn av tal frå Statens sentrale tjenestemannsregister per 1. oktober, SST 2013, og per 1. oktober 2014. Merk at legemeldt fråvær (heilt og delvis) er data per 31. desember 2013 og 31. desember 2014 henta frå SSB 2013_årsstat og 2014_årsstat

Statistikken for oktober 2014 syner at 18,2 pst. av kvinnene er lønte i deltidsstilling, medan det same gjeld for 5,8 pst. av dei mannlege tilsette. Tala for 2013 viser at høvesvis 18,4 pst. og fem pst. var lønte i deltidsstillingar. Det legemelde sjukefråværet var i 2014 på 4,1 pst. for kvinner og 1,9 pst. for menn. Kvinner har ein nedgang i legemeldt fråvær samanlikna med 2013, mens tala for menn er uendra.

Overtida i departementet har vorte redusert med 133 timar samanlikna med 2013 (1,4 pst.). I 2014 arbeidde ein kvinneleg tilsett i Kunnskapsdepartementet i snitt 28,1 timar overtid. Det tilsvarende timetalet for ein mann var 30,5 timar.

Personalpolitiske tiltak

Departementet er ein kunnskapsorganisasjon som har satsa på målretta utvikling og opplæring av sine leiarar og medarbeidarar over fleire år. I 2014 er det gjennomført 26 ulike fellestiltak for å utvikle medarbeidarar. Kunnskapsdepartementet tilbyr også fleire individuelle utviklingstilbod, til dømes ei mentorordning. I 2014 hadde departementet 23 mentorar, tolv kvinner og elleve menn. Vi har hatt to samlingar for mentorane.

Likestillingstiltak i Kunnskapsdepartementet: kjønn, etnisk bakgrunn og nedsett funksjonsevne

Rekruttering

Det er personalpolitiske mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing, rekruttere personar med innvandrarbakgrunn og å leggje til rette for personar med nedsett funksjonsevne. Kunnskapsdepartementet arbeider for å rekruttere tilsette med innvandrarbakgrunn, og for at talet på nytilsette med nedsett funksjonsevne skal auke. Det er sett i gang fleire administrative tiltak for å få til dette. Departementet si personal- og leiarhandbok gjer greie for regelverket for innkalling

av kandidatar med innvandrarbakgrunn til intervju og prioritering av kandidatar med nedsett funksjonsevne. Leiarhandboka har òg lenkje til Mangfoldsportalen og til inspirasjonsheftet *Overser du kompetanse?*, som er utvikla av det tidlegare Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, Helsedirektoratet og Likestillings- og diskrimineringsombodet. Kunnskapsdepartementet deltek aktivt på karrieredagar ved aktuelle utdanningsinstitusjonar, og prøver så langt det er mogleg å ha tilsette med ulik etnisk bakgrunn med på slike arrangement. Det er utvikla ei mentorordning blant anna med tanke på tilsette med annan etnisk bakgrunn enn norsk.

Departementet har få søkjarar som skriv at dei har nedsett funksjonsevne, og som søker ordinære stillingar. Departementet vil søkje å rekruttere fleire søkjarar med nedsett funksjonsevne, mellom anna gjennom fleire nye tiltak i ny lokal IA-avtale for departementet.

Lønns- og arbeidsvilkår, karriereutvikling

Kunnskapsdepartementet vil leggje til rette for gode arbeidsvilkår for ulike fasar i livet. Departementet drøftar mellom anna lønnspolitikken med vekt på likestilling med dei hovudtillitsvalde kvart år. Departementet har innført systematisk kartlegging av sluttårsaker, for mellom anna å avdekke forskjellsbehandling. Departementet har òg utarbeidd ein samla personalstatistikk for å sikre systematisk arbeid for å forbetre arbeidsvilkår, minske sjukefråvær, osv.

Kunnskapsdepartementet har eit breitt internt utviklings- og opplæringstilbod. Tiltaka medverkar til likestilling og like moglegheiter for alle tilsette. Departementet vil føre vidare ordningar med mellom anna intern coaching, mentorar, utvikling av leiarar og medarbeidarar, internasjonal stipendordning, hospiteringsordning osv., med vekt på at tilboda skal bli gitte til alle tilsette.

Tiltak mot trakassering

Departementet har utvikla rutinar for varsling i tråd med reglane i arbeidsmiljølova. I tillegg har

departementet regelmessige undersøkingar av arbeidsmiljøet, der tilsette kan gi varsel om mobbing anonymt.

9 Sektorovergripande klima- og miljøpolitikk

Regjeringas klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøhensyn til grunn for aktivitetane sine, og for å medverke til at dei nasjonale klima- og miljøpolitiske måla kan bli nådde. Vidare har sektorstyresmaktene ansvaret for å gjennomføre tiltak innanfor sine eigne område som trengst for å kunne nå måla i klima- og miljøpolitikken. For ein omtale av regjeringas samla klima- og miljørelevante saker, sjå fagproposisjonen til Klima- og miljødepartementet.

Det er ein klima- og miljødimensjon i alle sektorane til Kunnskapsdepartementet. Ny innsikt og erkjening og dyktige folk med gode dugleikar er utgangspunktet for korleis vi møter store samfunnsutfordringar som klima- og miljøutfordringane. Vi treng forskning for å utvikle god og fornuftig klima- og miljøpolitikk og dei gode klima- og miljøløysingane. Og vi treng utdanning som gir oss den kunnskapen, dei dugleikane og haldningane vi treng for å møte utfordringane.

Kunnskapsdepartementet arbeider for å ha ein god miljøprofil innanfor dei ulike sektorane departementet og underliggjande verksemdar er med på å forme. Målet for Kunnskapsdepartementets klima- og miljørelevante arbeid er at utdanning og forskning skal bidra til berekraftig utvikling og omstilling til lågutslippssamfunnet gjennom utvikling og formidling av kunnskap som bidrar til ny innsikt, gode løysingar og folk med gode dugleikar.

Formidling av kunnskap og gode holdningar til miljøet er ein integrert del av det pedagogiske opplegget i barnehagane og skolane. Ifølgje formålsparagrafen i barnehagelova skal barnehagen la barna få utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng og lære dei å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Natur, miljø og teknikk er eitt av sju fagområde i rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. For å støtte barnehagane i arbeidet er det utarbeidd eit temahefte om natur og miljø.

Utdanning for berekraftig utvikling er integrert i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane og lærlingane skal, i tråd med formålsparagrafen, lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst, i tråd med prinsippa bak grønt skifte.

I samarbeid med Klima- og miljødepartementet har Kunnskapsdepartementet ført vidare arbeidet med Den naturlege skolesekken. Skolesekken medverkar til å styrkje kvaliteten i opplæringa og auke forståinga for nytten og bruken av naturfaga, samt fremmer undervisning for berekraftig utvikling. Skolen utarbeider undervisningsopplegg i samarbeid med eksterne aktørar, mellom anna lokale natur- og friluftsfagorganisasjonar. Den naturlege skolesekken gir skolane tilgang til faglege digitale ressursar som Kart i skolen, ein ressurs som legg til rette for utvida bruk av det lokale nærmiljøet til skolane i undervisninga. Samstundes skal Nettverk for miljølære gi skolane tilbod om faglege aktivitetar og felles arenaer for arbeidet med miljø og klima som òg byggjer opp under arbeidet med grønt skifte.

I den omstillinga som arbeidslivet i Noreg er inne i nå, er realfagleg kompetanse det som skapar innovasjon som bidrar til grønt skifte. Gjennom realfagsstrategien *Tett på realfag (2015–2019)* for barnehagen og grunnsopplæringa vil regjeringa forbetre motivasjon, læring og resultat i realfaga. Regjeringa foreslår å styrkje strategien i 2016 ved å løyve ytterlegare 20 mill. kroner. Ordninga med realfagskommunar blir ført vidare. I samband med revideringa av rammeplanen for innhald og oppgåver i barnehagen skal departementet styrkje det realfaglege innhaldet i rammeplanen.

FNs tiår for berekraftig utvikling (2005–14) vart avslutta i 2014. *Strategien for utdanning for bærekraftig utvikling (2010–2015)* er ei nasjonal oppfølging av utdanningstiåret og sentral i den miljøpolitiske satsinga innanfor grunnsopplæringa som blir avslutta i 2015. FNs tiår for utdanning for berekraftig utvikling blir følgt opp av UNESCO gjennom *Global Action Plan on Education for Sustainable Development (2015–2019)*. Noreg vil ta aktiv del i *UNESCO GAP*.

Norsk forskning og utdanning er i fronten internasjonalt innanfor fagområde som er knytte til klima og miljø. Noreg har òg eit velutvikla næringsliv på mange av dei områda der auka innsats i forskning og høgre utdanning har eit stort potensial for verdiskaping. Langtidsplanen for for-

sking og høgre utdanning er eit viktig verkemiddel for Kunnskapsdepartementet sitt arbeid med miljø- og klimautfordringa innanfor forskning og høgre utdanning framover. Langtidsplanen legg rammene for korleis regjeringa skal styrkje forskning og høgre utdanning for å møte utfordringane og gripe moglegheitene i tida framover, mellom anna dei utfordringane og moglegheitene som ligg i omstillinga til lågutslippsamfunnet. Klima, miljø og miljøvennleg energi er ei tydeleg prioritering i planen, og forskning og høgre utdanning innanfor andre hovudprioriteringar er òg i høgste grad relevant for omstilling til lågutslippsamfunnet.

Kunnskapsdepartementet støttar miljøforskning gjennom ulike satsingar og program som Forskningsrådet har på miljøområdet, og gjennom verkemiddel i Forskningsrådet som ikkje er særskilt målretta mot miljø. I tillegg finansierer òg universiteta og høgskolane mykje miljø- og klimarelevant forskning over grunnløyvinga si. Deltaing i EUs rammeprogram Horisont 2020 er òg eit viktig bidrag til klima- og miljørelevant forskning. Klima og berekraftig utvikling er eit gjennomgåande tema i Horisont 2020, og 60 pst. av totalbudsjettet til Horisont 2020 skal gå til forskingsprosjekt som bidrar til berekraftig utvikling.

I 2014 gjekk om lag 495 mill. kroner av Kunnskapsdepartementets midlar gjennom Forskningsrådet til forskning på miljøområdet. Dette er i overkant av 100 mill. kroner meir enn i 2013. Forsking på miljøområdet omfattar både klima-, miljø- og energiforskning. Talet omfattar forskning som er finansiert gjennom alle verkemidla til Forskningsrådet, også verkemiddel som ikkje er særskilt målretta mot miljø, som løyvingar til forskingsinfrastruktur, Open arena for framifrå forskning (FRI-PRO), Senter for framifrå forskning (SFF) og Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI). Ein monaleg del av departementet sine midlar til forskning på miljøområdet gjennom Forskningsrådet er knytt til polarforskning, klimaforskning og forskning på miljøvennleg energi.

I tillegg til finansiering av forskning gjennom Forskningsrådet og EU og over budsjetta til universiteta og høgskolane finansierer Kunnskapsdepartementet fleire mindre initiativ og aktivitetar:

Sidan 2010 har departementet gitt ein ekstraordinær stønad til det internasjonalt leiande klimaforskingssenteret Senter for klimadynamikk (SKD) ved Bjerknnessenteret. Bjerknnessenteret er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen, Uni Research AS, Havforskningsinstituttet og Nansen-senteret for miljø og fjernmåling. Løyvinga er tolv-årig og varer til 2021, på det vilkåret at senteret får

ei tilfredsstillande halvvegsevaluering. I dei tre første åra var løyvinga 20 mill. kroner årleg. Frå 2013 auka løyvinga til 25 mill. kroner.

Noreg var initiativtakar til *Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System (SIOS)*. SIOS er eit internasjonalt prosjekt for å styrkje samarbeidet om forskingsinfrastruktur på Svalbard. Fleire norske og ni utanlandske forskingsinstitusjonar vil delta i samarbeidet. Målet er betre utnytting av forskingsinfrastruktur for klima- og miljøforskning knytt til is, vatn, luft og jord. Prosjektet vil bidra til å kople saman klima- og miljøkunnskapen frå disse områda og til å utvikle vidare kunnskapen om klima- og miljøutfordringane. SIOS fekk midlar frå EUs sjuande rammeprogram til den førebunde fasen. I 2014 vart forprosjektet avslutta, og Forskningsrådet finansierer frå 2015 interimfasen med 35 mill. kroner per år i inntil tre år.

Meteorologisk institutt har i tillegg til ei rekkje andre funksjonar ei viktig rolle i kartlegging av klimaendringar. Instituttet skal følgje den globale og den nasjonale klimautviklinga, og skal gi tilfredsstillande klimainformasjon for samfunnsplanlegging og for utforming av Noregs klimapolitikk. Instituttet skal arbeide for at styresmakter, næringsliv, institusjonar og folk flest best mogleg skal få høve til å sikre liv og verdier gjennom planmessig klimatilpassing. Dette arbeidet er nå styrkt ved auka satsing på Norsk klimaservicesenter, som Meteorologisk institutt leier. Senteret er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt, Noregs vassdrags- og energidirektorat og Uni Research, og der Miljødirektoratet er representert i styringsgruppa.

Eit anna viktig tiltak som Kunnskapsdepartementet finansierer, er den norske medlemskapen i Global Biodiversity Information Facility (GBIF). GBIF er eit internasjonalt initiativ for å sikre elektronisk tilgang til data om biologisk mangfald for forskarar og andre interesserte over heile verda. Den norske GBIF-noden er lagd til Naturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo. GBIF-Noreg samarbeider tett med Artsdatabanken om å leggje til rette artsdata frå universitetsmusea, forskingsinstitutt, forvaltningsorgan og frivillige organisasjonar for bruk i miljøforvaltning, undervisning og forskning.

Artsdatabanken gir ei nasjonal elektronisk oversikt over eigenskapar til, og omfang av, biologisk mangfald i Noreg. Artsdatabanken samlar data frå ei rekkje institusjonar som universitetsmusea, miljøforskningsinstitutta, forvaltningsorgan og frivillige organisasjonar. I dei seinare åra har dei òg fått tilgang til data som er samla inn i samband med konsekvensutgreiingar, frå konsu-

lentselskap og andre kommersielle verksemdar. Viktige produkt og tenester frå Artsdatabanken er Raudlistene for artar og naturtyper, Svartliste for framande artar og ulike tenester som kopler naturkunnskap med elektroniske kart. Tenestene til Artsdatabanken er særleg viktige for miljøforvaltning, undervisning og forskning, men dei har òg vorte svært populære blant allmenta, som opptrer som både brukar og bidragsytar.

Universitetsmusea forvaltar store vitskaplege natur- og kulturhistoriske samlingar. Desse

musea har ei viktig miljøpolitisk rolle gjennom forskning og formidling knytt til samlingane, særskilt når det gjeld tidsseriar og materiale som er innsamla over mange tiår. Gjennom den nordiske forskarskolen i biosystematikk har universitetsmusea fått ei større rolle i undervisning og kompetanseheving innanfor klassisk biologi. Natur- og miljøforvaltninga i Noreg er mellom anna avhengig av denne kompetansen for å kunne følgje opp naturmangfoldloven.

10 Samfunnstryggleik og beredskap

Kunnskapsdepartementet sitt hovudmål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren er å førebyggje uønskte hendingar og minske konsekvensane dersom slike hendingar skulle oppstå.

Barnehagetilsette, lærarar, vitenskapleg personale og andre i sektoren utgjør om lag 300 000 tilsette. Totalt omfattar kunnskapssektoren om lag 1,5 mill. barn og vaksne. Obligatorisk tiårig grunnskole og høg dekningsgrad i barnehage og vidaregåande opplæring gjer at ein svært stor del av årskulla frå eitt til 19 år har tilhald i barnehage eller skole mange timar dagleg. Både barnehagar, grunnskolar, vidaregåande skolar og lærebedrifter har eit ansvar for at barna og ungdommane er trygge der dei er. Dette handlar både om personleg tryggleik med tanke på liv og helse, og om tryggleik for at til dømes personopplysningar ikkje kjem i feil hender. Dette inneber ei utfordring med tanke på beredskap både for den ein-skilde barnehage- og skoleeigaren, og for den ein-skilde barnehagen og skolen. Tilsvarande er det ofte store samlingar av studentar og tilsette ved universitet, høgskolar og fagskolar. Universitet og høgskolar forvaltar store verdiar, som historiske bygningar, vitenskapleg utstyr, forskingsdata og samlingar, særleg ved universitetsmusea i Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø og Stavanger.

Meteorologisk institutt forvaltar kritisk infrastruktur, og meteorologiske tenester frå Meteorologisk institutt utgjør ein kritisk allmenn innsatsfaktor ved at dei leverer naudsynt meteorologisk informasjon til befolkninga og andre verksemder med kritisk samfunnsfunksjon.

Dei store menneskesamlingane på avgrensa område gjer at kunnskapssektoren har utfordringar med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap innanfor ulike scenario, som smittefare, ulykker, vald og terror. For å styrkje kunnskapen om førebuing og beredskap knytt til handtering av til sikta valdelege hendingar utarbeidde Utdanningsdirektoratet og Politidirektoratet i 2013 rettleiinga *Alvorlige hendelser i barnehager og utdanningsinstitusjoner*. Politiet har i 2015 ført vidare arbeidet med å følgje opp rettleiinga i form av eit opplæringsprogram som blir gjennomført av lokalt politi

og rettar seg mot eigarar av barnehagar og utdanningsinstitusjonar. På nettsida til Utdanningsdirektoratet ligg òg anna støttemateriell, mellom anna eksempel på beredskapsplanar.

Våren 2015 sendte Helse- og omsorgsdepartementet i samarbeid med Kunnskapsdepartementet ut rundskrivet I-6/2015 til alle barnehage- og skoleeigarar om beredskap i barnehagar og skolar. Rundskrivet er ei presisering av at forskrifta om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar omfattar ei plikt for eigaren ved leiaren av verksemda til å vurdere risikoen for alvorlege til sikta hendingar og risikoreduserande tiltak.

Verksemdene i kunnskapssektoren har ulike eigeformer. Det finst mellom anna kommunale og private barnehagar, kommunale og private skolar, fylkeskommunale og private fagskolar, statlege og private universitet og høgskolar. I tillegg kjem folkehøgskolar, som i stor grad er eigde av stiftingar. Kunnskapsdepartementet styrer barnehageområdet, grunnopplæringsområdet og høgre utdanning med både juridiske og økonomiske styringsmiddel, og styringslinjene varierer. Arbeidet i Kunnskapsdepartementet med samfunnstryggleik og beredskap må sjåast i samheng med styringsskilnadene mellom områda, og med dei utfordringane som finst innanfor kvart område. Kunnskapsdepartementet har det overordna sektoransvaret for samfunnstryggleik og beredskap. I 2015 har departementet arbeidd med å definere korleis beredskapen ved verksemder med ulike eigeformer skal følgjast opp. Til dømes har Kunnskapsdepartementet eit særskilt ansvar for samfunnstryggleik og beredskap ved dei statlege høgre utdanningsinstitusjonane, medan kommunane har det operative ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap i skolar og barnehagar. Arbeidet med å definere korleis sektoransvaret skal operasjonaliserast overfor verksemder med ulike eigeformer, skal følgjast opp ytterlegare. Kunnskapsdepartementet vil også halde fram med å leggje stor vekt på arbeidet med informasjonstryggleik og på å ha god oversikt over risiko og sårbarheit i sektoren.

For å oppfylle hovudmålet for samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren

om å førebyggje uønskte hendingar og minske konsekvensane dersom dei skulle oppstå, er det viktig at verksemder på alle nivå i kunnskapssektoren

- utarbeider heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysar, og delanalysar av særskilde utfordringar i den einskilde verksemda
- utarbeider krise- og beredskapsplanar som sikrar ei god krisehandtering, og som styrkjer krisehandteringsevna i organisasjonen
- gjennomfører øvingar for å teste sin eigen beredskap, og for å gjere tilsette i stand til å takle dei utfordringane som kan komme ved kriser

11 Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft

Kunnskapsdepartementet planlegg å gjennomføre fleire tiltak som vil forenkle, modernisere og betre gjennomføringskrafta i kunnskapssektoren. Her vil vi presentere dei mest sentrale tiltaka som er planlagde eller starta opp allereie. I tillegg pågår det mykje løpande arbeid og småskatiltak i departementet og i sektoren som del av den ordinære verksemdsutviklinga.

Tidstjuvar er unødvendig administrasjon. Det er tungvinte rutinar for arbeid, reglar og rapporteringar som stel tid frå dei brukarretta oppgåvene. Regjeringa har derfor bedt alle statlege verksemdar om å melde inn tidstjuvar. Kunnskapsdepartementet har motteke informasjon som gjeld om lag 400 tidstjuvar frå underliggjande verksemdar, men over halvparten gjeld tidstjuvar der ansvaret ikkje ligg i kunnskapssektoren, som til dømes innkjøpsregelverket. Difi har utarbeidd ein database som viser alle innrapporterte tidstjuvar. Kunnskapsdepartementet arbeider vidare med tidstjuvane i vår sektor, slik at omfanget av unødvendig byråkrati blir redusert.

Kunnskapsdepartementet gjennomgår organiseringa av kunnskapssektoren, og har sett ned ei ekspertgruppe som overordna vurderer organiseringa av sektoren. Ekspertgruppa skal ferdigstille arbeidet sitt i desember 2015, og deretter vil departementet vurdere vidare prosess. Målet med gjennomgangen er mellom anna å vurdere om arbeidsdelinga mellom departementet, underliggjande verksemdar og andre einingar legg til rette for effektiv oppgåveløysing av høg kvalitet.

Våren 2015 sendte Kunnskapsdepartementet på høyring forslag til endringar i finansieringsordninga for ikkje-kommunale barnehagar. Målet med endringane er å forenkle finansieringsordninga og gjere ho meir treffsikker. Departementet tek i løpet av hausten sikte på å fastsetje ei ny forskrift som skal tre i kraft frå 1. januar 2016. I 2015 vart grunnlaget for berekninga av tilskott endra frå budsjettet til rekneskapen til kommunane. Endringane som vart gjennomførte i 2015, og endringane som vil bli gjennomførte i 2016, vil samla sett gjere ordninga meir pårekneleg for dei ikkje-

kommunale barnehagane og forenkle kommunane sitt arbeid med å utmåle tilskott.

Kunnskapsdepartementet har ført vidare utviklingsarbeidet med tildelingsbrev for underliggjande verksemdar på barnehage- og grunnopplæringsområda. Departementet har mellom anna etablert styringsparametrar for Utdanningsdirektoratet. Målet for tildelingsbrev for 2016 er å etablere styringsparametrar for alle verksemdsmåla for Utdanningsdirektoratet og å etablere styringsparametrar for Senter for IKT i utdanninga.

Kunnskapsdepartementet og kommunesektorens interesse- og arbeidsgivarorganisasjon KS arbeidde gjennom heile 2014 med eit felles prosjekt der hovudmålet var å komme fram til tiltak som kunne redusere omfanget av dokumentasjon og rapportering på alle nivå i skolen. Sluttrapporten frå prosjektet, utført av ideas2evidence, vart presentert i desember 2014, og inneheldt ei rekke konkrete tilrådingar om korleis målsetjinga kunne bli innfridd. Departementet har gjennom 2015 arbeidd aktivt med å følgje opp tilrådingane, og fleire statlege dokumentasjons- og rapporteringskrav er i ferd med å bli fjerna eller reduserte i omfang. Det er i tillegg gjennomført ei netthøyring som syner stor tilslutning til dei fleste tilrådingane frå prosjektet.

Sluttrapporten frå prosjektet tilrår å fjerne kravet om å språkkartlegge nykomne innvandrarak som ikkje har lært norsk. Det følgjer regjeringa opp. Rapporten foreslår å forenkle rapporteringa til Grunnskolen Informasjonssystem (GSI). Departementet er i gang med dette arbeidet, og ei forenkla utgåve vil bli nytta i rapporteringa hausten 2015.

I tillegg tilrår sluttrapporten å gjere forenklinger i vurderingsregelverket og at lokale skoleeigarar og skoleleiarar reduserer kravet til skriftleg undervegsvurdering til eit minimum. Departementet har nå gjennomgått vurderingsforskrifta, og forslag til forenklingar er fastsett. Det er også ei tilråding i sluttrapporten om å endre kartleggingsprøvene i skolen frå å vere obligatoriske til å

bli frivillige. Den endringa er allereie gjennomført ved at dei obligatoriske kartleggingsprøvene i Vg1 blir erstatta med frivillige læringsstøttande prøver som lærarane fritt kan nytte.

På eit viktig punkt har departementet valt å ikkje følgje opp ei tilråding frå prosjektet. Det gjelder forslaget om å gjere det frivillig for skolane å gjennomføre Elevundersøkinga. Departementet er ikkje einig i denne tilrådinga fordi undersøkinga i dag er den beste vi har til å gi oss oppdatert kunnskap om til dømes læringsmiljøet til elevane og omfanget av krenkelsar og mobbing. Departementet er derimot ope for å vurdere forenklingar i undersøkinga, og dette er nå til vurdering.

Departementet har òg gjennomgått korleis det felles nasjonale tilsynet kan gjerast enklare, og følgjer opp dette hausten 2015.

Hausten 2015 sette Kunnskapsdepartementet i gang eit arbeid for å betre språket og forenkle strukturen i opplæringslova. Målet er å få ei klarare og meir presis lov og eit tydelegare og betre regelverk for sektoren og brukarane. Gjennomgangen av opplæringslova skjer i samarbeid med Difi, Språkrådet og Justis- og beredskapsdepartementet som ein del av prosjektet «Klart lovspråk» under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Departementet planlegg å sende forslag til ny språkleg utforming av lova ut til høyring våren 2016.

Kunnskapsdepartementet har i 2015 arbeidd saman med Vox for å forenkle og forbetre målstrukturen til verksemda, og hensikta har vore å skape handlingsrom og tydeleggjere ansvar. Departementet har òg hatt dialog med Vox om deira rapportering til departementet, og har redusert omfanget av saker med halvårleg rapportering.

Departementet sette i 2014 ned ei ekspertgruppe for å gå gjennom finansieringa av universitet og høgskolar og vurdere korleis finansieringa kan styrkje kvaliteten i forskning og høgre utdanning. Ekspertgruppa la vinteren 2015 fram rapporten *Finansiering for kvalitet, mangfold og samspill. Nytt finansieringssystem for universitet og høgskolar*. I kap. 12 er det nærmare omtale av forslaga regjeringa har til endringar i finansieringssystemet.

Regjeringa la i mars fram Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren*. Målet er ein struktur som gir robuste og kostnadseffektive fagmiljø, og som sikrar høg kvalitet i utdanning og forskning. Arbeidet med å følgje opp meldinga vil halde fram i 2016.

Det vart i 2014 sett i gang eit arbeid med revisjon av måla for departementet. Hensikta var tyde-

lege mål og prioriteringar for betre styring og gjennomføring. Kunnskapsdepartementet fastsette fire felles mål for høgre utdanning og forskning for 2015. Etter dialog med universitets- og høyskolesektoren har departementet revidert dei nasjonale styringsparametrane for universitet og høgskolar for 2016. Formålet er tydeleggjering og forenkling.

Kunnskapsdepartementet arbeider vedvarende med å effektivisere og forbetre arbeidsprosessane internt, og ser i den samanhengen mellom anna på korleis internadministrasjonen kan effektiviserast.

Kunnskapsdepartementet arbeider med å utvikle styringssystemet for Noregs forskingsråd. Bakgrunnen er at både evalueringa av Forskringsrådet (Technopolis 2012) og Riksrevisjonen i forvaltningsrevisjonen av Kunnskapsdepartementets koordinering av forskingspolitikken peikte på utfordringar knytte til det daverande mål- og resultatstyringssystemet for Forskringsrådet. Det nye systemet legg opp til ei systematisering og forenkling i styringa av Noregs forskingsråd. 2015 er oppstartsår for det nye styringssystemet der nokre element er tekne i bruk. Kunnskapsdepartementet fører vidare arbeidet med å utvikle styringssystemet for Forskringsrådet i samarbeid med dei andre departementa og Forskringsrådet.

NOKUT skal utvikle eit IKT-system som bidrar til forbetring og meir effektive arbeidsprossar, slik at ein på den måten skal redusere ressursinnsatsen og korte ned saksbehandlingstida. Det skal etablerast ei ekstern webløysing for digital kommunikasjon med dei ulike sluttbrukarane. Løysingane skal også gi betre informasjon til styring og leiing.

Det omfattande moderniseringsprogrammet i Lånekassen, LØFT, vart avslutta i 2014. Evalueringane tyder på god gjennomføring og gode resultat innanfor budsjettamma. Riksrevisjonen har gjennomført kontroll av styringa av prosjektet, og har verken avdekt svakheiter, feil eller manglar. Vurderinga til Riksrevisjonen er at det nye IKT-systemet vil bidra til å oppfylle dei krava som vart sette i St.meld. nr. 12 (2003–2004) *Om modernisering av Statens lånekasse for utdanning*. Både departementet og Lånekassen er opptekne av at effektane av programmet skal bli utvikla vidare i dei kommande åra, og det vil framleis vere ein sterk merksemd på omstilling og fornying av tenestene til Lånekassen.

Meteorologisk institutt er inne i ei krevjande omstilling. Det er nødvendig å gjennomføre strukturelle endringar mellom anna for å tilpasse verksemda til instituttet til krava til investeringar i observasjonssystemet og ny teknologi i åra som kjem.

Det forskningsadministrative systemet CRISStin (Current Research Information System in Norway) skal bli tettare integrert med andre IKT-system i kunnskapssektoren og offentleg forvaltning for øvrig. Auka gjenbruk av data vil innebere ei forenkling for brukarane, til dømes forskarar. Dette vil vere eit viktig verkemiddel for å nå målet

i regjeringa si politiske plattform om å forenkle byråkratiet rundt søknader om forskingsmidlar. Arbeidet med å utvikle CRISStin har starta, og nokre resultat vil ein sjå allereie i 2015. Arbeidet vil bli følgt opp i dialog med CRISStin og som ei oppfølging av årets dialogmøte.

12 Endringar i finansieringssystemet for universitet og høgskolar

Innleiing

Hovudtrekka i finansieringssystemet for universitet og høgskolar blir førte vidare med ein basisdel og ein resultatbasert del. Regjeringa foreslår endringar i insentiva i den resultatbaserte delen av systemet. Regjeringa foreslår at endringane blir innførte frå og med statsbudsjettet for 2017. Sjå programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

I dette kapitlet blir forslaga til endringar i finansieringssystemet og vurderingane som ligg bak, forklarte.

I dag er Kunsthøgskolen i Oslo, Kunst- og designhøgskolen i Bergen, Arkitektur- og designhøgskolen, Noregs musikkhøgskole og nokre private høgskolar unntekte frå delar av finansieringssystemet. Departementet vil drøfte med desse institusjonane kva for endringar som er formålstenlege for dei.

Utfordringar

Norske universitet og høgskolar utmerkar seg internasjonalt med både god offentleg finansiering og høg autonomi. NIFU-rapporten *A guide to understanding higher education R&D statistics in the Nordic countries* frå 2015 viser at norske institusjonar har vesentleg høgre offentleg finansiering over statsbudsjetta enn dei danske, svenske og finske. Tilsvarande viser European University Association (EUA) i rapporten *Define Thematic Report: Performance-Based Funding of Universities in Europe* frå 2015 at Noreg har høg offentleg finansiering samanlikna med andre europeiske land. Lågare offentleg finansiering av høgre utdanningsinstitusjonar i andre land kjem mellom anna av høge inntekter frå skolepengar og anna privat finansiering. I tillegg kan institusjonane i mange europeiske land ta opp lån. I Noreg kan statlege universitet og høgskolar ikkje ta opp lån og høgre utdanning er gratis. God offentleg finansiering er ei styrkje for norske institusjonar. Sam-

stundes er det ei utfordring at dei eksterne inntektene er låge, og at dei ikkje aukar. I rapporten *University Autonomy in Europe II: The Scorecard* frå 2011 samanliknar EUA autonomien til institusjonane i europeiske land. Samanlikninga viser at Noreg ligg høgt på dei fleste indikatorane. Høg autonomi er meint å leggje til rette for kvalitetsutvikling på den einskilde institusjonen.

Noreg har likevel ikkje så høg kvalitet i forskning og høgre utdanning som vi skulle forvente. Fleire evalueringar har vist dette, mellom andre Benner og Öquist i rapporten *Room for increased ambitions: Governing breakthrough research in Norway 1990–2013* frå 2014. Gjennomføringa i høgre utdanning er framleis for låg. Dette er eit stort problem for samfunnet og for den einskilde studenten. For lite gjennomslag på internasjonale konkurransearenaer er eit anna døme på potensialet for auka kvalitet. Sjå programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning for nærmare vurdering av tilstanden i sektoren.

Norske institusjonar vil møte større internasjonal konkurranse framover. Fleire vestlege land har sette i verk tiltak for å auke kvaliteten ved utdanningsinstitusjonane, med både økonomiske og strukturelle tiltak for sterkare konsentrasjon. I *Special report: Universities* frå mars 2015 gir The Economist ei oversikt over slike tiltak. EUA viser i rapporten *Define Thematic Report: Funding for Excellence* frå 2014 at ei rekkje land har finansiering særskilt retta mot framifrå miljø.

Sidan dagens finansieringssystem vart innført i 2002 har sektoren endra seg. Det skjer store strukturendringar, og institusjonane har utvikla og skal vidareutvikle ulike profilar. Særleg dei yngre universiteta og nokre høgskolar, opplever at dagens finansieringssystem og andre styringsverkemiddel i for liten grad støttar opp om deira faglege og strategiske fortrinn, og at konkurransevilkåra er urettvise.

Finansieringssystemet må svare godt på desse utfordringane.

Regjeringas mål med endringane

Regjeringa satsar målretta på forskning og utdanning for å utvikle kunnskapssamfunnet vidare. Regjeringspartia og samarbeidspartia KrF og Venstre har i inneverande stortingsperiode sørgt for høg vekst i finansieringa av universitet og høøgskolar. Regjeringa ønskjer å halde fram med denne satsinga.

Finansieringssystemet er eitt av fleire verkemiddel for styring og utvikling av sektoren. Regjeringa er oppteken av at finansieringssystemet er retta inn slik at det verkar saman med dei andre verkemidla og på ein best mogleg måte stimulerer institusjonane til å nå måla for sektoren.

Det er behov for eit stabilt system. Samtidig, som vist over, møter sektoren utfordringar i dag som ikkje var like framtreddande da dagens system vart innført i 2002.

Kunnskapsdepartementet nemnde derfor i april 2014 opp ei ekspertgruppe for å gå gjennom finansieringa av universitet og høøgskolar og foreslå forbetringar. Ekspertgruppa leverte rapporten *Finansiering for kvalitet, mangfold og samspill – Nytt finansieringssystem for universiteter og høøgskolar* i 2015. Ekspertgruppa foreslo å føre vidare hovudtrekka i finansieringssystemet, men med fleire endringar i den resultatbaserte delen av systemet.

I strukturmeldinga, Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet*, foreslo regjeringa at hovudtrekka i finansieringssystemet skal bli førte vidare med ein høvesvis stor basis og ein resultatbasert del. I Innst. 348 S (2014–2015) understreka komiteen at stabil og pårekeleg finansiering er ein stor styrke for norsk forskning og høgre utdanning, og avgjerande for gode resultat ved institusjonane. Komiteen meinte det særleg vil vere viktig å leggje til rette for ei finansiering som fremmer kvalitet i heile breidda av sektoren, samstundes som ein utviklar einskilde miljø i verdstoppen. Regjeringa

meiner at endringane i finansieringssystemet vil medverke til ei slik utvikling.

Hovudutfordringa er å balansere målet om at meir norsk utdanning og forskning skal halde internasjonal toppkvalitet, med omsynet til at det skal vere mogleg for alle institusjonane å realisere faglege og strategiske fortrinn. Endra finansieringssystem skal i større grad:


- fremme høg kvalitet i utdanning og forskning i heile landet
- fremme tydelege faglege og strategiske prioriteringar som gir mangfald i sektoren
- utvikle framifrå fagmiljø som kan konkurrere i verdstoppen
- fremme samarbeid mellom institusjonane og samfunns- og arbeidsliv
- spegle breidda i samfunnsoppdraget til universitet og høøgskolar
- gi effektiv ressursutnytting
- gi tillit og bli oppfatta som rettvis

Dagens finansieringssystem

Dagens finansieringssystem for universitet og høøgskolar vart innført i 2002 som eitt av fleire verkemiddel for å støtte opp under hovudmåla i kvalitetsreforma.

Tidlegare var løyvinga over statsbudsjettet i stor grad bygd på innsatsfaktorar som til dømes tal på studentar, og ikkje knytt til oppnådde resultat eller måloppnåing.

Frå 2002 vart det etablert eit delvis resultatbasert finansieringssystem der delar av midlane blir fordelte på grunnlag av oppnådde resultat. Dette gir universitet og høøgskolar økonomiske insentiv til å oppnå gode resultat på utvalde indikatorar som inngår i den resultatbaserte delen av finansieringssystemet. Insentiva er forklarte nedanfor. Figur 12.1 gir ei oversikt over dagens finansieringssystem. Prosenttala er for sektoren som heile.



Figur 12.1 Dagens finansieringssystem

Institusjonane har i tillegg til den årlege rammeløyvinga ekstern finansiering, til dømes frå Noregs forskingsråd, EU, næringslivet og kommunesektoren. Desse inntektene er ikkje del av det som blir omtalt som finansieringssystemet. Rammeløyvinga og ekstern finansiering utgjer dei samla inntektene til institusjonane.

Rammeløyvinga skal finansiere all verksemda til institusjonane som ikkje er eksternt finansierte. Styra ved universiteta og høgskolane skal gjere strategiske val og prioriteringar og er ansvarlege for å nå mål og oppnå resultat. Finansieringssystemet støttar opp under fridommen til institusjonane. Den einsskildede institusjonen må vurdere om og i kva grad dei nasjonale insentiva skal nyttast i interne budsjettfordelingar, og om dei internt har behov for andre insentiv for å underbygge eigne strategiar.

Basismidlar

Frå 2002 bestod løyvinga av ein basisdel og ein resultatbasert del. Det samla budsjettet (basis og resultatbasert) for kvar institusjon vart ikkje endra som følge av inndelinga. Institusjonane fekk like mykje løyving i 2002 som tidlegare, men berekna på ein annan måte.

Løyvinga før 2002 reflekterte prioriteringar i regjering og Storting over tid. Derfor reflekterer

og basismidlane i dag prioriteringar i regjering og Storting frå etablering av institusjonane frå 1811 og fram til 2016. Basismidlane speglar faktorar som mellom anna geografisk lokalisering, fag- og studieportefølje, storleik, bygg og infrastruktur og særskilde og nasjonale satsingar og oppgaver.

Resultatbaserte midlar

Dei resultatbaserte midlane blir i dagens system berekna ut frå seks indikatorar – to indikatorar for utdanning og fire for forskning. Desse blir ofte omtalte som utdannings- og forskningsinsentiva.

Utdanningsinsentiva

På utdanningsområdet er det to indikatorar som skal gi insentiv til å betre kvaliteten i utdanningane:

- studiepoeng (tal på avlagde poeng)
- utvekslingsstudentar (tal på inn- og utreisande studentar)

Begge desse insentiva har open budsjettamme. Det inneber at jo betre institusjonane gjer det på desse to indikatorane, jo meir får dei i løyving, uavhengig av dei samla resultatane i sektoren.

Utteljinga blir fastsett ut frå satsar. For studiepoeng er det seks ulike kategoriar (A–F) med

kvar sin sats, avhengig av type studium. Institusjonane får 40 pst. av satsen som utteljing for produserte studiepoeng. Resterande 60 pst. av satsen ligg i basis. Med andre ord: For studieplassar får institusjonane 60 pst. av midlane uavhengig av resultat, men for at institusjonane òg skal få dei resterande 40 pst., må studentane reelt produsere studiepoeng. Jo fleire poeng studentane produserer, jo større blir løyvinga til institusjonane. Seks ulike kategoriar av satsar skal medverke til at insentivstyrken er om lag like sterk uavhengig av type studium. Storleiken på dei seks satsane tek omsyn til at ulike studium har ulik undervisnings- og forskingsintensitet. I 2002 vart det vedteke få og grovmaske kategoriar av omsyn til institusjonane sin faglege fridom og fridom til sjølve å disponere budsjettmidlar. Den faglege fridomen når det gjeld innhald og organsiering av studietilboda, gjer at utgiftene til dei einiskilde studia varierer mellom institusjonane.

For utvekslingsstudentar er det ein sats per utvekslingsstudent, uavhengig av type studium. Jo fleire utvekslingsstudentar, jo høgare løyving får institusjonane. Både norske studentar som studerer i utlandet, og utvekslingsstudentar frå utlandet, tel med. Utvekslingsopphaldet må vare i minimum tre månader for at det skal gi utteljing.

Forskinsinsentiva

På forskingsområdet er det insentiv som skal stimulere til auka forskingskvalitet og omfordele ressursar til institusjonar med forbetringar i resultat. Desse insentiva har ikkje open budsjettamme. Til desse insentiva er det sett av midlar (lukka budsjettamme), som blir fordelte mellom institusjonane med bakgrunn i resultatata på fire indikatorar:

- vitskapelege publikasjonar (publikasjonspoeng)
- tal på doktorgradskandidatar, inkludert kandidatar frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid, og samarbeid om doktorgradsutdanning
- inntekter frå Noregs forskingsråd (NFR) og regionale forskingsfond (RFF)
- inntekter frå EUs rammeprogram for forskning

Dette blir ofte kalla resultatbasert omfordeling (RBO). Fordi budsjettamma for RBO er lukka, får institusjonane utteljing ut frå eigne resultat, òg ut frå korleis dei andre institusjonane gjer det på desse fire indikatorane.

I 2002 vart det laga ei RBO-ramme for universiteta, ei RBO-ramme for dei vitskapelege høgskolane og ei RBO-ramme for høgskolane. RBO-rammene vart etablerte ved å nytte delar av løyvinga

til sektoren. Ved etableringa tok ein omsyn til skilnadene i oppgåvene til institusjonane. Universiteta og dei vitskapelege høgskolane hadde hovudansvaret for grunnforskning og doktorgradsutdanning, medan dei statlege høgskolane hadde eit særskilt ansvar for profesjons- og yrkesutdanningane og FoU i regionalt nærings- og samfunnsliv. Omfanget på forskning var òg ulik mellom institusjonane. RBO vart etablert ved å setje av ti pst. av rammeløyvinga til universiteta og dei vitskapelege høgskolane, og fem pst. av rammeløyvinga til dei statlege høgskolane. Institusjonane konkurrerte kun med kvarandre innanfor same institusjonskategori. Indikatorane var ulike for dei tre RBO-rammene.

I 2006 vart det laga ei samla RBO-ramme for alle institusjonane, og dei same indikatorane vart innført for alle institusjonane. Dei private institusjonane vart òg inkluderte i dette systemet. RBO-midlane til universiteta og dei vitskapelege høgskolane vart førte vidare i ny samla RBO. For dei statlege høgskolane vart kun 25 pst. av RBO-midlane ført vidare. Dei ulike bidraga inn i RBO førte til liten grad av omfordeling mellom institusjonane i 2006. Sidan 2006 har særleg dei yngre universiteta, det vil seie Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger og Universitetet i Nordland, og fleire høgskolar, auka sin del av RBO-midlane. Sjå figur 12.6.

Endringar i finansieringssystemet

I det følgjande blir det gitt ei oversikt over korleis finansieringssystemet vil sjå ut frå 2017. Vurderingane som ligg bak endringane, blir presenterte til slutt i kapitlet.

Basis blir ført vidare

Basis blir ført vidare, som varsla i Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet* og Innst. 348 S (2014–2015).

Studiepoeng og utveksling blir førte vidare som indikatorar

Tal på studiepoeng og tal på utvekslingsstudentar blir førte vidare som indikatorar. Dagens seks kategoriar (A–F) for utteljing i avlagde studiepoeng blir førte vidare.

Ny indikator for ferdigutdanna kandidatar

Talet på ferdig utdanna kandidatar blir ein ny indikator. Kandidatane blir fordelte på seks kategoriar (A–F), tilsvarande som for studiepoeng. For å

famne breidda i studietilboda blir det lagt til grunn tal på ferdige kandidatar med følgjande utdanning: bachelorgrad, mastergrad, høgskolekandidatar, praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) og ein-skilde vidareutdanningar i helsefag som fører til ein ny yrkeskvalifikasjon. Indikatoren får open budsjettamme.

Doktorgradskandidatar blir førte vidare og får open ramme

Talet på doktorgradskandidatar blir ført vidare som indikator. Indikatoren får open budsjettamme.

EU-indikatoren blir utvida

Inntekter frå EU blir førte vidare som indikator, men med ei utviding av kva som tel med i indikatoren. I dag er det berre midlar frå rammeprogramma for forskning og tilhøyrande randsone/partnerskapsaktivitetar som gir utteljing i finansieringssystemet. Alle midlar frå EU blir del av indikatoren. EU-indikatoren vil framleis ha lukka budsjettamme.

Publiseringsindikatoren blir ført vidare, berekningsmetoden blir justert

Korleis publiseringspoeng blir berekna, blir justert. Indikatoren blir justert i tråd med tilrådinga frå Det nasjonale publiseringsutvalet ved Universitets- og høgskolerådet. Indikatoren vil framleis ha lukka budsjettamme.


Forskningsrådsindikatoren blir ført vidare utan endringar

Inntekter frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond blir førte vidare som indikator, utan endringar. Indikatoren vil framleis ha lukka budsjettamme.

Ny indikator for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet

Det blir innført ein ny indikator for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA). Indikatoren får lukka budsjettamme.

Med desse endringane vil finansieringssystemet ha følgjande resultatindikatorar frå og med 2017:



Figur 12.2 Oversikt over resultatindikatorar i finansieringssystemet


Nærmare om endringane i finansieringssystemet

Samanhengen mellom basis og resultatbaserte midlar

For sektoren samla utgjer basismidlane om lag 70 pst. av den samla rammeløyvinga, medan resultatbaserte midlar utgjer om lag 30 pst. Denne fordelinga har vore relativt stabil over tid. Det viser at både basismidlar og resultatbaserte midlar har auka om lag like mykje. Resultatbaserte midlar

har gitt insentiv til positiv utvikling i sektoren. Regjering og Storting har gjennom politiske prioriteringar sørga for at utviklinga i basis har følgd etter.


Figur 12.3 viser utviklinga i samla inntekter til institusjonane. Det har vore ein auke i løyvingane til universitet og høgskolar dei siste åra. Frå 2005 til 2014 har det vore reell auke i statstilskottet på 40 pst. Veksten har vore særleg høg ved dei yngre universiteta, som omtalt i strukturmeldinga.



Figur 12.3 Inntekter til sektoren 2005–14, i 1 000 kroner

Ein stor del av veksten i statstilskottet er eit resultat av auka basis. Figur 12.4 viser reell endring i basismidlane til kvar institusjon frå 2003 til 2015. Strategiske forskingsmidlar låg utanfor basis frå 2002 til 2010, og er i figuren lagt til basis i 2003 for å få samanliknbare tal. I figuren er midlar til Arkeologisk museum ved Universitetet i Stavanger og nye midlar til husleige i perioden ikkje med. Nye husleigemidlar er ikkje inkluderte for å få mest mogleg samanliknbare tal mellom institusjonar


som leiger bygg av Statsbygg og institusjonar som forvaltar egne bygg. Figuren viser at sektoren har fått betydeleg vekst i basismidlar over tid. Dette er midlar som er tildelte som følgje av politiske prioriteringar og satsingar og ikkje som følgje av auke i resultat. Auken i basis kjem i hovudsak av midlar til nye studieplassar og rekrutteringsstillingar. Dei store høgskolane og dei yngre universiteta har hatt den største veksten.



Figur 12.4 Realvekst i basismidlar for universitet og høgskolar 2003–15

Alle institusjonane har òg hatt ein høg vekst i resultatbaserte midlar. Figur 12.5 viser reell auke som følgje av vekst i avlagde studiepoeng og


utvekslingsstudentar for einsskille institusjonar. Dei største høgskolane og dei yngre universiteta har hatt svært høg resultatutteljing.



Figur 12.5 Realvekst i resultatbaserte midlar basert på avlagde studiepoeng og utvekslingsstudentar for universitet og høgskolar 2003–15

Figur 12.6 viser prosentvis vekst for den enkelte institusjonen i delen uttelling i RBO. Det er åra 2007 og 2015 som er samanlikna fordi dei same RBO-indikatorane gjaldt for alle først frå 2006. Tala viser at det særleg er dei yngre universiteta og nokre av høgskolane som har auka sin del av RBO-midlane. RBO-ramma er ei lukka budsjettamme. Tala viser derfor kva for institusjonar

som relativt sett har gjort det betre på indikatorene. Til dømes har Høgskolen i Ålesund betydeleg fleire publiseringspoeng og høgre inntekter frå EU og Noregs forskingsråd i 2015 samanlikna med 2007. Sjølv om veksten i RBO-delen er stor for enkelte institusjonar, er det små midlar som er omfordelte.



Figur 12.6 Prosentvis vekst i del uttelling i RBO, 2015 samanlikna med 2007

Sidan innføringa av nytt finansieringssystem i 2002 har resultatata på fleire område vorte betre.

For nærmare tilstandsvurdering av universitets- og høgskolesektoren, sjå omtale under program-

kategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Ekspertutvalet som vurderte finansieringssystemet viste til evalueringar som peiker på at finansieringssystemet har medverka til betre resultat i sektoren. Regjeringa ønskjer at den resultatbaserte delen skal auke på lengre sikt. Utviklinga i storleiken på basis og resultatbaserte midlar må bli følgt nøye.

Basis


I Innst. 348 S (2014–2015) seier kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen at det vil vere ein styrke for sektoren med meir openheit og transparens om rammeløyvingane til sektoren. Komiteen ber regjeringa komme tilbake til dette i samband med endringane i finansieringssystemet. Komiteen viser vidare til at universitet og høgskolar har hatt ulike føresetnader når det gjeld til dømes forskningstid og rekrutteringsstillingar. Dette blir reflektert i ulik basis for dei gamle universita og dei yngre universiteta og høgskolane. Komiteen ber regjeringa om å ta opp denne problemstillinga og komme tilbake til Stortinget på eigna vis.

Dei ulike elementa i basis

I 2015 var samla basis om lag 21,7 mrd. kroner. Storleiken på basis reflekterer prioriteringar i regjering og Storting over tid.

Basis speglar, på same måte som løyvinga frå før 2002, faktorar som varierer mellom institusjonane, som geografisk lokalisering, fag- og studieportefølje, tal på studieplassar, profil, storleik, rekrutteringsstillingar, forskingsintensitet og særskilde og nasjonale oppgåver. Basis inneheld òg midlar til infrastruktur, husleige, drift og vedlikehold av bygningsmasse og universitetsmusea.

Departementet har vurdert basis og kva for hovudfaktorar som ligg til grunn for midlane. Figur 12.7 viser basis fordelt på ulike faktorar for sektoren sett under eitt. Figuren viser ikkje variasjonar mellom dei ulike institusjonane. Departementet har ikkje budsjettal for kvar einaste kostnad eller aktivitet i basis. Tala i figuren inneheld derfor både budsjettal, rekneskapstal og estimat. Basis er ein del av rammeløyvinga og er ikkje berekna ut frå stykkprisar. Fordelinga av rammeløyvinga og basis inneber såleis ikkje ei forventning om kor mykje institusjonane skal nytte av midlar til ulike formål. Rekneskapstal viser at kostnadene per student eller tilsett varierer mellom institusjonane på grunn av fleire omsyn, som distriktkostnader, kvalitetstiltak, husleige med meir. Figur 12.7 er derfor ingen fasit, men den gir eit overblikk over faktorar som blir finansierte av basismidlane.



Figur 12.7 Basismidlar


Ulik fag- og studieportefølje, ulike system for byggforvaltning, effektivitet i ressursutnytting og ulike forventningar til institusjonane, kan forklare skilnaden i basis mellom institusjonane.

Ulik fag- og studieportefølje

Om departementet tildeler, flyttar eller trekkjer tilbake midlar til studieplassar, blir basismidlane til

institusjonane justerte. Alle institusjonar mottok same løyving for same type studium. Midlar til studieplassar utgjer om lag 43 pst. av basismidlane i figur 12.7. Dette er eit estimat, basert på gjennomsnittlege kostnader, det vil seie tal på studieplassar i basis gitt kostnadskategori D. Samansetninga av fag- og studieporteføljen er ulik for institusjonane. Det er betydelege skilnader i kostnadene for utdanning og forskning i til dømes medisin og odontologi samanlikna med samfunnsvitenskap og humaniora. Desse skilnadene kjem ikkje fram av figur 12.7 i delen som viser studie-plasskostnader.


Figur 12.8 viser fordeling av ulike typer utdanning ved universiteta i 2014. Ulik del av studentane i dei seks kategoriane A–F forklarar ulik basis per student. Dei gamle universiteta skil seg ut ved at dei tilbyr dei mest kostnadskrevjande utdanningane, som medisin og odontologi (kategori A). Dei kliniske utdanningane har òg forskning som krev svært kostbart utstyr, laboratorium, klinikkar og anna infrastruktur. Desse kostnadene ligg i delen på 21 pst. i figur 12.7 som viser særskilde kostnader knytt til utdanning og forskning.



Figur 12.8 Tal 60-studiepoengseiningar (SPE) fordelt på finansieringskategoriar A-F

Rekrutteringsstillingar utgjer om lag 18 pst. av basis i figur 12.7. For å berekne denne delen er det brukt 2015-satsen for alle stillingane. Talet på stillingane varierer mykje mellom institusjonane, med flest stillingane ved dei største universiteta. I perioden 2005-15 har det vore ein vekst i talet på rekrutteringsstillingar finansiert over Kunnskapsdepartementets budsjett på om lag 1 200. Sjå figur 12.9 som viser vekst i nye rekrutteringsstillingar

for perioden 2005-15 for nokre av institusjonane. Figuren viser vekst i tal på stillingane og vekst i prosent for den enkelte institusjonen. For høgskolar viser figuren både veksten for alle statlege høgskolar samla (Stl.hs.) og veksten for enkelte høgskolar. I dei seinare åra, med oppbygging av fagmiljø ved dei yngre universiteta og høgskolane, har desse institusjonane relativt sett fått ein større del av midlane til nye rekrutteringsstillingar.



Figur 12.9 Vekst i nye rekrutteringsstillinger 2005–15, i prosent og tal på stillingar

Driftsbudsjettet for universitetsmusea utgjør om lag tre pst. av basis. Talet er basert på rekneskapa til institusjonane. Museumsverksemd er ei særskild oppgåve som nokre få institusjonar har. Det er museum ved Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet.

Byggforvaltning

Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet, Noregs handelshøgskole og Noregs idrettshøgskole er sjølvforvaltande medan dei andre institusjonane leiger bygg av Statsbygg. Alle institusjonane kan i tillegg leige i den private marknaden. Basis inneheld midlar til dei to ulike ordningane. Sjølvforvaltande institusjonar har høge kostnader til vedlikehald, oppgradering, drift og forvaltning. I dagens system blir dei sjølvforvaltande institusjonane ikkje kompenserte for utgifter til drift, forvaltning og vedlikehald for nybygg. Institusjonar som leiger areal, har kostnader til husleige, men òg til drift og noko forvaltning. I samband med innføringa av husleigemodellen i 1993, vart dei statlege utdanningsinstitusjonane kompenserte for husleigekostna-

dene. I dagens system får desse institusjonane som regel 75 pst. kompensasjon av auken i leigekostnader.

Samla husleigekostnader i sektoren, både til Statsbygg og til private utleigarar, utgjør om lag elleve pst. av basis. Sjå figur 12.7. Tala er henta frå databasen til DBH for 2013. Institusjonane som forvaltar eigen byggingsmasse, har fleire eldre bygg og bygg av kulturhistorisk og nasjonal verd som krev særskilde kostnader til vedlikehald. Kostnadene varierer frå år til år avhengig av periodisering av investeringane. Rekneskapstal for 2011 gir ein indikasjon på nivået for laupande vedlikehald og oppgradering (om lag 520 kr/kvm) og viser at kostnadene til dette utgjør om lag fire pst. av samla basis. I tillegg kjem kostnader til drift og forvaltning av bygga. Drift og forvaltning av eigde og leigde areal er kostnader som delvis ligg i delen på 43 pst. i figur 12.7 som viser studieplasskostnader og delvis i delen på 21 pst. som viser særskilde kostnader knytt til utdanning og forskning.

Effektivitet i ressursutnyttinga

I strukturmeldinga er forventningane at institusjonane skal utnytte ressursane effektivt og at resultatbasert finansiering skal medverke til slik effektiv bruk av ressursane.


I rapporten *Hva koster en student? En kostnadskartlegging av universiteter og høyskoler* frå 2014

viser NIFU og Deloitte at kostnader per aktivitet varierer mellom institusjonane. Talgrunnlaget som rapporten byggjer på gjer det ikkje mogleg å samanlikne effektivitet mellom institusjonar og mellom ulike typer utdanning. NIFU og Deloitte vurderer ikkje effektivitet i ressursutnytting med omsyn til kvalitet, og korleis produktivitet og kvalitet heng saman.

Ekspertgruppa som vurderte finansieringssystemet peiker på at det har vore ein auke i produksjonen av mellom anna studiepoeng og publikasjonar sidan innføringa av finansieringssystemet. Auka opptak av studentar dei siste ti åra har gitt nokre institusjonar høge inntekter frå studiepoengproduksjon. Auken i produserte studiepoeng er i hovudsak eit resultat av fleire studentar. Produserte studiepoeng per student er framleis for låg. Sjå programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning for nærmare omtale. Det er viktig med betre kvalitet i utdanningane for å få fleire til å gjennomføre. Innføring av ein kandidatindikator og open budsjettamme på doktorgradsindikatoren i den resultatbaserte delen av systemet skal medverke til det. Dette blir nærmare omtalt under.

Auken i studiepoeng har vore høgre enn det departementet forventar ut frå tildelte midlar til nye studieplassar. Figur 12.10 viser tal på studieplassar som vart finansierte i basis over statsbudsjettet i 2014 og tal på produserte 60-studiepoengseiningar ved institusjonane i 2014. Auken i studiepoeng varierer mellom institusjonane. Høgskolen i Lillehammer har til dømes hatt stor vekst samanlikna med kva dei har fått basismidlar for. Dei yngre universiteta har større auke i produksjonen enn dei gamle universiteta. Gjennomføringa ved desse institusjonane er relativt lik. Auken i studiepoeng kjem derfor av opptak av fleire studentar som ledd i ein vekststrategi eller utnytting av ledig kapasitet. Den ekstra auken har gitt større del resultatbaserte midlar og dermed medverka til lågare del basis av samla rammeløyving. Dette er val institusjonane sjølve har teke ved å utnytte fleksibiliteten i finansieringssystemet.

På bakgrunn av desse tala og utgreiingane er det ikkje grunnlag for å trekke konklusjonar om systematiske skilnader mellom institusjonane i grad av effektiv ressursbruk.



Figur 12.10 Tal på finansierte 60-studiepoengseiningar i basis og produserte 60-studiepoengseiningar i 2014

Ulike forventningar til institusjonane

Delen på 21 pst. i figur 12.7 som viser særskilde kostnader knytt til utdanning og forskning, viser òg at det er ulike forventningar til institusjonane med tilhørande ulik finansiering.

Dei gamle universiteta har tradisjonelt hatt større forskningstyngde og høgre finansiering til rekrutteringsstillingar og FoU-tid for tilsette enn dei yngre universiteta. Dette kjem i hovudsak av skilnader i utdannings- og forskingsprofil. Dei

yngre universiteta hevdar at vilkåra er ulike og har bedt om meir basismidlar for å få betre vilkår for forskning og utvikling. Departementet har gjennomført førebelse berekningar av kva kostnadene kunne vere om førsteamanuensar og professorar ved alle statlege institusjonar fekk same forskings-tid. Kostnadene for personalutgifter (FoU-tid) og areal er estimert til over 2 mrd. kroner. Dette er grove estimat basert på stramme føresetnader som må greiast ut vidare. Noko av dette vil òg vere eingongskostnader.

Regjeringa har ambisjon om fleire verdsleiarande fagmiljø. Dette inneber ulik finansiering av fagmiljø og institusjonar. Det er ikkje mogleg å satse like tungt innanfor alle fagområda. Men det er viktig å byggje vidare på fag kor det er potensial for å auke utdannings- og forskingskvaliteten.

Fagevalueringane frå Noregs forskingsråd viser at det er mange små og fragmenterte forskingsmiljø i Noreg. Som vist i innleiinga, konsentrerer fleire europeiske land ressursane til utdanning og forskning. Noreg må òg gjere tydelege prioriteringar dersom vi skal hevde oss internasjonalt. Konsentrasjon av ressursar er avgjerande for å heve kvaliteten, og for at fleire miljø skal kunne nå eit verdsleiarande nivå. Institusjonar med evne og vilje til å utnytte handlingsrommet som rammeløyvinga gir, må satse langsiktig og byggje toppmiljø for framtida.

Like insentiv for alle i finansieringssystemet er ikkje det same som like forventningar til institusjonane. Regjeringa ventar langt meir av dei eldste universiteta når det gjeld til dømes stipend frå European Research Council (ERC).

Insentiva verker òg ulikt avhengig av utgangsposisjonen. Institusjonane med det lågaste utgangspunktet, har mest å vinne. Systemet har derfor utjevande effekt på sikt. Resultatbaserte forskingsmidlar (RBO) har premierte dei som har forbetra resultatane mest. Slik skal finansieringssystemet framleis verke. Alle institusjonane skal ha insentiv til å forbetre kvaliteten i utdanning og forskning.

Vurdering av behov for endringar i basis

Figur 12.7 viser dei ulike delane i basis for sektoren samla sett. Ekspertgruppa som vurderte finansieringssystemet meiner ei dekomponering for den einskilde institusjonen er urealistisk å gjere på ein god nok måte. Dette er òg erfaringane frå andre land, til dømes i Danmark kor konsulentbyrået McKinsey i 2009 gjorde ei kostnadskartlegging. Kartlegginga førte ikkje til endringar i det danske systemet. I ei tidlegare evaluering i Noreg har Econ Pöyry tilrådd å ikkje dekomponere basis på institusjonsnivå. Dette vart begrunna med alle dei politiske prioriteringane som ligg til grunn for basis. Dekomponering ville òg gått ut over fleksibiliteten til å gjere endringar i dei årlege statsbudsjetta og redusere handlingsrommet institusjonane har til å gjere egne strategiske val.

Ekspertgruppa vurderte fleire alternativ for å byggje opp basis på nytt, frå full kostnadskartleg-

ging til oppbygging basert på objektive kriterium eller sjablongmessige satsar. Ekspertgruppa konkluderte med at når ein tek omsyn til den ulike oppgaveporteføljen, er det ikkje vesentlege forskjellar i nivå på basis mellom institusjonane. Ekspertgruppa tilrådde derfor å føre vidare dagens basis. Dei la òg vekt på omsynet til å bevare handlingsrommet til institusjonane.

Regjeringa er samd i desse vurderingane. Ei oppbygging av basis må leggje til grunn gjennomsnittlege kostnader. Desse kostnadene vil ikkje fange opp dei store variasjonane mellom institusjonane. Å bryte basis ned på aktivitetar og kostnadsberarar, og nytte desse i berekninga av basis til den einskilde institusjonen, vil innebære eit anna finansieringssystem.

Regjeringa meiner at eit slikt system vil gi redusert autonomi og handlingsrom for institusjonane. Basis vil ikkje lenger bli gitt som langsiktige og strategiske midlar utan detaljerte føringar. Å føre vidare dagens basis, gir få statlege føringar og stor fridom for institusjonane til sjølv å vurdere aktivitetar, organisering og satsingar for å nå gode resultat. Dette heng godt saman med departementet si overordna styring av sektoren.

Regjeringa er oppteken av å utvikle ein meir mangfaldig sektor, der institusjonane har tydelege profilar og god arbeidsdeling. Det framtidige landskapet i sektoren vil ha fleire typar av institusjonar, frå små institusjonar til store universitet. Institusjonane vil vektleggje oppgåvene ulikt og vil strekke seg etter ulike verksemdsmål. Finansieringa må vere tilpassa skilnadane i oppgaveporteføljen.

Resultatbaserte midlar

Endringane vil gi dei yngre universiteta og høgskolane gode moglegheiter til å auke inntektene. Det gjeld særleg innføring av ein BOA-indikator og utviding av EU-indikatoren.

Studiepoeng og kandidatar

Kandidatindikatoren skal gi insentiv til tettare oppfølging av studentane og auka gjennomføring. Finansieringssystemet skal medverke til at det ikkje berre blir lagt vekt på talet på studentar som blir tekne opp til høgre utdanning. Samla vil indikatorane for studiepoeng og kandidatar stimulere institusjonane til god dimensjonering av tal på studieplassar og høgre kvalitet, og slik medverke til at fleire gjennomfører og at dei gjer det innan rimeleg tid. Høyringa av rapporten frå ekspertgruppa viser at det er stor støtte til å innføre ein kandidatindikator.

Satsane for kandidatindikatoren blir lagde opp tilsvarende som for studieplassar med seks kategoriar, A–F. Med seks kategoriar av satsar for kandidatindikatoren vil indikatoren få ein kjend struktur.

Ekspertgruppa foreslo fire kategoriar for studiepoeng og to satsar for kandidatar. Departementet har vurdert modellar med færre kategoriar enn seks for studiepoeng. Desse analysane viste at færre kategoriar vil gi store omfordelingar av midlar mellom institusjonane. Endringane vil slå negativt ut for institusjonar med mange kostbare utdanningar, medan endringane vil slå positivt ut for institusjonar som har mange utdanningar i dei lågaste av dagens kategoriar. Modellar med ein til tre satsar for kandidatar, førte òg til store omfordelingar mellom institusjonane. Det er ikkje ønskeleg med betydelege omfordelingar mellom institusjonane som ikkje kjem som følgje av endringar i resultat. Å føre vidare eit system med seks kategoriar, vil sikre at utteljinga per studiepoeng og kandidat speglar ulik undervisnings- og forskingsintensitet mellom dei ulike studieprogramma.

Utvexlingsstudentar

Sidan nytt finansieringssystem vart innført i 2002, har insentivet for studentutvexling hatt begrensa effekt. Landa i Bolognasamarbeidet har sett mål om at minst 20 pst. av studentane skal ha eit utlandsopphald i løpet av utdanninga. Noreg ligg no under dette målet etter å ha ligge rett over i fleire år. Det er derfor behov for større merksemd omkring dette. Å føre vidare dette insentivet, vil gi eit tydeleg signal om behovet for auka internasjonisering.

Doktorgradskandidatar

Det har vore ein stor auke i talet på doktorgradskandidatar dei siste ti åra, men veksten har stoppa opp dei seinare åra. Det er eit forbettringspotensiale for auka gjennomstrøyming. Sjå programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning for nærmare omtale. Potensialet for forbetring talar for å føre vidare insentivet i finansieringssystemet og auke styrken. Indikatoren får open budsjettamme. Dagens lukka ramme inneber at med ein auke i talet på kandidatar, vil utteljinga per kandidat gå ned. Samtidig er utteljinga til den ein-skilde institusjonen avhengig av resultatata til dei andre institusjonane. Med open ramme og ein fast sats per kandidat vil ein sikre at insentivet har ein kjend styrke som ikkje står i fare for å bli redu-

sert. Vidare vil ei open budsjettamme sikre ei tettare kopling mellom eigne resultat og utteljing.

Publisering

Insentivet for vitenskapleg publisering blir ført vidare, medan berekninga av publiseringspoeng blir endra.

Veksten i publisering har flata ut i seinare år, frå ein vekst på ti pst. i året etter innføringa av indikatoren. Noreg har teke innpå Danmark og Sverige, men ligg framleis om lag 15 pst. bak målt i volum normert for folketal. Indikatoren bør derfor bli ført vidare for å stimulere til stadig positiv utvikling. Veksten i publisering har vore sterkast ved dei yngre universiteta og høgskolane. Det er grunn til å tru at stadig vekst vil komme særleg desse institusjonane til gode. Mange forskarar og forskingsmiljø, særleg ved dei gamle universiteta, har nådd eit volum i publiseringa som tilseier at dei bør prioritere kvalitet i kvar publikasjon framfor å auke talet på publikasjonar.

Endringane i korleis publiseringspoeng blir berekna er i tråd med tilrådingane frå Det nasjonale publiseringsutvalet ved Universitets- og høgskolerådet. Ei evaluering av indikatoren i 2014 peikte på at indikatoren ikkje er nøytral mellom fagområda. I dag gir publisering i humaniora og samfunnsfag fleire publiseringspoeng enn publisering i matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske fag og medisin. Med endringane vil berekningsmetoden sikre at alle fagområde vil telje like mykje. Den nye berekningsmetoden vil òg stimulere til auka samarbeid nasjonalt og internasjonalt. Endringa gjer det vanskelegare å rekne ut publiseringspoeng for kvar forskar. Truleg vil det motvirke uheldig bruk av indikatoren på individnivå.

Inntekter frå EU

I dag tel kun midlar frå rammeprogramma for forskning og midlar frå nokre utvalde randsone- og partnerskapsprogram med i EU-indikatoren. Ved å opne opp for at andre inntekter, mellom anna midlar til utdanningssamarbeid og interregionalt samarbeid, skal telje med, vil insentivet styrkje fleire sider ved internasjonaliseringa av universitet og høgskolar. Vidare vil insentivet treffe breiare ved at utteljing vil framstå som meir oppnåeleg for fleire institusjonar. Dei yngre universiteta og høgskolane mottek ein betydeleg del av EU-inntektene sine frå andre kjelder enn frå forskingsprogramma. Desse institusjonane vil derfor få betre utteljing når indikatoren blir utvida.

Ekspertgruppa som vurderte finansieringssystemet, foreslo open budsjetttramme for EU-indikatoren. Regjeringa legg til grunn at indikatoren framleis har lukka budsjetttramme. Regjeringa har som mål at norske institusjonar i større grad skal delta i europeisk utdannings- og forskingssamarbeid. Regjeringa har løyva betydelege midlar til Horisont 2020, og foreslår å auke løyvingane i 2016. Institusjonane vil kunne få midlar frå EU og ekstra uttelling i det norske finansieringssystemet. Norske institusjonar har derfor gode insentiv til å søke om EU-midlar slik finansieringssystemet er i dag. Regjeringa meiner at insentiva for EU-samarbeid er sterkt i dag og ønskjer derfor å føre vidare insentivstyrken på om lag same nivå. Regjeringa vil følgje utviklinga i insentivstyrken og vurdere behovet for auka midlar til EU-indikatoren frå budsjettår til budsjettår.

Ekspertgruppa foreslo at inntekter frå European Research Council (ERC) skal ha dobbel uttelling i EU-indikatoren. Regjeringa meiner at deltaking i ERC-program er så prestisjefyllt at det ikkje er nødvendig med eit sterkare insentiv i finansieringssystemet for dette. Dette er noko fleire av institusjonane peikte på i høyringa av rapporten frå ekspertgruppa.

Inntekter frå Noregs forskingsråd

Inntekter frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond vil bli førte vidare som indikator. Nasjonal konkurranse om midlar frå Noregs forskingsråd verkar stimulerande på forskingskvalitet og gir institusjonane betre kapasitet til å løyse store samfunnsutfordringar. Suksess i tildeling av midlar frå Noregs forskingsråd gir auka kvalitet og kan på den måten vere eit springbrett til suksess på internasjonale konkurransearenaer. Over tid har dei yngre universiteta og høgskolane auka sin del av inntektene frå Noregs forskingsråd. Dette vil truleg helde fram i takt med at dei bygg opp kapasitet og kvalitet i forskning.

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Regjeringa vil innføre ein ny indikator for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA). Dette vil gi intensiv til meir samspel med arbeids-, samfunns- og næringsliv. Universitet og høgskolar er blant dei viktigaste aktørane for kunnskapsformidling og -utvikling, og er avgjerande for at vi skal realisere kunnskapssamfunnet. Meir og betre samarbeid mellom institusjonane, næringsaktørar, arbeids- og samfunnsnivå vil gi større relevans i

utdanningane, auke verdiskapinga og gjere Noreg betre rusta til å møte store samfunnsutfordringar. Meir eksternt finansiert aktivitet vil medverke til eit større mangfald i finansieringskjeldene og vil gje universitet og høgskolar fleire bein å stå på. Evne til å konkurrere om ekstern finansiering er òg ein føresetnad for at eit leiande fagmiljø skal lukkast på lang sikt. Det er fleire døme på internasjonalt leiande universitet og høgskolar som har høg del ekstern finansiering som eit viktig strategisk mål. Samanlikna med andre land har norske institusjonar låg del ekstern finansiering.

BOA-inntekter gir ein indikasjon på i kva grad institusjonane er etterspurde FoU-aktørar og attraktive leverandørar av tenester som andre finn relevante og nyttige, til dømes oppdragsforskning og etter- og vidareutdanning. BOA-inntekter spenner svært breitt, og dekkjer både utdannings- og forskingssamarbeid, og samarbeid med offentleg og privat sektor. Midlar frå utanlandske kjelder utanom EU vil òg vere inkluderte i indikatoren, mellom anna EØS-midlar. Eit slik insentiv vil treffe breidda av institusjonane, særleg mange av dei yngre universiteta og høgskolane, som i dag har eit omfattande samarbeid med offentleg sektor og næringsliv.

Insentivstyrke

Finansieringssystemet vil framleis ha insentiv med både open og lukka budsjetttramme. Insentivstyrkene vil bli førte vidare på om lag same nivå som i dag. Regjeringa vil komme tilbake til insentivstyrke og uttelling for kvar indikator i statsbudsjettet for 2017.

Indikatorane med open ramme

For indikatorane med open budsjetttramme er det satsane for dei ulike indikatorane som avgjer insentivstyrken.

Studiepoeng og utvekslingsstudentar har i dag faste satsar. Departementet tek sikte på at insentivet for utvekslingsstudentar blir styrkt og at utveksling gjennom Erasmus+ får særleg høg vekt. Utveksling mellom europeiske land er eit særleg prioritert område. Regjeringa tek sikte på at insentivstyrken for kvar av indikatorane blir satt slik at den samla uttellinga for studiepoeng, kandidatar og utveksling i 2017 blir på same nivå som uttellinga ville ha vore dersom dagens system med berre studiepoeng og utveksling hadde blitt vidareført. Kor stor denne uttellinga blir, avheng av resultatane i sektoren i 2015 og vil bli berekna og lagt fram for Stortinget i statsbudsjettet for 2017.

Doktorgradsindikatoren får open budsjettramme frå 2017. Regjeringa tek sikte på at insentivstyrken for doktorgradskandidatar blir ført vidare på om lag same nivå som i 2016.

Indikatorane med lukka ramme

Regjeringa tek sikte på at publiseringsindikatoren, EU-indikatoren, forskingsrådsindikatoren og den nye BOA-indikatoren vil ha kvar si lukka budsjettramme. Dei fire rammene vil bli fordelte kvar for seg med bakgrunn i dei relative resultatane til institusjonane på desse indikatorane. Det vil vere storleiken på rammene og resultatane til institusjonane innanfor kvar indikator som vil avgjere insentivstyrken på den einskilde indikatoren. Ved å etablere ei økonomisk ramme for kvar indikator kan utviklinga framover lettare bli følgt.

I samband med dei årlege statsbudsjetta vil regjeringa vurdere om insentivstyrken er på riktig nivå. Regjeringa tek sikte på at insentivstyrken til publiseringsindikatoren, EU-indikatoren og forskingsrådsindikatoren vil bli ført vidare på om lag same nivå som i 2016.

Andre vurderingar

Forskningsformidling

I samband med handsaminga i Stortinget av strukturmeldinga, bad komiteen regjeringa vurdere om forskningsformidling kan gi uttelling, jf. Innst. 348 S (2014–2015).

Universitets- og høgskolerådet har to gonger tidlegare greidd ut ein samansett indikator for formidling. Etter høyring i sektoren har det tidlegare blitt beslutta å ikkje innføre ein slik indikator. Argumenta mot har mellom anna vore betydeleg meirarbeid knytt til dokumentasjon og rapportering, og fordi det er utfordrande å vekte ulike formidlingsuttrykk mot kvarandre i ein samansett indikator. Eit alternativ til ein samansett indikator kan vere å velje ut einskilde uttrykk som indikator på formidling, slik som til dømes produksjon av lærebøker og utstillingar. Desse to aktivitetane vil berre utgjere om lag tre pst. av den samla mengden av ulike typar formidlingar. Dei vil derfor ha begrensa verdi aleine som indikatorar på formidling. I rapporten *Noder i kunnskapsnettverket. Forskning, kunnskapsoverføring og eksternt samarbeid blant vitenskapelige*

ansatte i UH sektoren frå 2014, viser NIFU at professorar er dei mest aktive deltakarane i kunnskapsformidling av ulike slag. Samtidig er denne gruppa dei som publiserer mest i tradisjonelle vitenskaplege kanalar, noko finansieringssystemet allereie gir uttelling for. Finansieringssystemet har medverka til å stimulere til auka forskningspublisering. Det er derfor mogleg at indikatoren for vitenskapleg publisering indirekte har stimulert til formidling av forskning, fordi det har blitt meir forskning å formidle frå.

Departementet vil greie ut ein indikator for formidling, men avgrensa til formidling som er fagfellevurdert. Utgreiinga må ta omsyn til tidlegare arbeid som vart gjennomført i regi av Universitets- og høgskolerådet.

Sitering

Ekspertgruppa som vurderte finansieringssystemet, foreslo at ein indikator for sitering vart vurdert. Ekspertgruppa understreka at ein slik indikator ikkje bør vere i staden for, men i tillegg til, ein publiseringsindikator. Departementet ønskjer å greie ut ein slik indikator for sitering.

Mobilitet for yngre forskarar

I strukturmeldinga, Meld. St. 18 (2014–2015), varsla regjeringa at det òg ville bli vurdert eit insentiv for mobilitet av yngre forskarar. Regjeringa legg til grunn at dette ikkje blir innført som eit insentiv i finansieringssystemet. Ein indikator for forskarmobilitet ville ha omfatta svært få personar og hatt potensielt liten effekt. Vidare ville han ha ført til auka rapportering. Samla tilseier dette at det ikkje er formålsteneleg med ein slik indikator.

Utviklingsavtalar

Ekspertgruppa som vurderte finansieringssystemet, foreslo at det blir inngått fleirårige utviklingsavtalar mellom departementet og den einskilde institusjon, og at avtalane blir kopla til finansieringssystemet gjennom ein omfordelingsmekanisme. Sjå programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning for nærmare omtale av korleis departementet vil følgje opp forslaget om utviklingsavtalar.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2015–2016) om statsbudsjettet for år 2016 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Kunnskapsdepartementet blir i Prop. 1 S (2015–2016) statsbudsjettet for budsjettåret 2016 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 200–288 og 2410, 3200–3288, 5310 og 5617

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Administrasjon				
200	Kunnskapsdepartementet			
	01	Driftsutgifter	254 662 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	11 219 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 745 000	268 626 000
		Sum Administrasjon		268 626 000
Grunnopplæringa				
220	Utdanningsdirektoratet			
	01	Driftsutgifter	273 486 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	135 359 000	
	70	Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	57 087 000	465 932 000
221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane			
	01	Driftsutgifter	13 974 000	13 974 000
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat			
	01	Driftsutgifter	88 826 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 491 000	90 317 000
223	Sametinget			
	50	Tilskott til Sametinget	41 501 000	41 501 000
224	Senter for IKT i utdanninga			
	01	Driftsutgifter	61 000 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	23 983 000	84 983 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
225	Tiltak i grunnopplæringa			
	01 Driftsutgifter		22 261 000	
	21 Særskilde driftsutgifter		100 443 000	
	60 Tilskott til landslinjer		211 531 000	
	62 Tilskott til dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv		23 670 000	
	63 Tilskott til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>		58 975 000	
	64 Tilskott til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg		174 622 000	
	65 Rentekompensasjon for skole- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>		334 218 000	
	66 Tilskott til leirskoleopplæring		48 247 000	
	67 Tilskott til opplæring i finsk		8 059 000	
	68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga		272 918 000	
	69 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma		216 826 000	
	70 Tilskott til opplæring av lærlingar og læreandidatar med særskilde behov		57 870 000	
	71 Tilskott til kunst- og kulturarbeid i opplæringa		26 336 000	
	72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram og organisasjonar		6 290 000	
	73 Tilskott til studieopphald i utlandet		14 153 000	
	74 Tilskott til organisasjonar		18 380 000	1 594 799 000
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa			
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		824 930 000	
	22 Videreutdanning for lærarar og skoleleiarar		1 274 132 000	
	50 Nasjonale senter i grunnopplæringa		92 121 000	
	60 Tilskott til kommunar og fylkeskommunar		40 812 000	
	62 Tilskott for auka lærartettleik		395 215 000	
	63 Tidleg innsats i skolen gjennom auka lærarinnsats på 1.–4. trinn		434 420 000	
	70 Tilskott til NAROM		8 151 000	
	71 Tilskott til vitensenter		50 339 000	3 120 120 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
227	Tilskott til særskilde skolar			
	60 Tilskott til Murmanskskolen		2 242 000	
	61 Tilskott til vaksenopplæring i Andebu kommune		5 095 000	
	62 Tilskott til Fjellheimen leirskole		6 070 000	
	70 Tilskott til Den franske skolen i Oslo		10 158 000	
	71 Tilskott til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole		26 164 000	
	72 Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College		32 999 000	
	74 Tilskott til Signo grunn- og vidaregåande skole og Briskeby vidaregåande skole		42 522 000	
	75 Tilskott til opplæring i rusinstitusjonar		10 630 000	
	76 Tilskott til Foreningen Norden og Norsk håndverksinstitutt		4 857 000	140 737 000
228	Tilskott til frittstående skolar o.a.			
	70 Frittstående grunnskolar, <i>overslagsløyving</i>		1 866 052 000	
	71 Frittstående vidaregåande skolar, <i>overslagsløyving</i>		1 518 316 000	
	72 Frittstående skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, <i>overslagsløyving</i>		146 078 000	
	73 Frittstående grunnskolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>		119 492 000	
	74 Frittstående vidaregåande skolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>		23 026 000	
	75 Frittstående skolar for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>		259 368 000	
	76 Andre frittstående skolar, <i>overslagsløyving</i>		47 312 000	
	77 Den tyske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>		17 180 000	
	78 Kompletterande undervisning		23 277 000	
	79 Toppidrett		41 417 000	
	80 Friskoleorganisasjonar		735 000	
	81 Elevutveksling til utlandet		1 892 000	
	82 Kapitaltilskott til friskolar, kapital- og husleigetilskott		20 920 000	4 085 065 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar			
	01 Driftsutgifter		23 269 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		1 158 000	24 427 000
230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem			
	01 Driftsutgifter		638 992 000	
	21 Særskilde driftsutgifter		61 409 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		8 877 000	709 278 000
	Sum Grunnopplæringa			10 371 133 000
Barnehagar				
231	Barnehagar			
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>		449 825 000	
	50 Tilskott til samiske barnehagetilbod		16 114 000	
	51 Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>		8 712 000	
	63 Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder		138 235 000	
	70 Tilskott for symjing i barnehagane, prøveprosjekt frivillige organisasjonar		10 290 000	623 176 000
	Sum Barnehagar			623 176 000
Vaksenopplæring m.m.				
252	EUs utdannings- og ungdomsprogram			
	70 Tilskott		513 780 000	513 780 000
253	Folkehøgskolar			
	70 Tilskott til folkehøgskolar		791 630 000	
	71 Tilskott til Folkehøgskolerådet		4 819 000	
	72 Tilskott til nordiske folkehøgskolar		615 000	797 064 000
254	Tilskott til vaksenopplæring			
	70 Tilskott til studieforbund		208 374 000	
	73 Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar		12 762 000	221 136 000
255	Tilskott til freds- og menneskerettssentra			
	70 Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter		32 070 000	
	71 Falstadsenteret		18 636 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	72	Stiftelsen Arkivet	24 022 000	
	73	Nansen Fredssenter	6 040 000	
	74	Narviksenteret, <i>kan overførast</i>	5 737 000	
	75	Det europeiske Wergelandsenteret	8 103 000	
	76	Raftostiftelsen	4 987 000	99 595 000
256		Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk		
	01	Driftsutgifter	53 429 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	11 340 000	64 769 000
257		Program for basiskompetanse i arbeidslivet		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	5 316 000	
	70	Tilskott, <i>kan overførast</i>	163 518 000	168 834 000
258		Tiltak for livslang læring		
	01	Driftsutgifter	4 905 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>	91 962 000	
	60	Tilskott til karriererettleiing	31 858 000	128 725 000
		Sum Vaksenopplæring m.m.		1 993 903 000
		Høgre utdanning og fagskoleutdanning		
260		Universitet og høgskolar		
	50	Statlege universitet og høgskolar	31 365 176 000	
	70	Private høgskolar	1 276 762 000	32 641 938 000
270		Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar		
	71	Tilrettelegging for internasjonal mobilitet	17 193 000	
	74	Tilskott til velferdsarbeid	82 311 000	
	75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	717 446 000	816 950 000
276		Fagskoleutdanning		
	72	Annan fagskoleutdanning	68 683 000	68 683 000
280		Felles einingar		
	01	Driftsutgifter	80 614 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	10 000	
	50	Senter for internasjonalisering av utdanning	81 254 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	51	Drift av nasjonale fellesoppgåver	174 914 000	
	71	Tilskott til UNIS	125 360 000	
	72	Tilskott til UNINETT	27 240 000	
	73	Tilskott til NORDUnet, <i>kan overførast</i>	33 352 000	522 744 000
281		Felles tiltak for universitet og høgsckolar		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	209 703 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	24 867 000	
	50	Tilskott til Noregs forskingsråd	167 846 000	
	70	Andre overføringer, <i>kan nyttast under post 01</i>	66 475 000	
	73	Tilskott til internasjonale program	73 351 000	
	78	Tilskott til Universitets- og høgsckole- rådet	17 247 000	559 489 000
		Sum Høgre utdanning og fagsckole- utdanning		34 609 804 000
		Forskning		
283		Meteorologiformål		
	50	Meteorologisk institutt	306 741 000	
	72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	127 345 000	434 086 000
284		Dei nasjonale forskingsetiske komitéane		
	01	Driftsutgifter	17 025 000	17 025 000
285		Noregs forskingsråd		
	52	Langsiktig, grunnleggjande forskning	1 604 018 000	
	53	Strategiske satsingar	1 241 757 000	
	54	Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse	487 227 000	
	55	Administrasjon	281 728 000	3 614 730 000
287		Forskingsinstitutt og andre tiltak		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i>	15 651 000	
	53	NUPI	4 726 000	
	56	Ludvig Holbergs minnepris	11 541 000	
	57	Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	179 085 000	
	60	Regionale forskingsfond, tilskott til forskning	251 562 000	
	71	Tilskott til andre private institusjonar	41 740 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	73	Niels Henrik Abels matematikkpris	14 528 000	518 833 000
288		Internasjonale samarbeidstiltak		
	21	Særskilde driftsutgifter	37 306 000	
	72	Internasjonale grunnforsknings- organisasjonar	306 024 000	
	73	EUs rammeprogram for forskning, <i>kan overførast</i>	2 325 815 000	
	75	UNESCO-kontingent	22 540 000	
	76	UNESCO-formål	3 500 000	2 695 185 000
		Sum Forsking		7 279 859 000
Statsbankane				
2410		Statens lånekasse for utdanning		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>	368 092 000	
	50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	6 185 138 000	
	70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	2 328 416 000	
	71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	839 005 000	
	72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	921 049 000	
	73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	509 530 000	
	74	Tap på utlån	327 200 000	
	76	Startstipend for kvotestudentar, <i>overslagsløyving</i>	809 000	
	90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	24 328 246 000	35 807 485 000
		Sum Statsbankane		35 807 485 000
		Sum departementets utgifter		90 953 986 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Grunnopplæringa				
3220		Utdanningsdirektoratet		
	01	Inntekter frå oppdrag	4 042 000	
	02	Salsinntekter o.a.	1 186 000	5 228 000
3222		Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat		
	02	Salsinntekter o.a.	5 150 000	5 150 000
3224		Senter for IKT i utdanninga		
	01	Inntekter frå oppdrag o.a.	1 632 000	1 632 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
3225	Tiltak i grunnopplæringa			
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter		84 692 000	84 692 000
3229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar			
	02 Salsinntekter o.a.		1 722 000	
	61 Refusjon frå fylkeskommunar		1 135 000	2 857 000
3230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem			
	01 Inntekter frå oppdrag		61 409 000	
	02 Salsinntekter o.a.		14 785 000	76 194 000
	Sum Grunnopplæringa			175 753 000
	Vaksenopplæring m.m.			
3256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk			
	01 Inntekter frå oppdrag		11 247 000	
	02 Salsinntekter o.a.		346 000	11 593 000
	Sum Vaksenopplæring m.m.			11 593 000
	Høgre utdanning og fagskoleutdanning			
3280	Felles einingar			
	01 Eksterne inntekter NOKUT		10 000	
	02 Salsinntekter o.a.		1 318 000	1 328 000
3281	Felles tiltak for universitet og høgskolar			
	02 Salsinntekter o.a.		10 000	10 000
	Sum Høgre utdanning og fagskoleutdanning			1 338 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Forskning				
3288	Internasjonale samarbeidstiltak			
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter		5 578 000	5 578 000
	Sum Forsking			5 578 000
Statsbankane				
5310	Statens lånekasse for utdanning			
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter		25 190 000	
	29 Termingebyr		23 244 000	
	89 Purregebyr		188 894 000	
	90 Redusert lån og rentegjeld		8 914 712 000	
	93 Omgjering av utdanningslån til stipend		5 689 308 000	14 841 348 000
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning			
	80 Renter		3 800 168 000	3 800 168 000
	Sum Statsbankane			18 641 516 000
Sum departementets inntekter			18 835 778 000	18 835 778 000

Fullmakt til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kunnskapsdepartementet i 2016 kan:

1.

overskride løyvinga på	mot tilsvarande meirinntekter under
Kap. 200 post 01	Kap. 3200 post 02
Kap. 220 post 01	Kap. 3220 post 02
Kap. 222 post 01	Kap. 3222 post 02
Kap. 224 post 01	Kap. 3224 post 01
Kap. 229 post 01	Kap. 3229 postane 02 og 61
Kap. 230 post 01	Kap. 3230 post 02
Kap. 256 post 01	Kap. 3256 post 02
Kap. 280 post 01 og post 21	Kap. 3280 postane 01 og 02
Kap. 281 post 01	Kap. 3281 post 02
Kap. 2410 post 01	Kap. 5310 post 03

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding skal òg dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og påverkar derfor òg kap. 1633 post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal takast med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

2. overskride løyvingane til oppdragsverksemd på 21-postane mot tilsvarande meirinntekter.

3. avhende fast eigedom ved universitet og høgskolar, jf. Instruks om avhending av statlig eiendom m.v., og bruke inntekter frå sal av eigedommar til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved den same verksemda.

4. gi Noregs forskingsråd fullmakt til å kjøpe og avhende eigedommar. Salsinntektene blir førte til eigedomsfondet til Forskingsrådet.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

III

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kunnskapsdepartementet i 2016 kan:

1. gi tilsegn om tilskott ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme (i mill. kroner)
220		Utdanningsdirektoratet	
	70	Tilskott til læremiddel o.a.	30,0
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	
	21	Særskilde driftsutgifter	20,0
	22	Vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar	180,8
270		Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar	
	75	Tilskott til bygging av studentbustader	617,2

2. gi tilsegn om å utbetale 20 prosent av tilskott til opplæring i kriminalomsorga over kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa, post 68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga påfølgjande budsjettår, når endeleg rekneskap ligg føre.
 3. gi nye tilsegn om rentekompensasjon tilsvarende ei investeringsramme på 1,5 mrd. kroner under kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa, post 65 Rentekompensasjon for skole- og symjeanlegg.
 4. gi tilsegn om å utbetale utdanningsstøtte for første halvår 2017 (andre halvdelen av undervisningsåret 2016–17) etter dei satsane som blir fastsette andre halvår 2016 (første halvde-
- len av undervisningsåret 2016–17), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, postane 70 Utdanningsstipend, 71 Andre stipend, 72 Rentestøtte og 90 Auka lån og rentegjeld samt kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning, post 80 Renter.
5. gi tilsegn om å gjere om lån til stipend første halvår 2017 (andre halvdelen av undervisningsåret 2016–17) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2016 (første halvdelen av undervisningsåret 2016–17), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 50 Avsetning til utdanningsstipend.

Andre fullmakter

IV

Diverse fullmakter

Stortinget samtykkjer i at:

1. privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskommunen. Privatistar som melder seg opp til eksamen, skal betale 1 029 kroner dersom privatisten ikkje har prøvt seg i faget tidlegare som privatist eller elev, og 2 058 kroner ved forbetringsprøver. Kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale 878 kroner per prøve dersom kandidaten ikkje har gått opp tidlegare, og 1 758 kroner ved seinare forsøk.
 2. Kunnskapsdepartementet i 2016 kan gi universitet og høgskolar løyve til å:
 - a. opprette nye selskap og delta i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - b. bruke overskott av oppdragsverksemd til kapitalinnskott ved oppretting av nye selskap eller ved deltaking i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - c. bruke utbytte frå selskap som verksemda har kjøpt aksjar i eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.
 - d. bruke inntekt frå sal av aksjar i selskap som verksemda har erverva med overskott frå oppdragsverksemd eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.
3. frå 1. januar 2016 blir maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barnehagetilbod fastsett til 2 655 kroner per måned og 29 205 kroner per år, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehager § 1.
 4. frå 1. august 2016 blir det gitt fritak i foreldrebetalinga i barnehage for 20 timar per uke til alle 4- og 5-åringar i hushald med skattepliktig kapital- og personinntekt under 417 000 kroner per år, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehager § 3.
-

Vedlegg 1**Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak**

CESSDA AS

I 2014 vart det utbetalt 316 666 kroner i lønn og anna godtgjeringsar til dagleg leiar. Selskapet har tenestepensjon i Statens pensjonskasse for alle tilsette.

HiST kompetanse AS

Dagleg leiar fekk 268 918 kroner i lønn i 2014. Selskapet har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Høgskolen i Ålesund maritime operasjonar AS

I 2014 vart det utbetalt til saman 890 850 kroner. Selskapet har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS

Administrerande direktør fekk 1 077 886 kroner i lønn og 5 456 kroner i andre godtgjeringsar i 2014. Pensjonskostnader vart dekte med 20 429 kroner.

Administrerande direktør har ikkje rett til bonus, overskottsdeling eller opsjonar, og heller ikkje særlege ytingar ved opphør av tilsetjingsforholdet.

NTNU Samfunnsforskning AS

Det vart utbetalt til saman 1 197 400 kroner i lønn til dagleg leiar i 2014. Pensjonsutgifter vart dekte med 146 503 kroner.

NTNU Technology Transfer AS

Dagleg leiar fekk 1 308 911 kroner i lønn og 111 562 kroner i andre godtgjeringsar i 2014. Selskapet har ei pensjonsordning for alle tilsette som fyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Sem gjestegård AS

Dagleg leiar fekk 686 699 kroner i lønn og 93 465 kroner i andre godtgjeringsar i 2014. Dei tilsette i selskapet er omfatta av lov om obligatorisk tenestepensjon, og dei samla pensjonsutgiftene var 156 655 kroner.

Senter for innovasjon og bedriftsøkonomi AS

Det er ikkje betalt lønn til dagleg leiar i 2014.

Senter for økonomisk forskning AS

Dagleg leiar har fått utbetalt godtgjeringsar på 470 884 kroner i 2014.

Simula Research Laboratory AS

Administrerande direktør fekk 2 078 546 kroner i lønn og 161 852 kroner i andre godtgjeringsar i 2014. Selskapet har ei pensjonsordning for administrerande direktør som er kostnadsført med 391 674 kroner.

Unifond AS

Det er utbetalt 184 234 kroner i lønn til dagleg leiar i 2014. Selskapet har ei ytingsbasert pensjonsordning i Statens pensjonskasse, men har ikkje plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

UNINETT AS

Administrerande direktør fekk 1 252 600 kroner i lønn og 22 993 kroner i andre godtgjeringsar i 2014. Netto kostnadsført pensjonsforplikting i 2014 er 4 377 157 kroner.

Unirand AS

Det er utbetalt 312 040 kroner i lønn og 6 137 kroner i naturalgodtgjeringsar til dagleg leiar i 2014.

Universitetscenteret på Svalbard AS

Lønn til direktør er 1 011 003 kroner i 2014. Arbeidsgiverens del av pensjon for direktør er utgiftsført med 173 387 kroner.

Selskapet har tenestepensjonsordning i Statens pensjonskasse. Pensjonsordninga er ein yttingsplan for selskapet. Det er ikkje rekna eit eige fiktivfond for selskapet.

Vangslund AS

Dagleg leiar fekk 205 390 kroner i lønn og 4 392 kroner i andre godtgjeringsar i 2014. Selskapet er ikkje pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Følgjande heileigde selskap har ingen lønte tilsette som dagleg leiar

Rya gods og skoger AS og Universitetet i Bergen eiendom AS.

Vedlegg 2**Løyving for universitet, høgskolar og fagskolar**

Tabell 2.1 Løyving per universitet og høgskole i 2016 (i 1 000 kroner)

Institusjon	Løyving
<i>Statlege verksemdar</i>	
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	1 141 014
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	5 916 074
Universitetet i Agder	1 191 283
Universitetet i Bergen	2 963 054
Universitetet i Nordland	760 080
Universitetet i Oslo	5 143 564
Universitetet i Stavanger	1 271 295
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	2 922 805
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	167 629
Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole for logistikk	198 716
Noregs handelshøgskole	421 820
Noregs idrettshøgskole	253 856
Noregs musikkhøgskole	252 955
Høgskolen i Bergen	991 138
Høgskolen i Hedmark	584 999
Høgskolen i Lillehammer	405 062
Høgskolen i Nord-Trøndelag	485 813
Høgskolen i Oslo og Akershus	2 108 145
Høgskolen i Sogn og Fjordane	377 090
Høgskolen Stord/Haugesund	323 374
Høgskolen i Sør-aust-Noreg	1 635 226
Høgskolen i Volda	321 146
Høgskolen i Østfold	586 939
Kunsthøgskolen i Oslo	330 679
Kunst- og designhøgskolen i Bergen	195 644
Samisk høgskole	80 739

Institusjon	Løyving
<i>Private verksemder</i>	
Det teologiske Menighetsfakultet	81 192
Handelshøyskolen BI	277 643
Ansgar Teologiske Høgskole	14 764
Barratt Due musikk institutt - Høyskoleavdelingen og Unge talenter	24 907
Bergen Arkitekthøgskole	15 968
Campus Kristiania – Markedshøyskolen	56 056
Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning	115 921
Fjellhaug internasjonale Høgskole	9 755
Høgskolen Diakonova	49 818
Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling	2 320
Høgskolen for Ledelse og Teologi	10 381
Lovisenberg diakonale høgskole	85 458
NLA Høgskolen	153 089
Norges Dansehøgskole	9 986
Rudolf Steinerhøgskolen	11 568
VID vitenskapelig høgskole	240 838
Westerdals – Oslo School of Art, Communication and Technology	117 097

Tabell 2.2 Tilskott per fagskole i 2016 (i 1 000 kroner)¹

Fagskole	Tilskott
Bårdar Akademiet AS	13 743
Designinstituttet	3 476
Det tverrfaglige kunstinstitutt	1 944
Einar Granum kunstfagskole	12 518
Fabrikken Asker kunstfagskole	4 617
Fagskolen for bokbransjen	1 178
Fagskolen Innlandet	4 255
Frelsesarmeens offiserskole	773
Hald internasjonale senter	4 267
Kunstskolen i Bergen	5 713
Kunstskolen i Rogaland	4 689
Menighetsbibelskolen	3 173
Nordland kunst- og filmfagskole	3 233
Ålesund kunstfagskole	5 104

¹ Tabellen viser kun tilskott over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, kap. 276 post 72.

Vedlegg 3**Byggtabellar for universitet og høyskolar**

Tabell 3.1 Ordinære bygg under oppføring i 2016, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530 post 31 og 33 og kap. 2445 post 33

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner, prisnivå 1.7.2016	Bruttoareal
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	Nytt teknologibygg, Kalvskinnnet	728,2	16 000 m ²
Kunst- og designhøgskolen i Bergen	Samlokaliseringsbygg	1 070,5	14 873 m ²
Noregs idrettshøgskole	Rehabilitering	874,8	16 662 m ²
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet ¹	Nybygg på Ås for veterinærmiljøa ved NMBU og Veterinærinstituttet	6 787,9	63 088 m ² + 11 706 m ² (Senter for husdyrforsøk)
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	Rehabilitering, Urbygninga	470 ²	8 190 m ²
Universitetet i Bergen	Rehabilitering av universitetsmuseet, fase to	386,2	6 660 m ²
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	Nytt bygg for medisin og helsefag (MH2)	1 339,7	21 057 m ² + 12 000 m ² (parkeringsanlegg)

¹ Senter for husdyrforsøk vart stilt ferdig i 1. halvår 2015.² Prisenivå per november 2015.Tabell 3.2 Kurantprosjekt under oppføring i 2016, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445 post 34¹

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kr	Bruttoareal
Universitetet i Nordland	Byggjetrinn 6A	ca. 105 ²	ca. 2 600 m ²

¹ I tillegg kjem kurantprosjekta som eventuelt blir klare for igangsetting i løpet av hausten 2015 og i 2016, jf. tabell 3.6 nedanfor.² Prisenivå per juli 2014.

Tabell 3.3 Prosjekt som er førte fram til forprosjekt

Institusjon	Prosjekt	Bruttoareal
Universitetet i Stavanger	Arkeologisk museum, nybygg og ombygging	6 131 m ²

Tabell 3.4 Prosjekt for sjølvforvaltande institusjonar under programmering eller i prosjekteringsbestilling hos Statsbygg, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530 post 30

Institusjon	Prosjekt	Bruttoareal
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	Rehabilitering, tunbygningane	Ikkje oppgitt
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	Vitskapsmuseet (Kalvskinnnet) ¹	Ikkje fastsett
Universitetet i Oslo	Vikingtidsmuseum på Bygdøy, tilbygg og rehabilitering	Ikkje fastsett
Universitetet i Oslo	Nytt anlegg for livsvitenskap, farmasi og kjemi	ca. 66 700 m ²
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	Magasin- og utstillingslokale for universitetsmuseet ²	Ikkje fastsett
Universitetet i Oslo	Nytt utstillingsveksthus ved Naturhistorisk museum	Ikkje fastsett

¹ Vidare prosess må avvente oppfølginga av konseptvalet for framtidig campusløysing for NTNU.

² Departementet har stilt ferdig ei konseptvalutgreiing for museet som er eksternt kvalitetssikra.

Tabell 3.5 Prosjekt innanfor husleigeordninga under programmering eller i prosjekteringsbestilling hos Statsbygg, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445 post 30

Institusjon	Prosjekt	Bruttoareal
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	Nytt bygg for helse- og sosialfag, Elgesetergata	Ikkje fastsett

Tabell 3.6 Kurantprosjekt som er under programmering eller prosjektering, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445 post 32

Institusjon	Prosjekt	Bruttoareal
Høgskolen i Sørøst-Noreg	Campus Hønefoss, ombygging og tilbygg	ca. 10 000 m ²
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	Nybygg	ca. 4 500 m ²
Høgskolen i Hedmark	Campus Evenstad, nybygg og ombygging	ca. 1 200 m ²
Høgskolen i Sørøst-Noreg	Campus Porsgrunn, nytt studenthus	1 000 m ²
Høgskolen i Volda	Hovudbygninga (Kaarstadbygget)	ca. 2 700 m ²
Høgskolen i Østfold	Campus Remmen, tilbygg	ca. 1 200 m ²
Universitetet i Agder	Tilbygg, Gimlemoen 46	500 m ²
Universitetet i Stavanger	Tilbygg til Hulda Garborgs hus	ca. 1 500 m ²
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	Nybygg for lærarutdanninga	ca. 11 800 m ²

Vedlegg 4**Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder
under Kunnskapsdepartementet**

Tabell 4.1 Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart/Inntektsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett 2015
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	303 371	324 138	356 530	359 052
Varer og tenester	107 601	91 189	108 393	118 181
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>410 972</i>	<i>415 327</i>	<i>464 923</i>	<i>477 233</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	41 902	56 313	43 853	19 665
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>41 902</i>	<i>56 313</i>	<i>43 853</i>	<i>19 665</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege reknskap	0	0	0	0
Utbetalningar til andre verksemder	52 416	51 700	62 189	60 000
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>52 416</i>	<i>51 700</i>	<i>62 189</i>	<i>60 000</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	290	253	213	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>290</i>	<i>253</i>	<i>213</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>505 580</i>	<i>523 593</i>	<i>571 178</i>	<i>556 898</i>
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	110 212	108 008	97 751	102 518
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	7 521	6 273	9 607	7 898

Tabell 4.1 Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart/Inntektsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett 2015
Andre driftsinntekter	44 902	32 792	39 248	45 074
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>162 635</i>	<i>147 073</i>	<i>146 606</i>	<i>155 490</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidler	0	90	5	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>90</i>	<i>5</i>	<i>0</i>
Overføringer til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	336 769	309 358	334 649	321 542
Andre innbetalingar		51 700	62 189	60 000
<i>Sum overføringer til verksemda</i>	<i>336 769</i>	<i>361 058</i>	<i>396 838</i>	<i>381 542</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	109	513	388	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>109</i>	<i>513</i>	<i>388</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>499 513</i>	<i>508 734</i>	<i>543 837</i>	<i>537 032</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>-6 067</i>	<i>-14 859</i>	<i>-27 341</i>	<i>-19 866</i>

Tabell 4.2 Meteorologisk institutt. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett 2015
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	322 446	280 801	298 289	284 957
Løyvingar frå andre departement	4 969	4 200	1 884	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	19 286	16 797	23 795	19 565
Løyvingar frå Norges forskningsråd	13 166	8 669	12 661	0
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>359 867</i>	<i>310 467</i>	<i>336 629</i>	<i>304 522</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	17	718	134
Bidrag frå private	16 372	17 316	14 495	36 289
Tildeligar frå internasjonale organisasjonar	28 530	15 459	22 150	8 651
<i>Sum bidrag</i>	<i>44 902</i>	<i>32 792</i>	<i>37 363</i>	<i>45 074</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	5 339	17 706	59 812	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	89 405	147 769	110 031	187 436
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>94 744</i>	<i>165 475</i>	<i>169 843</i>	<i>187 436</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>499 513</i>	<i>508 734</i>	<i>543 836</i>	<i>537 032</i>

Tabell 4.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2012–14

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2012	2013	2014	Endring 2013 til 2014
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	147 541	132 671	105 289	-27 381
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	11	51	40
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>147 541</i>	<i>132 682</i>	<i>105 340</i>	<i>-27 341</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår:				
Feriepenger m.m.	24 566	26 504	28 173	1 669
Skattetrekk og offentlege avgifter	24 598	26 666	27 515	849
Gjeld til leverandørar	23 105	25 593	23 343	-2 249
Gjeld til oppdragsgivarar	-13 212	-12 323	-23 039	-10 716
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	-1 068	-943	-1 055	-112
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>57 989</i>	<i>65 497</i>	<i>54 937</i>	<i>-10 559</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår:				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	1 733	3 447	-827	-4 274
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	34 700	19 282	17 679	-1 602
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	6 000	6 000	0	-6 000
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette formål	1 678	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0	6 163	6 943	780
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>44 111</i>	<i>34 892</i>	<i>23 795</i>	<i>-11 096</i>

Tabell 4.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2012–14

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2012	2013	2014	Endring 2013 til 2014
Andre avsetningar:				
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	25 456	12 308	6 622	-5 686
Fri verksemdskapital	19 985	19 985	19 985	0
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>45 441</i>	<i>32 293</i>	<i>26 607</i>	<i>-5 686</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>147 541</i>	<i>132 682</i>	<i>105 340</i>	<i>-27 341</i>

Tabell 4.4 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett for 2015
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	37 612	41 612	43 092	45 000
Varer og tenester	33 482	30 371	35 010	36 400
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>71 094</i>	<i>71 982</i>	<i>78 102</i>	<i>81 400</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	2 300	414	3 561	900
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>2 300</i>	<i>414</i>	<i>3 561</i>	<i>900</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalingar til andre statlege reknskap	9 927	12 824	19 235	15 000
Utbetalingar til andre verksemdar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>9 927</i>	<i>12 824</i>	<i>19 235</i>	<i>15 000</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>83 320</i>	<i>85 220</i>	<i>100 898</i>	<i>97 300</i>
Inntektsart				
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett for 2015
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	1 355	903	760	900
Andre driftsinntekter	0	0	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>1 355</i>	<i>903</i>	<i>760</i>	<i>900</i>

Tabell 4.4 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett for 2015
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringer til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	81 335	81 729	94 343	90 000
Andre innbetalingar	0	0	0	
<i>Sum overføringer til verksemda</i>	<i>81 335</i>	<i>81 729</i>	<i>94 343</i>	<i>90 000</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>82 690</i>	<i>82 633</i>	<i>95 103</i>	<i>90 900</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>-630</i>	<i>-2 587</i>	<i>-5 795</i>	<i>-6 400</i>

Tabell 4.5 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett 2015
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	20 256	20 205	20 566	20 120
Løyvingar frå andre departement	34 669	33 597	41 876	34 004
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	3 164	3 540	0
Løyvingar frå Norges forskningsråd	0	0	0	0
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>54 925</i>	<i>56 966</i>	<i>65 982</i>	<i>54 124</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildeligar frå internasjonale organisasjonar	0	0	0	0
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	548	1 131	244	1 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	3 630	5 030	3 380	4 412
Andre inntekter og tidsavgrensingar	23 587	19 504	25 496	31 364
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>27 765</i>	<i>25 666</i>	<i>29 120</i>	<i>36 776</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>82 690</i>	<i>82 634</i>	<i>95 103</i>	<i>90 900</i>

Tabell 4.6 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2012–14

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2012	2013	2014	Endring 2013 til 2014
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	40 223	37 634	31 841	-5 793
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	7	8	7	-1
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>40 230</i>	<i>37 642</i>	<i>31 848</i>	<i>-5 794</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår:				
Feriepengar m.m.	3 819	3 816	3 910	94
Skattetrekk og offentlege avgifter	3 575	3 719	3 898	179
Gjeld til leverandørar	-318	3 816	3 579	-236
Gjeld til oppdragsgivarar	-1 718	-2 040	-3 434	-1 394
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	1 713	-693	344	1 037
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>7 071</i>	<i>8 618</i>	<i>8 297</i>	<i>-321</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår:				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	9 897	6 102	6 262	160
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	1 674	4 643	1 412	-3 231
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette formål	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	14 988	11 794	10 428	-1 366
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>26 559</i>	<i>22 538</i>	<i>18 102</i>	<i>-4 436</i>

Tabell 4.6 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetninger ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2012–14

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2012	2013	2014	Endring 2013 til 2014
Andre avsetninger:				
Avsetninger til andre formål/ ikkje spesifiserte formål	1 390	1 226	143	-1 083
Fri verksemdskapital	5 209	5 260	5 307	47
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>6 599</i>	<i>6 486</i>	<i>5 450</i>	<i>-1 036</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>40 230</i>	<i>37 642</i>	<i>31 848</i>	<i>-5 794</i>

Tabell 4.7 Universitet og høgsular. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett for 2015
Driftsutgifter:				
Lønnsutgifter	20 659 953	22 059 811	23 400 427	23 895 998
Varer og tenester	11 317 627	11 244 255	12 065 525	12 222 869
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>31 977 580</i>	<i>33 304 066</i>	<i>35 465 953</i>	<i>36 118 867</i>
Investeringsutgifter:				
Investeringar, større utstyrsjøp og vedlikehald	1 556 796	1 523 356	2 009 190	1 861 565
<i>Sum utgifter til større utstyrsjøp og vedlikehald</i>	<i>1 556 796</i>	<i>1 523 356</i>	<i>2 009 190</i>	<i>1 861 565</i>
Overføringer frå verksemda:				
Utbetalningar til andre statlege rekneskap	277 353	413 524	336 552	330 724
Utbetalningar til andre verksemdar	166 482	214 966	403 250	419 405
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>443 835</i>	<i>628 490</i>	<i>739 802</i>	<i>750 129</i>

Tabell 4.7 Universitet og høyskolar. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett for 2015
Finansielle aktiviteter:				
Kjøp av aksjar og partar	4 433	3 827	3 038	3 000
Andre finansielle utgifter	4 112	4 252	5 619	6 319
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>8 545</i>	<i>8 079</i>	<i>8 657</i>	<i>9 319</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>33 986 756</i>	<i>35 463 991</i>	<i>38 223 601</i>	<i>38 739 880</i>
Inntekter:				
Inntektsart	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett for 2015
Driftsinntekter:				
Inntekter frå sal av varer og tenester	2 057 073	2 559 671	2 891 027	2 654 754
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	29 911	27 251	15 711	13 457
Refusjonar	493 538	514 142	570 334	464 401
Andre driftsinntekter	1 995 626	1 913 480	2 128 960	2 032 913
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>4 576 148</i>	<i>5 014 544</i>	<i>5 606 031</i>	<i>5 165 525</i>
Inntekter frå investeringar:				
Sal av varige driftsmidlar	34 148	2 671	15 524	5 000
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>34 148</i>	<i>2 671</i>	<i>15 524</i>	<i>5 000</i>
Overføringar til verksemda:				
Inntekter frå statlege løyvingar	29 165 254	30 799 858	32 889 565	33 394 272
Andre innbetalingar	308 683	339 386	352 129	343 500
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>29 473 937</i>	<i>31 139 244</i>	<i>33 241 694</i>	<i>33 737 772</i>
Finansielle aktiviteter:				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	2 250	47 464	37	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	9 862	7 567	7 553	4 990
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>12 112</i>	<i>55 031</i>	<i>7 590</i>	<i>4 990</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>34 096 345</i>	<i>36 211 490</i>	<i>38 870 840</i>	<i>38 913 287</i>
Netto endring i kontantbeholdning	109 589	747 499	647 238	173 407

Kommentar til tabellen: Driftsutgiftene har auka med om lag 6,5 pst. frå 2013 til 2014 og utgjør om

lag 92,8 pst. av dei samla utgiftene i 2014, som er noko lågare enn i 2012. Delen låg da på om lag

93,9 pst. Dei samla utgiftene har auka med 7,8 pst. frå 2013 til 2014. Overføringane til verksemdene har auka med 6,8 pst. frå 2013 til 2014, medan dei steig med 5,7 pst. frå 2012 til 2013. Det meste av

overføringane er statlege løyvingar til verksemdene. Dei totale overføringane utgjer 85,5 pst. av dei samla inntektene. Det er noko lågare enn i 2013, da delen var 86,0 pst.

Tabell 4.8 Universitet og høgsular. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett for 2015
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget:				
Løyvingar frå fagdepartementet	25 431 680	27 457 137	28 615 039	29 788 470
Løyvingar frå andre departement	419 620	257 470	366 350	383 200
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	809 950	1 312 661	1 237 250	1 209 557
Tildelingar frå regionale forskingsfond	18 685	22 667	39 418	40 134
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	2 190 289	2 284 186	2 405 854	2 476 315
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>28 870 224</i>	<i>31 334 121</i>	<i>32 663 911</i>	<i>33 897 677</i>
Offentlege og private bidrag:				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	155 785	151 392	102 978	150 379
Bidrag frå private	1 274 083	1 064 851	1 283 650	1 203 166
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	303 916	495 341	529 242	509 550
<i>Sum bidrag</i>	<i>1 733 784</i>	<i>1 711 584</i>	<i>1 915 869</i>	<i>1 863 095</i>
Oppdragsinntekter o.a.:				
Oppdrag frå statlege verksemder	238 567	251 612	276 993	269 115
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	77 640	80 731	86 233	81 838
Oppdrag frå private	330 877	303 598	309 577	315 923
Andre inntekter og tidsavgrensingar	2 845 253	2 529 844	3 618 257	2 485 640
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>3 492 337</i>	<i>3 165 785</i>	<i>4 291 060</i>	<i>3 152 516</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>34 096 345</i>	<i>36 211 490</i>	<i>38 870 840</i>	<i>38 913 287</i>

Kommentar til tabellen: Dei samla inntektene har auka med 7,3 pst. frå 2013 til 2014. Dette er høgare enn frå 2012 til 2013, da auken var på 6,2 pst. Løyvinga til statsoppdraget utgjer om lag 84 pst. av

inntektene i 2014. Dette er lågare enn i 2013, da delen var 86,5 pst. Løyvinga til statsoppdraget dekkjer 85,5 pst. av dei samla utgiftene i 2014. Dette er 2,9 prosentpoeng lågare enn i 2013.

Tabell 4.9 Universitet og høgsckolar. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgsckolesektoren i perioden 2012–14

	Tal i 1 000 kroner			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014 ¹	Endring frå 2013 til 2014
Kontantar og kontantekvivalentar:				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	8 510 221	9 321 444	10 037 094	715 650
Behaldningar på andre bankkonti ²	706 621	616 147	582 443	-33 704
Andre kontantbeholdningar	378	35 314	606	-34 708
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>9 217 220</i>	<i>9 972 905</i>	<i>10 620 143</i>	<i>647 238</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår:				
Feriepengar m.m.	1 765 925	1 855 796	1 957 608	101 812
Skattetrekk og offentlege avgifter	1 598 087	1 593 366	1 715 129	121 763
Gjeld til leverandørar	722 121	1 108 527	1 310 654	202 127
Gjeld til oppdragsgivarar	-402 558	-396 667	-374 234	22 433
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	286 179	261 033	455 339	194 306
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>3 969 754</i>	<i>4 422 055</i>	<i>5 064 495</i>	<i>642 440</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår:				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	286 999	317 139	276 981	-40 158
Prosjekt finansierte av regionale forskingsfond	1 776	-12 500	-10 489	2 011
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	652 280	554 964	19 872	-535 092
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	1 061 465	1 161 754	1 387 652	225 898
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	644 297	548 193	750 786	202 593
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	434 853	94 801	61 242	-33 559
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>3 081 670</i>	<i>2 664 351</i>	<i>2 486 044</i>	<i>-178 307</i>

Tabell 4.9 Universitet og høgscolar. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskolesektoren i perioden 2012–14

Balansedag 31. desember	Tal i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014 ¹	Endring frå 2013 til 2014
Andre avsetningar:				
Avsetningar til andre formål / ikkje-spesifiserte formål	1 639 416	2 319 236	2 533 678	214 442
Fri verksemdskapital	459 438	470 105	477 334	7 229
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>2 098 854</i>	<i>2 789 341</i>	<i>3 011 012</i>	<i>221 671</i>
Langsiktig gjeld (netto):				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	-57	-32	0	32
Anna langsiktig gjeld	66 999	97 190	58 592	-38 598
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>66 942</i>	<i>97 158</i>	<i>58 592</i>	<i>-38 566</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>9 217 220</i>	<i>9 972 905</i>	<i>10 620 143</i>	<i>647 238</i>

¹ Frå 2014 er NOVA slått saman med Høgskolen i Oslo og Akershus. Behaldninga i Noregs Bank for universitets- og høgskolesektoren per 31.12.2013 er ikkje justert for dette. NOVA hadde per 31.12.2013 ei behaldning på oppgjærskonto i Noregs Bank på 37,8 mill. kroner, sjå også Meld. St. 3 (2014–2015) *Statsrekneskapen 2014*.

² Tal for 2013 er netto justerte med 8,2 mill. kroner samanlikna med tilsvarande tabell i Prop. 1 S (2013–2014).

Kontantbeholdninga har gått opp med 7,7 pst. frå 2013 til 2014, mot 9,5 pst. frå 2012 til 2013. Avsetningane som skal dekkje påkomne kostnader til forfall neste budsjettår, har auka med 14,5 pst. Til-

svarande var det ein auke på 11,4 pst. frå 2012 til 2013. Avsetningane til planlagde tiltak i kommande budsjettår har minka med 6,7 pst. frå 2013 til 2014.

Tabell 4.10 Universitet og høgsular. Balanse per 31. desember 2014

		Beløp i 1 000 kroner	
Eigedelar	Beløp	Verksemdskapital, avrekningar og gjeld	
Anleggsmidlar		Verksemdskapital	
<i>Immaterielle eigedelar</i>	28 653	<i>Sum verksemdskapital</i>	716 588
Varige driftsmidlar	31 797 211		
Finansielle eigedelar	239 254	Langsiktige forpliktingar	
<i>Sum anleggsmidlar</i>	32 065 118	Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	31 825 864
		Andre forpliktingar	58 592
		<i>Sum avsetning for langsiktige forpliktingar</i>	31 884 456
		Anna langsiktig gjeld	
		<i>Sum anna langsiktig gjeld</i>	0
Omløpsmidlar		Kortsiktig gjeld	
Lager	20 578	Leverandørgjeld	1 393 985
Kundefordringar	1 301 019	Anna kortsiktig gjeld	4 992 108
Finansielle omløpsmidlar	0	<i>Sum kortsiktig gjeld</i>	6 386 093
Bankinnskott	10 620 143		
<i>Sum omløpsmidlar</i>	11 941 740	Avrekning med statskassen	
		<i>Sum avrekningar</i>	5 019 723
<i>Sum eigedelar</i>	44 006 859	<i>Sum verksemdskapital, avrekningar og gjeld</i>	44 006 859

Balanseverdiane har auka med 0,9 pst. frå 2013 til 2014. Verdien av anleggsmidlane har gått opp med 0,3 pst. i høve til 2013, medan omløpsmidlane har

auka med om lag 2,6 pst. frå 2013 til 2014. Den kortsiktige gjelda har gått opp med 7 pst. frå 2013 til 2014.

Tabell 4.11 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett for 2015
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	427 451	452 793	466 991	451 603
Varer og tenester	410 695	368 022	321 216	239 364
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>838 146</i>	<i>820 815</i>	<i>788 207</i>	<i>690 967</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	48 499	58 889	71 389	
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>48 499</i>	<i>58 889</i>	<i>71 389</i>	
Overføringer frå verksemda				
Utbetalinger til andre statlege rekneskapar	5 007 618	3 994 078	4 210 111	3 049 515
Utbetalingar til andre verksemdar	1 174 627	2 447 984	2 806 741	5 044 870
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>6 182 245</i>	<i>6 442 062</i>	<i>7 016 852</i>	<i>8 094 385</i>
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar				
Andre finansielle utgiftar				
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>7 068 890</i>	<i>7 321 766</i>	<i>7 876 448</i>	<i>8 785 352</i>
Inntektsart	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett for 2015
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester				
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar				
Refusjonar	7 030	7 612	12 575	
Andre driftsinntekter	7 680	14 971	8 337	8 939
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>14 710</i>	<i>22 583</i>	<i>20 912</i>	<i>8 939</i>

Tabell 4.11 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett for 2015
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	7 343 369	7 672 407	8 086 249	8 597 248
Andre innbetalingar	271 399	214 771	435 180	185 858
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>7 614 768</i>	<i>7 887 178</i>	<i>8 521 429</i>	<i>8 783 106</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar				
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)				
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>				
<i>Sum inntekter</i>	<i>7 629 478</i>	<i>7 909 761</i>	<i>8 542 341</i>	<i>8 792 045</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>-560 588</i>	<i>-587 995</i>	<i>-665 893</i>	<i>-6 693</i>

Tabell 4.12 Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde


Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Budsjett for 2015
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	3 085 798	3 188 621	3 437 400	3 724 974
Løyvingar frå andre departement	4 258 935	4 483 786	4 648 849	4 872 274
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan				
Tildelinger frå Noregs forskingsråd				
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>7 344 733</i>	<i>7 672 407</i>	<i>8 086 249</i>	<i>8 597 248</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar				
Bidrag frå private	190 380	159 810	244 445	185 858
Tildeliger frå internasjonale organisasjonar				
<i>Sum bidrag</i>	<i>190 380</i>	<i>159 810</i>	<i>244 445</i>	<i>185 858</i>
Oppdragsinntekter m.v.				
Oppdrag frå statlege verksemder				
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder				
Oppdrag frå private				
Andre inntekter og tidsavgrensningar	94 365	77 544	211 647	8 939
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>94 365</i>	<i>77 544</i>	<i>211 647</i>	<i>8 939</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>7 629 478</i>	<i>7 909 761</i>	<i>8 542 341</i>	<i>8 792 045</i>

Tabell 4.13 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetninger ved Noregs forskingsråd i perioden 2012–14

Balanse 31.desember	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Endring frå 2013 til 2014
Kontantantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	3 229 980	3 877 161	4 562 050	684 888
Behaldning på andre bankkonti	117 268	55 034	36 602	-18 432
Andre kontantbeholdningar	40 780	43 828	43 264	-563
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>3 388 028</i>	<i>3 976 023</i>	<i>4 641 916</i>	<i>665 893</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	37 528	39 566	49 375	9 809
Skattetrekk og offentlege avgifter	29 671	32 860	29 575	-3 285
Prosjektgjeld for starta/gjennomførte forskingsprosjekt	1 135 055	1 170 694	1 395 172	224 478
Gjeld til oppdragsgivarar				
Anna gjeld/forordingar som forfell i neste budsjettår	66 403	63 987	74 906	10 919
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>1 268 657</i>	<i>1 307 107</i>	<i>1 549 028</i>	<i>241 921</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår				
Forskningsprogram under handsamning	2 092 652	2 676 230	3 117 441	441 211
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>2 092 652</i>	<i>2 676 230</i>	<i>3 117 441</i>	<i>441 211</i>
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	51 539	40 590	47 105	6 515
Fri verksemdskapital	73 866	68 322	61 026	-7 296
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>125 405</i>	<i>108 912</i>	<i>108 131</i>	<i>-781</i>

Tabell 4.13 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetninger ved Noregs forskingsråd i perioden 2012–14

Balanse 31.desember	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2014	Endring frå 2013 til 2014
Kontantantbeholdning				
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidler	-98 686	-116 226	-132 684	-16 458
Anna langsiktig gjeld				
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-98 686</i>	<i>-116 226</i>	<i>-132 684</i>	<i>-16 458</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>3 388 028</i>	<i>3 976 023</i>	<i>4 641 916</i>	<i>665 893</i>

Vedlegg 5**Underliggjande verksemder o.a.**

Figur 5.1 Underliggjande verksemder o.a.

Verksemder o.a. som er markert med grå farge er styrte av Utdanningsdirektoratet.

Forklaringar og forkortingar:

Avdeling for analyse, internasjonalt arbeid og kompetansepolitikk (AIK)

Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk

Administrasjons- og økonomiavdelinga (AØ)

Met: Meteorologisk institutt

NUPI: Norsk Utanrikspolitisk Institutt

Barnehageavdelinga (BA) / Opplæringsavdelinga (OA)

Avdelingane er førte opp samla i tabellen, da dei samarbeider tett i etatsstyringa.

FUG: Foreldreutvalet for grunnopplæringa

FUB: Foreldreutvalet for barnehagar

Foreldreutvala er førte opp samla i tabellen, da dei har felles sekretariat og mottek eit felles tilde-
lingsbrev

Vea: Statens fagskole for gartnarar og blomsterde-
koratørar

Udir: Utdanningsdirektoratet

Statped: Det statlege spesialpedagogiske støtte-
systemet

Nasjonale senter:

Dei nasjonale sentera er organiserte som såkalla § 1-4.4-institusjonar: einingar for drift av nasjonale fellesoppgåver som er organiserte etter § 1-4 fjerde ledd i lov om universiteter og høyskoler. Organiseringa inneber at einingane har status som forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, og ligg til ein høgre utdanningsinstitusjon, utan at institusjonens egne styringsorgan har ansvaret for den faglege verksemda.

NAFO – Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring – HiOA

Framandspråksenteret – Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa – HiØ

KKS – Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa – UiN

Lesesenteret – Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning – UiS

Læringsmiljøsentret – Nasjonalt senter for læringsmiljø og åtferdsforskning – UiS

Matematikkenteret – Nasjonalt senter for matematikk i opplæringa – NTNU

Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet – UiB

Naturfagsenteret – Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa – UiO

Nynorsksenteret – Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa – HiVolda

Skrivesenteret – Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning – HiST

Samiske skolar

Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole

Samisk vidaregåande skole, Karasjok

Sameskolen for Midt-Noreg

URLU: Utdanningsdirektoratets råd for likeverdig utdanning

SRY: Samarbeidsrådet for yrkesopplæring

Faglege råd for yrkesutdanninga:

Fagleg råd for bygg- og anleggsteknikk

Fagleg råd for design og handverk

Fagleg råd for restaurant- og matfag

Fagleg råd for helse- og oppvekstfag

Fagleg råd for service og samferdsel

Fagleg råd for elektrofag

Fagleg råd for teknikk og industriell produksjon

Fagleg råd for medium og kommunikasjon

Fagleg råd for naturbruk

Universitets- og høyskoleavdelinga (UH)

NOKUT: Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

SIU: Senter for internasjonalisering av utdanning

§ 1-4.4-institusjonar

Artsdatabanken – NTNU

BIBSYS – NTNU

CRISStin: Current Research Information System in Norway – UiO

FSAT: Felles studieadministrativt tenestesenter – UiO

Nasjonalt senter for realfagsrekruttering – NTNU

Noregsuniversitetet – UiT

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid – KHiB

Forskningsavdelinga (FO)

NFR: Noregs forskingsråd

FEK: Dei nasjonale forskingsetiske komiteane

Heileigde aksjeselskap

NSD: Norsk samfunnsvitskapleg datateneste

UNIS: Universitetssenteret på Svalbard

CESSDA: Consortium of European Social Science Data Archives

UNINETT

Simula Research Laboratory

Anna

KSU: Kunnskapssenter for utdanning

UHR: Universitets- og høyskolerådet

Tinging av publikasjonar

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: www.publikasjoner.dep.no

E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: www.fagbokforlaget.no/offpub

E-post: offpub@fagbokforlaget.no

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Xpress AS – 10/2015

